



VAASAN YLIOPISTO

JOHAN MYKING

Motivasjon som termdanningsprinsipp

*Ein teoretisk diskusjon på grunnlag av
norsk oljeterminologi*

ACTA WASAENSIA NR 191

SPRÅKVETENSKAP 38

Förgranskare

Professor Lars-Erik Edlund
Institutionen för språkstudier
Umeå universitet
90187 Umeå
Sverige

Professor emeritus Dag Gundersen
Midtveien 6
0583 Oslo
Norge

Julkaisija Vaasan yliopisto	Julkaisuajankohta Elokuu 2008	
Tekijä(t) Johan Myking	Julkaisun tyyppi Monografia	
	Julkaisusarjan nimi, osan numero Acta Wasaensia, 191	
Yhteystiedot University of Bergen Department of Linguistic, Literary, and Aesthetic Studies e-mail: johan.myking@lle.uib.no.	ISBN 978-952-476-229-8	
	ISSN 0355-2667, 1235-791X	
	Sivumäärä 424	Kieli norja
Julkaisun nimike Motivaation käsite terminmuodostuksen periaatteena. Norjan raakaöljyterminologia teoreettisen keskustelun lähtökohtana.		
Tiivistelmä 'Motivaation' käsite terminologiassa viittaa periaatteeseen, jonka mukaan muodostetaan 'läpinäkyviä' ja 'itseään selittäviä' termejä. Väitöskirjan tarkoituksena on kuvata tätä periaatetta teoreettisesti ja pohtia sen normatiivista asemaa terminologian alalla. Tutkimus keskittyy toissijaiseen terminmuodostukseen sekä perustuu Norjan raakaöljyterminologiaan, joka kehittyi 1980-luvulla. Luvussa 2 tutkitaan aikaisemman tutkimuksen pohjalta motivaation käsitteen historiaa ja erilaisia tulkintoja terminologian alalla. Lopputuloksena on, että terminologian historiassa on painotettu morfologisia motivaatiotekijöitä, mutta tämä johtaa helposti liian yksinkertaistettuun lopputulokseen. Luvussa 3 kuvataan niitä morfologisia järjestelmiä, jotka ohjaavat motivoituja ratkaisuja. Lähtökohtana toimii Kocourek (1991) luoma malli Tuloksena on, että 'täydellinen' morfologinen motivaatio on tärkein, joka näin ollen tukee 'normalisoinnin' pyrkimystä. Myös ensisijaisia motivationaalisia eroavuuksia löytyy useimmiten termin peruselementtien tai yleispätevien termien tasolta, mistä johtuen laajempi muokattu taksonominen malli on tarpeen. Luvussa 4 käsitellään toiminnallisia ja typologisia аспекteja, kiinnittäen erityisesti huomiota 'ei-metaforisaatioon', jonka on todettu olevan ominaista toissijaiselle terminmuodostukselle. Monitahoisten metaforisten ja syllabisten aspektien tarkastelu osoittaa, että terminologisia suuntauksia tulisi aina selittää ennemmin pragmaattisten kuin luontaisten rakenteellisten ominaisuuksien perusteella. Luvussa 5 päädytään lopputulokseen, jonka mukaan motivaatiota tulisi pitää kielen olennaisimpana kommunikatiivisena muuttujana, minkä pohjalta voidaan saavuttaa terminologian ja erikoiskielen tutkimusta edistäviä tutkimustuloksia.		
Asiasanat motivaatio, erikoiskieli, terminologia, terminmuodostus, norjan kieli, kielensuunnittelu, semiotikka (motivasjon, fagspråk, terminologi, termdanning, norsk språk, språkplanlegging, semiotikk)		

Publisher Vaasan yliopisto	Date of publication August 2008	
Author(s) Johan Myking	Type of publication Monograph	
	Name and number of series Acta Wasaensia, 191	
Contact information University of Bergen Department of Linguistic, Literary, and Aesthetic Studies e-mail: johan.myking@lle.uib.no.	ISBN 978-952-476-229-8	
	ISSN 0355-2667, 1235-791X	
	Number of pages 424	Language Norwegian
Title of publication Motivation as a principle of term-formation. A theoretical discussion based on Norwegian oil terminology		
Abstract The concept of 'motivation' in terminology refers to the principle of forming 'transparent' and 'self-explanatory' terms. The aim of this dissertation is to give a theoretical account of this principle and its normative status within terminology. The discussion is delimited to secondary term formation and is based on the Norwegian petroleum terminology developed in the 1980s. In chapter 2, the history and various interpretations of terminology motivation are traced and discussed on the basis of a citation analysis. I conclude that in the research history of terminology, emphasis has been placed on morphological motivation, but that there is sufficient evidence to claim that this position runs the risk of being simplistic. Chapter 3 tries to give an account of the morphological mechanisms that produce motivated solutions, taking as the point of departure the model given in Kocourek (1991). I conclude that 'complete' morphological motivation is the most prominent type, thus supporting a tendency of "normalisation". I also argue that the primary motivational contrasts must often be sought at the level of term element or generic term. An extended and modified taxonomic model is provided. In chapter 4, functional and typological aspects are discussed with special focus on 'de- metaphorisation' which is allegedly found inclined to be a feature of secondary term formation. Analyses of metaphorical and syllabic complexity patterns suggest that the modest tendencies found should be explained in terms of pragmatics rather than inherent structural properties. In chapter 5, I conclude that motivation should be considered the main communicative parameter for fruitful investigations into terminology and LSP.		
Keywords: motivation, LSP, terminology, term formation, Norwegian language, language planning, semiotics (motivasjon, fagspråk, terminologi, termdanning, norsk språk, språkplanlegging, semiotikk)		

FØREORD

Denne avhandlinga er skriven mellom november 2003 og desember 2007. Dei første impulsane fekk eg likevel i andre halvdel av 1980-talet, først som aktiv terminolog, deretter som stipendiat fram til 1990. I 1997 skreiv eg eit konferanseinnlegg til det europeiske fagspråksymposiet i København i 1997 – på mange måtar 'prosjektskissa' for det arbeidet eg no legg fram. Arbeidet med avhandlinga vart likevel ikkje teke opp før vinteren 2003–2004. Eg ser tilfreds at den ferdige avhandlinga i overraskande stor grad svarer til prosjektskissa frå 1997.

Ansvaret for feil og manglar ved arbeidet er mitt, men mange personar har verka inn på dette prosjektet gjennom oppmuntring og faglege innspel gjennom åra, og fortener derfor takk. I miljøet ved Norsk termbank var det stor fagleg entusiasme og mykje moro. Ei særleg takk til kollegaene på prosjektet "Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium" i åra 1994–1997: Øivin Andersen, Odd Kjetil Rangnes, Randi Sæbøe, og til NFR/KULT som støtta prosjektet. Mange andre kollegaer i og utanfor Bergen har på ymse vis gjev impulsar til arbeidet, eg vil nemna særskilt Magnar Brekke, Knut Jonassen, Arne S. Svindland, Birthe Marie Toft, Ivar Utne og ikkje minst Sigurður Jónsson. Jan Roald må få ei særleg takk for ideane som gjorde at eg valde dette temaet. Professor emeritus dr.h.c. Heribert Picht har vore ein verdfull kollega, samarbeidspartnar og ven i alle åra sidan det legendariske forskarkurset hans i 1985.

Eg takkar Sissel Rike for engelsk språkvask, og syster mi, Marit Myking, for profesjonell ekstremminsats med vask av den norske teksten. Professor Oddvar Nes fortener stor takk for å ha lese heile manuskriptet og gjeve verdfulle faglege og språklege råd. Mi eiga fakultetsleiing og leiinga ved dåverande Nordisk institutt la arbeidstilhøva godt til rette for meg hausten 2007.

Eg har gjennom mange år nytt godt av det fagleg sterke, romslege og personleg inkluderande fagspråkmiljøet rundt professorane Marianne Nordman og Christer Laurén ved Vasa universitet. Det er på ingen måte tilfeldig at desse to nestorane i europeisk fagspråkforskning har skapt eit så produktivt miljø rundt seg. Staben ved Institutionen för nordiska språk har gjeve meg ei vennleg mottaking dei gongene eg har gjesta Vasa. Mine to rettleiarar, Marianne og Christer, fortener stor takk for å ha invitert meg til å laga denne avhandlinga ved deira institutt, og for romsleg og konstruktiv respons og ekte interesse for temaet mitt. Marianne har særleg imponert meg stort med grundig og kritisk manuskriptlesing. Om denne avhandlinga har nokon avgjerande fødselshjelpar, så er det til sjuande og sist Christer. Utan Christer Lauréns personlege interesse for arbeidet mitt og evna hans til å sjå gjennom og forbi hindringar, hadde nok ikkje denne avhandlinga sett dagsens lys.

Ei avhandling må til sjuande og sist sjåast i perspektiv, og æra må delast. Eg har vore så heldig å ha lesande foreldre. Eirik, Synnøve og Ingebjørg har vakse opp og skikkar seg vél. Anne-Marie støttar meg i tjukt og tunt og er berebjelken i familien.

Mai 2008
Johan Myking

INNHALD

FØREORD	VII
INNHALD	VIII
FIGURAR	XIII
OVERSYN	XIV
TABELLAR	XV
1 MÅL, MATERIALE OG METODE	1
1.0 Utgangspunkt og problemstilling	1
1.1 Motivasjon – grunnleggjande aspekt	2
1.1.1 Termen motivasjon – kva tyder eigentleg den?	2
1.1.2 Motivasjon – fire synsvinklar	4
1.1.3 Motivert – synonymt med 'god'?	7
1.2 Termen – grunnleggjande aspekt	8
1.2.1 Ulike oppfatningar av termen	8
1.2.2 Semiotiske grunnelement	10
1.2.3 Termdanning som del av terminologien	12
1.3 'Normaliseringsteser'	13
1.4 Materiale og metode	15
1.4.1 Norsk oljeterminologi som terminologisk domene	15
1.4.2 Kvifor dette domenet?	17
1.4.3 Det empiriske kravet: Kageuras utfordring	19
1.4.4 Materialet og datagrunnlaget for denne avhandlinga	21
1.4.5 Konsekvensar av Kageuras krav	22
1.4.6 Nærare beskriving av materialet	26
1.4.7 Semasiologisk 'mistanke' vs. onomasiologisk 'kontroll'	29
1.5 Opplegg, struktur og disposisjon	31
1.6 Kjelder og tekniske konvensjonar	31
2 TOLKINGAR OG TILNÆRMINGAR	33
2.0 'Motivasjon' i språkvitskap og terminologi	33
2.1 Ei sitatsamling	37
2.1.0 Innleiing	37
2.1.1 Kunnskap via språkssystemet	38
2.1.2 Utsegnskraft gjennom kjenneteikn	40
2.1.3 Ranging av kjenneteikn	41
2.1.4 Demokratisme vs. filologisme: fagekstern eller fagintern?	42
2.1.5 Strukturell og semantisk integrering	44
2.1.6 Motivasjon = morfologisk motivasjon	46
2.1.7 Motivert = planlagt	47
2.1.8 Kor sterkt står motivasjonsprinsippet i terminologien?	48
2.2 Viktige fagtradisjonar	50
2.2.0 Innleiing	50
2.2.1 Wüster	51

2.2.1.1	Omgrepet 'Merkhilfe'	51
2.2.1.2	Omgrepet 'indre form' og samsvaret term–omgrep	55
2.2.1.3	'Merkhilfe' – eit graduelt omgrep	55
2.2.2	Ullmanns 'three types of motivation'	57
2.2.2.0	Innleiing	57
2.2.2.1	Ullmann: 'transparency' vs. 'opacity'	58
2.2.2.2	Nokre konsekvensar av Ullmanns syn	60
2.2.2.3	Er motivasjon eit språkleg universalium?	62
2.2.2.4	Typologisk kompensasjon og 'motivasjonell balanse'	64
2.2.3	Drozd og Seibicke	68
2.2.3.0	Ei ullmannsk klassifisering	68
2.2.3.1	Morfologisk motivasjon – 'treffande' termar	69
2.2.3.2	Semantisk motivasjon – ei 'feilkjelde'?	70
2.2.3.3	Motivert og ikkje-motivert – ein dikotomi?	71
2.2.3.4	Motivering og demotivering	74
2.2.4	Den sovjetiske/russiske tradisjonen	75
2.2.4.1	'Indre form' og 'Motiviertheit'	76
2.2.4.2	'Motiviertheit' – ein graduell eller dikotomisk eigenskap?	78
2.2.4.3	Inndeling etter språklege kjenneteikn	80
2.2.4.4	Andre russiske teoretiske arbeid etter 1992	80
2.2.5	Neubert og Reinhardt	82
2.2.6	Kocourek	83
2.2.7	Bassej Edem Antia	84
2.2.8	Allmenn språkrøkt og purismeteori	87
2.2.9	Folkeleg kategorisering og nemningsbruk	95
2.2.10	Kognitive synsmåtar	95
2.2.10.1	Dei 'sosio-kritiske' terminologiske retningane	95
2.2.10.2	Radden og Panther: 'Motivasjon' – språkintern og språkestern	96
2.2.10.3	Motivasjon vs. forklaring	100
2.2.10.4	'Post hoc' er òg motivasjon	102
2.3	Demotivering	103
2.3.0	Motivasjon og leksikaliseringsteori	103
2.3.1	Leksikon og grammatikk	104
2.3.2	Transparens, komposisjonaltitet, analyserbarheit	107
2.3.3	Svanlund: Motivering og demotivering	108
2.3.4	Post hoc-analyse og 'partiell härledbarhet'	109
2.4	Motivasjon: åtte aspekt	113
2.5	Konsekvensar for den vidare granskinga	119
3	MOTIVASJON SOM KLASSIFISERINGSPRINSIPP	121
3.0	Motivasjonstypologi eller termtypologi?	121
3.1	Dimensjonar ved termdanning	123
3.1.0	Kva er 'termdanning'?	123
3.1.1	Primær vs. sekundær termdanning	124
3.1.2	Prosess og produkt, kreativitet og produktivitet	126

3.1.3	Semiotiske relasjonar	127
3.1.4	Basis eller ikkje basis	131
3.1.5	Heiltermnivå vs. deltermnivå.....	134
3.1.6	Morfologisk distribusjon	137
3.1.6.1	Frasar	138
3.1.6.2	Uttrykk med preposisjon/adverb/partikkel	139
3.1.6.3	Avleiing på grunnlag av samansett basis.....	139
3.1.6.4	Oppsummering.....	142
3.1.7	Motivasjon og ordklasse.....	143
3.2	Vidareutvikling av Kocoureks motivasjonsmodell	154
3.2.0	Utgangsmodellen	154
3.2.1	Nivå 1: Motivasjon og arbitraritet.....	155
3.2.1.1	Kan simplekstermar vera 'motiverte'?.....	157
3.2.1.2	Omriss av simpleksitet i materialet.....	159
3.2.2	Nivå 2: Motivasjon: direkte og indirekte	162
3.2.3	Nivå 3: Indirekte motivasjon: form, teikn-til-teikn-, omgrep.....	164
3.2.4	Formmotivasjon	165
3.2.5	Teikn-til-teikn-motivasjon.....	167
3.2.5.1	"Motivasjon gjennom lån".....	167
3.2.5.2	Transparens: morfosemantisk, mellomspråkleg, internasjonal.....	169
3.2.5.3	Låntypar og samverkande motivasjon.....	170
3.2.5.4	Uttrykkssida: direktelån og norvagisering.....	175
3.2.5.5	Innhaldssida: tydingslån	179
3.2.5.6	Den morfosemantiske sida: omsetjingslån	180
3.2.5.7	Oppsummering, teikn-til-teikn-motivasjon	182
3.2.6	Omgrepsmotivasjon – semantisk motivasjon	183
3.2.6.1	Semantisk motivasjon, metaforisering, terminologisering.....	183
3.2.6.2	Metafor og polysemi	185
3.2.6.3	Simpleksord med metaforisk preg	193
3.2.6.4	Maksimalt omfang av semantisk motivasjon – heiltermnivå	196
3.2.7	Omgrepsmotivasjon – morfologisk motivasjon.....	197
3.2.7.0	Morfologisk motivasjon som umarkert kategori.....	197
3.2.7.1	Fullstendig vs. ufullstendig (partiell) motivasjon	199
3.2.7.2	Ellipse.....	200
3.2.7.3	Ufullstendig vs. uregelviss motivasjon	203
3.2.7.4	Restsegment vs. demotivering	206
3.2.8	Morfologiske kategoriar i termdanning – spesifikke problem	208
3.2.8.1	Trunkering	208
3.2.8.2	'Konfigering' vs. 'lærd' orddanning.....	211
3.2.8.3	Avleiing, ending, utgang	215
3.2.8.4	Den vanlege og uproblematisk typen morfologisk motivasjon	217
3.2.9	Dobbeltmotivering og overlapping	219
3.2.9.1	Analyseseksempel: rotameter.....	219
3.2.9.2	Kan dobbeltmotivering generaliserast?.....	221
3.3	Konklusjon og avrunding.....	223

4	TYOLOGISKE OG FUNKSJONELLE ASPEKT	226
4.0	Avmetaforisering, funksjonalitet og 'folkelingvistikk'	226
4.1	Typologisk tankegods i terminologisk litteratur	229
4.1.1	Bryting mellom tysk tradisjon og engelsk	229
4.1.2	Typologi eller psykologi – eit anekdotisk eksempel	230
4.1.3	Typologiske modellar for termdanning?.....	233
4.1.4	Morfologisk slagside?.....	235
4.2	Grunnleggjande språktypologiske problemstillingar	240
4.2.1	Kva er 'språktypologi'?	240
4.2.2	Dei klassiske typologiane: individualisering og generalisering	241
4.2.3	Pragmatikk, typologi og motivasjon.....	243
4.2.3.1	Ikonisitet og språkleg koding	243
4.2.3.2	Ikonisitet – kva er mogeleg å gjera?.....	244
4.2.3.3	Konkurrerande motivasjonstypar	247
4.2.4	Kategorisering: Taksonomisk basisnivå vs. spesifikt nivå	250
4.2.5	Kan lengd operasjonaliserast?	252
4.2.5.1	Kva er 'lengd'?.....	252
4.2.5.2	Grafisk vs. fonologisk lengd	253
4.2.5.3	"Motivasjonslengd"	254
4.2.6	Typologi, kompleksitet og transparens	254
4.2.7	Finst det ei norm for 'naturleg' ordlengd?.....	258
4.2.8	Stavingstalet – den sentrale faktoren?	260
4.2.9	Oppsummering med reviderte problemstillingar	261
4.2.10	Heilterm, delterm og generisk nivå	262
4.3	Metafor og metonymi – "avmetaforiseringshypotesen".....	263
4.3.0	Utgangspunktet for avmetaforiseringshypotesen	263
4.3.1	Skiljet metafor–metonym.....	264
4.3.2	Sentrale motivkrinsar	265
4.3.3	Menneskekroppen.....	266
4.3.3.1	Menneskekroppen – heiltermnivå, Materialet.....	267
4.3.3.2	Menneskekroppen – deltermnivå.....	269
4.3.3.3	Særanalyse av Boring/NOT	271
4.3.3.3.1	Ekstensiv bruk av leddet hode.....	271
4.3.3.3.2	Andre kroppselement	273
4.3.3.3.3	Avmetaforisering	276
4.3.3.3.4	Oppsummering kroppsmetaforikk, Boring/NOT.....	277
4.3.4	Dyremetaforikk – samla materiale	278
4.3.4.1	Dyremetaforikk med utgangspunkt i norsk.....	279
4.3.4.2	Dyremetaforikk med utgangspunkt i engelsk.....	281
4.3.4.3	Dyremetaforikk – oppsummering.....	285
4.3.5	Klesmetaforikk	286
4.3.5.1	Med utgangspunkt i norsk.....	286
4.3.5.2	Med utgangspunkt i engelsk.....	287
4.3.6	Plantemetaforikk.....	289
4.3.7	Restmetaforikk	290

4.3.7.1	Fire norske element – Materialet	290
4.3.7.2	Engelske metaforiske element – Materialet.....	291
4.3.7.3	Engelske metaforiske termelement i Boring/NOT.....	294
4.3.8	Det sentrale tilfanget på heiltermnivået.....	295
4.4	Simpleksitet og kompleksitet	300
4.4.1	Strukturell ikonisitet på generisk og spesifikt nivå.....	300
4.4.2	Lengd og kompleksitet – uavhengige storleikar?	303
4.4.3	Stavingsmål.....	303
4.4.4	Frå simpleks til kompleks stamme.....	306
4.4.5	Motivasjonslengd	307
4.4.6	Lange kommunikat – lengste ord.....	310
4.4.7	Lange kommunikat – frasar	311
4.4.8	Lange kommunikat – frasar av typen PNP.....	313
4.4.9	Ein merknad om funksjonsmotivering	317
4.5	Oppsummering	320
4.5.1	Kor langt når desse resultata?	320
4.5.2	Generaliserande og kulturnøytral tilnærming	322
4.5.3	Funksjonelle konsekvensar av avmetaforiseringshypotesen	324
4.5.4	'Lengd' er eit relativt, relasjonelt og psykologisk omgrep.....	324
5	AVSLUTNING	327
5.0	Kom vi noko nærare eit operativt omgrep?.....	327
5.1	Omgrepet 'motivasjon' er prototypisk, og typane kan rangerast	328
5.2	Normaliseringstendensen som uttrykk for ein strategi	330
5.3	Normalisering – det motsette av kreativitet?.....	331
5.4	Avmetaforiseringshypotesen	332
5.5	Oppsummerande om oljespråket – det 'komplette' domenet.....	333
5.6	Manglande rekkjevidd og rom for ny gransking	334
5.7	Sluttord.....	335
	SUMMARY	338
	LITTERATUR	345
	VEDLEGG 1	
	Forkorta oversyn og tabellar i fullversjon, kapittel 3 og 4.....	361
	VEDLEGG 2	
	Liste over norske termar i <i>Oljeordliste</i> med engelske ekvivalentar	387
	VEDLEGG 3	
	Faksimile av <i>Oljeordliste</i>	402

FIGURAR

1	Nemning vs. term og eigennamn (Nordterm 13).....	9
2	Semiotisk grunnmodell (etter Myking 1998b: 54)	11
3	Fire semiotiske parameterar	35
4	Mogeleg dekomponering i kjenneteikn av 'rottehull'.....	67
5	Motivasjon og ikkje-motivasjon hjå Drozd & Seibicke 1973.....	72
6	Feilmotivering og demotivering	72
7	Kocoureks teiknmodell (Kocourek 1991: 178)	83
8	Skisse av relasjonar mellom ideologi og motivasjon.....	91
9	Språkeksterne motivasjonstypar (Radden & Panther 2004: 23).....	98
10	Motivasjonsksar mellom leksikon og grammatikk.....	106
11	Motivasjonstypar i termdanning (Kocourek 1991: 175).....	121
12	Radde & Panthers typologi over motivasjonelle relasjonar	128
13	Konvensjon arbitraritet og motivasjon – toppnivå	156
14	Direkt og indirekte motivasjon.....	162
15	Hovudtypar av indirekte motivasjon.....	165
16	Tilhøvet mellom motivasjonstypar og låntypar.....	172
17	Samverknad mellom motivasjonstypar i norvagisering og fornorsking	173
18	Polysemi ifølgje Radden & Panther (2004: 19)	186
19	Hovudtypar av semantisk motivasjon	192
20	Hovudtypar av morfologisk motivasjon.....	198
21	Plasseringa av ellipse i modellen.....	203
22	Termdanningsmekanisamar i regelviss og uregelviss morfologisk motivasjon	204
23	Revidert motivasjonstypologi.....	224
24	Utdrag av intervju med boreingeinør, 1995	231
25	Grunnleggjande språktypologiske omgrep.....	241
26	Ikonisitet, tevlende motivasjon og språkleg koding	246
27	Klårleik og økonomi ifølgje Valter Tauli (1968)	248
28	Motivasjon og samtaleprinsipp på grunnlag av H. P. Grice.....	249
29	Tilhøvet mellom ordform, morfem og morf, etter Bauer (1988)	255
30	Typar av motiverande kjenneteikn ifølgje DIN 2330 og ISO/CD 1087-1.....	317

OVERSYN

1	Døme på ekspansjon av generisk term	29
2	Typar av motiverande basis	133
3	Heiltermnivå vs. deltermnivå, tre døme	135
4	Formelle analysenivå for termen.....	137
5	Omgrep realiserte som verb i Materialet	147
6	Omgrep realiserte som verbnominalisering i Materialet	148
7	Termar danna ved avleiing på <i>-ing</i> og med regelbundne engelske motsvar...	153
8	Norske termar med simpleksform i Materialet	159
9	Typar og definisjonar av lån	171
10	Omsetjingslån i Materialet – bokstaven <i>v</i>	181
11	Simpleksord med sterkare eller svakare metaforisk preg.....	194
12	Kropp og metaforisk potensial, etter <i>Bokmålsordboka</i> og <i>Nynorskordboka</i>	267
13	Engelske metaforiske termelement i domenet 'menneskekroppen'	270
14	Dyrenemningar med metaforisk potensial, engelsk	281
15	Dyrekroppsdelar med metaforisk potensial, engelsk	284
16	Det metaforiske domenet 'klede' i norsk.....	287
17	Det metaforiske domenet 'klede' i engelsk	288
18	Det metaforiske domenet 'plantar' i engelsk	289
19	Motivasjonell og leksikalsk metaforisk ekvivalens i domenet 'rest'	291
20	Metaforiske, motivasjonelle avvik i domenet 'rest'	293
21	Metaforiske engelske termelement i domenet 'rest', Boring/NOT	295
22	Kjerneeksempel på kontrasten metaforisk – morfologisk (sjå òg 8 og 11)	296
23	Kjerneeksempla supplerte med unike Boring/NOT-termar.....	298
24	Morfologisk ekspansjon frå engelsk til norsk.....	306
25	Morfologisk ekspansjon med grunnlag i ellipse	309
26	Dei ti lengste termane av typen PNP, Boring/NOT	315
27	Funksjonsmotivering på grammatisk grunnlag, agentiv/instrument.....	319
	Fullversjonar av forkorta oversyn	361

TABELLAR

1	Omriss av omgrepsfelt i Materialet.....	27
2	Fordeling av norske termtypar i Materialet, heiltermnivå.....	138
3	Fordeling av ordklasse i Materialet.....	144
4	Fordeling av primær motivasjon i Materialet, heiltermnivå.....	155
5	Modifisert overslag over primær motivasjon i Materialet	197
6	Stavingsekspensjon i inventaret i oversyn 22.....	304
7	Distribusjon av stavingstal i inventaret i oversyn 22.....	304
8	Distribusjon av stavingsekspensjon engelsk til norsk i oversyn 22.....	305
9	Dei ti lengste eittordstermane i Materialet, målte i bokstavar og stavingar.....	310
10	Dei 14 lengste fleirordstermane i Materialet, målte i bokstavar og stavingar.....	312
11	Distribusjonen av preposisjonar i termtypen PNP.....	316
	Fullversjon av forkorta tabellar	361

1 MÅL, MATERIALE OG METODE

1.0 Utgangspunkt og problemstilling

Med omgrepet 'motivasjon' siktar ein til at 'sjølvforklarande' og 'gjennomsiktige' ord er eit kommunikativt gode, og som normprinsipp har dette prinsippet stått sterkt både i terminologiarbeid og i allmennspråkleg avløysingsarbeid. Målet med denne avhandlinga er å gje ei teorimotivert og faghistorisk drøfting av omgrepet som termdanningsprinsipp og av den statusen det har i terminologien, med utgangspunkt i det faglege domenet norsk oljeterminologi. Avhandlinga skal drøfta nokre vanlege hypotesar som heng saman med den terminologiske motivasjonsoppfatninga, vurderer om desse er fruktbare og i kva grad dei kan sannsynleggjerast. Hovudproblemstillinga er slik: Kva er statusen for motivasjon som termdanningsprinsipp i terminologisk teori, metode og praksis, og korleis kan vi sjå det nedfelt som prinsipp i eit spesifikt, komplett domene?

Termmotivasjon er såleis det primære undersøkingsemnet for denne avhandlinga. Ei viktig presisering av temaet er at det gjeld motivasjon som *normativt* termdanningsprinsipp i såkalla *sekundær* termdanning, det vil seia i arbeid med overføring av terminologi mellom eit kjeldespråk og eit målspråk som følgje av fagleg kunnskaps-overføring. Motivasjonsprinsippet er ikkje noko særnorsk eller særskandinavisk fenomen, og det kan høva å illustrera og allmenngjera det med eit sitat frå tysk terminologisk språkkultur:¹

- Fachsprachliches Deutsch muss als effizientes Werkzeug zur Erleichterung des innersprachlichen Wissenstransfers und für den Gebrauch des Deutschen in der internationalen Fachkommunikation gezielt ausgebaut werden.
- *Transparenz und Motivation der Fachausdrücke, Verständlichkeit und demokratische Aspekte des Abbaus von Informations- und Sprachbarrieren müssen dabei erhalten werden.* (Uth. JM)

Det sekundære emnet for denne avhandlinga er altså domenet norsk oljeterminologi, som først og fremst dannar grunnlaget for å dra slutningar om det teoretiske omgrepet. Motivasjon som normeringsprinsipp spela ei viktig rolle i utviklinga av dette terminologiske domenet på norsk. Sjølvforståinga er prega av dei same verdiane

¹ Pressemelding frå Rat für Deutschsprachige Terminologie 16.11.02: *Stirbt Deutsch als Fachsprache?* <<http://www.radt.org/>,lesen juni 2007>

som kjem til uttrykk i det tyske sitatet, nemleg gjennomsikt, demokrati og tilgang til kunnskap:

There are numerous examples of foreign terms having been replaced by Norwegian terminology that is motivated out of an understanding of function, in some cases also out of form. A pedagogical aspect is preserved by the choice of a term that says something about the conceptual content. It is then assumed that the morphemes in the relevant term is known within the general language, so that the term gives information. The requirements to safety and rational communication have reinforced motivation as an essential guide in the development of new terminology. With a certain knowledge of the conceptual content, a self-explaining expression will be near at hand in a communication situation, and, vice versa, a “transparent” word formation will bring the unskilled closer to the understanding of the concept. (Ellingsve 1989: 6)

Ein analyse av normprinsippet må forankrast empirisk, og då er domenet 'oljespråk' tenleg. Verdien av å analysere domenet oljeterminologi ligg i dei mogelege generaliseringane og i implikasjonane for motivasjonsomgrepet, ikkje i domenet per se. Men det er òg nødvendig å gjera greie for ulike tolkingar av motivasjonsomgrepet, fordi det er dei ulike tolkingane som dannar grunnlaget for praktisk tillemping av motivasjon som termdanningsprinsipp. Dei to sitata ovanfor kan til dømes lett tolkast som motstand mot ordlåning, men dette er inga sjølvinnlysande kopling.

1.1 Motivasjon – grunnleggjande aspekt

1.1.1 *Termen motivasjon – kva tyder eigentleg den?*

Motivasjonsomgrepet er henta frå filosofi og psykologi, og grunntydinga er 'drivkraft'. Det finn vi att i lingvistiske definisjonar (1, 2) og tilfeldig valde ikkje-lingvistiske (3):

- 1) *Nynorskordboka*: **motivasjon** [...] (frå eng. av *motivate* 'motivere') drivkraft, tildriv, motivering *mangle m- for langvarig skulegang*. (*Nynorskordboka*, nettversjonen, 2007)

- 2) *SAOB: psykol.* o. filos. förhållandet att l. sätt varpå en viljeakt l. viljelivet bestämmas av motiv (bevekelsegrunder l. psykiska faktorer); sammanfattning(en) av de motiv som bestämma en viljeakt; den i föreställningar o. känslor o. d. bestående orsaken till en viss reaktion; jfr motivera **1**, motiv l. LoW **1911**. "Straffmottaglighet", d. v. s. mottaglighet för den motivation, som straffet afser att bibringa. 2NF 29: 1 **1919**. (*SAOB*, nettversjonen, 2005)

Denne psykologiske definisjonen finn vi att mange stader, her eksemplifisert ved Wikipedia:

- 3) **Motivasjon** defineres ofte som det som forårsaker aktivitet hos individet, det som holder denne aktiviteten ved like og det som gir den mål og mening. Motiverte mennesker er mennesker som kommer i gang, viser engasjement og målrettethet, viser utholdenhet og ofte har positive tanker om et arbeid eller prosjekt. [...] Man skiller gjerne mellom indre og ytre motivasjon. Hvis en person gjør en aktivitet på grunn av interesse for selve aktiviteten, og denne aktiviteten er belønning nok i seg selv er det snakk om indre motivasjon. Ytre motivasjon er når personen gjør noe fordi han ønsker å oppnå en belønning eller et mål utenfor selve aktiviteten.

Innanfor lingvistikk og semiotikk er omgrepet 'motivasjon' mest kjent frå arbeidet til Saussure og hans tese om det arbitrære teiknet, men den filosofiske tankegangen går tilbake til antikken og kan knytast til diskusjonane mellom Platon og Aristoteles. Saussure gjorde som kjent eit unntak frå denne tesen gjennom den 'relative' motivasjonen, først og fremst onomatopoetisk og morfologisk motivasjon, og slik sett kan vi seia at denne avhandlinga analyserer relativ motivasjon og grensene for den. Strukturalistiske retningar etter Saussure har stort sett lagt tesen om arbitraritet til grunn. Kognitiv lingvistikk ser derimot motivasjon som ein sentral eigenskap ved menneskeleg språk, og som ein kombinasjon av både språkinterne og språkeksterne faktorar:

A linguistic unit (target) is motivated if some of its properties are shaped by a linguistic source (form and/or content) and language-independent factors. (Radden & Panther 2004: 3)

Sidan språkssystemet isolert sett vanskeleg kan ha intensjonalitet, er Radden og Panthers påpeiking av 'language-independent factors' prinsipielt viktig, jf. òg 'shaped by', som indikerer 'drivkraft'. Prinsippet om motivasjon er altså ikkje uproblematisk, samstundes som det har ei lang historie innanfor semiotikk,

lingvistikk og lingvistisk vitenskapsteori. Alle forsøk på eksplisering må ta omsyn til den posisjonen omgrepet har innanfor desse vitenskapane. Essensen i desse problemstillingane kan formulerast som eit stort, strukturerande paradoks: Motivasjon er på den eine sida vurdert som ein viktig eigenskap, men på den andre sida som ikkje-nødvendig. Sjølv arbitrære teikn kan fungera godt i kommunikasjon, motivasjon er altså noko ein godt kan greia seg utan. Det er mogeleg å forstå at eit fenomen som i botn og grunn kan unnverast, heller ikkje har kalla på den mest intensive forskingsinnsatsen, men paradokset er emne for eit større prosjekt om fagkommunikasjon (Laurén, Myking & Picht 2008). I denne avhandlinga byggjer eg på det resonnementet om dialektikken mellom motivasjon og arbitraritet som munnar ut i denne definisjonen:

Motivation: Projicering af en del af indholdssiden ind i udtrykssiden, således at udtrykssiden gør det muligt at associere indholdssidens viden med allerede eksisterende viden. (Laurén, Myking & Picht 2008: 89)

Vurdert som språkteikn er termar ut frå denne definisjonen kjenneteikna av ein arbitrær relasjon mellom innhald og uttrykk, men også svært ofte av at ein viss type motivasjon er til stades i uttrykkssida, med kommunikative fordelar eller ulemper. Omgrepa motivasjon og arbitraritet er altså etter denne tankegangen compatible, og det same kan seiast om dei to siterte definisjonane ovanfor. Sjå vidare i kapittel 2.

1.1.2 Motivasjon – fire synsvinklar

Sitatanalysen i kapittel 2 vil visa at motivasjon er eit meir komplekst omgrep enn det den morfologiske tolkinga 'transparent' eller den pragmatiske tolkinga 'sjølv-forklarande' tyder på. Det ligg både morfologiske, semantiske, pragmatiske, semiotiske, kulturelle, normative og sosiale implikasjonar i omgrepet, det går jo òg fram av modellen ovanfor. Motivasjon som termdanningsprinsipp omfattar alle desse aspekta, fordi termar skal fungera i ein fagleg-kommunikativ kontekst samstundes som dei er språklege produkt. Dermed må det presiserast tydelegare kva for aspekt denne avhandlinga skal ta for seg, med andre ord korleis omgrepet skal operasjoniserast. I det følgjande sitatet er motivasjon dekt av punkta 5 (= feilmotivering, jf. kap. 2) og 7, men ikkje av punkt 1:

1. [termen] bör vara precis. [...] 5. Den bör inte vara missvisande. [...] 7. Den bör vara genomsynlig, dvs. man skal lätt förstå vad den betyder. (SPRI 481: 18)

Motivasjon kan sjølvsagt bidra til presisjon, men presisjon er ikkje primært ein funksjon av motivasjon. Det er umogeleg å analysere alle relevante aspekt av motivasjonsomgrepet på éin gong, men det går an å komma nærare ein analyse av kva for aspekt som er relevante. Denne avhandlinga byggjer på fleire tidlegare arbeid (med utgangspunkt i Myking 1989c) der eg har reflektert teoretisk over omgrepet motivasjon, på bakgrunn av empiriske erfaringar, men ikkje på grunnlag av empiriske studiar i stort og systematisk omfang. I Myking 1997 gjev eg ein kort syntese av problem med motivasjonsomgrepet i terminologisk litteratur, og i 1998c prøver eg å relatera termdanningsproblem meir eksplisitt til den kognitive variabelen 'ikonisitet' – det at uttrykket 'etterliknar' omgrepet eller referenten (jf. kapittel 4). I Myking 2001b diskuterer eg motivasjon som 'paradigmatisk markør' for nye alternative retningar innanfor terminologien, og i prosjektet "Innsikter om innsikt. Nordiske tesar om terminologi og fagkommunikasjon" (Laurén, Myking & Picht 2008) er det dei semiotiske perspektiva på motivasjon som vert drøfta, aspekt som eg òg har teke opp i samband med teiknoppfatningar i arbeid som Myking 1998b, 2001a og i delar av Laurén, Myking & Picht 1997 (særleg sidene 196–201). I fleire mindre arbeid om terminologi og termdanning (til dømes Myking 1991, 1996a, 1996b, 1996c, 2003, Myking & Sæbøe 2002) har eg diskutert motivasjon som 'neologisk' arbeidsprinsipp i terminologi, og særleg vore oppteken av at motivasjon fungerer morfologisk regulariserande og 'av-eksotiserande': Ved styrt terminologisk over-føring (styrt sekundær termdanning) er det ofte normalspråklege orddannings-prinsipp som dominerer, ikkje direkte import eller figurativ kreativitet, jf. eksempel som *musehull* vs. *rørkoplingshylse* (sjå kapittel 4 og til dømes Myking 1996a, 1998a). Dette kan i sin tur kritiseras frå funksjonell synsstad – "motiverte termar vert for lange og tunge" – eller frå kulturell synsstad – "motivasjon svekkjer brukarane sin gruppeidentitet" –, eller frå meir prinsipiell synsstad: Lingvisten skal vektleggja arbitraritet, og lingvisten skal vera anti-normativ eller i det minste ikkje-normativ.

Motivasjon kan på denne måten hamna i sentrum av både vitskapsteoretiske og normative konfliktar innanfor eller utanfor terminologien. Eg vil likevel rekna det som ei innlysande kjensgjerning at språkbrukarane alltid prøver å gjera språklege uttrykk så meiningsfulle, lette å tolka og lette å danna som mogeleg, og at språkbrukarane i slike prosessar innrettar seg etter både eksplisitte og implisitte, spontane og styrte mekanismar. Dette vil seia at motivasjon reint faktisk er ei språkinternt verksam kraft og eit språkeksternt styringsprinsipp. Fordi dette omgrepet i tillegg har så mange fasettar, er det på sin plass å prøva å greia ut og identifisera den statusen det har i terminologien. Dette er altså målet for denne avhandlinga, og vi kan skilja ut fire overordna aspekt:

- a) Motivasjon kan studerast frå onomasiologisk synsstad: Gjev termen korrekt og utførleg informasjon om omgrepet og dermed om referenten?
- b) Motivasjon kan drøftast frå semiotisk synsstad: Kva er statusen for dikotomien motivasjon og arbitraritet, og kva for typar av motiverte teikn finst? Er terminologiske teikn av ein prinsipielt annan type enn andre språklege teikn?
- c) Motivasjon kan studerast frå språkvitskapleg synsstad, men 'språkvitskapleg' må i så fall presiserast til å gjelda tre nivå: For det første det semantiske, med stikkord som 'transparens', 'metafor/metonymi', for det andre det morfologiske, med stikkord som orddanning, transparens og kompleksitet, og for det tredje det pragmatiske, med stikkord som informativitet og funksjonalitet.
- d) Motivasjon kan drøftast frå preskriptiv synsstad: Kva er dei kommunikative og kulturelle fordelane ved morfologisk 'gjennomsikt'?

Det trengst berre eit einstaka eksempel av typen *mousehole–musehull–rørkoplingshylse* for å sjå at alle desse innfallsvinklane heng saman: Er norsk *musehull* ein 'gjennomsiktig' term? Er det god orddanning å importera ein ordmodell på den måten? Er *musehull* lettare å forstå eller lettare å uttala enn motsvaret? Det vi likevel ikkje kan seia noko om berre ved å sjå på orda som produkt, er korleis brukarane faktisk reagerer på dei, eller kva for ordtypar som reint faktisk er 'lettast' å tolka og bruka i kommunikasjon. Til det måtte vi hatt psykolingvistiske og sosiolingvistiske undersøkingar, og det fell utanfor ramma for denne avhandlinga.

I denne avhandlinga legg eg til grunn at 'motivasjon' i semiotikk, lingvistik og terminologi samla sett er eit omgrep med skiftande innhald, det vil seia at det i realiteten er tale om fleire ulike omgrep med ein felles kjerne. Eg legg til grunn at terminologi inngår i det liberalt definerte vitskapsfeltet språkvitskap (Laurén, Myking & Picht 1997: 288). Dermed følgjer det at eit terminologisk motivasjonsomgrep må innordnast i eit lingvistisk: Det bør gje eit *bidrag* til allmenn lingvistisk teori om motivasjon, minstekravet må i alle fall vera at det terminologiske motivasjonsomgrepet ikkje framstår som *inkompatibelt* med det lingvistiske. Eg vil derfor velja å gje ei utgreiing av tre ulike aspekt ved motivasjonsomgrepet:

- Historikk og status i terminologiens teori, kapittel 2, med grunnlag i sitatanalyse.
- Taksonomiske problem, kapittel 3, med deskriptiv tilnærming til dei språklege og grammatiske aspekta.
- Funksjonelle aspekt, medrekna typologiske, kapittel 4.

Problemstillingar som er knytte til lån og overføring mellom språk ('neologi'), vert dregne inn i desse tre kapitla og ikkje drøfta i eit eige kapittel. Sjå vidare avsnitt 1.5.

1.1.3 Motivert – synonymt med 'god'?

Mykje av diskusjonen om oljeterminologien har bygd på tripletten *mousehole* – *musehull* – *rørkoplingshylse* ("Hull i boredekket der et borerør plasseres før det koples til borestrengen"). Den siste termen er vel 'best' frå beskrivande synsvinkel, den mellomste 'best' frå økonomisk synsvinkel, og så er det ofte generalisert ein hypotese om at overgangen frå *mousehole* til *rørkoplingshylse* avspeglar skilnader der målspråket finn løysingar som både kulturelt og funksjonelt er 'betre' enn kjeldespråket.

Ingen vil vel protestera på at det er sær s viktig for fagkommunikasjon at dei språklege representasjonane er funksjonelle, glir godt inn i kommunikativ bruk, 'ligg godt i munnen'. Det kan likevel hevdast at prinsipp for god termdanning ikkje er noko ein kan forska seg fram til, men derimot ei 'pragmatisk sak'. Normativt sett er det tale om meir eller mindre språkspesifikke retningslinjer og ikkje om eit forskingsfelt der ein kan slutta frå 'er' til 'bør'. Det hindrar likevel ikkje at ein skal halda fast ved prinsippet om at 'god' språkplanlegging alltid skal byggjast på eit 'sunt' vitskapleg grunnlag. Er det rett å hevda at 'motivasjon' er eit uklårt omgrep, så er eksplisering på sin plass.

Motivasjon kom i det normative terminologiarbeidet som resulterte i eit norsk oljespråk, til å fungera som eit overordna normprinsipp og nærast synonymt med 'god' termdanning. I denne tradisjonen vil då 'god' termdanning seia at ein er *for* beskrivande og morfologiske gjennomsiktige termar, og *mot* termar som smakar for mykje av lånte modellar, til dømes metaforiske. Ein er *for* 'heimlege' løysingar mot alle former for 'synlege' lån, trass i eit prinsipp om at kulturell purisme er fagkommunikasjonen uvedkommande. Vanskane med å skilja mellom desse ulike nivåa er eit kjenneteikn for mykje av terminologilitteraturen. Motiverte termar har sine fordelar, men kommunikasjon har både ei sendar- og ei mottakarside, og det er ikkje gjeve på førehand at 'gode' termdanningsløysingar fungerer likt for begge sidene.

For språkvitskapen har omgrepet 'motivasjon' vore eit problem sidan antikken, knytt til overordna spørsmål om språkets 'vesen'. Omgrepet er ikkje eingong reservert for språkvitskapen, men er eit psykologisk omgrep som impliserer 'kausaltet' og

'intensjonalitet' som drivkrefter for menneskeleg åtferd. Så kva studerer vi egentleg når vi studerer termmotivasjon? Studerer vi intensjonane til dei anonyme eller namngjevne, individuelle eller kollektive aktørane som produserer eit terminologisk inventar, eller studerer vi språkinterne faktorar som kan lesast av i sjølve inventaret? Ut frå gjengs strukturalistisk tankegang må vi velja det siste, det vil seia analysera korleis eit språkinternt eller semiotisk prinsipp er nedfelt i eit visst materiale. Men historia og konteksten kan vanskeleg skiljast frå det systemlingvistiske nivået så snart det handlar om tolking, forståing av språklege uttrykk, eller frå det normative nivået så snart det rører ved kulturelle aspekt. Motivasjonsomgrepet har vore definert, tolka og tillempa på såpass mange ulike måtar at det ikkje utan vidare er operativt i ein empirisk analyse, og då kan det heller ikkje utan vidare danna noko grunnlag for teoriutvikling i terminologien. Eit vesentleg mål i seg sjølv i denne avhandlinga er derfor å gjennomgå omgrepshistoria og nå fram til meir operative kategoriar som gjer det mogeleg å tillempa omgrepet på eit empirisk materiale, det vil seia det faglege domenet som er utgangspunktet. Denne faghistoriske gjennomgåinga er emnet for kapittel 2.

1.2 Termen – grunnleggjande aspekt

1.2.1 *Ulike oppfatningar av termen*


Dei grunnleggjande definisjonane av 'term' i denne avhandlinga er drøfta bl.a. i Laurén, Myking & Picht (1997: 179–228). I to arbeid (Myking 2006b; Laurén, Myking & Picht 2008 (43–88) har eg gjennomgått dei ulike oppfatningane av grensene mellom termar og andre ord innanfor nyare terminologiske retningar. Slik Felber (1984) har formulert det, står termen i kontrast til (allmenn)ordet:

The word is a linguistic symbol, which can have a multiplicity of non-defined meanings and of many shades of meanings, or can be used for the designation of objects. [...] The term, however, is a linguistic symbol which is assigned to one or more concepts, which are defined from neighbouring concepts. It can be a word or a word group. (Felber 1984: 167f.)

For denne avhandlinga er ein tradisjonell definisjon av 'term' fullt adekvat, slik det bl.a. er gjort i nytgjevinga av *Terminologiens terminologi på nordiska* (TTN, 2008). Der er 'term' definert som ein undertype av 'nemning' (sv. 'benämning') for eit fagleg allmennomgrep, og den definisjonen er adekvat nok for denne avhandlinga:

benämning

begreppsrepresentation i form av ett språkligt uttryck



Figur 1. Nemning vs. term og eigennamn (definisjonar frå *TTN*, 2008)

I kontrast til den tradisjonelle og onomasiologiske terminologien, som altså ser termen som ein språkleg *representasjon* av eit fagleg omgrep, ser andre retningar, som til dømes sosiokognitiv terminologi, i meir semasiologisk ånd termen som eit språkleg *leksem* ('terminological unit') som realiserer ulike typar meining, både terminologisk og allmennspråkleg. Vi kan ifølgje Cabré kjenna att

the terminological units from their meaning in a subject field, their internal structure and their lexical meaning. (Cabré 2003: 189)

Dei nyare retningane legg vekt på at termar berre kan studerast på grunnlag av tekstar:

As terminology can only be studied in discourse it is better to accept that it is the **term** which is the starting point in terminological description rather than what was traditionally called the *concept*. (Temmerman 2000: 224)

Within the framework of text linguistics, a term is [...] "a semantically charged linear structure, which names an abstract or concrete reality studied by a special-subject field" (= naming function). (Kerremans og Temmerman 2008 (under utg.))

Ut frå formålet med denne avhandlinga er skiljet mellom 'representasjon' og 'leksem' ikkje viktig: Uttrykket *termmotivasjon* kan erstattast med *nemningsmotivasjon* utan at dette endrar formålet med avhandlinga. Det handlar uansett om relasjonen uttrykk–innhald innanfor eit semiotisk gyldig språkleg teikn, og dei problemstillingane som er aktuelle ved fagtermar, kan vera like aktuelle ved andre typar nemningar der termen *term* ikkje alltid vert brukt, til dømes i folkelege taksonomiar eller vitskaplege nomenklatur. Det er nok eit faktum at ulike

terminologiske retningar ser litt ulikt på motivasjon, som vi skal sjå i kapittel 2, men dette er ikkje ein direkte funksjon av synet på omgrepet 'term'. Taksonomien over nemningar og termar i Nordterm 13 bør sjåast som uttrykk for ei metodisk tilnærming innanfor ein pragmatisk spesifikk brukskontekst, terminologiarbeid med praktisk siktemål, og i denne konteksten er definisjonen av 'term' operativ og funksjonell.


Denne avhandlinga legg vidare òg til grunn at termar har 'ord-like' eigenskapar, og konsekvensen av det blir at motivasjon også er ein eigenskap som kan finnast ved andre typar 'ord' enn dei orda som er fagtermar. Særleg når det gjeld importord er motivasjon eit så sentralt aspekt at problemstillingane er felles for alle typane import, både termar og allmenne ord. Den tradisjonelle termdefinisjonen ovanfor opnar vidare for alle leksikalske strukturtypar det er relevant å rekna med, medrekna leksikalsk frasedanning, og vi treng heller ikkje hefta oss ved det problemet som er så sentralt i terminologiarbeid, å skilja mellom term og ikkje-term. Korpuset som denne avhandlinga byggjer på, er henta frå autoriserte termsamlingar og såleis pr. definisjon eit påliteleg og representativt uttrykk for eit eksisterande terminologisk og fagleg domene. Vi går derfor ikkje i detalj om termstatusen for dette materialet slik det hadde vore nødvendig i ei undersøking basert på elektroniske tekstkorpus, men tar denne statusen for gjeven i kraft av den konteksten som materialet står i.

1.2.2 Semiotiske grunnelement

Dei semantiske og seinare terminologiske teiknmodellane har formalisert dei grunnleggjande semiotiske elementa ('parameterane') på ulike vis: Ogden og Richards med sin trekantmodell i 1920-åra med referent–omgrep–representasjon, seinare utvida til ein terminologisk firkantmodell i ISO-samanheng (Suonuuti 1997, sjå diskusjon i Myking 1998b, 2001a) med tillegg av elementet definisjon, og aller seinast Temmerman (2007: 31) med sterkare vekt på kunnskaps- og erfaringsdimensjonen. I denne avhandlinga skal eg ta utgangspunkt i ein femkanta modell der elementet motivasjon supplerer dei fire andre klassiske elementa, etter modell frå Kocourek (1991: 178; jf. òg Myking 1998b, 2001a). Eg ser såleis motivasjon som eitt av dei sentrale elementa ved det terminologiske teiknet, sjå fig. 2.

Omgrepet motivasjon er vanleg i leksikologisk teori om nemningsfunksjonen i språket. Berkov (1997: 5) seier såleis: "De fleste ord har en motivering, eller er motivert. Dette betyr at til grunn for en benevnelse ligger betegnelsen for et kjennetegn på begrepet (ordet som betegner dette kjennetegnet, kalles motivator)." Dette synet på omfanget av motivasjon i leksikon samsvarer med eit vanleg syn i

terminologien (jf. kap. 2), særleg med klassifikasjonsmodellen som er utvikla av Kocourek (jf. kap. 3).



Figur 2. Semiotisk grunnmodell (etter Myking 1998b: 54). Stipla linjer markerer indirekte relasjonar, i samsvar med Ogden & Richards.

Motivatoren er altså ein leksikalsk representasjon av motivasjonen, og motivasjonens plass i teiknet svarer grovt sett til det som i kapittel 2 og 3 går under namn som 'indre form' i russisk/sovjetisk terminologi, 'kjelde' i kognitiv lingvistik, eller motiverande *basis*, som eg her helst brukar. I Peirces triadiske teiknmodell ville motivasjonen måtta setjast inn på plassen for interpretanten. Motivasjonen er ikkje identisk med tydinga av eit leksem, det som i terminologien er omgrepet, men eit teikn eller teiknelement som i særleg grad framkallar ein assosiasjon til denne tydinga/omgrepet. Det er denne formidlande, men fakultative, funksjonen som gjer at motivasjon har ein plass i teori om nemning og tydingsdanning (jf. Gall Jørgensen 1993: 22f.).

Det er viktig å halda fast ved det tradisjonelle strukturalistiske kravet om at relasjonen mellom term og referent er indirekte og arbitrær (symbolisert med tjukk linje i modellen), og at studiet av termmotivasjon primært er eit studium av den teikninterne relasjonen mellom term og omgrep eller term og definisjon. Kocoureks teiknmodell (1991: 178, jf. kapittel 2) understrekar at det er aksent motivasjon–definisjon som er den sentrale i studiet av termmotivasjonen. Motivasjonen kan framstillast gjennom eit 'motiverande syntagme', som ikkje er identisk med det definitoriske syntagmet (altså med sjølvdefinisjonen), men kan samanliknast med

den. Det motivasjonelle syntagmet er ei verbalisert tolking av elementa i det språklege uttrykket, medan definisjonen er ei verbalisert tolking og fastsetjing av omgrepsinnhaldet. I begge tilfelle er jamføring med termen (uttrykket) analyse av språklege relasjonar, ikkje av den utanomspråklege referansen eller denotatet.

På same tid er referansen, det utanomspråklege sakstilhøvet, alltid til stades i konteksten som omgrepet står i, og det er vanskeleg å definera referansen heilt vekk som tolkings- og forståingsbakgrunn for eit omgrep eller ein term (og dermed for leksemet). Dette er ei innsikt frå kognitiv lingvistikk som det er verd å ta med seg, men det er ikkje ei innsikt som er ny. Relasjonen mellom referent og motivasjon kjem til uttrykk ved at ein eigenskap ved referenten inngår som eitt av fleire kjenneteikn som konstituerer omgrepet og blir realisert gjennom eit morfologisk-semantisk element. Referenten har fleire eigenskapar enn omgrepet har kjenneteikn, definisjonen har færre kjenneteikn enn omgrepet, og det går altså føre seg ein semantisk reduksjon på vegen frå referent til realisert term, slik mellom andre Horecký (1979) har framstilt det (sjå diskusjon i Laurén, Myking & Picht 1997: 62–95). Både motivasjonen og termen er underspesifiserte samanlikna med definisjonen og omgrepet. Av og til er historikken bak ein term viktig eller nyttig både for å forstå motivasjonen og for å avkoda omgrepet, derfor har 'referent' ein plass som semiotisk parameter i modellen.

1.2.3 *Termdanning som del av terminologien*

I dei siste åra har den teoretiske forskinga omkring terminologi hatt sterk vekst. Teoretiske grunnproblem er diskutert frå ulike vinklar, og det er særleg alt som gjeld dei kognitive aspekta – omgrep, omgrepsmodellering, omgrepssystematisering med meir – som har ekspandert. Terminologien har sitt eige teoretiske grunnlag, og teori om termdanning er dermed ein del av dette grunnlaget. Denne avhandlinga representerer eit forsøk på gjennomdrøfting av eitt sentralt grunnprinsipp, prinsippet om *motivasjon*, som går ut på at språklege representasjonar bør gjerast meiningsfulle gjennom å reflektera delar av det innhaldet som dei er tilordna innanfor det terminologiske teiknet. På same tid er det ein grunnleggjande premiss i terminologien at ingen språklege representasjonar er 'nødvendige' funksjonar av omgrepsinnhaldet. Det semiotiske bandet mellom språkleg koding og omgrepsinnhald er framleis arbitrært, og dette resulterer i at motivasjon og arbitraritet framstår som ein falsk dikotomi.

Innanfor terminologien er det ikkje forskning omkring 'termen – den kommunikative sida av omgrepet' (Laurén, Myking og Picht 1997: 179–228) som har dominert dei siste åra. Dette skal ikkje tolkast som at termen, altså uttrykkssida, er eit uviktig delområde i terminologien: Mellom anna nemnde Picht og Draskau (1985: 35) alt for meir enn 20 år sidan dette som eit felt der mykje er ugjort, og den karakteristikken må seiast å gjelda framleis. Det kan nemnast fleire grunnar til at termdanning på mange måtar har hatt ein sekundær status i terminologisk forskning. Først og fremst kan det hevdast at dette er ei følgje av grunnprinsippet i terminologien etter Wüster, som set eit skarpt skilje mellom omgrep og representasjon og krev at dei to nivåa skal studerast separat (sjølv om denne framstillinga må nyanserast, jf. Laurén, Myking og Picht 1997: 62–95 og 179–228). Termar er normalspråklege representasjonar og vert såleis danna etter same mønster som allmennspråklege leksem, og studiefeltet er såleis dekt både av allmenn leksikalsk morfologi og gjennom større taksonomiar i terminologiske oversynsverk (jf. Kocourek 1991; Sager 1990, 1997). Det onomasiologiske grunnprinsippet om at omgrepet er primært, står sterkt, og forskning omkring danning, utvikling og endring av omgrep er særst viktig innanfor kognitiv psykologi og lingvistisk semantikk. Terminologien har på denne måten sterke gjensidige tilknytningsspunkt til sentrale moderne vitskapsfelt. Den meir normative delen av terminologien, som handlar om suksessvilkår for tilrettelegging av uttrykkssida, er sentral innanfor terminologi og standardisering, men kan med ein viss rett seiast å ha ein uavklåra vitskapleg basis. Dette har komme godt til uttrykk i nyare teoretiske retningar med inspirasjon frå kognitiv lingvistikk, som ikkje skil like skarpt mellom innhald og uttrykk (Temmerman 2000, jf. kritikk i Myking 2001b). I desse nyare retningane spelar òg 'motivasjon' ei viktig rolle, men på dels andre premisser enn i den tradisjonelle terminologien, som vi skal sjå i kapittel 2.

1.3 'Normaliseringsteser'

Kapittel 2 i denne avhandlinga gjennomgår ein del sentrale synsmåtar på motivasjon i terminologien, og konkluderer med at omgrepet er mangfasettert. På grunnlag av denne gjennomgangen burde det prinsipielt sett kunna stillast opp eit sett av hypotesar, som i sin tur kunne fungera som deskriptive motsvar for normative synsmåtar. Alle hypotesane burde derfor på ein eller annan måte vera relaterte til dei aspekta ved motivasjonsomgrepet som er drøfta i avhandlinga. Men vegen frå normativ synsmåte til kvalifisert vitskapleg hypotese er lang, og det første steget er å diskutera kva for premisser ei slik hypotesedanning må byggja på.

På det første steget er det meir dekkjande å operera med 'tesar' i staden for hypotesar, og den overordna tesen for dette arbeidet kan ganske enkelt kallast 'normaliseringstesen', formulert mellom andre av Kocourek (1991) og Neubert (1985), sjå kapittel 2, seksjon 2.1, sitat 2 og 5: Dei fleste eksisterande termar er motiverte. Dette samsvarer med det semiotiske grunnsynet at motivasjon er det normale i lingvistikken, sjå vidare nedanfor i kapittel 2, seksjon 2.1. Med 'normalisering' siktar eg her meir konkret til at motivasjon som termdanningsprinsipp har som overordna funksjon å produsera termar som i minst mogleg grad avvik frå allmennspråklege mønster når det gjeld morfeminventar og utnytting av fonologiske, ortografiske, morfologiske og syntaktiske formingsreglar. Essensen ligg i bruken av språklege ressursar som er 'kjende' for språkbrukaren, og den pragmatiske faktoren 'kjend' ligg til grunn for heile motivasjonsomgrepet. Tillemping av dette prinsippet er terminologi som i svært liten grad 'stikk seg ut' frå allmenne mønster, men dette er ein tendens på makronivå og ikkje ein eigenskap som a priori er nedfelt i alle einskildtermar i eit gjeve materiale. Med utgangspunkt i denne tesen kan ein diskutera både den vanlege påstanden om at 'dei fleste termar er motiverte' (deskriptiv påstand) og påstanden om at 'dei fleste termar oppfyller det demokratiske kravet om å vera 'sjølvforklarande' (normativ påstand). Det er ikkje vilkårleg kva for teoribasert definisjon av motivasjon slike påstandar byggjer på.

Normaliseringstesen ligg såleis på eit høgare abstraksjonsnivå enn hypotesar som skal testast og avkreftast i ein konkret analyse. Dei morfologiske tendensane vert drøfta i kapittel 3 i samanheng med gjennomgangen av dei ulike typane motivasjon. Normaliseringstesen kan forankrast i etablert terminologilitteratur og konkretiserast i fire punkt, som gjerne kan kallast hypotesar:

1. Den dominerande ordklassen i eit terminologisk domene er substantiv. Dette er den mest trivielle tesen, for ordklasse må i denne samanhengen vurderast som ein språknøytral faktor.
2. Morfologisk komplekse termar vil dominera i eit terminologisk domene. Dette er ein mindre triviell hypotese, som framhevar at morfologisk motivasjon står sentralt i terminologi, både i 'primær' og 'sekundær' termdanning (jf. kap. 3, seksjon 3.1).
3. Morfologisk kompleksitet er meir dominerande i sekundær termdanning, det vil seia ved overføring og import, enn i primær termdanning. Denne skilnaden har typologiske, pragmatiske og normative forklaringar.
4. Minimumstilpassing, det vil seia fonologisk og grafisk tilpassing av importtermar, vil vera mindre frekvent i eit domene av sekundær termdanning enn tilpassing via morfologiske strategiar.

Men sjølve det semiotiske grunnlaget, det at motivasjon er det mest normale, er det som må strukturera denne diskusjonen. Kva som er 'motivert' eller ikkje, er i stor grad eit spørsmål om kva teoretisk grunnlag ein byggjer på.

Som ein femte hypotese, ei følgje av dei fire første, kan vi så stilla opp den såkalla 'avmetaforiseringshypotesen', som vert drøfta i kapittel 4:

5. Ved overføring frå kjeldespråket til målspråket vert morfologiske tendensar styrkte på kostnad av metaforiske – det norske materialet er svakare prega av metaforiske motivasjonsmønster enn det engelske.

Desse hypotesane skal ikkje testast etter kvantitative og statistiske krav. Dei fire første er generelle og tener først og fremst som utgangspunkt for den teoretiske diskusjonen. Hypotese 5, 'avmetaforiseringshypotesen', kan ikkje reknast som nok underbygd og kvalifisert til å kunna testast på eit slikt materiale som eg har til disposisjon – tesestatusen er framleis sterkare enn hypotesestatusen. Derfor handlar det i alle fem tilfella om påstandar som eg har som mål å drøfta, eventuelt sannsynleggjera og endeleg evaluera med tanke på den statusen dei kan ha i vidare forskning om termdanning. På grunnlag av ei slik evaluering kan ein òg dra slutningar om den styrken som motivasjonsprinsippet kan ha i normativt terminologiarbeid. Målet er å kunna seia noko om den teoretiske validiteten av dei ulike hypotesane: Ikkje om hypotesane 'stemmer', men kor kvalifiserte dei kan gjerast. Dette målet kjem sterkast til uttrykk i kapittel 4 – der er vegen fram mot hypotesestatus kortast.

1.4 Materiale og metode

1.4.1 Norsk oljeterminologi som terminologisk domene

Dei teoretiske problemstillingane i denne avhandlinga skal diskuterast på bakgrunn av eit empirisk domene som i allmenn diskurs ofte er referert til med uttrykket 'norsk oljeterminologi', det vil seia den norske terminologien som kom i bruk som alternativ til den importerte anglo-amerikanske terminologien i norsk olje- og gassutvinning særleg på 1970-talet. Nemninga *oljeterminologi* åleine er er eigentleg upresis, i og med at det handlar om utvinning både av olje- og gass, og om landbasert prosess- og støtteverksemd i tillegg til dei meir spesifikke oljeutvinningsaktivitetane ute på

kontinentalsokkelen (altså 'offshore'). Det er ikkje grunnlag for å skilja skarpt mellom desse aspekta i det materialet som ligg til grunn for avhandlinga.²

Etter at dei første funna av olje og gass vart gjorde i Nordsjøen, gjekk den teknologiske utviklinga svært fort, og både leite- og produksjonsaktiviteten i Nordsjøen gjorde dette til den nasjonalt viktigaste industrigreina på svært få år. Staten hadde eit direkte økonomisk engasjement i næringa, først og fremst via det statlege oljeselskapet Statoil. Statoil vart hovudinstrumentet for å sikra den offentlege kontrollen over næringa, og stod for ein kunnskaps- og teknologiimport som førte til ei aukande fornorsking av aktivitetane, manifestert både økonomisk, teknologisk og sosialt: økonomisk, gjennom statleg innverknad og kontroll; teknologisk, fordi det vart eit mål å utvikla norsk teknologi og kunnskap som konkurrerande alternativ, og sosialt, fordi næringa i aukande grad vart fylt av norsk arbeidskraft og dermed i aukande grad omforma frå ein amerikansk-dominert til ein meir regulær norsk industrikultur. Det er desse prosessane som ligg bak nemninga *fornorsking* både i industriell og i språkpolitisk tyding.

Desse samfunnsendingane manifesterte seg òg som ein språkleg-kulturell kontrast. Oljespråket vart sett som et kulturelt bru hovud for engelskspråkleg dominans og språkleg fortæring, og fleire granskingar tidleg på 1980-talet dokumenterte at språkproblem og mangelen på eit effektivt norsk arbeidsspråk kunne få alvorlege følgjer for både tryggleik og helse i tillegg til følgjene for norsk språk. Dei språklege følgjene vart dokumenterte overtydande av to forskingsarbeid, Flydal 1983 og Gulbrandsen 1985. Den kulturelle otten i samfunnet fungerte på det tidspunktet mobiliserande (jf. Standal 1981), og Statoil vedtok at det nye oljeselskapet Gullfaks, som skulle setjast i drift frå 1985, skulle få norsk som arbeidsspråk. Ti år etterpå kan så ein sentral aktør konkludera slik:

I nokre hektiske år med høge oljeprisar vart det lagt eit solid grunnlag for ein norsk petroleumsterminologi, som næringa sjølv har kunna forma vidare ut til eit vel utbygt kommunikasjonsmiddel, både for petroleumsfag og for praktisk arbeidsliv. [...] Det har nok vore ei viktig årsak til at framan[d]språk ikkje har vunne meir innpass enn tilfellet er så langt. (Pedersen 1994: 169)

Både den terminologiske utviklingsprosessen og eit spekter av lingvistiske, sosiolingvistiske, sosiologiske og språkpolitiske aspekt av oljeverksemda har vore presenterte og diskuterte i ei rad mindre arbeid gjennom 20 år, av forfattarar som

² Jf. analogien med "oljespråk": "I Norge brukes "oljespråk" som en samlebetegnelse for det språket arbeiderne på olje- og gassinstallasjonene bruker" (Sæbøe 1996: 74, note 4).

sjølve hadde praktisk erfaring med arbeidet. (Sjå til dømes Roald 1986a; Myking 1989a, 1993, 1996a, 1996c; Ellingsve 1989; Andersen 1998; Rangnes 1998; Sæbøe 1996, 1998, 1999; Pedersen 1994.) I åra 1994 til 1997 vart det gjennomført eit større evalueringsprosjekt, 'Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium', som òg resulterte i fleire arbeid (sjå til dømes syntese og samanfatting i Myking 1998a; Myking & Sæbøe 2002. Lagnaden for terminologiarbeidet er både vanskeleg å analysere og velkjend for aktørane, men oppfatningane ute i samfunnet er mindre informerte enn for berre ti år sidan. Den språklege dimensjonen har ikkje hatt permanent effekt på det offentlege medvitet.³

Ved Universitetet i Bergen vart det i åra 1983 til 1985 utvikla og tilrettelagt eit terminologisk materiale på nær 10 000 termpostar til bruk for drifta av tre plattformer på oljefeltet Gullfaks, og det er dette som la grunnlaget for oppfølgjande aktivitetar i åra etterpå og dermed for at vi i det heile kan snakka om ein norsk oljeterminologi. Denne terminologien eksisterer gjennom ulike kjelder, først og fremst den vesle ordlista *Oljeordliste* frå 1982 som var eit lite, men symbolsk viktig pionerarbeid, og den omfattande databasen *NOT*, som vart utvikla kontinuerleg fram til slutten av 1990-talet og var i kommersiell sirkulasjon. Det er dei språklege mekanismane bak dette materialet som er emnet for denne avhandlinga, ikkje den sosiolingvistiske lagnaden som materialet fekk. At Statoil seinare har innført engelsk som konsernspråk, er altså mindre relevant for denne avhandlinga.

1.4.2 *Kvifor dette domenet?*

På grunn av den sosiale bakgrunnen og det omfattande språkarbeidet høver domenet framifrå som empirisk basis for ei undersøking av brytinga mellom terminologisk teori og praksis, ikkje berre fordi forfattaren av avhandlinga sjølv har det som del av sin faglege ballast – kanskje heller trass i dette, sidan det alltid bør vera ein viss analytisk avstand mellom forskar og data.

Som representant for eit mogeleg domenetap i stor skala for norsk språk fekk oljeverksemda ein kulturelt, politisk og symbolsk viktig funksjon i samfunnet. I samtida (1980-talet) utløyste dette problemet interesse og uro i opinionen, men i ettertid er det forbløffande kor lita offentleg interesse det er for fenomenet.

³ *Norsk oljemuseum* i Stavanger framstiller det slik på utstillingsplakaten *Fornorsking*, altså utan referanse til den språklege dimensjonen: "Men nå ble fornorskningen ført enda et steg videre. Gullfaks var den første utbyggingen på sokkelen med bare norske deltagere – Statoil, Hydro og Saga" (observert oktober 2007).

Samstundes er det nok eit faktum at interessa for dette domenet i språkvitskaplege fagmiljø heile tida har vore merkeleg fråverande – det er ingen studiar av kodeskifte mellom engelsk og norsk eller av lånord i norsk som har forsøkt å jamføra oljespråket med andre domene på omfattande, systematisk vis, og kjennskapen til det arbeidet som vart utført, er variabel. Det er derfor mange som er i villreie om norsk har 'vunne' eller 'tapt', om norsk er 'i bruk' eller er 'erstatta' av engelsk (jf. Kristoffersen 2008, under utg.). Sanninga ligg nok ein stad midt mellom desse ytterpunkta. Det er heva over all tvil at refleksane av oljespråket i media viser at norsk har slege gjennom i breie, populariserande samanhengar, og det er dokumentert at norsken vart innført som arbeidsspråk på dei plattformane som han var mynta på, og som framleis er i drift. Samstundes har altså oljeselskapet Statoil innført engelsk som konsernspråk utan at dette har vekt svært sterke reaksjonar (jf. Myking 2003). På det språkpolitiske planet er altså dette domenet framleis verd interesse.

Arbeidet med tilpassing av importord har alltid hatt ein sterk status i det norske språksamfunnet, som i dei andre nordiske landa (rett nok i ulik styrkegrad). I internasjonal terminologi har òg eit fenomen som 'neologi' vore viktig og fått ei omfattande teoretisk drøfting, ikkje minst i Canada/Quebec (jf. ulike arbeid av Rondeau, t.d. Rondeau 1984). Som det vart peika på svært tidleg (Roald 1985) var terminologiarbeidet for oljesektoren særleg retta inn mot produksjon av 'avløysarar', altså eit neologiarbeid eller det som Sager (jf. kap. 3) har kalla 'sekundær' termdanning. På det språkinterne planet aktualiserte oljeterminologien såleis ei rad normeringsprinsipp som òg er aktuelle i allmennspråkleg importordproblematikk. Det norske arbeidet med norvagisering og avløyning har likevel ikkje lagt stor vekt på å drøfta i kva grad det finst spesifikke terminologiske aspekt. Kravet til gjennomsikt, transparens eller med eit samlande uttrykk: motivasjon, er sentralt i alle desse ulike typane av importordarbeid, sjølv om ein ikkje alltid omtalar det med den termen. Dette gjer oljeterminologien til eit tenleg empirisk domene for ein nærare analyse av motivasjon som uttrykk for nyordsarbeid i det norske språksamfunnet i dei siste tiåra. I dette arbeidet har motivasjon stått sterkt, tolka som morfologisk motivasjon, ikkje minst fordi terminologimiljøet gjennomgjekk ei teoretisk og metodisk skulering og møtte prinsippet på den måten. I den norske norvagiseringsdebatten på 1990-talet stod derimot strukturell tilpassing fram som det sentrale omsynet (jf. Sandøy 2000). Som det går fram av kapittel 3, har vi her òg å gjera med eit motivasjonsargument, men ikkje det tradisjonelle.

Domenet norsk oljeterminologi skil seg ikkje prinsipielt frå andre faglege domene som ikkje er gjennomført parallellspråklege eller dominerte av morsmålet, og som dermed krev 'erobring' eller 'oppdyrking' (jf. Laurén, Myking & Picht 2002, 2004).

Det kan, ut frå det som er sagt ovanfor, best karakteriserast som sektordelt eller 'domenefordelt': Norsken finst, men ikkje i stillingsutlysingar, og engelsken dominerer, men ikkje på reportasjeplass i mediebletet. Det er likevel viktig å ikkje forveksla dei kvantitative, kulturelle eller politiske dimensjonane med dei språklege og kvalitative. Det er ingen prinsipielle skilnader mellom oljetermar og andre termar når det gjeld språklege, funksjonelle eller sosiolingvistiske problemstillingar: termene skal i begge tilfelle utformast på ein tenleg måte så dei passar inn i språket og fungerer i kommunikasjon, endå dei reint konkrete løysingane kan skilja seg åt frå domene til domene. Og det at eit terminologisk domene – for ei kort stund – får eit stort økonomisk omfang og interesse frå media og opinion, er ikkje i seg sjølv noko argument for å bruka det som lingvistisk forskingsmateriale. Dette vil seia at ein analyse av omgrepet 'motivasjon' med grunnlag i domenet norsk oljeterminologi må gje innsikter med generaliseringsverdi for andre faglege domene der terminologisk avløyning og oppdyrking er relevant. Det er berre på det grunnlaget at denne analysen kan ha ambisjonar om å seia noko om den statusen som motivasjon kan ha i terminologisk teori og normativt arbeid.

Norsk oljeterminologi kan altså tolkast som eit representativt uttrykk for den typen sekundær termdanning som er vurdert som funksjonell i norsk på slutten av det tjuande hundreåret, den type norsk som er forankra faginternt gjennom representative brukarorgan og som samstundes fyller krav som storsamfunnet stiller til 'forbilledlig norsk'. Vi kan derimot ikkje a priori ta domenet som uttrykk for kva slags norsk som er føretrekt av brukarane i autentiske brukssituasjonar, dersom og når dei har eit fritt val. Fleire studiar viser at det nett kan vera blandings- eller 'hybrid-norsken' som sterkast fungerer identitetsmarkerande for brukarane, i motstrid til offisiell språkideologi (Sæbøe 1996; Rangnes 1997).

1.4.3 *Det empiriske kravet: Kageuras utfordring*

Kyo Kageura gjer i boka *The Dynamics of Terminology* (Kageura 2002) ein strukturell, statistisk og datalingvistisk studie av dei systematiske og regelbundne draga ved termdanning og terminologisk vokster. Materialet hans er henta frå ei ordliste med japanske termar for fagdomenet (grafisk) dokumentasjon, og analysen er einspråkleg. Boka er vurdert som ei viktig nyvinning innanfor terminologiforskinga, særleg på grunn av dei strenge og stringente metodiske krava Kageura stiller. Kageura oppsummerer krava slik:

1) Den teorien ein vil byggja opp, skal vera ein teori om termar, ikkje om 'noko' som kan brukast til å beskriva termar (slik 'terminologiens terminologi' kan seiast å vera):

In short, theories of terms, as opposed to theories of something for describing terms, are missing in the academic study of terminology. On the side of applications or descriptions, there is a lack of solid descriptive studies, as opposed to the application-motivated processing of terms. Given this situation, research in the field of terminology needs to be broadened to include concrete descriptive analyses of terminology based on an explicitly stated theoretical position; only through the accumulation of this type of study does it become possible to consolidate the theory of terminology. (Kageura 2002: 2)

2) Analysen skal vera empirisk, ikkje spekulativ: Den skal handla om termar og byggja på analyse av termar. Dei termane som er grunnlaget for teoretiseringa, skal samla sett utgjera eit domene ('domain') som er forankra i eit fagområde:

It will be argued that a theory of terms or terminology should deal with the terminology of a domain in its totality, because it is only with respect to individual domains that the very concept of "term" is consolidated. It will also be argued that a theoretical study of a terminology should be accompanied by the descriptive study of a terminology, for proper descriptive studies *are* theories of terms. (Kageura 2002: 2)

3) Analysen kan heller ikkje vera introspektiv, om då lingvisten ikkje samstundes har fullverdig domenekunnskap, slik Kageura har om sitt domene. I dette ligg det altså at materialet må vera onomasiologisk kontrollert, til dømes av ein fagleg referanseperson. Eksemplifiseringa skal ikkje vera spreidd og tilfeldig, men byggja på eit materiale som utgjer ein språkleg koda kognitiv heilskap.

I og med at heile materialet frå ordlista hans blir analysert, er kunnskapsdomenet og datasettet definert (operasjonelt) som ko-ekstensjonale storleikar.⁴ Datasettet kan òg grunnjevast med at dette er eit autoritativt uttrykk for eit terminologisk domene slik fagfolka på området sjølv opplever det – Kageura er sjølv garantisten for dette gjennom sin domenekunnskap (Kageura 2002: 4). Med det einspråklege utgangspunktet kan datasettet ifølgje Kageura beskrivast som det genuine uttrykket

⁴ "The clear boundary of a domain may be questioned. In the present study, the existence of operationally clear boundaries for the chosen domain is taken for granted, as this is a useful and necessary presupposition, at least at the current stage, where a concrete descriptive study of terminology is needed" (Kageura 2002: 34).

for terminologisk vekst i domenet, altså ein terminologisk vekstprosess slik den går føre seg på det vi kan kalla 'naturleg' vis internt i domenet. Materialet blir ikkje analysert med tanke på preskriptive inngrep, på forhandlingar om synonymi, på terminografiske segmenteringsproblem osv. som kan ha påverka kvaliteten og/eller utforminga av data. Den konkrete påverknaden frå einskildmenneske er usynleg, materialet er 'anonymt' i forhold til einskildpersonar og spesifikke grupper av personar. Men i og med at materialet er henta frå ei ordliste, som pr. definisjon er ei bearbeiding, er ikkje terminologiinventaret *spontant* – det er eit medvite styrt termininventar som blir analysert. Kageura går altså ikkje mot at det kan vera fruktbart å sjå termar som produkt av medvitne skapingsprosessar, så lenge dette byggjer på eit deskriptivt og systematisk studium (Kageura 2002: 19).

Om vi overfører dette til den meir allmenne metodiske debatten innanfor lingvistikken i dag, så er det ikkje vanskeleg å sjå at Kageura tar parti for den empiriske korpuslingvistikken mot slike tilnærmingar som (med rette eller urette) kan kallast 'spekulative'. Det ligg likevel ein interessant skilnad mellom Kageura og 'vanleg' korpuslingvistikk i at den sistnemnde retninga baserer seg på koda tekstar der ein via diverse prosedyrar kan ekstrahera spesifiserte forekomstar og sikra representativitet gjennom at tekstane er forankra i fagområdet. Kageura, derimot, utnyttar eit ferdig strukturert materiale i form av ei fagordliste. Han utnyttar altså eit materiale som andre har tilrettelagt, og som utgjer eit kontekstuel fastlagt og 'komplett' fagleg domene. Kontrollarbeidet er unnagjort på førehand, og representativiteten er sikra gjennom denne forankringa i fagområdet (Kageura 2002: 38). Sjølv om Kageura på denne måten distanserer seg frå tradisjonens 'shortcomings' (Kageura 2002: 21) og tek parti for dei nyare teoretiske retningane, er det klare skilnader mellom den strukturalistiske tilnærminga hans og dei kognitivt, sosiolingvistisk og tekstorienterte retningane som mellom anna Temmerman og andre representerer (Kageura 2002: 39, sjå òg oversyn og diskusjon i Myking 2001b).

1.4.4 *Materialet og datagrunnlaget for denne avhandlinga*

Primærmaterialet for denne avhandlinga er henta frå den terminologiske ordlista *Oljeordliste*, utarbeidd av Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi i 1982. *Oljeordliste* har 468 termar fordelt på 371 oppslag. Termene er innskrivne og sorterte etter lingvistiske kriterium ved hjelp av Excel. Eg kjem i det følgjande til å referera til dette materialet som *Materialet*, for å tona ned den spesifikke publikasjonskarakteren og understreka at dette utgjer eit representativt materiale for det domenet, jf. avsnitt 1.4.2.

I tillegg har eg gjort bruk av ei utsortering frå databasen NOT, som stammar frå terminologiarbeidet ved Norsk termbank og vart vidareutvikla i åra frå 1985 og til midt på 1990-talet. Det utsorterte materialet er den delen som er klassifisert med indikatoren 'BORING', og dette er det materialet frå Norsk termbank som klårast stammar frå 1980-talet og fangar opp dei mest 'olje-spesifikke' omgrepa, det vil seia omgrep som ikkje samstundes er vanlege i andre domene. (Fagdomenet 'ventilasjons-teknikk' er til dømes i stor grad det same på ei oljeplattform og i eit bygg på landjorda.) Eg nyttar dei 1825 postane (ekvivalentpara) i Boring/NOT som supplerande og jamførande materiale på spesielle punkt der det trengst, særleg i kapittel 4.

Ingen av desse to materialkjeldene kan karakteriserast som stringent onomasiologisk sorterte, i alle fall kjem ikkje dei underliggjande omgrepsrelasjonane til syne. Det er ikkje mogeleg å gå ut frå at alle del-domene er likt representerte i begge materialsamlingane, og ein må gå ut frå at terminologi på eit domene aldri er noka finitt mengd. Slik sett er dei heller å karakterisera som representasjonar av 'omgrepsfelt' enn av 'omgrepsystem'. Ein kan derimot gå ut frå at samlingane reflekterer ei pragmatisk motivert gruppe av omgrep som er viktige, sentrale og i praktisk bruk for å leita, bora og produsera olje og gass frå havbotnen. Slik sett kan ein seia at begge samlingane fyller Kageuras krav om å utgjera eit 'komplett domene' som representerer underliggjande kunnskapsstrukturar, sjå avsnitt 1.4.6 nedanfor.

1.4.5 Konsekvensar av Kageuras krav

Krava som Kageura formulerer må få konsekvensar for mitt arbeid, sidan målet mitt eksplisitt er å drøfta eit teoretisk omgrep frå terminologisk teori – attpåtil eit omgrep som til no stort sett er behandla normativt. Kageura krev at teorien ikkje skal vera ein 'meta-teori' med normativt siktemål og grunnlag (slik 'terminologiens terminologi' altså kan seiast å vera):

Standardisation is of little relevance to the theoretical study of terminology. The standardisation of terms is by its very nature prescriptive and cannot be part of what we currently understand by "theory". The process of standardising terms can theoretically be studied as a(n external) [sic] factor to terminological phenomena, probably as a kind of terminological socio-politics, but there is no room in any theory of terms to incorporate this sort of study. (Kageura 2002: 19)

Dersom Kageura skal tolkast slik at det ikkje er lov å driva teoridreven forskning i 'meta-perspektiv', dvs. å gjera teoretiske omgrep til emne for forskning, så er det grunn til å protestera – det primære analyseobjektet for denne avhandlinga er eit teoretisk omgrep. Krava hans representerer likevel ei viktig vitskapleggjering av terminologien som det ikkje er lett å omgå. Studien min vil ikkje vera så strengt strukturell at ein ekskluderer mekanismar som "meaning shifts or the metaphoric use of terms, which are better studied with respect to discourse" (Kageura 2002: 34) – tvert om ser eg slike fenomen som viktige mekanismar for termmotivasjon (sjå vidare kapittel 3). Derimot har Kageura eit viktig poeng når han, som vist ovanfor, krev at det teoretiske studiet må byggja på ("be accompanied by") eit deskriptivt studium av eit 'komplett' terminologisk domene, og det vil eg leggja til grunn her. Med dette kravet unngår vi å basera konklusjonane på anekdotiske og spreidde eksempel, slik tripletten *mousehole* osb. kan seiast å vera.

Adressaten for den nokså kraftige kritikken som Kageura framfører, er mellom anna lærebøker og handbøker i terminologi: Ikkje lærebøkene/handbøkene per se, men det at avgrensa og lausrivne eksempel ofte blir traderte frå bok til bok og fungerer som data for teoretiske påstandar, gjerne hypotesar, med stor generaliseringskraft. Visse postulat kan få status som fakta gjennom tradering og ikkje via empirisk etterprøving. Kageura er sjølv sagt ikkje åleine om å hevda at terminologien må gjerast meir empirisk og deskriptiv, men nett dette argumentet ser det ut til at han er åleine om. Han argumenterer ikkje først og fremst anti-normativt, men stiller krav om eit solid 'ikkje-anekdotisk' grunnlag for terminologisk forskning og teoribygging.

Dette kravet er legitimt, og i lys av det har eg grunn til å gå mykje av mi eiga, tidlegare forskning og formidling om oljeterminologi og termdanning etter i saumane. I mange arbeid (Myking 1993, 1996a, 1996b, 1998a, 2003 og fleire) har eg stilt opp den hypotesen at norsk oljeterminologi er prega av ein overgang frå semantisk til morfologisk motivasjon, at dette har fungert 'av-eksotiserande' og 'normaliserande' på allmennspråklege premissar, og at dette kan ha typologiske årsaker fordi norsk som eit skandinavisk språk har den morfologiske typologiske disposisjonen felles med tysk i kontrast til engelsk. Ei kritisk etterprøving av denne hypotesen er emnet for kapittel 4 ('avmetaforiseringshypotesen').

Dette resonnementet – som her er grovt referert – byggjer på små og avgrensa datasett, ofte dei tre engelske termane *kelly*, *rathole* og *mousehole*, med norske ekvivalentar som *drivrørshylse* og *rørkoplingshylse*. Eg har argumentert for at slik termdanning er 'god' i lys av terminologiske normative prinsipp og allmenne kulturelle normer for orddanning, og det er ei kjensgjerning at morfologisk motiva-

sjon fungerte som eit svært viktig styringsprinsipp under utviklinga av denne terminologien (jf. Roald 1985). Samstundes har eg fleire stader antyda at det er problematisk å leggja eit altfor strengt dikotomiserande perspektiv på dette: Frå deskriptiv synsvinkel er også semantisk motivasjon ein type motivasjon, frå normativ synsvinkel kan det henda at semantisk motiverte termar har kommunikative fordelar framfor dei morfologisk motiverte. Termene er altså i eit slikt resonnement handterte som både typologiske og normative eksponentar, og det ligg nær å åtvare mot ein viss type typologisk generalisering om at overgangen mot meir morfologi og meir morfologisk transparens er ei drift mot ein meir kulturelt overlegen språktilstand. Dette aspektet ser vi altså nærare på i kapittel 4.

Saka er altså så kompleks at ei sunn teoridanning opplagt bør byggjast på større datamengder og ein meir systematisk analyse, og då representerer Kageuras krav ein 'stein i skoen' som berre kan fjernast ved å tillempa analysen etter desse krava. Mi tidlegare publisering om dette temaet må følgjast opp og eventuelt revurderast med ein større empirisk og betre systematisk analyse – denne gongen gjennom eit 'komplett domene'. Kva som ligg i kriteriet 'komplett', kjem eg tilbake til nedanfor.

Prosjektet har dermed som mål både å gje ein forskingshistorisk gjennomgang og kritikk av begrepet 'motivasjon' slik det kjem til uttrykk i terminologisk teori, og å analysere korleis dette er nedfelt i eit konkret materiale, nemleg eit utsnitt av den nyskapte norske oljeterminologien frå 1980-talet. Materialet skal utgjera den empiriske plattformen for å seia noko om statusen for motivasjon som termdanningsprinsipp.

Kageuras krav om at ein studie av termar skal handla om termar og ikkje om teori om termar, kan oppfyllast dersom den teoretiske gjennomgangen av omgrepet 'motivasjon' resulterer i eit sett av kvalifiserte hypotesar som deretter kan testast empirisk på eit datasett som fyller krava. Eg drøftar meg fram til to slike hypotesar i kapittel 2, og deretter diskuterer eg styrken i dei på basis av empirisk materiale i kapitla 3 og 4. Det er likevel ikkje tale om 'sterke' hypotesar som kan gje grunnlag for kvantitativt og statistisk valide konklusjonar. Ambisjonsnivået er meir beskjedent og kvalitativt orientert: Fordi utgangspunktet er anekdotisk, må målet i denne omgangen vera å stilla opp hypotesar som på grunnlag av materialet kan kvalifiserast med tanke på seinare analysar.

Prosjektet kan altså 'reddast' dersom det blir empirisk forankra i eit datasett som tilfredsstillar krav nr. 2 og 3, empirisk analyse av eit komplett domene. Er så det tilfelle? Det vesle Materialet, totalt 468 termar, fyller etter mi vurdering kravet trass i

det beskjedne omfanget. *Oljeordliste* vart utarbeidd av Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi i 1982 på grunnlag av etablert metode (ekspertkomitear m.m.), og materialet er anonymt i forhold til einskildpersonar. Materialet er berre ca. 1/3 så stort som Kageura sitt materiale i omfang, men omfang er ikkje i seg sjølv noko motargument. Då er det viktigare at materialet ikkje er innsamla av forskaren sjølv med tanke på å oppnå førehandsbestemte resultat, slik at alle 'dobbelthermeneutiske' problem (jf. Anthony Giddens 'doble hermeneutikk' og William Labovs 'Observer's Paradox') er reduserte til eit minimum. Materialet kan ikkje knytast til namngjevne personar, og den språkfaglege analysen gjeld eit kollektivt produsert termininventar og ikkje personbestemte intensjonar.

Det er derimot éin avgjerande skilnad: *Oljeordliste* er ei tospråkleg avløyingsordliste, og Materialet presenterer seg ikkje i same grad som ein 'autentisk' norsk terminologi som byggjer på konsensus nedanfrå eller som har vakse fram på 'naturleg' måte internt i det faglege diskurssamfunnet. Det er eit synleg og eksplisitt preskriptivt mandat bak ordlista⁵ (sjå Myking 2005b når det gjeld historia til norske terminologiinstitusjonar). Dersom materialet er 'representativt', så er altså spørsmålet kva det er representativt *for*. Her har for så vidt avsnitt 1.4.2 lagt opp til svaret: Materialet kan tolkast som eit representativt uttrykk for sekundær termdanning i norsk teknisk fagspråk på slutten av det tjuande hundreåret, med andre ord den typen teknisk norsk fagspråk som har ein fagleg og kulturell legitimitet i det språklege offentlege livet. Materialet oppfyller kravet til å vera eit autentisk uttrykk for eit domene, sidan termane faktisk eksisterer. Men det er ikkje automatisk representativt for den reelle bruken eller for psykologiske preferansar i brukarmiljøa – til dette måtte vi som nemnt hatt andre typar granskningar. Det er ikkje mogeleg å leggja til grunn at eit fagleg domene er fritt for terminologisk variasjon eller bryting.

Det stiller seg litt annleis med datasettet frå Boring/NOT som er brukt som samanlikningsmateriale i delar av avhandlinga, særleg i kapittel 4. Dette materialet ligg nærare forskaren (i tid og rom), det er derfor mindre anonymt, det preskriptive mandatet er sterkt synleg, det er eit eksplisitt avløyingsmateriale og sterkt bunde til eit spesifikt didaktisk formål – opplæring – og dermed til eit konkret tekstmateriale – driftshandbøkene som termane vart ekserperte frå. På den eine sida er materialet eit resultat av bearbeiding og medvitne diskusjonar og løysingsframlegg når det gjeld termval og termdanning. På den andre sida er bearbeidingsgraden *mindre* adekvat enn i *Oljeordliste*, særleg fordi det stort sett manglar definisjonar, og Boring/NOT-

⁵ Kageura seier ikkje eksplisitt om dei engelske ekvivalentane i hans materiale er eigne omsetjingar eller henta frå ordlista hans, men analysen konsentrerer seg i alle fall om japansk, og han drøftar ikkje eksplisitt sekundær termdanning.

materialet kan ved nærare analyse visa seg å innehalda innslag av 'hapax legomena' og andre former for mistolkingar (jf. Myking 1987). Endeleg vil det finnast mange relevante termar som ikkje er med i materialet pga. at termane er brukte i andre handbøker og dermed har fått ein annan bruksindikator, og dei termane som er med, er ikkje nødvendigvis eineståande for fagfeltet boring. Å dra dei 'rette' grensene for domenet og etablere det 'eigentlege' domenespesifikke termininventaret, er eit krav om idealisering.

Problemet er dermed å avgjera *om* og *korleis* materialet fyller Kageuras krav til datasett som skal brukast i teoretisk forskning. Er eit datasett på 468 termar som er i dokumentert bruk innanfor eit domene, men som ikkje kan antakast å vera heildekkjande for domenet i 'ideell' mening, ubrukeleg som datasett? Vil hypotesar og konklusjonar om termmotivasjon vera ugyldige fordi dette datasettet ikkje er eit 'eigentleg' datasett? Svaret er sjølvsagt nei, men det må presiserast kva for rekkjevidd desse konklusjonane kan ha, dvs. kva dei er gyldige konklusjonar om. Med tanke på dei viktigaste funksjonelle særdraga som vert drøfta i kapittel 4, kan vi til dømes ikkje seia at Materialet kan gje grunnlag for sterke konklusjonar om typologiske skilnader norsk–engelsk per se, heller ikkje om typologiske skilnader mellom engelsk og norsk 'autentisk' teknolekt per se. Men det kan gje grunnlag for konklusjonar om 'drift mot motivasjon' i ein terminologisk avløysingsprosess, slik det kjem til uttrykk i eit termininventar som er eit produkt av ein slik situasjon.

1.4.6 *Nærare beskriving av materialet*

Materialet frå *Oljeordliste* er systematisert og analysert med (moderat) utgangspunkt i Kageuras krav. Denne hovudgruppa, heretter kalla Materialet, utgjer 468 termar fordelt på 371 omgrep. Dette gjev ein synonymfaktor på 1,26 (1,24 term pr. omgrep i snitt). I 86 postar er det eitt eller to synonym i tillegg til oppslagstermen, totalt 97 fleire termar enn det er postar. 22 av synonyma (i 21 postar) er av typen 'frårådd', og elles er det ei viss rangering i og med at eitt av synonyma er tilordna som oppslagsform.

Det utsorterte materialet frå termdatabasen NOT gjeld alle postar som for det første har bruksindikatoren 'BORING' og i tillegg hovudterm på norsk og engelsk. Eit fåtal postar utan ekvivalent på det eine språket er ikkje inkludert i talgrunlaget for dette materialet. Boring/NOT-materialet er brukt som referansmateriale når det gjeld utdjupeing av spesielle problem, tilnærminga til denne materialgruppa er derfor punktuell og ikkje systematisk. Boring/NOT inneheld 1825 termar fordelt på like

mange postar. Synonymfaktoren internt i NOT er altså 1,0 – dvs. at Boring/NOT framstår med absolutt monosemi, fordi berre normerte hovudtermar er med i dette materialet. Så lenge analysen gjeld språklege mønster og ikkje onomasiologiske kunnskapsstrukturar, er ikkje dette probematisk. Det er ikkje grunnlag for nokon hypotese om at ein eventuell synonymmasse skulle demonstrera andre motivasjonelle tendensar enn det hovudtermene gjer.

Den mindre mengda Materialet og den større mengda Boring/NOT representerer i prinsippet eitt og same kognitive faglege domene (jf. Kageura), og dette domenet kan reknast for å vera det mest typiske og spesifikke subdomenet av den totale mengda terminologi som er i bruk i oljesektoren – den delen som sterkast er knytt til brønnane, til drifta av dei og det som kjem opp av dei. Det finst òg innslag frå 'hjelpedomene', det vil seia fagområde som samstundes er i bruk på andre teknologiske område både på plattformer og i landbaserte næringar, slik som *brannvarsling, informasjonsbehandling, elektro* m.m., men kjerna i domenet er *brønnane* og alt som knyter seg til dei. Tabell 1 gjev eit grovt omriss av kva for terminologiske felt som er representerte.

Tabell 1. Omriss av omgrepfelt i Materialet

Omgrepfelt	Tal	%	Forklaring	Døme på termar
Brønn og boring	143	30,6	Typar, utstyr, operasjonar	<i>foringsrør, borestreng, ledehull, produksjonsbrønn</i>
Prosess	86	18,4	Utstyr, operasjonar	<i>strømmingstrykk, dehydrering, sonde, hemmer</i>
Plattform	76	16,2	Utforming, typar, utstyr	<i>halvsenkplattform, mannhull, rørdekk, skvettområde</i>
Natur	58	12,4	Medium, geologi, tekniske parameterar	<i>sedimentbergart, inertgass, råolje, hydrokarbon</i>
Økon.-adm.	43	9,2	Økonomi og administrasjon	<i>arealavgift, underleverandør, driftsstans, normpris</i>
Stilling	35	7,5	Stillingsnemningar	<i>boresjef, dekkbas, verneleder, riggerassistent, tårnarbeider</i>
Ymse rest	27	5,8	Hjelpeutstyr og relaterte omgrep	<i>brann-detektor, gassalarm, redningsflåte, oljelense</i>
TOTALT	468	100,1		

Av desse felta er det i grunnen berre skilnaden mellom boring i streng meining på den eine sida og felt som prosess, natur og økonomi på den andre, som kan gje grunnlag for hypotesar om ulik motivasjonell distribusjon. Det er fordi boreteknologien vil vera særprega av germansk språkstoff og til dømes prosessteknologien litt sterkare av romansk (via engelsk), men desse tendensane er ikkje så sterke at dei rettferdiggjjer ei onomasiologisk kontrollert fininndeling av tilfanget. I det heile teke er denne semasiologisk baserte inndelinga prega av nokså vilkårlege inndelingar som ikkje tilfredsstiller krava til ein fullgod omgrepsanalyse. Det er heller ikkje utan vidare sikkert at alle termene i Boring/NOT ville ha fått merkelappen 'Brønn og boring' dersom vi hadde analysert dei på den same måten.

Den mindre og den større mengda av materialet – Materialet og Boring/NOT – representerer i grove drag eit felles omgrepsinventar, og vi kan seia at det store materialet representerer ein 'ekspansjon' av det mindre. Ekspansjon vil då seia at den faglege omgrepsmassen og mengda av spesifikke termar og påbyggingstermar er større i Boring/NOT, og at Materialet då har eit sterkare generisk preg innanfor eit domene som trass alt må reknast som eitt og det same.

Teoretisk finn vi såleis ein ekspansjonsfaktor mellom Materialet og Boring/NOT på $1825/468 = 3,9$, dvs. kvar term i Materialet svarer til 1 NOT-term + 2,9 påbyggingar til kvar term. Eksempalet *wellhead* ('brønnhode', medrekna semantisk forkorta norske ekvivalentar med *brønn-* istf. *brønnhode-*) er det mest ekstreme: Grunntermen, den mest generiske termen, finst med eitt oppslag i Materialet, og ingen andre representasjonar. Men medrekna den generiske termen finst dette omgrepet representert i 35 postar i NOT, og det skulle svara til at kvar term hadde 34 påbyggingstermar. Nokre døme er viste i oversyn 1.

Med faktoren 35 skulle altså Materialet teoretisk ha svart til $468 \times 35 = 16380$ termar i Boring/NOT-materialet, altså nesten ti gonger så mange som det faktisk er. Om ein hadde teke talet 371 frå *Oljeordliste* som utgangspunkt, altså talet på omgrepspostar og ikkje talet på termar, ville tala ha vore noko mindre skeive, men like fullt skeive. Sjølv om det store og det mindre materialet kan seiast å vera to representasjonar av eitt og same domene, må ein altså rekna med at det er eit svært variabelt og usystematisk omgrepsforhold mellom dei to mengdene. Nokre termar finst i begge materialgruppene, andre ikkje. Nokre har påbyggingar, andre ikkje.

Oversyn 1. Døme på ekspansjon av generisk term

<i>brønnhode</i>	<i>wellhead</i>
<i>brønnhodeområde</i>	<i>wellhead area</i>
<i>brønnhodeenhet</i>	<i>wellhead assembly</i>
<i>brønnskroll- og avstengingsystem</i>	<i>wellhead control & shut down system</i>
<i>kontrollområde for brønnhode</i>	<i>wellhead control area</i>
<i>brønnskrollpanel</i>	<i>wellhead control panel</i>
<i>brønnhodekontrollrom</i>	<i>wellhead control room</i>

Produksjonsprosessen bak dei to termmengdene er svært ulik, det same er tekstsjangeren og intensjonen med kjeldematerialet. Sidan det største materialet berre skal brukast som supplement, er ikkje det noko problem med tanke på samanlikning. Det avgjerande er om ekspansjonen har konsekvensar for motivasjonelle mønster. I dømet *wellhead/brønnhode* har han ikkje det i dei regulære påbyggingane, medan ellipsen *brønnhode* > *brønn* i *brønn(hode)kontrollpanel* sjølvstakt er uttrykk for økonomisk motivasjon i form av 'klammeform' eller semantisk forkorting (jf. kapittel 3).

Målet med denne diskusjonen var å gje Kageura rett i at det er utilfredsstillande å byggja på tilfeldig eksemplifisering: Generaliseringar må ta omsyn til heile materialet for å unngå overfokusering på spesielle, markerte eller 'spektakulære' fenomen (som typen *musehull* o.l.). Problemet med at Materialet er lite og domenet i prinsippet nærmar seg det infinitte, må løysast med supplerande og grunnjevne tilleggs-eksempel der dette er nødvendig og kan motiverast. Tilfanget frå Boring/NOT kan brukast til dette føremålet sjølv om det ikkje kan vurderast som representativt på same måten som Materialet. Det er òg slik at det av og til er konkurranse mellom termval i dei to materialgruppene, slik at einskildtermar på mikronivå kan vera ulikt motiverte (som *musehull* i Materialet og *rørkoplingshylse* i Boring/NOT). Slike skilnader må drøftast spesifikt, det er ikkje grunnlag for sterke hypotesar om at distribusjonen av motivasjonstypar på makronivå er vesentleg ulik.

1.4.7 Semasiologisk 'mistanke' vs. onomasiologisk 'kontroll'

Denne avhandlinga siktar mot å vera eit studium av *termane* i eit domene, ikkje ei systematisering av *kunnskapsstrukturen* i domenet. Det er ein *språkvitskapleg* analyse, ikkje ein *terminografisk* analyse. Det er skilnad på kunnskapsstruktur og motivasjonsstruktur, fordi 'motivasjon' og 'omgrep' ikkje er same storleiken, jf. figur

2 ovanfor. Ein må leggja til grunn (jf. Kageura) at eit domeneforankra materiale reflekterer faglege kunnskapsstrukturar, og motivasjon av einskildtermar gjev ein indikasjon på denne kunnskapen, men termmotivasjon er likevel ikkje identisk med den faglege kunnskapen.⁶ Desse skilnadene kan lett oppfattast som subtile, og vektlegginga kan dessutan opplevast som å stå i strid med dei etablerte prinsippa for terminologisk analyse, slik desse prinsippa er nedfelt i lærebøker og referanseverk av typen Wüster 1985, Picht og Draskau 1985, Madsen 1999 og fleire, kort sagt: i den terminologiske tradisjonen som arbeider onomasiologisk og let alt terminologi-arbeidet starta med omgrepssida. Jamført med desse etablerte prinsippa må vektlegginga likevel vera noko annleis, fordi elementet motivasjon gjer relasjonen mellom semasiologi og onomasiologi mindre klår (Kocourek 1991: 178), men likevel termsentrert og sterkare semasiologisk.

Vi må altså ha som føresetnad at det finst ein underliggjande kunnskapsstruktur i domenet, men denne strukturen kan i denne avhandlinga ikkje verta eksplisitt kontrollert gjennom fagleg referansekunnskap, fordi dette ville sprengja rammene. I den grad analysen må forankrast i fagleg referansekunnskap, ligg den 'onomasiologiske kontrollen' innbakt i definisjonane i *Oljeordliste*. Der dette ikkje strekk til, som ved Boring/NOT-tilfanget, må vi nøya oss med avhandlingsforfattarens eigen erfaringsbaserte 'semasiologiske mistanke' frå 1980-talet.

Skiljet mellom semasiologi og onomasiologi har fått ny aktualitet i den teoretiske debatten dei siste åra, og nyare retningar, ofte med kognitiv inspirasjon, hevdar at den terminologiske analysen bør vera semasiologisk. Dette heng saman med ei sterkare vektlegging på bruk av strukturerte elektroniske korpus over autentisk språkbruk, som skal gjera det mogeleg å skilja mellom termar og ikkje-termar på ein meir påliteleg måte. Dei fleste slike studiar tek utgangspunkt i primær termdanning (i engelsk), men det er inga nødvendig avgrensing.

Eg har tidlegare gjort greie for kvifor Materialet kan akseptast som eit reelt eksisterande, 'komplett' terminologisk domene, derfor går eg ikkje nærare inn på debatten om desse teoretiske problemstillingane her. Eg nøyer meg derfor med å peika på at analysen og diskusjonen i dei kommande kapitla er kvalitativt, semasiologisk og språkvitskapleg orientert.

⁶ Hjø Kageura kan 'conceptual' tolkast litt dobbeltydig. Analysen hans viser korleis termdanning er systematisk driven av omgrepsstrukturar internt i termane, slik vi finn dei til dømes i determinative komposita, men analysen viser ikkje korleis ein fagperson på dokumentasjon oppfattar eller strukturerer sitt eige faglege domene.

1.5 Opplegg, struktur og disposisjon

I kapittel 1 har eg no lagt fram problemstillingar, mål, materiale og metode. Det er drøftinga på grunnlag av 'normaliseringsteser' frå seksjon 1.3 som utgjer resten av denne avhandlinga. Kapittel 2 er eit teoretisk oversyn og diskusjon av motivasjonsomgrepet i den terminologiske litteraturen, basert på sitatanalyse, og dannar grunnlaget for dei to empiriske kapitla.

Kapittel 3 er eit deskriptivt oversyn i lys av Kocourek's (1991) taksonomiske modell for motivasjon. Fokuset og utgangspunktet er det norske ekvivalentmaterialet. Engelsk er eit relieff, dvs. at eg ikkje gjer nokon komplett og ekvivalent analyse av det engelske materialet. Analysen er såleis ikkje systematisk kontrastiv. Kapittel 4 drøftar motivasjon i lys av viktige funksjonelle og faktorar. Kapittelet ser mellom anna på motivasjon frå typologisk og morfologisk synsstad, og påviser korleis omgrepet har vore påverka av hypotesen om 'motivasjonell balanse', som det enno ikkje er lagt fram empiriske undersøkingar av i stor skala. Hovudtyngda av diskusjonen krinsar om den tendensen til avmetaforisering som det kan hevdast kjenneteiknar norsk sekundær termdanning.

Kapittel 5 oppsummerer og trekkjer konklusjonar, og argumenterer for at det komplekse omgrepet motivasjon må inkorporerast i eit breitt, inferensbasert språksyn.

1.6 Kjelder og tekniske konvensjonar

I denne avhandlinga er norsk bokmål og engelsk dei to objektspråka. Boring/NOT har ikkje systematisk nynorske ekvivalentar, det har derimot Materialet (det vil seia *Oljeordliste*, 1982). Det er ikkje grunnlag for hypotesar om at skiljet bokmål–nynorsk svarer til skilnader i motivasjonelle mønster, og objektspråket norsk bokmål er valt for å avspeгла den reelle språkbrukssituasjonen.⁷

Alle siterte definisjonar av omgrep i Materialet er henta frå *Oljeordliste* dersom ikkje noko anna er sagt. I siterte definisjonar frå *Oljeordliste* er markeringar av interne

⁷ Som generell påstand er denne ikkje utan vidare ukontroversiell, så påstanden gjeld berre Materialet. Ein nærare analyse viser at rundt 95 % av termane har identisk ortografisk form eller systematisk kognatisk skilnad. Berre i rundt 5 % av tilfella er det tale om avvikande morfo-semantic struktur av typen *sikkerhetsventil* : *sikringsventil*. Slike tilfelle kan vera illustrerande (jf. Myking 1991: 176), men det er for få av dei i Materialet til å stilla opp hypotesar om det.

referansar med kursivering og halvfeit skrift fjerna. Materialet frå Boring/NOT finst offentleg tilgjengeleg i databasen NOT (sjå litteraturlista), men utlisting av spesifikke bruksområde må tingast særskilt.

Andre siterte kjelder til terminologiske og leksikografiske opplysningar er først og fremst nettbaserte oppslagsverk: *Schlumberger Oilfield Glossary* for oljeterminologi, *Svenska akademins ordbok*, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Allmenne leksikon av typen *Wikipedia* er nytta ved trong for reint illustrasjonsmateriale, ikkje for lingvistiske definisjonar eller omgrep. Når det gjeld andre ordbøker og ordlister, viser eg til litteraturlista.

Initialane JM er nytta når eg har sett inn merknader og liknande.

2 TOLKINGAR OG TILNÆRMINGAR

2.0 'Motivasjon' i språkvitskap og terminologi

I dette kapitlet vil eg gjennomgå dei viktigaste teoretiske problemstillingane omkring motivasjonsomgrepet i den terminologiske fagtradisjonen, både historisk og med omsyn til den statusen omgrepet har i dag. Både allmenne språkvitskaplege og spesifikt terminologifaglege kjelder må kommenterast, fordi det ikkje er vasstette skott mellom desse to fagområda.

Seksjon 2.1 er ei sitatsamling frå ulike typar forskingslitteratur om fagspråk og terminologi, medrekna normative dokument. Målet med denne samlinga er å få demonstrert dei viktigaste bruksmåtane og drøfta dei viktigaste definisjonane av omgrepet motivasjon. Sitatsamlinga viser korleis ulike bruksmåtar interfererer: Termen *motivasjon* refererer både til semiotiske, semantiske og morfologiske, strukturelle og funksjonelle aspekt, og både til deskriptive og normative synsmåtar. Dette reflekterer viktige delaspekt ved omgrepet motivasjon, men samstundes skaper dei mange fasettane ved omgrepet vanskar med å danna seg eit heilskapleg bilete av det, og ikkje minst utfordringar med å operasjonalisera det til bruk for hypotesedanning.

Seksjon 2.2 byggjer ut sitatanalysen frå 2.1 med ein meir utførleg presentasjon og diskusjon av motivasjonsoppfatningane i nokre sentrale tradisjonar innanfor terminologien: Wüster, Drozd og Seibicke, den viktige sovjetiske/russiske tradisjonen, den kanadiske 'skulen', representert av Rondeau og Kocourek. Til sist i oversynet viser eg korleis motivasjon på ny er vorte eit viktig demarkasjonskriterium og teoretisk parameter gjennom den nye inspirasjonen frå kognitiv lingvistik, representert ved Radden og Panther (2004) og meir spesifikt gjennom den 'sosiokognitive' terminologien ved Temmerman (2000). To terminologiske typologiar er særleg viktige: Drozd og Seibicke (1973) og Kocourek (1991) – den siste tener òg som utgangspunkt for kapittel 3.

Motivasjon er både eit lingvistisk, semiotisk og kulturelt omgrep, og som nemnt i kapittel 1, er motivasjon òg eit viktig omgrep i psykologien. Motivasjon i tydinga drivkraft til handling kan òg vera eit fysiologisk fenomen. Minimumskravet til ein teori om motivasjon i terminologien er at omgrepet må kunna innordnast i ein teori om motivasjon i lingvistikken – dette følgjer av det synet som Laurén, Myking og Picht (1997: 182 ff, 288) uttrykkjer på tilhøvet mellom terminologi og lingvistik. Vidare må terminologisk motivasjon innordnast under det delområdet av

lingvistikken som heiter leksikon, det følgjer av Kageuras syn på forholdet mellom termdanning og orddanning (jf. Myking 2006b): Termar er funksjonelle variantar av ord, skiljet term vs. ord viser seg ikkje gjennom morfologiske eksponentar. Tradisjonen frå Saussure seier at heile språkvitskapen er innordna under semiotikken, og vi kjem fleire gonger nedanfor inn på det komplekse samspelet mellom språkinterne og språkeksterne faktorar som òg spelar ei stor rolle for motivasjon innanfor terminologien. Termmotivasjon har òg ei viktig psykologisk og kulturell side, i tillegg til den strikt språkvitskaplege, så tredigrammet er sterkt forenklande. Det seier ikkje anna enn at terminologisk motivasjon skal vera kompatibel med motivasjonsomgrepet innanfor språkvitskapen i breiare meining. I dette ligg det altså at termmotivasjon ikkje er ein kvalitativt annleis type motivasjon enn det vi finn i det allmennspråklege leksikonet. Drøftinga vil likevel visa at omgrepet er mest arbeidd med og mest aktivt tillempa i terminologien, trass i mangelen på teoretisk stringens, og dét har å gjera med den sterke normative statusen omgrepet har. Dei terminologiske tradisjonane vi drøftar nedanfor, kan gje inntrykk av at det er terminologien som er sjølv utgangspunktet for debatten, men det stemmer altså ikkje.

Det må òg peikast på at språkvitskapen langt frå har hatt eitt og berre eitt syn på motivasjon. Sjølv om dei fleste i dag har vore vane med Saussures tese om det arbitrære ved teiknet, har synet på motivasjon gått i bølger, og utgangspunktet kan søkjast i diskusjonen i Platons *Kratylos* om det 'naturlege' eller 'konvensjonelle' ved namn. Det er ikkje mogeleg å gå inn på alle desse ulike posisjonane i språkvitskapen, og eg nøyer meg med å visa til Simeone 1995 som har peika på den viktige kjensgjerninga at arbitraritetsprinsippet alltid har vore omstridd og motarbeidd:


linguistics has never managed to solve the 'Problem of Cratylus' – how the experience of the world is converted into, or mirrored in, language [...] a respectable part of the Western tradition in linguistics and philosophy of language can be viewed as a sort of struggle against the prevalence of arbitrariness. (Simeone 1995: vii og viii)

Motivasjonsprinsippet står i dag sterkare i språkvitskapen enn det har gjort i strukturalistiske og generative retningar, og dette kan knytast til kognitive og funksjonalistiske tilnærmingar, ofte knytt til omgrepet 'ikonisitet' heller enn til 'motivasjon'. Av denne grunnen gjev eg plass i dette kapittelet til Radden og Panther 2004, fordi deira syn på motivasjon er nyttig for terminologiforskinga, trass i at denne avhandlinga ikkje er skriven med systematisk utgangspunkt i kognitiv teori. I dette ligg det ingen polemikk mot Saussure (jf. Laurén, Myking & Picht 1997: 62–

95). Vi må leggja til grunn at alle språkteikn er *symbol* og dermed pr. definisjon konvensjonaliserte teikn, men at dei kan ha ikoniske eller indeksikale eigenskapar som er verdt å studera. Relasjonen mellom innhald og uttrykk er arbitrær, men ikkje nødvendigvis umotivert (Laurén, Myking og Picht 2008): Relasjonen er arbitrær, fordi det alltid er mogeleg å erstatta ein representasjon med ein annan representasjon, men samstundes motivert, fordi representasjonen (uttrykket, termen) ofte har eigenskapar ved seg som er ikkje-tilfeldige og som tilfører 'hint' om kva som ligg i det representerte omgrepet. Det er det siste aspektet denne avhandlinga drøftar. Den semiotiske og tilsynelatande ukurante kompatibiliteten mellom arbitraritet og motivasjon er tilsynelatande eit paradoks, men i så fall eit paradoks vi rett og slett må handtera:

Motivation og arbitraritet. Gensidig relation; da der er flere måder at motivere en uttryksside på (fx på forskjellige sprog og inden for et sprogs forskjellige kulturer) og da arbitraritet er lig med valgmuligheder, kan man sige, at det motiverede er arbitrært og det arbitrære er motiveret. (Laurén, Myking & Picht 2008: 92)

Figur 3 gjev ei framstilling av det semiotiske tilhøvet mellom motivasjon, arbitraritet, konvensjon og ikonisitet som eg byggjer denne framstillinga på:



Figur 3. Fire semiotiske parameterar (jf. Laurén, Myking & Picht 2008: 91, jf. òg figur 11 og 23)

Dei fire dimensjonane ligg til grunn for diskusjonen i kapittel 3, særleg dei tre første (jf. figur 11 og 23). Det viktige er her at både ikonisitet og motivasjon er sedde som kommunikative føresetnader, underordna dei semiotiske.

Studiet av motivasjon er altså i dag ikkje i utakt med utviklinga i språkvitskapen, men kan tvert om innordnast i eit moderne forskingsprogram. Lita Lundqvist (1998: 17) antydgar ein 'linguistic turn' i fagspråkforskinga med grunnlag i Pierre Lerats klære opposisjon mot den saussurske, språkimmanente tilnærminga til språkvitskapen: Lerat hevdar (1998: 101f., særleg 109) at det einaste saussurske prinsippet som er operativt i fagspråkforsking, er morfologisk motivasjon (det vil seia den relative), som òg kan overførast på analysen av meiningsskaping gjennom ekstraverbale teikn. Med unntak av Temmerman (2000) kan dei fleste terminologiske forskingsarbeida som er drøfta i denne framstillinga, plasserast innanfor variantar av strukturalistisk lingvistikk som legg vekt på funksjonelle aspekt – prag-strukturalismen er til dømes tydeleg i Drozd og Seibicke 1973. Generative arbeid som har teke opp terminologisk relevante aspekt ved motivasjon, er derimot ikkje lette å finna. Temmermans kognitive tilnærming til terminologien plasserer henne i nær kontakt med tidsaktuelle straumdrag i lingvistisk teori, og der har altså omgrepet motivasjon på ny fått ein viktig plass. Det er mi vurdering at kognitive aspekt kan hjelpa til å klårleggja ein del viktige aspekt ved omgrepet slik det er brukt i terminologien, endå om slike arbeid ikkje tek opp terminologi spesifikt. Som nemnt i kapittel 1 må teori forankrast i empiri, medan det er den teoretiske omgrepshistoria som er utgangspunktet og hovudmålet for dette arbeidet. 'Motivasjon i terminologi' er altså dobbeltydig, det kan tolkast med referanse både til språket og til vitskapen om språket. Radden og Panther tek derimot opp 'motivation in language', ikkje 'motivation in linguistics', sjølv om desse to aspekta heng saman.

Kognitiv språkvitskap meiner altså, ifølgje Radden og Panther, at det meste i språket er motivert, men ikkje alt. Analogt med dette meiner, som vi skal sjå, dei fleste terminologiske standardverka at størstedelen av eksisterande termar er motiverte (i lingvistisk forstand, sjå seksjon 2.1). Begge desse tradisjonane opererer altså med omgrepet 'motivasjon' som ein viktig og vesentleg eigenskap ved språket (meir spesifikt i vår samanheng: leksikalske einingar). Og i begge tradisjonane er det eit anna felles element, nemleg at motivasjon er verksamt som prinsipp i teneste for kommunikasjon, det går ut på å gjera språklege uttrykk meiningsfulle og dermed lettare kommunikable. Endeleg meiner desse forfattarane at det enno ikkje finst nokon 'unified theory' om motivasjon, og underforstått, at ein slik teori trengst (Radden og Panther 2004: 2). I denne avhandlinga er det på heilt tilsvarande vis ein berande påstand at det ikkje finst ein samanhengande teori om motivasjon i

terminologien (dokumentert i sitatsamlinga i 2.1), men at ein slik teori trengst. Eg har tidlegare hevda (Myking 2001b) at det vil vera eit stort problem for terminologien å halda fast ved grunnleggjande aksiom som språkvitskapen vrakar, og i terminologihistoria har det vore ein del slike tema. No kan ein altså slå fast at dette problemet ikkje lenger set noko skilje mellom terminologi og språkvitskap, slik det nok kan ha gjort mellom terminologi og språkvitskap i periodar då generative tilnærmingar har dominert.

2.1 Ei sitatsamling

2.1.0 Innleiing

I denne sitatsamlinga er det lagt vekt på å få med synspunkt som definerer 'motivasjon' som omgrep, og synspunkt som seier noko om den normative funksjonen av motivasjon som prinsipp (og som altså gjer det til tema for denne avhandlinga). Oversynet tek ikkje sikte på å vera komplett, men derimot illustrerande for momenta i diskusjonen. Eg har lagt vekt på at standardar, lærebøker og viktige referanseverk om fagspråk og terminologi skal vera representerte, dessutan andre språkvitskaplege drøftingar med klår tilknytning til terminologi. Seinare i dette kapittelet vert utvalde delar av litteraturgrunnlaget drøfta i større djupn (seksjon 2.2), og eg gjev der ein noko større presentasjon av dei semiotiske og lingvistiske implikasjonane som ligg i motivasjonsomgrepet og som er viktige for terminologien.

På eitt punkt kan oppstillingane nedanfor gje feil inntrykk: Oversynet gjev inntrykk av at motivasjon er grundig diskutert og spelar ei viktig rolle som eksplisitt 'parameter' i terminologisk teoridanning, men dette stemmer berre delvis. Nokre tradisjonar, som den sovjetiske/russiske, har lagt stor vekt på omgrepet og ført den teoretiske diskusjonen langt, medan andre tilnærmingar ser ut til å byggja på traderingar av relativt allmenne synsmåtar innanfor språkplanlegging. Interessant nok er det ingen eigen termpost med *motivasjon* som oppslagsform i dei nordiske listene over *Terminologiens terminologi* frå 1989 (= *Nordterm 2*) og 2005 (= *Nordterm 13*, unntaket er den finlandske *TSK9*, sjå nedanfor), jf. derimot omgrep som 'selvforklarende' eller 'beskrivningsförmåga'. Heller ikkje finn vi motivasjon som oppslag i *Nordisk leksikografisk ordbok* (Bergenholtz m.fl. (1997)). Motivasjon er heller ikkje utførleg drøfta i den store jamføringa av 'parameterposisjonar' i terminologiske 'skular' som Laurén og Picht gav ut i 1993 (Laurén & Picht 1993). Dei hevdar at alle 'skulane' i terminologien er samde om at det trengst retningsliner for termdanning, sjølv om desse retningslinene oftast er generelle og aldri kan vera

motsetnadsfrie. Laurén og Picht hevdar i oppsummeringa av Wien-tradisjonen i terminologien (1993: 517) at nemningssystemet ikkje er ein *conditio sine qua non* i motsetnad til omgrepssystemet, og i dette ligg det at dei to nivåa er arbitrært samankopla. Men, hevdar dei, ”Motiviertheit und Konsistenz von Benennungen innerhalb eines Benennungssystem werden besonders hervorgehoben” (Laurén & Picht 1993: 529), og i det ligg det at motivasjon er ein nyttig, men sekundær og ikkje avgjerande faktor. Derimot er motivasjon gjeve ein viktig plass som parameter for den nye sosiokognitive terminologien som er representert av Temmerman 2000, og som er meir semasiologisk orientert enn Wien-tradisjonen (jf. nedanfor, dessutan Myking 2001b).

2.1.1 *Kunnskap via språkssystemet*

Mange definisjonar er relativt generelle og passar like godt på det allmenne leksikonet som på terminologi. Det semiotiske grunnprinsippet er at språkssystemet er ei koding av kunnskap, dermed gagnar det kunnskapsutviklinga at den nye kunnskapen kan koplast til den eksisterande gjennom bruk av språklege ressursar som eksisterer frå før:

- 1 *Motivation:* Projicering af en del af indholdssiden ind i udtrykssiden, således at udtrykssiden gør det muligt at associere indholdssidens viden med allerede eksisterende viden. (Laurén, Myking & Picht 2008: 89)
- 2 Si le seul contenu évoqué par la forme du terme n'est que celui du sens global, le terme est arbitraire (ex. pompe). Si, en plus du sens global, la forme suggère des éléments de contenu qui indiquent pourquoi la forme est employée pour désigner (symboliser) le sens donné, le terme est motivé (descriptif, ex. pompage [...]). (Kocourek 1991: 172)

Altså er motivasjon knytt til bruk av språkssystemet (jf. seksjon 3.2 om ’intern’ motivasjon):

- 3 språkets evne til å [...] gi ordene en form som setter språkbrukeren på sporet etter innholdet. Slike ord eller orddeler kaller man motiverte tegn. (Flydal 1983: 102)
- 4 Når språktegn er forståelige ut fra forutgående kunnskap om tegnets bestanddelar eller reglene for sammenstilling av disse, kalles tegnet internt motivert

eller systemmotivert. Også da er tegnet selvforklarende eller selvdefinerende. (Flydal 1983: 104)

Og dermed viser motivasjon seg som det at eit uttrykk (term, nemning) er komponert av leksikalske element:

- 5 Die weitaus meisten Wortbildungsprodukte in technischen Terminologien und technischen Fachtexten sind motiviert, d.h. sie enthalten lexikalische Elemente, die einen Hinweis auf ihre Bedeutung, auf den benannten Begriff liefern. (Neubert 1985: 1)

Uttrykket *element* (sitat 2 og 5) er ikkje nærare presisert. Det kan tolkast som morfem, og dermed kan det knytast til det synet at kvart element samstundes er ei realisering av eit kjenneteikn ved omgrepet (sjå nedanfor). Dette synet på nemningsdanning som seleksjon av kjenneteikn har sterk støtte i allmenn semantisk teori. Med støtte i dette gjer Worren samansetjing til eit definatorisk kjenneteikn ved motivasjon:

- 6 **leksikalsk motivering** prosess som fører til at eit omgrep får ei nemning ved hjelp av ei samansetning med utgangspunkt i særdraga i samansetningsdelane der valet frå desse særdraga korkje er vilkårleg eller sjølvsgt. (Worren 1997: 58)

Definisjonen passar like godt på terminologi som i allmenn leksikologi. Seleksjonsprosessen kan vera umedviten eller styrt, og meir eller mindre systematisk, men motiveringsmekanismane er grunnleggjande like i allmennspråk og terminologi. Definisjonen impliserer samstundes – og dette er ei vanleg forenkling i terminologien òg – at morfologisk samansetjing er den einaste representasjonsforma. Dette er ut frå diskusjonen i kapittel 3 eit for snevert syn på motivasjon. Radden og Panther meir kognitive definisjon er såleis opnare og mindre fastlåst til morfologi og morfologisk motivasjon:

- 7 A linguistic unit (target) is motivated if some of its properties are shaped by a linguistic source (form and/or content) and language-independent factors. (Radden & Panther 2004: 3)

At motivasjon byggjer på ei 'kjelde' er det same som å seia at det finst ein motiverande basis, men som det går fram nedanfor i seksjon 3.1, er ikkje 'basis' låst til morfologi.

2.1.2 *Utsegnskraft gjennom kjenneteikn*

I generelle vendingar vert det stilt krav til at termane skal seia noko om omgrepsinnhaldet: Termar bør vera nøyaktige, utsegnskraftige, beskrivingskraftige, sjølvforklarande, dei bør vera lette å forstå, bør gje ei beskriving av omgrepet, og gje ei 'førestelling' om referenten. Ofte er dette deskriptive og definatoriske kjenneteikn ved motivasjonsomgrepet framstilte som normative krav. Nøkkelordet er som nemnt i førre punkt at kjenneteikn ved omgrepet skal komma til syne i termen:

- 8 Benennungen sollen [...] einprägsam [sein]. (DIN 2330 1979: 10)
- 9 Accuracy (motivation) [...] A term should [...] be accurate [...] A term [...] should reflect, as far as possible, the characteristics of the concept which are given in the definition. (ISO 704 1987: 12)
- 10 The motivation of a term should be self-evident; the term should be logical and to a high degree self-explanatory. (Picht & Draskau 1985: 114)
- 11 At en term er motivert, tilsvarer kravet om gjennomsiktligheit – det at uttrykket utsier noe om begrepsinnholdet. (Roald 1985: 273)
- 12 Fagudtryk skal være selvforklarende og systemrigtige. Et **selvforklarende** uttryk opnås ofte bedst ved sammensetning, afledning eller en ordgruppe, hvor de enkelte elementer afspejler de karakteristiske træk, som tilsammen kender tegner begrebet. (Madsen 1999: 110)
- 13 Termerna fungerar väl om de återspeglar något kännetecken i definitionerna [...]. (Laurén 1987: 98)
- 14 [...] motivert term [...] term som ger en god föreställning om begreppet. (TSK 9, 1986)
- 15 Daß Termini präzise und verständlich sind, läßt sich insbesondere dadurch erreichen, daß sie nach klaren, verständlichen Prinzipien gebildet werden, daß also Elemente des Begriffs in der Art und Struktur der Benennung zum Ausdruck kommen. In diesem Fall spricht man von motivierten (oder transparenten) Termini. (Arntz, Picht & Mayer 2002: 123)

Den normative styrken i desse sitata varierer. Om Wüsters uttrykk 'einprägsam' er relevant å dra inn, er eit moment som må drøftast nærare nedanfor (avsnitt 2.2.1): Det ligg jo nær å tolka synspunktet slik at det som er lett å hugsa, er det som er beskrivande og informativt, men denne samanhengen er ikkje innlysande: eit uttrykk kan vel like gjerne hugsast på grunnlag av ytre, formelle kjenneteikn.

2.1.3 Rangering av kjenneteikn

Dei generelle krava, uttrykte ved karakteristikkar som 'god førestelling', er i mange av sitata spesifiserte i retning omgrepsmotivasjon, som vi skal gå inn på i seksjon 3.2. Semantiske kjenneteikn skal reflekterast i termen, målt i tal og kvalitet. Men krava har ulik styrke, frå at termen skal visa "något" kjenneteikn (jf. 2.1.2, Laurén 1987, sitat 13) til at full motivasjon gjer definisjonen redundant (nedanfor, sitat 42, Leitchik og Shelov 2003). Mellom desse ytterpunktta er det flittig bruk av kvalitative adjektiv, og stikkord som 'väsentligt', 'essential', 'important', 'Wesens-' er vanlege:

- 16 Motivated terms (terms which reflect important characteristics) shall be preferred (ISO WD 919 1985: 15)
- 17 Terms should be created wherever possible with specific reference to the characteristics of the concepts they represent so that the component senses represent the main distinctive semantic features of the concept. (BS 3669/1963, sit. Sager m.fl. 1980: 288)
- 18 The constituents of terms should represent the most important characteristics of the concept. (Felber 1984: 19)
- 19 Die Benennung muß auf den auszudrückenden Begriff genau bezogen sein. Die Wörter und Wortverbindungen, die die wissenschaftlichen und technischen Begriffe zum Ausdruck bringen, müssen die Wesensmerkmale ihrer Gegenstände kennzeichnen. (Nathanson 1968: 1)
- 20 A systematic method of designation will attempt to reflect in the term the essential relationships that operate among concepts (Sager m.fl. 1980: 249)
- 21 Beskrivningsförmåga eller semantisk genomskinlighet [...] Det är en fördel för inläringen och förståendet av ett uttryck, om det berättar någonting väsentligt om den sak det benämner [...]. (Haarala 1983: 48)

- 22 Bekanntlich kann man entweder motivierte Termini (auch sprechende T.) oder nichtmotivierte Termini bilden [...]. (Drozd & Seibicke 1973: 54, jf. òg s. 159)

Men spesifikasjonane kan òg gjelda 'mindestens ein':

- 23 Motiviert werden jene Termini genannt, in denen mindestens ein Merkmal des Begriffs im sprachlichen Zeichen repräsentiert ist. (Spiegel 1985: 30)

I desse sitata er det ikkje sagt korleis slike representasjonar skal utformast. I sitat 24 er derimot kravet eksplisitt kopla til strategien omsetjingslån:

- 24 A term must reflect the characteristics of an object. Thus, translation of borrowings by meaning is preferable to transliteration because the former can better express the characteristics of a concept in the Chinese language. (Wu & Zhang 1985: 18)

Dette er eigentleg berre ein variant av kravet om morfologisk motivasjon, fordi omsetjingslån er dobbeltmotiverte av både morfologisk motivasjon og teikn-til-teikn-motivasjon (sjå diskusjon i seksjon 3.2).

2.1.4 Demokratisme vs. filologisme: fagekstern eller fagintern?

Dei fleste momenta vi har sett på til no, kan tolkast som faginterne krav, dvs. krav som gjeld utforming av termar til bruk i fagleg kommunikasjon innanfor eit fagspråkleg domene. Dette hindrar ikkje at prinsippa kan vera gagnlege i fageksterne samanhengar, og det er ei svært vanleg tolking av motivasjonsprinsippet at det handlar om å førebyggja språkkløfter i samfunnet. At motivasjonsprinsippet skal tena som brubyggjar mellom fagfolk og lekfolk, vil då seia at termdanninga må byggja på element frå allmennspråket. Det er ikkje så vanleg å sjå slike synspunkt i skriftlege kjelder som ein skulle tru, men dei finst:

- 25 [Vi har] ellers anvendt semantisk motivasjon når bildene er kjente fra annen bruk eller følger et anerkjent mønster, for eksempel kubbeventil (barstock valve) (Roald 1986a: 20)
- 26 Når en prøver å lage norsk terminologi, er det om å gjøre å finne ord som er dekkende og mest mulig selvforklarende. Det betydningsinnholdet et ord skal ha, bør svare til det en med rimelighet kan vente ut fra hva ordet eller delene av

det betyr i vanlig norsk. (Landfald 1987: 218)

Særleg sitat 25, men òg 26, kan sjølvsagt òg tolkast som semantisk-strukturelle argument. Vi ser likevel ofte reflektert at termar skal gje ei god beskriving for folk flest, at termar skal utformast så dei minskar avstanden mellom fagspråk og allmennspråk, derfor skal heller ikkje orddelar ha semantiske avvik frå allmennspråket. At dette synspunktet har spela ei rolle i terminologisk teori, kan lesast ut av dette sitatet frå Rondeau, som legg vekt på at allmennspråklege konnotasjonar kan interferera negativt på termdanninga. Det vert då samstundes eit argument mot puristiske løysingar og i praksis for bruk av 'lærd' orddanning på gresk-latinsk basis:

- 27 Motivation. Voilà une qualité désirable, mais qu'il faut éviter de rechercher à tout prix. Au contraire, quand la motivation s'appuie sur des rapports sémantiques dérivés de la langue commune, elle peut être nuisible, car elle aura tendance à encombrer le néonyme de connotations qui n'ont rien à voir avec la notion à exprimer. (Rondeau 1984: 135)

Vinje (1983) knyter motivasjon til den språklege ideen om 'demokratisme', som er sett fram av Karl-Hampus Dahlstedt:

- 28 Den som hyller demokratisme [...] som ideal for språklig normering, vil gjerne favorisere motiverte eller gjennomskinnelige ord, fordi de letter adgangen for store folkegrupper til boklig kunnskap. (Vinje 1983: 18)

For normativ terminologi er dette eitt av dei kritiske punkta der faginterne krav kan komma i motstrid til allmennkulturelle, og på dette punktet er det store skilnader mellom språksamfunn. Motivasjon er ofte assosiert med ei restriktiv haldning til lån og tilsvarende favorisering av avløyning gjennom nasjonalt, 'heimleg' ord- og morfemstoff. Om terminologiarbeidet i det nordiske språkområdet seier ikkje Laurén og Picht noko spesifikt, men understrekar det faginterne kravet om at motivasjon skal byggja på omgrepet og definisjonen:

- 29 Besonders Gewicht wird im Rahmen der Sprachplanung auf die sprachlich korrekte und wenn möglich motivierte Benennungsbildung gelegt, die ihren Ausgangspunkt im Begriff bzw. in der Definition desselben nimmt. (Laurén & Picht 1993: 520)

Allmenn purismeteori har diskutert om motivasjonsprinsippet har eigenverdi eller berre er ei psykologisk rasjonalisering av det ideologiske prinsippet om purisme, jf.

2.2.8 nedanfor. Men i islandsk terminologisk og allmenn språkplanlegging har denne tolkinga av motivasjonsprinsippet spela ei svært viktig rolle:

- 30 One of the demands made on Icelandic terms is that they be transparent (Arna-son & Helgadóttir 1993: 10, jf. òg 15 f.)
- 31 Terms that are considered transparent and motivated like the famous examples *sími* (telephone), *útvarp* (radio (broadcasting)), *sjónvarp* (television) and *tölva* (computer). (Helgadóttir 1987: 112)

At tolkinga av 'transparent' kanskje ikkje held mål reint semiotisk og morfologisk, har òg Sigrún Helgadóttir peika på, sjå nedanfor, sitat 44. Drozd og Seibicke (1973: 129, 135) átvarar òg mot å forveksla motivasjon med purisme, medan Wu og Zhang som vi såg hevdar at omsetjingslån er betre enn formell tilpassing på grunn av at denne strategien gjev høve til omgrepsmotivering. Når ein ser punktet i samanheng med det føregåande, så er det kanskje påfallande at kravet om å bruka nasjonalt ordstoff ikkje kjem oftare, sterkare og meir direkte til uttrykk i sitatsamlinga, men prinsippet er sjølv sagt ein logisk konsekvens av prinsippet om at termar skal vera kjende og forståelege for folk flest, i og med at 'heimleg' ordstoff i det store og heile er meir 'kjent' for folk flest. Hjø Wüster kjem dette til uttrykk i prinsippet om *Merkhilfe* (sjå nedanfor, 2.2.1). Vi kjem òg tilbake til desse spørsmåla i avsnitt 2.2.8.

2.1.5 *Strukturell og semantisk integrering*

I sitat 17 og 20 av Sager (jf. ovanfor) heitte det at termane skal byggjast opp slik at dei viser relasjonane mellom omgrepa, altså eit ideal om korrelasjon mellom omgreps- og termstruktur. Vinje er inne på det same når han framhevar at motivasjon inneber språkleg integrering og støtte, jf. òg sitat 3 og 4 av Flydal ovanfor:

- 32 *Molekylspalting* er et motivert ord, i den forstand at den som fra før kjenner ordene *molekyl* og *spalting*, får en viss forestilling om hva molekylspalting handler om, når han første gang hører ordet. *Krakking* mangler slik motivering; det er et ord som står isolert i språket, uten semantisk støtte fra andre ord. (Vinje 1983: 18)

Det strukturvisande argumentet kan ha mange styrkegrader, det er skilnad mellom sitat 3 og 4 på den eine sida, og 17 og 20 på den andre. Vinje peikar på at morfo-

logisk motivasjon truleg gjer spesiell nytte for seg i generiske omgrepssystem (Vinje 1983: 19), og dette hevdar Bodil Nistrup Madsen heilt eksplisitt:

- 33 Fagudtryk skal være selvforklarende og systemrigtige. [...] Kravet om at fagudtryk skal være selvforklarende, henger snævert sammen med, at uttrykkene skal være **systemrigtige**, dvs. at uttrykkene for begreber inden for et begrebssystem så vidt muligt skal afspejle generiske begrebsrelationer. Kernen i en sammenætning eller en ordgruppe, dvs. det semantisk overordnede element, skal så vidt muligt svare til overbegrebet. (Madsen 1999: 111, jf. sitat 12)

Det er altså særleg den morfologiske motivasjonen gjennom determinativ komposisjon som kan indikera relasjonar mellom generisk og spesifikt omgrep. I standardisering og nomenklatur er dette prinsippet velkjent og viktig, men talet på determinerande ledd er avgrensa, og determinativ samansetjing kan ikkje reflektera særleg mange nivå i eit omgrepshierarki, oftast berre to. Det er derfor svært vanskeleg å tillempa dette prinsippet på polyhierarkiske omgrepssystem, seier Madsen (1999: 112). Strukturvising kan òg presupponera at morfologisk motivasjon ikkje er like nødvendig på det generiske nivået. På den eine sida kan kravet om strukturvising og isomorfi mellom omgreps- og uttrykksstruktur tilsynelatande formulerast svakare: Ikkje som krav til heile termsystem på onomasiologisk grunnlag, men som morfosemantiske krav til einskildtermar, og helst då generiske, når valet står mellom ein simpleks og ein fleirmorfemisk variant. På den andre sida er det på det generiske nivået dei funksjonelt og kulturelt viktige problema oppstår, for der handlar det oftare om å ta inn nye generiske leksem som morfologisk motiverte uttrykk eller som direktelån, som *molekylspalting* vs. *krakking*. At einskildtermar 'inneheld leksikalske element' som indikerer omgrepstydinga (jf. sitat 2 og 5 ovanfor), kan gje dei ein sterkare grad av morfosemantisk integrasjon i språket. Termen får semantisk støtte og står ikkje isolert i språket, dette kan letta innlæring og forståing på grunnlag av komposisjonalitet, og truleg mest typisk på det generiske nivået.

Likevel er prinsippet om strukturvising grunnleggjande viktig for oppbygginga av systematiske taksonomiar, nomenklatur og liknande – dette er jo ei triviell kjensgjerning. Prinsippet om strukturvising og språkleg støtte kan altså ha ulike typologiske og funksjonelle implikasjonar på det generiske og det spesifikke nivået, slik vi skal sjå i kapittel 4. Når det gjeld andre typar semantiske relasjonar, som partitive, har kravet om strukturvising inga mening, seier Madsen (1999: 111). Men språkleg koding av partitive relasjonar skjer der òg truleg oftast gjennom morfologisk motivasjon, jf. frå Materialet: *plattformfot* = "Plattformunderstell [...]", dvs.

”plattformens understell”, ikkje ”*understell av typen plattform”. Morfologisk motivasjon som kodingsform er altså prinsipielt arbitrær i høve til typen omgrepsrelasjon.

2.1.6 *Motivasjon = morfologisk motivasjon*

I dette sitatmaterialet kan vi ikkje så ofte sjå om ’motivasjon’ eksplisitt er assosiert med spesifikke lingvistiske kategoriar, dvs. om motivasjon utkrystalliserer seg i preferanse for spesifikke typar av orddanning innanfor det store repertoaret som språket har å tilby for leksikalsk og terminologisk vokster. Ovanfor såg vi likevel at omsetjingslån er rekna som meir tenleg enn formell, ytre tilpassing (translitterering, men òg norvagisering, jf. kapittel 3), og at semantisk motivasjon (proprium/eponym og liknande) kan vurderast som mindre tenlege enn morfologiske løysingar. Som alt nemnt ovanfor, disponerer dei fleste sitata for å knyta motivasjon sterkt til morfologisk termdanning, altså morfologisk-semantisk motivasjon. Av og til kjem det klårt til uttrykk, som i sitat 34, men av og til er det òg opna for fonetisk-fonologisk motivasjon, som i 35:

34 A term is motivated when a language user is able to deduce, at least partly, the meaning of the term from the analysis of its components. Words that respect the morphological laws are generally said to be motivated. (Sonneveld & Loening 1988: 2)

35 TERME MOTIVÉ **Terme** [...] dont le **sens** [...] global est dérivé du sens de ses constituants ou de sa **forme phonique**. (Boutin-Quesnel m.fl. 1979: 39)

Dette er eitt av kjerneproblema i diskusjonen om prinsippet, som vi skal gå nærare inn på nedanfor i seksjonane 2.2 og 3.2: Dersom leksikon kan delast inn i ’motivert’ og ’ikkje-motivert’, kva for ordtypar (dvs. termtypar) er det då som er ’motiverte’ eller ikkje? Eitt svar måtte vera at motiverte termar er termar som på eitt eller anna vis er komposisjonelle, analyserbare eller morfologisk komplekse: Korleis skulle det vera mogeleg elles å reflektera ”minst eitt” eller ”nokon” kjenneteikn i termar som ikkje er morfologisk analyserbare? Dette morfologiske synet står svært sterkt, jf. sitata 33 og 34. Interessant nok nemner sitat 35 eksplisitt fonetisk-fonologisk motivasjon, men ikkje semantisk. Temmerman (2000) hevdar at tradisjonell terminologi har vore negativ til metafordanning:

36 The use of figurative language like metaphorisation is one way of arriving at

motivated naming. The following quote [= sitat 27, Rondeau 1984: 135, JM] shows how Traditional terminology is phobic about this phenomenon. (Temmerman 2000: 44)

- 37 Jede Benennung soll wenn möglich erkennen lassen, wie sich der Begriff in das Begriffssystem einfügt (**”Merkhilfe”**). Aus diesem Grunde vermeidet die Sprachnormung tunlichst Fremdwörter und Zusammensetzungen mit Eigennamen. [...] Merkhilfe, Sprachreinheit und Eindeutigkeit sind Eigenschaften der **Sprachgüte**. (Wüster 2001: 258)

Synspunktet som Temmerman målber i sitat 36, er for unyansert, men er ikkje utan grunnlag i tradisjonen, som sitat 37 viser. Som vi skal sjå i seksjon 2.2 nedanfor, har nok haldninga til den konkurrerande motivasjonstypen metaforisering, eller semantisk motivasjon, vore ambivalent i terminologien. Det er likevel ikkje lett å finna normative sitat som eksplisitt rår frå bruken av semantisk motivasjon, og det er lett å finna eksempel på at ’nyare’ teori legg like stor vekt på morfologisk motivasjon som kjelde til terminologisk vokster som det ’tradisjonen’ har gjort. Både Antia (nedanfor, avsnitt 2.2.7) og Kageura (2002, jf. kapittel 1) er slike eksempel. Sitat 36 står i ein normativ tradisjon frå tekniske fag, medan til dømes medisinsk terminologi er rik på metonymi gjennom bruk av eigennamn.

2.1.7 Motivert = planlagt

Sitat 38 peikar på at det som kjenneteiknar termdanning, er ein høgare grad av plan og dermed lågare grad av arbitraritet enn allmenn orddanning. Det harmonerer godt med sitatet frå RaDT som innleiia avhandlinga (jf. seksjon 1.1) – det planlagde står i teneste for det demokratiske:

- 38 [...] it can be seen that special designation is on the whole less arbitrary and more consciously motivated and transparent than general. (Sager m.fl. 1980: 239)
- 39 Transparenz und Motivation der Fachausdrücke, Verständlichkeit und demokratische Aspekte des Abbaus von Informations- und Sprachbarrieren müssen dabei erhalten werden. (RaDT, jf. 1.1.)

Den morfologiske motivasjonstypen har systembyggjande eigenskapar som svarer til det terminologiske grunnprinsippet om ’ordning’, jf. sitat 33 ovanfor. I vitenskapleg

nomenklatur og anna systematisk namngjeving er det utarbeidd prinsipp og reglar for motivert namngjeving:

- 40 The naming of words [sic] is one of the most important and difficult activities in terminology work. Every new conceptual implication is to be indicated by a motivated term. In chemistry large amounts of research go into the formulation of motivation principles for name giving. [...] By combining coinciding conceptual characteristics, the terminologist can fulfil the human need for order. (Sonneveld & Loening 1988: 2)

Det er likevel verd å merka seg at dette ikkje impliserer bruk av 'gjennomsiktig' eller 'motivert' termdanning i tolkinga 'allmennspråkleg', som sitata 25 til 30 eksemplifiserer. Omsynet til fagintern systematikk favoriserer ofte bruk av 'lærd' gresk-latinsk orddanningsmateriale som ikkje utan vidare er 'forståeleg' for lekfolk. Som til dømes fagområdet medisin viser, har 'lærd' termdanning ofte resultert i synonymi og dublettar med termar laga av 'heimleg' og allmennspråkleg materiale. Dette er eit omfattande felt, men velkjent, og vi går ikkje nærare inn på det her.

2.1.8 *Kor sterkt står motivasjonsprinsippet i terminologien?*

Eg har peika på fleire gonger at vekta på omgrepssida har gjeve uttrykkssida ein sekundær status i terminologien – systematisk arbeid med uttrykkssida er ikkje noko *conditio sine qua non*, som det heitte ovanfor. Vi må ta omsyn til at prinsipp og retningslinjer for uttrykkssida kan skifta mellom språksamfunn, faglege domene eller teoretiske paradigme. Motivasjonsprinsippet er altså like kulturavhengig som andre normprinsipp. Men tre utvalde sitat som byggjer på dei vanlegaste definisjonane av motivasjon som vi har sett ovanfor, uttrykkjer òg sterke haldningar omkring den normative statusen for omgrepet (kursiveringar i sitata er ved JM):

- 41 Motivation = implementation of characteristics in naming [...] *Non-negotiable*: words formed must reflect characteristics of concept to be named. (Antia 2005: 1)
- 42 If not fully motivated by its constituents, the term must be defined (otherwise its concept remains uncertain); *full motivation* of a term by means of its direct or indirect (implied) constituents actually plays the role of a definition, thereby making the latter *absolutely superfluous*. (Leitchik & Shelov 2003: 89)

- 43 Es wird von uns vorgeschlagen, für ein *objektives Kriterium* im Prozeß der Normalisierung der Terminologie die Stufe der Motiviertheit einer terminologischen Einheit zu halten, unter welcher wir die Zusammenhänge zwischen der inneren Wortform (d.h. der buchstäblichen Bedeutung) und der Definition (der lexikalischen Bedeutung) eines Fachwortes verstehen [...] Eben jenes Fachwort gilt als „*ein besseres*“, passendes für den Gebrauch, *welches in seiner Form deutlicher und breiter den Sinn eines Begriffes widerspiegelt*. (Kyyak 2006: 133)

Desse sitata står i ein fagleg og kulturell kontekst som gjer at dei skal drøftast nærare nedanfor, jf. seksjon 2.2, men tener som eksempel på at motivasjonsprinsippet kan ha ein svært sterk posisjon i terminologisk språkplanlegging, kanskje særleg når det gjeld sekundær termdanning (sitat 40, sjå òg nedanfor, avsnitt 2.2.7). Sitat 42 er mindre representativt. Det uttrykkjer eit syn på forholdet mellom motivasjon og definisjon som bryt med det tradisjonelle synet på kva status definisjonen skal ha. Å hevda at motivasjon kan vera eit 'objektivt' kriterium for termval når det faktisk er ein valsituasjon, slik vi ser i sitat 43, kan derimot tolkast som eit balansert funksjonelt kriterium.

Når så mange sitat som i alle fall i utgangspunktet handlar om det same prinsippet, vert stilte opp i éin tabell, kan det lett gje inntrykk av at dette prinsippet har ein overordna og sentral posisjon som termdanningsprinsipp jamført med andre prinsipp. At "motivasjon er betre enn ikkje-motivasjon" (Temmerman, jf. sitat 36), og at "ikkje-motivasjon er ofte betre enn motivasjon" (Rondeau, jf. sitat 27), viser at det er spennvidd i synspunkta. At visse termdanningsstrategiar og dermed motivasjonstypar er 'betre' enn andre (jf. Wu & Zhang, sitat 24), er eit utbreidd syn. At morfologisk motivasjon er 'best', kan utleiast frå eit fleirtal av sitata, direkte eller indirekte. Til og med sitat 24, som byggjer på det morfologifattige språket kinesisk, viser dette, fordi også morfologifattige språk kan byggja opp komplekse leksikalske einingar – skiljet mellom kompositum og frase er på mange måtar arbitrært (sjå seksjon 3.2). Men det er framleis viktig å ha i minne at motivasjon berre er eitt av fleire termdanningsprinsipp, og at det kan finnast motsetnader mellom prinsippa som gjer at motivasjon tolka som ekspressivitet/informativitet må vika prioritet til dømes for motivasjon tolka som økonomi (jf. kapittel 4).

Det er sjølvsagt ikkje slik at ein 'treffande' term sluttar å vera eit lingvistisk symbol, og treffande, motiverte termar er derfor alltid utsette for demotivering. Derfor kan 'motivasjon' ofte verta eit omgrep med meir ideologisk enn reelt innhald.

Merknadene frå Sigrún Helgadóttir om islandsk orddanning om at konvensjonen er det viktigaste, er såleis på sin plass, ikkje minst i lys av sitat 42 ovanfor:

- 44 Very few living Icelanders will make any mental connection between *sími* and 'thread'. In that respect the term *sími* is completely untransparent. It is a label which has been put on this phenomenon and everybody understands by convention. (Helgadóttir 1987: 114)

Dei semiotiske problema omkring motivasjon og arbitraritet er diskuterte i Laurén, Myking & Picht (1997: 62–95), dessutan i Laurén, Myking & Picht 2008 (89 ff.), og vi skal komma tilbake til dei undervegs.

2.2 Viktige fagtradisjonar

2.2.0 *Innleiing*

I denne seksjonen skisserer eg motivasjonsoppfatningane i nokre teoretiske verk og tradisjonar som har stått sentralt innanfor terminologien eller som etter mi vurdering har sentrale implikasjonar for terminologien. To typologiar er særleg viktige og vert drøfta i nokon detalj: Drozd og Seibicke (1973) og Kocourek (1991). Til sist i oversynet viser eg korleis motivasjon på ny er vorte eit demarkasjonskriterium og ein viktig teoretisk parameter gjennom den nye inspirasjonen frå kognitiv lingvistikk, representert ved Temmerman (2000).

I dei arbeida som har forsøkt å identifisera og samanlikna terminologisk 'skuledanning', har ikkje motivasjon alltid spela noka viktig rolle. Det er f.eks. ikkje drøfta eksplisitt i Laurén og Picht (1993), men derimot kort i Myking (2001b), som diskuterer skilnaden mellom den 'tradisjonelle' terminologien og dei nye 'sosio-kritiske' retningane. Den drøftinga byggjer først og fremst på Temmerman (2000), som sterkast og mest eksplisitt set motivasjon som eit skiljemerke mellom gammalt og nytt, slik sitatet hennar med kritikk av Rondeau ovanfor (sitat 36) klårt viser. Det vil gå fram av diskusjonen at eg ikkje finn alle moment i denne kritikken rimelege.

2.2.1 Wüster

2.2.1.1 Omgrepet 'Merkhilfe'

Eugen Wüster er framleis det viktigaste referansepunktet for teoretisk debatt. Wüster har vorte ståande som den viktigaste talsmannen for omgrepsbasert (onomasiologisk) terminologi, men i den tidlege fasen av arbeidet var han som kjent oppteken av den rolla som det språklege uttrykket spela i internasjonal kommunikasjon, først og fremst som talsmann for internasjonal standardisering av termdanningsinventaret gjennom bruk av gresk og latinsk orddanningsstoff. I dei viktigaste arbeida av Wüster finn vi ikkje nytta termen *Motivation* verken som semantisk og semiotisk eigenskap ved leksem og termar eller som normativt krav, og sidan kommunikativ effektivitet er ei hovuddrivkraft i Wüsters terminologiske forskingsarbeid, er dette tilsynelatande underleg. Men dei bodskapsformidlande eigenskapane ved termar som elles er omtala under merkelappen motivasjon, svarer i stor grad til det Wüster diskuterer under omgrepet 'Merkhilfe', som finst omtala både i *Internationale Sprachnormung in der Technik* (Wüster 1966) og i *Einführung in die Allgemeine Terminologielehre und Terminologische Lexikographie* (Wüster 1985), dei to verka av Wüster det er verd å gå inn på her.

Omgrepet 'Merkhilfe' definerer Wüster slik: "Die (selbständige) Merkhilfe eines Ausdrucks ist der Zusammenhang zwischen Begriffsform und Bedeutung" (Wüster 1966: 268), altså samanhengen mellom det vi vil kalla morfosemantisk form eller motivasjonen til eit uttrykk ('Begriffsform') og sjølv omgrepet. Wüster følgjer Saussure når han seier at denne relasjonen i og for seg er fullstendig vilkårleg ('beliebig'), men at det i kommunikativ samheng er ein fordel om samanhengen mellom dei to nivåa er så innlysande, 'logisk' og lett å fatta som mogeleg: "Die selbständige Merkhilfe der Begriffsform soll möglichst groß sein" (1966: 111). Wüster er her ved kjerna i det terminologiske motivasjonsomgrepet.

Den tyske termen *Merkhilfe* er danna av verbet *merken*, som kan tyda både 'leggja merke til, observera' og 'hugsa'. *Merkhilfe* tyder altså 'lett å hugsa' (jf. engelsk 'mnemonic'), og det illustrerer at 'observasjon' og 'minne' heng nøye saman. Begge tolkingane er leksikalsk mogelege, men omgrepet 'Merkhilfe' skal forståast som 'minnehjelp', 'hjelp til å hugsa omgrepet'. Den same oppfatninga er uttrykt gjennom adjektivet *einprägsam* i terminologistandardar frå DIN (sitat 8, seksjon 2.1).⁸

⁸ Adjektivet *einprägsam*, av verbet *einprägen*, tyder "leicht zu merken" (Wahrig 1974, men svarer leksikalsk sett både til norsk "lett å huske" og til "markant, iørefallende, som gjør inntrykk". (Paulsen 1998).

Omgrepet 'Merkhilfe' ('minnehjelp') er altså ikkje fullt identisk med 'Motivation' eller 'Motiviertheit' slik desse omgrepa oftast er definert, men må ut frå konteksten oppfattast som nærsynonymt med motivasjon. Å 'leggja merke til' eit omgrep heng saman med å forstå det, for det ein forstår, hugsar ein betre enn det ein ikkje forstår. Det handlar altså om å nå fram til omgrepet på grunnlag av inferensielle operasjonar med utgangspunkt i det språklege uttrykket, og det er jo denne faktoren som er den sentrale når det gjeld motivasjon – avkoding av innhald med utgangspunkt i korleis uttrykket er bygt opp.

Som sitatsamlinga i seksjon 2.1 indikerer, er det ofte gjort ei kopling mellom motivasjon og spesifikke orddanningsmekanismer på den måten at orddanningsmekanismane er rangerte etter motivasjonsgrad: Motiverte uttrykk i form av omsetjingslån kan vurderast som lettare å forstå på grunn av at kjenneteikn kjem til uttrykk (bl.a. Wu & Zhang, ovanfor, sitat 24), og Wüster drøftar på same måten graden av 'Merkhilfe' ved spesielle termdanningsstrategiar. I *Sprachnormung* diskuterer Wüster fleire stader Merkhilfe som eigenskap ved ulike ordtypar: metaforar/metonym, ellipsar (forkortingar), men først og fremst ved internasjonalismar, som er det sentrale temaet i boka. Såleis drøftar han (Wüster 1966: 85) særleg balansen mellom dei to språklege kvalitetsegenskapane ('Sprachgüten') 'Bequemlichkeit' og 'Genauigkeit', altså *økonomi* mot *nøyaktigheit* (jf. ISO 704: 'accuracy', sitat 9). Desse to eigenskapane eller kommunikative behova må balanserast, men Wüster meiner at vitskapspråket tenderer sterkest mot nøyaktigheitspolen, kvardagspråket mot økonomipolen. Slike synsmåtar kjenner vi att frå nyare pragmatisk teori, både frå Grices teori om konversasjonsmaksimar og frå terminologiske skrifter, som Kocourek 1994 (jf. vidare kapittel 4).

Trass i den kategoriske formuleringa i sitat 37 ovanfor, seksjon 2.1, ville det likevel ikkje vera rimeleg å tolka Wüster slik at han fråkjenner alle andre ordtypar enn dei som er danna morfologisk, eigenskapen *Merkhilfe*. I *Sprachnormung* skildrar han det metaforiske termdanningspotensialet i menneskekroppen (jf. nedanfor, kapittel 4), og i *Einführung* (Wüster 1985: 53) fråkjenner han ikkje metaforar *Merkhilfe* eller normativ verdi i standardisering. Særleg kan det vera ein fordel å nytta metaforar som topptermar i generiske hierarki, fordi dei er korte og derfor økonomiske. Resonnementet er komplementært til det Vinje (1983: 19) seier om morfologisk motivasjon i hierarki. Han hevdar at den morfologiske motivasjonen gjer spesielt stor nytte der. I spesifikke og generisk underordna termar kan eit distinkt kjenneteikn utgjera førsteleddet, slik at det då er ein fordel om det generiske leddet er kort. Dette er altså ei kopling mellom typologi og funksjonalitet, og vi kjem tilbake til dette i kapittel 4. Dermed er det ikkje berre den morfologisk-semantiske motivasjonen som

har eigenskapen 'minnehjelp', sjølv om komplekse og maksimalt komposisjonelle uttrykk sjølvsagt fyller kriteriet på ein annan måte enn uttrykk som er morfologisk ikkje-analyserbare.

Fordelen med svakare komplekse uttrykk, medrekna ellipse og forkorting, er altså at dei er økonomiske. Wüster meiner likevel at visse avkortingsformer er uheldige, særleg forkortingar frå avleiingar og samansettingar – dei fører til uklåre homonym som lett kan forvekslast. Med aukande kompleksitet følgjer større 'Unterscheidbarkeit', medan former som tenderer mot det enkle eller monomorfemiske, òg tenderer mot større homonymi ('kontrastprinsippet', jf. kapittel 4). Derimot er ellipsar frå ordgrupper ifølgje Wüster mindre farlege, særleg substantiverte adjektiv: *das Elektrische*. På alle språk (som Wüster refererer til) viser slik substantivering at uttrykket refererer til ein eigenskap i ein nominalfrase, der altså kjerna er redundant. Adjektivet inneheld altså nok leksikalsk informasjon til at termen likevel har tilstrekkeleg med *Merkhilfe*. Dette vil i praksis seia at Wüster legg vekt på den internspråklege systemmotivasjonen (jf. seksjon 3.2.)

Når det gjeld lydmalande ord, seier Wüster at dette er den einaste typen av ord som har 'sjølvstendig' *Merkhilfe*, det vi i seksjon 3.2 skal diskutera som 'direkte' motivasjon. I lydmalande ord er det ikkje 'nasjonalspråklege element' som formidlar omgrepssinnhaldet, i alle fall ikkje per se, men fonemkombinasjonar med imitativ kraft.

Diskusjonen om dei kommunikative eigenskapane hjå semantisk motivasjon, metafor og metonymi er ein gjengangar i terminologien. Metaforar og metonym er ofte korte og økonomiske, og Wüster fråkjenner dei ikkje kommunikativ verdi, men ser dei likevel som mindre ideelle. Underledd som indikerer noko om omgrepets 'Wesensmerkmale' er ifølgje Wüster meir formålstenlege enn personnamn med grunntydinga "innført gjennom/av". *Wirbelströme* har trengt vekk *Foucaultsch Ströme*, bortsett frå i fysikken (Wüster 1966: 111f.). I dette biletet kan vi òg plassera inn sitat 19 i seksjon 2.1 (Nathanson). Den negative eller skeptiske haldninga til semantisk motivasjon (metafor, metonymi) har truleg vore meir utbreidd i normativt terminologiarbeid enn sitatsamlinga ovanfor har makta å visa – det veit vi frå ulike traderingar, og dette ser vi òg ut frå f.eks. Temmermans oppfatning av tradisjonell terminologi. Wüster går altså ikkje heilt fri dette paradokset, trass i dei positive merknadene om metaforar.

Når det gjeld problemet med internasjonale ord, skisserer Wüster ei rangering av kommunikative eigenskapar som rett og slett tek utgangspunkt i om språkbrukarane

kan eller ikkje *kan* framandspråket det er tale om. Det handlar særleg om fordelane med engelsk vs. gresk og latin, sidan Wüsters avhandling vart skriven på eit tidspunkt då engelsk enno ikkje hadde nådd fram til den posisjonen det har i dag. Internasjonale ord har ifølgje Wüster (1966: 268ff.) to manglar: For det første manglande *Merkhilfe*, for det andre manglande reinleik – altså ein kombinasjon av kognitive og kulturelle eigenskapar. Når det gjeld manglande *Merkhilfe*, så kjem den av at latin og (klassisk) gresk ikkje er levande morsmål, og derfor manglar *Merkhilfe* for ein vanleg 'monolingval' språkbrukar. Det Wüster kallar 'nyspråklege' nemningar ('neusprachliche', 1966: 268), t.d. *booster*, har derimot stor *Merkhilfe* for den som kan språket (altså engelsk, JM). Dersom *Merkhilfe* på denne måten vert kopla til det å kunna vedkommande språk, må prinsippet fungera på same måten for dei som kan dei klassiske språka likså vel som dei moderne, problemet er berre at det er færre av dei. Wüster hevdar dessutan at gresk-latinske ord har svak *Merkhilfe* sjølv for dei som er gresk/latin-kunnige, og viser til debatten om elektrotermar som *Impedanz*, *Resistanz* og *Reaktanz* som døme på det (1966: 268). Når det gjeld manglande reinleik, ser Wüster denne mangelen berre som ein puristisk-estetisk 'mangel' som ikkje er relevant for fagspråk og fagleg kommunikasjon (1966: 271). I Wüsters språkplanleggingsteori har reine puristisk-estetiske omsyn liten eller ingen plass. Det er det internasjonale kommunikative potensialet i internasjonale ord han utforskar.

Om internasjonalitet (Wüster 1966: 120) seier han elles mellom anna at samansettingar med særnamn er internasjonale, fordi slike personnamn i seg sjølv er internasjonale. Men dei har altså ikkje den same graden av *Merkhilfe* som 'vesensmotiverte' ord, jf. særleg sitat 37 i seksjon 2.1. Vi må helst vurdera dette som ein variant av debatten om metaforar og metonym, for dei semantisk svake sidene ved namn. Det at dei ikkje reflekterer 'viktige' kjenneteikn, kan ikkje kompensereast gjennom den internasjonale statusen. Det er ikkje umogeleg å finna andre refleksar av dette synet på eponym og andre former for semantisk motivasjon, men synspunktet er ikkje så vanleg i skriftlege kjelder som ein av og til kan få inntrykk av. Framfor alt viser fagområde som til dømes medisin at denne termdanningsstrategien høyrer til dei vanlegaste og kraftigaste (*Aarskogs syndrom*, *Huntingtons sjukdom*, *Downs syndrom* osv.), og som mellom andre Kageura peikar på (2002, jf. kapittel 1), kan ein komma til å oversjå dette dersom ein konsentrerer seg for einseitig om normative kjelder.

Når det gjeld internasjonal *Merkhilfe* av forkortingar, meiner Wüster at i visse tilfelle har forkortingar lik *Merkhilfe* for alle medlemmer av eit språksamfunn, men ulik *Merkhilfe* for medlemmer av ulike språksamfunn (Wüster 1966: 192). Den som er morsmålsbrukar, kjenner att det fulle syntagmet som utgjer den motiverande basisen

for ei forkorting, medan den som ikkje er morsmålsbrukar, berre kjenner forkortinga. Ei forkorting utan motiverande basis er altså svakare semantisk integrert i språket.

2.2.1.2 Omgrepet 'indre form' og samsvaret term–omgrep

I tyskspråkleg litteratur er omgrepet 'innere Form' mykje nytta, det gjeld òg den sovjetiske og russiske tradisjonen. Wüster skil mellom 'ytre' og 'indre' form slik:

Jede Benennung hat eine äußere Form (= Gestalt, Leibform). Die meisten Benennungen haben außerdem eine innere Form, d.h. eine wörtliche Bedeutung im Gegensatz zu der Endbedeutung. (Wüster 1985: 34)

Om den ytre forma seier han at ho skal passa best mogeleg inn i lydsystemet, vera kort og lett å uttala (1985: 35). Om den 'indre' forma, som altså er identisk med den morfosemantiske eller bokstavlege tydinga i leksemet, har han mykje å seia under 'Elementenverbindungen', særleg under avsnittet om 'Verbindungs-Sinnform', som handlar om korleis relasjonar på omgrepsplanet speglar seg av på uttrykksplanet (1985: 47ff.). Både i *Sprachnormung* og *Einführung* går han inn på dette. Det er såleis ein interessant parallell mellom Wüster på den eine sida, og Kageura (2002, jf. kapittel 1) og Antia (jf. avsnitt 2.2.7) på den andre, når dei i så stor grad framhevar den morfologiske motivasjonen som nyttig. Det er til dømes først og fremst i eit fullstendig motivert determinativkompositum at den determinative omgrepsstrukturen kan signaliserast med høg *Merkhilfe*. Alle semantiske eller morfologiske avkortingar som reduserer graden av 'Genauigkeit', reduserer jo òg graden av *Merkhilfe*.

2.2.1.3 'Merkhilfe' – eit graduelt omgrep

Laurén og Picht (1993: 516) vurderer Wüsters internasjonale 'terminologinøkkel' til å ha ein svak status i dag. Men dei hevdar at med omgrepet 'Sinnform', som Wüster innførte i ordmodellen sin frå 1959 (dvs. den morfosemantiske tydinga i eit komplekst teikn, inkl. metafor, jf. 'innere Form' nedanfor), kan ein term avspegla kjenneteikn ved omgrepet og får då høg sjølvforklaringsverdi. Termen er til hjelp for språkbrukaren fordi han er lett forståeleg og 'mnemonisch'. Harmonisering av denne 'Sinnform' er den nest beste løysinga for internasjonal kommunikasjon når direkte overtaking ikkje er mogeleg, t.d. i finsk ved lærd orddanning. Prinsippet er anerkjent i Wien-tradisjonen, hevdar forfattarane.

Kan omgrepet 'Merkhilfe' så operasjonaliserast? I denne avhandlinga må svaret vera nei. Om ein skulle testa eksperimentelt kva som var lettast å hugsa av engelsk og latin, ville det krevja ein heilt annan type undersøking. I vår samanheng står derfor dette først og fremst som eit forskingshistorisk synspunkt: For Wüster står det sentralt at kjende ordelement gjev lettare tilgang til omgrepet enn mindre kjende, og at tilgang til 'vesentlege' kjenneteikn ved omgrepet er viktigare enn tilgang til meir tilfeldige kjenneteikn.

Diskusjonen om *Merkhilfe* og den polysemien som ligg i grunnverbet *merken*, reiser likevel fleire interessante problem. Det kan som nemnt ikkje vera tvil om at Wüster med *Merkhilfe* siktar til det andre har kalla *motivasjon*, det at uttrykket kan gje hjelp til avkodning av innhaldet gjennom noko meir enn den reine konvensjonen. Men det at ein lett 'legg merke til' ein term (eit ord, uttrykk osv.), er ikkje pr. definisjon det same som at ein lett *forstår* termen. Andre eigenskapar kan vera like lette å hugsa, *Merkhilfe* kunne jo ha med reint ytre faktorar å gjera (eufoni, vellyd, rim m.m.). Det er lett å leggja merke til noko som er *markant*, men eit uttrykk kan i prinsippet vera markant berre gjennom ytre formelle drag som ikkje i seg sjølv realiserer noko semantisk element. Det 'markante' er på same tid 'avstikkande' og 'markert', og såleis i motstrid til det som andre ville ha kalla 'transparent', i tydinga 'gjennomsiktig' eller 'kjent' og 'vanleg'. Det er ikkje prinsipielt utenkjeleg at eit uttrykk med 'markant' form både er lett å leggja merke til og samstundes lett å hugsa, sjølv om ein ikkje har forstått innhaldet. Men dette gjev ei litt anna tyding til omgrepet 'motivert': Uttrykk som ein 'stansar opp ved', vil kunna kallast motiverte fordi ein legg merke til at det har 'noko ved seg'. Her er det altså ikkje identitet mellom 'motivert' og 'transparent', derimot kan begge delar rommast av tolkinga 'ikkje-tilfeldig', som vi skal sjå på avsnitt 2.2.10.3 og seksjon 2.3 nedanfor. Termar og andre leksikalske uttrykk kan vera lette å hugsa på grunn av reint ytre foniske eller grafiske eigenskapar, og det 'meiningstomme' kan utgjera ein motivasjon i seg sjølv. Wüster sjølv var inne på dette, og det same er Drozd og Seibicke (jf. nedanfor). I nyare namngjeving på firma, institusjonar og liknande kan dette utnyttast metodisk, det er truleg vanlegare der enn når det gjeld appellativiske uttrykk.

Med utgangspunkt i nyare språkteori kan det hevdast at Wüster argumenterer pragmatisk. Kjerna i omgrepet 'Merkhilfe' er faktoren /KJENT/, og dette er ein pragmatisk storleik – den viktigaste pragmatiske storleiken bak heile teorien om motivasjon. I eit komposisjonelt uttrykk vil ikkje komponentane gje mening for den som ikkje kjenner innhaldet i komponentane, og ein kjenner heller ikkje att eit uttrykk som komposisjonelt dersom ein ikkje er i stand til å sjå at det har delar. Det er dette poenget Ullmann peikar på når han seier at eit motivert ord må vera *opplevd*

som motivert (jf. nedanfor, avsnitt 2.2.2) – det har alltid eit subjektivt element ved seg. Ein minneteknisk faktor som 'assosiasjonskraft' kviler jo på den same pragmatiske faktoren /KJENT/, så slik sett kan ein hevda at både Wüster og andre som legg vekt på motivasjonsomgrepet, har røtene sine hjå Comenius og det hevdvunne pedagogiske prinsippet om å gå 'frå det kjende til det ukjende'.

Laurén og Picht (1993: 517) hevdar i oppsummeringa av Wien-tradisjonen i terminologien at nemningssystemet ikkje er ein *conditio sine qua non* i motsetnad til omgrepsystemet. Nemningssystemet kan etter denne tradisjonen danna eit transparent system, altså systemintern motivasjon på uttrykksplanet, om vi ser bort frå dette med Merkhilfe, og som system kan det letta forståinga for språkbrukaren. Internasjonalismar har høg status og skulle dermed ha like god nytte av systemaspektet. Eit viktig døme kunne vera Linnés botaniske nomenklatur: Som spesifikke uttrykkselement er det nytta meir eller miondre transparente eller kjende trivialnamn, og som uttrykk for 'vesenskjenneiteikn' i den isolerte einskildtermen skulle termdanningsprinsippet etter wüstersk tankegang ha svak Merkhilfe. Men vi kan innvenda at det paradigmatisk aspektet ved eit nomenklatur tilfører systemet ein grad av 'härledbarhet' (Svanlund 2002, jf. Nedanfor, seksjon 2.3) som òg representerer ei form for tolkingshjelp. Det at systemaspektet har mindre vekt enn før, kan altså ikkje nyttast som argument mot nytten av systematikk i vitskaplege nomenklatur, og 'Merkhilfe' er eit graduelt omgrep slik Wüster la det fram.

2.2.2 Ullmanns 'three types of motivation'

2.2.2.0 Innleiing

Stephen Ullmann (1967, 1972) skil mellom tre typar av motivasjon: fonetisk-fonologisk, morfologisk og semantisk. Han er ikkje den einaste lingvisten som har diskutert motivasjon, men han er kanskje den som i størst grad har prøvd å vidareutvikla omgrepet 'relativ motivasjon' etter Saussure. Det er i alle fall Ullmanns motivasjonstypar som er sterkast reflektert i terminologiske skrifter om dette omgrepet, og på mange måtar er Ullmann bindeleddet mellom Saussure og Drozd og Seibicke. Ullmann utvidar Saussures typologi med kategorien 'semantisk motivasjon', det vil seia metaforar og metonym. Desse to typane "obviously works the same way" som morfologisk motivasjon. Forholdet mellom opphavleg og faktisk tyding kan sjåast som ein type komposisjonaltitet eller analyserbarheit, og både morfologisk og semantisk motivasjon er dermed 'relativ' i saussursk meining. Berre onomatopoeitika er 'absolutt' motivasjon: Etter at morfologisk og semantisk analyse har gjort

sitt, "there is either onomatopoeia or pure conventionality" (Ullmann 1972: 92).

Tydinga av eit språkteikn er til sjuande og sist fastlagd av bruken, og ingen motivasjon kan m.a.o. vera komplett (i alle fall ikkje utan å enda i fullstendig definisjon eller parafrase). Å setja 'konvensjonell' synonymt med 'ugjennomsiktig', eller 'opak' er derfor uheldig (jf. òg Lyons 1977: 101), fordi språkteikn høyrer definatorisk til klassen symbol. Semantisk motivasjon vert ofte assosiert med 'ikonisitet' eller 'indeksikalitet', men når vi snakkar om ikonisitet ved teikn i naturleg språk (og ikkje ved andre system, som t.d. teiknspråk), er det såleis snakk om 'relative' eigenskapar, som i siste instans er underordna konvensjon. All motivasjon i naturleg språk er såleis relativ, ikkje berre den morfologiske. Som Lyons seier, "it is a relatively weak form of iconicity that is found in language" (1977: 103), og det same må vi kunna seia om indeksikalitet. Dei viktigaste kategoriane er *metaphor* og *metonym*, som kan sjåast som ikoniske respektive indeksikale. Desse to typane utgjer samstundes dei sentrale termdanningstypane av semantisk motivasjon i fagterminologisk samanheng.

Vi kan derimot godt seia at konvensjonen, altså den kollektive kontrakten mellom språkbrukarane, *åleine* står for tydingsformidlinga i 'opake' språkteikn, medan motivasjonen, som ein fakultativ tilleggseigenskap, *avlastar* konvensjonen i motiverte teikn. Sitatsamlinga og mange refererte verk elles i denne avhandlinga dokumenterer at dette synspunktet står sterkt (både Wüster og Radden & Panther, kvar på si side).

2.2.2.1 Ullmann: 'transparency' vs. 'opacity'

Sitatsamlinga i seksjon 2.1 viser at omgrepet 'gjennomsiktig' eller 'transparens' i gjengs morfologisk meining står sentralt i terminologien. Omgrepa 'motivert' og 'gjennomsiktig' ("transparent and motivated", "opaque and arbitrary") har nesten status av faste kollokasjonar hjå Ullmann, jf. At "every idiom contains words which are arbitrary and opaque, without any connexion between sound and sense, and others which are at least to some degree motivated and transparent" (Ullmann 1972: 81). Transparens ('gjennomsikt') må karakteriserast som eit *språkbrukaravhengig* omgrep som vanskeleg kan setjast på formel, og spørsmålet "gjennomsiktig for kven?" ligg alltid nær. Som Ullmann sjølv peikar på, ligg det eit *subjektivt* element i omgrepet 'motivasjon':

For a word to be so motivated, it must be *felt* to be a compound, a derivative, or a figurative expression. (Ullmann 1972: 93)

Ullmanns nøkkelord for opake leksem er 'unanalysable' (til dømes 1967: 81), dette òg i gjengs morfologisk meining, "noko som ikkje kan delast i meiningsberande element". Dette kan såleis fungera i analytisk samanheng for å slå fast om eit leksem er motivert (= analyserbart) eller ikkje. Dette tilfredsstillar kravet om eit klassifikatorisk motivasjonsomgrep – det vert bokstaveleg tale om 'oppdeling' i arbitrære, dvs. u-analyserbare element (jf. diskusjonen av komposisjonaltitet og analyserbarheit, seksjon 2.3 nedanfor). Men spørsmålet er kven det er som skal 'føla' motivasjonen: Er det folk flest, fageksperten på vedkommande kunnskapsdomene, eller lingvisten som analyserer termen (leksemet)? Lingvisten kan opplagt analysera seg fram til motivasjonen bak ein term utan at termen er opplevd som 'gjennomiktig' av språkbrukaren. Målet for denne drøftinga kan formulerast til å tøya grensene for kva som er 'motivert' eller ikkje, og vi er då nesten nøydde til å enda med eit motivasjonsomgrep som omfattar fleire leksem enn det den gjennomsnittlege språkbrukaren vil gjera. Men sjølv om lingvisten overtek språkbrukaren si rolle som tolkande individ, så er sjølvsagt ikkje ein slik analyse av motivert og ikkje-motivert 'objektiv', for lingvisten er òg ein språkbrukar. Som vi ser, er dette subjektive skjønnet til stades i vurderingane både hjå Neubert (1985, sitat 5) og Kocourek – den siste når han trekkjer motivasjon lenger mot etymotologi enn det som er vanleg i synkrone terminologiske tilnærmingar (jf. seksjon 3.2). Å tilskriva ord (leksem, termar) motivasjon kan enda opp i reine post hoc-tilordningar av lingvisten. Det må vera den gjennomsnittlege språkbrukaren sin intuisjon som skal vera referansegrunnlaget. I terminologisk samanheng må dette då vera den gjennomsnittlege domeneeksperten – ein 'modell-ekspert' innanfor eit fagområde som det er mogeleg å avgrensa nokolunde stabilt (sjå nedanfor, Antia, avsnitt 2.2.7).

Den morfologiske prosessen 'konfigering' ('lærd ordlaging' jf. Kocourek: 'formation savante', sjå seksjon 3.2) kan illustrera poenget. For Ullmann (1972: 114f.) er denne kategorien med på å setja eit typologisk skilje mellom tysk på den eine sida, engelsk og fransk på hi sida. Den store mengda konfiks gjer såleis engelsk til eit 'mindre motivert språk' enn tysk, og ein konsekvens av dette er ein sterkare språkbarriere mellom lek og lærd innanfor engelsk. For morfologen som ser på termar i kjemisk nomenklatur, er det truleg ein sjølvsagt ting at både tysk *Wasser+stoff*, norsk bokmål *vann+stoff* og gresk-latinsk *hydro+gen* er morfologisk ikkje-arbitrære, for begge eksempla er mogelege å analysera i morfologiske element som har paradigmatiske relasjonar. Det kunne faktisk verta eit ope spørsmål om kva for eit av desse alternativa som var 'mest gjennomiktig': Domeneeksperten ville kanskje leggja stor vekt på at *+gen* var kjend frå tilsvarande termar i det same termsystemet, og gjennomiktig i kraft av det, jf. diskusjonen ovanfor i 2.2.1.3.

Med Ullmann kan vi altså hevda at motivasjon representerer ei 'avlasting' av den reine konvensjonen. Total motivasjon er umogeleg, men total arbitraritet er like umogeleg. Motivasjon set ifølgje Ullmann og denne tradisjonen ordproduksjon og -persepsjon i stand til å byggja på kjende og eksisterande element i språkstrukturen, det er språkevna si realisering av prinsippet om å gå frå kjent til ukjent. Om denne evna ikkje fanst, ville ord- og omgrepsdanning ikkje kunna gå så lett og fleksibelt føre seg. Og omvendt er det den grunnleggjande arbitrariteten som gjer at vi kan laga ord for og snakka om ting det ikkje alt finst ord for.

2.2.2.2 *Nokre konsekvensar av Ullmanns syn*

Det problemet vi nett har drøfta, knyter seg til det å identifisera ein motiverande basis. Etter Ullmann er motivasjon ein relasjon mellom innhald og uttrykk, der innhaldet er kjelde eller basis for det motiverte uttrykket. I andre tilnærmingar vil relasjonar mellom leksikoneiningar òg kunna klassifiserast som motiverte relasjonar, t.d. homonymi og polysemi. Motivasjon er ein relasjon mellom *teikn*, men opererer primært mellom ulike sider av teiknet: form–innhald i eitt teikn, mellom innhalds- eller formsida i to teikn, osv. Ein del moment Ullmann peikar på som følgjer av motivasjon er vesentlege problemstillingar i terminologiarbeid, ikkje minst motsetnaden mellom 'folkeleg' og 'lærd' orddanning. Korleis avgjer vi så i praksis om eit språkteikn er motivert? Det er tre aspekt som då må reknast med.

1) Motivasjon er kumulativ, fordi fleire motivasjonstypar kan vera verksame innanfor eitt og same leksem (Ullmann 1972: 92). Ullmann peikar på at morfologisk komplekse døme som *raudstrupe* og *blåklukke* (*redbreast* og *bluebell*) er både morfologisk og semantisk motiverte, og at ein ved semantisk reduksjonsanalyse ("semantic reduction") kan nå ned til dei komplett opake, dvs. uanalyserbare, komponentane. For å forstå samspelet mellom motivasjonstypane må vi først spørja om begge/alle motivasjonstypar er likeverdige i eit slikt tilfelle, eller om den eine er overordna den andre. Det går knapt an å hevda at den morfologiske og den semantiske motivasjonen er likeverdig i eit døme som *raudstrupe*: Bahuvrihi-samansetningar er døme på metonymi, det primære motiverande sambandet går derfor mellom leksemet og den språkeksterne eigenskapen 'raud strupe' hjå fuglen det gjeld. I *blåklukke* er det vel metaforisk likskap som er motivasjonen ('som ser ut som'), men i begge tilfella er den semantiske motivasjonen her overordna den morfologiske, og samansetningane må reknast som morfologisk ikkje-komposisjonelle på det primære nivået. Men i ein oljeterm som *fiskereiskap* ('reiskap til å fiska med', der 'fiska' = 'få opp lause gjenstandar frå brønnen') er morfologisk

motivasjon overordna den semantiske. Samansetninga er komposisjonell, motivasjonsmønsteret er eitt av dei vanlegaste ved tekniske termar: 'fisking er funksjonen til reiskapen'. I førsteleddet har vi semantisk motivasjon av typen metafor (semantisk overføring), men altså då på eit sekundært nivå. Slik kumulativ motivasjon er svært vanleg, og er direkte relevant for terminologisk arbeid. Sjå nærare under utbygginga av Kocoureks termtypologi i seksjon 3.2.

2) Motivasjon har både kulturelle, språksosiale og pedagogiske implikasjonar. Den (påstått) høge frekvensen av 'ugjennomsiktige' og 'lærde' ord som finst i språk som engelsk og fransk, reiser ifølgje Ullmann kommunikative barrierar mellom lekfolk og lærde. Særleg er det frekvensen av gresk-latinske termar av Kocoureks kategori *konfiks* Ullmann tenkjer på her (jf. Ullmann 1972: 112–113). Høg frekvens av 'gjennomsiktige' ord, det vil seia regelvisst morfologisk motiverte ord av kategoriane avleiing og samansetning med 'heimlege' element, gjer språkinnlæring og -forståing lettare for lekmannen, derfor har høgt motiverte språk som tysk ein fordel her. 'Motiverte' språk – det vil etter dette resonnementet seia 'morfologirike' språk – har òg lettare for å tilpassa lånord til språkstrukturen, ved å erstatta til dømes lærde konfiks med omsetjingslån og friare nylagingar på grunnlag av mottakarspråket sine eigne ressursar. Ullmann knyter dette saman med avleiingsfattigdom i eit språk som fransk, medan engelsk 'oscillates' mellom engelsk og tysk (Ullmann 1972: 109).

Vi skal ikkje utan vidare gå god for påstandar om avleiingsfattigdom i fransk, og det kan vera god grunn til å krevja etterprøving av desse hypotesane. Særleg ut frå kategorien konfiks gjer Ullmann ei kopling av språktypologi og språkkultur som vi må sjå nærare på, særleg i samband med det terminologiske 'gjennomsiktsidealet', som tydeleg har same inspirasjon som Ullmann på dette punktet. Derfor aspekt nummer tre:

3) Motivasjon er språktypologisk betinga. Ulike språk kan variera "characteristically in their preference for the transparent or the opaque type and for the various forms of motivation", hevdar Ullmann. Han stiller som nemnt opp tysk som døme på det første, fransk og engelsk som døme på det siste, basert på morfologisk motivasjon (1972: 105 ff, særleg 106). Men dette kan ifølgje Ullmann variera innanfor det same 'idiom' i ulike historiske epokar, som når gammalengelsk og gammalfransk brukte meir morfologisk motivasjon enn dei moderne variantane (kasus, person osv. i konstruksjonen av morfosyntaktiske ord). I tillegg til dette, men i same ånd, må vi supplera med ei presisering som Ullmann sjølv tilsynelatande ikkje er merksam på: Frekvensen av ulike motivasjonstypar kan variera innanfor ulike subvokabular og register, altså til dømes i teknolektar og terminologiske domene. Dermed er dette ei

viktig presisering for analysen av motivasjon i terminologiske korpus, jf. skiljet sentralt-perifert vokabular nedanfor.

Denne tankegangen er elles ikkje Ullmanns eigen, men stør seg direkte på Saussures skilje mellom 'leksikologiske' og 'grammatiske' språk, som er ein klassifikasjon Saussure gjorde (framlegg om) nett ut frå kriteriet motivasjon. Dei ideane som er oppsummerte her, viser klårt at Ullmann med støtte av Saussure stiller opp ein språktypologisk hypotese. Både han og etterfølgjarar har peika på at denne hypotesen krev omfattande empirisk forskning, støtta av statistisk analyse. Sjå nærare om dette i kapittel 4.

2.2.2.3 Er motivasjon eit språkleg universalium?

Når Ullmann seier at alle språk har både opake og transparente ord, så ligg det i dette ein påstand om at motivasjon er universelt. Dersom motivasjon ikkje skulle vera universelt, så måtte det tyda at det finst språk som manglar alt som heiter metaforikk, onomatopoetika osv. Ein slik påstand verkar urimeleg, sjølv om Ullmann har peika på at forholdet mellom dei to parameterane kan endra seg historisk og variera mellom språk, kanskje med typologisk beskrivingskraft. Det er kanskje grunn til å dra eit skilje mellom motivasjon som semantisk (og semiotisk) prinsipp og språkleg realisering. Som semantisk prinsipp er motivasjon det logiske motstykket til 'arbitraritet'. Sidan vi godtek at arbitraritet er det viktige grunndraget ved naturleg språk og såleis universelt (altså det saussurske synet), kan ikkje 'motivasjon' vera nokon universell eigenskap på same nivå. Det er ein ikkje-nødvendig eigenskap ved språkteiknet, men likevel ein fakultativ tilleggseigenskap, for det er mogeleg å tenkja seg at kvar eksisterande totalt opake nemning (term) vert skifta ut med ein motivert (jf. Laurén, Myking & Picht 2008: 92). Sidan både Saussure og Ullmann særleg tenkjer på motivasjon som 'morfologisk motivasjon', kan vi spørja om det er realiseringsmåten for motivasjon som eventuelt er språkspesifikk. Sidan vi framleis ikkje har noko haldepunkt for å seia at det finst språk utan onomatopoetika og metaforikk, og dei to nemnde teoretikarane heller ikkje kan takast til inntekt for noko slikt, er det klårt at problemet eigentleg gjeld motivasjonsrealisering. Med terminologi frå moderne grammatikk kunne vi hevda at parameteren motivasjon tek ulike verdiar i ulike språk (eller i ulike subvokabular av eit språk), og det resulterer i ulike relative frekvensar av motivasjonstypene frå språk til språk.

Ein diskusjon om det universelle ved språk kan vanskeleg forsvarast berre ved å samanlikna så nærskylde språk som norsk og engelsk. Dette må vera ein viktig

lærdom av til dømes diskusjonar innanfor og omkring tretti års generativ grammatikk. Skiljet grammatisk-leksikologisk er språktypologisk, og vi må tenkja i omgrep som syntetisk, analytisk, isolerande. Sidan Saussure sjølv nemner kinesisk som døme på ikkje-motivert språk, kunne vi nett jamføra slike språk som norsk og kinesisk, altså språk av syntetisk og isolerande type (jf. vidare diskusjon i kapittel 4).

Utgangspunktet for terminologien er motivasjon i det einskilde leksemet, ikkje i heile språk, medan Ullmann-tradisjonen på sett og vis ser motivasjon i einskildleksemet som ein funksjon av overordna typologiske eigenskapar ved sjølv språket. Sjølv frå språk som norsk veit vi at leksemgrense og ordgrense ikkje fell saman, ut frå det aksepterte skiljet mellom 'leksem' og 'ordform'. Ei ordform kan romma eitt leksem åleine, to eller fleire leksem, eller eitt leksem kan omfatta to eller fleire ordformer. Dette er ikkje berre grunnleggjande ordlagings-teori, men i høgste grad *praktisk* viktig i terminologilæra (jf. Myking 1987, dessutan Laurén, Myking & Picht 1997: 202 f.). At leksemgrense ikkje samsvarer med ordgrense, er for terminologar nesten sjølvinnlysande og er innbakt i dei fleste definisjonar av 'term'. Konsekvensen av dette er òg at storleikane 'motivert språk' (grovt: tysk, norsk) og 'motivert ord' høyrer heime i skilde diskusjonar. Som terminologar er vi i denne samanhengen opptekne av motiverte leksem. At slike eksisterer, er ikkje språkspesifikt, og det må reknast som trivielt. Men vi kan ikkje av den grunn hevda at alle språk har lik frekvens av slike, eller same typologiske distribusjon, sjå vidare i kapittel 4.

Spørsmålet om morfologisk motivasjon i leksemet kan då reduserast til eit spørsmål om morfologisk analyserbarheit innafor leksemgrensene. Har eit språk morfologisk komplekse leksem som resultat av samansetjing og avleiing, så er det motiverte leksem i språket ('implisitt avleiing' er då medrekna). Når det så gjeld isolerande språk, er dette kravet stetta: Ifølgje Wu og Shang (1985: 18, jf. sitat 24) er størstedelen av vokabularet i kinesisk polymorfemiske samansette leksem ('compound lexemes'), det vil seia kombinasjonar av semantiske og/eller grammatiske morfem (formativ).

Om samankjedinga av morfem skjer innanfor eller over ordformgrenser, om ho m.a.o. er 'syntaktisk' eller 'morfologisk', er i denne samanhengen sekundært. Det er dei semantiske relasjonane mellom konstituerande morfem som er motivasjonelt viktige, uavhengig av ordgrenser. Det same tilhøvet får ein jo ofte mellom nærskyldte språk som fransk, engelsk og tysk (norsk), at ordgruppe i eitt språk til dømes ekvivalerer med samansetning i eit anna. Fransk *machine à écrire* ekvivalerer med norsk *skrivemaskin*, og i begge tilfella har vi ein 'relativ' motivasjon ut frå u-analyserbare komponentar. Her kunne vi sjølvsagt innføra eit skilje mellom

morfologisk og 'syntaktisk' motivasjon (som Kocourek gjer, jf. seksjon 3.2), men desse typane er motivasjonelt ekvivalente, nett fordi dei gjev høve til å reflektera semantiske faktorar på ekvivalent, men formelt ulik, vis. Både *skrivemaskin* og *machine à écrire* kan setjast på same logiske formel, til dømes Funksjon(x, y) = ("skrivning x er funksjonen til maskin y"), der x og y er identiske og berre leddfølgja og samankoplingsmåten er ulik. Med Horeckýs modell (Horecký 1979, jf. òg Laurén, Myking & Picht 1997: 75ff.) kan vi seia at ekvivalentane har lik onomasiologisk struktur (semantisk), men ulik onomatologisk (overflatestruktur). Tillempa på isolerande språk vil dette seia at fleirmorfemiske leksem i slike språk er syntaktisk og ikkje morfologisk motiverte. Men dette utgjer i mange tilfelle den ekvivalente parameterverdien til morfologisk motivasjon i norsk, for både syntaktisk og morfologisk motivasjon byggjer på morfemkombinasjon.

2.2.2.4 *Typologisk kompensasjon og 'motivasjonell balanse'*

Hypotesen om den språktypologiske skilnaden i morfologisk motivasjon står hjå Ullmann i direkte samanheng med ein tanke om det vi kunne kalla 'typologisk kompensasjon' eller 'motivasjonell balanse' (skissert av Saussure sjølv). Tysk tenderer ifølgje Ullmann (1972: 109) mot den transparente språktypen når det gjeld ordstruktur, fransk mot den opake, med engelsk i midten, men nærare fransk. Dette får konsekvensar: For det første meiner Ullmann at eit språk rikt på morfologi vil vera meir puristisk: "purism and linguistic chauvinism will find a fertile soil" (Ullmann 1972: 112). For det andre verkar dette inn på språklæringa: "One could not say in general that transparent idioms are easier to learn than opaque ones, for the advantages and disadvantages are very neatly balanced", men metodane må tilpassast (Ullmann 1972: 113), sjå nærare i kapittel 4, avsnitt 4.1.4. Og for det tredje skaper eksisten av 'inkhorn terms' (lærd orddanning) ein sosial språkbarriere (s. 114) mellom lærde og lekfolk. Om morfologisk gjennomsikt er godt for lekfolk, ser Ullmann at det er motsett for spesialisten, som må 'relæra' dei internasjonale vitenskaplege termene: Ein tysk lækjar må relæra *pleuritis* (en. *pleurisy*) for *Rippenfellentzündung* (Ullmann 1972: 113).

Desse relativt uproblematisk kjensgjerningane er ikkje i seg sjølv nokon hypotese om språktypologisk kompensasjon, men kjem svært nær, som vi skal sjå nærare i kapittel 4, seksjon 4.1. Saman med andre kjelder peikar Ullmanns tese mot eit resonnement som han sjølv formulerer svært varsamt, men som inneber at språk som manglar ein motivasjonstype, tek det att på andre måtar. Engelsk kompenserer på ein måte mangelen på morfologisk motivasjon med høgare frekvens av meir 'opake' ord.

Ullmann legg sjølv mest vekt på 'opak' i tydinga 'lærd', altså gresk-latinske internasjonale ord, men resonnementet er i terminologien opplagt kopla til ideen om semantisk motivasjon som 'mindre motivert' enn morfologisk motivasjon, sjå nærare kapittel 4. Dette resonnementet kan lett enda i den oppfatninga at engelsk er 'meir metaforisk' enn språk av 'norsk' type, slik dette verkar inn på termdanningstradisjonane. Ingen har formulert ein slik tese i sterk form, men både Wüster sjølv (jf. ovanfor, avsnitt 2.2.1.1) og Drozd og Seibicke (jf. nedanfor, avsnitt 2.2.3.3) er inne på slike tankebanar. Oljetermar som *rathole* vs. *drivrørshylse* ville passa godt inn i eit slikt mønster. I sterk tolking kunne vi då få noko nær ein kausalsamheng mellom det språktypologiske draget /ANALYTISK/ og det motivasjonelle draget /SEMANTISK/, og tilsvarande mellom /SYNTETISK/ og /MORFOLOGISK/.

Slike slutningsrekkejer (som altså Ullmann ikkje kan få det fulle ansvaret for sjølv) har lagt grunnlaget for ein del påstandar om skilnader mellom til dømes engelsk og norsk termdanningstradisjon. Sidan dei såleis viser seg direkte relevante for norsk terminologiarbeid, må vi drøfta dei nærare, og dette ligg til grunn for kapittel 4.

I Ullmanns syn på motivasjon ligg det òg ein viss vanske med å skilja mellom kva som er språktypologisk og kva som er språkleg-kulturelt betinga. At tysk ofte lagar samansetningar der engelsk og fransk har 'lærde' ord av typen konfiks (jf. 'Sprachwissenschaft' vs. 'linguistics'), stemmer med vanleg intuitiv, førvitskapleg kunnskap, og fleire lingvistar enn dei som eksplisitt stør seg på Ullmann, har peikt på dette (jf. t.d. Bauer 1988: 9f.). I nokre språk finst slike ekvivalentar som synonyme dublettar som resultatet av låning, med andre ord resultatet av ein historisk og kulturelt påverka prosess. Sjølvsagt kan ein seia som Ullmann at i engelsk er slike dublettar så frekvente at dei utgjer eit typologisk drag. Det er likevel ikkje sikkert at konfigering og semantisk motivasjon til saman er så særskiljande for til dømes engelsk i høve til tysk dersom vi tek omsyn til frekvensen av ordekvivalente frasar i engelsk. Slår vi saman kategoriane morfologisk og syntaktisk motivasjon, vil denne gruppa til saman få stor relativ frekvens i engelsk jamført med samansetjing åleine.

Motivasjonsprinsippet spesielt og terminologi generelt står sterkt på det tyskspråklege området, og tysk er opplagt eit morfologirikt språk samanlikna med engelsk. Szöllösy har såleis antyda at ungarsk språkvitskap har eit anna syn på termdanning enn dei engelskspråklege miljøa (jf. Myking 1989b). Fordi ungarsk språk er meir morfologirikt enn engelsk, har det høve til å integrera termar fastare i språkstrukturen enn engelsk har (jf. nærare i kapittel 4). Termar i analytiske språk er ofte 'symbol' – med konvensjon som einaste støtte, medan termar i morfologirike språk (ungarsk, og etter resonnementet òg tysk, norsk) reflekterer meir av den

semantiske strukturen, det vil seia omgrepsstrukturen som termen er berar av. Omgrepet er eit sett av proposisjonar, og kvar proposisjon vert fortetta i eit morfem. Termar laga etter prinsippet om morfologisk motivasjon kan derfor sjåast som ein syntese av dei proposisjonane som konstituerer omgrepet. Slike termar gjev ei fastare integrering i språkstrukturen, og terminologiar utforma etter prinsippet om morfologisk motivasjon vert ikkje i same grad ei liste med 'symbol'. Underforstått: Ei slik fast integrering i språkstrukturen er ønskjeleg, fordi meir av den underliggjande omgrepsstrukturen og systematikken på omgrepsplanet kjem til uttrykk. Dette er Ullmann-inspirert, men harmonerer i tillegg svært godt med den sovjetiske/russiske tradisjonen, jf. avsnitt 2.2.4 nedanfor. Vi må her ta omsyn til at dei overordna motivasjonskategoriane er svært vide, og at dei interessante kontrastane kan opptre mellom undergrupper av til dømes morfologisk motivasjon: samansetting mot avleiing, avleiing mot metafor osv. (jf. Heltai 1989: 8 ff).

Det ser ikkje ut til å vera mange som har prøvd å følgja opp Ullmanns hypotese om 'motivasjonell balanse' med empirisk underbygging (som Ullmann sjølv etterlyser). Dei typologiske skilnadene mellom tekniske vokabular i typologisk ulike språk kunne òg lett tenkjast mindre skarpe enn i daglegvokabular, slik Heltai (1989, jf. òg Myking 1989b: 17) er inne på. For til dømes tilhøvet mellom norsk og engelsk skulle dette tilseia at dei perifere vokabulara, der terminologi fell inn, ligg kvarandre typologisk nærare enn dei sentrale vokabulara på grunn av ulike former for interferens og lån (teikn-til-teikn-motivasjon). Tekniske termar i periferisona av to språk kan ofte vera identiske, den eine ekvivalenten lånt frå det andre språket, og integrert anten direkte eller som omsetjingslån.

Med andre ord er ikkje morfologisk vs. semantisk motivasjon eit avgjerande skiljemerke mellom norsk og engelsk terminologi etter denne tankegangen – di meir som termgrenser ikkje er bundne til ordgrenser, og eit skilje i engelsk mellom 'compound nouns' og 'noun phrases' ikkje er relevant for studiet av hovudgruppene av motivasjon i termar. Til dette kjem den vanskelege grensegangen mellom språktypologi og språkleg-kulturelle faktorar som vi nett var inne på.

Dette kan ikkje få status som hypotese, sidan ingen har granska det systematisk. Men det stemmer ofte med intuitiv kunnskap, og samverknaden mellom frekvens og økonomi har ein sterk status, mellom andre hjå Haiman, Tomassello, Grice, Tauli, i 'Zipfs' lov' m.m. (jf. kapittel 4). Ord som er 'viktige', først og fremst daglegord, er nedslitne og avkorta gjennom høg bruksfrekvens. Mekanisamen demotivering (idiomatisering, leksikalisering) fører til at uttrykkssida vert sliten ned i sentrale ord, slik at konvensjonen åleine tek over omgrepsrealiseringa. Denne mekanisamen er

ikkje særspåkleg, og ein må leggja til grunn at det same prinsippet fungerer i 'ytterkanten' av leksikon utan alltid å enda opp i morfologisk simplekse produkt.

Det skulle ikkje vera noko prinsipielt i vegen for å nytta resonnementet om kompensasjon på semantisk motivasjon, sjølv om denne motivasjonstypen er meir 'subjektiv' enn den morfologiske. Ein engelsk term som *rathole* inneheld (dersom vi kan gå ut frå at metaforikken er levande) i alle høve meir enn éin proposisjon. At det er ein vesentleg skilnad mellom denne engelske termen og den norske ekvivalenten *drivrørshylse*, er likevel opplagt. I den norske termen er det innbakt kumulativt fleire proposisjonar, i den engelske ikkje stort meir enn ein proposisjon om likskap, om ein då ikkje dekomponerer det motiverande leksemet i staden for den relevante termen, jf. figur 4:

”Hull i boredekket der drivrør plasseres når en ikke borer” (*Oljeordliste*)

drivrørshylse

("X ER inanimatum")

"X ER hol"

"X LIK hylse"

"X LOKALISERING AV drivrøyr Y"

"Y ER røyr"

"Y FUNKSJON driva"

rathole

"X ER inanimatum")

”X LIK rottehol Y”

”Y ER LOKALITET FOR Z

”Z ER animatum”

”Z ER dyr”

Figur 4. Mogeleg dekomponering i kjenneteikn av 'rottehull'

Kontrastering av den uavhengig motiverte ekvivalenten *drivrørshylse* med den motivasjonslojale ekvivalenten *rottehull* illustrerer at innpassing i språkstrukturen må vera ein av dei aller mest viktige og grunnleggjande eigenskapane ved motivasjon i det heile. Frå ei side sett, det som har med 'demokratisme' å gjera (Vinje 1983, sitat 28), er dette kanskje essensen i heile motivasjonsomgrepet. Støtte i språkstrukturen set språkbrukaren lettare i stand til å relatera ny kunnskap til tidlegare kunnskap, m.a.o. tileigna seg kunnskap snøggare og lettare. Men dette er graduelt: Sjølv om vi aksepterer at *drivrørshylse* er kraftigare motivert ut frå kjenneteikn i definisjonen, kan vi ikkje hevda at *rottehull* er utan semantisk støtte, for termen har jo ein motivator som dannar ei mental førestelling som i sin tur utgjer eit tolkingsgrunnlag. Slik sett kunne vi jo òg godt gå med på at isolerte arbitrære leksem (i morfologisk forstand) av typen islandsk *sími* (Sigrun Helgadóttir, sitat 44) er ein type motivasjon, fordi det hjelper til å gje vokabularet som heilskap ein mindre 'framand' utsjånad. På denne måten knyter vi framleis motivasjon tett opp til ord- og morfemlånning, det vil

seia 'motivasjon' som kjenneteikn på eit heilt språk, utan omsyn til 'utsegnskraft' i det einskilde leksemet – om ein då ikkje hevdar at ei puristisk løysing alltid er meir gjennomsiiktig enn eit lån og forståingskraft alltid ei viktig drivkraft bak purisme (jf. avsnitt 2.2.8). Dersom resonnementet held, illustrerer det godt det vi eigentleg lett kan komma fram til intuitivt: Behovet for 'avlasting av konvensjonen' aukar når vokabularet er nytt og ukjent, og det aukar proporsjonalt med tilvoksteren av slikt vokabular.

Ullmanns ulike resonnement omkring motivasjon er viktige fordi dei har representert ein kontinuitet i språkvitskapen og ei lojal utviding av det saussurske perspektivet. Motivasjon var ei stund nedgradert som fenomen, men har no dukka opp att med den kognitive og funksjonalistisk orienterte lingvistikken. Ullmanns teoriar er òg merkande hjå Drozd og Seibicke 1973 (jf. avsnitt 2.2.3). Det som ikkje er tilfredsstillande utforska, er hypotesen om 'motivasjonell balanse' og implikasjonane av den. Denne tankegangen er såpass tett knytt til vanlege intuitive oppfatningar at det kunne vera på sin plass med ei slik drøfting, jf. òg Wüsters diskusjon av omgrepet 'Merkhilfe' ovanfor. Eg vil derfor ta denne tråden opp i kapittel 4. Ikkje minst på grunnlag av Heltais modifikasjonar finn eg det lite plausibelt at eit terminologisk materiale skulle kunna nyttast til å dra typologiske slutningar om heile språk, men dette hindrar ikkje at samanlikningar av terminologiar kan brukast som grunnlag for ein diskusjon av plausibiliteten i denne hypotesen.

2.2.3 *Drozd og Seibicke*

2.2.3.0 *Ei ullmannsk klassifisering*

Eitt av dei store problema med prinsippet om motivasjon er som vi ser at det ikkje alltid er like klårt kva morfologiske korrelat det har, dvs. kva for termtypar som kan klassifiserast som motiverte, og kva for termdanningsmekanismar som resulterer i motiverte termar. Drozd og Seibicke 1973 er rekna som eitt av dei viktigaste referanseverka om fagspråk, og dei har eit stort kapittel om orddanning der omgrepet motivasjon står sentralt. Inndelinga (1973: 129 ff) byggjer på Ullmann (som altså i sin tur byggjer på Saussures 'relative motivasjon', sjå ovanfor), og på morfologisk orddanningsteori i prag-strukturalistisk tradisjon. Dei skil såleis mellom Ullmanns tre typar:

- fonetisk motivasjon (lydsymbolikk, som dei seier er irrelevant for terminologi),

- morfologisk motivasjon (dvs. avleiing og samansetjing) og
- semantisk motivasjon (metaforikk og metonymi).

Drozd og Seibicke (1973: 129f.) legg ikkje vekt på å drøfta fonetisk-fonologisk motivasjon, og dei hevdar at typen ikkje er fagspråkleg produktiv. Då har heller ikkje denne motivasjonstypen nokon plass i normativ teori – det som ikkje er produktivt, skal heller ikkje tilrådest, eventuelt berre tilrådest på grunnlag av konvensjon. Kocourek signaliserer ei meir open haldning til dette, jf. seksjon 3.2.

2.2.3.1 Morfologisk motivasjon – 'treffande' termar

Ulikt m.a. Kocourek (jf. seksjon 3.2) dreg ikkje Drozd og Seibicke inn frasedanning eller 'syntaktisk motivasjon' i klassifikasjonen, men behandlar dei som 'eksterne Syntagmen' som samverkar med morfologisk motivasjon først og fremst på den måten at dei er utsette for kontraksjon (sjå nedanfor). Morfologisk motivasjon er derfor storleikar som er avgrensa av ordgrenser. Den morfologiske motivasjonen er delt inn i to underkategoriar (Drozd & Seibicke 1973: 130):

- regelviss ('regelmäßig') eller morfologisk-semantisk motivasjon, vs.
- uregelviss, 'nur äußerlich strukturell' motivasjon.

Det er den regelvise morfologiske motivasjonstypen som best resulterer i 'sprechende' eller 'treffende', det vil seia gjennomsiktige, uttrykkskraftige eller dekkjande, termar der uttrykket altså reflekterer omgrepet:

Bei der regelmäßigen Motivation ist es aufgrund der durchsichtigen Anreihungsbeziehung ohne Schwierigkeiten möglich, den Inhalt einer Wortzusammensetzung oder -ableitung aufgrund von konstituierenden Inhaltsträgern abzulesen: *mittel-frist-ig-e Finanzplanung, flach-schräg-walzen*. Auf diese Weise werden die eigentlichen "sprechenden Termini" gebildet. (Drozd & Seibicke 1973: 130)

Morfologisk-semantiske termar er altså kjenneteikna ved høg grad av komposisjonaltet, som lettar avkodinga. Dette synspunktet ligg truleg under det som er hevda i sovjetisk/russisk tradisjon (sjå avsnitt 2.2.4) om at ein fullgod motivasjon gjer definisjonen redundant, sjølv om ikkje dette samsvaret er eksplisitt uttrykt i det materialet som ligg til grunn for denne framstillinga. Morfologisk-semantisk motivasjon gjer det mogeleg å reflektera omgrepskjenneteikn i termen ('eitt morfem

= eitt kjenneteikn'). Dersom definisjonsredundansen skal kvila på noko anna enn rein konvensjon, er vel regelviss motivasjon det einaste reelle alternativet. Ved morfologisk-semantic motivasjon må det ifølgje Drozd og Seibicke takast omsyn til om termen formidlar ein vitenskapleg definisjon av termen eller ei fullstendig beskriving av omgrepsinnhaldet, eller om han berre *antydar* visse kjenneteikn. Medan dei logiske forholda (dvs. erkjening og omgrep) kan vera fleirdimensjonale, er termen oftast eindimensjonal, dvs. berre eitt kjenneteikn av mange mogelege får plass (mest typisk som determinerande ledd i ei samansetning). Her kan vi jamføra med det sovjetiske/russiske synet at motivasjonen i termene skal sikra at plassen for termen i det underliggjande systemet kjem fram (jf. avsnitt 2.2.4.2): Dersom berre eitt kjenneteikn er reflektert, kan ikkje den underliggjande omgrepsstrukturen reflekterast fullstendig. Drozd og Seibicke seier like klårt (1973: 135) at motivering er målet med internasjonale standardiseringsprinsipp, først og fremst tolka som morfologisk motivasjon. I Sagers diskusjon (1990: 88 ff) er det eit pragmatisk syn som rår: Regelviss motivasjon er tilrådd i nomenklaturar, mellom anna av didaktiske årsaker, men ingen preskriptive retningsliner kan generaliserast (ISO 704 er "now obsolete"), termdanninga må byggja på dei systematiske omgrepsstrukturane i kvart fagområde og er såleis i høg grad teknolektspesifikk. Dette er grunnen til at termdanning er mindre arbitrær enn vanleg orddanning, som Sager seier (sitatsamlinga, seksjon 2.1, sitat 38). Om vi til dømes ser på vitenskapleg nomenklatur, så er det nok av døme på at enkel (toledda) morfologisk struktur avspeglar ein plass i eit system, t.d. det periodiske systemet der mange av termene endar på suffikset/konfikset +*gen*: *hydro+*, *nitro+*, *oksy+* osv., som vi var inne på ovanfor i drøftinga av Wüster, jf. òg Svanlunds resonnement nedanfor, avsnitt 2.3.4.

Eit spørsmål som melder seg ved uregelviss motivasjon, dvs. strukturell, er om denne motivasjonstypen er ein prosessuell mekanisme som genererer nye termar, eller berre ein eigenskap ved eksisterande leksem/termar, altså resultatet av demotivering. I seksjon 3.2 skal vi gå nærare inn på dette i samband med distinksjonen 'Wortbildung/Wortgebildetheit'.

2.2.3.2 *Semantisk motivasjon – ei 'feilkjelde'?*

Når det gjeld semantisk motivasjon, metafor og metonymi, diskuterer Drozd og Seibicke (1973: 141) dette som potensielle "Fehlerquellen". Som vi har sett, var ikkje Wüster eintydig negativ til metaforar (jf. avsnitt 2.2.1 ovanfor). Drozd og Seibicke sitt syn på semantisk motivasjon er interessant, særleg med tanke på at hovudvekta ligg på morfologisk motivasjon i ein standardiseringskontekst. Dei hevdar for det

første at semantisk motivasjon fører til eit mindre gjennomsiktig forhold mellom ordstruktur og omgrep, dei 'vesentlege' kjenneteikna kan ikkje lesast ut or ordstrukturen. (Jf. den russiske tradisjonen, metaforar er 'subjektive', avsnitt 2.2.4.) Denne ulempa kan likevel oppvegast av ein fordel: Ved semantisk motivasjon unngår ein at det motiverande karakteristiske trekket vert forveksla med den eigentlege tydinga av termen, eller ein vert i alle fall åtvåra mot slik forveksling: Leksemet *rot* fungerer som term i både grammatikk og biologi, men dei to termene kan ikkje forvekslast, ettersom det metaforiske forholdet ligg i dagen, seier dei (Drozd & Seibicke 1973: 131). Ved terminologiseringar av typen *kraft*, *masse*, *arbeid* frå fysikken er vel denne forvekslingsfaren større, og slike eksempel er ikkje opplagt metaforiske synkront sett. I kapittel 3 vert det likevel argumentert for at dei må klassifiserast som (semantisk) motiverte, men kanskje ut frå eit anna teoretisk rammeverk.


2.2.3.3 Motivert og ikkje-motivert – ein dikotomi?

Framstillinga hjå Drozd og Seibicke 1973 viser at dei eigentleg etablerer ein dikotomi mellom motiverte og ikkje-motiverte termtypar, om lag slik det kan framstillast i figur 5 nedanfor. Både Drozd og Seibicke, Kocourek, Neubert (nedanfor) og andre hevdar som vi har sett at mesteparten av eksisterande termar er motiverte. Påstanden om kvantitativ overvekt av motiverte termar har truleg god empirisk støtte. Det er utført mange granskingar av fagterminologi som dokumenterer dette, for fleire språk (Drozd & Seibicke 1973: 142, note 10, refererer nokre slike). Om vi tok inn nyare granskingar, ville neppe dette hovudmønsteret ha endra seg. Men 'motivert' i morfologisk meining er ikkje det same som 'treffande' i onomasiologisk meining. Dei to siste kategoriane i figur 5, null-motivasjon og alogisk motivasjon, opphevar på sett og vis dikotomien. Desse to kategoriane refererer ikkje til leksemtypar, men til semantiske og/eller psykologiske eigenskapar, og dikotomien forenkler det som i realiteten er ein fleirkriteriell og fleirdimensjonal klassifikasjon. Ein alogisk eller 'feilmotivert' term er ein term som ikkje er 'treffande' jamført med omgrepsinnhaldet han representerer, men slike termar er ofte morfologisk motiverte (med deira eksempel overførte til norsk: ein *blyant* inneheld ikkje bly, eit *drikkeglas* av papp er ikkje eit glas", og så vidare, jf. Drozd & Seibicke 1973: 140).

MOTIVERTE TYPAR	IKKJE-MOTIVERTE TYPAR
<i>Onomatopoetika (130)</i>	
<i>Zusammensetzungen (67) Derivate (67, 129) externe [...] Syntagmen (133)</i>	<i>Moneme, Monomorpheme (67, 129), [Wörter] etymologischer Ursprung (de/en Stein/stone 67) terminologisierte Moneme (129) Abkürzungswörter (67)</i>
<i>metaphorische oder metonymische Übertragung (130)</i>	
<i>Neubildungen aus Fremd- oder hybride Bildungen (135)</i>	<i>Entlehnungen aus fremden Sprachen, Fremdwörter, Internationalismen (62, 129)</i>
<i>Nullmotivation, Demotivierung (54, 159)</i>	
<i>alogisch motivierte Termini (139ff.)</i>	

Figur 5. Motivasjon og ikkje-motivasjon hjå Drozd & Seibicke 1973. Sidereferansar til Drozd & Seibicke (1973) i parentesar.

Her òg er det i realiteten demotivering som har verka, forstått anten som forskyving av relasjonen innhald/uttrykk (typen *drikkeglas*) eller som utvisking og 'utydeleggjering' (typen *øyeblikk*, jf. Vinje 1973: 57). Det er dei kvalitative eigenskapane 'treffande' og 'alogisk' som her utgjer motpolar, og 'alogisk' kan berre forståast som forskyving. Prosessane kan framstillast slik:



Figur 6. Feilmotivering og demotivering

Endeleg er Drozd og Seibicke (1973: 130) inne på at ulike språk utnyttar eller vektlegg ulike morfologiske mekanismar for å namngje ein bestemt 'logisk struktur' (underliggjande semantisk struktur, t.d. determinativ). Her òg ser vi altså tendensar til eit typologisk resonnement av same typen som hjå Ullmann:

- slaviske språk favoriserer ordgruppe eller avleiing
- tysk favoriserer framfor alt samansetjing
- engelsk favoriserer ofte ein metafor, som ikkje (lenger) har ein morfologisk motivasjon

Desse typologiske skilnadene, som alt Ullmann var inne på, tek vi meir for oss i kapittel 4, men det er alt no freistande å peika på at den skilnaden dei stiller opp mellom tysk og engelsk, har ein viss samanheng med den meir 'folkelingvistiske' oppfatninga som kan sporast i tilnærminga til desse fenomen (jf. kapittel 4). I den mest typiske utgåva av terminologilitteraturen er storleikane 'motivert' og 'gjennom-siktig' oppfatta synonymt: 'Gjennomsikt' er den *optimale* eigenskapen, som best kan sikrast gjennom den morfologisk-semantiske motivasjonstypen. I den strengast normative tolkinga er det dette som *er* motivasjon. Dei følgjande leksemtypane kan då oppfattast som 'ikkje-motiverte', for det første gjeld det

Monomorpheme (Haus, so, ein) [...] terminologiserte Moneme, z.B. *Bein* in der Medizin oder Entlehnungen aus fremden Sprachen [...] (Drozd & Seibicke 1973: 129)

Her dreg Drozd og Seibicke opp eit skilje mellom semantisk motivasjon – metafor og metonymi – som er motiverte typar, sjå ovanfor, og *terminologisering*, som er ikkje-motivert. Dette skiljet er det verken konsistens eller semje om i litteraturen, men eit felles drag ved begge typane er at ei ny form får tilordna eit nytt innhald, sjå Arntz, Picht og Mayer 2002, Roald 1985 og diskusjon i Laurén, Myking & Picht 2008 (89 ff. Vi kjem tilbake til dette i seksjon 3.2.

'Entlehnungen', altså lån, kan vera motiverte eller ikkje-motiverte i opphavsspråket, men ein har likevel ein tendens til å rekna dei som ikkje-motiverte:

[man] neigt [...] jedoch in der T-lehre und auch in der internationalen Terminologienormung dazu, Fremdwörter als nichtmotivierten Termini zu betrachten (Drozd & Seibicke 1973: 129)

Som vi har sett ovanfor, gjeld dette ikkje hybridlån eller avløyssarar, men altså 'framandord', medrekna internasjonale ord – ein type ord som Wüster såg på som ein stor ressurs for internasjonal kommunikasjon. Som vist i avsnitt 2.2.1.1 tilskreiv han jo desse ordtypane ei viss 'Merkhilfe' på grunnlag av kjennskap til språket. Både i strukturalistiske og meir kognitive tilnærmingar er det mogeleg å operera med 'lån' som ein motivert kategori (sjå avsnitt 2.2.8 og seksjon 3.2).

2.2.3.4 *Motivering og demotivering*

Drozd og Seibicke (1973: 130) hevdar at 'aksiomatisering' av motivasjon, bygd på 'eidetisk' (dvs. visuell) tenking, kan motverka utviding av erkjenninga i og med at utvikling av ny kunnskap alltid fører med seg endringar på omgrepsplanet, og dermed forskyvingar i forholdet mellom innhald og uttrykk. Det ligg ein ibuande dialektisk eigenskap i motivasjon som fører til to innbyrdes motgåande tendensar (både språkleg og omgrepsmessig):

- Når ein ny term vert laga, dominerer tendensen mot motivasjon. Den kan òg t.d. verta stimulert medvite på grunnlag av preskriptive prinsipp. Sagt på ein annan måte er det den 'indre forma' i termen som styrer termdanninga (Drozd & Seibicke 1973: 54). På dette stadiet rår det eit relativt samsvar mellom den formelle og den omgrepsmessige strukturen.
- Når termen er kommen i bruk, dominerer tendensen mot demotivering. Den opphavlege parallelliteten mellom den onomasiologiske og den gnoseologiske strukturen i termen vert dermed oppløyst. Termen er på veg mot å få 'teiknkarakter' (ibid.), som resultat av endringar på uttrykksplanet (kompresjon, foniske/grafiske endringar, siglasjon m.m.) eller endringar på omgrepsplanet.

Gjennom desse to dialektiske tendensane vert motiveringa stadig sett i fare, tilsløra og redusert, og teiknkarakter (siger for konvensjonen) er endepunktet i denne demotiveringsprosessen, hevdar Drozd og Seibicke. Men dei hevdar òg at dialektikken mellom dei to tendensane kan utnyttast føremålstenleg i preskriptive samanhengar: Demotivering kan gjerast til eit metodisk prinsipp for termdanning, som motpol til 'treffande' termar, men med andre funksjonelle eigenskapar. Dei ser derfor på medviten ikkje-motivasjon som ein type motivasjon, fordi termdanning er 'målmedviten' ('zielbewußt') og 'rasjonell', uavhengig av det leksikalske byggjematerialet og faktorar som etymologi (jf. sitat 38 i seksjon 2.1, som hevdar det same synspunktet). Null-motivasjon er altså ein type motivasjon. Det at teiknet er

'nødvendig', heng saman med at det finst ein psykologisk intensjon bak termdanningsprosessen:

Bekanntlich kann man entweder *motivierete Termini* (auch *sprechende T.*) oder *nichtmotivierete Termini* bilden. Theoretisch wird angenommen, daß das Wesen der Motivierung darin liegt, daß im Entstehungsakt des Terminus *jede* Bildungsweise motiviert wird – selbst in solchen Fällen, wenn ein nichtmotivierter Terminus gebildet wird. In solchen Fällen ist es eben die beabsichtigte ausbleibende Motivierung, die den Motivierungsgrund darstellt [...] Als Motivierungsgrund der Wortbildungsweise sehen wir dann eine zielbewußte Demotivierung an. Auf diese Weise kann also die Demotivierung zum Wortbildungsprinzip in der Terminologie erhoben werden. (Drozd & Seibicke 1973: 54, jf. òg 159)

I den sovjetiske/russiske tradisjonen er det hevda at fullstendig motivasjon kan erstatta definisjonen (jf. avsnitt 2.2.4). Slik Drozd og Seibicke behandlar demotivering, kan eit slikt synspunkt koplast til demotivering på to motstridande måtar: Ein motivert term er ein 'ny' term, og ein ny term er lett å avkoda fordi han er regelvisst og feilfritt motivert – altså er definisjonen redundant (jf. sitat 42). Eller, ein demotivert term står så sterkt i kraft av konvensjonen at definisjonen er redundant. I begge tilfella er konklusjonane vanskelege å forsvare ut frå etablerte prinsipp, det er definisjonen som ideelt sett skal vera den referanseramma som sikrar at demotivering ikkje påverkar tilgangen til omgrepet negativt. Vi kjem tilbake til demotivering i seksjon 2.3.

2.2.4 Den sovjetiske/russiske tradisjonen⁹

I det tidlegare Sovjetunionen voks det tidleg fram ein terminologisk fagtradisjon, og den terminologiske forskinga i Russland og andre tidlegare sovjetstatar er framleis svært viktig. Etter 1990 er viktige teoretiske bidrag publiserte på vestlege språk, først av Moschitz-Hagspiel (1994) som presenterer dei viktigaste elementa i dette teoretiske grunnlaget. Omgrepet 'motivasjon' er fyldig dokumentert på sidene 99–108 i denne boka, og eg vil først gje eit oversyn over denne diskusjonen.¹⁰

⁹ Kjeldene avspeglar skiftet frå 'sovjetisk' til 'russisk' rundt 1992, og nemningsbruken er dermed noko inkonsekvent både i kjeldene og her. Nokre siterte forskarar i Moschitz-Hagspiel 1994 er såleis 'sovjetiske', men ikkje 'russiske'. Translittereringa av namn skiftar òg ein del, t.d. Kijak/Kyyjak.

¹⁰ Dei forfatarane som ikkje har eigne årstal, er refererte frå Moschitz-Hagspiel 1994. Markeringa "Moschitz-Hagspiel: [sidetal]" viser altså at kjelda er andrehands.

2.2.4.1 'Indre form' og 'Motiviertheit'

Den 'klassiske' onomasiologiske terminologien har som nemnt vore kritisert for å operera med streng saussursk binaritet mellom ein representasjon (uttrykket) og eit fagleg omgrep (innhaldet). Den sovjetiske/russiske tradisjonen må på dette punktet kallast klårt semasiologisk orientert. Denne tradisjonen er saussursk i synet på termen (i tydinga 'terminologisk teikn') som eit binært teikn (uttrykk og innhald), men tydingsnivået til ein term kan i sin tur delast i to nettopp på grunn av at representasjonen er eit leksem som 'dreg med seg' sitt eige tydingspotensial inn i det terminologiske teiknet. Veselov kallar dette 'binær semantikk' (Moschitz-Hagspiel: 99). Med noko skiftande terminologi i dei ulike refererte kjeldene sirklar denne binariteten omkring to tydingsnivå, som vi her kan attgje som

- 'leksikalsk tyding' ('wörtliche', 'lexikalische', Morkovkin: basert både på "Logos" og "Lexik", Moschitz-Hagspiel: 99). Dette er det som ofte tilsvare omgrepet 'indre form', som er frekvent både i denne tradisjonen og i den wüsterske.
- 'omgrepstyding' ('tatsächliche', 'begriffliche', 'terminologische', Morkovkin: berre basert på "Logos", Moschitz-Hagspiel: 99). Dette er altså det nivået som svarer til det faglege omgrepet.

Ifølgje Veselov er den terminologiske tydinga basert på nødvendige/tilstrekkjelege trekk, og vert attgjeven av den leksikalske tydinga i form av ei leksikalsk eining, som (ifølgje Leichik) er henta frå naturleg språk. Den 'terminologiske tydinga' svarer ut frå diskusjonen ovanfor til det som i wüstersk tradisjon er lik 'omgrepet'. Vi må då her setja det leksikalske nivået lik med 'motivasjonen' i termen, den morfosemantiske tydinga, i alle fall er dette hovudtendensen. Omgrepet 'indre form' spelar her ei viktig rolle, som det òg gjer for Wüster. Men der Wüster er eksplisitt og tydeleg og set 'innere Form' lik med bokstavleg eller leksikalsk tyding, er biletet litt meir innfløkt i den russiske tradisjonen. Grinev følgjer Wüster når han seier at (Moschitz-Hagspiel: 102) 'innere Form' er det same som leksikalsk eller 'ordleg' tyding, som nemnt ovanfor, og tett knytt til omgrepet 'Motiviertheit'. For andre terminologar er desse to nivåa derimot ikkje identiske, men nær samanknytte: 'Indre form' er oppfatta som eit produkt av tydinga (Bedeutung), av den grammatiske strukturen til komponentane i nemninga og relasjonane mellom desse (Kijak/ Knigickaja, Moschitz-Hagspiel: 102). 'Indre form' er oppfatta som eit bindeledd mellom dei semasiologiske og onomasiologiske eigenskapane til leksemet (Kijak, Moschitz-Hagspiel: 102). 'Indre form' er for Blinova (Moschitz-Hagspiel: 103) den 'morfosemantiske ordstrukturen' som omfattar morfemsamansetjing og den motiverte

tydinga som kjem til uttrykk gjennom den, og som er vilkåret for den "rationalen Charakter" som relasjonen mellom uttrykksform og leksikalsk tyding har.

Kijak (Moschitz-Hagspiel: 103) skil vidare mellom 'etymologisk' indre form, som kjenneteiknar eit visst utviklingsnivå, og "bruksbasert" ('gebräuchlichen') indre form, som kjenneteiknar den aktuelle tilstanden. Vidare skil han mellom 'eksplisitt' indre form ved avleiingar og samansetningar og 'implisitt' indre form, ved simpleksord. Han-Pira meiner at berre slike nemningar har 'indre form' som består av ord eller ordgrupper der det finst ein klår orddanningsstruktur og der nemningane vert brukte i 'direkte' tyding. Nemningar som har ei indre form etter desse kriteria, kallar han *motiverte nemningar* (Moschitz-Hagspiel: 103). Dette svarer dermed til det klassiske synet at motivasjon i praksis skal identifiserast med morfologisk motivasjon, eller i det minste at motivasjon berre kan finnast hjå komplekse uttrykk. Såleis sidestiller Kijak motivasjon med morfologisk-semantisk 'Motiviertheit', og 'Motiviertheit' med 'inhaltlichen Motiviertheit' (Moschitz-Hagspiel: 103).

Ifølgje Kijak er ikkje motivasjon og indre form det same. Den indre forma dannar grunnlaget for nemninga si 'Motiviertheit' (Moschitz-Hagspiel: 103): 'Motiviertheit' byggjer altså ikkje på tydinga, men på 'innere Form' i motsetnad til 'Bedeutung'. Sidan ikkje alle teikn er motiverte, forstår Kijak 'Motiviertheit' som uttrykk for den kvantitative og kvalitative eigenskapen ved den indre forma i teiknet. Skiljet mellom 'indre form', leksikalsk tyding og 'Motiviertheit' er såpass subtilt og særlege at det ikkje er særleg operativt, det handlar vel i alle tre tilfella om den semantiske motiverande basisen, og vi skal ikkje gå nærare inn på det. Det som kan vera meir fruktbart, er skiljet Kijak gjer mellom 'Motivation' og 'Motiviertheit': 'Motivation' skal då referera til dannelsingsprosessen bak ei ny indre form, altså motivasjon i dynamisk/grammatisk meining, medan 'Motiviertheit' er resultatet av denne prosessen, dvs. det faktum at ei ny motivert indre form er danna. Dette handlar altså om det dynamiske vs. det statiske aspektet ved termdanning: Motivasjon er ein termdanningsmekanisme, 'Motiviertheit' er ein statisk eigenskap ved produktet. Danilenko meiner i same retning at 'Motiviertheit' er det same som gjennomsikta til den indre forma, og Grinev har gjort framlegg om å harmonisera innhaldet i omgrepet 'Motiviertheit' om lag slik:

[...] daß darunter die semantische Durchsichtigkeit einer Benennung verstanden wird, bei der die Form der Benennung eine Vorstellung von dem von ihr bezeichneten Begriff vermittelt. (Moschitz-Hagspiel: 104)

Då er vi tilbake til det morfologisk-semantiske omgrepet 'transparens' eller 'gjennomsikt' og dei tilsvarande adjektiva 'transparent' og 'gjennomsiktig', som begge har motpolen 'opak' (men òg 'arbitrær'): Den semantiske gjennomsikta til ei nemning sikrar at forma på nemninga gjev ei førestelling om det omgrepet forma skal formidla, og det er ikkje stort avvik mellom den sovjetiske tradisjonen og dei andre retningane.

2.2.4.2 'Motiviertheit' – ein graduell eller dikotomisk eigenskap?

Som vi har sett, er motivasjon ofte behandla dikotomisk. Dette gjeld òg 'motivasjon' som termdanningsmekanisme, medan sovjetiske/russiske terminologar ifølgje Moschitz-Hagspiel er samde om at 'Motiviertheit' som eigenskap er graduell. Romanova skil mellom to typar av 'Motiviertheit' (Moschitz-Hagspiel: 104ff.):

- *omgrepsmotiviertheit* vil seia eit nøyaktig samsvar mellom innhalds- og uttrykkssida i dei morfologiske elementa ("Benennungskomponenten"), altså må det forståast som morfologisk-semantisk motivasjon,
- *språkleg motiviertheit* kjenneteiknar berre eit allmennspråkleg ord som vert brukt som nemning, altså ein eller annan eigenskap ved eit allmennord som det tek med seg frå allmennspråket, men som ikkje uttrykkjer faglege omgrepskjenneteikn.

Dette kan oppfattast både som ein dikotomi og som to ytterpunkt på ein skala, men vi ser i alle fall lett at 'språkleg motiviertheit' er eit opnare og meir liberalt omgrep enn 'morfologisk-semantisk', men mindre liberalt enn 'omgrepsmotiviertheit', som berre kan fastslåast på onomasiologisk grunnlag. Kravet er strengt, og kategorien framstår dermed som temmeleg problematisk, men heng saman med det normative kravet til nøyaktigheit (jf. 'Genauigkeit', 'accuracy', sjå seksjon 2.1, sitat 9). Synsmåten er sterkt forankra i preskriptiv standardiseringstankegang, som utgjorde ein viktig basis for sovjetisk terminologi. Den sovjetiske terminologikommisjonen KNTT skriv såleis i 1968 (Moschitz-Hagspiel: 104f.) om "richtig ausgerichteteten Benennungen", *riktig utførte nemningar*, som ein underkategori av motiverte nemningar: Dette er motiverte nemningar der den indre forma gjev att eitt eller fleire kjenneteikn ved ein gjenstand. Den leksikalske tydinga skal altså med tilsvarande nøyaktigheit ('entsprechende Genauigkeit') gje ei riktig førestelling om omgrepet (jf. òg Moschitz-Hagspiel: 158ff.). Dette må forståast slik at 'nøyaktige' eller 'riktig utførte nemningar' berre tillet eitt tolkingsalternativ.

Vidare opererer KNTT (Moschitz-Hagspiel: 105) med kategorien 'nøytrale' eller 'ufullnøyande utførte' nemningar: Dette er motiverte nemningar der kjenneteikna ikkje rettar seg mot omgrepsinnhaldet, men mot vilkår og omstende knytt til korleis omgrepet oppstod. Men her ligg òg dei nemningane som har familie- eller personnamn, og dermed vert den preskriptive karakteren av denne inndelinga openberr, i og med at det er metonymi dette rettar seg mot. Han-Pira legg til at denne kategorien ikkje tillet å identifisera gjenstanden motseiingsfritt, det vil altså seia at den leksikalske forma tillet fleire tolkingsalternativ – leksikalsk ambiguitet, med andre ord.

Ifølgje KNTT har vi endeleg kategorien 'feil utførte' nemningar, der nemningselementa står i motstrid til det faktiske omgrepet, det kan òg gjelda nemningar der element er innsett på ugrammatisk vis. Han-Pira seier at nemninga er feil utført dersom indre form og omgrepet uttrykkjer ulike ting (Moschitz-Hagspiel: 105). Dette er altså det same som 'feilmotivering' (jf. ovanfor, Drozd og Seibicke), noko som berre kan avgjerast på onomasiologisk grunnlag og er ei preskriptiv vurdering.

Kulebakin/Klimovickij understrekar det graduelle og ikkje-dikotomiske forholdet mellom dei ulike motivasjonstypane (Moschitz-Hagspiel: 106). Dei hevdar at ei nemning er di meir nøyaktig, di større samsvaret er mellom den leksikalske tydinga (motivasjonen, den indre forma) og omgrepet. Veselov tek omsyn til motivasjonstap (dvs. demotivering) og skil mellom 'definitive' og 'assosiative' nemningar. Den første typen reflekterer dei nødvendige og fullnøyande kjenneteikna i termoverflata, i den andre typen kjem kjenneteikna til uttrykk gjennom dei assosiasjonane som den leksikalske tydinga er i stand til å skapa. Grinev har klassifisert 'Motiviertheit' etter korleis kjenneteikn er reflekterte i uttrykket (107f.). Biletleg ("bildhafte") motivering byggjer på assosiasjon til kjende omgrep frå andre terminologiar, i motsetnad til morfologisk motivering gjennom prefiks og suffiks.

Når det går fram av forma kva tyding nemninga har og korleis omgrepet står i systemet, har nemninga eigenskapen 'Definiertheit' – den eigenskapen at nemninga/termen ikkje treng nokon definisjon for å verta forstått. Dette minner om 'riktig utførte nemningar', jf. ovanfor, men er altså gjeve eit grammatisk korrelat. Spørsmål ein då må stilla, gjeld lengd, kompleksitet, økonomi og om termen i røynda er vorten ein definisjon. Leitchik og Shelov (2003) hevdar som vi såg i sitat 41 at ein fullstendig motivert term ikkje treng definisjon, men i normativ litteratur elles er det nett definisjonen som er det viktigaste kriteriet ved ein term.

2.2.4.3 *Inndeling etter språklege kjenneteikn*

Som vi har sett, endar alltid diskusjonen om motivasjon med spørsmålet kva for leksemtypar som skal reknast som motiverte. Danilenko (Moschitz-Hagspiel: 107f.) skil mellom desse typane av motiverte termar:

- orddannande-morfologisk: affigering og samansetjing (jf. Kijak ovanfor, 'formal' motivertheit)
- syntaktisk: ordgrupper
- semantisk: tydingsoverføring

Desse tre gruppene av motiverte termar utgjær, saman med dei tervane som er laga av internasjonale element (og som lett vert definerte som 'ikkje-motiverte'), storparten av det terminologiske leksikonet. Den andre delen av det terminologiske leksikonet, den som altså omfattar ikkje-motiverte termar, er då slike termar der danningmåten ikkje lenger er synkront mogeleg å identifisera:

- "nicht ableitbar", altså u-analyserbare
- framandspråklege lån
- 'Lehnübersetzungen', altså omsetjingslån
- nemningar som er oppstått gjennom metonymi av eigennamn

Denne inndelinga er jo etter intensjon råd å samanlikna både med Kocourek og med Drozd og Seibicke. Alt i alt er ei slik inndeling uttrykk for den same dikotomiseringstendensen som vi òg finn hjå Drozd og Seibicke. Eit interessant poeng er at metonymi her er rekna som ikkje-motivert, metafor derimot som motivert (Moschitz-Hagspiel: 108). Dette heng saman med dei tilsvarande skilja ovanfor, der nemningar som uttrykkjer 'likskap' med omgrepet, er 'riktigare' og meir omgrepslike enn nemningar som berre viser til historikk eller andre omstende rundt nemninga, og der ein altså må ha større encyklopedisk kunnskap for å tolka nemninga rett.

2.2.4.4 *Andre russiske teoretiske arbeid etter 1992*

For den som ikkje les russisk, er Moschitz-Hagspiel 1994 den første utførlege kjelda til sovjetisk/russisk terminologi mellom starten (1931) og fram til 1991. I 1993 kom det ut ei artikkelsamling med russiske bidrag ([Draskau (red.)] 1993), og i tillegg høyrer Nathanson (1968, sjå 2.1) til denne tradisjonen. Dei siterte kjeldene fordeler seg mest på tiåra etter 2. verdskrig, ikkje så reint få av dei er frå 1980-talet.

Tidsrommet etter 1991 er dekt av ein større antologi som dekkjer tidsrommet 1992–2002, Shelov og Leichik m.fl. (eds.) 2004. I tillegg er russisk tradisjon representert i konferanseantologiar frå LSP-symposia i 2001 (Koskela m.fl. 2002), i 2003 (Budin et al. (Hrsg.) 2006,) og 2005 (Picht (Hg.), 2006). Det er vanskeleg å sjå at omgrep som 'motivasjon', 'motivertheit' er drøfta særleg utførleg, i alle fall eksplisitt. Fleire arbeid i antologien frå 1993 tek derimot for seg eigenskapar som ligg i forlenginga av motivasjon, slik som spørsmålet om definisjon vs. motivasjon (Grinev 1993: 25, Šelov og Mjasnikov 1993, særleg s. 43), økonomi (Grinev 1993, Averbuh 1993), presisjon og nøyaktigheit (Grinev 1993: 26) og internasjonalismar (Grinev 1993: 27). Desse arbeida supplerer snarare enn omvurderer dei synspunkta som er refererte frå Moschitz-Hagspiel 1994. Superanskaya (2004: 255) peikar på at alle termar er arbitrære, men då i den same semiotiske tydinga av ordet som er påpeika av Laurén, Myking & Picht 1997: 74f. og Laurén, Myking & Picht 2008: 92): Alle representasjonar kan erstattast av andre, ingen representasjonar er naturbundne til eit visst omgrep. Superanskaya (2004: 258) peikar òg på at motivasjon først og fremst er viktig for *nye* termar, men at motivasjonen ikkje kan bevarast gjennom brukshistoria til termen. Kyyjak (2006: 133f.) legg vekt på at motivasjon kan vera eit kriterium for å velja mellom synonym. Under elles like vilkår bør eit heimleg ord føretrekkjast framom eit internasjonalt fordi det er meir forståeleg: Den indre forma kjem betre fram i det heimlege alternativet. Når motivasjonsgraden er ulik, bør det mest motiverte alternativet veljast. Terminologiske tomrom fyller ein med internasjonale ord.

Dette oversynet viser alt i alt at motivasjon har spela ei viktig rolle i den sovjetiske tradisjonen og framleis gjer det i den russiske. Mykje arbeid er lagt ned i å klargjera skilnaden på det semantiske nivået mellom omgrepsnivået og den leksikalske tydinga, og trass i ein del nokså subtile inndelingar ser det ikkje ut som om ein har komme så mykje lenger enn til ei slik todeling. Det mest interessante og mest radikale synspunktet i den russiske og tidlegare sovjetiske tradisjonen ser ut til å vera Leitchik og Shelov 2003, sitat 42 i seksjon 2.1:

If not fully motivated by its constituents, the term must be defined (otherwise its concept remains uncertain); full motivation of a term by means of its direct or indirect (implied) constituents actually plays the role of a definition, thereby making the latter absolutely superfluous. (Leitchik & Shelov 2003: 89)

Dei meiner altså at definisjonen av ein motivert term er redundant, og med 'motivert' meiner dei eksplisitt morfosemantisk eller til og med komposisjonelt motivert (sjå diskusjonen om komposjonalitet i seksjon 2.3). Synspunktet er problematisk, for det

byggjer på det vilkåret at komposisjonelle uttrykk (analyserbare, komplekse) er resistente mot demotivering. Det er lite plausibelt over tid. Dette sterke kravet kan vel derfor berre forsvarast ut frå eit pragmatisk og inferensbasert språksyn som heldt fast ved kjerna i motivasjonsomgrepet, at motivasjonen er *kjend*. Og kriteriet /KJENT/ er ein reint pragmatisk storleik som like gjerne kan finnast ved morfologisk enkle ord. I det heile teke er det vanskeleg å finna så sterke tolkingar av kravet i andre terminologiske retningar.

2.2.5 *Neubert og Reinhardt*


Sitat 5 i samlinga i seksjon 2.1, av Neubert (1985), uttrykkjer det same synet på motivasjon som vi finn hjå Drozd og Seibicke og hjå Kocourek, og til like med dei meiner Neubert at mesteparten av tekniske termar er motiverte i denne tydinga. Saman med Werner Reinhard (1973) er Gunther Neubert (1978, 1985) eksponent for ein særmerkt forskningstradisjon som prøver å formalisera dei kognitive og semantiske strukturane som samansetningar og avleiingar kodar språkleg. Med å forankra analysen i fagleg tenking er formålet eksplisitt onomasiologisk, og målet er eksplisitt normativt, å forbetra termane som reiskapar i fagleg kommunikasjon: Ein tittel som ”Motivation als kommunikationsbegünstigendes Phänomen” uttrykkjer klårt kva for funksjonelle omsyn motivasjon skal vareta. Denne tradisjonen skil seg ikkje først og fremst ut i synet på kva motivasjonstype som er viktigast, hovudvekta ligg på morfologisk-semantisk motivasjon i same tradisjon som Drozd og Seibicke, men med opning for at andre typar er mogelege utan å vera like viktige. Semantisk motivasjon er til dømes basert på tilfeldige kjenneteikn og har tapt aktualitet, men kan likevel av og til spela ei rolle (jf. Reinhard 1973: 33, 73). Det særmerkte ligg i forsøka på å beskriva dei motivasjonelle strukturane eksakt og formelt. Termdanning er sett som orddanning på grunnlag av systematiske modellar, og desse modellane kan utnyttast systematisk i til dømes standardiseringsarbeid, fordi kvar ny term skal innpassast i eit system av eksisterande (og motiverte) termar.

Det er lett å slå fast at denne tradisjonen ikkje har hatt varig innverknad på terminologien. Det klåre (og rigide) normative formålet er vanskeleg å kombinera med den grunnleggjande innsikta at uttrykksnivået trass alt er sekundært og arbitrært, og derfor kan det semantiske beskrivingsnivået gje inntrykk av å vera overambisiøst. Ei anna årsak til det kan vera at det lenge hadde utvikla seg andre semantiske beskrivingstradisjonar og -apparat i andre greiner av språkvitskapen, og den historiske utviklinga etter 1989 gav kanskje heller ikkje dette forskingsmiljøet nokon sterk framskuv.

2.2.6 Kocourek

Dei viktigaste teoretiske bidraga frå Canada er knytte til Rondeau, særleg innføringsboka Rondeau 1984, og til Kocourek, særleg Kocourek 1991. Når det gjeld Rondeau, har Temmerman tolka han som ein representant for Wüster-tradisjonen og dermed òg som ein motstandar av motivasjon, sjå sitata 36 og 27 ovanfor i seksjon 2.1. Sitat 27 av Rondeau illustrerer at motivasjon ofte vert identifisert med 'allmennspråk', men Temmermans kritikk i sitat 36 er ikkje heilt dekkjande, for ho tolkar det som kritikk av motivasjon generelt.

Den som har utvikla teori omkring motivasjon med vidare adresse, er derimot Kocourek. Som eg har gjort greie for andre stader, bl.a. Myking 1997a og Laurén, Myking & Picht 1997 (særleg 200f.) er Kocoureks modell over motivasjonstypar (Kocourek 1991: 172ff., særleg 175) kanskje den modellen som best gjer greie for dei mange implikasjonane ved motivasjonsomgrepet. Kocoureks modell er utgangspunkt for kapittel 3. Men Kocourek drøftar òg motivasjon i teiknsemiotisk perspektiv, som ei utviding av den semiotiske trekanten (jf. òg kapittel 1, figur 2):



Figur 7. Kocoureks teiknmodell (Kocourek 1991: 178)

Kocourek skil mellom adjektivet *motivé* og substantivet *motif*. *Motivet* er ein funksjon av den morfosemantiske forma i ordet, og tilsvarer såleis meir eller mindre det som i andre tradisjonar er kalla 'Sinnform', 'indre form' og liknande (jf. ovanfor):

Les éléments de contenu suggérés par les morphèmes et qui indiquent pourquoi la forme est utilisée, constituent le contenu motivationel du terme, que nous appellons tout simplement **motif** du terme. (Kocourek 1991: 177)

Til skilnad frå 'omgrepet' er altså 'motivet' ei potensiell tyding som kan samanliknast med termen på den eine sida og omgrepet (og definisjonen) på den andre sida. På denne måten kan ein slå fast om motivet er i samsvar med omgrepet

eller for trang, vidt eller i konflikt, og denne innsikta, seier Kocourek, kan kanskje implementerast systematisk i språkplanlegging (Kocourek 1991: 178). Trass i dette, seier han, er motivasjon ikkje nokon uunnverleg eigenskap, trass i den kulturelle og mnemotekniske verdien denne eigenskapen kan ha. Kocourek (1991: 179) gjev såleis høgare prioritet til definisjonen, i samsvar med det som er eit etablert prinsipp i terminologiarbeid (og som òg var konklusjonen om Wüster, jf. ovanfor). Som Kocourek sjølv seier, er motivasjon eit semiotisk element som ikkje eintydig passar inn i det skarpe skiljet mellom onomasiologi og semasiologi. Modellen er først og fremst ein reiskap til å analysere den onomasiologiske kvaliteten i einskildtermar, på mikronivå. På grunnlag av relasjonen motiv–omgrep kan ein til dømes analysere graden av underspesifisering og dermed av informativitet: Kor mykje av omgrepet som kjem til syne i termen, og kor lett termen dermed er å tolka. Med den semasiologiske og klassifiserande tilnærminga til 'makroplanet' i større term-samlingar eg nyttar i denne avhandlinga, er modellen likevel mindre aktuell.

2.2.7 *Bassey Edem Antia*

Størstedelen av faglitteraturen om motivasjon tek utgangspunkt i store europeiske språk. Antia diskuterer derimot motivasjon i samband med terminologiplanlegging i nigerianske språk (yoruba, hausa, efik), først og fremst i Antia 2000, men òg i eit førebuande arbeid (Antia 1995) og i eit kort notat bygd på Antia 2000 (Antia 2005). Terminologiplanlegging i denne konteksten gjeld sekundær termdanning (jf. seksjon 3.1), og det akutte problemet er å motverka direkte innlåning i eit omfang som trugar evna til å skapa termmodellar på eige grunnlag. Termarbeidet er altså både kulturelt, pedagogisk og sosialt motivert, og morfologisk motivasjon framstår som den mest tenlege metoden: "Motivation = implementation of characteristics in naming", sjå sitat 41 i seksjon 2.1 ovanfor, og dette er eit absolutt krav:

Non-negotiable: words formed must reflect characteristics of concept to be named. Implication: developing expertise in subject field through intensive study or collaboration with subject experts indispensable. You may (as a linguist) know everything about word formation procedures; this does not mean you will know what to call (from nervous system) 'dendrites', 'axons', 'neurones', etc. without knowing the characteristics of these concepts. (Antia 2005: 1)

Dette synet disponerer, som vi har sett, ofte for å meina at metafor er mindre funksjonelt enn morfologiske prosedyrar. Når det gjeld metafor, er Antia ikkje

eintydig. På den eine sida må det finnast tilgjengelege metaforiske modellar i målspråket:

The place of metaphor [...] the level of challenge involved in creating a TL term for a SL concept is related to the existence in the TL (and/or proximity to the term creator's cognitive deck) of labels for (salient) characteristics of the SL concept (Antia 2000: 199, Antia 2005: 1)

Men på den andre sida er morfologiske prosedyrar 'sikrere', fordi dei tillet å reflektera kjenneteikn:

Semantic extension/terminologization is a productive word formation procedure bringing about one-word terms. However, it is often the case that many new terms will be created by other procedures producing terms consisting of several words (i.e. head and modifiers). The modifiers are interesting because they express characteristics of the concept to be designated. (Antia 2005: 3)

På denne måten plasserer Antia seg både i samsvar med tradisjonen når det gjeld synet på morfologisk motivasjon, og på Kageuras line når det gjeld synet på at termdanning først og fremst er interessant som komponent-basert termdanning (dvs. morfologisk, jf. Kageura 2002: 46–48). Hovudpoenget er at motivasjonen skal produsera mentale og kognitive termmodellar som lettar tileigninga av kunnskapen som er innbakt i omgrepet. Derfor er Antia sterkt orientert mot sjølve motivet i termene (jf. Kocourek, avsnitt 2.2.6) eller det Antia kallar 'morfosemantisk form'. Det er gjennom denne forma at samansetjing og andre fleirordsprosedyrar er 'sikrere', dei gjev større plass til informasjon.

I ein nyare artikkel (Antia m.fl. 2006) studerer Antia namn på medikament frå morfosemantisk synsvinkel. Studien er motivert av det store sosiale problemet som gjeld falske medisinar og tjuveri av firmanamn, og tek metodisk utgangspunkt i Dahlbergs omgrepsteori og rangering av kjenneteikn i 'viktige' og 'uviktige'. Farmasøytiske firmanamn er laga på grunnlag av gresk-latinske morfem, eller gjennom ulike former for avhogging (*Clofenac* < *diclofenac*, *Lariam* < *malaria*), teleskopdanning (*Emprin* < *Emzor* + *Aspirin*) og dermed lite gjennomsiktige namn eller andre formelement, eller som rein *ex nihilo*-laging utan motivasjon (*Propon*, *Draga*, *Afrim*) (Antia m.fl. 2006: 57). På overflata har denne typen firmanamn mykje til felles med kjemisk eller medisinsk nomenklatur eller 'lærd' ordlaging ('konfigering' i vid meining, jf. seksjon 3.2), som ofte kan utgjera basis for namna.

Desse faktorane gjer namna utsette for forveksling, misforståing eller direkte tjuveri, i motsetnad til gjennomarbeidd nomenklatur på 'lærd' grunnlag.

Samstundes er omgrepsteorien kopla til orddanningsmekanismar og økonomi-prinsippet på ein systematisk måte, og forfatarne får (utan å referera til Kageura) demonstrert kor viktig den domenespesifikke tilnærminga er. Namn på medisinar viser ein ekstrem frekvens av mekanisk forkorting, irregulær morfologi ('oddities') eller reint ikkje-motivert fabrikasjon, heilt motsett det domenet som ligg til grunn for denne avhandlninga. Men dermed er òg problemet at namna vert altfor formlike, med farleg forveksling som resultat, jf. *Virex* (mot aids) vs. *Virest* (mot herpes) (Antia m.fl. 2006: 52). Nemningane har altså for dårleg kontrast, og nemningsmotivasjonen må sikra ein systematikk som varetek dette behovet for eintydigheit. Namnet må motiverast semantisk gjennom utval av det adekvate omgrepskjenneteiknet, og denne semantiske motivasjonen må kodast adekvat.

Her dreg altså Antia eit skilje mellom vanleg orddanning, som er regulær (produktiv, morfologisk), og danning av namn, som er kjenneteikna av meir irregulære danningmønster (jf. Antia m.fl. 2006: 56). I mitt perspektiv på termdanning må eg altså anta at termdanninga har mest til felles med 'vanleg' orddanning, det vil seia er regulær, men dette er skilnader mellom ulike domene. I domenet 'farmasinamn' er derimot forkorting, avhogging og teleskopdanning meir nytta enn samansetjing: 167 avhoggingar, ex nihilo 26 og samansetningar berre 16 av totalt 209 førekomstar. Ved 'vanleg' orddanning er homonymi og polysemi ein fare for kontrasten, fordi slik orddanning byggjer på kjende leksem eller morfem, derfor er det kanskje litt overraskande når det vert hevda at ikkje-motiverte namn ('word manufacturing' og 'motif unknown') har størst kontrast og minst forvekslingsfare. Desse typane er mindre informative, men lettast å identifisera (Antia m.fl. 2006: 61). Jamføringsgrunnlaget er det som i seksjon 3.2 er kalla 'ufullstendig' motivasjon (avhogging og teleskopdanning), ikkje regelviss morfologisk. Det ser altså ut til å vera ei spenning mellom morfologisk gjennomsikt og kontrast: Gjennomsikt gjer uttrykket lettare å forstå og læra, medan mangel på gjennomsikt gjer forvekslingsfaren mindre. Dette kan vi så jamføra med det Wüster seier om 'kunstige' varemerkenamn og det at *Merkhilfe* i prinsippet må kunna gjelda uttrykkssida isolert, sjå ovanfor, avsnitt 2.2.1.3. Varemerke må kunna hugsast slik at referenten kan identifiserast. Det termar representerer, faglege omgrep, må derimot kunna forståast.

Full regelviss motivasjon gjennom konstituentar krev ideelt at kvart semantiske element ('motif') korresponderer med eitt formelement, men av omsyn til økonomi er

dette ikkje alltid mogeleg. Eksempla i Antias m.fl. sin studie viser at det ikkje kan ventast full isomorfi mellom uttrykkselement og innhaldselement, særleg på grunn av økonomifaktoren, men at identifikasjon av element på innhaldssida likevel er eit vilkår for å sjå korleis uttrykkssida bokstaveleg tala vert manipulert. Eit viktig problem er til dømes at produsentar prøver å omdanna produktnamn til appellativ. Termdanningsressursane er så store at kombinasjonsspennet er stort. Avhogging og teleskopdanning i kombinasjon med semi-morfem av typen *quine* og *pain* skaper stort rom. Det primære ønsket er ikkje alltid å avspeгла kjenneteikn ved produktet, men å få inn identitetsmarkørar: *Apo-piroxicam* < *Apotex* (kanadisk fabrikant) + *piroxicam*. Middelet *Paracetamol* < *para-acetyl-amino-phenol* har gjennomgått sterk appellativisering (Antia m.fl. 2006: 68): *Acamol*, *Barbimol*, men òg: *Panadol*, *Chemadol*, *Fapdol* o.fl. Endinga *-dol* finst ikkje i det opphavlege stoffnamnet, men er laga etter *Panadol*, som var først ute. Systemanalogiar baserte på isolert sett ukjende element kan vera ei verksam motiverande kraft, og det er ikkje mogeleg å predikera nøyktig når og kvifor ukjende element oppstår som motiverande basis for ny termdanning.

Denne studien av farmasinamn aktualiserer dei aller fleste av problema som er knytte til motivasjon, både psykologvistiske, morfologiske og kommunikative. Behandlinga av “Motifs such as ‘quine’” aktualiserer problemet med ‘ending’ vs. ‘utgang’ i strukturell eller partiell motivasjon som vi tek opp i seksjon 3.2, fordi dei “becomes something of a final combining form” (Antia m.fl. 2006: 63). Den uregelrette og kreative karakteren med bruk av element frå ‘lærd’ orddanning viser at kategorien ‘konfigering’ som vi stiller opp i 3.2, er for grov, fordi ‘lærd’ og ‘konfigering’ ikkje er samanfallande omgrep. Studien dokumenterer ein intrikat samanheng mellom mekanisk forkorting, lærd orddanning og total demotivering, pluss semantisk motivasjon av typen metonymi. Kven desse typane motivasjon då fungerer meinings-skapande for, er subjektivt. Studien definerer såleis ei målgruppe og ein fagekspertise som prinsipielt skal vera i stand til å gjennomskoda desse termdanningsmønster (jf. Ullmanns subjektivitetskrav), men viser likevel kor skadelege følgjer det kan få i praksis dersom desse mønster ikkje er transparente nok (Antia m.fl. 2006: 57).

2.2.8 Allmenn språkrøkt og purismeteori

Framstillingar om lånordproblematikk legg ofte vekt på at nyord skal vera ‘beskrivande’, både i fagspråk og i allmennspråk (jf. Sandøy 2000: 249–251 for norsk). Det er stor semje om at strukturelle og semantiske modellar for lånord og

termdanning aldri kan overtakast ukritisk (til dømes Antia 2000: 199, Cabré 1999: 48 og Sager 1990: 85).

Motsetnaden og samverknaden mellom beskrivingsevne og språkleg økonomi (jf. kapittel 4), og mellom språkstrukturelle og eksterne ideologiske grunngevingar, er eit felles tema for terminologisk og allmenn språkrøkt. Det er ikkje enkelt å dra ei skarp grense mellom allmennspråklege og terminologiske aspekt av motivasjonsomgrepet. Som fleire av sitata i oversynet ovanfor viser, er motivasjon innbakt i det overordna språkideologiske spørsmålet om 'demokratisme', som handlar om å motverka språkløfter i samfunnet. Det mest fruktbare er å sjå termarbeidet i kvart språksamfunn som eit utslag av det allmenne språkideologiske klimaet, men dette hindrar likevel ikkje variasjon og indre motsetnader.

Samanhengen og samspelet mellom purisme og motivasjon er altså innfløkt. Av og til vert desse to omgrepa kopla tett saman, til dømes i synet på avløyising versus minimumstilpassing av importord (jf. avsnitt 3.2.5.4): Avløyising gjennom omsetjingslån er betre enn tilpassing av form, fordi resultatet er sterkare beskrivande uttrykk, jf. Wu og Shang (1985), sitat 24 ovanfor. Det kan òg hevdast at bruk av heimlege ressursar er best fordi dei knyter seg til ei heimleg førestellingsverd, jf. islandsk, sitat 30: Arnason og Helgadóttir (1993: 10) seier det slik: "one of the demands made on Icelandic terms is that they be transparent." Som vi har sett, er dette motsagt av sitat 44 på semiotisk grunnlag. Ein argumenterer altså ofte på to nivå samstundes utan å greia å skilja dei. Karl-Hampus Dahlstedt argumenterer for demokratisme i språkplanlegginga ved mellom anna å krevja "semantisk genomskeinlighet hos mindre vanliga ord (hellre årtionde enn decennium)" og "en god förbindelse mellan fackspråk och allmänspråk" (Dahlstedt 1977: 14; sjå òg Vinje, sitat 28 i seksjon 2.1, dessutan Myking 2006a).

Drozd og Seibicke (1973: 135) set ikkje likskapsteikn mellom motivasjon og det heimlege, og eitt døme på kor problematisk det er, er kategorien hybridlån (*boosterpumpe* vs. *hjelpelumpe*): Dersom den engelske komponenten er 'kjend', så er samansetninga motivert – jf. Wüsters syn på *Merkhilfe* – men likevel kanskje uakseptabel av kulturelle grunnar. Kocourek gjev i si beskriving av franske tilhøve ingen klåre normative tilrådingar, men seier at terminologiarbeidet må møta ("faire face à") dei problema som handlar om tilpassing vs. internasjonal harmonisering (Kocourek 1991: 157). Lån kan vera positivt, fordi ein på same tid oppnår ei nasjonal form og ein internasjonal motivasjon (Kocourek 1991: 156, jf. òg avsnitt 3.2.5.3), og den innlånte forma har sine fordelar fordi ein unngår negativ påverknad frå motivasjonen og konnotasjonane i allmennspråket, slik at termen kan gjerast meir

eintydig (1991: 155). Synspunktet er vanleg – Reinhardt (1973: 102) peikar på at ein dermed unngår både overspesifisering og feilmotivering, med andre ord oppnår ein at termen både kan gje 'hint' om innhaldet og samstundes vera fleksibel overfor omgrepsendringar. Men dette er funksjonelle vurderingar, ikkje estetiske. Landfalds (sitat 26 ovanfor), syn, at "betydningsinnholdet et ord skal ha, bør svare til det en med rimelighet kan vente ut fra hva ordet eller delene av det betyr i vanlig norsk", er heller ikkje estetisk motivert. Det kan oppfattast som eit semantisk-funksjonelt argument som skal hindra feilmotivering.

Purismeteorikaren George Thomas drøftar 'forståingsargumentet', 'the intelligibility argument', i sosiolingvistisk lys. Thomas hevdar at dette argumentet sjeldan siktar mot å auka den kommunikative verdien av eit nyord i seg sjølv, og at det i røynda berre er ei psykologisk rasjonalisering av meir estetiske og kulturelle verdier. Det reelle målet med dette argumentet er ifølgje Thomas å sikra seg mot kløyvingar mellom allmennspråket og ulike subspråk og dermed hindra språklege kløfter. Forståingsargumentet er då nyttig, ganske enkelt fordi det i seg sjølv fremjar bruken av 'heimlege' ressursar (Thomas 1991: 49ff.).

Det har vore hevda at strukturelle årsaker i mange språk kan vera ein faktor som i seg sjølv driv fram 'beskrivande' løysingar i staden for tilpassa løysingar. Jón Hilmar Jónsson hevdar når det gjeld islandsk at (morfologisk) gjennomsiiktig orddanning dannar ein

effektiv forsvarsmekanisme i seg selv mot tilførsel av ugjennomsiktig, fremmed ordtilfang uavhengig av puristisk innstilling eller fordømmelse av utenlandsk språkpåvirkning. (Jónsson 1988: 25)

Jónsson legg altså vekt på at det er språket sjølv som reagerer og driv fram heimlege løysingar, og sterkare mot komplekse kjeldeuttrykk av typen *tele-visjon* og *mikroskop* enn mot usamansette (simplekse) uttrykk. Andersen (2006) studererer tilpassing av latinsk grammatisk terminologi til maori, og stiller spørsmålet om termar kan motiverast språkspesifikt. Puristisk tilpassing som alternativ til direkte låning av den latinsk/engelske terminologien vil då krevja både kulturell forankring og "at denne motivasjonen er treffende for det språksamfunnet som det [sic] er tenkt å fungere i", hevdar Andersen (2006: 126). Den einskilde termen må då reflektera ei kulturavhengig førestelling, som når det grammatiske omgrepet 'affiks' vert omsett med *kuu-iti*:

1. leddet *kuu-* er et statisk verb som betyr "å være slitt, nedslitt", og gir forestillingen om at dette dreier seg om ordelementer som ikke kan danne ord alene. Ved fellesbetegnelsen *affiks* har 2. leddet *-iti* betydningen "å være liten, ubetydelig", sannsynligvis for å understreke affiksenes uselvstendige karakter. (Andersen 2006: 130)

Problemet med disse løysingane har ifølgje Andersen vore at dei er 'overmotiverte' og ikkje alltid har greidd å følgja med i utviklinga av den teorien terminologien skal setja namn på. Det kan derfor oppstå konflikt mellom den kulturelle motivasjonen (forankringa i kultursamfunnet) og den meir faginterne motivasjonen, meiner Andersen (2006: 131).

Berre å fokusera på relasjonen mellom engelsk og andre germanske språk er prinsipielt for einsidig og snevert, men likevel viser særleg den islandske språkkulturen at resonnementet til Thomas har mykje for seg. På Island har motivasjonsprinsippet stått i teneste for ei fagspråkleg orddanning (sekundær termdanning) som i høg grad har hatt som mål å fremja den språklege einskapskulturen, men ofte i eit spenningstilhøve til meir faginterne omsyn. Den som har gjeve den mest inngåande analysen til no av desse ideologiske, politiske og språklege drivkreftene, er Sigurður Jónsson (2007). Mellom anna avviser han purisme som eigen ideologi og skiftar den ut med 'filologisme':

En motivering för filologism i stället för purism [...] är att filologismen har et interessantare innehåll eftersom den innebär en direkt anknytning till det kulturella och litterära arvet. Filologin i egentlig mening arbetar ju med sin kulturella sfärs äldsta texter. Purism däremot har inte så specifika tolkningar. (Jónsson 2007: 45)

Dei 'filologistiske' løysingane byggjer altså på den litterære og kulturelle arven, på heimleg ordmateriale, gjerne arkaisk eller utdøydd, og kan på sett og vis kallast 'lærd orddanning på islandsk (altså ikkje på gresk-latinsk) grunn'. Denne ideologien gjer det lett å nå fram til korte termar, til dømes *loki* < eng. *valve*, og til gjennomført systematisk termdanning, jf. suffikset *-aldin* for 'frukt', kombinert med førsteledd som uttrykkjer form eller utsjånad: *bjúgaldin*, *eiraldin*, *glóaldin* for *banani*, *apríkósa*, *appelsína* (Jónsson 2007: 42).

Løysingane kan altså liggja nær morfologisk-semantisk motivasjon, i alle fall i nokre tilfelle, men Jónsson drøftar ikkje i detalj kva for typar av gjennomsikt som eventuelt kan relaterast til kva for ideologi. Med tilvising til Dahlstedt (ovanfor, avsnitt 2.1.4)

og koplinga mellom morfologisk-semantisk motivasjon og demokratisme, ville ei slik systematisk kopling mellom ideologi og termdanningsstrategi vera freistande, men vanskeleg å gjera heilt fri for inkonsistensar. Med døme frå Jónsson (2007: 89) kunne samsvaret skisserast slik som i figur 8. Jónsson seier at tilpassing har lågast prioritet, nesten karakter av naudløysing. Han seier òg (2007: 158) at demokratismen som ideologi har gått frå å vera elitistisk til å verta meir folkeleg. Det er kanskje like naturleg å tolka eksempel materialet som indikasjon på at morfologisk-semantisk motivasjon og tilpassing har fått større vekt, altså ei meir folkeleg form av filologismen. Først og fremst vil jo det strenge filologistiske kravet som genererer rotmateriale på heimeg grunn, over tid føra med seg at den morfologisk-semantiske motivasjonen får enklare arbeidsvilkår. I denne prosessen spelar den semantiske motivasjonen ei viktig rolle, jf. *sími* 'tråd' > 'telefon'. Når først *sími* er etablert, er *brévasími* ei regelviss morfologisk – og dermed normalspråkleg – påbygging.

Ideologi	Ordstoff	Språkleg ideal	Motivasjon	Døme
demokratisme	kjent tilfang	normal-språkleg	morfologisk-semantisk	<i>amapostur, sjón-varp, fylgni, auðkenni</i>
filologisme	heimleg, litterært, arkaisk	genuint	semantisk	<i>skjár, sími</i>
internasjonallisme	import	internasjonalt harmonisert eller mellom-språkleg tilpassa	teikn-til-teikn	<i>bæti, jeppi, sápa</i>

Figur 8. Skisse av relasjonar mellom ideologi og motivasjon. Motivasjonstypene er drøfta og framstilte i kapittel 3.

At dette kan vera sosiolingvistisk problematisk, eksemplifiserer Sigurður Jónsson med Sveinbjörn Egilssons syn på sjømannsterminologi, som fekk stampelet som 'urein' islandsk av ordreinsaren Guðmundur Finnbogason:

Som eksempel ger han Egilssons *fokkumastur, stórmastur* och *mezanmastur* (en. foremast, mainmast, mizzen mast) mot ordnämndens *framsigla, stórsigla* og *skutsigla*. (Jónsson 2007: 75)

Sveinbjörn Egilsson derimot legg vekt på systematisk metode og faginterne krav, som òg kunne få følgjer for termmotivasjonen:

Motivationen för det nya ordet måste anpassa sig till fackspråkets behov. Det gick inte att komma med ord som *froðusnakkur* 'skumsläckare' för en fire extinguisher, ty. Schaumlöschler, da. Skumslukker [...] som ordnämnden föreslog när ordet i allmänspråket betyder 'vindflöjel, struntkarl'. (Jónsson 2007: 79 f)

Dette er presis det same resonnementet som kjem til uttrykk i sitat 25 i avsnitt 2.1.4 ovanfor, og det viser at diskusjonar om ideologi og termdanning ofte manglar kategorien 'usus'. Termen *usus* kan i debattar om normering ofte ha ein konnotativ klang av 'elitisme', særleg i norsk samanheng. Når det gjeld terminologinormering, må derimot usus koplast til det vi ovanfor har kalla faginterne omsyn, altså at fagfolks intuisjon og språkbruk skal takast omsyn til. Det er altså faktoren usus som i så mange samanhengar kolliderer med dei ideologiane som fremjar språkleg revisjon. Den tillempinga av motivasjonsprinsippet som ligg i sitat 25 (og 26), er ususbasert, men fremjar revisjon. Den typen usus som Sveinbjörn Egilsson står for, motarbeider overdriven revisjon.

Det er altså uråd å dra ei skarp grense mellom språkinterne og språkeksterne faktorar når det gjeld purisme som motiverande kraft. Endå vanskelegare ville det vera å gje ein ideologi som nasjonalisme eit eintydig språkleg korrelat. Det språkinterne og språkeksterne heng psykologisk saman i variantar som er kultur- og kontekstavhengige. Dette synet finn vi òg i den største avhandlinga om nordisk purisme, Brunstad 2001, som drøftar både Jónsson 1988 (jf. ovanfor) og Myking 1997a. Brunstad meiner at den førstnemnde legg for stor vekt på det språkinterne, medan den sistnemnde gjer eit forsøk på å "gå utanom dei puristiske og ikkje-puristiske argumenta" (Brunstad 2001: 414). Brunstad ser purismen som ei viktig drivkraft for språkinterne faktorar som driv fram 'heimleg' orddanning, til dømes gjennomsiiktig orddanning, fordi ei motivering som opphavleg er ideologisk og normstyrt, kan verka til å "automatisere ein språkbruk som i meir eller mindre grad svarer til puristiske ideal" (Brunstad 2001: 414). Både synkront og historisk ser Brunstad det som umogeleg å skilja skarpt mellom dei funksjonelle og dei puristiske omsyna i terminologiarbeidet, såleis i omtalen av H. C. Ørsted (Brunstad 2001: 140). Det er vanskeleg å ikkje gje han rett i det.

Purisme passar altså inn som ein av Radden og Panthers *språkeksterne* motiveringar, jf. figur 9 nedanfor. I dette ligg det at 'gjennomsiiktig' orddanning ikkje kan vurderast

berre som ein språkintern mekanisme, og dermed heller ikkje berre som ein typologisk eigenskap, jf. kapittel 4. Å studera motivasjon i dette lyset er å studera det på intensjonsnivået, som politisk og kulturell norm og styringsimpuls, og ikkje i lys av psykolingvistisk eller sociolingvistisk evidens. Når målet med denne avhandlinga er å generalisera over motivasjonsprinsippet på grunnlag av norsk empiri, så må altså studien forankrast i det vi kan etablera av kunnskap om motivasjonsprinsippet i lys av den norske sosiale og kulturelle konteksten.

Det allmenne klimaet for purisme i Noreg kan vi berre kort skissera: Purismen er selektiv og har aldri vore eintydig streng mot 'lærd' orddanning på gresk-latinsk eller romansk grunnlag, men likevel prega av ein viss dublettvariasjon etter tysk og dansk inspirasjon (som til dømes *surstoff* vs. *oksygen*). Norsk bokmål har ingen puristisk tradisjon mot dansk-tysk, i motsetnad til nynorsk. Den kulturelle skepsisen og otten for engelsk er derimot samlande og sterk i den språkinteresserte ålmenta, og det er investert mykje intellektuelt arbeid i å utvikla effektive mottiltak på korpusnivået, gjennom retningsliner for avløyning og/eller tilpassing av importord. Mellom folk flest og i store delar av norske terminologiske brukarmiljø kan vi anta at stemninga varierer frå passiv aksept eller velvilje til aktiv motstand – det siste når lånordarbeidet kan opplevast som trugande mot eigen praksis og egne verdiar. Motsetnaden er gammal – i eit notat frå 1930-åra heiter det noko lakonisk om Den Norske Ingeniørforenings 'Sprogkomité' av 1897:

Komiteen har åpenbart lagt stor vekt på å finne "forbedrede ord og uttrykk", og har sett det som en hovedoppgave å arbeide med fornorskning av terminologien. Diskusjoner om nylagede norske ord synes å ha optatt meget tid i komiteens møter, og har utvilsomt bidratt til å sinke og stoppe arbeidet. (Sitert og referert i Myking 2005b: 4)

Dette har vore eit viktig gjennomgangstema i det meste som er skriva om norsk terminologi dei siste par tiåra (jf. til dømes Myking & Sæbøe 2002, Myking 2003). Er det då mogeleg å spesifisera norske, terminologiske 'styringsimpulsar' på grunnlag av dette allmenne klimaet? Og er det mogeleg å spesifisera desse styringsimpulsane endå meir presist til å gjelda motivasjon? Når det gjeld det første spørsmålet, så kan vi gå til vedtektene for det som var det norske terminologiske sentralorganet fram til 2001, Rådet for teknisk terminologi, den eine utgjevaren av *Oljeordliste*, og jamføra dette med formålsparagrafen (lova) for den andre utgjevaren, Norsk språkråd:

Rådet for teknisk terminologi (§ 1)	Norsk språkråd (§ 7)
Stiftelsen RTT har til oppgave å arbeide aktivt for klarhet, entydighet og ensartethet i en fagterminologi som er hensiktsmessig for norske forhold	Konkrete oppgaver for fagnemnda er f.eks. [...] å fremme enhet i terminologi innenfor hver språkgruppe, og, så langt det er naturlig, for begge språkgrupper under ett

Når det gjeld det store oljeterminologiprojektet i samband med Gullfaks-utbygginga, så spesifiserte oppdragsgjevaren at målet skulle vera eit 'forbilledlig norsk', og av den utøvande parten vart dette tolka som at det ikkje handla om "å gjøre norsk "norskere" ved å eliminere bruk av lånord (ord av fremmedspråklig opprinnelse) som allerede utgjør en del av norsk ordforråd" (Roald 1986a: 9). Dei samla styringsimpulsane gjekk altså ut på at mønstergyldig ('forbilledlig') norsk terminologi er *klår, eintydig, einsarta og tilpassa norske forhold*.

I dette ligg det ikkje noko prinsippsyn på orddanning eller ordimport, og altså heller ikkje at til dømes 'avløysing' er betre enn 'tilpassing' ('norvagisering', jf. kapittel 3). Den faglege og kulturelle heimelen for å motarbeida hybridlån er vel likevel nokså klår – endå om dette primært heller er av strukturelle årsaker enn kommunikative. Sitat 11 ovanfor seier at motivasjon går ut på at "uttrykket utsier noe om omgrepsinnholdet". Dette vart brukt som argument for å velja ei regelvisst motivert form som *drivrørshylse* og avvisa *rottehull* og *musehull*, men derimot ikkje for å avvisa semantisk motivasjon "når bildene er kjente fra annen bruk eller følger et anerkjent mønster, for eksempel kubbeventil (barstock valve)" (sitat 25, Roald 1986a: 20). I *Oljeordliste* valde ein derimot alternativet *rottehull*, men intensjonen bak det valet har vi ikkje tilgang på. Det einaste vi ser, er at det ikkje er noko ein-til-ein-samsvar mellom styringsimpulsar og konkret løysing, og det taksonomiske oversynet i kapittel 3 kan berre ta for seg konkrete løysingar. Å seia at *rottehull* er valt på grunn av konvensjon og språkleg økonomi, er ei rimeleg tolking, men ikkje eit dokumentert faktum. Med tilvising til Jón Hilmar Jónssons strukturargument (jf. ovanfor) går det i alle fall an å antyda at dei mest markante og omdiskuterte norske oljetermane opplagt er slike som har vore oppfatta som semantisk usamansette, og som då ifølgje resonnementet hans skulle ha glidd lettast inn. Men det er der konfliktane har vore sterkast, slik eksempla i dette avsnittet illustrerer.

2.2.9 Folkeleg kategorisering og nemningsbruk

Denne avhandlninga diskuterer 'sekundær' termdanning (jf. nedanfor, seksjon 3.1). Det er derfor lett å gløyma eller oversjå at mange av dei problemstillingane vi drøftar, er svært relevante for andre fagtradisjonar. Nemningsmotivasjon har vore grundig drøfta både i onomastikken og i dialektleksikologisk og etnografisk språkforskning, på same måten som desse fagtradisjonane historisk sett har vore ei av inspirasjonskjeldene til den onomasologisk orienterte terminologiske tradisjonen – *Wörter und Sachen* – i vid tyding. Folkeleg kategorisering er eit grunntema i leksikalsk semantikk, og nemningsdanning er drøfta i mange arbeid i norsk, ofte av spesialistar på det respektive fagområdet, som botanikaren Rolf Nordhagen (til dømes Nordhagen [1951]). Frå svensk side kan nemnast Karlholm (2000) og oversyn av Edlund (1996). Mange slike studiar analyserer motivasjon ut frå klassiske strukturalistiske metodar med 'motiv' i sentrum, det vil seia den mentale førestellinga eller assosiasjonen som ligg til grunn for den nye nemninga. Det fører med seg at denne granskinga svært ofte handlar om semantisk motivasjon, ofte av typane metaforikk og metonymi, som vi kjem inn på i seksjon 3.2, og derfor inviterer slikt materiale til kognitive analysar, slik Annika Karlholm gjer når ho påviser den rike metaforikken i svenske verktøynemningar som er skapte gjennom metaforiserte dyrenemningar (Karlholm 2000). Det er terminologisering i 'primær' termdanning dette handlar om (jf. seksjon 3.1 nedanfor).

Reint prinsipielt kan ein vanskeleg dra noka skarp grense mellom 'gamle' handverkarvokabular og 'nye' tekniske terminologiar: Det er tale om 'primær' termdanning i begge tilfella, og i begge tilfella kan termdanninga velja mellom motiverande kjenneteikn av typane form, funksjon eller assosiasjon, jf. til dømes Edlund 1996: 29. Dette krev (eller tillet) i prinsippet dei same typane analyse som er relevante for primær termdanning. Reint hypotetisk kan ein tenkja seg større samsvar i motivasjonell distribusjon mellom ein 'ny' og ein 'gammal' teknolekt, enn mellom primære og sekundære variantar av den 'nye'. Dette kan vi ikkje gå nærare inn på, men momentet er relevant for diskusjonen av metaforisk motivasjon i kapittel 4.

2.2.10 Kognitive synsmåtar

2.2.10.1 Dei 'sosio-kritiske' terminologiske retningane

I oppsummeringa av fagspråksymposiet i 1998 hevda Pierre Lerat (1998: 109) at fagspråkforskinga har fokusert for sterkt på arbitraritet og at vi no bør få ei

interessedreining mot motivasjon. Rita Temmerman er eit viktig eksempel på ei slik dreining, men utanfor den strukturalistiske retninga, det er ho som etablerer motivasjon som eit 'demarkasjonskriterium' mot Wüster-tradisjonen. Temmermans motivasjonsomgrep (Temmerman 2000) er kognitivistisk, og motivasjon handlar først og fremst om metaforikk og metonymi. Dette er eit anna omgrep enn det tradisjonen har operert med, men ikkje inkompatibelt. Temmerman har markert seg som ein av dei fremste kritikarane av den tradisjonelle terminologien, og opposisjonen mellom motivasjon og arbitraritet spelar ei viktig 'parameter-rolle' i framstillinga, dvs. opposisjonen markerer det fundamentale skiljet mellom tradisjonelle tilnærmingar og dei nye, kognitivistisk inspirerte tilnærmingane. Temmerman (2000: 216, 228) meiner at tradisjonell terminologi byggjer på ein objektivistisk modell av røynda og derfor oppvurderer 'literal lexicalisations' (morfologisk motivasjon) og er negativt innstilt til metaforiseringar. Eit kognitivistisk syn seier at språk og tanke er basert på erfaring, og at språket spelar ei rolle i analogisk tankegang, som (ofte) resulterer i metafordanning:

We have given examples of the fact that the naming of new units of understanding is not arbitrary but motivated. The role of metaphorical ICMs in the progress of knowledge is reflected in the naming of new units of understanding. New findings often appear to be the result of a deviant, alternative approach, which calls for imaginative creativity. Metaphorical thinking is part of the mechanisms which stimulate the imagination. (Temmerman 2000: 217, jf. òg 228)

Denne tilnærminga er hjå Temmerman eksplisitt på det Sager har kalla 'primær termdanning' med engelsk som objektspråk. Primær termdanning er førstegongs termdanning i det språket der kunnskapen oppstår (Sager 1990: 71, jf. òg Temmerman 2000: 235, sjå òg seksjon 3.1 nedanfor), og der altså omgrep (tilsvarer 'unit of understanding') og nemning oppstår i dialektisk samverknad. Ho har ikkje studert dei same prosessane i 'sekundær termdanning', som altså er resultatet av kunnskapsoverføring til eit anna språksamfunn.

2.2.10.2 *Radden og Panther: 'Motivasjon' – språkintern og språkekstern*

Radden og Panther (2004: 3) ser motivasjon som ein kombinert språkintern og språkekstern prosess. Denne prosessen har eit utgangspunkt, ei *kjelde* ('source') og vert utløyst av språkuavhengige (dvs. kognitive eller semiotiske) faktorar av typen erfaring, perseptuelle gestaltprinsipp eller til og med det språklege systemet som

omgjev teiknet. Samspelet mellom desse faktorane og kjeldeteiknet utløyser ein motiverande prosess som påverkar språkbrukaren si språklege åtferd. Det er når det lingvistiske teiknet når dette siste, forskansa stadiet, at det vert rekna som 'motivert', referert til som *målet* ('target'). Desse prosessane opererer både diakront og synkront, og uttrykkjer ein *kausalrelasjon*. Det må med andre ord finnast ein motiverande *basis* av ein eller annan type, og ei igangsetjande *årsak*, som då utgjer den språkeksterne sida av motivasjonsprosessen (jf. òg seksjon 2.1, sitat 7):

A linguistic unit (target) is motivated if some of its properties are shaped by a linguistic source (form and/or content) and language-independent factors. (Radden & Panther 2004: 3)

Denne definisjonen er ikkje direkte inkompatibel med Kocoureks ("det at forma har element som indikerer kvifor ho er vald" jf. nedanfor, 3.2), og til liks med hans definisjon opnar altså Radden og Panther for at omgrepet ikkje berre dekkjer dei tre tradisjonelle typene som kan analyserast strukturelt (jf. ovanfor om Drozd og Seibicke og Ullmann). Radden og Panthers ordlegging 'language-independent factors' og Kocoureks bruk av ordet 'velja' om tilordning av uttrykket ('a été choisie') fører med seg at vi må undersøkje kor langt definisjonen skal strekkjast mot medvitne, rasjonelle val, dvs. mot den psykologiske intensjonen bak teiknet. Drozd og Seibicke er inne på ei slik utviding, f.eks. når dei snakkar om at medviten mangel på motivasjon i seg sjølv er ein type motivasjon, f.eks. ved val av framandord framfor heimlege ord. Forholdet mellom teiknet og teiknbrukaren ser altså ut til å utgjera ei uavklåra gråson i alle desse motivasjonsoppfatningane. Men psykologi er ein språkekstern faktor, og Radden og Panthers motivasjonsoppfatning har som vi ser ein språkekstern komponent.

Frå språkintern synsstad framstiller Radden og Panther (2004: 23) motivasjon som eit sett av grunnleggjande semiotiske relasjonar mellom kjelde ('source') og mål ('target'). Frå språkekstern synsstad framstiller dei inventaret av motivasjonstypar i denne modellen:




Figure 7: Some language-independent motivational factors

Figur 9. Språkeksterne motivasjonstypar (Radden & Panther 2004: 23)

Dette er altså ein modell som viser 'språkeksterne' faktorar, og det er såleis ikkje ein modell som prøver å visa samanhengane mellom motivasjonstypar og orddanningsprodukt, slik Kocourek's modell prøver (jf. seksjon 3.2). Ikkje berre leksikalske fenomen, men òg grammatiske, fell inn under omgrepet 'linguistic units'. Radden og Panther framhevar at all språkleg motivasjon til sjuande og sist har rot i kognisjon, endå nokre av typane i figur 9 ligg nærare det kognitive nivået enn andre, jf. 'experiential', 'perceptual' og 'cognitive'. I samsvar med kognitiv lingvistik vil altså ein 'kommunikativ' motivasjonstype som *økonomi* byggja på den kognitive og erfaringsbaserte mekanismen *bruksfrekvens*, som resulterer i kognitiv rutine ('entrenchment'). Samstundes vil kommunikative eigenskapar som presisjon og informativitet òg falla inn under den kommunikative motivasjonstypen, og det gjev ei viktig avklåring med tanke på denne avhandlinga: Det er det kommunikative motivasjonsomgrepet som står i sentrum.

Det er likevel ikkje vanskeleg å sjå at andre motivasjonstypar i modellen har klår tilknytning til grunnleggjande prinsipp i terminologien. Til dømes går 'økologisk motivasjon' ut på at alle lingvistiske einingar fyller ein plass i ein struktur og har tilknytingspunkt ('pointers') til andre einingar. Det skulle altså implisera at alle omgrep i eit omgrepssystem er motiverte – i tydinga 'ikkje-vilkårlege' – med grunnlag i systemet, ein tanke som byggjer på Meillet, men òg omgrepet 'verdi' hjå Saussure. Denne motivasjonstypen gjeld altså ikkje spesifikt forholdet mellom uttrykk og innhald, og er dermed ikkje primært eit termdanningsprinsipp. Derimot kan vi hevda at heile terminologiens tanke om omgrepssystem er forankra i dette

prinsippet – vi kunne seia at prinsippet gjer eksistensen av terminologi til eit 'motivert' lingvistisk fenomen.

Typane erfaringsmotivasjon ('experiential'), perseptuell ('perceptual') og kognitiv ('cognitive') motivasjon aktualiserer heile spekteret av kategorisering og omgrepsdanning. Dette er grunnleggjande omgrep i kognitiv lingvistikk, og frå fleire hald i terminologisk teori er det reist krav om at slik teori skal dragast inn og danna grunnlaget for ei meir adekvat teoribygging. Rita Temmerman (2000) er det beste eksempelet på dette, ho har òg demonstrert gjennom analyse korleis denne typen teori kan tillempast empirisk. Eg har tidlegare hevda (men ikkje utan reservasjonar, Myking 2001b) at Temmerman på denne måten gjer 'motivasjon' til sjølve grunnprinsippet for terminologien. Den sosiokognitive retninga Temmerman representerer, hevdar at innhald og uttrykk heng i hop utan skarpe grenser, dermed er desse tre motivasjonstypene klårt relevante ikkje berre for omgrepsida, men òg for termdanningsida. (Det same kunne ein trygt hevda med grunnlag i 'tradisjonell' terminologi, som viser sterk interesse for semantisk motivasjon og metaforiske mønster.) Sidan eg i så sterk grad har valt å konsentrera meg om språkfunksjonelle aspekt ved uttrykkssida i terminologien, kan desse motivasjonstypene likevel ikkje få den primære plassen i denne undersøkinga. Framstillinga sirkclar altså i hovudsak om det nedre høgre hjørnet i figur 9, den 'kommunikative' motivasjonen.

Den kommunikative motivasjonen handlar nettopp om desse språkfunksjonelle aspekta ved terminologien. Samspelet mellom faktorar som økonomi, kompleksitet, ekspressivitet bestemmer den bodskapsformidlande evna til det språklege uttrykket. Og dei sentrale problemstillingane vi har teke opp i tilknytning til terminologisk teori, er identiske (analoge) med dei same problemstillingane vi finn i bl.a. språktypologisk forskning, jf. Croft 1990 og Bauer 1988, for å nemna to sentrale oversynsverk (sjå kapittel 4). Det som både der og hos Radden og Panther (2004) er omtala som 'competing motivations', er den same dialektikken som normativ språkrøkt må hanskast med. Men dermed er omgrepet 'kommunikativ motivasjon' samstundes altfor vidt: Det er dei ulike deltypene som til saman utgjer denne hovudtypen, vi må sjå på kvar for seg og i samspel. Kommunikativ motivasjon (og kommunikativ 'effektivitet') kan te seg ulikt frå sendars og mottakars synsvinkel (jf. Myking 1996a: 90).

I restkategorien, 'other motivations', trekkjer Radden og Panther inn alle former for kulturelle, sosiale, psykologiske, antropologiske, biologiske og nevrologiske 'determinantar' som det enno ikkje er gjort greie for. Lakoffs omgrep 'embodiment' og kulturspesifikke grunnleggjande metaforar kan handsamast i denne konteksten. Og

mellom dei faktorane Radden og Panther ikkje nemner, finn vi mange av terminologiens nøkkelfaktorar: planlegging, normativ rasjonalitet, medviten vilje, i siste instans politikk. Det er ein kort veg frå 'sosial' via 'sosiolingvistisk' til desse faktorane. I dette lyset kan vi dermed løysa eitt av dei problema og paradoksa som motivasjonsoppfatninga hjå Drozd og Seibicke har skapt, det at dei så klårt snakkar om 'medviten manglande motivasjon' som ein motivasjonsgrunn (jf. ovanfor, avsnitt 2.2.3.4). Det som frå ein strengt strukturalistisk synsvinkel framstår som eit problem, nemleg at motivasjonsomgrepet vert omfattande, utflytande og dermed lite empirisk operasjonelt, framstår på eit kulturemiotisk plan som ein styrke: Det er ikkje mogeleg å skilja skarpt mellom teikn og teiknbrukar og dermed mellom det språkstrukturelle og det psykologiske nivået. Drozd og Seibickes resonnement støttar Radden og Panthers aksiom om at all motivasjon byggjer på kognitive faktorar. Såleis illustrerer denne parallellen òg at den nye retninga i lingvistikken, den kognitive, byggjer på innsikter som er gamle, og som har 'overvintra' i mange av dei fagtradisjonane som låg til grunn for terminologien sjølv i periodar då motivasjon var 'utdefinert' frå teoretisk lingvistikk.

2.2.10.3 Motivasjon vs. forklaring

Har vi etter denne gjennomgangen komme noko nærare ei presis og avklåra forståing av motivasjonsomgrepet? Motivasjon i språket og motivasjon i språkvitskapen er som vi har sett eit omfattande og komplekst fenomen. Som allment og grunnleggjande språksyn/paradigme omfattar det mange aspekt, og motivasjon i terminologien må behandlast som eit mindre og spesifikt delområde av det store området, motivasjon i språkvitskapen. Ser vi (med Kageura 2002) termdanning som 'sekundær' orddanning, leksikalsk vokster innanfor eit domene, men avhengig av dei allmenne mekanismene for leksikalsk vokster, så kan terminologi på 'makroplanet' sjåast som eit motivert lingvistisk fenomen med allmennspråket som motiverande basis. Dersom det stemmer, slik Radden og Panther hevdar, at det framleis manglar ein heilskapleg teori om lingvistisk motivasjon, så gjeld dette òg innanfor terminologien så lenge vi drøftar dei ulike variantane av omgrepet. Derimot rår det ingen stor tvil om den samla statusen til omgrepet, for gjennomgangen dokumenterer tydeleg at motivasjon som fenomen har ein sterk status i terminologien på tvers av tradisjonar og retningar, trass i at motivasjonsomgrepet aldri har vore gjennomdrøfta i like stor detalj som andre element av det teoretiske grunnlaget. Det går derfor ikkje an å hevda, som nyare retningar har gjort (jf. Myking 2001b), at den tradisjonelle og 'wüsterske' retninga er for sterkt prega av arbitraritet og 'anti-motivasjon' (jf. ovanfor om Temmerman vs.

Rondeau). Tvert om går det ei tydeleg line frå funksjonalistisk orienterte strukturalistar til dei nyare kognitive tilnærmingane.

Drøftinga viser likevel at det tradisjonelle motivasjonsomgrepet i terminologien har vore forenklande (men det gjeld òg innanfor andre retningar), og at det med fordel kan inkorporera innsikter frå nyare kognitiv lingvistikk. Frå semiotisk synsstad kan til dømes ikkje 'motivert', 'sjølvforklarande' og 'gjennomsiktig' sidestillast eller identifiserast med kvarandre: 'Gjennomsiktig' er ein morfosemantisk eigenskap ved ei nemning, 'sjølvforklarande' er både ein morfosemantisk og endå sterkare ein pragmatisk eigenskap, fordi det krev tolkingsarbeid ut frå bakgrunnskunnskap å avgjera om eit uttrykk fyller slike krav. Diskusjonen viser klårt at det finst mange 'motiverte' storleikar som ikkje fyller morfosemantiske krav til gjennomsikt (sjå vidare figurane 11 og 23). Ein analogi som kan setja dette på plass, er det skiljet som den kognitive metafor-teoretikaren Kövecses dreg mellom motivasjon og 'prediksjon' (Kövecses 2002: 75f.). Motivasjon er då det same som den metaforiske basisen, det svarer altså til Radden og Panthers 'kjelde' og til det eg nedanfor i 3.2 kallar 'motiverande basis' meir generelt. Hjå Kövecses er det altså brukt meir spesifikt om omgrepsmetaforar ('conceptual metaphors'), der basisen byggjer på sensomotorisk og perseptuell erfaring. Slik motiverande basis kan vera av ulikt slag, men valet av basis vert gjort på grunnlag av den kognitive evna ein har til å velja det som er mest meiningsfullt. Sjølv om ulike språk har det same erfaringspotensialet, er det ikkje av den grunn sikkert dei har dei same metaforane. Ein metafor i eit språk er derfor altså motivert (dvs. har ein basis og ein prosess), men ein gjeven erfaringsbasis predikerer ikkje at ein spesifikk metafor skal finnast – slik sett er metaforen arbitrær. Det einaste som kan predikerast, er ifølgje Kövecses at det ikkje vil finnast metaforar som er motiverte i motstrid til universelle sensomotoriske erfaringstypar.

Dette skiljet samsvar med det skiljet Radden og Panther gjer mellom motivasjon og 'forklaring' ('explanation', Radden og Panther 2004: 10ff.). Ei 'forklaring' set språkbrukaren (både lingvisten og den vanlege språkbrukaren) i stand til å setja to ukjende fenomen i samband med kvarandre og dermed skapa mening i dei. I språket ligg mange fenomen under medvitsnivået for folk flest, medan lingvisten er i stand til å forklara dei – men ikkje uavhengig av ei teoretisk førforståing, og ikkje alltid med konsensus som resultat. Skiljet mellom motivasjon og forklaring/prediksjon svarer altså til Ullmanns observasjon om at eit teikn må opplevast som motivert for å vera motivert, og ei slik oppleving er språkbrukaravhengig (jf. avsnitt 2.2.2.1).

2.2.10.4 'Post hoc' er òg motivasjon

Overført på termmotivasjon kan analogien 'motivert' – 'predikert' formulerast slik: Alle 'gjennomsiktige' termar er såleis motiverte, men det motsette gjeld ikkje. Ein 'gjennomsiktig' term gjev større prediksjon av omgrepsinnhaldet enn ein ikkje-gjennomsiktig, på grunn av at ein slik term i sterkare grad er (morfologisk) kompleks, analyserbar eller direkte komposisjonell. Det er derfor skilnad mellom det å "sjå at ein term ikkje er tilfeldig danna" og det å "sjå gjennom uttrykket inn på innhaldet". Den gjennomsiktige termen tilbyr språkbrukaren ei 'forklaring': "Omgrep X har dette settet av kjenneteikn og skal forståast slik." Ein term (uttrykk, leksem) som berre gjev språkbrukaren ei oppleving av noko ikkje-tilfeldig, kan såleis berre antyda at "Det finst ei forklaring på omgrep X". Men dette 'ikkje-tilfeldige' er sjølvsagt resultatet av menneskeleg tolking og tilordning. Og i og med at ein term aldri er ein *tekst* (noko han pr. definisjon ikkje skal vera), kan han aldri tilby ei *fullstendig* forklaring. Derfor vil all prediksjon samstundes òg vera graduell, ufullstendig og krevja kontekstuell utfylling. Gjennom slik kontekstuell utfylling er det òg mogeleg å tilskriva ein term eigenskapen motivasjon post hoc: I staden for prediksjon får vi 'postdiksjon', ein skjønar først motivasjonen når ein har forstått omgrepsinnhaldet. Det ein då får innsikt i, er ikkje så mykje *innhaldet* som *grunnen* for valet av term – altså den språkeksterne delen av motivasjonen. Neubert (1978: 19) illustrerer eit slikt poeng ved dei to engelske siglasjonsprodukta *laser* og *maser* frå 1960-talet (her illustrert med definisjonar frå *Bokmålsordboka*):

laser m2 (kortord av eng. <i>Light Amplification by Stimulated Emission of Radiation</i> 'lysforsterkning ved stimulert utstråling') apparat som sender ut en bunt intense lysstråler som er parallelle, har samme frekvens og er i fase, laserstråle, jf <i>maser</i>	maser m2 (kortord av eng. <i>Microwave Amplification by Stimulated Emission of Radiation</i>) enhet som blir brukt både til å generere og forsterke elektromagnetisk stråling i mikrobølgeområdet, mikrobølgeforsterker, jf <i>*laser</i>
---	---

Desse to siglasjonsprodukta (jf. avsnitt 3.2.7.2) kan fungera *gjensidig* motiverande på grunnlag av likskap i ytre form (ein variant av fonetisk-fonologisk motivasjon), men har samstundes eit like stort samsvar i underliggjande basis, og er såleis kumulativt motiverte for fageksperten (som kanskje i minst grad har bruk for det). Det underliggjande syntagmet forklarar, den andre ordforma i dubletten antydar at det finst ei forklaring.

Nyare pragmatisk teori om skjema og rammer ('frame theory') handlar om korleis tolking av språklege uttrykk byggjer på at all kunnskap som eit uttrykk aktiverer, vert trekt inn i inferensielle prosessar. Sigrún Helgadóttirs resonnement ovanfor i seksjon 2.1 (sitat 44), at islandsk *sími* berre er "an arbitrary sign" som språkbrukarane kjenner og brukar gjennom konvensjon, er korrekt ut frå alle morfologiske eller komposisjonelt baserte motivasjonsdefinisjonar. Ein kan likevel ikkje avvise at kunnskapen om motivasjonen ligg der og er tilgjengeleg eller levande for språkbrukarar i det islandske språksamfunnet, men sjølvst i varierende grad, og at denne psykologiske, kulturelle og etymologiske bakgrunnskunnskapen kan aktiverast som tolkingsramme for uttrykket. Dette skal vi no sjå litt nærare på.

2.3 Demotivering

2.3.0 Motivasjon og leksikaliseringsteori

Diskusjonen i dette kapitlet har vist at terminologien har streva med mange omgrep som òg har vore diffuse eller omstridde i allmenn lingvistisk teoridanning. Omgrep som 'motivasjon'/'motivering', 'beskrivingsevne' og 'gjennomsikt' svarer heilt eller delvis til lingvistiske omgrep som 'ikonisitet' og 'transparens'. Det kan gje inntrykk av at terminologien ser på tolking av termar som eit einaste stort deduktivt avkodingsarbeid, medan det i realiteten handlar om lagring og læring av leksikalske einingar. Med allmenne språkvitskaplege auge kan altså dei terminologiske motivasjonsoppfatningane framstå som grove forenklingar. Sitatsamlinga dokumenterer klårt at omgrep som 'motivert' og 'transparent' ofte vert sett som synonyme, derfor er det grunn til å halda fast ved at dette er distinkte omgrep, slik kapittel 3 argumenterer for, jamfør òg Kocourek's illustrerande observasjon: "It is usually believed [...] that, if motivated, terms should be transparent, (not opaque)" (Kocourek 1994: 142f.)."

Termdanning er leksikalsk vokster, det at nye nemningar etablerer seg i leksikon (via eit leksikalsk subdomene). Ut frå diskusjonen i dette kapitlet er danning av nye nemningar forstått som *prosess* dominert av motivasjon, fordi nye nemningar er danna på grunnlag av ein eller annan type *basis* i kombinasjon med ein eller annan type av igangsetjande faktor (jf. ovanfor, Drozd og Seibicke, Radden og Panther, Kocourek). Ifølgje gjengs oppfatningar av leksikalisering er etablerte nemningar, forstått som *produkt*, utsette for tendensar som svekkjer den opphavlege motivasjonen. Desse prosessane er av og til refererte til som 'leksikalisering', av og til som 'idiomatisering', og av og til som 'demotivering'. I *Nordisk leksikografisk*

ordbok (Bergenholtz m.fl. (1997)) er såleis *transparent* stilt opp som motsetnad til *leksikalisering*. Leksikalisering fører til tap av komposisjonell tyding, og sterkt transparente leksem får vanlegvis ikkje lemmastatus i leksikografien. Dialektikken mellom motivasjon og demotivering kan ikkje vurderast som kvalitativt annleis i terminologi enn i allmennspråket. Omgrepet 'leksikalisering' har vore omdiskutert, og i den debatten har òg 'motivasjon' som problem vekt større interesse i dei siste åra. I nyare nordiske leksikologiske arbeid er motivasjon drøfta i tilknytning til leksikalisering, til dømes i Bakken 2005 og Svanlund 2002, og av dei to arbeida er det Svanlunds som utviklar motivasjonsomgrepet mest utførleg. Leksikalisering kan òg oppfattast som 'leksikonetablering', og på grunn av dette fleirtydige innhaldet i 'leksikalisering' nyttar eg helst omgrepet 'demotivering' i det følgjande. Den følgjande drøftinga byggjer på oversynet i Brinton og Traugott 2005 og på Svanlund 2002.

2.3.1 *Leksikon og grammatikk*

Som vi har sett i dette kapittelet, spelar tankegangen om komposisjonalitet i ei eller anna utgåve ei viktig rolle i mange terminologiske oppfatningar av motivasjon, særleg den morfologisk-semantiske. Det er ikkje full semje om kva 'komposisjonalitet' eigentleg inneber, anna enn at det er knytt til tanken om at ein på grunnlag av einskildkomponentar i komplekse uttrykk kan 'rekna ut' totaltydinga som uttrykket representerer. Drozd og Seibickes motivasjonsdefinisjon, og endå sterkare Leitchik og Shelovs (jf. avsnitt 2.2.3.1 og sitat 42), impliserer høg grad av komposisjonalitet (jf. "ohne Schwierigkeiten möglich, den Inhalt einer Wortzusammensetzung oder -ableitung aufgrund von konstituierenden Inhaltsträgern abzulesen" og "fully motivated by its constituents"). Samstundes inneber skiljet mellom regelviss og uregelviss morfologisk motivasjon ei gradualisering, og Neuberts ordlegging i sitat 5, "enthaltene lexikalische Elemente, die einen Hinweis auf ihre Bedeutung", er langt mindre kraftig, det same kan seiast om til dømes Sonneveld og Loening i sitat 34 ("deduce, at least partly"). I kapittel 3 er det eit viktig poeng at denne gradualiseringa har mange ulike manifestasjonsformer.

I allmenn leksikologi er det usemje om eit fenomen som komposisjonalitet eigentleg 'finst': Bakken (2005: 115) meiner i motsetnad til Svanlund (2002: 18 f) at det er urimeleg å gå ut frå at full komposisjonalitet i ordformer ikkje finst. Det springande punktet er då om fullt komposisjonelle uttrykk fortener status som (etablerte) leksikalske einingar, fordi komposisjonalitet tenderer mot det grammatiske og regelstyrte. I leksikografien vil t.d. fullt komposisjonelle ordformer ikkje få lemma-

status, og problemet er like aktuelt i terminologien, der den indre kohesjonen i ordformer kan vera så laus at det er tvil om uttrykket er eit 'hapax' eller ein terminologisk frase (jf. Myking 1987). Det er berre relevant å drøfta motivasjon i forhold til etablerte einingar, og altså dermed einingar som på ein eller annan måte er lagra i eit mentalt og sosialt leksikon. Materialet for denne avhandlinga fyller dette kravet i og med at det er dokumentert frå eit terminologisk domene – det er definert som leksikalsk etablert av brukarane i utgangspunktet. Samstundes er det urimeleg å hevda at ikkje mange av desse terminologiske oppslaga har ein relativt laus indre kohesjon, jf. diskusjonen om 'påbyggingstermar' i avsnitt 3.1.5.

Omgrepet 'leksikalisering' er som sagt mangetydig, som dei tre nemnde arbeida klårt dokumenterer. Essensen i diskusjonen, det minste felles grunnlaget, er at 'grammatikken' handlar om alle regularitetane i språket, dvs. dei regelbaserte prosessane som produserer nye uttrykk og ytringar. Leksikonet inneheld alle irregularitetane, og 'leksikalisering' kan oppfattast som 'det å innlemma ei eining i leksikon' og altså flytta henne ut or grammatikken. Prosessar som til dømes morfologisk orddanning høyrer dermed til grammatikken, medan prosessen 'idiomatisering' eller 'avmotivering' er ein prosess som skjer når ei eining er på veg over til leksikon. Svanlund argumenterer for at 'leksikalisering' bør reserverast for 'etablering', som ikkje er identisk med idiomatisering, og eg vil følgja han på det punktet. Dermed er ikkje 'leksikalisering' noko viktig omgrep her i denne samanhengen. Den prosessen som svekkjer komposisjonaltitet og transparensen i komplekse uttrykk, kallar Svanlund for *demotivering*, eg vil følgja han på det punktet òg. Termen *demotivering* har som nemnt den fordelen at han ikkje impliserer noko fast startpunkt av full morfosemantisk komposisjonaltitet, som berre kan finnast i samansetningar (eller større syntaktiske frasar). Termen impliserer heller ikkje noko fastsett sluttunkt: demotiveringa kan stansa før endepunktet total arbitraritet/opasitet/ikkje-motivasjon. Dermed er omgrepet 'demotivering' så godt som identisk både i denne avhandlinga, hjå Svanlund og i gjengs terminologiske arbeid som Drozd og Seibicke 1973: Det refererer til alle former for motivasjonstap, det står i eit dialektisk spenningstilhøve til motivasjon, og det er graduel. (Og på intensjonsplanet kan det altså utnyttast målmedvite og metodisk, som Drozd og Seibicke seier.) Tilhøvet mellom leksikon og grammatikk kan då framstillast som i figur 10:¹¹

¹¹ Modellen er inspirert av Brinton og Traugott 2005: 84, 92 og Svanlund 2002: 10, men dei dimensjonane som ikkje er direkte relevante for temaet her, er utelatne.

LEKSIKON		GRAMMATIKK
leksikalsk	<—————>	grammatisk
holistisk	<—————>	analytisk
lagra og lært	<—————>	regelkalkulert
opak	<—————>	transparent
idiosynkratisk	<—————>	systematisk
irregulær	<—————>	komposisjonell
ikkje-produktiv	<—————>	produktiv
ikkje-motivert	<—————>	prediktabel
	<—————>	demotivering

Figur 10. Motivasjonsaksar mellom leksikon og grammatikk

Alle leksikalske einingar plasserer seg på eitt eller anna punkt mellom desse ytterpunkt, men prinsipielt nærast det leksikalske, og dei kan gå mot begge ytterpunkt. Prosessen demotivering er derimot unidireksjonell.¹² Modellen er kompatibel med Svanlund (2002) fordi han ikkje impliserer faste eller statiske start- og endepunkt, og det er prinsipielt mogeleg å innordna andre leksikalske produkt enn samansetningar (komposita) i ein slik modell – eit viktig omsyn i kapittel 3.

Regelviss morfologisk-semantisk motivasjon ligg på grunnlag av denne modellen nær den 'grammatiske' enden av denne skalaen. Dette synet kan forsvarast, men ikkje i sterk form: Termar som er danna ved morfologisk-semantisk motivasjon er pr. definisjon innlemma i eit leksikoninventar og er såleis verken fullt ut grammatisk eller 'komposisjonelle'. Sjølv morfologisk-semantisk motivasjon produserer semantisk 'underspesifiserte' uttrykk i den forstand at det finst semantiske komponentar som ikkje kjem til uttrykk i nemninga, og dette er det ikkje divergens om. Altså kan vi ikkje med grunnlag i språkteoretisk innsikt forsvara 'sterke' tolkingar av motivasjonskravet som impliserer at fagtermar ikkje på same måte som andre leksem må lagrast og lærast. Termar kan såleis prinsipielt ikkje gje ei fullt ut 'prediktabel' tolking av innhaldet, det finst alltid ein meiningskomponent som må tolkast inn, jf. det klassiske eksempelet *myntvask* (jf. Picht 1983): Rett tolking er "vask ved hjelp av myntautomat", ikkje "vask av skitne myntar". Det tradisjonelle sovjetiske/russiske synet på komplett motivasjon som erstatning for definisjonen ser ut til å byggja på føresetnaden om komposisjonalitet, men pragmatisk kunnskap og

¹² Den unidireksjonelle motpolen til demotivering er då det Brinton og Traugott kallar 'folke-etymologi', ein type 'remotivering' (Berkov 1997). Kategorien er prinsipielt viktig, men fell utanfor temaet her.

lett tilgjengeleg kontekstuell inferens må òg byggjast inn som premissar dersom synet skal kunna forsvarast.

Leksikalske prosessar som lån og *ex nihilo*-danning ligg derimot nær den leksikalske enden av skalaen. Kunnskap som ikkje er koda gjennom konstituentar, må hentast frå bakgrunnen. Dette svarer også langt på veg til skiljet mellom produktivitet og kreativitet. Produktivitet er hovudsakleg eit grammatisk fenomen, kreativitet i høgare grad eit leksikalsk, men begge omgrepa refererer til leksikalsk vokster. Termdanning handlar om kreativitet i brei forstand, ikkje berre om morfologisk produktivitet.

2.3.2 *Transparens, komposisjonaltet, analyserbarheit*

Diskusjonen om 'komposisjonaltet' har vist at dette omgrepet er problematisk i vår samanheng, fordi det impliserer at visse motivasjonstypar er fullt komposisjonelle og dermed 'grammatiske'. Ingen komplekse leksikalske einingar er fullt ut komposisjonelle, for det vil alltid vera kjenneteikn som ikkje er realiserte språkleg. Men di mindre som manglar, di høgare grad av transparens eller 'motiveringsandel' (jf. Svanlund, nedanfor) har uttrykket, altså di meir 'motivert' er det. Dette vil ikkje seia at det er problematisk å hevda at alle morfologisk komplekse uttrykk er motiverte gjennom eit utval av semantiske kjenneteikn uttrykt gjennom morfologiske element som kan identifiserast ved analyse, men det er bruk for eit omgrep med noko lågare ambisjonsnivå. I denne avhandlinga er derfor motivasjon heller relatert til korrelatet 'analyserbarheit' enn til komposisjonaltet.

For Bakken (2005: 111 f) er analyserbarheit ein svakare eigenskap enn komposisjonaltet, det vi seia at analyserbarheit gjev svakare transparens enn komposisjonaltet, og dette harmonerer godt med mange sitat i samlinga (seksjon 2.1), jf. ordlegging som "Hinweis" og "Lexikalische Elemente". Morfologisk analyserbarheit vil vanlegvis seia at komplekse uttrykk kan delast i 'innhaldselement' (Kocourek: 'éléments de contenu'), og dette ligg til grunn for dei fleste definisjonane av motivasjon som vi har sett på. Eit morfologisk komplekst uttrykk er motivert av komponentane, som då dannar ein motiverande basis for uttrykket. Spørsmålet er om 'innhaldselement' kan setjast likt med 'morfem'. I tillegg til morfologisk analyserbarheit kan vi òg snakka om 'semantisk' analyserbarheit når eit innhald er utleidd av (motivert av) eit anna, som ved varianttydingar innanfor eit leksem, jf. Radden og Panthers analyse av polysemi (jf. nedanfor, avsnitt 3.2.6.2). I eit semantisk analyserbart uttrykk er det skiljet mellom bokstavleg og faktisk innhald som utgjer det analyserbare, og den bokstavlege tydinga er då ein basis for den

aktuelle. Eller, det at eit leksem har fleire identifiserbare varianttydingar, utgjer ein type analyserbarheit som gjer at varianttyding X kan fungera som motiverande basis for aktuell tyding Y. Det er òg eksempel på reint uttrykksbasert motiverande basis: Eksempel som *laser* vs. *maser* (jf. Neubert, ovanfor, avsnitt 2.2.10.3) viser jo at uttrykk kan ha ein *global* formlikskap som indikerer plassering i same omgrepsdomene. Det er rimeleg å hevda at i slike par fungerer formsidene som gjensidig motiverande basis, men ikkje på grunnlag av morfologisk analyserbarheit.¹³

2.3.3 *Svanlund: Motivering og demotivering*

Den vanlege synsmåten er at motivasjon er ein eigenskap ved nylaga termar, og at demotivering deretter svekkjer motivasjonsgraden. Drozd og Seibicke (1973: 129, 135) legg dette til grunn, og hevdar at motiverte termar er produktive, medan demotiverte termar har tapt produktiviteten. Svanlund (2002) hevdar derimot at motivasjon ikkje berre finst i nylaga uttrykk (dvs. termar), og omvendt, at svak motivasjon òg kan vera ein eigenskap ved nylaga termar. Svak motivasjon er ofte resultatet av demotivering, men ikkje alltid. Det er ikkje isomorfi mellom leksikaliseringsgrad og demotiveringsfase (jf. Svanlund 2002: 25, 32). Både Kocourek's definisjon og Laurén, Myking & Picht (2008, sjå sitat 1) må tolkast som at analyserbarheit, ikkje komposisjonaltitet, er minimumskravet til at noko er 'motivert'. Drozd og Seibickes oppfatning av morfologisk-semantisk motivasjon svarer til ein viss grad til skiljet mellom analyserbarheit og komposisjonaltitet, men ikkje fullt ut (det er analogt, men ikkje identisk). Skiljet mellom regelviss og uregelviss motivasjon reknar vi som analyserbarheit, og grensegangen mellom regelviss og uregelviss motivasjon kan vera uskarp og graduell. 'Demotivering' må forståast som ein prosess som reduserer graden av transparens, altså eit graduelt fenomen, og eit demotivert uttrykk kan bevare nok motivasjon til at uttrykket er analyserbart og omgrepet mogeleg å utleia. Det er likevel ikkje alltid slik at alle uttrykk har ein regelvisst motivert basis, og manglande eller svak motivasjon, forstått som eigenskap ved eit leksem, er ikkje alltid resultatet av ein idiomatiseringsprosess. Svak motivasjon kan vera ein eigenskap ved kreativt eller semiproduktivt nydanna leksem som ikkje byggjer på nokon morfologisk-semantisk basis. Dette er eit problem med m.a. analysen av ellipse og forkorting, sjå diskusjonen i seksjon 3.2.

¹³ Jf. Wikipedia: "Gould [oppfinnaren av laseren] originally proposed distinct names for devices that emit in each portion of the spectrum, including *grasers* (gamma ray lasers), *xasers* (x-ray lasers), *uvasers* (ultraviolet lasers), *lasers* (visible lasers), *irasers* (infrared lasers), *masers* (microwave masers), and *rasers* (RF masers). Most of these terms never caught on, however, and all have now become obsolete except for *maser* and *laser*."

Det er eit interessant samsvar mellom tradisjonelle terminologiske skrifter og Svanlund på eitt punkt: Det er morfologiske komposita og morfologisk-semantisk motivasjon som er utgangspunktet hans. Vi kan ta dette eitt steg vidare: Analysen er gyldig og relevant for avleiingar, ikkje berre for komposita. Og endå lenger: Analysen er òg relevant for 'svakare' motivasjonstypar. Mellom anna må ein taksonomisk modell gje plass for alle typar av uregelviss motivasjon, og med utgangspunkt i Svanlund kan vi hevda at svak motivasjon kan vera ein eigenskap ved *nydanna* termar, med andre ord at svak og mangelfull motivasjon kan vera kopla med leksikalsk kreativitet og nydanning. Slike leksikalske produkt ligg altså lenger borte frå ytterpunktet 'prediktabel' ('grammatisk' osv.), men ikkje heilt ute på motpolen 'ikkje-motivert'.

Eit viktig poeng her er altså at dei mest typiske definisjonane av motivasjon fører til at motiverte leksem hamnar 'utanfor' leksikon og må reknast som grammatiske fenomen. Dét er sjølv sagt ikkje operativt eller rimeleg – vi må byggja på det utgangspunktet at alle leksikalske einingar ligg i leksikon, og derfor må lagrast og lærast, men i ulik grad og i ulik avstand til det 'grammatiske'. Med Svanlunds ordlegging vil dette seia at ingen motivasjon er fullstendig, det vil alltid finnast ein ukjent tydingskomponent X fordi alle leksem er underspesifiserte, men i ulik grad. Underspesifiseringa kan kompensera med bakgrunnskunnskap, derfor står slik underspesifisering i teneste for økonomiprinsippet (jf. kapittel 4). Og nylagingar har ein tendens til å falla inn i etablerte systematiske mønster, samstundes som slike etablerte mønster hjelper oss til å tolka uttrykket (Svanlund 2002: 32 f). Dette er argument som støttar det sovjetiske/russiske synet dersom det berre seier at ein definisjon ikkje er nødvendig for å *forstå*, dvs. tolka ein term: Definisjonen er ei hjelp til å tolka ein term, men har òg andre funksjonar som ikkje kan erstattast av motivasjonen (stabilisering, vedlikehald av presisjon, plassering i eit system, referanse i standard osv.).

2.3.4 *Post hoc-analyse og 'partiell härledbarhet'*

Svanlund skriv innanfor det kognitive paradigmet, som tek avstand frå det tradisjonelle strukturalistiske synet "som framställer orden som autonoma språklige tecken" (Svanlund 2002: 22). Dermed forkastar han òg tanken om kontekstlaus gjennomsikt, som vi godt kan hevda at terminologien tradisjonelt har bygd på. Tolking av samansette uttrykk byggjer på tolking av all språkintern og kontekstuell informasjon, altså er det ein dialektisk prosess mellom dei språklege elementa og omgjevnaden, og mellom dei språklege elementa innbyrdes, og vedkommande

leksem i relasjon til andre delar av leksikon (Svanlund 2002: 32f.). Tydinga av ei samansetning er aldri mogeleg å predikera ("föruitsäga") på grunnlag av elementa, men er derimot "partiell härlbar till några av de ingående ledernas betydelser, dvs. den är motiverad av ledernas betydelser" (2002: 24). Dette er altså hans definisjon av motivasjon, med vesentleg lågare ambisjonsnivå enn mange av dei tradisjonelle definisjonane i terminologien. Skiljet mellom "härlbar" og "föruitsägar" er svært viktig: For det første forklarar det at leksem alltid kan underspesifiserast og dermed fungera økonomisk i griceansk meining (Svanlund 2002: 32). For det andre representerer dette synet i realiteten den einaste vegen ut av den overdikotomiserande tankegangen som er diskutert tidlegare i kapittel 2, og som er tett knytt til tanken om komposisjonaltet:

Föruitsägarheten föruitsätter at man kan gå från delarna och föruitsäga helhetens betydelse; härlbarheten föruitsätter bara det omvända – att man från helhetens betydelse kan se hur delarna bidrar till denna helhet. Härlbarheten är därför snarast en analys i efterhand och anknyter därmed till motiveringsomgreppet inom kognitiv lingvistik. (Svanlund 2002: 12)

Svanlund avviser dei metaforiske tolkingane av samansetningssemantikk,¹⁴ og hevdar at vi berre kan snakka om "partiell härlbarhet", og dette er det same som motivasjon:

Motivering kan ses som en övergångszon mellan polerna föruitsägar och godtycklig. Att en sekundär betydelse är motiverad av en primär innebär bl.a. att det finns en beskrivbar relation mellan betydelserna. Man kan peka på hur olika uttryckssätt och betydelser hänger samman; men normalt är detta bara möjligt i efterhand när den nya språkliga strukturen är ett etablerat faktum. [...] Motiveringen – den partiella härlbarheten – kan läggas till grund för en mer nyanserad lexikon- och lexikaliseringssyn. (Svanlund 2002: 34)

Det problematiske med denne synsmåten er at motivasjon er ein post hoc-analyse, "i efterhand". At vi må forkasta premissen om prediktabel og kontekstfri tolking, er ikkje problematisk, men Ullmanns subjektivitetskrav kan vera vanskeleg å handtera så snart ein går ut over dei mest morfologisk regelvisse fenomena. Eit motivert uttrykk skal følast motivert av språkbrukaren, ikkje av lingvisten, og all tilordning av

¹⁴ Eksempelvis matematikk: "kalkyle", "funksjon". Vi kan her leggja til fysikk: "gjennomsikt", "transparens" m.m. Den fysiske distinksjonen mellom *gjennomsiktig* (transparent) og *gjennomskinleg* (translucent) er derimot neppe terminologisert i lingvistikken, og heller ikkje i terminologien, trass i vekslina mellom desse termane som synonym for motivasjon.

motivasjon i lingvistisk analyse har dermed eit element av post hoc-analyse ved seg (jf. Kocoureks syn på etymologi i seksjon 3.2, nedanfor). Det er ikkje mogeleg å sleppa unna dette problemet på annan måte enn ved skjerpa medvit. Samstundes kan post hoc-analyse prinsipielt oppfattast som ein verksam motivasjonsfaktor hjå språkbrukaren, meta-terminologisk refleksjon kan gje Merkhilfe.

At motivasjon aldri er fullstendig ('complete'), må vi òg derfor leggja til grunn, som alt nemnt. Svanlund (2002: 35) skil her mellom *motiveringsgrad*, som har å gjera med kor *relevante* dei vanlege komponenttydingane er for totaltydinga, og *motiveringsandel*, som har å gjera med kor stor *mengd* av den totale tydinga som er motivert av komponentane og som dermed bestemmer kor mykje kontekstuell utfylling som trengst. Di meir utfylling som trengst, di mindre motiveringsandel. Det er særleg motiveringsandelen som er viktig for opplevinga av gjennomsikt, meiner Svanlund, og dette er altså eit relativt omgrep. Dei to fasettane kan òg vera uavhengige av kvarandre. Eit eksempel frå Materialet kan illustrera dette: Der finst både *redningsbåt* og *redningsflåte* utan definisjon, og *redningsdrakt* og *redningsklokke* med definisjon, og desse kan vurderast som like i *grad*, men ulike i *andel*:

<i>Materialet:</i>	"Kjeledressliknende /DRAKT/ av brannsikret og særlig varmeisolerende materiale som brukes utenpå vanlige klær under helikoptertransport og i visse situasjoner på borefartøy /OG SOM SKAL GI VERN/ mot nedkjøling ved opphold i sjøen."
<i>Bokmåls-ordboka:</i>	"brannsikker /DRAKT/ med god isolasjon og stor flyteevne som gjør det mulig å /OVERLEVE/ lengre opphold i vann"

Termen *redningsklokke* har metaforisk etterledd ("klokkeformet, vanntett redningsutstyr"). Leddet *-drakt* i *redningsdrakt* er ikkje metaforisk, men sterkt underspesifisert (dei to motiverande elementa er markerte med /VERSALAR/). Motivasjonen fungerer via kjenneteiknet /FUNKSJON/: "gi vern", "overleve", jf. synonymet *overlevingsdrakt* i Materialet, og dermed via synonymi, ikkje morfosemantisk identitet: *redning* = både 'gi vern' og 'overleve'. Graden av underspesifisering er derimot ikkje vesentleg ulik om vi jamfører den terminologiske og den allmennspråklege definisjonen. På strengt internspråkleg grunnlag har *redningsdrakt* det Svanlund kallar "låg ledmotiveringsandel": Definisjonen viser at den globale tydinga har ein "hög andel tilleggselement" (STOFF: "kjeledressliknende", "brannsikret", "varmeisolerende" materiale, BRUKSMÅTE: "brukes utenpå vanlige klær", OMSTENDE: "under helikoptertransport", "i visse situasjoner på borefartøy") og dermed ut frå dette kriteriet er underspesifisert utan dermed å vera

'anomalisert' (idiomatisert, leksikalisert). Når det gjeld *redningsklokke*, finst det definisjon i Materialet kanskje på grunn av det metaforiske etterleddet klokke (= 'Klokkeformet kapsel...'). Derimot manglar *redningsflåte* og *redningsbåt* definisjon, kanskje fordi dei pragmatisk er vurderte som det Leitchik og Shelov kallar "fully motivated by its constituents" i sitat 42. Ingen av desse vurderingane har vi reint faktisk tilgang til.

Leddmotiveringsandelen kan byggja på mange faktorar. Graden av underspesifisering og relevansen (motiveringsgraden) er viktige, men det er grunn til å nemna spesielt to faktorar som kjem svakt fram i sitatsamlinga: for det første tilslutningsgrad til kjende orddannings- og kategoriseringsmønster, for det andre graden av felles kunnskap med diskurssamfunnet (Svanlund 2002: 36f.). Det første punktet seier det same som vi kjem inn på fleire stader, til dømes i vurderinga av 'lærd' orddanning, at språklege mønster tilfører tolkingskunnskap (typen *nitro+gen*, *oksy+gen*, jf. avsnitta 2.2.3.1 og 3.2.5.2). Det andre punktet siktar til språksamfunnet, dvs. heile storsamfunnet, og seier at høg tilslutning til meir avgrensa (fag)kunnskap som ikkje alle i storsamfunnet deler, gjev låg motiveringsandel. Men i terminologien er det jo nettopp eit viktig poeng at termmotivasjonen må ta utgangspunkt i det faglege domenet, altså i 'diskurssamfunnet' eller disiplinfellesskapet. Dermed kan opplevinga av gjennomsikt og motivasjon vera ulik mellom storsamfunn og fagsamfunn, og motivasjonsprinsippet kan få ulike utslag, mellom anna normkonfliktar. Kort sagt: Denne teorien byggjer på at kontekst, kotekst og språkssystem alltid interagerer, og at alle kategoriar og fenomen er graduelle. Å tolka eit uttrykk er å "hitta de adekvata bakgrundsramarna", og når ein finn desse rammene lett, bidrar dette "till upplevelsen av självklar betydelse" (Svanlund 2002: 38f.). Svanlund strekar under at ikkje eingong nylaga ord kan få full skåre på alle variablar, men alle samansetningar skal kunna plasserast inn ein eller annan stad på kvar skala. Låg motiveringsandel og dermed ein viss grad av anomali – demotivering – vil derfor vera det normale for alle samansetningar (Svanlund 2002: 37).

Å stø seg på Svanlunds syn treng ikkje vera det same som å redusera den kognitive og kommunikative statusen for motivasjon som termdanningsprinsipp, heller ikkje for morfologisk-semantisk motivasjon, men konsekvensen er likevel at vi prinsipielt må opna for at meir 'idiosynkratiske' og 'svakare' motiveringsmønster kan ha ein viktig funksjon. Spørsmålet kan omformulerast: Dersom det er slik at motivasjon pr. definisjon er partiell og post hoc, spelar det då likevel ei kognitiv og kommunikativ rolle at ein type 'partiell' (morfologisk) motivasjon finst? Hjelper det til å tolka, forstå og ikkje minst hugsa (jf. Wüster: 'Merkhilfe') ein term lettare enn om slik partiell motivasjon ikkje fanst? Og dersom vi aksepterer at Svanlunds analyse kan

overførast på svakare motiverte uttrykk enn samansetningar, spelar motivasjon framleis ei kognitiv og kommunikativ rolle der? Dette skal vi sjå meir på nedanfor i drøftinga av Kocourek's klassifiseringsmodell, figur 11.

2.4 Motivasjon: åtte aspekt

Denne gjennomgangen har vist at det ikkje er enkelt å gje ein god vesensdefinisjon av motivasjonsomgrepet, og kompleksiteten i omgrepet er altså vesentleg større enn det er rom for å yta rettferd i denne framstillinga. Basert på bruksmåtar og brukskontekstar kan ein derimot hevda at det finst minst åtte fasettar av omgrepet.

1) Motivasjon er ein språkekstern faktor

Radden og Panthers (2004) modell over språkeksterne motivasjonstypar (ovanfor, figur 9) ser motivasjon som ein igangsetjande og "external accompanying factor". Det er særleg den kommunikative motivasjonstypen som er relevant for denne diskusjonen, for det er mykje språkvitskapleg teoridanning som har peika på kausalsamanhengen mellom pragmatiske rammevilkår og utslag i det språklege uttrykket. Kommunikative behov står sentralt i terminologiarbeidet, og vegen er ikkje lang til å analysa og forklara språklege strukturar i lys av språkeksterne faktorar, endå eg tidlegare har reservert meg mot å analysa terminologi som eit sett av psykologiske intensjonar. Men Drozd og Seibickes observasjon av at "medviten motivasjonsmangel er ein motivasjon" (jf. avsnitt 2.2.3.4), er ikkje vanskeleg å relatera til dette aspektet. Vi må kunna rekna dette som ein grunnleggjande premiss for å arbeida med motivasjonsomgrepet.

2) Motivasjon er ein språkintern og semiotisk faktor

Radden og Panthers (2004: 1) arbeid er eit forsøk på å framheva motivasjon som det vesentlege kjenneteiknet ved naturleg språk, og terminologien – både 'tradisjonen' og nyare retningar – tek etter mi vurdering same standpunkt som nyare kognitiv lingvistikk: "cognitive linguistics tend to see motivation as the norm and consider arbitrariness as the last resort". Spørsmålet er kor mykje vekt det eine prinsippet skal ha i forhold til det andre, og den kognitive retninga representerer den siste av mange pendelsvingingar, slik Simeone (1995, jf. ovanfor, seksjon 2.0) har vist. Forholdet mellom motivasjon og arbitraritet i språket er eit gradsspørsmål, som òg Saussure sa, og denne posisjonen kan sameinast med Laurén, Myking & Picht (2008: 94):

Valget af en bestemt udtryksside for en genstand eller en klasse af genstande, herunder fænomener og sagforhold, er arbitrært, thi i begyndelsen af konventionaliseringsprocessen står principielt alle tænkelige udtrykssider til rådighed og begrundelsen for et bestemt valg – såfremt der overhovedet er tale om et bevidst valg – kan næppe spores tilbage til sin oprindelse, medmindre en bevidst motivation kan påvises. En begrundelse for at adgangsåbningen til en bygning kaldes 'dør' på dansk kan kun være af spekulativ art. Ej heller etymologien vil kunne forklare konventionaliseringen, da en evt. 'urform' også ville have været et arbitrært valg.

Dette aspektet dannar ei ramme omkring diskusjonen, sjå kapittel 1, dessutan Laurén, Myking & Picht (1997: 75), men treng inga operasjonalisering og skal ikkje analyserast empirisk. Framhaldet av sitatet er derimot viktig, fordi det kompletterer resonnementet slik at temaet for denne avhandlinga i det heile kan legitimerast:

Forholdet mellem et fagområdes viden og dets representationsformer er arbitrært, men ikke nødvendigvis umotiveret.

Når vi lar 'arbitrært' vera eit semiotisk omgrep som handlar om sjølve tilordningsrelasjonen innhald–uttrykk, tar påstanden klårt parti for det synet at det ikkje er noko naturbunden eller nødvendig relasjon mellom innhald og uttrykk: Det er skilnad mellom kausalitet og tvang. Når vi lar 'umotivert' handla om eigenskapar ved sjølve uttrykket, er det ikkje noko paradoks å hevda at språkteiknet er prega av arbitraritet og motivasjon på ein og same gong. Klassifiseringsmodellen i kapittel 3 er prega av dette, og handlar i stor grad om korleis det er mogeleg å skilja 'umotiverte' uttrykk frå 'motiverte' på grunnlag av morfologiske og andre lingvistiske kriterium.

3) Motivasjon er ein kulturell og psykologisk faktor

På grunnlag av ei reint morfologisk tilnærming er det mange aspekt ved motivasjon som slepp unna. Det går mellom anna ikkje an å skilja mellom motivert og ikkje-motivert på grunnlag av skiljet mellom samansetjing og konfigering (sjå seksjon 3.2). Det går heller ikkje an å seia at eit 'konfiks' som *nitrogen* ikkje har utsegnskraft, for det er ikkje usannsynleg at fagspesialistane både vil protestera på dette og vera i stand til å forklara motivasjonen bak termen på grunnlag av kontekstuell bakgrunnskunnskap. På same måten er eit val mellom til dømes *nitrogen* og *kvelstoff* i ein normativ situasjon – altså mellom 'lærd' og 'heimleg' – eit kulturbestemt val. Og 'val' impliserer intensjon, som er eit psykologisk fenomen.

Når motivasjon er, som det heiter i mange av sitata i seksjon 2.1, det å få ei 'førestelling om omgrepet', så må den førestellinga vera situert i ein bestemt språkkultur og påverka av den, slik vi har sett ovanfor ved maori og islandsk, respektive (jf. avsnitt 2.2.8). Det kan vera ein fagleg delkultur, men det kan òg vera den allmenne felleskulturen i eit samfunn. Dette har for det første relevans for uttrykkssida: Orddanning og omgrepsrepresentasjon i felleskulturen vil då vera relativt sterkare knytt til dei sentrale delane av orddanningsmekanismane enn til dei meir perifere. Det er såleis ikkje utan grunn at motivasjon i så stor grad vert assosiert både med heimleg morfeminventar og med dei mest produktive mekanismane, som morfologisk avleiing og samansetjing faktisk er. Det er derfor sjølvsagt heller ikkje tilfeldig at nett opposisjonen mellom morfologisk regelviss motivasjon på fritt grunnlag eller gjennom avløyning og omsetjingslån på den eine sida, og konfiks, direktelån eller andre 'perifere' mekanismar på den andre sida, er den mest diskuterte termvalssituasjonen av alle. Haldninga frå storsamfunnet vil då ofte vera at 'heimlege og kjende ord frå morsmålet er mest gjennomsiktige og lettast å forstå'.

Det både Rondeau og Kocourek omtalar som den minnetekniske og kulturelle verdien av motivasjon (Kocourek 1991:179), overstyrer ikkje konvensjonen. Dette motivasjonsaspektet krev ikkje anna operasjonalisering enn det som kan innordnast i klassifiseringa av termane i domenet i kapittel 3, der motivasjon gjennom lån er ein slik kategori.

4) Motivasjon ('motiv') er ein semantisk og morfosemantisk eigenskap

Motivasjon er som vi har sett tett knytt til det semantiske nivået ('indre form' osv.), men handlar om både innhald og form. Å analysere motivasjon krev derfor at både uttrykks- og innhaldsnivået må trekkjast inn i analysen. Gjennom omgrepet 'analyserbarheit' legg motivasjon grunnlag for det som i morfologien er kalla 'transparens', 'semantisk komposisjonalt', 'gjennomsikt' osv., og refererer til den eigenskapen ved komplekse uttrykk at dei kan tolkast gjennom tolking av komponentane. Sitatsamlinga i 2.1 illustrerte gjennom nøkkelord som 'gjennomsikt', 'beskrivningsförmåga', 'lett å forstå', 'sjølvforklarande' m.m. at dette er ein viktig eigenskap, og dermed at den morfosemantiske strukturen i termen står sentralt.

Omgrepet 'morfosemantikk' er ikkje klårt definert, heller ikkje hjå Antia m.fl. (2006), eitt av få arbeid der morfosemantikk eksplisitt er temaet. Det ligg nær å tolka termen som ei avkorting av 'morfologisk-semantisk'. Som Reinhardt (1973: 37) peikar på, er motivasjonsstrukturane innhald-og-form-strukturar, altså verken reint semantiske eller reint formelle strukturar, endå om det kan vera vanskeleg å integrera

desse to beskrivingsnivåa i éin og same formalisme. Motivasjonsformalismene hjå Neubert og Reinhardt minner mest om semantiske strukturar. Når det i normative dokument heiter at motivasjon vil seia at 'kjenneteikn' er reflekterte i termen, så er 'kjenneteikn' ein semantisk storleik som kan framstillast i abstrahert form. To termar i ein termdublett kan ha lik semantisk struktur, men ulik språkleg realisering: Termen *reduksjonsventil* er motivert gjennom eit kjenneteikn av typen /FUNKSJON/ (eller /FORMÅL/), og dette kan like gjerne framstillast gjennom Kageuras (2002: 99) semantiske formalisme for intraterm-relasjonen FUNKSJON: "X [= *reduksjonsventil*] is a class of the concept represented by NUC [= 'ventil'] whose function or activity is the concept represented by DET [= 'trykkreduksjon']." Motivatoren, for å bruka Berkovs term (1997: 109) er leksemet 'reduksjon', og eit semantisk kjenneteikn av typen /REDUSERE/ kan potensielt representerast av ein annan motivator, til dømes leksem som 'minka' eller 'avgrensa'. Intraterm-relasjonen til termen *korrosjons-hemmer* vil vera den same som i synonymet *korrosjonsinhibitor* (jf. avsnitt 3.2.5.4), "/HINDRING/ er funksjonen til X". Valet av uttrykksvariant vert nøytralisert i den semantiske beskrivinga, men er sentralt ut frå dei fleste normative og kulturelle dimensjonane ved motivasjonsomgrepet.

Formaliserte beskrivingar av den semantiske strukturen i termar skil seg innbyrdes og kan ha ulikt ambisjonsnivå. Kageuras 'intraterm-relasjonar' (Kageura 2002: 98–102) er uttrykk for semasiologisk orienterte analysar av relasjonen mellom kjerne og determinerande ledd i komplekse termar. Weissenhofers analyse av baseballtermar (Weissenhofer 1995) liknar mykje på Kageura, endå om notasjonen er noko ulik. Det leksikalsk-semantiske nivået mellom uttrykk og innhald har ikkje nokon eksakt og etablert plass i terminologiske modellar. Horecký (1979) skil meir mellom 'semantisk struktur', som er sjølv omgrepet, og 'onomasiologisk struktur' som er "the implentation of selected semantic features by linguistic means", altså den morfo-semantiske strukturen (motivasjonen/motivet, jf. diskusjon i Laurén, Myking & Picht 1997: 75f.). Stikkorda er 'selected', fordi ikkje alle drag ved omgrepet fungerer motiverande, og 'linguistic means', som klårt refererer til både innhalds- og formsida, altså til ein morfosemantisk storleik. Det er skiljet mellom onomasiologisk og onomatologisk nivå, altså mellom motivasjon og overflaterepresentasjon, som er fanga inn av denne modellen. Modellen har ikkje noko semantisk nivå som korresponderer med til dømes Kageuras 'intraterm relation'.

5) *Motivasjon er ein strukturell og grammatisk eigenskap*

Gjennomgangen viser tydeleg at dei grammatiske og strukturelle sidene ved motivasjon har fått mykje merksemd i litteraturen. Prosessuelt er motivasjon tolka

som ein kreativ faktor i danninga av nye termar, manifestert både som produktiv morfologisk orddanning og meir kreativt gjennom andre mekanismar. Det er ein sterk tendens til å framheva morfologisk-semanticke motivasjon som den sentrale motivasjonstypen, og dermed plassera 'god' termdanning nær den regelbaserte og 'grammatiske' enden av leksikon. I tillegg kan omgrepet motivasjon tolkast statisk, altså ikkje som orddanningsmekanisme, men som strukturell eigenskap, og dette i sin tur både som binær og som graduell eigenskap, som vi har vore inn på mellom anna i avsnitt 2.2.3.3.

6) *Motivasjon er ein funksjonell og typologisk eigenskap*

Ein definisjon av 'motivasjon' som det er fruktbart å byggja på i den vidare drøftinga, er definisjonen frå Laurén, Myking & Picht 2008: 89:

Projicering af en del af indholdssiden ind i udtrykssiden, således at udtrykssiden gør det muligt at associere indholdssidens viden med allerede eksisterende viden.

Denne definisjonen knyter motivasjonsomgrepet både til den grammatisk-strukturelle og til den morfosemanticke dimensjonen. Men motivasjon vert òg knytt til den pragmatisk-kommunikative faktoren informativitet, og dermed til Grices maksime om kommunikativ kvalitet (sjå diskusjonen av figur 9 ovanfor, dessutan vidare i kapittel 4). Denne faktoren heng saman med kompleksitet på den måten at di fleire komponentar eit uttrykk har, di meir informasjon signaliserer det (tendensielt). Tolka som eigenskap, 'den førestellinga som uttrykket framkallar om omgrepet', utgjer informativitet som vi har vore inne på ovanfor, eit kontinuum frå (svak) antyding til (sterk) prediksjon. Motsetnaden til dette er kvantitetsmaksimen, som handlar om kommunikativ økonomi, derfor står informativitet og kompleksitet i eit spenningsforhold til økonomi – det informative mot det korte. Di meir motivert eit uttrykk er, di lengre og meir brukarfiendtleg har det ein tendens til å vera. Dette er ein viktig motsetnad med relevans for alt språkplanleggingsarbeid, og som vi har sett m.a. i gjennomgangen av Ullmann, har det vore kopla til typologiske skilnader mellom til dømes tysk og engelsk. Derfor er desse aspekta i høg grad viktige å ta opp, og det skal gjerast i kapittel 4.

7) *Motivasjon er ein onomasiologisk eigenskap*

Dei seks første punkta som no er skisserte, er semiotisk og semasiologisk baserte. For terminologien er den onomasiologiske dimensjonen sentral, det vil seia termen sett med utgangspunkt i omgrepet han representerer, og dermed sett med utgangspunkt i

den faglege kunnskapen. Den onomasiologiske dimensjonen ved motivasjon handlar om at uttrykket skal spegla uttrykket mest mogeleg relevant eller 'korrekt'. Kjenneteikn som er viktige i omgrepet og dermed i definisjonen, skal derfor avspeglast i termen, og termen skal ikkje avspegla kjenneteikn som ikkje er til stades eller ikkje er viktige i omgrepet og definisjonen. Dette omsynet er sentralt i terminologiplanlegging og standardiseringsarbeid (og er sjølv sagt aldri heilt irrelevant eller fråverande i allmennspråkleg nyordsarbeid). Drozd og Seibickes diskusjon om 'alogisk' eller 'feil' motivering knyter seg til Grices kvalitetsmaksime, men kva som er 'relevant' og 'viktig', kan berre avgjerast på grunnlag av faglege kunnskap. Derfor er dette kravet eit onomasiologisk krav.

Den onomasiologiske dimensjonen kan prinsipielt analyserast språkinternt gjennom samanlikning av elementa motivasjon–omgrep eller motivasjon–definisjon ut frå modellen i kapittel 1, figur 2. Men kva som er ein 'treffande' eller 'velmotivert' term, er for det første eit fenomen som først og fremst må tillempast på mikronivå, i den einskilde termen. For det andre er denne dimensjonen så sterkt knytt til faglege praksis at han er vanskeleg og til dels unaturleg å inkorporera i den semasiologiske og makroorienterte analysen som denne avhandlinga legg opp til. Det er derfor for så vidt både eit arbitrært og eit motivert val at denne problemstillinga ikkje kjem til å spela noka viktig rolle i kapittel 3 og 4. Av og til er ho likevel umogeleg å unngå heilt.

8) *Kjerna i motivasjonsomgrepet er pragmatisk: 'det som er 'kjent''*

Det pragmatiske omgrepet 'kjent' har gått som ein raud tråd gjennom denne diskusjonen. Innafor kognitiv-funksjonalistisk syntaks har Haiman (1983) formulert kjerna i omgrepet slik:

The formal opposition TRANSPARENT VS. OPAQUE will thus correspond to the pragmatic opposition of UNUSUAL VS. FAMILIAR. (Haiman 1983: 802)

Vi kan her dra ei line frå Wüsters *Merkhilfe* via Drozd og Seibickes definisjon av morfologisk-semantisk motivasjon og puristisk 'heimleg orddanning', til det kunnskapsbaserte omgrepet motivasjon i kognitive retningar. Her kunne vi òg leggja til eit niande aspekt: Motivasjon er graduell, fordi kunnskap er graduell.

2.5 Konsekvensar for den vidare granskinga

Målet med kapittel 2 har vore å gje eit oversyn over motivasjonsomgrepet. Sidan ei slik drøfting har mangla, har det her vore nødvendig å 'opna eit felt'. Eit omgrep med mange fasettar må definerast liberalt, med fare for at det ikkje vert operativt. Når alle fasettane ved omgrepet motivasjon tenderer mot det subjektive, graduelle, inferens-avhengige og kontekstbetinga, slik gjennomgangen har vist, er det nødvendig å fokusera nærare på utvalde aspekt og dermed avgrensa målet med undersøkinga. Diskusjonen avspeglar to viktige slutningsrekkjer som munnar ut i dei to overordna (hypo)tesane som eg har gjort greie for i kapittel 1, seksjon 1.3:

1. kjent > gjennomiktig > morfologisk > komplekst = 'normaliseringstesen'
2. komplekst > uøkonomisk > tungvint > 'avmetaforiseringshypotesen'

Når eg har i det følgjande har valt å sjå nærare på punkta 5 og 6 ovanfor, er det ikkje vilkårlege val, men eit val styrt av interessa for normative implikasjonar av omgrepet, som etter mitt syn krev ei betre eksplisering av desse aspekta enn det som har vore gjort tidlegare. I dei to følgjande kapitla (3 og 4) er desse punkta utmynta i to spørsmål:

1. Kva er vilkåra for å skilja mellom motivert og ikkje-motivert i eit terminologisk domene? (= kapittel 3, det taksonomiske utgangspunktet.)

Dette spørsmålet knyter seg til diskusjonen i kapittel 1, seksjon 1.3, dei fire aspekta ved 'normaliseringshypotesen'. Taksonomisering på språkvitskapleg grunnlag er sentralt. Den klåre tendensen til å framheva morfologisk motivasjon som viktig, er ikkje eintydig eller konsekvent. Derfor trengst det framleis ein taksonomisk modell over prosessar for termdanning som klarer å skilja mellom typar av nemningar ut frå det bodskapsformidlande potensialet dei har. Der tradisjonen har operert med tilnærma identitet mellom motivasjon og morfologisk motivasjon, men samstundes antyda at det òg finst andre typar, kan vi no spørja: Kva for andre typar finst det, korleis er slike 'andre' motivasjonstypar utnytta i terminologien, og kor langt er det mogeleg å gå i å inkludera terminologiske uttrykk under karakteristikken 'motivert'? Ein praktisk mogeleg tilnæringsmåte til dette problemet er å ta den terminologiske modellen som viser størst potensial, som er Kocourek (1991), og modifisera den i lys av Radden og Panthers klassifikasjon av semiotiske relasjonar. Dette vert gjort i kapittel 3, særleg i seksjon 3.2.

2. Kva er dei funksjonelle konsekvensane av motivasjon som normativt prinsipp i norsk sekundær termdanning? (= kapittel 4, det typologiske og funksjonelle utgangspunktet.)


Det motivasjonsomgrepet som stig fram av diskusjonen, handlar i stor grad om avspegling av omgrepskjenneteikn i det språklege uttrykket. Di meir avspegling, di meir språkleg materiale krevst, og di høgare grad av morfologisk kompleksitet og informativitet får termen – dette er lina i resonnementet. Som kommunikativt prinsipp og kommunikativ eigenskap står derfor dette motivasjonsomgrepet i pragmatisk opposisjon til det språklege økonomiprinsippet (som òg er ein 'motivert' språkleg mekanisme i tydinga ikkje-tilfeldig). Denne pragmatiske opposisjonen kan få typologiske konsekvensar gjennom leksikalisering og demotivering, og gjennomgangen viser klårt kor sterkt motivasjonsomgrepet er influert av typologiske resonnement. Denne samanhengen mellom funksjonalitet og typologi vert undersøkt nærare i kapittel 4 med forankring i den såkalla 'avmetaforiseringshypotesen'. Oversynet har òg vist at samanhengen mellom motivasjon og purisme er utydeleg og uavklåra i terminologien, og ein får mistanke om at dei som tek opp denne samanhengen, skriv like mykje med bakgrunn i sine respektive språkkulturar som med bakgrunn i terminologiske prinsipp.

Målet med dei to neste kapitla er altså ikkje å testa dei to hypotesane om desse faktorane, men å gjera greie for kva for hypotesar som det er mogeleg å ha, og kor kvalifiserte og underbygde desse hypotesane kan seiast å vera. Grunnlaget for denne diskusjonen er det settet av varierende bruksmåtar som er dokumenterte i kapittel 2.

3 MOTIVASJON SOM KLASSIFISERINGSPRINSIPP

3.0 Motivasjonstypologi eller termtypologi?

Målet med dette kapittelet er å beskriva motivasjon slik dette prinsippet nedfeller seg i eit sett av språklege produkt i eit fagleg domene. Det handlar altså om typar av faglege nemningar – termar – og distribusjonen av dei i Materialet, i samsvar med Kageuras prinsipp om heildekking av eit domene (jf. kapittel 1). Modellen må vera uttømmande, taksonomisk og operativ, samstundes som motivasjonsprinsippet har mange fasettar, slik kapittel 2 har vist. Ein uttømmande taksonomisk modell må derfor òg gjera greie for kva for andre typar motivasjon enn den morfologiske som kan reknast med, korleis desse er utnytta, og kva for potensial dei har. Det vil gå fram nedanfor at fleire teoretiske problem vanskeleg kan løysast innanfor ei strukturalistisk tilnærming. Den modellen som likevel kjem nærast dette kravet, er som nemnt i kapittel 2, Kocourek 1991:



Figur 11. Motivasjonstypar i termdanning (Kocourek 1991: 175). Jf. òg figur 23, revidert

Denne modellen inkorporerer mange motivasjonstypar som andre framstillingar ikkje tek omsyn til, og fangar såleis opp fleire fasettar av prinsippet. At Kocourek's modell er meir inkluderande enn andre motivasjonsmodellar, er f.eks. kategorien 'motivasjon gjennom lån' eit eksempel på. Kocourek bryt her med eit strukturalistisk prinsipp, og opnar for at eit teikn i eitt språk motiverer eit anna teikn i eit anna språk. At eit teikn frå eitt språk kan ha ein mental eksistens for brukarane av eit anna språk og såleis utgjera ein motiverande basis eller 'kjelde' for eit ekvivalent teikn, må reknast som plausibelt, for lån og annan språkleg interferens spelar ei viktig rolle i sekundær termdanning.

At modellen er inkluderande, men ikkje motseiingslaus, kan kategorien 'rotord' (Kocourek: 'dénomination simple') vera eit eksempel på. Kocourek går for det første langt i å rekna etymologi som ein motivasjonell faktor. For det andre kan det som frå streng strukturell synsvinkel er rotord, visa seg å vera semantisk motiverte og dermed semantisk komposisjonelle uttrykk. Strukturalistiske semantikarar som Ullmann og Lyons behandlar då også relasjonen mellom utgangstyding og metaforisk tyding som ein type "komposisjonalt" – dette er jo grunnen til at Ullmann stiller opp semantisk motivasjon som den tredje motivasjonstypen samanlikna med Saussure (jf. kapittel 2). Til semantisk motivasjon reknar Kocourek (1991: 174) for det første metafor og metonymi, i samsvar med tradisjonen, medan terminologisering ikkje finst som kategorisering i hans modell. Behandlinga av semantisk motivasjon er eit problem i terminologien, ikkje minst det uavklåra forholdet mellom terminologisering og metafor, som vi må sjå nærare på.

For det tredje utvidar Kocourek kategorien semantisk motivasjon med den typen semantisk motivasjon som ligg i at konstituerande element i komplekse termar, f.eks. i samansetningar, uttrykkjer det som hjå Wüster og i standardiseringstradisjonen er kalla "Ordnungsmerkmale" eller andre meiningsberande og distinktive kjenneteikn – hos Kocourek 'caractères inhérents' og 'relationnels'. Det er ingen ting "feil" med dét, for omgrepet 'semantisk' omfattar sjølv sagt semantiske eigenskapar ved andre ordtypar enn metaforar, og ord eller morfem som samansetjingsledd har sjølv sagt sin eigen semantikk (om dei ikkje er 'restsegment', sjå nedanfor). Det er ein viktig eigenskap ved samansette uttrykk at førsteleddet (modifikatoren) uttrykkjer semantisk viktig informasjon om sisteleddet, dette er jo grunnen til at morfologisk motivasjon står så sterkt i terminologien. Men som orddanningstypologi blir modellen på denne måten inkonsistent, fordi éin kategori – semantisk motivasjon – blir spreidd på fleire produktkategoriar, altså ordtypar, både semantiske rotord og morfologiske samansetningar.

Dette vil for det fjerde føra med seg at modellen må opnast for dobbeltmotivasjon. I eit determinativt kompositum finst det etter modellen ein semantisk motivasjon i førsteleddet, samstundes som kompositumet som heilskap har ein morfologisk-semantisk motivasjon pr. definisjon, sjå nedanfor. Den semantiske motivasjonen i førsteleddet er underordna den morfologiske motivasjonen ved leksetet som heilskap.

Det som framstår som ein motivasjonstypologi, altså ein typologi over semiotiske/semantiske fenomen, liknar til forveksling ein orddanningstypologi, det vil seia ein typologi over morfologiske fenomen, men utan heilt å vera det. Kocourek (1991: 174) sjølv er inne på problemet. Orddanning i spesifikk tyding er morfologi, men termdanning som 'sekundær orddanning' omfattar meir enn morfologi. Modellen er vesentleg meir stringent og eintydig dersom vi berre ser han som typologi over motivasjonstypar og ikkje som modell over terminologisk produktivitet eller kreativitet, men det er som modell for terminologisk kreativitet vi treng modellen her.

Heller ikkje Kocoureks modell er altså heilt fri for problem eller indre motseiingar. Det er heller ikkje enkelt å oppnå ved slike fenomen: "Ordlaging, leksikonforankring og semantiske endringar er fenomen som interagerer på ein måte som enno ikkje er heilt avklart," seier Bakken (2005: 115). Målet med dette kapitlet er å komma eit steg lenger i denne diskusjonen, men utan ambisjonar om å løysa alle problem. Den tradisjonelle vektlegginga på morfologisk motivasjon kan med ein viss rett kallast reduksjonistisk, jf. kritikken frå Temmerman som vi har vore inne på i kapittel 2, men spørsmålet vert på den andre sida: Kor langt kan vi då få ein inkluderande modell til å nå – kor mykje av det terminologiske leksikon fell inn under omgrepet 'motivert'? I dei følgjande to seksjonane vil eg drøfta nokre av desse problema med utgangspunkt i ein revisjon av Kocoureks modell. Premissane vert drøfta i 3.1, den modifiserte modellen i 3.2, og den modifiserte modellen i heilskap i konklusjonen, seksjon 3.3.

3.1 Dimensjonar ved termdanning

3.1.0 Kva er 'termdanning'?

I kapittel 1 har vi lagt til grunn at omgrepet 'term' i denne avhandlinga er definert og brukt i samsvar med heilt tradisjonelle definisjonar. Omgrepet 'termdanning' er i Laurén, Myking & Picht (1997:182 f) breitt definert som "ein terminologisk

subdisiplin” med fire delområde. I denne avhandlinga er det berre to punkt som er aktuelle å ta opp: punkt b), det kreative aspektet, og d), det normative og funksjonelle. I dette kapittelet skal eg derfor ta opp det kreative aspektet, som ifølgje Laurén, Myking & Picht (1997: 180) handlar om ”termdanning i eigentleg tyding: Korleis oppstår det nye fagspråklege leksem, og kva for språklege prosessar er operative?”. Dei tre hovudtypane av termdanning det er tale om, er morfologiske prosessar, semantiske prosessar og lån, og desse tre hovudtypane er drøfta i mange ulike oppstillingar og framstillingar, til dømes Sager 1990 og 1997, Sager m.fl. 1980, Drozd og Seibicke 1973, Kocourek 1991, Wright og Budin (eds.) 1997. I dette kapittelet tek vi opp korleis desse tre hovudtypane kjem til uttrykk i motivert termdanning, eller meir presist: i motivert *sekundær* termdanning. Som Roald (1986b: 178) peikar på, er det lite som skil slike taksonomiar frå tilsvarande oversyn over allmennspråkleg leksikalsk vokster. I denne avhandlinga er det ikkje meininga å gå heilt ned på morfemnivå og gje uttømmmande inventarbeskrivingar. I staden ser vi på motivasjon som ein overordna og meir abstrakt kategori enn sjølve dei morfologiske produktkategoriene, og det er motivasjon vi prøver å gje ein taksonomi over. I Kocoureks modell er grensa mellom desse to nivåa ikkje skarp, og til og med ein abstrahert modell må visa korleis ulike typar motivasjon manifesterer seg i konkrete produktkategoriar.

3.1.1 *Primær vs. sekundær termdanning*

Mange forfattarar skil mellom ’primær’ og ’sekundær’ termdanning, og vi skal her følgja desse (jf. Sager 1990: 80 ff, 1997: 27; Temmerman 2000: 235, jf. òg Rondeau 1984: 127f., som skil mellom dei to plana ”interne” og ”interlinguistique” med analog meining): ’Primær’ termdanning er knytt til omgrepsutviklinga, og skjer altså i det språket der kunnskapen innanfor domenet vert utvikla. Det er altså gjennom primær termdanning at eit omgrep første gong får laga og tilordna ein språkleg representasjon. ’Sekundær’ termdanning er knytt til kunnskapsoverføring til eit anna språksamfunn, og dermed til danning av nye nemningar for eit omgrepsinnhald som prinsipielt skal vera mest mogeleg konstant. Omgrepet får altså laga og tilordna ein språkleg representasjon for andre gong (i ein tospråkleg konfigurasjon).¹⁵

Termdanning skjer gjennom ulike lingvistiske prosedyrar som er prinsipielt like i primær og sekundær termdanning, men som kan ha ulik distribusjon og pragmatisk vekt i dei to hovudtypane. Til dømes er skiljet mellom terminologisering og metafor

¹⁵ Sekundær termdanning gjeld òg einspråkleg revisjon av termar, som vi ikkje tek opp her (jf. Sager 1997: 27).

problematiske i både primær og sekundær termdanning, men det er ikkje uvanleg å meina at desse mekanismane samla sett er vanlegare i primær termdanning, medan morfologiske prosessar er vanlegare i sekundær. Distribusjonen kan vera ulik frå domene til domene, til dømes er vitenskaplege nomenklatur sterkare prega av lån og internasjonal 'lærd' orddanning enn andre domene som ligg nærare praksisfeltet. Riggs (1993: 196) hevdar til dømes at semantiske prosedyrar er viktigare enn morfologiske i samfunnsvitenskapleg terminologi, medan det er omvendt i teknisk. Dermed er graden av polysemi høgare i "social sciences" enn i teknologiske fag. Ord eller termar er aldri fastlåste til sitt opphavlege domene. Eit nytt språkleg teikn kan dannast i eit fagleg subdomene og deretter gå over i allmennspråket (avterminologisering), i prinsippet utan at det er danna med materiale frå allmennspråket, men det kan altså vera leverandør av nye element til allmennspråket – altså danning ved lån.

Den primære termdanninga i det domenet som vert studert her, har gått føre seg i engelsk, fordi teknologien som ligg til grunn, i stor grad er utvikla på amerikansk territorium og i alle fall via engelsk språk og av aktørar som kommuniserer på engelsk (Roald 1985: "texas-amerikansk"). Den norske olje- og gassnæringa som tok form på 1970-talet, baserte seg på ein omfattande teknologi- og kunnskapsimport, men med ein sterk ambisjon om sjølv å verta ein leverandør av teknologi og kunnskap, og med aukande bruk av norsk arbeidskraft. Trass i at terminologisk materiale frå etablerte fagområde i stor grad vart henta inn og utnytta i det norske oljespråket, må det vera rett å karakterisera termdanninga som følgde, som sekundær. Dette er nok ein situasjon som kan generaliserast til andre språksamfunn og kunnskapsdomene (sjå Temmerman 2000: 235), utan at vi skal ta stilling til kor sterk denne generaliseringa skal vera. Poenget reint lingvistisk er at språkmodellane i den primære termdanninga på ulike vis legg rammer for den sekundære termdanninga: Sekundær termdanning må ta stilling både til onomasiologiske behov ("kva er karakteristisk for omgrepet?") og til den primære termdanningsmodellen, som ikkje alltid er den mest tenlege i sekundær termdanning. I den norske olje- og gassnæringa handlar det om to relativt like språk og kulturar, men likevel skil dei seg på såpass mange punkt at det er meningsfullt å samanlikna dei. I samfunn på ulike teknisk-økonomiske utviklingssteg og/eller med typologisk urelaterte språk er desse problema sjølvsagt større.

3.1.2 *Prosess og produkt, kreativitet og produktivitet*

Kocoureks modell framstår som eit statisk, synkront bilete av strukturen i leksikon. Dei 'arbitrære' gruppene oppe til venstre i modellen kan tolkast prosessuelt, fordi det i prinsippet er mogeleg å konstruera ord 'ut av inkje (*ex nihilo*), men det er vél så naturleg å lesa modellen som bilete av ein statisk tilstand. Modellen framstiller derfor først og fremst dei motivasjonelle eigenskapane som er nedfelte i eit terminologisk inventar, og ikkje motivasjonstypar slik dei fungerer for å danna nye termar. Demotivering har såleis ingen plass i modellen, og det er ein skilnad i abstraksjonsnivå, modellen skil heller ikkje mellom regelvisst og uregelvisst motiverte samansetningar slik Drozd og Seibicke (1973: 130) gjer. Ut frå skiljet 'Wortbildung' vs. 'Wortgebildetheit', altså prosess vs. produkt (jf. Vinje 1973: 8), er det produktaspektet vi først og fremst kan seia noko om med modellen. Den reviderte modellen som blir presentert i dette kapittelet, siktar såleis først og fremst mot å gje eit meir komplett bilete av leksikon sett frå ein statisk synsvinkel (produkt), og deretter drøfta prosessuelle aspekt sekundært. (Sjå nedanfor, mellom anna diskusjonen av kategorien rotord i materialet, avsnitt 3.2.1.2). Motivasjon skal vi såleis heretter primært sjå som "ein eigenskap som termar av type X har", og ikkje "ein mekanisme som genererer termar av type X".¹⁶

Skiljet let seg likevel ikkje alltid handheva stringent. For Kocourek heng det diakrone aspektet ved termdanning nært saman med det synkrone og strukturelle, slik som når han drøftar den rolla transformasjonar av typen nominalisering (og adjektivisering) spelar for termdanning, men også for tekstkohesjon (Kocourek 1991: 86): Det strukturelle sambandet mellom *varm* (adj., 'chaud') og *varme* (subst., 'chaleur') er eksempel på både ein orddanningsprosess og eit synkront leksikalsk kohesivt samband. Kocourek legg mest vekt på det etymologiske, men ut frå diskusjonen i kapittel 2 (jf. til dømes Radden og Panther 2004) må slike eksempel også klassifiserast som synkrone motivasjonsrelasjonar: I eit par som *varm* (adj.) og *varme* (subst.) kan det synkront sett vera vanskeleg å avgjera kva som er kjelde/motiverande basis (jf. nedanfor) og motivert produkt, men begge uttrykka har i alle fall ein gjensidig strukturell relasjon til kvarandre og står derfor ikkje isolerte i språket. *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund m.fl. 1997) problematiserer eksempel som lånorda *stasjon* og *sensasjon*, eller dei norske *værelse* og *uhumsk*, som alle manglar

¹⁶ Meta-terminologien er ofte leksikalsk polysem: *avleiing/Ableitung/dérivation/derivation* er termar som kan referera både til orddanningsprosessane og til orddanningsprodukta. *Norsk referansegrammatikk*, (Faarlund m.fl. 1997), problematiserer ikkje dette skiljet. Termen *motivasjon* har òg dette problemet, jf. *motivasjon* vs. *motivering* vs. (bokmål) *motivertheit*, svarande til tysk *Motiviertheit*, jf. kapittel 2. I denne avhandlinga skil eg ikkje strengt mellom *motivasjon* og *motivering*.

ein klår avleiingsbase med lik tyding som grunnordet (Faarlund m.fl. 1997: 59). Ut frå Kocoureks definisjon av motivasjon måtte vi jo kalla alle desse orda eksempel på motivasjon, fordi dei inneheld slike 'éléments de contenu' som *-sjon, u-*, dvs. affiks, som kan kjennast att gjennom paradigmatisk relasjonar – men berre dersom synsvinkelen ikkje ekskluderer produktaspektet. Motivasjon som eigenskap kan identifiserast, men orda har gjennomgått ei kraftig demotivering og dermed tapt "härledbarhet" (jf. ovanfor, avsnitt 2.3.4).


Metodisk og analytisk må vi likevel ta stilling til om både produkt- og prosessaspektet kan inkluderast utan at fokuset vert uskarpt. Drozd og Seibicke (1973: 129 ff) analyserer ikkje fullt ut det termdannande potensialet i uregelviss (strukturell) motivasjon, men ser på typen som eit demotiveringsprodukt ("*Fortschritt* kan nicht mehr einfach zerlegt werden"). Dikotomien motivering versus demotivering har ein prosessuell og diakron dimensjon, sterkt understreka av Drozd og Seibicke (1973: 130, 132) men ein kan ikkje klassifisera noko som demotiveringsprodukt utan å dra inn eit statisk og synkront aspekt. Alle teikn er motiverte i skapingsakta, seier Drozd og Seibicke, jf. at "beabsichtige ausbleibene Motivierung" også er ein type motivasjon, jf. avsnitt 2.2.3.4. Idiomatisering – det vil seia demotivering – er dermed òg ein prosess som startar svært tidleg etter at eit nytt leksikalsk produkt er danna. Dette kjem vi meir inn på nedanfor.

Frå leksikologisk og leksikografisk synsvinkel kan det sikkert reisast tvil om kor institusjonaliserte, dvs. leksikonetablerte, termane i Materialet er. Dette problemet har vi hoppa bukk over i og med at termane i Materialet er henta frå eit publisert ordliste og dermed pr. definisjon aksepterte som faktisk eksisterande termar – dei er altså terminologisk institusjonaliserte same kor ukjende eller lite brukte dei elles måtte visa seg å vera. Skiljet mellom produktivitet og kreativitet har med regelgenerering å gjera, og dermed i høg grad med skiljet mellom regelviss morfologisk-semantisk motivasjon på den eine sida, og andre motivasjonstypar på den andre sida, slik vi har vore inne på i kapittel 2.

3.1.3 Semiotiske relasjonar

I kapittel 2 såg vi at motivasjonsomgrepet i høg grad er semiotisk, og det vil jo alltid liggja ein semiotisk dimensjon bak all meiningsskaping, altså i ord- og termdanning òg. Når Kocoureks modell i så høg grad lukkast i å gje eit uttømmende oversyn over termdanning, er det etter mitt syn på grunn av at modellen inkorporerer eit større sett av semiotiske relasjonar enn det ein meir stringent strukturalistisk modell ville ha

gjort, men desse relasjonane er likevel ikkje eksplisitt presenterte. Radden og Panther (2004) har prøvd å klårgjera kva for semiotiske relasjonar som samverkar i motivasjonelle prosessar bak grammatiske og leksikalske fenomen, og desse relasjonane kan bidra til å gjera Kocoureks modell meir eksplisitt. Modellen deira ser slik ut:



Figur 12. Radden og Panthers typologi over motivasjonelle relasjonar (Radden & Panther 2004: 19). Relasjonane er heretter refererte til med bokstaven i figuren

Medan relasjon a symboliserer den arbitrære (vilkårlege) relasjonen mellom uttrykk og innhald, symboliserer relasjonane b–e motiverte relasjonar:

- relasjon b: innhaldet motiverer uttrykket
- relasjon c: uttrykket motiverer innhaldet
- relasjon d: eit innhald motiverer eit anna innhald
- relasjon e: eit uttrykk motiverer eit anna uttrykk

Kvar for seg og i samspel skal desse relasjonane altså kunna forklara dei ulike motivasjonelle prosessane i språket. Sjølv om dei ikkje er mynta berre på leksikon, men òg på både fonologi og syntaks, må vi her konsentrera oss om implikasjonane for det leksikalske nivået, der terminologien høyrer heime.

Relasjon b seier at innhaldet i eit teikn motiverer uttrykket. Som døme nemner Radden og Panther (2004: 14ff.) ikonisitet og metonymi, altså det som i terminologien svarer til semantisk motivasjon via metafor og metonymi, definert som å ”reflect the content it expresses”. Haiman (1980: 515, sjå kapittel 4) skil mellom to typar, ’biletleg’ eller ’imiterande’ (imagic, imitative) og ’diagrammatisk’ (eller ’strukturell’) ikonisitet. Den første typen er basert på likskap med referenten (jf. Kocoureks ’direkte’ motivasjon, jf. figur 11), den andre typen byggjer på samsvar i form (organisering) mellom uttrykket og innhaldet. Imitativ ikonisitet kjem i naturleg språk først og fremst til uttrykk gjennom lydåande ord, med andre ord onomatopetika og svarande til Ullmanns fonetisk-fonologiske motivasjon, men vi må òg rekna inn Kocoureks kategori ’grafisk motivasjon’ i figur 11. Vi kjem tilbake til dette i kapittel 4.

Det er relasjon b som best svarer til det tradisjonelle motivasjonsomgrepet, og då er det altså denne relasjonen som ligg til grunn for alle dei tre typane hjå Ullmann og Drozd og Seibicke og i den terminologiske tradisjonen elles. Denne semiotiske relasjonen produserer altså semantisk ’gjennomsikt’ i ei eller anna form, i sterk form morfosemantisk, som i morfologisk komplekse uttrykk, i svak form andre typar assosiasjonsskapande effektar. Ifølgje Radden og Panther (2004: 16) er relasjon b ”the most typical type of motivation”, og ikonisitet og metonymi ”represent the situation of a motivated linguistic unit par excellence”.

Her må det likevel seiast at morfologisk orddanning, som i terminologien altså er motivasjon ”par excellence” (jf. kapittel 2), hjå Radden og Panther ikkje er diskutert som døme på ikonisitet eller på relasjon b, men noko anna ville vera ulogisk. Komplekse uttrykk er på ein eller annan måte alltid uttrykk for kompleksitet på omgrepsplanet, fordi kvart morfologiske element representerer eit semantisk element, altså eit omgrepskjenneteikn. Mange samansette uttrykk kan sjølvsagt vurderast som diagrammatisk ikoniske, til dømes svarer determinative samansetningar til strukturen delmengd–mengd (*oljeventil* er ei delmengd av *ventil*), slik at dette eksempelet samstundes illustrerer prinsippet om kvantitativ ikonisitet (uttrykket *oljeventil* har ’meir meining’ enn *ventil* fordi omgrepet ’oljeventil’ har fyldigare intensjon enn ’ventil’). Denne ideen om strukturell ikonisitet vert diskutert i kapittel 4, avsnitt 4.2.3.3. Frå terminologisk synsstad er det likevel kommunikativt viktigare at

kjenneteikn har ein representasjon i uttrykkssida, enn korleis desse er lineært ordna eller korleis uttrykket liknar på andre uttrykk. Det er dette som gjer at omgrepsmotivasjon er prioritert, sjå nedanfor. Ikkje berre ikonisitet, men komposisjonalitet eller analyserbarheit må altså innordnast under denne relasjonen (sjå seksjon 2.3).

At uttrykkssida kan motivera innhaldet, slik relasjon c seier, er eit meir radikalt synspunkt, men likevel ikkje nytt. Kocourek er inne på relasjonstypen når han peikar på at motivet i ein term kan verka inn på tolkinga av den faktiske tydinga, dvs. på omgrepet (Kocourek 1991: 179). Relasjonen kjem til uttrykk som isomorfi (Radden & Panther 2004: 15), det vil seia prinsippet om ein-til-ein-samsvar mellom innhald og uttrykk, det at likskap i uttrykk indikerer likskap i innhald. Såleis heng det nøye saman med det som er kalla isomorfiprinsippet (Radden & Panther 2004: 19) eller *kontrastprinsippet*: To like former vil streva mot kontrast dersom dei er tilordna to ulike innhald, to like innhaldssider vil streva mot kontrast dersom dei er tilordna to ulike uttrykkssider. Radden og Panther knyter relasjon c til folkeetymologi (morfologisk reanalyse av typen *hamburg+er* > *ham+burger*, det å tilskriva uttrykk ein annan morfosemantisk struktur enn den opphavlege.¹⁷ Eliminering av synonymi kan altså tolkast som ei generell drivkraft i språket, men denne drivkrafta er forsterka i terminologien på eit preskriptivt plan og kjem til uttrykk som det tradisjonelle prinsippet om 'monosemi-mononymi'. Å rekna med dette som ein motiverande mekanisme har ikkje vore vanleg, og det fell litt utanfor perspektivet i denne avhandlinga. Innsikta utfyller likevel sjølvsagt biletet av terminologi som ei vitskapsgrein der den semiotiske hovudvekta ligg på motivasjon, ikkje på arbitraritet (jf. Myking 2001b).

Radden og Panther knyter òg isomorfi til fenomen som fonestem, dvs. fonetisk-fonologisk motivasjon: "many, typically monosyllabic words starting in /sp/ have unpleasant connotations such as *spit*, *spew*, *spill*" (2004: 18). Moteksempel er alltid enkle å finna, f.eks. *spa* 'bad', og synspunktet er omstridd. Denne typen ord har vore meir drøfta og avvist i samband med den omvende relasjonen, altså relasjon b, som vi såg ovanfor, og grensa mellom fonestem og vanlege onomatopoetika er uskarp (sjå vidare under formmotivasjon, jf. avsnitt 3.2.4). Slike fenomen er til vanleg ikkje inkluderte verken i saussursk generativ lingvistik eller i det tradisjonelt normative motivasjonsomgrepet, men det finst altså nyare, kognitivt orienterte lingvistiske arbeid som oppvurderer dei.

¹⁷ Jf. til dømes strukturell tilpassing i nynorsk, *hamburger* > *hamburg+ar*, jf. avsnitt 3.2.7.3, eller folkeleg traderte døme som *labyrinth* > *labbarunt*, *universitet* > *undervisitet*.

Radden og Panthers relasjonar relasjon d og relasjon e opererer mellom ulike teikn, ikkje mellom innhald og uttrykk innanfor eitt teikn. I relasjon d er det innhaldet i det eine teiknet som motiverer innhaldet i det andre, medan forma er konstant. At innhald skal kunna motivera innhald, er ifølgje Radden og Panther (2004: 2 og 20) eit viktig moment i kognitiv lingvistikk, og polysemi er det viktigaste eksempelet. Radden og Panther forklarar polysemi som ein kombinasjon av motivasjon mellom to (kjelde)innhald og eit motiverande samband mellom målinnhaldet og kjeldeforma, ifølgje Radden og Panther fordi den 'naive' språkbrukaren går ut frå at dei to innhalda er så nærskylde at dei faktisk kan tilordnast den same kjeldeforma (2004: 19). I terminologien har det ikkje vore vanleg å rekna polysemi som ein motiverande mekanisme. Tradisjonell terminologi opererer ikkje med polysemi, berre med homonymi, og dersom vi opererer med homonymi som motivasjon, så ville det vera ein relasjon mellom to uttrykk, ikkje mellom to innhald. For det andre kan polysemi leksikalsk sett vurderast som ein konsekvens av metaforisering/metonymi, som er ein av dei tre viktige 'relative' motivasjonstypene (jf. kapittel 2, Ullmann), og grensa mellom metaforisk og ikkje-metaforisk polysemi er vanskeleg å dra – det gjeld mellom anna i analysen av terminologisering (jf. Laurén, Myking & Picht 2008). Relasjon d mellom innhald og innhald er altså noko som krev ein grundigare diskusjon, sjå nedanfor, avsnitt 3.2.5.5 og særleg 3.2.6.2. Vi kjem òg inn på relasjon e, uttrykk–uttrykk, sjå nærare under analysen av direktelån og lydsymbolisme, avsnitt 3.2.2.

3.1.4 Basis eller ikkje basis

Å beskriva motivasjon som termdanningsprinsipp byggjer på at motivasjon primært er eit semantisk (semiotisk) omgrep og ikkje eit morfologisk, men at desse omgrepa samverkar, slik dei fleste tilnærmingane har gått ut frå. Altså må det finnast ein beskrivingsreiskap som knyter saman dei overordna semiotiske prinsippa motivasjon og arbitraritet med konkrete typar "utputt", det vil seia med konkrete leksikalske og morfologiske kategoriar, sidan dette er det konkrete uttrykket for all leksikalsk vokster. Kvar av greinene i modellen vi stiller opp, må altså enda i ein termdanningskategorii.

Den overordna motsetnaden i Kocoureks modell gjeld arbitraritet versus motivasjon ut frå formelle kriterium – ein motivert term har ein basis – "eitt eller anna innhaldselement" – som viser kvifor termen er tilordna omgrepet. Sidan det er tale om formelle drag, er det rimeleg å tolka dette først og fremst som *morfem*, og desse morfema utgjer ein 'motiverande basis' (Berkov: 'motivator', Radden og Panther:

”content motivating form”, jf. kapittel 2). Den mest typiske motivasjonen finst altså i komplekse og morfologisk analyserbare uttrykk. Arbitrære termar manglar på si side ein slik basis, og er altså ikkje-analyserbare. Omgrepet ’motiverande basis’ må oppfattast som analogt til paret ’kjelde vs. mål’ i kognitiv lingvistik. I realiteten har det utvida perspektivet til Kocourek teke opp i seg perspektiv som også Radden og Panther (som kognitive representantar) diskuterer, men Kocoureks kategoriar ligg på eit meir konkret og morfologisk plan. For å få eit meir heilskapleg bilete av korleis dei grunnleggjande semiotiske relasjonane nedfeller seg i termdanning, vil eg i den følgjande diskusjonen relatere desse to tilnæringsmåtarne til kvarandre.

Omgrepet ’basis’ kan oppfattast på mange måtar og er såleis temmeleg vidt: Den vanlege tolkinga vil som sagt vera ’morfem’ eller tilsvarande, men Ullmann utvida som vi såg i kapittel 2, dette perspektivet gjennom å oppfatta ’utgangstydinga’ i metaforikk som ei form for ’komponent’ og dermed metaforikk som ei analog form for analyserbarheit. Den kognitive tilnærminga (jf. Radden & Panther 2004) utvidar så i neste omgang settet av motiverande relasjonar med innhald–innhald og form–form. Kocoureks ordlegging ”*éléments de contenu*” (sitat 2 i seksjon 2.1) kan òg sjå ut som ein større og meir uskarp kategori enn ’morfem’: Dømet hans med termen *gass* < *chaos* kan oppfattast som eksempel på ein etymologisk (og metaforisk) motivasjonsrelasjon mellom to leksem. Når Kocourek opererer med kategoriar som ”motivasjon gjennom forkorting”, ”motivasjon gjennom lån” osv., så seier han samstundes implisitt at slike kategoriar *har* ein motiverande basis. I det første tilfellet er det altså ei kortare eining som er systeminternt motivert av ei lengre (ord/bokstavkombinasjon motivert av frase), og i det andre tilfellet eit leksem som er systemeksternt motivert av eit anna leksem (kjelde og mål høyrer til to ulike system).

Den motiverande basisen kan altså vera av mange slag, og dette bør inkorporerast i ein modell som gjer krav på å nå ut over dei reint morfologiske typane. Den grunnleggjande og mest omfattande typen motiverande basis byggjer på semantiske samband internt i språkssystemet, og er altså ’indirekte’ i forhold til referenten, i samsvar med vanleg semantisk teori. Kocourek reknar såleis i sin modell med ’direkte’ motivasjon, der kjenneteikn ved referenten sjølv er den eigentlege basisen, som ved lydleg imitasjon (”*koko*”) eller grafisk etterlikning av bokstavteikn (”*H-bjelke*”). Den siste typen er kulturbasert og metaspråkleg, fordi referenten sjølv er ein språkleg storleik og dermed ikkje eit naturfenomen. Fonetisk imitasjon kan for så vidt seiast å byggja på imitasjon av ’naturlege’ forhold, men både Saussure sjølv og etterfølgjarar har rekna med at onomatopoetika i høg grad er konvensjonaliserte og dermed berre relativt motiverte. Desse problema kan vi ikkje ta i full språkfilosofisk breidd. Vi må nøya oss med å akseptera at konvensjonalisering har gjort denne

motivasjonstypen òg til eit internspråkleg fenomen – men likevel med ein relasjon til referenten som er 'direkte' på ein kvalitativt annan måte enn ved andre typar som impliserer lydimitasjon (jf. nedanfor, avsnitt 3.2.2).

Basisen for dei typane som er romma av Kocoureks modell og som skal drøftast vidare nedanfor, kan framstillast slik:

Oversyn 2. Typar av motiverande basis

TYPE BASIS (INTERNSPRÅKLEG)	TYPE MOTIVASJON
Minst to fonem i 'klase'	fonetisk-fonologisk/fonestetisk
Minst to stavingar	rim/avlyd
Minst to morfem, av dei minst 1 fritt	morfologisk
Eit leksem (fritt morfem) frå anna domene eller frå allmennspråket	semantisk motivasjon, inkl. terminologisering
Eit leksem (fritt morfem) frå eit anna språk	lån (direkte, tilpassa, kalkert)
Ei faktisk, fullstendig og kompleks form frå eige språk	mekanisk forkorting som komprimering
Ei tenkt, fullstendig og kompleks form frå eige språk	semantisk forkorting som ellipse
Ei trunkert form	siglasjon

Dette er ein modell av motivasjon som orddanningsprinsipp, og ikkje av den morfo-semanticke eigenskapen 'transparens', slik den er framstilt i gjengs morfologisk og semantisk litteratur. Ikkje alle desse typane resulterer i komposisjonelle eller analyserbare uttrykk, altså er modellen heller ikkje ein modell over 'leddmotiveringsandel' (Svanlund 2002, sjå ovanfor, seksjon 2.3). Medan morfologisk-semantisk transparens er knytt til 'forklaring' og 'prediktabilitet', dvs. høg leddmotiveringsandel, fungerer andre orddanningstypar gjennom andre typar assosiative samband, og oversyn 2 er ei tentativ framstilling av basis for slike assosiasjonar. Oversyn 2 er derfor meir ei framstilling av grunnlaget for motivasjon i tydinga 'ikkje-tilfeldig' enn i tydinga 'beskrivande'. Vi kan altså lesa ut or modellen noko om grunnlaget for ikkje-arbitrær termdanning, men ikkje kor godt (sterkt, tydeleg, effektivt, regelvisst m.m.) "beskrivningsförmåga" eller "utsegnskraft" kjem til uttrykk i termen, dvs. om motivasjonen er 'god', 'dekkjande', 'treffande', 'utførleg' osv. Frå morfologisk og strukturell synsstad er omgrepet motivasjon dermed kraftig relativisert.

3.1.5 *Heiltermnivå vs. deltermnivå*

Den klassiske todelinga av morfologisk motivasjon i strukturalistisk tradisjon gjeld samansetningar og avleiingar. Det er i denne samanhengen verd å gjera til eit sentralt poeng at samansetjing er ein 'umarkert' orddanningstype som i stor grad fungerer kumulativt: Mange samansetningar har kjerneledd som i sin tur kan vera morfologisk komplekse, altså samansette eller avleidde, og det same gjeld dei modifierande ledda. Ordtypen samansetning er altså sterkt prega av fenomenet 'kumulativ motivasjon': Ein grunnterm som er morfologisk enkel (simpleks, "arbitrær") vert del av ein morfologisk-semantisk motivert term når han inngår i ei samansett påbygging, jf. frå Materialet: *olje* vs. [*rå+olje*] eller [*olje+[opp+samling]*]. Kumulativ motivering må vi sjå på som pragmatisk betinga – det er altså kommunikatet og kvantitetsmaksimen som regulerer dette (sjå kapittel 4). Dei motivasjonelle faktorane som er interessante i eit typologisk eller terminologisk lys, kan like gjerne finnast innanfor første- eller etterleddet i staden for i termen som heilskap. Relevante faglege grunntermar finst kanskje i *olje* vs. *oppsamling* vs. *råolje*, og slike oppdelingar kan påverka alle frekvensfordelingar ein måtte ha lyst til å gjera, men då måtte ein samstundes verifisera termstatusen onomasiologisk (kvifor er ikkje *rå* og *opp* termar, og er *råoljeoppsamling* éin, to eller tre termar?). Alle uttrykk kan dekomponerast ned til uanalyserbare storleikar som då er morfologisk 'arbitrære', men det er altså ikkje sikkert at dei endelege arbitrære komponentane sjølve har status av fagtermar, og det er ikkje sikkert at eit terminologisk oppslag i form av lang samansetning eller frase "eigentleg" bør ha status som term "som det står".

Eit viktig eksempel på det gjeld den toledda termtypen "/FUNKSJON/ + gjenstand", der førsteleddet i mange tilfelle er eit sentralt domenespesifikt omgrep, f.eks. grunntermene *redning*, *avblåsing* og *avbrenning* i Materialet. I motsetning til *redning* uttrykkjer elementa *avblåsing* og *avbrenning* fagspesifikke prosesskjemiske omgrep. Omgrepet 'avblåsing' har sitt eige oppslag i Materialet (*avblåsing*, *drenering* < *blowdown*, *draining*), men ikkje 'avbrenning' eller 'redning'. I Materialet er ein annan engelsk grunnterm, *blowdown*, realisert med norsk uavhengig motivasjon *driftsstans*, men i påbyggingar derimot realisert med infinitivsekvivalent: *stenge*, jf. *blowdown system* > *stengesystem*:

Oversyn 3. Heiltermnivå vs. deltermnivå, tre døme

Grunnterm	Materialet	Kommentar
<i>avblåsing</i>	<i>avblåsing (drenering) < blowdown, draining avblåsingsventil (lufteventil) < bleeder valve</i>	”1) Fjerning av vann i dampkjeler og i kjøle-vannssystemer for å hindre at saltinnholdet i vannet øker. 2) Fjerning av <i>hydrokarboner</i> fra produksjonsutstyr gjennom spesielle ledningssystemer.” (<i>Oljeordliste</i>)
<i>avbrenning</i>	<i>avbrenningsbom, brennerbom, flammebom < burner boom, flare boom, avbrenningsplattform, avbrenningstårn, brennerbom < burner boom, flare boom</i>	Jf. <i>Oljeordliste</i> , mogleg grunnterm segmentert av JM, ”[...] avbrenning av gass som er skilt ut i <i>separatoren</i> og ikke skal utnyttes [...]”, dvs. ingen direkte engelsk ekvivalent. Jf. òg frå definisjonane: ”Tårn med brenner ...”, ”Bom med brenner ...”, ”stålkonstruksjon med avbrenningstårn”, dvs. komposita med partitiv struktur
<i>redning</i>	<i>redningsbåt < pickup boat, redningsdrakt, overlevingsdrakt < survival suit, redningsflåte < life raft, redningsklokke < survival capsule, escape capsule, redningskurv < rescue basket, redningsutstyr < rescue equipment, redningsvest < life jacket</i>	no. <i>rednings-</i> = eng. <i>life -</i> , <i>survival -</i> , <i>escape</i> , <i>rescue</i> . <i>redningsbåt</i> ≠ <i>livbåt</i> , men begge udefinerte. Udefinert, men kjent/allment grunnomgrep.

Den mest relevante informasjonen kan altså finnast i førsteleddet og ikkje i etterleddet i desse substantiviske frasane, altså i ’redning(s-)’ og ikkje i ’drakt’. Det som tilsynelatande er eit semantisk/motivasjonelt mønster av typen ”/FUNKSJON/ + gjenstand”, kan ved nærare onomasiologisk analyse snarare framstå som ”gjenstand som er del av system”, altså ein pragmatisk kontiguitetsrelasjon (ofte partitiv): *avbrenningsbom* til det overordna omgrepet ’avbrenning’, jf. definisjonen ”Bom med brenner for avbrenning av gass [...]”. Denne definisjonen kunne vi eventuelt ha omtolka til alternative motiverande syntagme ”bom som høyrer til avbrenningssystemet” eller antonymt ”bom med funksjonen å brenna av (gass)”. Det grunnleggjande omgrepskjenneteiknet ”brenna av” er altså på same tid både

”innpakka” og formelt representert. Det viktige med desse tre førsteledda er ikkje om dei samsvarer leksikalsk og semantisk med dei tilsvarende engelske førsteledda, men at dei potensielt kan vurderast som sentrale og sjølvstendige faglege omgrep – generiske omgrep – som kunne ha fått status som separate oppslag dersom den terminografiske analysen og tilrettelegginga bak Materialet hadde hatt eit anna perspektiv. Vanleg språkleg produktivitet gjer at tilfanget må reknast som ope – alle uttrykk er i prinsippet opne for påbygging. Mange av desse uttrykka er nok både frekvente og produktive i eit større materiale, og det same gjeld mange av dei einskilde morfema som er utnytta. I Materialet finst det såleis heile 32 termar berre på grunnlag av samansetningspartikkelen *av-* pluss eit nominalisert verb (*avbrenning*, *avblåsing* m.m.). I referansematerialet Boring/NOT finst det ei rad meir komposisjonelle samansetningar med to av desse grunnleggjande termane/ termelementa, noko som reflekterer at ei konkret plattform har utstyr, arkitektur og andre kontekstavhengige spesifiseringar som byggjer på det grunnleggjande omgrepsinventaret, men som altså er sterkare kontekstuelte spesifisert:

Grunnterm eller termelement	Boring/NOT
<i>avblåsing</i> < <i>blowdown</i>	Regelbunde med <i>blowdown</i> , jf. <i>avblåsingsområde</i> , <i>avblåsingsskurve</i> , <i>avblåsingsgass</i> , <i>avblåsingsledning</i> , <i>avblåsingsmanifold</i> , <i>avblåsingssamlerør</i> , <i>avblåsingsprosess</i> , <i>avblåsingssekvens</i> , <i>avblåsingsystem</i> , <i>avblåsingstank</i> , <i>avblåsings-tid</i> , <i>avblåsingsventil</i> , <i>avblåsingsventil</i> , <i>ringromsavblåsing</i>
<i>avbrenning</i> < <i>burning</i> , <i>burner</i> , <i>flare</i>	<i>avbrenningsgass</i> , <i>avbrenningsbom for boreslam</i> , <i>avbrenningssystem</i> , <i>avbrenningsflamme</i> , <i>slamavbrenning</i> , <i>slamavbrenningssystem</i> , <i>svingkrans for slamavbrenning</i>

Nokre av problema dette reiser, er funksjonelt viktige og vert drøfta vidare i kapittel 4. Den grunnleggjande taksonomiseringa vil her byggja på Materialet slik det er, og ta utgangspunkt i heiltermnivået – altså i den komplette oppslagsforma, utan forsøk på slik segmentering som eg har vist ovanfor. Mange samansetningar vil då innehalda andre komplekse element som kanskje ”eigentleg” skulle ha hatt sjølvstendig status, og som då kunne ha påverka frekvensfordelingar og kvantitative mønster. Dette kan vi likevel ikkje ta omsyn til her, fordi bruken av ”semasiologisk mistanke” ville ha gått over grensa for det rimelege. Der det trengst, drøftar vi sjølvsagt både termelement og påbyggingstermar på kvalitativt grunnlag. Vi får dermed fire ulike formelle analysenivå i tillegg til to onomasiologisk baserte. Desse kategoriane ligg til grunn for analysen i kapittel 3 og 4:

Oversyn 4. Formelle analysenivå for termen

<i>heilterm</i>	Heile uttrykksstrengen sett som representasjon av eitt og berre eitt fagleg omgrep. Både <i>kne</i> (simpleks), <i>musehull</i> (semantisk simpleks, fullmetafor), <i>fiskeredskap</i> (kompleks, determinativkompositum) og <i>sannsynlige reserver</i> (kompleks, frase) er såleis heiltermar.
<i>delterm</i>	Uttrykksstreng som er del av ein heilterm og som sjølv kan analyserast som sjølvstendig term. Kan vera eit termelement: <i>ventil-</i> i <i>ventiltre</i> , <i>skrape-</i> i <i>skrapepigge</i> , derimot ikkje <i>muse-</i> i <i>musehull</i> (= ikkje-analyserbar fullmetafor).
<i>termelement</i>	Alle morfologiske element som utgjer minst éin leksikalsk stamme og som fungerer som byggjeelement i ein term, til dømes <i>ventil-</i> i <i>ventiltre</i> og <i>avbrennings-</i> i <i>avbrenningsbom</i> .
<i>påbyggingsterm</i>	Term som er danna med ein annan term som utgangspunkt. Kan gjelda ein spesifikk term eller annan type komposisjonell påbygging, f.eks. partitiv.
<i>generisk term</i>	Term som representerer eit overordna omgrep i eit omgrepssystem.
<i>spesifikk term</i>	Term som representerer eit underordna omgrep i eit omgrepssystem.

Desse nivåa representerer ulike synsvinklar og er ikkje fullt disjunkte, til dømes er både generiske og spesifikke termar heiltermar når dei står åleine, men dei kan òg opptre som deltermar i påbyggingstermar. Skilnaden mellom eit termelement og ein delterm er problematisk, og må ofte avgjerast på rein "semasiologisk mistanke". Bruken av desse termane vil gå fram or samanhengen. Den viktigaste praktiske konsekvensen av denne inndelinga er at den primære morfologiske klassifiseringa må ta utgangspunkt i heiltermnivået, ikkje i alle "ord" som det er mogeleg å segmentera ut or alle heiltermane.

3.1.6 Morfologisk distribusjon

Ei klassifisering av Materialet etter vanlege morfologiske kriterium er eit vilkår for å kunna seia noko om kva for motivasjonstypar som er verksame, og korleis det innbyrdes styrkeforholdet mellom motivasjonstypane er. I Materialet kan vi stilla opp denne distribusjonen, etter stigande frekvens med utgangspunkt i heiltermnivået:

Tabell 2. Fordeling av norske termtypar i Materialet (jf òg tabell 4 og 5), heiltermnivå

Termtypa	Tal	Prosent	Døme
”Konfigering”	1	0,2	<i>rotameter</i>
Initialord, forkortingar	6	1,3	<i>LNG, Btu</i>
Rotord (simpleks)	32	6,8	<i>bule, gass, log</i>
Frasar	36	7,7	<i>påviste reserver, død brønn</i>
Avleiingar	52	11,1	<i>erosjon, forskummer</i>
Samansetningar	341	72,9	<i>kontinentalskråning, avbrenningsbom</i>
TOTALT	468	100,0	

Metaforiske substantiv er inkluderte, jf. avsnitt 3.2.6.4 (*rundtur, juletre, rottehull, musehull*). Oversynet gjeld heiltermnivået, derfor kan det i samansetningar eller frasar godt finnast etterledd (kjerneledd) av typen avleiing: *dynamisk posisjonering, verneleder*. Kategorien ’avleiing’ refererer i desse tabellane berre til avleiingar som ikkje inngår i samansetningar, til dømes *leder, stabilisering*. Som vi har vore inne på i avsnitt 3.1.5, kan dette gje kategorien avleiingar eit sterkare generisk preg, utan at dette kan klårleggjast fullt ut på semasiologisk basis. Dei ymse typane vert diskuterte meir i detalj i avsnitt 3.2.6. Her i dette avsnittet skal eg berre knyta nokre kommentarar til skiljet mellom frasar, samansetningar og avleiingar. Som figur 23 og avsnitt 3.2.7 viser, er alle desse tre gruppene rekna som undergrupper eller realisasjonsformer av morfologisk motivasjon, i samsvar med Drozd og Seibickes bruksmåte, men i motsetnad til Kocourek’s franskbaserte modell (figur 11), som sidestiller ”syntagmatisk” motivasjon med morfologisk og dei andre typane. Dette er det liten grunn til for skandinavisk: Alle dei tre typane baserer seg på kombinasjon av morfem, det motivasjonelt interessante ligg såleis i mengda av morfem og det leksikalske innhaldet i dei, ikkje i korleis dei morfosyntaktisk er kopla saman (jf. Horecký’s skilje mellom ’onomasiologisk’ og ’onomatologisk’ struktur (diskusjon i Laurén, Myking & Picht 1997: 75 ff). Det er òg ofte vanskeleg å dra grensene mellom dei tre kategoriane.

3.1.6.1 Frasar

Frasar er i terminologisk samanheng definert som termar samansett av meir en eitt ord, det vil seia ordgrupper (”A term can be a word or a word group”, jf. Felber 1984: 168, eller ’flerordsterm’, jf. TTN/Nordterm 13). Frasar er inga homogen gruppe.

Typen laust samansette verb er det til dømes berre to av i Materialet, (*vri av, bakke ut*), men mange fleire finst i omgrepsekvivalente, nominaliserte utgåver (til dømes *utsiving, fraskruing*). Det fast samansette verbet *tilkople* kan transformerast tilsvarande, jf. *utmattning*, og den høge frekvensen av transformasjonar gjer det vanskeleg å dra eintydige grenser mellom frase og samansetning. Av preposisjonsfrasar er det berre éin som har oppslagsstatus: (*petroleumsindustri*) *til havs*, men grensa mot nominalfrase som har modifierande etterledd i form av preposisjonsfrase, er vilkårleg, jf. *plattform med strekkforankring, oljelasting til havs*. Den viktigaste typen i Materialet er nominalfrasar med adjektivisk determinerande ledd, jf. *dynamisk posisjonering*, altså 31 belegg. Distribusjonen jamført med Boring/NOT er tilsynelatande nokså lik, sjå tabell 3 nedanfor, men i kapittel 4 skal vi diskutera litt nærare den særmerkte bruken av preposisjonsfrasar som reiskap for motivasjon i determinerande ledd.

3.1.6.2 Uttrykk med preposisjon/adverb/partikkel

Kategorien 'partikkel' er i *Norsk referansegrammatikk* definerte som sjølvstendige eller leksikalske ord (Faarlund m.fl. 1997: 24), og skulle dermed produsera samansetningar: *kople + til* → *tilkople*, men den grammatiske funksjonen ved partiklar tar ofte over for den leksikalske (Faarlund m.fl., *ibid.*). Dette er eit frekvent fenomen i terminologi, og i Materialet korresponderer preposisjonen (adverbet, partikkelen) *av* ofte med prefikset *de-*: engelsk *desalter* > norsk *avsaltar* (eller *saltutskiller*), og har i andre tilfelle eit tilsvarande grammatikalisert innhald (BMO: "adv, brukt etter verb med bet. avta, slutte med, få som resultat: *stilne av / slå av / blomstre av*") sjølv om det har andre leksikalske motsvar i engelsk: *avlastingsbrønn* < *relief well*. Prefikset *de-* er òg vanleg i norsk, mest i kombinasjon med romanske røter, jf. *de-regulere*, men òg i andre, der det kan vurderast som systembrot og dermed i strid med normaliseringshypotesen, jf. *dekoder* vs. *?avkoder*.¹⁸

3.1.6.3 Avleiing på grunnlag av samansett basis

Avleiing på grunnlag av samansett basis finst i typar som i orddanningslæra går under namn som avleidd samansetning, samdaning, retrogradering. Dette er typar som gjengs orddanningsteori ofte har problem med å skilja mellom, fordi dei har drag

¹⁸ Varianten *dekoder*, nyn. *dekodar*, er dominerande i norsk presse august 2007 i samband med overgang til digitalt fjernsyn, men med morfologisk-semantisk alernativ *mottaker*.

både frå avleiing og frå samansetjing: Avleiing fordi basis + affiks gjev eit nytt leksem, samansetjing fordi basisen er samansett av to semantiske morfem (røter).

Deverbal nominalisering er viktig både prosessuelt og agentivt: prosessuelt i *-ing* og *-sjon*, agentivt særleg ved *-er* og *-or/-ør*. Den prosessuelle avleiinga er ”terminogen” fordi tekniske fagdomene som regel er fulle av arbeidsprosessar, operasjonar og andre typar handlingar, den agentive fordi domenet har talrike instrument, reiskapar og menneskelege utøvarar som skal stå for prosessane. *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund m.fl. 1997: 128) legg sterk vekt på verbalsubstantiv med *-ing* og *-er*, fordi dei er basis for tilbakedanningar og svært frekvente i moderne norsk, medan tilbakedanningane er meir marginale: *støvsuger* og *støvsuging* > *støvsuge*, men *matpakkekjøring*, *matpakkekjører* > ?*matpakkekjøre*. Det er umogeleg å avgjera om *knivstikke* kjem av *knivstikker*, *knivstikking* eller *knivstukket* (Faarlund m.fl. 1997: 129).

Samdanningar som eigen orddanningstype har valda mykje diskusjon i morfologisk teori. *Norsk referansegrammatikk* hevdar at dette er avleiing, fordi avleiingsbasisen er ein frase, ikkje til eit eksisterande ord, og den analysen ser det ut til er vanleg (Faarlund m.fl. 1997: 60, jf. Vinje 1973: 70). I og med at det er meir enn éi semantisk rot i basisen, har typen semantiske eigenskapar felles med samansetjing. Det er substantivfrasane som her er interessante, og der byr både agentive og prosessuelle nominaliseringar på analyseproblem.

Dersom etterleddet er eit agentivt substantiv, og det finst frå før, har vi eit kriterium for å rekna med samansetning. Det gjeld etterledd i Materialet som *arbeider*, *fører*, *detektor*, *indikator*, *holder*, *operatør*, *leder*, *inspektør*, *leverandør*, som produserer fullstendige og i prinsippet regelvisst motiverte samansetningar (til dømes *borkroneholder*, *verneleder*, *underleverandør*). Dette i motsetnad til ?*varsler*, ?*forsterker*, ?*lukker*, ?*utskiller* som ikkje finst med etablerte basistydingar i BMO/NNO, i alle fall ikkje med leksikalske tydingar som er nokolunde synonyme. Komplekse uttrykk med desse etterledda kunne det då vera grunn til å klassifisera som samdanningar: *brannvarsler* < ”varsle brann”, *gassutskiller* < ”skille ut gass”, jf. definisjonane:

<i>brannvarsler</i>	”Fellesbetegnelse på automatisk brannvarslingsutstyr”
<i>gassutskiller</i>	”Apparat som fjerner gass fra boreslam eller olje”

Vinje (1973: 72) reknar typen *miljøverner*, *tannverner* og *langrenner* som avleiingar av samansette ord: *miljøvern*, *tannvern*, *langrenn*, altså ikkje av frasar som ”verne miljøet, verne tennene, renne langt”. Denne analysen er intuitivt rimelegare for

langrenn enn for *miljøvern*. Referansegrammatikken skil ikkje mellom typen ”*anleggsarbeider – arbeide på anlegg, sjørøver – røve på sjøen*” på den eine sida og ”*løvetemmer – temme løver, platespiller – spille plater*” på den andre. Begge er rekna som samansetningar med avleidd etterledd, men intuitivt er vel ledd som *arbeider* og *røver* fastare leksikaliserte som eigne ord enn *temmer* og *spiller* (dvs. *spiller* i animat tyding, motsett *footballspiller*). Definisjonen kan i visse tilfelle gje svar:

<i>bråkjøler</i>	”Kjøler som i løpet av sekunder senker temperaturen i en prosess”	samansetning fordi <i>kjøler</i> er eit eksisterande ord og finst som generisk ledd
<i>rettighetshaver</i>	”Selskap som har utvinningstillatelse [...]”	samdanning (ikkje <i>*haver</i>)
<i>trykkforsterker</i>	”Pumpe eller annen mekanisk anordning som forsterker ...”	samdanning? (ikkje <i>?forsterker</i>)

Av og til gjev definisjon og ordbok ikkje eintydige løysingar:

<i>borkroneholder</i>	”Tung plate som [...] holder borkronen når den skrus fra borestrengen”	samdanning, men jf. (BMO) <i>holder</i> : ”innretning som tjener til å holde noe på plass” → samansetning
<i>trykkmåler</i>	”Instrument som [...] viser trykket [...]”	samdanning vs. BMO <i>måler</i> : ”apparat til å måle med”, eller samansetning, ordet finst frå før

Potensielt utgjer agentive samansetningar alltid omgrepsspar saman med ei tilsvarande prosessuell avleiing. Av og til er dette aktivisert, men ikkje så ofte som ein truleg kunne ha avdekt gjennom ein meir onomasiologisk heildekkjande analyse:

<i>molekylspalting, krakking</i> < <i>cracking</i> , vs. <i>molekylspalter</i> (jf. <i>krakker</i> < <i>cracker</i> , ikkje i Materialet, men kjent)
<i>skummer</i> < <i>skimmer</i> vs. <i>oljeskumming, oljeoppsamling</i> < <i>skimming</i>
<i>skrubber</i> < <i>scrubber</i> , vs. (<i>skrubbing</i> , ikkje i Materialet)

Det kan sjå ut som om kohesjonen er lausare i *-ing*-avleiingar, for analytiske variantar er alltid mogelege: *sandutskiller* tilsv. *sandutskilling* vs. *utskilling av sand*, jf. **utskiller* (ikkje i BMO/NNO, derimot BMO ”**utskilling** -a el. -en det å skille el. bli skilt ut”). Altså er dette potensielt ein agentiv/prosess-dublett på tvers av ei grammatisk klassifisering som verkar kunstig, eller så er grensa vilkårleg.

Med tanke på termmotivasjon (utsegnskraft, beskrivingsevne m.m.) er det ikkje den grammatiske klassifiseringa som er viktigast, men dei funksjonelle eigenskapane i høve til annleis morfosemantisk oppbygde variantar. Suffikset *-er* har i inanimat bruk ei stabil tyding av /INSTRUMENT/, noko som viser seg i definisjonane gjennom genera proxima som til dømes *innretning*, *anordning*, *apparat*, *maskin*, *utstyr*, *middel*, *tilsetning*, jf. ovanfor. Genus proximum kan òg vera meir spesifikke synonym: *forskummer* = "Liten, enkel olje-vann-separator". Suffikset tilbyr såleis ei økonomisk funksjonsmotivering som er spesielt kommunikativt effektiv i termar der kjenneteikn av typen /FORM/, /KONSTRUKSJON/, /TYPE/ ikkje er spesielt viktige. På grunn av at stammeoppbygginga er 'fullstendig' (jf. avsnitt 3.2.7.1) og suffikstydinga stabil, er den morfologiske motivasjonen i slike termar prinsipielt regelviss, og det kan heller ikkje argumenterast for at potensielle "fullstendige" variantar ville vera spesielt meir informative, berre mindre økonomiske: *sand+utskill+er* vs. "*sand+utskill+ings+apparat*".

Den morfosemantisk og dermed motivasjonelt interessante eigenskapen ligg derfor i oppbygnaden av stammen, både i høve til norske synonym og til dei engelske kjeldeekvivalentane. Når suffikset er økonomisk, er det plass til meir leksikalsk materiale i termen utan å sprengja grensene for kva som er funksjonelt, slik som lengd. Vi ser at termar av denne typen ofte inneheld to leksikalske stammar (oftast som røter): *molekyl + spalt + ing/(-er)* vs. *krakk-ing < crack-ing*. Desse står som vi ser ofte i kontrast til simplekse stammar i dei synonyme motsvara. Dette går på tvers av grensa samdanning/samansetning: *brå+kjøl-er < quench-er*. Det kan ikkje vera tvil om at typen *sand+ut+skill+er* utgjer ein av dei viktigaste og mest komposisjonelle typane av regelviss og fullstendig morfologisk motivasjon.

3.1.6.4 Oppsummering

På grunnlag av desse momenta kan vi konkludera med at den grammatiske grensa mellom samdanning, avleidd samansetjing og vanleg samansetjing i eit motivasjonelt perspektiv er underordna den viktigare funksjonelle skilnaden mellom morfologisk simpleks og kompleks stamme. Det er ingen grunn til å halda fast ved eit nokså vilkårleg skilje mellom samdanning og samansetjing som uansett berre forskyv grensene innanfor den sterkaste motivasjonstypen, altså må klassifiseringa verta pragmatisk. Trass i at det er til dels svært ukurant i høve til gjengs morfologisk teori, har eg i tabell 2 ovanfor derfor rekna uttrykk som samansetningar dersom stammen inneheld meir enn éi rot (leksikalsk morfem), og avleiing dersom stammen berre har

éi rot på heiltermnivå. *Molekylspalting* er derfor rekna som samansetning, og synonymet *kracking* som avleiing.

Når det gjeld partikkeluttrykk, er det òg freistande med ei pragmatisk løysing. Verbet *tilkople* må såleis klassifiserast som samansetning, det har ein kompleks stamme: *til+kopl-*. Men der løysinga for samansetningane/samdanningane verka motivert, ville systemtvang ut frå dette kriteriet føra til at regelvisst transformerte verb som *fraskruing*, *utviding*, *avvik*, og agentive avleiingar som *avgasser*, vart klassifiserte som samansetningar. Det ville altså vera såpass ukurant at løysinga må forkastast. På grunn av den prefiksliknande karakteren kunne sjølvstøtt førekomstane med *av-* vore skilde ut og behandla for seg (som avleiingar), men det meste talar for å følgja vanleg praksis og klassifisera kvar førekomst på gjengs morfologisk grunnlag, endå om grensene er vilkårlege. Det er totalt 15 uttrykk med partikkel i Materialet, av dei er fem med *av-*, så forskyvingane i frekvens er uansett ikkje dramatiske. Med dette unntaket vil kategorien ”avleiing” på heiltermnivå såleis berre omfatta avleiingar der stammen ikkje inneheld meir enn éi rot.

Med framgangsmåten ”frå det markerte til det umarkerte” (jf. avsnitt 3.2.7.0) vil vi enda med den største gruppa, samansetningane, og kan eventuelt gå vidare med å diskutera alle problem som har å gjera med ’kumulativ motivasjon’ i denne kategorien, det vil seia at komplekse termar inneheld element eller deltermar som sjølve kan vera (komplekse) termar. Med denne tilnærminga har eg alt no teke eit nokså trivielt utgangspunkt: Morfologisk motivasjon står ikkje alltid i reell kontrast til andre motivasjonstypar, men er ein umarkert type som innordnar andre typar, slik at motivasjonen i ein kompleks heilterm ofte er kumulativ eller dobbel. Der dei motivasjonelt interessante kontrastane viser seg på deltermnivå, dvs. i grunntermar som utgjer eit termelement eller ein delterm i den komplette termen, drøftar vi dei spesifikt i kvart tilfelle.

3.1.7 *Motivasjon og ordklasse*

Kocoureks modell over motivasjonstypar inkluderer ikkje kategorien ordklasse, og heller ikkje den reviderte modellen som eg presenterer i seksjon 3.2, har innarbeidd denne faktoren. Faktoren ordklasse er nøytral i forhold til språkparet norsk vs. engelsk, fordi det ikkje er grunnlag for nokon hypotese om at ordklassedistribusjonen er grunnleggjande ulik i dei to språka (i motsetnad til hypotesane om ulik typologisk distribusjon som vi ser på i kapittel 4). Ordklasse er òg relativt nøytral i forhold til

morfologiske mekanismar som avleiing, samansetjing osv., som opererer på tvers av skilje som substantiv, verb og adjektiv og til dels andre formkategoriar.

Denne 'nøytraliteten' er likevel ikkje fullstendig, og eit distribusjonelt oversyn over ordklasse er nødvendig. Ut frå den "normaliseringshypotesen" som er presentert i kapittel 1, skal til dømes eit terminologisk domene vera prega av 'nominaltvang' fordi det stort sett refererer til entitetar med konkret referanse. Derfor vert òg handlingar og eigenskapar behandla som entitetar, og verbale og adjektiviske omgrep har form som NP-ar ('grammatisk metafor'). Dette er ein hypotese som er generell og på grensa til å vera triviell, men som tar utgangspunkt i etablerte synsmåtar innanfor terminologien. Dersom ein (i Kageuras ånd) vil unngå å dra slutningar om det terminologiske domenet på grunnlag av anekdotiske eksempel, må altså denne deskriptive jobben gjerast.

Fordelinga på ordklasse i Materialet er samanlikna med kontrollmaterialet Boring/NOT. Når det gjeld termdanningstype, vil tala sprika mellom dei to gruppene, sjå tabell 4 i seksjon 3.2, men når det gjeld ordklasse, er frekvensane nesten til forveksling like:

Tabell 3. Fordeling av ordklasse i Materialet

Ordklasse	Materialet		Boring/NOT	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Substantiv og substantivfrasar	452	96,6	1774	97,2
Verb og verbfrasar	11	2,4	34	1,9
Adjektiv og partisipp	4	0,9	14	0,8
Preposisjonsfrasar	1	0,1	3	0,2
TOTAL (N)	468	100,0	1825	100,1

Det er vanskeleg å slå fast om det er terminografisk praksis prega av 'nominaltvang' som har reinsa bort preposisjonale omgrep frå Materialet eller om dette reflekterer ein faktisk bruk, men ein kan i alle fall konstatere at som eigne, primære termar er preposisjonane fråverande. I Materialet er eitt potensielt tilfelle klassifisert under substantivfrasane fordi det har substantivisk kjerne markert med parentesar, og det kan reisast tvil om det er preposisjonsfrasen som har termstatus. Parentesen indikerer at terminografane har vore i tvil, jf. analogien i paret med frasen *til havs < offshore*:

<i>(petroleumsindustri) til havs < offshore</i>	”Leting etter og utvinning av undersjøiske petroleumsforekomster”, jf. <i>havindustri</i>
<i>oljelasting til havs < offshore loading</i>	”Overføring av råolje gjennom slanger til tankskip til havs”
<i>plattform med strekkforankring < tensionleg platform</i>	”Flytende plattform eller lastebøye som er festet til bunnen med vertikale, forspente kjettinger, stag e.l.”

Det første tilfellet illustrerer den ekstreme fleksibiliteten det engelske adjektivet/adverbet *offshore* har fått gjennom elliptisk substantivering og høg funksjonell belastning. Reint terminografisk er behandlinga utilfredsstillande, fordi det underforståtte kjerneleddet (”*industry*”, *exploration*” e.l.) berre er to av mange mogelege, og kjerneleddet kunne ha vore eksplisitt uttrykt for å visa kollokasjonsspekteret til preposisjonsfrasane. Desse to tilfella er av dei sjeldne der ordklassen er ulik mellom dei to språka, sjølv om både adverb og preposisjonsfrasar typisk har adverbial funksjon og såleis er semantisk og funksjonelt likeverdige. Men begge tilfella indikerer at det engelske *offshore* kunne ha fått ei systematisk terminografisk behandling som adjektivisk samansetjingsledd eller adjektivisk frase som heilterm. Preposisjonsfrasar fungerer ofte som modifierande ledd i nominalfrasar, men som preposisjonsfrase kunne **til havs* like gjerne ha fått status som eige oppslag. Alternativet til adjektiv eller PP er eit substantivisk førsteledd i samansetning: *hav-* som i *havindustri*.¹⁹ I kontrollmaterialet Boring/NOT har tre preposisjonsfrasar fått oppslagsstatus som heiltermar:

<i>over bunn</i>	<i>off bottom</i>
<i>på bunn</i>	<i>on bottom</i>
<i>uten struping</i>	<i>open flow</i>

Dette er ein nokså uvesentleg²⁰ del av dette materialet (3 av 1825), men frekvensen av preposisjonsfrasar er likevel markant i denne materialgruppa, nemleg som modifikator i komplekse NP-ar, såkalla PNP-ar. Desse spelar ei viktig rolle og utgjer

¹⁹ Det er tilsynelatande påfallande at utgangstermen (og dermed omgrepet) *offshore* ikkje i det heile finst registrert i kontrollmaterialet Boring/NOT. Kageuras poeng, at det vi på grunnlag av spreidde og allmenne eksempel oppfattar som typisk for ein teknolekt ikkje treng vera typisk for eit komplett domene, er altså illustrert her. Ordet *offshore* har i norsk offentleg språkdebatt vore sjølve symbolet for det særmerkte ved oljespråket som negativ symbolmarkør for den engelske dominansen. Som terminologisk fenomen er det altså kvantitativt marginalt.

²⁰ Det finst i realiteten fire viktige preposisjonsfrasar med terminologisk status i databasen NOT: *offshore*, *inshore*, *atshore* og *onshore*, norsk: *til havs*, *under land*, *ved land* og *på land*, men desse har ei anna semantisk markering i basen og er såleis ikkje med i dette materialet.

ein av hovudskilnadene mellom dei to materialgruppene, som vi ser nærare på i kapittel 4 (avsnitt 4.4.8, jf. òg Myking 1987). I analysen av denne frasetypen er altså skiljet mellom heil- og deltermnivå viktig: Typen verkar uvesentleg på heiltermnivå, men er viktig på deltermnivå.

Når det gjeld adjektiv, er det viktig å skilja mellom frekvensen av adjektiv som termelement og frekvensfordelinga av adjektiv som termar. Frå terminografisk synsstad er hovudproblemet med adjektiv ofte om dei skal ha status som eigne oppslag eller berre fungera som attributive ledd med beskrivande eller klassifiserande funksjon i substantivfrasar, slik det er påvist at dei ofte fungerer i fagspråk (f.eks. Nordman 1992). Frekvensen er spinkel, dei tre adjektiva *drivverdig* (< *commercial*), *gjennomtrengelig* og *permeabel* (begge < *permeable*) i Materialet har alle oppslagsstatus, og dei er alle definerte kontekstuelte (*permeabel* via synonymet *gjennomtrengelig*):

<i>drivverdig</i>	”En brønn er drivverdig når produksjonen er lønnsom” ²¹
<i>gjennomtrengelig</i> , <i>permeabel</i>	”Et gjennomtrengelig medium slipper væske og gass gjennom”

Men dei kunne altså vore omforma til frasar av typen adjektiv + substantiv og fått vanlege innhaldsdefinisjonar:

”drivverdig brønn”	”brønn der produksjonen er lønnsom”
”gjennomtrengelig medium”	”medium som slipper væske og gass gjennom”

Terminografisk kunne desse adjektiva vore behandla på lik line med frasar av typen adjektiv + substantiv, der også adjektiva er knytte til spesifikke substantiv og ikkje har fri kombinatorikk. Det er 30 av denne typen i Materialet, til dømes *død brønn*, *fastkjørt rør*, *halvt nedsenkbar plattform*, *produserende lag*, *påviste reserver*, *antatte reserver*, *kondensert naturgass*. Dei engelske ekvivalentane er strukturelt av same typen, ofte morfosemantisk ekvivalente, til dømes *langssveist rør* < *longitudinally welded pipe*. (Unntaket er *halvt nedsenkbar plattform* < *semisubmersible* (subst.), der den engelske er danna ved ellipse, medan attributtet morfosemantisk er tilnærma ekvivalent.) Adjektiv er altså viktige som termelement, ikkje berre som heiltermar. Sidan det ikkje finst nokon ’sann’, underliggjande realisasjon som er tolkings-

²¹ Plakat på Norsk oljemuseum om opninga av *Ekofisk*-feltet, 13.01.71: ”Med et nytt uttrykk i norsk het det at feltet var *drivverdig*.”

uavhengig, er altså fordelinga på adjektiv- og substantivfrasar på overflata til ein viss grad vilkårleg.

I Materialet er elleve oppslag, eller 2,4 %, termar av typen verb og verbfrasar, med andre ord enkle verb eller verb med tilknytt partikkel, direkte objekt eller andre ledd, men med verb som kjerne. Spørsmålet er om denne frekvensfordelinga er rimeleg ut frå det vi veit om terminologiske verb, eller 'for høg', slik tilfellet kanskje er med adjektiv, eller kanskje 'for låg', sidan det intuitivt burde finnast mange 'dynamiske' omgrep i Materialet: prosessar, handlingar, tiltak. Grenseflata mellom substantiv og verb er eit omdiskutert problem i terminologisk og fagspråkleg litteratur, og i eit autentisk materiale må ein venta at mange dynamiske/ verbale omgrep har form av nominalisering, det som i systemisk funksjonell lingvistikk (Halliday-tradisjonen) er kalla 'grammatisk metafor'. Dei elleve oppslaga gjeld termar som faktisk er morfosyntaktisk realiserte som verb, sjå oversyn 5.

OVERSYN 5. Omgrep realiserte som verb i Materialet

<i>bakke ut < back off</i>	”Frigjøre og trekke ut den frie delen av en fastkjørt borestreng”
<i>drepe (en brønn) < kill (a well)</i>	Jf. <i>kvele</i>
<i>feste < latch on</i>	”Sette klave på en rørsesjon”
<i>forbinde < tie in</i>	”Etablere forbindelse mellom to rørledninger [...]”
<i>kvele (en brønn) < kill (a well)</i>	”Få kontroll over en brønn der gass, olje eller vann trenger inn, for eksempel ved å stenge brønnen med utblåsingsikringen og fjerne væsken og gassen ved hjelp av slam med økt egenvekt”
<i>stenge (oljeproduksjonen) < shut down</i>	Udefinert.
<i>tappe < bleed off, bleed down</i>	”Redusere trykk ved kontrollert utslipp av gass eller væske”
<i>tilkople < tie in</i>	Jf. <i>forbinde</i>
<i>trimme (en plattform) < trim</i>	”Avbalansere en halvsenkplattform for å gi den riktig stilling og stabilitet i sjøen”
<i>ventilere < bleed off, bleed down</i>	Jf. <i>tappe</i>
<i>vri av < twist off</i>	”Ødelegge borerøret med for stor kraft på boret”

I fire av termene inneheld verbfrasen eit direkte objekt, indikert med parentesar i dei norske og delvis dei engelske ekvivalentane. Kombinatorikken er altså ikkje fri – verba er valensbundne til sentrale og fagspesifikke omgrep, som samstundes er relativt generelle (*brønn, oljeproduksjon, plattform*). I dei andre oppslaga er dei tilknytte nominalfrasane underforståtte, men av same typen som dei eksplisitt realiserte. I tilfella *feste, vri av* og *tappe/ventilere* kan vi ikkje vita sikkert kva det underforståtte objektet er utan å gå til definisjonane (*trykk, borerøret*).

Det vil ofte vera mogeleg å nominalisera verbfrasane med objekt som førsteledd: Vi får då nominaliseringsprodukt av same typen som er frekvent med oppslagsstatus i Materialet. Realiseringsmåten er stort sett ekvivalent i norsk og engelsk:

OVERSYN 6. Omgrep realiserte som verbnominalisering i Materialet

”plattformtrimming”	<i>trimme (en plattform) < trim</i>
”(olje)produksjonsstenging”	<i>stenge (oljeproduksjonen) < shut down</i>
”brønnkveling”	<i>kvele (en brønn) < kill (a well) jf. òg dreping/drepe</i>
”utbakking [av borestreng]”	<i>bakke ut < back off</i>
<i>avviksregistrering < deviation control/survey, directional control/survey</i>	”registrere avvik”
<i>brønnfylling < filling the hole</i>	”fyller brønnen”
<i>lekkasjesøking < leak detection</i>	”søke lekkasje”
<i>molekylspalting < cracking</i>	”spalte molekylar”
<i>oljelasting (til havs) < offshore loading</i>	”laste olje”
<i>oljeoppsamling < skimming</i>	”samle opp olje”
<i>oljeskumming < skimming</i>	”skumme olje”
<i>prøvetaking < sampling</i>	”ta prøver”
<i>væskestrømsregistrering < spinner survey</i>	”registrere væskestrøm”

Dersom verb blir omskrivne til nominaliseringar, eller omvendt, vil altså distribusjonen av verb og substantiv endra seg ganske sterkt. Frå grammatisk og pragmatisk synsstad står nominaliseringane i ein interessant mellomposisjon mellom ’prosess’ og ’ting’, som Halliday-tradisjonen uttrykkjer det. Dette har vore utførleg diskutert i samband med nominalisering og dynamiske omgrep i terminologi (sjå m.a. Andersen 2000, Pilke 2000). Dynamiske omgrep kan realiserast som verb

(idealtypisk) eller som nominaliseringar (frekvent i fagspråk). Dei mest 'kongruente' realisasjonane av prosessar er oftast verb, dei minst kongruente vil vera nominaliseringar der semantisk vidareutvikling har svekt den verbale karakteren, ofte med konkret eller resultativ omgrepstyding som resultat (typen *bygging* vs. *bygning*). Det 'verbale' preget i Materialet kan altså ikkje målast berre etter frekvensen av grammatisk oppslagsform. I mange tilfelle kan verb og nominalisering reknast som ekvivalente realisasjonar (jf. Roald 1986b, 2000).

Av 468 oppslag i Materialet kan 120 ved første augekast klassifiserast som deverbale nominaliseringsprodukt. I sju tilfelle kan det vera tvil om avleiingsretninga, men med grunnlag i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er det mogeleg å rekna dei som denominale verb:

Element	Heilterm	Ordboksdefinisjonar
<i>prøve</i>	<i>kjerneprøve,</i> <i>borstammeprøve,</i> <i>krengingsprøve</i>	BMO: ” prøve v3 (norr <i>prófa</i> , gj lty fra lat. <i>probare</i> , jf <i>prov(e)</i>) 1 granske, undersøke, kontrollere, teste”
<i>test</i>	<i>produksjonstest</i>	BMO: ” teste v1 (eng. <i>test</i>) prøve, undersøke ved hjelp av en test”
<i>sikt</i>	<i>vibrasjonssikt</i>	BMO: ” sikte v1 (fra lty) 1 la gå igjennom sikt (for å skille ut grovere bestanddeler)”
<i>såld</i>	<i>vibrasjonssåld</i>	NNO: ” sålde v1 skilje lausmasse i ymse korngrupper med hjelp av såld”
<i>avtale</i>	<i>samarbeidsavtale</i>	BMO: ” avtale v2 1 gjøre avtale om, bli enige om”

Både *avtale*, *sikt* og *såld* har ein tydeleg konkret karakter (”verktøy”) som gjer dei lite interessante å drøfta i lys av alternativ realisering som verb. Det same gjeld -*prøve* i *kjerneprøve* (”materielt resultat”) i kontrast til dei meir prosessuelle *borstammeprøve* og *krengingsprøve*, som refererer til operasjonar: ”Prøve for å undersøke ...”, ”Prøve for å kontrollere”. Dette er ikkje noko argument mot at dei skal reknast som morfologisk-semantisk motiverte, sjølv om retninga og dermed basisen kanskje kan problematiserast. På same vis kunne ein argumentera for ein motiverande relasjon med morfologisk null-eksponent mellom substantivet/basisen *pumpe* og det denominale verbet *pumpe*, endå om retninga kan vera diskutabel, jf. *Nynorskordboka*:

I pumpe f2 (gj lty frå fr, opph lydord) apparat til å pumpe med

II pumpe v1 suge el. presse væske el. gass gjennom (røyr)ledning el. kanal med hjelp av pumpe

Desse eksempla illustrerer altså at det finst motiverande relasjonar på ”djupare” nivå i språket enn det som er umiddelbart terminologisk relevant: Det er ikkje først og fremst på grunn av relasjonen til verbet *prøve* at substantivet *prøve* er valt som termelement innanfor dette domenet, derimot mest på grunn av den etablerte tydinga det har fått som teknisk ’basisord’ (jf. TNC98 og nedanfor, kapittel 4). Om vi ser bort frå dei sju nemnde, er det 27 norske oppslag som har deverbale karakter, men utan suffikset *-ing*. Det er ei relativt heterogen gruppe. For det første er det ni termar (ev. grunnord) med relativt tydeleg konkret tyding: *belegg* og *isolasjon* < *coating*, *overbend* < *overbend* (kan ev. analyserast som uanalyserbart direktelån). Vi må også rekna *-tillatelse* inn her, i *undersøkingstillatelse*, *utvinningstillatelse*, som er normale samansetningar. Latinisert avleiing er *kondensat* < *natural gas liquids*, av ’kondensere’ verb. Dei tre følgjande er kortavleiingar med semantisk innhald ’produkt’: *borekutt/borekaks/sliss* < *cuttings*.²² For det andre er det elleve termar som morfologisk sett er kortavleiingar, i nokre tilfelle kombinert med samdanning (sjå ovanfor, avsnitt 3.1.6.3). Dei har ein mindre konkret karakter og svakare leksikaliseringsgrad enn *-kutt/-sliss* ovanfor:

Element	Heiltermar
<i>gjennombrudd</i>	<i>boregjennombrudd</i> < <i>drilling break</i>
<i>stans</i>	<i>borestans</i> / <i>driftsstans</i> < <i>down time</i> / <i>shutdown</i>
<i>avvik</i>	<i>avvik (deviasjon)</i> < <i>drift, deviation</i>
<i>start</i>	<i>borestart</i> < <i>spudding in</i>
<i>spark</i>	<i>brønnsark</i> < <i>kick</i>
<i>tilbakeslag</i>	<i>tilbakeslag</i> < <i>kick</i>
<i>vedlikehold</i>	<i>trykkvedlikehold</i> < <i>pressure maintenance</i>
<i>kutt</i>	<i>flammekutt (slokning)</i> < <i>flameout</i>
<i>svikt</i>	<i>sirkulasjonssvikt</i> < <i>losing returns, lost circulation</i>
<i>tap</i>	<i>slamtap</i> < <i>losing returns, lost circulation</i>

For det tredje er det sju avleiingar med suffikset *-sjon* og nokså regulært kognatisk samsvar mellom norsk og engelsk. Bortsett frå det konkrete *isolasjon* (sjå ovanfor) denoterer dei naturlege eller tekniske prosessar av ulik type²³ (den siste i denne heterogene gruppa er *slitasje*, synonym til *korrosjon*):

²² Bokmålsordboka: ”**kaks** -et av dial *kakse* 'hakke' borkaks”. Nynorskordboka har ”**sliss** el. **I slisse** m1 (ty. *Schlitz(e)*) rivne, spalte, sprekk; utskjering; splitt i klede”, men *sliss* stammar nok heller frå engelsk *slice*, og er støtta av verbet *slisse*, ’skjera’ (på langs).

²³ Grunnformene er ofte danna ved samdanning: *gjennombrudd* < ”bryte gjennom” osv. Eg har derfor ikkje segmentert dei til **brudd*, **slag* eller **hold*.

Element	Heiltermar
<i>kompresjon</i>	<i>kompresjon (trykkøkning) < compression</i>
<i>deviasjon</i>	<i>deviasjon (avvik) < drift, deviation</i>
<i>isolasjon</i>	<i>isolasjon (isolasjonsmateriale) < lagging</i>
<i>erosjon</i>	<i>erosjon (slitasje) < erosion</i>
<i>produksjon</i>	<i>prøveproduksjon < test production</i>
<i>korrosjon</i>	<i>korrosjon < corrosion</i>
<i>sirkulasjon</i>	<i>slamsirkulasjon < mud circulation</i>

Den største gruppa deverbale substantiv er nominaliseringar med suffikset *-ing*, ofte i regelbunde samsvar med dei engelske originalane, som også er *-ing*-avleiingar. Unntaka frå dette samsvaret er 28, fordelte på 16 konkrete og 12 ikkje-konkrete. Dei 16 konkrete er:

Element	Heiltermar
<i>blanding</i>	<i>sementblanding < slurry</i>
<i>kopling</i>	<i>rørkopling < tool-joint</i>
<i>ledning/rørledning</i>	<i>forbindelsesledning < flow line, returledning < riser pipe, riser, marine riser, hovedledning < main line, trunk line, hovedrørledning < main line, trunk line, rørledning < pipeline, samlerørledning < gathering line, sugeledning < suction line</i>
<i>pakning</i>	<i>brupakning < bridge plug</i>
<i>sikring</i>	<i>utblåsingssikring < blowout preventer</i>
<i>skråning</i>	<i>kontinentalskråning < continental slope</i>
<i>tetning</i>	<i>tetning < packer</i>
<i>tilpasning</i>	<i>tilpasning < fit-up, line-up</i>
<i>utblåsing</i>	<i>utblåsing < blow-out</i> <i>undergrunnsutblåsing < underground blowout</i>

Dei 12 ikkje-konkrete er:

Element	Heiltermar
<i>(av)blåsing</i>	<i>avblåsing < blowdown (men òg draining)</i>
<i>dehydrering</i>	<i>dehydrering < dehydration</i>
<i>registrering</i>	<i>avviksregistrering < deviation control, deviation survey, directional survey, væskestrømsregistrering < spinner survey</i>
<i>siving</i>	<i>utsiving < seepage</i>

<i>skruing</i>	<i>fraskruing</i> < <i>breakout</i>
<i>slokning</i>	<i>slokning</i> < <i>flameout</i> (òg <i>flammekutt</i>)
<i>søking</i>	<i>lekkasjesøking</i> < <i>leak detection</i>
<i>tetting</i>	<i>slamtetting</i> < <i>mud-off</i>
<i>tørking</i>	<i>tørking</i> < <i>dehydration</i>
<i>utvinning</i>	<i>primærutvinning</i> < <i>primary recovery</i>
<i>økning</i>	<i>trykkøkning</i> < <i>compression</i>

Vi står att med 33 regelbundne samsvar. Av desse er ledda *forankring* og *kledning* konkrete, med til saman tre termar:

<i>forankring</i>	<i>rørledningsforankring</i> < <i>pipeline anchoring</i>
<i>kledning</i>	<i>betongkledning</i> < <i>concrete coating</i> <i>vekkledning</i> < <i>weight coating</i>

Alt i alt står vi att med 30 norske termar danna ved avleiing på *-ing* og med regelbundne engelske motsvar på *-ing*, som oversyn 7 viser.²⁴ Om vi legg desse 30 nominaliseringsprodukta saman med dei elleve verbale realisasjonane, så får vi altså til saman eit førtitals termar, i underkant av 10 %, som det er rimeleg å venta kan veksla mellom verbal og nominal realisering. Dette er det næraste vi kjem eit representativt bilete av dette domenet. Det må omfattande korpusbasert analyse til for å forklara kvifor nokre slike verb får oppslagsform som verb og andre som substantiv, men desse alternative realiseringane er truleg tekstuelte og pragmatisk betinga, slik bl.a. Roald hevdar (1986b, 2000: 180). På grunnlag av dette materialet kan vi berre rekna skilnaden som tilfeldig, usystematisk og vilkårleg innanfor domenet. Vi har ikkje direkte tilgang til den tekstuelle og pragmatiske konteksten som termoppslaga er henta (ekserpert) frå. Såleis er det heller ikkje mogeleg å avgjera om realiseringane med urealisert, underforstått objekt er omkategorisert til intransitive verb, noko som er grammatisk fullt mogeleg: ”Han vreid av” = ”han øydela borerøret med for stor kraft”, ”han bakka ut” = ”han frigjorde og trekte ut den fastkøyrde borestrengen”. I slike tilfelle ville den terminologiske tydinga liggja i partikkelverbet åleine.

²⁴ Avgrensinga av grunnformene kan i nokre tilfelle verka arbitrær: *blåsing* vs. *avblåsing*, **viding* vs. *utviding*. Kriteriet er om grunnverba kan fungera som laust samansette, endå dette ikkje alltid er 100 % eintydig.

OVERSYN 7. Termar danna ved avleiing på *-ing* og med regelbundne engelske motsvar

Element	Heiltermar
<i>blåsing</i>	<i>avblåsing</i> < <i>draining</i> (men òg <i>blowdown</i>) <i>luftblåsing</i> < <i>air blowing</i>
<i>boring</i>	<i>avviksboring</i> < <i>deviated/directional drilling</i> , <i>kontrollert avviksboring</i> < <i>deviated/directional drilling</i> , <i>retningsboring</i> < <i>deviated/directional drilling</i> , <i>kjerneboring</i> < <i>coring / core drilling</i> , <i>rotasjonsboring</i> < <i>rotary drilling</i>
<i>drenering</i>	<i>avblåsing</i> < <i>draining</i> (men også <i>blowdown</i>)
<i>fisking</i>	<i>fisking</i> < <i>fishing</i>
<i>føring</i>	<i>overføring</i> < <i>farming out/in</i>
<i>graving</i>	<i>spylegraving</i> < <i>jet dredging</i>
<i>jekking</i>	<i>nedjekking</i> < <i>jacking down</i> , <i>oppjekking</i> < <i>jacking up</i>
<i>krakking</i>	<i>krakking</i> < <i>cracking</i>
<i>lasting</i>	<i>bøyelasting</i> , <i>oljelasting til havs</i> < <i>offshore loading</i>
<i>løfting</i>	<i>løfting</i> < <i>lifting</i>
<i>plugging</i>	<i>plugging</i> < <i>plugging</i>
<i>posisjonering</i>	<i>dynamisk posisjonering</i> < <i>dynamic positioning</i> , <i>posisjonering</i> < <i>positioning</i>
<i>prøving</i>	<i>ikke-destruktiv prøving</i> < <i>non-destructive testing</i>
<i>samling</i>	<i>oljeoppsamling</i> < <i>skimming</i> (òg <i>oljeoppsamling</i>)
<i>sementering</i>	<i>trykksementering</i> < <i>squeeze cementing</i>
<i>skalling</i>	<i>avskalling</i> < <i>spalling</i>
<i>skumming</i>	<i>oljeskumming</i> < <i>skimming</i> (òg <i>oljeoppsamling</i>)
<i>stabilisering</i>	<i>stabilisering</i> < <i>stabilizing</i>
<i>suging</i>	<i>stempelsuging</i> < <i>swabbing</i>
<i>taking</i>	<i>prøvetaking</i> < <i>sampling</i>
<i>trekking</i>	<i>uttrekking</i> < <i>tripping out /coming out of the well</i>
<i>utviding</i>	<i>utviding</i> < <i>reaming</i>

Alt etter analysen er altså 454 eller (454 – 30 =) 424 oppslag i Materialet substantiv, og den nominale karakteren av materialet svarer til det vi kunne venta, den generelle hypotesen om nominaltvang slår til: Substantiv dominerer i begge språk, éin og same leksikalske storleik har same ordklasse i begge språka.

Men kva for konsekvensar har desse distribusjonsmønster for analysen av motivasjon? Morfologisk-semantisk motivasjon er den dominerande motivasjonstypen i det norske tilfanget.²⁵ Graden av simpleks stig, og graden av morfologisk motivasjon fell, dersom oppslaga i domenet vert registrerte og analyserte som verb. Grammatisk metafor (nominalisering) via suffigering aukar den relative porsjonen komplekse termar. Samstundes er morfologisk motivasjon i mange tilfelle ein umarkert storleik (jf. avsnitt 3.1.5). Det sentrale omgrepet ligg i verbstamma, og nominalisering av typen verb + *-ing* kan analyserast som ein utbygd term og ein fakultativ representasjon av omgrepet. Nominalisering er altså motivasjonelt triviell på heiltermnivå. Berre dei reine verbalrealisasjonane (meir presist: verbstammane) kan reknast med under klassifiseringa i 'simpleks' motivasjon nedanfor.

3.2 Vidareutvikling av Kocoureks motivasjonsmodell

3.2.0 *Utgangsmodellen*

Kocoureks opphavlege modell kan seiast å vera strukturert omkring tre semiotiske nivå, som eg har prøvd å markera eksplisitt gjennom typografien i modellen. Det sentrale nivået kan inndelast i tre semiotiske hovudtypar (vi ser då bort frå at alle tre nivåa er underordna toppnivået konvensjon):

	TYPE	KRITERIUM
1	arbitraritet vs. motivasjon	innhaldseksponeerande drag i uttrykket
2	direkte vs. indirekte motivasjon	relasjonen til referenten
3	typar av indirekte motivasjon	konfigurasjonar av semiotiske relasjonar

Om vi omkategoriserer tabell 2 over ordtype, heiltermnivå, kan vi setja opp ei første, grov fordeling av motivasjonstypar på heiltermnivå i Materialet, altså det vi kan kalla primær motivasjon. Med unntak av kategorien arbitraritet gjeld det underkategoriar av indirekte motivasjon, og vi skal sjå på desse kategoriane etter kvart i diskusjonen:

²⁵ Eit punkt som vi kjem tilbake til under morfologisk motivasjon nedanfor, gjeld morfologisk motivasjon i høve til frasedanningar. I motsetnad til Kocourek ser eg det ikkje som nødvendig å skilja ut 'syntaktisk' motivasjon som ein eigen type. Skiljet mellom samansetjing og frasedanning er ofte eit vilkårleg og allmennspråkleg typologisk drag (som i engelsk vs. norsk), og både samansetjingar og frasar er baserte på kombinasjon av meiningsberande element (morfem).

Tabell 4. Fordeling av primær motivasjon i Materialet, heiltermnivå (jf. tabell 2 og 5)

Termtype, heiltermnivå	Motivasjonstype, heilt.nivå	Tal	Prosent
”Konfigering”	Ufullstendig morfologisk	1	0,2
Initialord/forkortingar	Ufullstendig morfologisk	6	1,3
Rotord (simpleks)	Arbitraritet	32	6,8
Frasar	Fullstendig morfologisk	36	7,7
Avleiingar	Fullstendig morfologisk	52	11,1
Samansetningar	Fullstendig morfologisk	341	72,9
TOTALT		468	100,0


Dei tre kategoriane samansetning, avleiing og frase utgjer til saman 429 av 468 belegg, dvs. 91,7 % av Materialet. Dette er dermed samleskåren for det vi nedanfor definerer som ’fullstendig’ morfologisk motivasjon. På den andre sida har rotord (simpleksord) 32 belegg og 6,8 % – dette er då den maksimale delen arbitrære termar i Materialet. Motivasjon, og meir presist, morfologisk motivasjon, er altså det overlegent viktigaste termdanningsprinsippet frå både prosessuell, kvantitativ og klassifikatorisk synsvinkel. Men denne typen er ’kumulativ’, fordi komplekse termar som vi har sett ovanfor kan omfatta element som er motiverte på andre måtar enn morfologisk, eller termelementa kan sjølve vera motiverte morfologisk. Konsekvensen av det er som nemnt ovanfor at dei semantisk, semiotisk og normativt interessante motivasjonskontrastane ofte finst på delterm- eller termelementnivå, ikkje på heiltermnivå. Dette skal vi gå inn på først og fremst i kapittel 4.

Med utgangspunkt i heiltermnivået, og først og fremst på grunnlag av det norskspråklege inventaret i Materialet, vil eg foreslå ein revidert modell over motivasjonstypar med grunnlag i Kocourek (1991) modell, sjå figur 11 i seksjon 3.0 ovanfor. Eg argumenterer fram dei ulike nivåa i modellen i den følgjande drøftinga. Modellen prøver å gjera eksplisitte ein del faktorar som i Kocourek modell er implisitte. Til dette formålet er Radden og Panthers (2004) sett av semiotiske relasjonar (jf. figur 12 ovanfor) eit nyttig hjelpemiddel. Modellen i heilskap er framstilt i figur 23 i seksjon 3.3 til slutt i kapitlet.

3.2.1 Nivå 1: Motivasjon og arbitraritet

Kocourek underordnar både arbitraritet og motivasjon under den semiotiske grunnparameteren konvensjon: Termar er språklege teikn og dermed symbol, med

arbitraritet og motivasjon som eventuelle tilleggsegenskapar. Denne løysinga samsvarer med løysinga hjå Laurén, Myking & Picht (2008: 89 ff.). Kriteriet for å skilja mellom motivasjon og arbitraritet ligg i definisjonen: 'Motivasjon' vil seia at formsida i teiknet har noko ved seg ("la forme suggère des éléments de contenu") som viser kvifor denne forma er vald (Kocourek 1991: 172f.). Arbitraritet vil på den andre sida seia at den einaste meininga som termen signaliserer, er den eigentlege, dvs. omgrepet sjølv ("le sens global"). Lingvistisk sett må kriteriet dermed tolkast slik at 'arbitrære' former er uttrykk som manglar ein motiverande basis, medan 'motiverte' former har ein slik basis (sjå ovanfor). Som arbitrære former reknar Kocourek for det første nylagingar *ex nihilo*, vidare rotord (simpleksord, 'dénomination simple') og ulike former for ikkje-ikonisk og ikkje-lingvistisk "kortskrivning" vha. symbol (fransk: 'brachygraphie arbitraire'), f.eks. siffer, symbol av typen π (pi), kombinasjonar av typen *t-verdi*, kjemiske teikn m.fl.).²⁶ Eg nyttar her termen *kunstkorting* for å referera til denne ikkje-ikoniske typen.



Figur 13. Konvensjon, arbitraritet og motivasjon – toppnivå

Kategorien arbitraritet ville aktualisera eit anna problem dersom modellen skulle fanga opp det prosessuelle aspektet. Då måtte det bl.a. godtgjerast at 'arbitrære' produkt vert danna produktivt eller kreativt utan motiverande basis, og dette er ei sjølvmotseiing. Ved det klassiske eksempelet på *ex nihilo*-laging, *gass* < *chaos* (jf. nedanfor), finst det jo ein slik basis, sjølv om han berre kan identifiserast etymologisk. Det er enklare om vi reserverer modellen for å beskriva leksikon som eksisterande produkt, fordi både "kunstkorting" og vanlege simpleksord då kan behandlast som demotiveringsprodukt, der ein viss grad eller viss type av motivasjon

²⁶ Tilsvarande kortskrivning som er ikonisk, fell derimot inn under kategorien grafisk motivasjon, altså *T-røyr*, "røyr som har form som bokstaven T". Denne typen er morfosemantisk analyserbar og regelviss, sjå nedanfor.

(eller ikkje-arbitraritet) framleis er til stades. Ein kan òg hevda at kunstkortingsprodukt er motiverte rett og slett fordi dei ”kunstige” elementa finst frå før (slik som typen π (pi)), same om dei isolert sett er meiningsberande eller ikkje, og altså burde plasserast under morfologisk motivasjon. Denne typen er ikkje registrert i Materialet, og vi skal ikkje gå nærare inn på dette spørsmålet, men det underbyggjer i alle fall det synet at omfanget av ikkje-arbitraritet i leksikon er svært stort.

Ex nihilo-orddanning gjennom rein kreativitet er i morfologiske framstillingar rekna som eit sjeldant fenomen. Produkt av slik orddanning må i vår samanheng oftast behandlast som simpleksord. Kocourek (1991: 173) nemner *gass*, laga frå av gresk *chaos* på 1500-talet, elles er *Kodak* (kameramerket), *nylon* og firmanamn som *Elf* ofte siterte eksempel. Den estiske språkreinsaren Johannes Aavik gjorde framlegg om systematisk bruk av denne strategien, men termdanning på komplett arbitrært *ex nihilo*-grunnlag har ikkje hatt stort gjennomslag, og slett ikkje i den typen tekniske fagdomene som vi tek utgangspunkt i her. Trass i at all analyse av demotivering må innehalda eit diakront element, går det ei grense for kor sterkt diakron ein analyse av motivasjon og demotivering kan gjerast, og nokon kategori ’etymologisk motivasjon’ reknar vi i denne avhandlninga ikkje med. Ordet *gass* kan i dag reknast som eit teknisk ’basisord’ (TNC98) eller generisk grunnterm, fordi det inngår i så mange ulike tekniske samanhengar og dermed er godt representert både som generisk term og som termelement mellom anna i Materialet. Ordet er sjølvsagt synkront og domenespesifikt viktig på grunn av referansen, men det er ikkje den opphavlege motivasjonen som gjer ordet viktig i dag. Frå vår synsstad er leksetet *gass* eit konvensjonelt grunnord, dermed òg eit tilfelle av demotivering.

3.2.1.1 Kan simplekstermar vera ’motiverte’?

I tradisjonell strukturalistisk tilnærming kan simplekse leksem berre reknast som arbitrære, sidan dei er morfologisk u-analyserbare. Ullmann utvida, som vi såg, perspektivet ved å peika på at semantisk motivasjon (metafor og metonymi) også er ein type analyserbarheit som ”works the same way” som Saussures ’relative’ motivasjon (kapittel 2, avsnitt 2.2.2). Morfologisk simplekse og u-analyserbare leksem kan altså reknast som motiverte dersom dei er semantisk motiverte, og metaforiske og metonymiske rotord har etter dette resonnementet motivasjon pr. definisjon – men berre dersom ein kan slå fast at slik metaforikk eller metonymi er til stades. Det er ikkje alltid lett, og dels er det avhengig av kva slags teoretisk rammeverk ein legg til grunn. Kognitiv lingvistikk har utvida grensene kraftig for kva ein reknar som metaforisk, og i terminologien er det eit særleg problem å avgrensa

metaforisk frå ikkje-metaforisk terminologisering eller terminologisering i høve til den overordna kategorien semantisk motivasjon.

Å isolera tilfanget av morfologisk simplekse termar vil seia at vi isolerer det maksimale innslaget av morfologisk arbitraritet eller ikkje-motivasjon i Materialet – det har vi altså fastslege til 6,8 % i tabell 4 ovanfor. Det reelle innslaget krev vidare at desse 6,8 % morfologisk simplekse rotorda i Materialet vert undersøkte med tanke på alternative typar motivasjon. Det er sjølvsagt ikkje berre rotord som kan terminologiserast eller metaforiserast, trass i at kortare uttrykk har lettare for å gjennomgå terminologisering og avterminologisering enn lengre uttrykk (Meyer & Mackintosh 2000: 127 f). I første omgang konsentrerer vi oss likevel om rotorda, sidan ikkje-simplekse uttrykk pr. definisjon faktisk har annan motivasjon, sjå nedanfor, avsnitt 3.2.6.2.

Ut frå Radden og Panthers (2004) semiotiske parameterar vil polysemi på kognitivt grunnlag vera eit tilfelle av innhald–innhald-motivasjon, relasjon d: Den allmennspråklege tydinga er 'kjelde', og den terminologiske tydinga er 'mål', medan uttrykkssida er konstant. Den tradisjonelle analysen av metafor tek derimot utgangspunkt i relasjon b, innhald–uttrykk-motivasjon. Når det er tale om klårt metaforiske uttrykk, som i Radden og Panthers analyse byggjer på relasjon b, er det altså tilsynelatande uproblematisk å rekna med motivasjon (dømet *musehull*). Dette er vanskelegare i dei tilfella der metaforikken er mindre klår, men der det likevel finst ein tydeleg synkron allosemi-relasjon mellom allmenn utgangstyding og terminologisk(e) omgrepstyding(ar). Det er altså vanskeleg å dra grensa mellom relasjonane b og d fordi dei interagerer sterkt. Det gjer det vanskeleg å skilja mellom terminologisering og metaforikk, men òg mellom metaforikk og totalt fråvære av metaforikk, og desse problema går vi nærare inn på nedanfor i avsnitt 3.2.6.1 og særleg i 3.2.6.2. Inntil vidare legg vi til grunn at dei einaste tilfella av termar av typen 'dénomination simple' som kan fylla kravet til å vera 'arbitrære' i Kocoureks modell, ville vera slike som heilt manglar allmennspråklege eller andre terminologiske varianttydingar. Etter mitt syn kan dette berrre gjelda *ex nihilo*-produkt som a) er danna gjennom primær termdanning, og b) framleis er på det stadiet der dei enno ikkje har gjennomgått ein avterminologiseringsprosess, og c) altså er heilt "friske". Dette vil seia morfologisk simplekse og ikkje-metaforiske nylagingar på nylagingstidspunktet. Omfanget av slike vil neppe vera særleg stort i eit konkret materiale, men er teoretisk mogeleg.²⁷

²⁷ I ein motivasjonsmodell som inkluderer Drozd & Seibickes 'psykologiske' dimensjon, ville derimot slike *ex nihilo*-danningar bera ein motivasjon, nemleg 'medviten vilje'.

3.2.1.2 Omriss av simpleksitet i materialet

Kapittel 4 om typologiske aspekt tar utgangspunkt i nokre kjende synsmåtar knytte til kompleksitet og lengd: at frekvente ord er kortare enn sjeldne ('Zipfs lov'), at engelske ord er kortare enn norske/tyske/skandinaviske, at allmennspråklege ord er kortare enn fagspråklege. Av alle desse tre grunnane er det grunn til å forventa at Materialet er prega av lange uttrykk. Frekvensen av korte uttrykk heng til ein viss grad saman med mangel på morfologisk motivasjon, men det impliserer ikkje at korte uttrykk manglar motivasjon, som vi har sett. Ved først å isolera alle simplekse heiltermar og deretter diskutera om desse likevel er berarar av motivasjon, kan vi nærma oss eit meir utførleg svar på kor stort omfang motivasjon, det vil seia alle typar sett under eitt, faktisk har i Materialet og dermed i domenet.

Ved første augekast er 32 norske termar i Materialet, 6,8 %, morfologiske simpleksord eller rotord (jf. tabellane 2 og 4 ovanfor). Vi må her ta utgangspunkt i stammeformene av orda, dvs. sjå bort frå bøyingsaffiks som infinitiv av verb, artiklar for substantiv. Etter stammeform er det då tale om fem verb, tre substantiv i fleirtalsform (når vi altså ser bort frå fleirtalssuffikset) og 23 substantiv i vanleg ubestemt oppslagsform:

OVERSYN 8. Norske termar med simpleksform i Materialet. Sjå òg oversyn 11 og **UTDRAG** 22. (S PL = substantiv, pluralis, V = verb, umarkert = substantiv, singularis). NB: Fullversjon av oversynet finst i vedlegg 1.

<i>kiler</i>	<i>slips</i>	S PL
<i>reserver</i>	<i>reserves</i>	S PL
<i>skjæker [sg. skåk]</i>	<i>elevator bails</i>	S PL, jf. òg <i>heisebøyer</i>
<i>drepe (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	V
<i>feste</i>	<i>latch on</i>	V
<i>kvele (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	V

I kapittel 4 skal vi gå nærare inn på skiljet mellom simpleksitet og kompleksitet mellom engelsk og norsk. Vi nøyer oss derfor i første omgang med at det finst tre tilfelle der dei norske ekvivalentane er mindre komplekse enn dei engelske, og 15 opplagde tilfelle av engelsk simpleksitet i Materialet som er erstatta av morfologisk meir komplekse løysingar i norsk. Fem av desse har meir komplekse synonym i engelsk som dels kan forklara den norske motivasjonen:

Utan komplekse synonym	<i>kelly</i> > <i>drivrør</i> , <i>basket</i> > <i>heiskurv</i> , <i>jacket</i> > <i>stålfot</i> , <i>plattformfot</i> , <i>slurry</i> > <i>sementblanding</i> , <i>tug</i> > <i>slepebåt</i> , <i>fish</i> > <i>slepefisk</i> , <i>kick</i> > <i>tilbakeslag</i> , <i>bean/choke</i> > <i>reduksjonsventil/strupeventil</i> , <i>site</i> > <i>byggeplass</i>
Med komplekse synonym	<i>drift (deviation)</i> > <i>avvik</i> , <i>bit (drill(ing) bit)</i> > <i>borkrone</i> , <i>pool (deposit)</i> > <i>forekomst</i> , <i>core (core sample)</i> > <i>kjerneprøve</i> , <i>sphere (spherical tank)</i> > <i>kuletank</i>

Det som her blir kalla rotord, har mange namn i lingvistisk litteratur: 'simpleksord', 'monomorfemiske ord', 'enkle ord' osv. Men det er ikkje innlysande at leksem kan delast strengt dikotomisk i 'simplekse' og 'komplekse', eller at 'simpleksitet' definatorisk impliserer fråvære av synlege morfologiske eksponentar, altså affiks i ei eller anna form. Fire av termene i oversynet ser ut til å innehalda morfologiske element som signaliserer ei form for morfologisk motivasjon, dei er dermed i så fall oppførte i oversynet på feil grunnlag: *re+* i *reserver*, *+eum* i *petroleum*, *+ar* i *reservoar* og *pro+* i *prosess*. Vi kjem tilbake til desse nedanfor i diskusjonen om uregelviss motivasjon, sjå avsnitt 3.2.7.3.

Orddanningstypen konversjon er eit anna eksempel på kor problematisk dikotomisering kan vera, jf. engelsk *log* (verb) – *log* (subst.), norsk *logge* vs. *logg*. Typologisk sett har engelsk mykje av denne orddannings- og termdanningsmåten, og typen er svært vanleg i terminologiske inventar, jf. i Materialet *shut down*, *bleed off/down*, *trim*, *process*, *buckle*, som alle kan fungera som både verb og substantiv. Av denne grunnen bør substantiv som *sliss* < *cuttings*, av *slisse* (verb, < engelsk *slice*), *kutt* subst. < *kutte* verb og fleire definerast som avleiingar, fordi det er mogeleg å analysere motiverande basis og avleiingsretning ved slike ord: substantiva *kutt* og *sliss* < *kutte* og *slisse* er deverbale, medan *logge* vb. (ifølgje *BMO/NNO*) er denominalt, jf. "måle farten med logg" (og *trimme* vb. tilsvarande basis for substantivet *trim*, som ikkje finst i Materialet). Grensegangen mellom 'simpleks' og 'kompleks' er altså ikkje enkel ved konversjon, men den motivasjonelle relasjonen mellom ein basis og eit produkt kan jamførast med den morfologiske motivasjonstypen. Det finst altså ein motivasjonell integrasjon i desse para, der den eine medlemen i paret er avleidd av den andre, men altså i ulike retningar.

Strukturalistisk morfologi har løyst dette problemet ved å innføra allomorf null, null-affigering, som fungerer ekvivalent med formelle affiks. Medan tilfelle som *sliss* og *kutt* kan reknast som avleiingar, skaper likevel ord som *pumpe* og *skrape* problem for ein streng morfologisk analyse: Verbet *pumpe* (som ikkje finst på heiltermnivå i Materialet) er analysert som denominalt i dei to norske ordbøkene, substantivet

skrape som deverbalt, men ingen av dei har noko eigentleg morfologisk avleiingsaffiks.²⁸ I *Bokmålsordboka* ser tilhøve mellom substantiv og verb slik ut:

I pumpe fl el. m1 (gj lty fra fr, opph lydord) apparat til å presse el. suge væske el. luft med <i>bensinp-</i> , <i>lensep-</i> , <i>sykkelp-</i>	II pumpe v1 bruke pumpe <i>p- vann / p- opp en fotball / overf: det er p-t inn mye penger i prosjektet / p- en for noe få noe ut av en / være helt pumpa tom, utslitt</i>
I skrape fl el. m1 (av III *skrape) redskap til å skrape med <i>hestes-</i> , <i>veis-</i>	III skrape v1 el. v2 (norr <i>skrapa</i>) 1 skave, rengjøre med kvast redskap <i>s-skin, gulrøtter, gryta / s- bunnen</i>

Vidare kan verbet *feste* (< *latch on*) analyserast som motivert av adjektivet *fast*, som i sin tur kan analyserast som avleiingsbasis både for verbet *feste* og for det tilsvarande substantivet *feste* (som ikkje finst i Materialet som term), sjølv om dette siste til dels er analysert som avleidd av verbet, ikkje av adjektivet: ”stad, punkt der ein festar, får fast noko; tilknytingspunkt” (NNO). Verbet og substantivet har dermed same motivasjonsbasis, men dei kan ikkje av den grunn reknast som anna enn morfologisk simplekse. Medan klårt deverbale kortavleiingar her ikkje er rekna som morfologisk simplekse, må vi godta som simplekse slike grensetilfelle som *feste*, verb, *lense* og *skrape*, subst. Relasjonen mellom basis og avleiing er på ein måte nøytralisert, fordi det mellom dei to morfologisk simplekse orda *skrape* og *skrape* eksisterer ein gjensidig semantisk relasjon gjennom eit sentralt verbalt kjenneteikn /SKRAP-/ og tilvarande. Orda er altså ikkje semantisk isolerte, men integrerte – dei har kvarandre som gjensidig motiverande basis og er dermed medlemmer av same semantiske krins. Altså støttar dette Kocoureks idé om at til og med ved ’arbitrære’ ord (dvs. simplekse) er det mogeleg å tilordna motivasjon.


Resonnementet i dette avsnittet styrkjer tesen om at ’alt’ er motivert i fagspråket, fordi det er mogeleg å tilskriva tilsynelatande arbitrære uttrykk motivasjon i ulik grad og i ulike konstellasjonar: Semantisk motivasjon, med uklår grense mellom metaforikk og ikkje-metaforikk, som potensiell uregelviss avleiing, og som avleiing utan formell eksponent. Løysingane er teoriavhengige, og faren for analyse ’*post hoc*’ er stor. Det som finst av arbitraritet i språket, kan òg sjåast primært som eit drag ved

²⁸ Avhengig av kva for morfologisk modell som vert vald, kan sjølvstapt substantiv som *skrape* og *pumpe* analyserast med stammeform *pumpel/skrape* eller *pump-/skrap-*, og final *-e* anten som bøyingseksponent for ubestemt singularis eller som stammeutgang. For spørsmålet om motivasjon eller ikkje, er det mest avgjerande at dei formlike uttrykka *pumpe* resp. *skrape* som substantiv og verb er tilordna det same omgrepet og altså har eit felles semantisk kjenneteikn som gjer omgrepsmotivasjonen ekvivalent. Det er dette som gjer at dei er formelt og semantisk integrerte. Jf. også *lense*, subst. Engelsk *scratcher* er derimot deverbalt, agentivt og regelvisst motivert.

allmennspråket: Motivasjon står sterkare i terminologien fordi terminologi er avhengig av allmennspråket. Det er allmennspråket som er reservoaret for termdanning, og dermed kan ein sjå allmennspråket som eit grunnleggjande stort 'kjeldedomene' som all terminologi tar utgangspunkt i. Dette synet samsvarer med Kageuras synspunkt at termdanning og allmenn orddanning er formelt ekvivalente, og, følgjeleg, at termdanning primært er eit pragmatisk fenomen og berre sekundært eit morfologisk (termdanning er "formally equivalent" med orddanning, jf. kapittel 1 og Myking 2006b: 34). Desse formene for motivasjon er ikkje terminologisk irrelevante, for tanken om språkleg integrasjon og semantisk støtte er heilt sentral i både allmennspråkleg og terminologisk nydanning (jf. vidare kapittel 4).

3.2.2 Nivå 2: Motivasjon: direkte og indirekte

Skiljet mellom direkte og indirekte motivasjon er ikkje nytt med Kocourek, men har historisk sett lege til grunn for mange diskusjonar om problemet motivasjon og arbitraritet, som når Saussure diskuterer om onomatopoetika er motiverte eller ikkje. Vi tek likevel utgangspunkt i modellen til Kocourek her. Han skil mellom direkte og indirekte motivasjon alt etter om motivasjonen ligg innanfor språkssystemet eller byggjer på likskap med referenten. I det første tilfellet er då motivasjonen 'indirekte' eller teiknintern. I det andre tilfellet er motivasjonen 'direkte' eller referentorientert, det er referenten sjølv som utgjer den semiotiske basisen. Av slik direkte referentmotivasjon skil Kocourek ut to typar, den fonetiske (fonetisk-fonologiske) og den grafiske:



Figur 14. Direkte og indirekte motivasjon

Omgrepet 'grafisk' motivasjon vil seia at eit grafisk teikn utgjer det motiverande kjenneteiknet i eit komplekst uttrykk.²⁹ Den grafiske motivasjonen er eit viktig fenomen i terminologi som realiseringsform for ibuande kjenneteikn av typen /FORM/, jf. eksempel som *O-ring*, *T-røyr* og *H-bjelke*, "bjelke med form som ein H", *V-stil* "skihopp med skiene i V-form" osv., og termdanningsmåten er ligg så nær ikonisitet i rein form som det går an å komma på språkleg grunnlag – det vanlege alfabetet har eit viktig "objektivt" ikonisk potensial.³⁰ Å kalla grafisk motivasjon 'direkte' er sjølvstund til dels eit paradoks, sidan referenten samstundes er eit språkleg fenomen.

Som regel finst det ein sterk teiknintern basis i tillegg til den direkte og referentorienterte motivasjonen. Dette gjeld òg i det akustiske mediet, den fonetisk-fonologiske motivasjonen (jf. avsnitt 3.2.4). Tilhengjarar av 'fonestem' som motivert orddanning vil i typen *plask* rekna med at konsonantgruppa *-sk* er berar av motivasjonen, gjennom den paradigmatisk relasjonen til andre ord som inneheld sekvensen (Magnus 2001), og dermed blir også denne gruppa teikninternt motivert via ord som *klask*, *vask* m.m. I Materialet er det ikkje mange døme på slik motivasjon, dei to einaste kandidatane er *skvalpesone* < *splash zone* og *skvettområde* < *spray zone*. Dette er opphavleg maritime omgrep som er representerte med vanlege allmennord (*skvalp*, *skvett*), og dermed er dei primært heller eksempel på semantisk motivasjon av typen terminologisering. På tilsvarande måte har grafisk motivasjon eit ikonisk preg (potensiell simile, **H-forma bjelke* = "bjelken liknar på ein H"), og endeleg kan både *H-bjelke* og *skvalpesone* analyserast som regelvisst morfologisk motiverte og analyserbare termar. I begge tilfella må vi altså rekna med dobbeltmotivering. Den direkte motivasjonen kan såleis vanskeleg kallast primær i samansetninga *skvalpesone*, derimot med større rett primær i *H-bjelke*, i alle fall primær ut frå pragmatisk pregnans.

Drozd og Seibicke (1973: 130) avviser at fonetisk-fonologisk motivasjon er viktig for terminologien, dei meiner altså at direkte motivasjon kvantitativt sett ikkje spelar ei så stor rolle i leksikon som den indirekte eller teikninterne motivasjonen gjer. I terminologien vil denne typen som regel samverka med andre motivasjonstypar, slik at fonetisk motiverte termar oftast vil vera dobbeltmotiverte, jf. *skvalp*, *skvett*, som er terminologiserte. Det finst òg ein indirekte motivasjonstype der formsida spelar hovudrolla, sjå avsnitt 3.2.4 nedanfor.

²⁹ Av og til står bokstaven åleine, fordi det overordna leddet er stroke, som når røyrleggjarar snakkar om "å setja på ein T", dvs. *T-røyr*. Det er strengt teke berre då at den grafiske motivasjonen kan kallast primær på heiltermnivå.


³⁰ Omgrepet 'ikonisitet' er ofte brukt med skiftande innhald, og spelar derfor ikkje noka viktig rolle i denne avhandlingen. I tydinga 'etterlikning' passar det på grafisk motivasjon.

3.2.3 Nivå 3: Indirekte motivasjon: form, teikn-til-teikn-, omgrep

Det er innanfor hovudtypen 'teiknintern' eller indirekte motivasjon at dei terminologisk viktige typene finst, men denne hovudtypen er stor og ueinsarta. Indirekte motivasjon vil seia at den motiverande relasjonen ikkje gjeld mellom teikn og referent. Motivasjonen er eit produkt av relasjonar mellom teikn innanfor språk-systemet, mellom innhald og uttrykk i ymse konfigurasjonar, slik gjennomgangen av Radden og Panther 2004 ovanfor viste. Det er fruktbart å skilja mellom tre hovudtypar av teiknintern motivasjon:

- *Omgrepsmotivasjon*, der innhaldssida i teiknet motiverer uttrykkssida. Dette er den vanlegaste og dominerande typen både i fagspråkslitteraturen og hjå Radden og Panther 2004, relasjon b. Deira døme er 'ikonisitet', men vi må ta omsyn til både semantisk og morfologisk motivasjon under denne typen, altså både 'etterlikning' og 'summen av delane'.
- *Formmotivasjon*, der reint formelle eigenskapar skaper den 'ikkje-tilfeldige' effekten ved uttrykkssida som ligg nedfelt i Kocoureks definisjon av motivasjon. Motivasjonen kviler på Radden og Panthers relasjon c.
- *Teikn-til-teikn-motivasjon*, der eit fullstendig teikn er motivert av eit anna fullstendig teikn, jf. Radden og Panther, med grunnlag i relasjon e. Ein viktig type svarer til Kocoureks "motivasjon gjennom lån".

Omgrepsmotivasjon byggjer på Radden og Panthers relasjon b: Innhaldssida i teiknet er kjelde, uttrykkssida er mål. Denne hovudtypen svarer såleis til Ullmanns (og Drozd og Seibickes) to hovudtypar morfologisk og semantisk motivasjon, og må prinsipielt analyserast på einspråkleg grunnlag. Omgrepsmotivasjon er den største og viktigaste hovudtypen av indirekte motivasjon, men òg den som er mest ueinsarta. Vi vender tilbake til den nedanfor i avsnitt 3.2.6, og går først inn på dei to andre typene.



Figur 15. Hovudtypar av indirekte motivasjon

3.2.4 Formmotivasjon

Formmotivasjon har det til felles med direkte fonetisk-fonologisk motivasjon at han byggjer på språkinterne effektar av ymse slag, knytte til utnyttinga av det fonologiske og fonotaktiske systemet. Ullmann (1972) legg vekt på typen rim og avlyd, dvs. vokalrepetisjonar, -vekslingar og -kontrastar: *hokus-pokus*, *flick-flakk*, *ping-pong*, *kling-klang*, i tillegg har vi altså fonestem: lydhermande fonemsekvensar som final -*sk* i *plask* vs. *klask*, initialt *fn-* i *fnugg*, *fnatt*, *fnokk* med tydinga 'liten'. Den lingvistiske statusen til denne typen motivasjon har vore omstridd, men fonestetiske forklaringar kan registrerast, og det er ein tendens til oppvurdering av denne motivasjonen. Dahlstedt (1983) drøftar fonestetisk motivasjon ved tilpassing av lån-orda *fluffy* (> *fluffig*) og *muddled* (> *flummig*) og argumenterer sterkt for at slik motivasjon er viktig utan å vera kvantitativt dominerande. Brunstad (2005) dreg inn fonestetiske forklaringar av nyordet *pingle*, og Magnus (2001) har levert ein stor og eksperimentbasert studie i slik motivasjon. Denne tendensen har tilsynelatande enno ikkje gjort seg gjeldande i fagspråklege samanhengar.

Grensene mellom dei to typene motivasjon, den direkte og den indirekte typen, er vanskelege å dra skarpt, men har ein viss presedens (sjå til dømes Ullmann 1972: 84). Det springande punktet for terminologien når det gjeld formmotivasjon, er det same som for den fonetisk-fonologiske, nemleg problemet dobbeltmotivering.

Grensegangen mot den typen fonetisk-fonologisk motivasjon som er definert som 'direkte', er det heller ikkje semje om. Drozd og Seibicke (1973: 129 f) skil ikkje mellom rim/avlyd og (direkte) fonetisk-fonologisk motivasjon, og seier samstundes at motivasjonstypen er uviktig som termdanningsmekanisme. Kocourek (1991: 173) nemner mange eksempel på formmotivasjon, ofte slike som er gamle og etablerte i allmennspråket, og han seier klårt at desse formene for motivasjon ofte opptrer saman med andre typar. Å avdekkja basisen vil ofte føra inn i reint etymologisk gransking.

Eit vanleg eksempel på fonetisk-fonologisk motivasjon er tysk *Zickzacklinie* (Drozd og Seibicke 1973: 129), som ein kanskje kunne seia hadde eit ikonisk og 'direkte' samband til ein bestemt måte å teikna linjer på. Men *Zick-* eksisterer ikkje som sjølvstendig leksem i tysk, det er danna som kontrast til *Zack* 'spiss' (jf. Dressler 1995: 24, dessutan *Nynorskordboka*). Det er med andre ord avlydsalternasjonen *i : a* som er utnytta, ikkje imitasjonen av grafemet <Z> (slik det er lett å tolka 'post hoc'). Typen er vél så mykje fonologisk som grafisk motivert. Avlydsalternasjonen i dette leksemet fungerer motiverande også i andre språk som har slik alternasjon (sjølv om bokstaven <Z> er nasjonalisert til <s> i nordiske språk).³¹ Medan *sikksakk* byggjer på avlydskontrast og ikkje har nokon opplagd likskap med ein referent, går avlydskontrasten saman med større grad av "referentimitasjon" i *kling-klang*, *ding-dong* og *ping-pong*. I eksempel som *ding-dong* og *kling-klang* kan det vera lett å kjenna att ein innhaldsimitasjon (dvs. direkte motivering). I *ping-pong* er det kanskje meir tvilsamt (men Brunstad (2005: 86) refererer etymologien til *pong* som etterlikning av lyden frå ballen). I *tripp-trapp* tener knapt sisteleddet til anna enn å kontrastera det første, som er meiningsberande ('steg'). Tilsvarande, men omvendt, er *snikk-snakk* innhaldsmotivert av det siste leddet (jf. *snakk* = "det å snakke; prat, (sam)tale" (NNO), men ikkje **snikk*).

Direkte fonologisk motivasjon samverkar altså tett med indirekte avlydsmotivasjon, det er formsida av teiknet som spelar hovudrolla i begge tilfella. Samla viser desse eksempla på ein og same gong kor viktig den formelle kontrasten er og kor vanskeleg det er å sjå heilt vekk frå den innhaldsberande dimensjonen. Dei viser klårt at den tradisjonelle typen 'fonetisk-fonologisk motivasjon' er svært heterogen, men likevel er det ein klår skilnad mellom typen *snikk-snakk* og andre typar lydsymbolisme: Det er ein avlydskontrast som er berar av motivasjonen, og avlyd er eit språkstrukturelt fenomen. Altså er det tale om ein primært språkintern og indirekte motivasjonstype

³¹ Jf. finsk *siksak*, svensk *sicksack*, dansk *siksak* el. *zigzag*, jf. definisjon i det danske ordboksverket Lexin: "en linie el. bevægelse som går fra den ene side til den anden" < <http://lexin.emu.dk/>, lese november 2007>.

som ikkje primært er omgrepsorientert, men berre skal framkalla ein eller annan assosiasjonsskapande effekt.

Den nye og veksande interessa for fonestetikk er interessant som symptom på den generelt aukande interessa for motivasjon som kjenneteikn ved språket. Inntil vidare har eg ingen hypotese om at denne motivasjonstypen er viktig som kvantitativt eller pragmatisk fenomen i terminologi, men prinsipielt må han reknast med som relevant. Det ville f.eks. ikkje vera mogeleg å sjå vekk frå at dei fonestetiske rimeigenskapane ved ein ny dataterm som *minnepinne* må vera ein viktig grunn til at denne avløyseren har fått så sterkt gjennomslag i norsk.³² Dei fonestetiske eigenskapane kjem altså her på toppen av den primære morfologiske motivasjonen (samansetning, der førsteleddet i sin tur er ein konvensjonalisert antropomorf metafor, *minne* < *memory*). Dersom vi skulle avgjera kva som var den 'eigentlege' suksessfaktoren i eit slikt tilfelle, måtte vi også ty til andre typar analyse enn den morfologiske, til dømes psykolingvistiske eksperiment eller intervju.

Det er ingen ting i Materialet som gjev grunn til å svekkja påstanden om at formmotivasjonen spelar ei underordna og kanskje helst "akkompagnerande" rolle, på same måten som den direkte fonetisk-fonologiske. Det finst såleis gode argument for å hevda at hovudkategorien 'direkte' motivasjon kunne rasjonaliserast vekk og dei to undertypane innordnast under formmotivasjonen. For terminologiske formål ser dette ut til å vera så langt ein kan komma, men i dette ligg det likevel ingen presupposisjon om at fonestetikk i ulike utgåver skulle vera uviktig for orddanningsteori reint allment, og dermed for ein allmenn semiotisk og lingvistisk teori om motivasjon.

3.2.5 Teikn-til-teikn-motivasjon

3.2.5.1 "Motivasjon gjennom lån"

Relasjon e hjå Radden og Panther (2004, jf. avsnitt 3.1.3) opererer mellom uttrykkssidene i to ulike teikn: Uttrykkssida i eitt teikn (kjeldeteiknet) motiverer uttrykkssida i eit anna teikn (målteiknet). I formmotivasjon, som vi har drøfta ovanfor, fører dette til danning av nye teikn med ny uttrykksside og nytt innhald. I

³² Jf. engelsk *USB memory stick*, norske alternativ *minneplugg*, *USB-plugg*, *minnebrikke*, som alle ser ut til å stå svakare, eller *minnehøne* 'memory bird' – metaforikken florerer. Termen *minnepinne* er eit godt døme på at ein motivasjonstype – her: den fonologiske – kan ha ei akkompagnerande rolle jamført med den primære typen – her: morfologisk. Termen *minne* < *memory* er systematisk motivert i datateknolekten, og rimet ligg altså i *pinne*, som samstundes er semantisk motivert.

andre tilfelle omdannar det ei gammal form til ei ny med modifikasjon av innhaldet i mål-teiknet. Ofte opererer uttrykk–uttrykk- og innhald–innhald-motivasjon (relasjon d) samstundes: uttrykk/innhald > uttrykk/innhald. Eksempelet som Radden og Panther nyttar, er *Gosh!* for *God!*: Kjeldeforma *God* endrar seg fonologisk i såpass grad at ho framstår som ei ny form > *Gosh*, men er likevel såpass lik den opphavlege forma at isomorfi- og kontrastprinsippet motiverer innhaldet, slik at det både oppstår meiningsdifferensiering og meiningslikskap: Innhaldet i *Gosh!* vert akkurat distinkt nok frå *God!* til at dei to teikna ikkje lenger er opplevde som fullt ut synonyme. Kontrastprinsippet blokkerer den kontekstuelle synonymien, og forma *Gosh!* fungerer ikkje stilistisk krenkjande slik opphavsforma gjer. I norsk er *Jesus!* > *Jøss!* sjølv sagt eit analogt eksempel. Det er denne interaksjonen mellom uttrykk og innhald i to ulike teikn som utgjer idealforma for den motivasjonstypen vi her skal kalla teikn-til-teikn-motivasjon. Denne typen motivasjonell konfigurasjon opererer i Radden og Panthers modell språkinternt, men det vil vera fullt forsvarleg og heilt nødvendig å tillempa relasjonen på teiknrelasjonar mellom språk, altså ved lån og andre typar interferens.

Som vi har sett i figur 11, innfører Kocourek 'motivasjon gjennom lån' som ein type motivasjon i sin modell. Lån skal då forståast som både direktelån (lån av uttrykket med eller utan strukturell modifisering) og som omsetjingslån ("intégré, calque"), altså omsetjing av den morfosemantiske strukturen ledd for ledd i komplekse kjeldeteikn. Dersom kategorien skal vera komplett, må han òg omfatta tydingslån, det at eit eksisterande leksem får tillagt eit nytt allosem som er lånt frå eit leksem i kjeldespråket. Radden og Panthers modell av polysemi (2004: 19, jf. avsnitt 3.2.6.2 nedanfor) kan òg brukast på kategorien tydingslån, jf til dømes *skyte* < *shoot* = "å ta bilete, gjera filmopptak", jf. òg avsnitt 3.2.5.5.

I denne avhandlinga vil eg altså heller nytta termen teikn-til-teikn-motivasjon. Det vil seia at eit heilt teikn er motivert av eit anna heilt teikn, i begge teikna samverkar altså både innhald og uttrykk, og motivasjonstypen er ein kombinasjon av relasjonane relasjon d og relasjon e. Denne termen har nokre fordelar og nokre ulemper, fordi det òg kan argumenterast for at lån først og fremst er eit lån av former, jf. *derrick* > *derrik* (*BMO/NNO*) *boretårn*, eller ein type 'negativ' psykologisk motivering som fører til at ein annan språkleg motivasjonstype vert vald, som i *derrick* > *boretårn* (Materialet). Ved sekundær termdanning kan ein ikkje sjå vekk frå at forma på kjeldeteiknet er ein verksam faktor ved danning eller seleksjon av form på målteiknet, positivt eller negativt, sjølv om det ideelt og prinsipielt er omgrepet og definisjonen som skal leggjast til grunn. Terminolprosjektet (Roald 1986a) favoriserte såleis morfologisk motivasjon framfor overføring av semantisk

motivasjon i morfologisk analyserbare uttrykk: *rathole* vs. *rottehull* (Materialet) vs. *drivrørshylse* (jf. vidare kapittel 4). Andre framstående representantar for terminologisk språkrøkt har derimot klart uttala seg til fordel for mellomspråkleg samsvar (jf. Myking 1991: 181, 184). Derfor er det på sin plass å dra inn teikn-til-teikn-motivasjonen i denne diskusjonen.

3.2.5.2 *Transparens: morfosemantisk, mellomspråkleg, internasjonal*

Som vi såg i kapittel 2, relaterte Wüster omgrepet 'Merkhilfe' til ulike språk: For den som kan eit internasjonalt språk, har dette språket høg grad av Merkhilfe i termdanning. I terminologien er det altså ingen ny tanke at motivering av eit teikn kan skje med eit teikn frå eit anna språk som motiverande basis eller 'motivator'. For den som kjenner ordet (dvs. det komplette teiknet) frå det långjevande språket, går det etter dette resonnementet an å slutta seg fram til innhaldet i teiknet slik det er etablert i låntakarspråket. Ein konsekvens av dette er at til dømes gresk-latinsk ('lærd') orddanning er motivert for den som har kunnskap om kjeldeteiknet og/eller om referansen: 'motivert' ikkje berre i tydinga 'ikkje-tilfeldig', slik vi var inne på ovanfor (jf. avsnitt 2.2.10.3 og seksjon 2.3), men i tydinga 'transparent', som er den klassiske bruksmåten av omgrepet. Men dette bryt med den tradisjonelle strukturalistiske tilnærminga som vi har sett at Ullmann representerer (kapittel 2, avsnitt 2.2.2), for han stiller jo opp lærd orddanning i engelsk som eit kriterium for at engelsk er mindre motivert/gjennomsiktig enn tysk (sjå vidare kapittel 4).

Det er klart at desse to ulike typane motivasjon ikkje produserer same type morfologisk-semantisk transparens. Men med grunnlag i eit inferensbasert språksyn finst det ingen sterke argument mot at eit førelegg frå kjeldespråket inngår i det settet av kontekstuelle og kontekstuelle faktorar som fastlegg rammer for tolkinga av eit innlånt leksem og altså gjev det ei form for "partiell härledbarhet" (jf. seksjon 2.3), altså partiell "utleiingsevne" eller "tolkingsevne". Innanfor dei semantiske, ortografiske og fonologiske rammene for låntakarspråket kan tilpassing av ytre form eller av morfosemantisk form i mange tilfelle vera ein funksjonell faktor i terminologien, sjølv om dagens harmoniseringstankegang ikkje går så langt som Wüster sjølv gjorde det i den tidlege fasen. I internasjonal termharmonisering kan internasjonal eller mellomspråkleg gjenkjenningseffekt vera tilsikta, og teikn-til-teikn-motivasjon skaper ei form for "internasjonal gjennomsikt" ('international transparency', Rogers 2006: 56) som ikkje er av same type som den morfosemantiske, men som i varierende grad kan samverka med den. Dette kan særleg skje gjennom gresk-latinsk orddanning som er internasjonalt fellesgods (eng. *oxygene* <->

oksygen) og som Wüster i den tidlege fasen var svært oppteken av. I denne typen termddanning vil den internasjonale transparensten støtta den internspråklege systemmotivasjonen som oppstår gjennom morfologisk konfigurering, leddet *+gen* assosierer til *nitro+gen*, *hydro+gen* osv. (jf. nedanfor). Resonnementet er òg prinsipielt overførbart på lån frå germanske språk (*derrick* > *derrik*), sjølv om det systematiske (paradigmatiske) samsvaret ikkje er like sterkt i det tilfellet.

3.2.5.3 Låntypar og samverkande motivasjon

I denne avhandlinga ser vi ikkje på lånord spesifikt, men diskuterer lån som mekanisme i sekundær termddanning og dei meiningsskapande effektane lån kan ha. Til dette formålet treng vi ein operativ klassifikasjon av lån, men ikkje ein uttømmende. Dei vanlege kategoriane 'hybridlån' (jf. "booster-pumpe" > *hjelp-pumpe*) og direktelån utan tilpassing er lite aktuelle i vår samanheng fordi det knapt finst eksempel i Materialet, *worldscale* (synonym for *verdensskala*) er det einaste. Grunnen til det ligg i dei normative føringane bak fornorskingsprosessen – denne typen var uønskt av både språkleg-strukturelle og kulturelle årsaker, trass i at det var ein vanleg type spontan og munnleg fornorsking (jf. Flydal 1983; Gulbrandsen 1985; jf. òg Sæbøe 1966, 1999 og Rangnes 1997).³³ Dei typane av låning som det er relevant å ta opp her, er dei fem i oversyn 9.³⁴ Det kan liggja ein nokså vesentleg skilnad mellom det å godta eit uttrykk med umodifisert framand form, og det å investera energi i tilpassing. For å få fram denne skilnaden, finn eg det tenleg å skilja mellom 'direktelån', som ikkje er tilpassa, og 'tilpassingslån', som har vore utsett for tilpassingsgrep av ein eller annan type. I realiteten er dette eit omgrep som overlappar sterkt med 'norvagisering', fordi tilpassingslån er norvagiseringsprodukt (anten denne norvagiseringa har vore spontan eller planlagd).

³³ Vi måtte ha rekna hybridlån som produkt av morfologisk-semantisk motivasjon på grunn av at det er komplekse uttrykk med *Merkhilfe* ledd for ledd, trass i Drozd & Seibickes (1973) vurdering, jf. avsnitt 2.2.3.

³⁴ Definisjonane byggjer på Leira (1982) og Sandøy (2000).


Oversyn 9. Typar og definisjonar av lån

Type	Definsjon	Relasjon
<i>direkte lån</i>	Det innlånte teiknet vert teke inn med eksakt same tyding og same skrivemåte som i opphavsspråket.	uttrykk–uttrykk-motivasjon
<i>tilpassingslån</i>	Det innlånte teiknet vert teke inn med eksakt same tyding som i opphavsspråket, men med ortografisk, fonologisk og eventuelt morfologisk tilpassing av uttrykkssida.	primært uttrykk–uttrykk-motivasjon
<i>tydingslån</i>	Eit eksisterande uttrykk får tilordna nytt innhald gjennom lån av innhald frå eit leksikalsk ekvivalent teikn.	primært innhald–innhald-motivasjon
<i>omsetjingslån</i>	Eit komplekst uttrykk i målspråket vert teke opp med direkte omsetjing ledd for ledd.	dobbeltmotivasjon, jf. nedanfor
<i>substitusjon</i>	Eit innlånt teikn får tilordna ny uttrykksside i målspråket gjennom morfosemantisk urelatert materiale.	varierende motivasjon, men ofte morfologisk

Både direktelån og tilpassingslån fell inn under uttrykksorientert teikn-til-teikn-motivasjon i den meining at den mentale relasjonen mellom kjelde- og måluttrykk er transparent og klår. Ved direktelån kan det vera tvil om motivasjon i det heile er eit fruktbart omgrep, men relevansen er udiskutabel når det gjeld tilpassingslån. Tilpassing – i norsk samanheng oftast referert til som *norvagisering* (Sandøy 2000: 21f.) – har ein tendens til å valda reaksjonar, og relasjonen mellom kjeldeuttrykk og måluttrykk er altså ofte ikkje psykologisk og sosiolingvistisk ekvivalent sjølv om uttrykka motivasjonelt er det. Tilpassing plasserer seg mellom direkte innlåning og meir radikal eller fri omdanning til norsk som avløysarar eller avløysingsord – det siste ofte referert til i norsk som *fornorsking* (Sandøy 2000: 21f.). Avløysarar kan ofte seiast å vera dobbeltmotiverte, for i mange tilfelle kombinerer dei teikn-til-teikn-motivasjon med omgrepsmotivasjon. Denne siste motivasjonen er ofte morfologisk, som i omsetjingslån, og denne metoden er ofte tilrådd i preskriptive samanhengar både allmennspråkleg og terminologisk. I den allmenne språkdebatten møter ein ofte det argumentet at denne typen avløysing er ”å gjera ting skikkeleg”, medan norvagisering berre er ”korrumpert”. Å erstatta uttrykksorientert teikn-til-teikn-motivering med omgrepsmotivering er ei tilpassing som går ut over det absolutt nødvendige når det gjeld strukturell integrering, fordi sambandet til omgrepet er prioritert framfor ytre formlikskap. Dette er ikkje berre ein kulturell verdi, fordi omgrepsmotivasjon ofte genererer bruk av heimlege ressursar, og dét kan grunn-

gjevast kommunikativt: Det er ikkje mogeleg å reflektera kjenneteikn frå omgrepet eller definisjonen utan at omgrepsmotivasjon på ein eller annan måte er inne i biletet. Som vi har sett i kapittel 2 (avsnitt 2.2.8), meiner George Thomas at den kommunikative grunngevinga berre er rasjonalisert purisme, men referanseramma hans er ikkje primært fagspråkleg eller terminologisk.

Tilhøvet mellom motivasjonstypar og låntypar kan illustrerast som i figur 16, den fungerer som supplement til figur 23 nedanfor:



Figur 16. Tilhøvet mellom motivasjonstypar og låntypar

Det ligg ei klår avgrensing på bruken av Radden og Panthers oppstilling av teikn-til-teikn-konfigurasjon i analyse av sekundær termdanning, nemleg at innhaldssidene i nokre tilfelle er redundante. Ved terminologioverføring mellom språk er alle innhaldssidene – dvs. alle dei faglege omgrepa – i dette materialet innlånte, uavhengig av korleis uttrykkssidene er motiverte. Innhaldssidene i alle teikn i eit lånt terminologisk materiale – det vil altså seia dei faglege omgrepa – kan ut frå terminologisk tankegang prinsipielt reknast for invariante og upåverka av låneprosessen (vi tek då ikkje omsyn til at dette synspunktet kan problematiserast på lingvistisk grunnlag). Å rekna med innhald–inhald-motivasjon som funksjon av låneprosessen ville derfor vera trivielt, og den motiverande relasjonen vil då særleg gjelda uttrykkssidene, men på ein prinsipielt annan måte enn ved formmotivasjon, som vi har drøfta ovanfor: Formmotivasjon kan analyserast éinspråkleg og systeminternt, og resulterer i eit nytt teikn på både uttrykks- og innhaldssida, oftast ved primær termdanning. Ikkje alle typar lån fyller då det kravet som Radden og Panther ovanfor hadde til ”form/content-form/content” motivasjon, nemleg at *begge* sidene av teiknet skal påverkast samstundes.

At ei form motiverer ei anna form på tvers av språk, kan illustrerast med eksempla en. *derrick* > no. *derrick* vs. *boretårn* og *rathole* > *rottehull* vs. *drivrørshylse*. Engelsk *derrick* er overført til norsk både som *derrick* (jf. BMO/NNO) og *boretårn* (Materialet), altså konkurrerer lånordstrategiane norvagisering og fornorsking:

Teikn 1**KJELDE**

1 ”Tårn med heiseutstyr for boring og stativ for plassering av rør”

FORM1 *derrick* -----> FORM2 *derrick*
FORM3 *boretårn*

Teikn 2**MÅL**

2 ”Hull i boredekket der drivrør plasseres når en ikke borer”

FORM1 *rathole* -----> FORM2 *rottehull*
FORM3 *drivrørshylse*

Figur 17. Samverknad mellom motivasjonstypar i norvagisering og fornorsking

Ved slike dublettar kan det leksikalsk sett vera tale om ekte synonymi, noko det reint faktisk er i dette tilfellet. Men det er òg tenkjeleg at dei to uttrykka kan få spesialiserte funksjonar som representasjonar av to ulike omgrep (ved isomorfi- eller kontrastprinsippet), sjølv om vi ikkje har dokumentasjon på dette i Materialet. Den omgrepskonstante norvagiseringa *derrick* > *derrick* opererer mellom uttrykkssidene, altså relasjon e. Dersom uttrykksvariasjonen hadde påverka innhaldet, m.a.o. slik at ’*derrick*’ ≠ ’*boretårn*’, så hadde vi hatt ein full ”teikn-til-teikn-motivasjon” av typen *God!* > *Gosh!* (jf. Radden og Panther, ovanfor). Men når vi analyserer eit materiale der vi metodisk må rekna med innhaldskonstans, er det heller uttrykk–uttrykk-motivasjonen som er primær mellom dei to teikna. Uttrykk–uttrykk-motivasjon har vi òg i typen *snikk-snakk*, men ikkje mellom ulike leksikalske teikn, og ikkje mellom ulike språk eller varietetar.³⁵ Relasjon e genererer altså produkt med nokså ulike eigenskapar og dermed ulikt potensial som representasjonar av omgrep.

³⁵ Eit ikkje godkjent norvagiseringsframlegg som *pub* > *pøbb* (Norsk språkråd, 1996) ser derimot ut til å ha oppnådd full teikn-til-teikn-motivering. Den uautorisererte varianten *pøbb* er ein del nytta med humoristisk valør (794 treff på Google i desember 2007, 1360 på Altavista), og er altså då ikkje lenger fullt ut meiningsekvivalent.

Ved den norske avløyseren *boretårn* kan ein då seia at omgrepsmotivasjon (relasjon b) har utkonkurrert relasjon e, og at dei to lånordstrategiane altså er baserte på to ulike konfigurasjonar av semiotiske relasjonar. Sidan relasjonen ved låning er mellomspråkleg, er blokkering ved kontrastprinsippet irrelevant (prinsippet i terminologien er at synonymi skal blokkerast, ekvivalens skal sikrast). Ved minimumstilpassing av uttrykk (norvagisering) får vi ei mindre endring av uttrykket (jf. Radden & Panther 2004: 21) saman med innhald–innhald-motivasjon (Radden & Panther 2004: 22, figur 5) som er med på å skapa eit nytt teikn. Det er kjennskapen til (formsida av) teiknet i kjeldespråket som sikrar atkjenning og dermed gjer lånordet 'meaningful' for språkbrukarar i målspråket (det låntakande språket). Resultatet av denne motivasjonstypen er det som Rogers (2006: 56) kallar 'international transparency (internationalisms)', og som altså har ein annan type transparens enn 'form-content transparency (i.e. motivation)'. Ho argumenterer med andre ord for at motivasjon er eit relevant omgrep ved direktelåning (= tospråkleg). Likevel er typen mest diskutert i samband med den tidlege tradisjonen med internasjonale (= mangespråkleg) termharmonisering gjennom gresk-latinsk termmateriale (jf. Wüster 1966). Det mellomspråklege transparensomsynet er ikkje særleg synleg i norske diskusjonar om tilpassing av lån.

I metaforen *rathole* > *rottehull* er ikkje motivasjonen relatert til ortografisk eller fonologisk form og ikkje til sjølve omgrepet, men til den morfosemantiske forma (Kocourek: "le motif") i det motiverande kjeldeleksemet. Den synonyme norske avløyseren *drivrørshylse* (frå Boring/NOT, jf. Roald 1985) demonstrerer korleis to typar omgrepsmotivasjon – semantisk og morfologisk – interagerer med kvarandre. Den semantiske motivasjonen i norsk er påverka av teikn-til-teikn-motivasjon, og måluttrykket *rottehull* kan (eventuelt med litt velvilje eller '*post hoc*') tolkast som metafor. Dette er i praksis òg ei form for minimumstilpassing – ikkje morfologisk-semantisk, berre ytre morfologisk.

Slik modellen er skissert, er Kocoureks éine motivasjonstype 'motivasjon gjennom lån' definert som uttrykk for éin ny motivasjonstype, i denne avhandlingen kalla 'teikn-til-teikn-motivasjon'. På denne måten kan nivået i modellen definerast nokolunde stringent på grunnlag av Radden og Panthers relasjonar mellom uttrykk og innhald, kjelde og mål. Det breie omgrepet 'lån' tilslører dette, men samstundes kjem den reviderte modellen til å innehalda ein viss redundans, fordi motivasjonstypen teikn-til-teikn berre dekkjer éin produktkategori, nemleg lån. Det viktigaste er å ha ein distinksjon mellom det som er motivasjon gjennom omgrepet på den eine sida, og det som er motivasjon gjennom overføring mellom språk på den andre sida. Fordelen med termen *teikn-til-teikn-motivasjon* er at vi får ein distinksjon mot den typen

uttrykksmotivasjon som er reint formell og som kan analyserast einspråkleg (avlyd, rim m.m.). Med desse modifikasjonane kan vi gå vidare med å analysere teikn-til-teikn-motivasjonen frå ulike synsvinklar.

3.2.5.4 Uttrykksida: direktelån og norvagisering

Direktelån heilt utan tilpassing er sjeldne i Materialet, og det er lett å forklara ut frå den normative konteksten som Materialet er knytt til. Derimot er strukturell modifisering både tenkjeleg og reell. Med dette utgangspunktet fokuserer eg på omgrepet 'minimumstilpassing', som kan definerast slik: Det minstemålet av fonologisk, ortografisk, morfologisk og semantisk tilpassing som skal til for at den innlånte omgrepsrepresentasjonen ikkje lenger bryt med språkstrukturen (in casu: i norsk.)

Den store striden rundt norvagisering kom på 1990-talet og frametter, som resultat av reformframlegg frå Norsk språkråd (jf. Sandøy 2000), og Materialet er eit drygt tiår eldre. Minimumstilpassing som aktiv mekanisme i terminologiarbeidet finst det derfor ikkje mange opplagde eksempel på i Materialet. I tillegg til eksempla *manhole* > *mannhull*, *Christmas tree* > *juletre*, *rottehull* og *musehull* er det ikkje andre eksempel enn *pig* > *pigg* (jf. Boring/NOT: *plugg*) med påbyggingar. Dei fleste av desse kan beleggjast i vanlege ordbøker og er altså komne inn i oljespråket via konvensjon. Berre eksempelet *pig* > *pigg* er mogeleg å definera som norvagisering i eigentleg tyding og samstundes heimfesta til terminologiarbeidet. Variantar som *derrick* > *derrik*, som finst i allmenne ordbøker (jf. BMO/NNO), eller *elevator* (> *klave*) og *kelly* (> *drivrør*), som hadde vore svært lette å tilpassa, har derimot ikkje nådd gjennom, her har omgrepsmotivasjonen tilsynelatande vunne fram meir eller mindre 'usynleg' og utan dokumentert usemje. Dei eksempla vi har sett på her, *pigg*, *rottehull* og *musehull*, er altså unntak frå den breie tendensen at omgrepsmotivasjon vinn over minimumstilpassing. I Boring/NOT er dei erstatta med *plugg*, *drivrørshylse* og *rørkoplingshylse*, jf. kapittel 4, og dette er dei eksempla som har generert slike "anekdotiske" hypotesar om motivasjon som vi har diskutert i kapittel 1 som utgangspunkt for denne avhandlinga. I kapittel 4 vil det gå fram at omsetjing av metaforar ikkje er 'umogeleg', og at dette resulterer i omgrepsmotivasjon når referanseramma er lik på både målspråk og kjeldespråk: *round trip* > *rundtur*, *fishing* > *fisking*, *Christmas tree* > *juletre* osv.

Tilpassa lån er det mange døme på i Materialet, men det handlar stort sett om språkstoff som har vore tilpassa norsk lenge før oljeverksemda oppstod og såleis er

henta inn i domenet sekundært. Svært mange slik ord får jo norvagisert og tilpassa form over tid: *block* > *blokk*, *adhesion* > *adhesjon*, *erosion* > *erosjon*, *permeable* > *permeabel*, eller eit termelement som *energy* > *energi*. For det første finst det både som heiltermar og termelement ein god del etablerte og trivielle motsvar med trygg allmennspråkleg basis i både engelsk og norsk, der konvensjonen har ”gjort jobben” før elementa er terminologiserte. Det gjeld i alle fall i desse tjue heiltermane, som det derfor ikkje er nokon grunn til å gå vidare inn på:

block > *blokk*, *condensate* > *kondensat*, *corrosion* > *korrosjon*, *gallon* > *gallon*, *hydrocarbon* > *hydrokarbon*, *log* > *logg*, *oil* > *olje*, *pentagon platform* > *pentagon-plattform*, *petroleum* > *petroleum*, *plugging* > *plugging*, *porosity* > *porøstet*, *positioning* > *posisjonering*, *process* > *prosess*, *ramp* > *rampe*, *reserver* > *reserver*, *reservoir* > *reservoar*, *reservoir energy* > *reservoarenergi*, *separation pig* > *separasjonspigg*, *separator* > *separator*, *viscosity* > *viskositet*

Både i denne og den neste gruppa er mange av eksempla danna på romansk grunnlag, sjølv om engelsk har vore den vanlege importvegen. Romansk tilfang byr ikkje på dei største tilpassingsproblema, ofte er det tale om relativt transparente avleiingsrelasjonar som impliserer regelviss morfologisk motivasjon: *separator* < *separere*. Det gjeld òg dei neste fem ekvivalentpara, men der har dei romanske uttrykka fått konkurranse av morfologiske alternativ, og *habitat* kan vurderast som semantisk motivasjon av typen metafor:

Ekvivalentpar	Alternativ	Kommentar
<i>dehydration</i> > <i>dehydrering</i>	<i>tøking</i>	
<i>deviation</i> > <i>deviasjon</i>	<i>avvik</i>	
<i>erosion</i> > <i>erosjon</i>	<i>slitasje</i>	
<i>habitat</i> > <i>habitat</i>	<i>tørrkammer</i>	Def. ”Kammer for opphold og arbeid på havbunnen.” Jf. NNO: ”[...] i økologi: område som inneheld dei effektive miljøfaktorene som ein organisme lever under”
<i>permeable</i> > <i>permeabel</i>	<i>gjennomtrengelig</i>	

Det er seks relevante og aktuelle direktelån og tilpassingslån som kan vurderast som meir domenespesifikke enn dei føregåande, sjølv om fleire av dei finst i norske ordbøker:

Ekvivalentpar	Kommentar
<i>barite</i> > <i>baritt</i> , <i>bentonite</i> > <i>bentonitt</i>	-itt, etablert for mineral
<i>overbend</i> > <i>overbend</i>	Elementa finst i norsk, kan tolkast morfosemantisk, <i>bend</i> = ”kort, bøyd rør-stykke” (BMO)
<i>pig</i> > <i>pigg</i>	Minimumstilpassing, men jf. note 41
<i>rotameter</i> > <i>rotameter</i>	Sjå nærare i avsnitt 3.2.9.1
<i>solas equipment</i> > <i>solasutstyr</i>	Akronym, ”survival of life at sea”

Eksempel som *barite* > *baritt* og *bentonite* > *bentonitt* (def. ”Bløt, porøs leire, dannet av vulkansk aske”, < ”av Fort Benton i Montana i USA” (NNO)) er truleg importert med oljeverksemda. Desse to fell inn i eit paradigmatisk mønster med suffikset *-itt* i tydinga ”mineral”, og er dermed lite kontroversielle (men jf. *gunite* > *sprøytebetong*).³⁶ Løysinga *pig* > *pigg* kjem vi tilbake til fleire stader, mellom anna i kapittel 4. Funksjonelt kan dette vurderast som ei feilmotivert løysing (ein norsk *pigg* er spiss, denne har kjenneteiknet /BUTT/), men eksempelet er altså atypisk for Materialet.

Den siste gruppa har det til felles med den føregåande at ekvivalentpara kan vurderast som domenespesifikke, relevante og aktuelle, men her kan det òg registrerast ein konkurrans frå morfologiske alternativ. I *scrubber* > *skrubber* er det berre nynorsk-ekvivalenten *skrubbar* som kan avsløra ei intendert morfologisk tilpassing, slik at bokmål *skrubber* kan vurderast som morfologisk motivasjon. Om denne då er regelviss eller strukturell, kjem an på avleiingsbasisen *skrubbe*. Dette verbet er ikkje registrert med denne fagspesifikke tydinga i norsk, i motsetnad til *krakke* (men kan sjølvstøtt leva eit liv utanfor leksikografisk kontroll). Synonymdubletten *hemmer* vs. *inhibitor* er òg eit val mellom to morfologisk motiverte variantar fordi det finst ein systemintern motiverande basis, jf. *separator* ovanfor:

³⁶ Mogeleg form **gunitt*, jf. ”The concrete is blasted by pneumatic pressure from a gun, hence “gun"-ite” (*Wikipedia*).

Ekvivalentpar	Alternativ	Kommentar
<i>cracking</i> > <i>krakking</i>	<i>molekylspalting</i>	Jf. ” krakkar el. krakker m1 (eng. <i>cracker</i>) i petroleumsindustri: molekylspaltar” (NNO), ” krakke v1 (eng. <i>crack</i> 'knuse') spalte, knuse (våt-gass)molekyler” (BMO)
<i>flotel</i> > <i>flotell</i>	<i>boligplattform</i>	= <i>flotation</i> + <i>hotel</i> , mekanisk forkorting, jf. potensiell norsk * <i>flotasjonshotell</i>
<i>inert gas</i> > <i>inertgass</i>	<i>nøytralgass</i>	Jf. ” iner't a2 (lat. <i>iners</i> 'treg') kjem.: som ikkje har evne til å lage sambindingar <i>i-gass</i> ” (NNO)
<i>inhibitor</i> > <i>inhibitor</i>	<i>hemmer</i>	Verbal basis: <i>inhibere</i> , * <i>inhibitere</i>
<i>pilot hole</i> > <i>pilothull</i>	<i>ledehull</i>	”fr <i>pilote</i> 'los', opph av gr <i>pedon</i> 'ror” (NNO)
<i>scrubber</i> > <i>skrubber</i>		nynorsk <i>skrubbar</i> indikerer morfologisk tilpassing, jf. ” skrubber m2 [...] apparat til å rense gass og til å gjenvinne varme fra avgasser og fuktig varmluft” (BMO)

Når verba respektive avleiingane er synonyme, er den semantiske strukturen lik: ”HANDLING + agentiv + objekt”, men kulturelt sett er variantane ikkje ekvivalente. Onomasiologisk og semantisk er dei to variantane identiske, men morfosemantisk er det ein kontrast mellom rotelementa – germansk/innlandsk vs. nylatin/engelsk, eller, om ein vil, mellom nasjonal termdanning og innlåning, ’folkeleg’ eller ’lærd’. I tillegg til den kulturelle kontrasten, har vi her òg ein strukturell, mellom regelviss og uregelviss morfologisk motivasjon i grunntermen: I den engelske *inhibitor* kan nok *+or* identifiserast som agenssuffiks, men det rår ikkje nokon systematisk avleiingsrelasjon mellom eit kjent verb med rot **inhibi-* dersom ein – vel å merka – byggjer på autoriserte oppslagsverk. I munnleg teknolekt har ein registrert varianten *inhibitere* – med andre ord ei morfologisk regularisering *inhibit+ere* etter mønster av bl.a. *agit+ere*, jf. *agit+ator* og *inhib+itor*, men ikkje heilt komplett, jf. **inhibi+tator*.

Meiningsfull bruk av motivasjonsomgrepet krev altså at uttrykkssida er inne i biletet, motivasjonell struktur kan ikkje setjast som synonym til semantisk struktur, jf. diskusjonen i kapittel 2, seksjon 2.4. Formsida spelar ei like viktig rolle.

3.2.5.5 Innholdssida: tydingslån

Tydingslån vil seia at uttrykkssida i kjeldeteiknet motiverer eit ekvivalent, men ikkje fonologisk/ortografisk identisk, uttrykk på målspråket. Eit eksisterande uttrykk i målspråket vert altså tilordna ei innlånt, ny tyding frå det tilsvarande leksemet i kjeldespråket. I motsetnad til omsetjingslån er tydingslån ein type som er sjeldnare eksplisitt tilrådd i normativ termdanning. Ein viktig grunn til det kan rett og slett vera at tydingslån primært byggjer på same semiotiske relasjon som både polysemi og semantisk motivasjon byggjer på, nemleg relasjon d, innhald–innhald, som altså viser resultatet av låneprosessen.

I kjeldespråket kan tydingsdanninga illustrerast systeminternt med Radden og Panthers (2004) modell av polysemi, sjå nedanfor i avsnitt 3.2.6.2. Det norske tydingslånet *skyta* = 'gjera filmopptak' har kjelde og motivering i engelsk *shoot* > *skytte*, 'make a film'. Internt i kjeldespråket er det innhald–innhald-motivering, relasjon d, og dermed polysemi eller metaforisk overføring alt etter synsvinkel. Målspråket låner altså motivasjonsprosessen, og lar den verka på ei leksikalsk ekvivalent kjelde. Relasjonen i kjeldespråket mellom KJELDE og MÅL *shoot* > 'make a film' er ei framstilling av polysemi (Radden & Panther 2004: 19). Resultatet av tydingslån er at denne polysemien vert overført til målspråket, og vi får ekvivalent polysemi mellom kjelde- og målspråket: norsk *skytte* = både "fyr av skot" og "filme, fotografere", ifølgje *Nynorskordboka*. Det er liten tvil om at den nye tydinga i norsk er lånt frå engelsk og at teikn-til-teikn-motivasjonen såleis diakront er viktig, men resultatet i målspråket norsk er likevel synkront sett polysemi, fordi eitt uttrykk er tilordna fleire innhald, og metaforikk, fordi dei ulike innhaldssidene tilhøyrer to ulike domene, "våpen" vs. "filmopptak". Dermed oppstår det òg omgrepsmotivering mellom det nye tydingslånet og den eksisterande uttrykkssida, som metaforisk overføring.

Mange eksisterande postar i Materialet kan analyserast som tydingslån, men i mange tilfelle må vi rekna med at tydingsinnlånet er gammalt og/eller ligg såpass trygt innanfor det semantiske potensialet i to ekvivalente og ofte kognatiske leksem, at denne motivasjonen har større diakron enn synkron interesse, jf. til dømes *blokk* < *block* om 'geografisk inndelingseining'. Av tilfanget i Materialet er det særleg synonymparet *kill* > *drepe* og *kvele* med nærsynonymet *choke* som heilt opplagt kan analyserast som tydingslån, fordi den domenespesifikke tydinga ("få kontroll over ... stenge ... slam økt egenvekt") er influert av engelsk. Synkront sett er dei metaforiske på grunn av domeneskilnad: "VERB + animat objekt" > "VERB + inanimat objekt". Distinksjonen mellom verba er uklår i engelsk, men er fastlagd på grunnlag av ein

tilsvarande distinksjon i norsk: Å ”kvela ein bil” impliserer full stopp, medan å ”strupa ein bil” er uvanleg, men svarer til det som ligg i ’choke’, altså å ”strupa lufttilførsla” til drivstoffinnsprøytinga. Termene kvar for seg og som distinktiv dublett kan altså analyserast som terminologisering frå norsk allmennspråk og som tydingslån frå engelsk. Det vil altså seia, ut frå inndelinga i dette kapittelet, som semantisk motivasjon eller som teikn-til-teikn-motivasjon.

Det er òg mogeleg å sjå den formelle minimumstilpassinga av *pig* > *pigg* som semantisk overføring dersom perspektivet vert snudd. Då får leksemet *pigg* tillagt ei ny varianttyding som er semantisk feilmotivert, fordi *pigg* som botanisk term har kjenneteiknet /SPISS/ (i motsetnad til Boring/NOT-ekvivalenten *plugg*, som til vederlag er sterkt underspesifisert (= **renseplugg*). Tydingslån er det likevel ikkje, for då måtte norsk *pigg* ha svara til engelsk *thorn*.

Av morfologisk komplekse uttrykk kan ein sjølv sagt argumentera for at norsk *rottehull* og *musehull* er tydingslån heller enn omsetjingslån, fordi kompleksiteten ikkje er morfosemantisk, berre ytre strukturell. Kva for motivasjon som er primær i alle desse tilfella, er eit etymologisk spørsmål. Det som er viktig for termdanninga, er at desse motivasjonelle relasjonane ikkje resulterer i semantiske feilkorrespondansar. Dobbelmotivering er såleis inherent ved denne lånetypen, og analysen er avhengig av synsvinkel.

3.2.5.6 Den morfosemantiske sida: omsetjingslån

Tilpassing fungerer ofte på grunnord, altså på dei mest generiske termene eller termelementa, medan storparten av Materialet som vi har sett er komplekse storleikar. Innslaget av simpleksord i norsk er ikkje høgare enn 6,8 % ifølgje tabell 2 og 4, og kompleksitet i eit innlånt materiale tilseier at mykje av omsetjinga skjer ledd for ledd, som altså resulterer i kategorien omsetjingslån (eng. ’loan translations’, fr. ’calques’, da. ’kalker’). Det er derfor ein rimeleg hypotese at omsetjingslån er ein så omfattande kategori at han kan oppfattast som umarkert og overgripande, og det er ikkje mogeleg å tenkja seg omsetjingslån utan at det samstundes finst ein omgrepsmotivasjon, altså inherent dobbeltmotivering, jf. førre avsnitt.

Metodisk er det krevjande å identifisera og å gje eit overslag over innslaget av omsetjingslån i Materialet. På heiltermnivå er paret *adhesjonsoljeopptaker* < *adhesion skimmer* eksempel på omsetjingslån kombinert med omgrepsmotivasjon. Den motivasjonelt mest interessante kontrasten ligg likevel i det meir generiske

sisteledet *oljeopptaker* < *skimmer*/**skummer*, som motivasjonelt er meir interessant i lys av distinksjonen morfologisk simpleks–kompleks, jf. avsnitt 3.1.6.3. Vidare finst det eit tydeleg innslag av ”skin-direktelån”, det vil seia at eit ledd er elidert i kjeldespråket og rekonstruert i målspråket: *boretårn* < (*drilling*) *derrick* > *boretårn*, *byggeplass* < (*construction*) *site*. Desse vert behandla nærare i kapittel 4.

OVERSYN 10. Omsetjingslån i Materialet – bokstaven v

Samsvarsgrad	Ekvivalentpar	Kommentar
Fullt samsvar	<i>vektindikator</i> < <i>weight indicator</i>	
	<i>vektkledning</i> < <i>weight coating</i>	
	<i>verdensskala</i> < <i>Worldscale</i>	Engelsk proprium
	<i>våt bule</i> < <i>wet buckle</i>	
	<i>vri av</i> < <i>twist off</i>	
	<i>juletre</i> < <i>Christmas tree</i>	Fullmetafor, likskap i form, jf. <i>ventiltre</i>
	<i>vibrasjonssikt/vibrasjons-såld</i> < <i>vibrating screen</i>	Eng. <i>screen</i> tydingsvariant tilsv. no. ’not’, ’netting’. > <i>såld/sikt</i> .
	<i>verneombud</i> < <i>safety delegate</i>	<i>ombud</i> ”verv, yrke som ein blir vald el. opp-nemnd til” (NNO) – <i>delegat</i> , ”utsending, representant” (NNO)
Delvis substitusjon – førsteledd	<i>ventiltre</i> < <i>Christmas tree</i> <i>væskestrømsregistrering</i> < <i>spinner survey</i>	Halvmetafor, svak avmetaforisering Eng. <i>survey</i> kanskje nytta synonymt med eng. <i>monitoring</i>
Delv. subst. – andreledd	–	
Delv. subst.– ellipse	<i>våtgass</i> < <i>liquefied natural gas</i>	Jf. <i>kondensat</i>
Full substitusjon	<i>vaktbu</i> < <i>doghouse</i>	Full avmetaforisering
	<i>vektrør</i> < <i>drill collar</i> <i>ventilere, tappe</i> < <i>bleed off, bleed down</i>	”bore” + ”krage”) * <i>blø av/ned</i> , men <i>bleed</i> > engelsk teknisk tydingsvariant ’tappe’, jf. <i>Webster</i> , = no. ’årelate’
Irrelevant	<i>viskositet</i> < <i>viscosity</i>	Direktelån, men gammalt etablert

På grunn av kompleksiteten og interaksjonen mellom dei to motivasjonstypene og det 'umarkerte' preget ved omsetjingslån, er det liten vinst i å kartleggja omfanget av omsetjingslån totalt sett. Dei vesentlege problema ved omsetjingslån kjem fram i diskusjonen av andre formelle og funksjonelle eigenskapar. Ein stikkprøve på 18 termar, det totale inventaret under den tilfeldig valde bokstaven *v*, viser fullt samsvar i vel halvparten av tilfella, sjå oversyn 10.

Når dei fleste tilpassings- eller tydingslåna ikkje valdar konflikhtar som termelement, kan det ofte vera fordi dei har gjennomgått ei konvensjonalisering på førehand, konvensjonen har "gjort den jobben" ferdig i allmennspråket før orda vert terminologiserte. Både lån generelt og omsetjingslån spesielt må akseptast av språkbrukarane, og det kan liggja både psykologiske, sosiolingvistiske og kognitive sperrer mot slik aksept. Jacobsen (2005) diskuterer 'kalker' i grønlandsk og antydar at omsetjingslån som er lette å forstå, vert lettare aksepterte enn slike som er tyngre å avkoda, men ho antydar òg at omsetjingslån ikkje skal "smaka" for mykje av den lånte originalen. Dette kan tolkast slik: Det er ikkje gunstig at teikn-til-teikn-motivasjonen er for synleg på kostnad av omgrepsmotivasjonen, og manglande omgrepsmotivasjon var ankepunktet mot eksempel av typen *rathole* > *rottehull* og *mousehole* > *musehull* (jf. kapittel 1 og 4).

3.2.5.7 Oppsummering, teikn-til-teikn-motivasjon

Arbeidet med oljeterminologien baud på mange klassiske problemstillingar som er velkjende frå omsetjingsteorien, og mange av desse kan beskrivast og forklarast i lys av omgrepet interferens, som òg er nøye knytt til motivasjonstypen teikn-til-teikn. Onomasiologisk feilmotivering heng tett saman med semantisk-strukturell 'feil' omsetjing, jf. paret *drepe* : *kvele* ovanfor, og eksempel som **nedblåsing* < *blowdown*, **nedstenging* < *shutdown*, **blø av* < *bleed off/down*. I Materialet vil slike problem oftast ha manifestert seg i morfosemantisk regulariserte løysingar: *avblåsing*, *avstenging*, *avtapping*. Mange arbeid frå Terminol-perioden er opptekne av dette, til dømes Roald (1985 og 1986a). Slike problem er derfor underrepresenterte i begge kjeldegruppene i forhold til forventta "autentisk" bruk (hybridnorsk blandingspråk, jf. Sæbøe 1996, 1998).

I denne drøftinga har vi prøvd å sjå på teikn-til-teikn-motivasjon som ein eigen type relasjon. Det er ikkje opplagt at dette er ein vellukka eller fruktbar innfallsvinkel, sjølv om Kocoureks kategori "motivasjon gjennom lån" opplagt dekkjer ein psykologisk realitet, noko omgrepet 'internasjonal gjennomsikt' òg gjer. Problema

knyter seg særleg til det vi har sett ovanfor, at éin og same teiknrelasjon, til dømes relasjon d, passar som eit element i strukturell beskriving av mange typar leksikalske fenomen, både polysemi, metaforikk og tydingslån. Då kan ikkje relasjonen fungera like utførleg beskrivande i alle desse tilfella. Ei alternativ løysing, som vi ikkje kan gå nærare inn på her, er å rekna ”motivasjon gjennom lån” som ein språkekstern, igangsetjande faktor, som kunne inngå i Radden og Panthers kategori ”other motivations”, sjå figur 9 i kapittel 2. Då kunne beskrivinga av dei motivasjonelle relasjonane haldast innanfor ei einspråkleg ramme. Dobbelt og fleirdobbelt motivering er vel elles berre ei følge av at språket er ein kompleks mekanisme.

3.2.6 Omgrepsmotivasjon – semantisk motivasjon

3.2.6.1 Semantisk motivasjon, metaforisering, terminologisering

Eit spørsmål som ofte melder seg når ein les terminologisk litteratur, er om ’semantisk motivasjon’ er nytta omgrepsidentisk med ’metaforikk og metonymi’, og om desse omgrepa i sin tur er identiske med ’terminologisering’. Spørsmålet om semantisk motivasjon og forholdet til metaforikk, metonymi og terminologisering har vi alt vore inne på fleire gonger ovanfor (til dømes i 3.0, 3.2.0, 3.2.1.1). Det er heiltermnivået som interesserer oss her, men i kapittel 4 skal vi sjå at semantisk motivasjon i høg grad er verksam på deltermnivået òg. I denne avhandlinga ligg fokuset på termdanning, ikkje primært på kategorisering, og i den grad metaforikk er relevant, er det språklege metaforar (og metonym) vi snakkar om, ikkje det som kognitiv lingvistik omtalar som ’omgrepsmetaforar’ (”conceptual metaphors”). Vi snakkar altså om den evna språklege metaforar har til å representera omgrep som alternativ til andre typar motivasjon, altså er det dei funksjonelle aspekta ved uttrykkssida som står i sentrum.

Med ’semantisk motivasjon’ skal vi her forstå termdanning som ikkje produserer nye uttrykkssider, men som legg nytt omgrepsinnhald til ei eksisterande uttrykksside, altså termdanning gjennom ei eller anna form for semantisk overføring. Dette er den tradisjonelle måten å definera kategorien på. Kategorien vert referert til med ulike nemningar: Drozd og Seibicke snakkar om ’terminologisering’, Kocourek (1991: 170) først og fremst om metafor og metonym, Arntz m.fl. (2002: 116) seier at terminologisering ’ofte’ byggjer på metaforikk og metonymi, og Roald (1985: 271) hevdar at ”terminologisering må skilles fra metafordannelser”. Sager (1990: 71 f) snakkar her om ”use of existing resources” og skil mellom ulike gradar: Simile er den minst fikserte (jf. ”L-shaped room”) og fullmetafor den sterkast fikserte typen.

Som vi har sett i avsnitt 2.2.3.3, reknar Drozd og Seibicke "terminologiserte Moneme", altså simpleksuttrykk, for ikkje-motiverte, medan terminologisering under eitt ikkje har fått noka eintydig plassering ut frå denne dikotomien. Dette må tolkast slik at terminologisering under eitt ikkje er noko skilje mellom motivert og ikkje-motivert, men at motivasjonen krev andre kriterium, som morfologisk kompleksitet eller, som hjå Ullmann, metaforisk eller metonymisk overføring. I Kocourek's motivasjonsmodell (figur 11 ovanfor) står semantisk motivasjon i parentes. Det er fordi kategorien ikkje er eindimensjonal, men utvida med kriteriet 'motiverande kjenneteikn', det vil seia kva for type kjenneteikn som fungerer motiverande eller distinktivt i morfologisk komplekse uttrykk, ofte i samansetningar. I terminologien er særleg skiljet mellom ibuande og relasjonelle kjenneteikn viktig, til dømes form vs. funksjon, som vi kjem meir inn på i kapittel 4. Poenget er altså at 'semantisk' då ikkje lenger berre refererer til semantiske overføringsprosessar, men til den rolla semantikken spelar i å skapa morfosemantisk transparens i komplekse uttrykk.

Kategorien semantisk motivasjon er altså alt anna enn stringent og eintydig definert, og eigentleg er ikkje det merkeleg. All termdanning utan unntak impliserer semantisk aspekt, og det er innlysande. Metafor og metonym er veletablerte lingvistiske omgrep som handlar om semantiske overføringsprosessar i svært vid meining, men ulike semantiske teoriar definerer ikkje desse omgrepa likt. Terminologisering er først og fremst eit fagspråksspesifikt omgrep som refererer til skiljet mellom allmennspråk og fagspråk. Slik sett er terminologisering like mykje eit pragmatisk som eit semantisk omgrep, og ein kan kanskje ikkje venta fullt samanfall eller synonymi med metafor/metonym. Det finst òg andre semantiske kategoriar som handlar om relasjonar mellom likt uttrykk og ulikt innhald i teiknet, først og fremst homonymi og polysemi. Gjev det meining å pressa desse inn i dikotomien motivert vs. ikkje-motivert, og er det rimeleg å kunna plassera alle desse omgrepa i innbyrdes disjunksjon? Svaret er negativt, men det må likevel la seg gjera å gje kategorien 'semantisk motivasjon' eit nokolunde stabilt innhald, elles gjev det ikkje meining å stilla han opp i motsetnad til dei andre hovudtypane av motivasjon, og dermed vil han heller ikkje kunna få beskrivande og klassifiserande verdi. Målet med dette avsnittet er å drøfta nokre av dei problema som må løysast dersom denne motivasjonstypen skal kunna fylla det formålet som er formulert.


Målet med denne avhandlinga er ikkje å opna for drøfting av metaforikk i vid forstand, det er eit omfattande felt som har vist eksplosiv vekst dei siste tiåra. Tradisjonell metafor-teori snakkar om 'overføring' av ei eksisterande tyding til eit felt som er klårt skild frå den opphavlege tydinga, og kognitiv lingvistikk nyttar helst

omgrepsparet 'kjelde' og 'mål' (såleis Radden & Panther 2004). Både grunninnsikta og avgrensingsproblema er dei same: Kva vil det seia at to domene er klårt åtskilde?

3.2.6.2 *Metafor og polysemi*

I avsnitt 3.2.1.1 gjekk det fram at mange simpleksord kan tilordnast ein alternativ semantisk motivasjon. I tabell 2 og 4 er døme som *rottehull* og *musehull* på heiltermnivå rekna inn i morfologisk motivasjon fordi dei er analyserbare på uttrykkssida, og dette må reknast som del av den førebels utrekna fordelinga av motivasjonstypar. Det kan argumenterast for at desse eksempla er semantisk u-analyserbare fullmetaforar og dermed opplagde tilfelle av semantisk motivasjon i den mest gjengse tydinga. Altså er desse termene på heiltermnivå primært motiverte gjennom semantisk motivasjon og berre sekundært gjennom morfologisk (og teikn-til-teikn). For å nå fram til eit meir påliteleg overslag over primær morfologisk motivasjon må altså slike eksempel reinsast vekk or oversynet, og for å få eit påliteleg omfang av arbitraritet, måtte altså semantisk motiverte termar reinsast vekk or gruppa simpleks. Å skjera ut semantisk motiverte ord frå dei andre blokkene og etablere ein separat kategori på heiltermnivå, kan likevel ikkje byggjast berre på impresjonisme og intuisjon.

Å skilja mellom terminologisering og semantisk motivasjon vil, med omgrep frå tradisjonell strukturell semantikk, vera å skilja mellom *overføring* av mening på den eine sida og andre former for semantisk utviding og endring på den andre sida, slik som *utviding* og *presisering*. Eller med andre ord: overføring av mening til nytt domene, utviding av ekstensjon, innsnevring av ekstensjon. Det tradisjonelle kravet til metafor/metonymi er ofte nettopp at det gjeld overføring: Innhaldssidene skal tilhøyra så klårt skilde domene at dei er opplevde som klårt *urelaterte*. Kravet til polysemi er ofte at innhaldssidene skal vera distinkte, men likevel *relaterte*. Såleis skil *Nordisk leksikografisk ordbok* (Bergenholtz m.fl. (1997: 180, 216) klårt mellom metaforisk tyding og polysemi: Kravet til polysemi er at to eller fleire tydingar "kan utledes av en og samme grunnbetydning". Radden og Panther (2004: 19) framstiller dette slik i sin modell over motivasjon ved polysemi (sjå òg ovanfor, avsnitt 3.1.3, figur 12):



1: arbitrary semiotic relation; 2: motivated conceptual relation 3: motivated semiotic relation
 Example: *in* 'containment' (e.g. *in the house*) → 'blockage' (e.g. *in my way*)

Figur 18. Polysemi ifølgje Radden og Panther (2004: 19)

Tradisjonell terminologi reknar ikkje med polysemi når det gjeld omgrepsanalyse og ordning, berre med homonymi (jf. avsnitt 3.1.3). I termdanning, som handlar om utnytting av det leksikalske potensialet i å laga nye nemningar, er derimot polysemi relevant og viktig. Frå semantisk synsstad kan ein ikkje avvisa at homonymi kan fungera motiverande, til dømes i folkeetymologi, men frå terminologisk synsstad må homonymi reknast som ein tilfeldig og forstyrrende innverknad som det er liten grunn til å gå inn på i denne samanhengen. Det er viktigare å drøfta den rolla som polysemi spelar, fordi grensedraginga mellom polysemi og metaforikk er vanskeleg å dra, og dermed får dette følgjer for plasseringa av terminologisering.

Karlholm (2000) diskuterer forholdet mellom polysemi og metafor i tydingsutvikling og peikar på at konteksten spelar ei større rolle for tolking av polysemi enn for metafor. Gjennom 'polysemilenking' kan ein opphavleg gjennomsiktig metafor utviklast til eit polysemt uttrykk som ikkje lenger er synkront gjennomsiktig, og der ein må ha kjennskap til alle ledda for å forstå motiveringa. Ofte heng dette saman med aukande abstraksjonsgrad, "betydelseutvecklingen sker från fysisk verklighet till mental samt från konkret till abstrakt innebörd" (Karlholm 2000: 214). Vi kan tenkja oss ein slik abstraksjonsprosess diakront i terminologisk viktige omgrep som 'kraft' og 'arbeid', som heilt opplagt fyller eitt av dei viktigaste krava til motivasjon, nemleg /KJENT/: Som termar i domenet fysikk er dei kjende i kraft av å vera allmennspråklege, og synkront ligg det føre ein polysemirelasjon – men kanskje ikkje ein metaforisk relasjon. Denne grensa mellom synkron metaforikk og polysemi er kanskje ikkje mogeleg å dra skarpt, men må likevel diskuterast.

Polysemi er til vanleg ikkje definert som ein motivasjonell relasjon, men ovanfor (avsnitt 3.1.3) såg vi at Radden og Panther rekna relasjonen mellom to språklege innhald–innhald som ein type motivasjon, relasjon d. Dette synspunktet får konsekvensar for terminologisk teori, fordi analysen passar på den termdanningsstrategien vi no drøftar, ”konstant uttrykk tilordna nytt omgrep”. Så sant det eksisterande uttrykket lever vidare som representant for det eksisterande gamle innhaldet, er resultatet av slik tilordning alltid polysemi, same kva for endringsprosess som ligg bak. Både ved metaforikk og (annan) polysemi er det tale om ein ein-til-fleire-relasjon mellom uttrykk og innhald.

Når den metaforiske relasjonen mellom utgangstyding (kjelde) og omgrepstyding (mål) vert oppfatta som semantisk ’analyserbar’ og dermed synkront sett ’relativt’ motivert (jf. Ullmann, avsnitt 2.2.2 ovanfor), kan omgrepssida i det resulterande terminologiske teiknet oppfattast som ei varianttyding (allosem) av eit morfologisk simplekst, men semantisk komplekst, leksem. Dermed kan vi hevda at dette leksemet fungerer som den motiverande basisen for termen, og frå leksikalsk synsstad ligg det då føre eit polysemt leksem. Oljetermen *musehull* er metaforisk, fordi kjelddomenet ”bustad for dyret mus” er erstatta med eit måldomene ”oljeboringsteknologi”, som er klårt urelatert med kjelddomenet ut frå all rimeleg intuisjon. Samstundes gjer eksistensen av to allosem at leksemet ’musehull’ frå leksikalsk synsstad har det til felles med polysemi at eitt uttrykk representerer fleire innhald (sjølv om nett dette eksempelet ikkje er fanga opp av allmennspråklege ordbøker). Men i andre tilfelle kan leksem ha varianttydingar som ikkje like enkelt kan analyserast som metaforiske: Er ein term som *brønn* metaforisk så snart han sprutar opp olje i staden for vatn? Det er jo snakk om ulike domene, og problemet er å gjera grensene mellom domene praktisk operative. Når er avstanden mellom kjelde- og måldomene (grunntyding og resultatstyding) så stor at det gjev meining å kalla dei ’urelaterte’? Termen (olje)*brønn* kan altså analyserast som resultatet av ein ekstensjonal utvidingsprosess, og domeneskilnaden er i alle fall kvalitativt annleis enn ved bibelske uttrykk som ”livsens brønn”.³⁷

Kocourek hevdar at det er definisjonen og bruken i spesialiserte tekstar som skil ein term frå ein ikkje-term, ikkje om det er ’sens figuré’ eller andre mekanismar som har danna termen, og det vil nok dei fleste vera samde i. Termar kan også redefinierast og få andre faglege tydingar, og desse semantiske prosessane akkompagnerer alle

³⁷ Eksempelet *brønn* høyrer nok til dei eldste terminologiseringane innanfor dette domenet, og har i engelsk fungert synonymt med *spring*, no. *kjelde*, frå før den systematiske oljeutvinninga tok til i Titusville, Pennsylvania, i 1859. Oberst E. L. Drake bora då den første brønnen som medvite tok sikte på å finna olje, medan *spring/kjelde* tidlegare truleg mest hadde referert til naturlege kjelder. (Jf. Burchfield 1977, særleg s. 78, note 10.)

morfologiske eller andre prosedyrar. Kocourek konkluderer derfor med at terminologisering er ein semantisk tilleggseigenskap som kjem på toppen av andre prosedyrar:

La définition et la rédefinition d'un terme constitue un fait terminologique fondamental. [...] On dit aussi, pour exprimer le même fait, que les unités lexicales sont *terminologisées* et que les mots qui forment ou aident à former les termes sont *terminogènes* [...] Cette capacité des unités lexicales d'être dotées de sens superposés ou juxtaposés accompagne tout acte de formation terminologique. (Kocourek 1991: 105)

Dette vil altså seia at både simplekse og komplekse ord, eller om ein vil, arbitrære og morfologisk motiverte termar, kan terminologiserast (sjølv om kortare leksem kanskje er sterkare disponerte for slike overgangar enn lengre leksem, jf. Meyer & Mackintosh 2000: 127f). Velkjende lærebokeksempel på terminologisering er fysiske termar som *arbeid*, *jord* og *kraft*, eller *rom*, *tid*, *rørsle* (Arntz m.fl.. 2002: 116). Det er kanskje lett å avgjera på diakront grunnlag at omdanninga frå allmennord til fagterm må ha gått gjennom 'overføring av meining', altså at desse tekniske termane er danna ved metaforisering diakront sett. Det er ikkje like lett å avgjera om denne relasjonen synkront er oppfatta som metaforisk, altså om det eksisterer ein levande metaforikk eller "subjektivt opplevd motivasjon", for å seia det med Ullmann. Og då ville éin mogeleg konklusjon vera at dersom ikkje fysikktermane *arbeid*, *kraft* og *jord* er metaforiske, så er dei heller ikkje synkront semantisk motiverte (men derimot demotiverte, jf. kapittel 2, seksjon 2.3).

Men same om vi skil mellom terminologisering og metafor/metonymi og mellom utviding og overføring, er det vanskeleg å komma utanom at det i alle desse tilfella ligg føre ein semantisk basis som dei terminologiske omgrepstydingane støttar seg på. Basisen viser seg i at eit leksem som *arbeid* er eit allmennord som er kjent og brukt *utanfor* domenet, samstundes som det fungerer som fagterm *innanfor* domenet. Når desse varianttydingane har ei felles ytre form (eit uttrykk, altså ein term), så har dei samstundes ein felles pragmatisk faktor 'kjent' – uttrykket er kjent for språkbrukaren fordi det hadde/har ein eksistens før og utanfor det faglege domenet. Denne pragmatiske faktoren kan utgjera ein viktig funksjonell og kognitiv faktor for den ytre forma som representasjon av eit fagleg omgrep, fordi dei ulike allosemi av leksemet fungerer som basis for kvarandre. Allosemi impliserer pr. definisjon minst to varianttydingar, og det er vanskeleg å argumentera for at desse to varianttydingane ikkje skulle ha i det minste ein gjensidig støtterelasjon seg imellom, slik at relasjonen

mellom to varianttydingar må kunna kallast semantisk analyserbar – sjølvstøtt med Ullmanns subjektivitetskrav som føresetnad (språkbrukarane må ”føla” at det er slik).

Ein slik analyse er ikkje objektiv og eintydig, men tvert om leksikografisk krevjande og kontekstavhengig. På grunnlag av *Nynorskordboka* kan nok ordet *kraft* i norsk differensierast i ei meir ”teknisk” og ei meir ”allmenn” varianttyding, medan dette ikkje er like lett med ordet *arbeid*, der begge er innordna under éin og den same hovudvarianten:

<i>Nynorskordboka</i>	<i>TNC98</i>
arbeid [...] 1 det å bruke kropps- og/el. åndskraft og eventuelle tekniske hjelpemiddel med tanke på å nå eit visst (nyttig) mål el. resultat <i>vere i a- med noko / leggje (ned) mykje a- i noko / krevje mykje a- strev, møte / ha noko under a- / i leik og a- / fys.: a- er lik kraft multiplisert med veg / (NNO)</i>	arbete [...] energi som ger lägesförändring av föremål [...] uttrycks som produkt av kraft [...] och längd av den väg som en kropp [...] flyttas i riktning med eller mot kraften
kraft [...] 1 drag, press på *masse (I,2); påverknad som er årsak til endring <i>dampk- / hestek- / tyngdek- [...] 4</i> kroppsstyrke; sjelsstyrke <i>åndsk- / i si fulle k- / samle krefter</i> (NNO)	kraft [...] vektorstorhet som är lika med tidsderivatan av det linjära momentet [...] kommer vanligen till uttryck som orsak till ändring av en kropps [...] läge eller form [...]

Jamfører vi med TNC98 (og legg til grunn at norsk og svensk er onomasiologisk ekvivalente), ser vi at den terminologiserte varianten av *kraft* (uttrykt i definisjonen) meir står i eit metonymt forhold til det omgrepet som er mest allment, jf. ”kommer til uttrykk i”. På grunnlag av desse kjeldene har vi ikkje haldepunkt for å behandla leksemet *arbeid* som meir enn polysemt. Leksemet *kraft* kan derimot vurderast som klårare metaforisk pga. skiljet mellom varianttyding 1 (teknisk) og 4 (menneskeleg, allmenn). Det er rimeleg å hevda at tyding 4 må vera motiverande basis for 1, sidan naturvitskapleg innsikt historisk sett er relativt ny (det same argumentet kan jo brukast om ’arbeid’ som fysisk omgrep). Diakront sett er det nok tale om metaforikk i begge tilfella, synkront sett er det nok berre via ’polysemilenking’ at motivasjonen fullt ut kan klårleggjast (jf. Karlholm 2000, jf. ovanfor, avsnitt 3.2.6.2).

Å lita på ordbøkene løyser ikkje problemet med at grensene mellom kategoriar er uskarpe og intuitive. Det einaste sikre vi kan konkludera med, er at i begge desse tilfella ligg det føre terminologiserte tydingar av to allmennspråklege leksemet, og

dermed diakront sett ein eller annan type semantisk utvidings- eller overføringsprosess. Det er derfor gode argument for å hevda at terminologisering må definerast som eit tilfelle av semantisk motivasjon, men problemet med å skilja mellom to domene ”kjelde” og mål” må løysast på anna vis, først og fremst gjennom fagleg intuisjon, kva specialistane innanfor eit fagleg domene opplever som ei meiningsfull avgrensing. Poenget her var å illustrera at morfologisk simpleksitet ikkje automatisk impliserer fråvære av motivasjon, sjølv når det ikkje er opplagt at vi har med metaforisk overføring å gjera.

At oljetermen *rottehull* (eng. *rathole*) tilhøyrrer eit måldomene (boreteknologi) som skil seg distinkt frå opphavsdomenet (smådyr), er såleis innlysande for dei fleste. At *brønn* i *oljebraunn* skulle gjera det same, er ikkje like innlysande, og derfor er dette kanskje heller ingen ’metafor’ i strukturalistisk meining, berre utviding av ekstensjon (”hol der det kjem opp vatn” vs. ”hol der det kjem opp olje”). Gamle naturvitskaplege termar som *kraft*, *arbeid*, *masse* og *mengd* er òg vanskelege å passa inn i desse kategoriane. Desse må karakteriserast som metaforar diakront sett, fordi det naturvitskaplege språket gjorde seg nytte av terminologisering/metaforikk som primær termdanning, og motivasjonen i desse termene er mogleg å overføra til andre språk fordi referansegrunnlaget er felles. Om dei framleis skal karakteriserast som ’motiverte’ synkront sett, dvs. at eit kjelddomene (allmennspråkleg) kan skiljast frå eit terminologisk (naturvitskapleg) måldomene, er meir ope for diskusjon. Eit leksem som *kraft* tilhøyrrer allmennspråket og dermed eit vidt domene, samstundes som det representerer eit omgrep innanfor eit spesifikt fagdomene. I ein slik analyse vil Radden og Panthers syn på polysemi i lys av relasjon d føra til at *kraft* blir rekna som motivert, medan spørsmålet om metaforikk står uløyst: Det er ingen ting i vegen for at relasjon b (”ikonisitet”) samverkar med relasjon d, innhald–innhald.

Konsekvensen er då at terminologisering må kunna kallast ein motivert mekanisme, og det er intuitivt lett å godta. Det ville bryta med vanleg intuisjon å seia at fysikktermen *kraft* står fullstendig isolert i språket utan nokon som helst relasjon til ein basis, for det allmennspråklege leksemet utgjer jo ein slik basis. I ordbøker flest er dette leksemet behandla som eit tilfelle av polysemi, altså med varianttydingar. Avgrensinga mot metaforikk/metonymi er uklår – men kanskje ikkje så viktig heller, for kriteriet ’lik form–ulikt innhald’ står fast som fellesnemnar. Radden og Panthers relasjon d skildrar som vi har sett like godt metaforikk og metonymi, sjølv om kjelde- og målinnhaldet der ikkje er ’conceptually close’ som i polysemi, men tvert om medvite åtskilt. Ein kunne vel faktisk seia at nettopp *avstanden* i innhald/referanse er eit vilkår for at språkbrukaren maktar å halda styr på tilordninga av ulike innhald til eitt uttrykk. Radden og Panther tek ikkje opp dette problemet under relasjon b, der

dei ikkje egentleg går grundig inn på metafor, men berre seier at "imagic iconicity applies to a simple sign that resembles its conceived referent" (Radden & Panther 2004: 16). Den motiverande basisen er tilsynelatande då referenten, men i kognitiv tilnærming projisert over til innhaldssida i mål-leksemet (det nye teiknet).


Dersom vi held fast ved det trivielle utgangspunktet alle komplekse uttrykk pr. definisjon er motiverte (medrekna forkortingar, som har ein kompleks motiverande basis), så kan mengda av ikkje-motiverte uttrykk maksimalt vera lik mengda av morfologisk simplekse uttrykk (rotord). Men dersom mengda av simplekse uttrykk inneheld semantisk motiverte uttrykk, så vil mengda av desse redusera mengda av ikkje-motiverte uttrykk tilsvarande – mengda av morfologisk simplekse ord vil vera mindre enn mengda av motiverte uttrykk. Altså kan vi her og no slå fast (trivielt) at i det aktuelle termininventaret er delmengda av motiverte termar vesentleg mykje større enn delmengda av ikkje-motiverte termar, men vi kan ikkje fastslå eksakt kor store mengdene er før vi har lukkast i å etablere kriterium for korleis grensene skal dragast.

Ut frå Radden og Panthers kognitive tilnærming er det faktisk fullt mogeleg å innordna terminologisering som ein motivert mekanisme basert på analysen av polysemi gjennom relasjon d. Det viktige er til sjuande og sist skiljet mellom kjeldedomene og måldomene. Det må vera fullt mogeleg å operera med allmennspråklege og faglege domene og definera 'terminologisering' som ein overgang mellom desse to domena. Fysikkens omgrep 'arbeid' kan knapt forståast aldeles isolert frå det daglegspråklege leksemet *arbeid* – i alle fall er det dette som er det springande punktet: Kan det det? Tradisjonen ville krevja at *arbeid* vart tolka som metafor for å akseptera det som ein 'motivert' term, men ein slik analyse ville av mange kunna oppfattast som kontraintuitiv.

Denne diskusjonen om motivasjon som (term)klassifikatorisk prinsipp byggjer på Kocoureks modell, som i sin tur stiller det same spørsmålet som òg Radden og Panther (jf. avsnitt 2.2.10.2) refererer: "how much of language is motivated", altså "kor mykje av terminologien er motivert?" Ved å argumentera for polysemi som motivasjon (og for den del tydingslån, sjå avsnitt 3.2.5.5) nærmar svaret seg sterkt det ytterpunktet som heiter "alt", men samstundes risikerer vi å redusera den deskriptive krafta i modellen. Konklusjonen vert likevel at vi må ta utgangspunkt i Kocoureks synspunkt ovanfor, at terminologisering alltid spelar ei rolle ved sida av andre mekanismar. Dermed kan ikkje denne termdanningsmekanismen sjåast som skarpt skild frå metaforisering eller metonymi, og det er ikkje grunnlag for eit slikt horisontalt skilje i modellen. Men på same måten som terminologisering kan vera med på å skapa dobbeltmotivasjon (som ved det morfologisk komplekse *rottehull*),

må vi gå ut frå at terminologisering av og til må ”gjera jobben” åleine. Det at meir enn éi tyding (allosem) er tilordna eit leksem, utgjer ein motiverande relasjon mellom desse allosema, og terminologisering er eit eksempel på det.³⁸ I modellen reknar eg då terminologisering som synonymt med semantisk motivasjon. Som undergrupper og manifestasjonsformer vert det skilt mellom metafor, metonym, polysemi og ”andre” (synekdoke, simile, katakrese m.m., alt etter differensieringsnivå). Å ta polysemi inn, kan forsvarast med at synsvinkelen er statisk og ikkje prosessuell, jf. avsnitt 3.1.2. Vi må derimot gje avkall på å dra grensene mellom desse manifestasjonsformene heilt eintydig og skarpt, det gjeld òg metaforikk i høve til polysemi. Skiljet vert altså slik som i figur 19:

OMGREPSMOTIVERT



Figur 19. Hovudtypar av semantisk motivasjon. Dei uskarpe grensene mellom polysemi, metonymi og metaforikk er markerte med stipla linjer. Analysen må lesast frå statisk synsvinkel.

Den vidare analysen får altså eit noko meir dempa ambisjonsnivå, og tek utgangspunkt i dei morfologisk simplekse orda, rotorda, som i utgangspunktet ikkje kan ha annan motivasjon. I all analyse av metaforisering, terminologisering (og avterminologisering) er det simpleksuttrykka som utgjer den sentrale gruppa, sjølv om dei ikkje er åleine, slik vi konkluderte med i avsnitt 3.2.1.1 ovanfor.

³⁸ Tilsvarande argumentasjon må gjelda andre vegen òg, ved avterminologisering, som altså då må analyserast som ein motivert mekanisme.

Som nemnt i seksjon 2.3 om demotivering, er ikkje omgrepa 'motivert' og 'transparent' fullt samanfallande. Når det no er argumentert for at polysemi er ein motivert mekanisme, så er det ikkje samstundes sagt at polysemi resulterer i høg grad av transparens eller gjennomsikt, berre at det har ein eller anna grad av partiell "utleiingsevne" (Svanlund 2002: 12: "härledbarhet"). Konteksten må ta seg av resten.

3.2.6.3 Simpleksord med metaforisk preg

I avsnitt 3.2.1 ovanfor var vi inne på at morfologisk simpleksitet ikkje er noko eintydig kriterium på ikkje-motivasjon, mellom anna på grunn av polysemi og metaforikk som verksame faktorar. Vi skal no gå litt meir detaljert inn på dette. Oversyn 8 ovanfor viste at 32 norske heiltermar i Materialet, eller 6,8 %, er morfologisk simplekse, anten dei er metaforiske eller ikkje. Oversyn 22 i kapittel 4 viser kjernemengda av metaforiske engelske termar på heiltermnivå fordelte på alle kjeldedomena i Materialet:³⁹ Det finst ei kjernemengd på 30 engelske heiltermar som er primært metaforiske, anten dei er morfologisk komplekse eller ikkje, og desse har generert 39 ulike norske avløyssarar som dels er komplekse, dels simplekse. Dei av desse 39 ulike avløyssarane som er simplekse, skal då finnast att både i oversyn 22 og 8, og det er seks slike: *drepe, hette, flamme, kne, kvele, skjæker*.⁴⁰ Dei 35 andre er dermed å sjå som komplekse, slik at det ikkje er mogeleg å setja 'metaforisk' ekvivalent med 'simpleks'. Simpleksord frå oversyn 8 som ikkje har komme med i oversyn 22, skulle derfor vera ikkje-metaforiske, slik som *tappe, feste, rampe, brønn* og *klave*. Oversyn 11 nedanfor viser dette.

Dei simplekstermane som overlappar, er altså dei rotorda som lettast lar seg tilskriva ein semantisk motivasjon i tydinga 'metaforisk', og i midtkolonnen er det indikert nokre mogelege domenskifte. Men grensene kan synast uskarpe og flytande. Kvifor skulle ikkje til dømes *brønn* og *klave* la seg analysera på tilsvarende vis, eller *flamme*? Og dersom desse tre ikkje kan analyserast som metaforiske (eventuelt metonyme), gjev det då meining å klassifisera dei som 'ikkje-motiverte'? Vi har her analysert oss nedover nesten utelukkande på grunnlag av intuisjon. På grunnlag av denne diskusjonen ovanfor er det ikkje lenger problematisk å kalla termene ovanfor for metaforar/metonym. I tilfellet *klave* er det til og med kanskje sterkare metaforisering i norsk enn i den engelske ekvivalenten.

³⁹ *pig > pigg* er inkludert her trass den usikre engelske etymologien, sjå note 41.

⁴⁰ Eg har ikkje gjort nokon grundig analyse av forholdet mellom semantisk motivasjon og rotord på engelsk, og det er ikkje full konvergens verken på engelsk eller norsk. Problemtilfelle er det nok av, jf. t.d. *slips/kiler, bed* 'seng'/lag. Analysen skulle likevel vera grundig nok til å illustrera hovudpoenga i argumentasjonen.

OVERSYN 11. Simpleksord med sterkare eller svakare metaforisk preg. Jf. òg oversyn 8 og 22, skraveringa viser overlapping.

<i>drepe</i>	Animat > inanimat	<i>d. (en brønn) < kill (a well), jf. kvele</i>
<i>flamme</i>	Heilskap > del	Eng. <i>flare</i> , 'fakkel' i norsk = anlegg for avbrenning av restgass
<i>hette</i>	Tekstil > mekanikk	<i>cap</i>
<i>kne</i>	Dyrekropp > rørteknologi	<i>dogleg</i>
<i>kvele (en brønn)</i>	Animat > inanimat	<i>k. (en brønn) < kill (a well), jf. drepe</i>
<i>skjæker [sg. skåk]</i>	Landbruk > boreteknologi	<i>elevator bails</i>
<i>brønn</i>	Medium = 'vatn' > medium 'olje'	<i>well</i> el. <i>bore hole</i>
<i>flamme</i>	< <i>flare</i>	"Åpen flamme for avbrenning av gass som ikke kan utnyttes"
<i>klave</i>	Landbruk > boreteknologi	Jf. <i>elevator</i>
<i>pigg</i>	< <i>pig</i> : (*'dyr' > *'plante'?)	"Samlebetegnelse for gjenstander av forskjellig form og med forskjellige formål som sendes med produktstrømmen gjennom <i>rørledningen</i> "

Rotord (pr. definisjon som heiltermar) kan på grunnlag av dette delast i tre kategoriar ut frå metaforisk styrke:

- konvensjonaliserte metaforar med lang tradisjon i tekniske fag: *kne, hette*
- fagspesifikke metaforar: verba *drepe/kvele (en brønn)*
- svakt metaforiserte leksem med liten avstand til den allmenne tydinga – synkront sett kanskje heller døme på polysemi.

Det er ikkje mange av type a og b, som altså har sett svakt kvantitativt preg på Materialet, og som i tillegg har lånt motivasjonen frå kjeldespråket: *drepe/kvele < kill*, eller har erstatta éin type semantisk motivasjon med ein annan: *kne < dogleg*, begge delar frå domenet 'pattedyr' og altså animate av høg rang. Mindre opplagt er det i tilfellet *flamme*, brukt som pars pro toto, og altså den etymologisk usikre *pigg*,

brukt om verktøy for til dømes reinsing av rørleidningar. Begge desse kan analyserast som eksempel på feilmotivering. Leksemet *pigg* har kjenneteikn som /SPISS/ og /STIKK/, som neppe samsvarer med den reelle forma eller funksjonen til referenten (ein butt plugg som kan reinsa, inspisera e.l.) – i tillegg til at definisjonen er mykje vidare enn det termen signaliserer. I noko svakare grad gjeld feilmotiveringa *flamme*, som trass alt kan forsvarast som metonymisk, fordi det er slutt punkt i eit heilt anlegg, med samle- og tilførselsrøyr, ventilar m.m. (gjensidig partitivt: flammen = anlegget = flammen). I Terminol-prosjektet (Roald 1986a) vart termen *fakkell* brukt, fordi den er innarbeidd i landbasert prosessteknologi, jf. *flare*, og vi får då ein språkleg ekvivalent fullmetafor som alternativ. For den engelske termen *pig* valde Gullfaks (*rense*)*plugg*, som altså har eit komplementært kjenneteikn /BUTT/ i staden for /SPISS/.⁴¹

Dei ulike termvala for desse to omgrepa reflekterer kryssande og motstridande prosessar og normative omsyn: Spontan formell interferens kan forklara eit termval som *pigg*, spontan visuell persepsjon kan forklara eit termval som *flamme*, alternativa uttrykkjer ein spontan teikn-til-teikn-motivasjon i tillegg til den semantiske motivasjonen. Vidare bryt begge termene med kravet om kompatibilitet mellom term og definatoriske kjenneteikn, altså det ein ville ha kalla ”korrekt” motivasjon i standardiseringsarbeid: /BUTT/ ≠ /SPISS/, /HEILSKAP/ ≠ /DEL/. Termene bryt i tillegg kravet om eintydigheit (begge er homonyme), men til vederlag er dei altså økonomiske, strukturelt godt tilpassa og derfor gode kandidatlar for både terminologisering og avterminologisering.

Det finst to alternativ når vi skal klassifisera resten av rotorda i materialet: terminologiseringar eller komplett arbitrære uttrykk. Klassifisering som komplett arbitrær ville som nemnt medføra at ingen type semantisk motivasjon kunne tilordnast termen. Det er ofte tale om generiske termar som viser minimale avvik frå allmennspråkleg denotativ tyding, men dei er produktive som termelement i kraft av denne allmenne denotative tydinga. Alle desse orda kan finnast i allmennspråklege ordbøker. Grensa mellom terminologiseringar og det TNC98 har definert som ’tekniska basord’, er uskarp. Termen *brønn*, til dømes, er splitta i tre deltydingar, men tyding tre er ikkje merkt som metaforisk (*BMO*):

⁴¹ Etymologien ’gris’ er metaforisk, men ikkje mogeleg å dokumentera. Om eksemplaret på Norsk oljemuseum er representativt, er denne etymologien likevel den rimelegaste. Gjenstanden har stålbørstar som lett kan gje assosiasjonar til *busta* på dette dyret, jf. synonyma *rørborste* og *børsterør*, som òg er brukte på denne spesifikke museumsgjenstanden.

brønn m1 (norr *brunnr*, besl med I **brenne*, eg 'noe som syder', i bet. 3 etter eng. *well*)

1 oppgravd hull til å samle vann i *ha vann fra b-en* / overf: *livsens b-*

2 på båt: del av et hoveddekk som ligger mellom to overbyggningsdekk; i båt (og på land): rom til å oppbevare levende fisk i

3 hull boret i grunnen for å produsere el. finne olje og gass

Dersom dette er metaforisering, så er det i alle fall svak metaforisering jamført med tyding 1 – det flytande mediet som kjem opp av holet er hydrokarbonar og ikkje vatn. Eit ord som *fat* har to deltydingar – 'skål' eller 'beholdar', begge etablerte i allmennspråket før og uavhengig av oljespråket. I tydinga 'beholdar' har det i oljespråket fått utvida ekstensjon, men elementa i denne er av same type som i den opphavlege mengda. Den same typen moderat og i beste fall svak metaforisk utviding må gjelda *stenge* (*oljeproduksjonen*), *trimme* (*en plattform*), *blokk*, *brønn*, *fat*, *gallon*, *reservoar*, *gass*, *olje*, *prosess*, *lense*, *sonde*, *rampe*, *skrape* og dei andre frå oversyn 8 som ikkje klårt kvalifiserer som metaforiske/metonyme.

3.2.6.4 Maksimalt omfang av semantisk motivasjon – heiltermnivå

I tabell 2 og 5 har morfologisk samansette, men semantisk udelelege, fullmetaforar talt med i frekvensen for morfologisk motivasjon. Det er oversyn 11 ovanfor som kan gje oss grunnlag for å "reduera" omfanget av arbitraritet og av fullstendig morfologisk motivasjon og dermed "auka" frekvensen av primær semantisk motivasjon på heiltermnivået. Eksempel som *vaktbu*, *slepefisk*, *ventiltre* er halvmetaforar og må derfor framleis telja med under fullstendig, morfologisk motivasjon. Ut frå diskusjonane ovanfor er det likevel av dei 33 ulike norske ekvivalentane i oversyn 8 fire morfologisk komplekse fullmetaforar (samansetningar: *musehull*, *rottehull*, *juletre*, *rundtur*) og elleve meir eller mindre metaforiske av typen morfologisk simpleks (*kne*, *hette*, *kvele*, *drepe*, *pigg*, *skjæker*, *brønn*, *klave*, *flamme*, *drepe*, *kvele*). Det er altså desse tala som kan brukast til å reduera frekvensane for høvesvis arbitraritet og (fullstendig) morfologisk motivasjon. Vi kan då modifisera tabell 4 slik:

Tabell 5. Modifisert overslag over primær motivasjon i Materialet (jf. tab. 2 og 4)

Type, heiltermnivå	Tal	Prosent	Motivasjonstype, heiltermnivå	Tal pr. type	Prosent pr. type
”Konfigering”	1	0,2	Ufullstendig morfologisk		
Initialord, forkortingar	6	1,3		7	1,5
<i>Ikkje-arbitrære simplekse/komplekse</i>	11	2,4	<i>Semantisk</i>	11	2,4
Rotord	25	5,3	Arbitraritet	25	5,3
Frasar	36	7,7			
Avleiingar	52	11,1	Fullstendig morfologisk	425	90,8
Samansetningar	337	72,0			
TOTALT	468	100,0		468	100,0

Som vi ser, endrar ikkje dette biletet vesentleg. På heiltermnivået spelar den semantiske motivasjonen ei svak rolle, medan den mest regelvisse morfologiske motivasjonstypen dominerer sterkt. Vi kjem tilbake til semantisk motivasjon på deltermnivå i kapittel 4.


3.2.7 Omgrepsmotivasjon – morfologisk motivasjon

3.2.7.0 Morfologisk motivasjon som umarkert kategori

Den siste hovudkategorien vi tek opp, er òg den største – som vi ser av tabell 5 dekkjer motivasjonstypen meir enn 90 % av dette domenet. Metoden i dette kapitlet har vore å drøfta dei mest spesielle og ’markerte’ typane først, dermed endar vi no med den kraftigaste, men òg mest regulære og umarkerte, den som det tilsynelatande ikkje er så mykje å seia om. Men det finst indre skilnader i denne gruppa, og vi følgjer derfor den same progresjonen her òg, og tek opp dei mest uregelvisse undertypane først.

På heiltermnivå er morfologisk motivasjon i Materialet så omfattande at han kan oppfattast som ’umarkert’ – totalt 91,9 % av heiltermene er morfologisk motiverte på heiltermnivået, om vi reknar alle undergruppene av morfologisk motivasjon saman.

Det fyller ut biletet som terminologiforskarar med svært ulike utgangspunkt (Drozd og Seibicke, Antia, Kageura, jf. kapittel 2) har gjeve av sterk fokusering på denne motivasjonstypen, særleg på realisering via samansetjing. Men som oversynet i kapittel 2 viste, er det ulik grad av demotivering i morfologisk motivasjon (Drozd og Seibicke: regelviss vs. uregelviss), og morfologisk motivasjon resulterer i ulike orddanningsprodukt. Det 'utputtet' vi ser her i framlegget til revidert modell, er tradisjonelle orddanningsprodukt, men inndelt etter to nivå: 'fullstendig/ufullstendig' og 'regelviss/uregelviss', som vi då først må gjennomgå.



Figur 20. Hovudtypar av morfologisk motivasjon. Dobbelt pil markerer at tilhøvet mellom 'ufullstendig' og 'uregelviss' er problematisk. Siglasjon er "motivert demotivering" demotivering, og skulle logisk sett derfor hatt ein pil tilbake mot arbitraritet, jf. figur 13. Sjå vidare figur 21.

Det som kan vera eit problem i denne analysen, er å dra grensene mellom typane 'ufullstendig' og 'uregelviss' motivasjon. I modellen er dette markert med dobbelt pil, og problema er drøfta i dei følgjande avsnitta, særleg ulike prosessar som handlar om regularisering. Siglasjon bør reknast som demotivering, sidan det er ein leksikalsk prosess med simpleksitet/arbitraritet som sluttunkt.

3.2.7.1 Fullstendig vs. ufullstendig (partiell) motivasjon

Med omgrepet 'fullstendig' refererer eg i denne modellen til at det språklege uttrykket er samansett av element som kvar for seg er fullt meiningsberande.⁴² Poenget her er at 'fullstendig' inneber 'deleleg i morfem' – altså at den motiverande basisen er samansett av 'minste meiningsberande storleikar' i klassisk strukturalistisk tyding. I staden for å seia at uttrykket, dvs. den aktuelle termen, er 'komposisjonelt', vil eg seia at det er fullt morfosemantisk 'analyserbart' – sjå diskusjonen i seksjon 2.3 ovanfor. Omgrepet 'fullstendig' er fleirtydig på fleire måtar, og kan lett tolkast som motsetnaden til underspesifisering (underdeterminering). Samansetningar med ellipse av heile ledd, altså 'klammeformer' oppstått ved semantisk forkorting, er òg 'fullstendige' etter denne definisjonen, sjølv om definisjonen inneber at eit uttrykkselement har forsvunne. På denne måten er det vanskeleg å tilordna semantisk forkorting ein særskild og eigen plass i Kocoureks modell, fordi vi aldri kan vera sikre på om det eliderte leddet nokon gong har vore der eller om vi berre tolkar det inn meir eller mindre arbitrært: Ved dei to synonyma *hovedrørledning* og *hovedledning* kan elementet *-rør-* oppfattast som redundant i det første alternativet, som elliptisk og underforstått i det andre. Ved tolking av *hovedledning* må då den semantiske informasjonen i elementet *-rør-* rekonstruerast ved inferens. Som morfolegisk produkt er *hovedledning* eit samansett ord med intakte og meiningsberande morfem, og det ville ikkje gje mening å klassifisera det som "uffullstendig morfologisk motivasjon", trass i at den korte varianten har ellipse, sjå nedanfor.

Motsett tyder då 'uffullstendig' motivasjon at den leksikalske storleiken ikkje er fullt morfosemantisk analyserbar. Ufullstendig motiverte leksem kan derfor ikkje fullt ut delast i komplette, velforma og meiningsberande morfem, men må tolkast mot eit bakanforliggjande paradigmatiske mønster av ord eller morfem. Dette kan gjelda ord (altså termar) med morfologisk restsegment, som *tyte+bær* ("cranberry morphs", eller 'unique morphs', jf. Bauer 1988: 40), og derfor set vi det inn på denne plassen i modellen. Hovudgruppa er likevel ord der det har gått føre seg mekaniske avkuttingar på uttrykkssida av den motiverande basisen, det som i orddanningslæra ofte er kalla (mekanisk) ellipse, av Drozd og Seibicke 'mekanisk forkorting', sjå òg Roald (1985: 268): *bil*, *bit*, *aids* osv. Ofte er omgrepet 'klammeform' brukt for dette fenomenet, TNC64 nemner *heli(kopter)plats* (jf. *helikopter+dekk* i Materialet) som eksempel, men 'klammeform' bør helst reserverast semantisk ellipse, sjå neste avsnitt. Elementet *-kopter* kan ikkje analyserast som som meiningsberande morfem, men er

⁴² Omgrepet '(u)fullstendig' er altså reservert for eigenskapar ved morfologisk motivasjon, som samla sett er meir "fullstendig" enn både formmotivasjon og teikn-til-teikn-motivasjon.

tilordna det fulle og meiningsberande leddet *helikopter+* som ein forkorta uttrykksrepresentant. Det finst altså ein motiverande morfologisk basis.

Tolking av ufullstendig morfologisk motiverte termar krev altså høgare grad av bakgrunnskunnskap enn den fullstendige, og i den fullstendige motivasjonen skal altså den reine språkkunnskapen spela ei relativt sett sterkare rolle. Ufullstendig motivasjon kan pr. definisjon ikkje vera komposisjonell, men er likevel 'analyserbar', fordi uttrykksstrengen kan delast i element sjølv om ikkje kvart element for seg direkte kan tilordnast eit semantisk innhald, berre indirekte via ein synonym representant. Det er dette som gjer at vi plasserer uttrykksellipse under ufullstendig motivasjon, semantisk ellipse under fullstendig.

Kocourek sjølv (1991: 158ff., 174) opererer med *forkorting* som ein eigen motivasjonstype og ikkje som ein undertype av morfologisk motivasjon, altså som éin av seks sidestilte motivasjonstypar. Forkorting er semiotisk sett ikkje berre eit morfologisk fenomen, sjølv om basisen er morfologiske element og produkt. Både semantisk og mekanisk forkorting er produkt av den *språkeksterne* motivasjonen som Radden og Panther kallar 'økonomisk' motivasjon (jf. avsnitt 2.2.10.2, særleg figur 9), og vi får ha in mente at motivasjon i semiotisk forstand går ut over og på tvers av denne morfologisk orienterte modellen som eg utviklar i dette kapittelet, og som må ha språkintern forankring. Både semantisk og mekanisk forkorting som termdanningsprinsipp er viktig både kvantitativt og pragmatisk, og begge typane har som sagt ein morfologisk basis. Dermed kan dei handterast som undertypar av omgrepsmotivasjon. (Drozd & Seibicke (1973: 131) reknar semantisk forkorting som ein type semantisk motivasjon, men den inndelinga er ikkje følgd her.)

3.2.7.2 *Ellipse*

Avvika frå den 'fullstendige' motivasjonen er mange. På den eine sida kan 'fullstendig' reint leksikalsk tolkast som "maksimalt informativ" og dermed som idealtypen på regelviss motivasjon, den typen som bla. sovjetisk/russisk tradisjon meiner gjer definisjonar redundante (jf. kapittel 2, avsnitt 2.2.4). I så fall måtte 'fullstendig' innebera at alle relevante drag ved omgrepet skulle vera uttrykte i termen. Omgrepet kan såleis òg tolkast som ei motsetning til 'uregelviss motivasjon' eller 'demotivering', sidan demotiverte uttrykk aldri kan vera 'maksimalt informative', og det er verken plausibelt eller mogeleg. Men heller ikkje morfologisk 'gjennomsiktige' eller 'transparente' komposita kan vera maksimalt informative i den tydinga, dei vil alltid vera underspesifiserte i ein eller annan grad (jf. Svanlund 2002,

ovanfor seksjon 2.3). Omvendt vil svakt informative, demotiverte eller uregelvisst motiverte uttrykk, som til dømes typen med restsegment (*tyte+* i *tytebær*), alltid ha ei viss informasjonsmengd sjølv om dei krev meir tolkingsarbeid enn regelvisst motiverte uttrykk.


Ein kategori som *ellipse* er vanskeleg å gje ei eintydig innpassing i modellen. Ellipse har eit pragmatisk motsvar i 'økonomisk motivasjon', jf. Radden og Panther, og Grices økonomiprinsipp, sjå kapittel 4. Drozd og Seibicke (1973: 160 ff) skil mellom mekanisk og semantisk forkorting, som kjem morfologisk til uttrykk på ulike måtar. Vi har ovanfor definert 'semantisk' forkorting som ein måte å elidera heile ledd slik at produktet likevel ser 'fullstendig' ut, medan 'mekanisk' forkorting er det verksame prinsippet bak ulike typar formell forkorting, slike produkt som ser 'ufullstendige' ut. Ellipse kan ut frå dette ikkje utan vidare analyserast som demotivering, sjølv om mekanismen fjernar morfologisk materiale, og Brinton og Traugott (2005: 40 f, 106) hevdar såleis at ellipse er orddanning, dvs. ein mekanisme som genererer nye uttrykk, men deira bruk av 'ellipsis' svarer til det vi her kallar 'trunkering', altså ein uttrykk–innhald-fenomen. Det vil altså seia at dei ser ellipse som ein motiverande mekanisme, medan demotivering verkar på eksisterande uttrykk. Ellipse er 'usynleg synleg', slik det òg er som syntaktisk og morfologisk fenomen av typane anaforisk stryking og allomorf null. Derimot kan siglasjon/akronymi sjåast på som demotivering, fordi det truleg oftast opererer på ferdige forkortingar og får 'ufullstendige' forkortingar til å sjå ut som 'fullstendige', men simplekse teikn (som då eigentleg høyrer heime øvst til venstre i modellen, under kjenneteiknet 'arbitraritet'). Heilt eintydig er ikkje dette heller: Eit akronym kan òg ofte analyserast som ei motivert nydanning, men i dag er det ofte akronymet som er primært.⁴³ Eksempel som *aids*, *radar* og *laser* har gått omvegen via initialforkorting,⁴⁴ og siglasjon er dermed ein prosess som er vanskeleg å innpassa i ein statisk modell i eintydig disjunksjon med dei andre typane av mekanisk forkorting. Dette er markert med parentes rundt dei to andre kategoriane og pil →: Dette markerer at kategoriane initialord og blanding utgjer motiverande basis i ein ny type motivasjonell relasjon, der psykologiske faktorar talar for analyse som motivasjon, men strukturelle faktorar like gjerne for arbitraritet.

⁴³ Jf. den norske forvaltingsetaten NAV, truleg modellert med inspirasjon frå *nav* eng. 'hub', utan etablert fullstendig namneform, men med motiverande syntagme – "ny Arbeids- og velferdsetat": "1. juli 2006 ble Arbeids- og velferdsetaten etablert som en ny statsetat. Sammen med sosialtjenesten i kommunene utgjør etaten arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV)". < <http://www.nav.no/1073751209.cms>>, lese juli 2007.

⁴⁴ Jf. likevel Wikipedia: "The term *RADAR* was coined in 1941 as an acronym for **R**adio **D**etection and **R**anging. [...] The term has since entered the English language as a standard word, *radar*, losing the capitalization in the process."

Klammeformer, eller semantisk forkorting som Drozd og Seibicke (1973: 160 ff) snakkar om, er òg ei form for ellipse. Det verkar kanskje ulogisk å snakka om "fullstendig" morfologisk motivasjon når det er semantisk ellipse inne i biletet. Poenget er likevel at eksempelet *hovedledning* som ordtype er fullstendig morfologisk motivert i eigenskap av morfosemantisk regulær samansetning. Semantisk ellipse er ein tilleggsmotivasjon for den som kjenner den (meir) komplette forma, dersom ei fullstendig form kan beleggjast. Og dersom ikkje, er 'semantisk forkorting' lite fruktbar som morfologisk kategori, fordi vi må rekna med at alle komplekse termar (og allmennord) er produktet av semantisk elidering av semantiske kjenneteikn som potensielt kunne ha vore realiserte i uttrykket. Som språkekstern, pragmatisk-kommunikativ motivasjon er typen verksam i alle språk, og vi vil komma tilbake til det i kapittel 4. Slike former har i "vissa fall [...] säkert aldrig funnits i verkligheten: den krävs bara av den logiska eftertanken, t.ex. *te(kopps)fat* och *öl(buteljs)kork*" (TNC64: 46). Men det resulterande uttrykket kan på heilt regelvisst grunnlag delast i komplette, velforma og meningsberande morfem: *te + fat*.

Faktum er at ellipse er uttrykk for ein annan type ekstern motivasjon enn det desse klassifiserande modellane byggjer på. Ellipse er uttrykk for *økonomisk* motivasjon (ein undertype under 'kommunikativ' i figur 9), medan dei klassifikatoriske modellane tek utgangspunkt i Saussures omgrep 'relativ' motivasjon og dermed i ei eller anna utgåve av ikonisitetsprinsippet. Å få desse to ulike utgangspunkta til å danna éin koherent modell, er ikkje plausibelt. I modellen har vi derfor sett 'ellipse' lik det Drozd og Seibicke kallar *mekanisk* forkorting, men referert til med termen *trunkering* når det er tale om det morfologisk baserte termdanningsprinsippet. Trunkering kan relaterast til formelt synlege morfologiske "utputt", men det kan ikkje semantisk ellipse. På den semantiske sida ser vi derfor ellipse som ei form for ibuande underspesifisering i fullstendig morfologisk motivasjon. I tilfelle der det faktisk kan konstaterast variasjon mellom to morfologiske variantar, ein lengre variant og ein med semantisk ellipse, er det naturleg å sjå dette som eit funksjonelt fenomen. I kapittel 4 skal vi sjå at denne typen ellipse er ein svært viktig operativ faktor – kanskje den aller viktigaste prosessen i "ytterkanten" av leksikon som gjer det mogeleg å halda den regelvisse motivasjonen innanfor grensene av det kommunikativt funksjonelle. Diskusjonen gjev derfor følgjande modell på dette steget, figur 21:




Figur 21. Plasseringa av ellipse i modellen: Berre spesifiseringar av trunkering, medan semantisk ellipse ikkje har fått nokon eigen plass. Jf. figur 20. Det finst sjølv sagt fleire typar trunkering enn dei som har fått plass i modellen.

På grunnlag av denne modellen kan relasjonen mellom *halvt nedsenkbar boreplattform* og *halvsenkplattform* karakteriserast som trunkering av typen teleskopdanning i førsteleddet: *halvt nedsenkbar* > *halvsenk*. På deltermnivå passar dømet inn i modellen, og det er dei grammatiske formativa som er trunkerte. (Her er òg semantisk ellipse av leddet *bore-* i grunntermen, utan at dette i seg sjølv flyttar termen frå éin kategori til ein annan.) Sjå vidare nedanfor, avsnitt 3.2.8.1.

3.2.7.3 Ufullstendig vs. uregelviss motivasjon

Det siste inndelingsnivået gjeld 'regelviss' vs. 'uregelviss' motivasjon, som særleg er diskutert av Drozd og Seibicke (1973) og den tradisjonen dei står i. Som vist i kapittel 2, er regelviss eller morfologisk-semantisk motivasjon i denne tradisjonen definert som den sterkast 'komposisjonelle' eller analyserbare typen, medan den uregelvise eller ytre, strukturelle typen mest framstår som eit produkt av demotivering: eit eksempel som *øye-blikk* er demotivert, men morfologisk fullstendig. Analysenivået er altså ei finare inndeling av 'fullstendig' morfologisk motivasjon, for både den regelvise og den uregelvise motivasjonen endar opp i dei same leksikalsk-morfologiske typane avleiingar, samansetning og frasedanning. Ut

frå det som er sagt ovanfor, kan f.eks. samansetningar vera både regelvisst og uregelvisst motiverte, i det siste tilfellet som resultat av demotivering. Typen ”konfigering” (gresk-latinsk, ’lærd’ orddanning) kan derimot krevja diskusjon, og er her plassert som produkt berre av den uregelvisse typen:



Figur 22. Termdanningsmekanismer i regelvisst og uregelvisst morfologisk motivasjon

Dette fungerer bra så lenge vi snakkar om taksonomi over eksisterande einingar. Vurdert som taksonomi over produktive prosessar, impliserer modellen at uregelvisst motivasjon er ein produktiv, eller i alle fall kreativ, prosessuell kategori som lagar nye einingar, og ikkje berre ein statisk kategori som omfattar demotiverte produkt. Kategorien ’konfigering’ reiser liknande problem: Skal kategorien plasserast under uregelvisst motivasjon, impliserer vi at typen ikkje er ein produktiv morfologisk mekanisme i norsk (svensk, dansk). Uregelvisst motivasjon er ikkje behandla i Kocoureks modell. Hjø Drozd og Seibicke er typen derimot viktig som undertype av morfologisk motivasjon, og av samanhengen går det klart fram at det er samansetningar og avleiingar det er tenkt på. Av eksempel materialet går det ofte tydeleg fram at termen først og fremst siktar mot idiomatiseringsprodukt, altså *demotivering*, jf. eksempel Drozd og Seibicke *Fort-schritt* (1973: 130), jf. *øye-blikk*, Vinje (1973: 56). Slik sett er desse ikkje noko utputt av produktive eller kreative motivasjonsprosessar, og dette kan forklara at omgrepet ikkje har plass i Kocoureks relativt prosessuelle modell. Demotivering og demotiveringsprodukt passar best inn i rammene for beskriving av eit eksisterande leksikalsk materiale, ikkje av dei kreative motivasjonsprosessane som har skapt materialet.

I det heile er spenninga mellom motivasjon og demotivering vanskeleg å fanga inn med strengt taksonomiske modellar. Likevel er det eit faktum at språket – medrekna terminologien – har ein type leksikalsk vokster der nye leksem tilsynelatande ikkje passar inn i nokon av boksane i ein modell for motivasjon, men likevel er pragmatisk

viktige og produkt av ein kreativ prosess. Svanlund er inne på dette problemet når han hevdar at det ikkje er samsvar mellom graden av leddmotivering og eit spesifikt stadium i demotiveringsprosessen (Svanlund 2002: 36, jf. seksjon 2.3). Drozd og Seibickes kategorisering av strukturell motivasjon som idiomatiserte samansetningar og avleiingar er litt for grov til å fanga opp at det også finst produktive morfologiske mekanismar som ikkje genererer regelvisst motiverte produkt.

Ein slik kategori er engelske agentive og agentivliknande lånord, til dømes i nynorsk *reportar*, bokmål *reporter* < *reporte (< eng. 'report'), og tilsvarande *partnar/partner* < *part* (subst.), ikkje < *partne (verb). I norsk talemål får det engelske suffikset *-er* ei tilpassing etter mønster av suffikset *-er/-ar* og den forma det har i vedkommande varietet. I nynorsk normering har det derimot vore eit prinsipp at ein ikkje tilpassar suffikset med mindre substantivet synkront kan analyserast som ei regelvisst motivert avleiing (agentiv, inkolent). I 1986-utgåva av *Nynorskordboka* heitte det såleis *partner* og *reporter*, men i sisteutgåva er prinsippet delvis oppgjeve: *partnar*, men *reporter*. Det finst mange liknande problem i norsk talemål med arveord og eldre lånord, jf. bokmål *spiker* vs. *spikar* i regelviss kontrast (frå lågtysk), derimot nynorsk obligatorisk *genser* (eng. *guernsey shirt*) *kalender*, men ofte talemålsformene /*kalen'dar*/ (< lat. *calendarium*) og /*gen'sar*/. Jf. òg inkonsistensen mellom *gartnar* < *gartne og *kelner* < *kelne.

Dette er eit relevant fenomen å drøfta i samband med terminologi. I Materialet har vi eksempel som engelsk *skimmer* > **skummer* (*oljeopptaker*), *scrubber* > *skrubber*, *cracking* > **krakking* (*molekylspalter*), som er diskuterte i avsnitt 3.1.6.3 ovanfor. Intendert morfologisk regularisering kan avslørast via nynorske døme som *skrubbar*, og sjølv sagt fonologisk via tonemskilnad. Variantar som *skrubber*, med tonem 1 uavhengig av målform, kan derfor tolkast som delvis regulariserte mellomstadium der teikn-til-teikn-motiveringa er primær. Produkt av typen *gartnar* og *partnar* med udiskutable suffiks (og dermed med avleiingsbasis av typen restsegment, jf. *tytebær*) passar definatorisk inn under ufullstendig morfologisk motivasjon, fordi røtene **gart-* og **part-* synkront sett ikkje er meiningsberande. Dermed kan termen *uregelviss* motivasjon framleis reserverast for ord som er fullstendige morfologisk (fullt analyserbare), men som har demotivert tyding. Dersom synsvinkelen er analyse av ferdige ord, kan dette vera eit fruktbart resonnement, men det er litt verre når vi prøver å sjå motivasjon som ein produktiv mekanisme. Demotiveringar av typen *øyeblikk* er ikkje resultatet av produktiv eller kreativ leksikalsk vokster på same måten som *partnar* < *partner*, som snarare er remotiveringar, altså den motsette prosessen.

I modellen er det såleis eit problem å avgrensa kategoriar som 'ufullstendig' og 'uregelviss' eintydig frå kvarandre eller frå kategorien med restsegment, og dette er markert med tovegs pilar i modellen. Eit godt døme på problemet er *plattform*. Leksemet *platt* finst i norsk med same etymologisk leksikalske innhald: (BMO: "fra fr, av *plat* 'flat' og *forme* 'form', jf. 'platt', BMO "adv: flatt, utstrakt"). Tilordning som demotivert, men morfologisk fullstendig samansetning er mogeleg, men har eit preg av '*post hoc*'-analyse. Desse kategoriane utgjer samla eit område av morfologisk motivasjon som er eit avvik frå den dominerande regelvisse typen, men som likevel viser motiverande eigenskapar som kan vera relevante for termdanning og termval. Det er likevel mest rimeleg at typen *partner* bør plasserast under ufullstendig motivasjon, det same gjeld typen med restsegment. Klassifiseringa 'uregelviss' kan etter dette reserverast for demotiverte, men fullstendige uttrykk, altså den typen som bør studerast under demotivering og leksikalisering. Ein utførleg analyse av demotivering og leksikalisering er det ikkje plass til i denne avhandlinga. Det er nokså sannsynleg at dei fleste eksempla må hentast frå det generiske nivået, helst som 'basisord' eller svært generiske termar som i Materialet har status som termelement i samansetningar, jf. døme som *platt+form* og *sel+skap*. Leddet *edderkopp-* i *edderkoppdekk* (inspeksjonsdekk) har ein motivator i leddet *edderkopp* 'vevkjerring', som i sin tur er analyserbar i *edder+kopp*, der ledda er sjølvstendig motiverte, men så svakt at det nærmar seg det reint etymologiske og dermed status som restsegment (NNO: "av da. *edder* 'eiter' og *kop* 'noko tjukt, oppsvulma").

3.2.7.4 Restsegment vs. demotivering

Typen som her er referert til med termen *tytebær* (uformelt, men med referanse til gjengs morfologisk teori, jf. 'cranberry morphs'), dekkjer samansetningar der førsteleddet ikkje sjølv er meiningsberande, men der det ut frå paradigmatiske samsvar har same funksjon som eit regulært samansetningsledd. Leddet *tyte+* i norsk *tytebær* (sv. 'lingon') er uforklart og meiningsstomt, og har inga mening utanfor dette eine leksemet, men *tyte+bær* svarer til mønsteret i *blå+bær* og er i vanlege morfologiske analysar dermed rekna som samansett ord. I motsetnad til typen "kunstkorting" (jf. figur 13 og 23) er det ikkje tvil om at typen *tytebær* er eit demotiveringsprodukt, for vi må gå ut frå at leddet *tyte+* opphavleg har hatt ei leksikalsk tyding. Kocourek opererer ikkje med ein slik type, og i streng strukturalisme vil slike førsteledd berre verta rekna som realisasjon av eit kjenneteikn som er reint distinkt og utan eige semantisk innhald. Kageura ser på eponymi som "external to the conceptual system represented by terminological structure". Eponyme førsteledd av typen (eng.) *venn* i *venn diagram* (Kageura 2002: 102), i hans

analyse vert behandla som ein "Differentiation Tag", det vil seia eit meiningstomt (altså arbitrært) element med utelukkande distinktiv funksjon. Dermed kan heller ikkje samansetningsproduktet reknast som eit tilfelle av motivasjon, etter vanleg tradisjon. At leddet *venn* (< *Venn*) er eit personnamn, altså eit metonym, vert av Kageura behandla som eit reint etymologisk fenomen, og termen (engelsk) *venn diagram* må dermed reknast som eit demotiveringsprodukt.

I ein mindre streng modell, som opnar for semantisk motivasjon på grunnlag av inferens og kontekstuell kunnskap, vil derimot eit eksempel som *venn diagram* lettare passa inn. Analysen av *solaststyr* i førre avsnitt kunne for den del vera identisk, og eksempelet *rotameter* (nedanfor, avsnitt 3.2.9.1) likeins, sidan eigentleg berre sisteleddet der er eit konfiks-ledd. I desse tilfella òg må det likevel etablerast kriterium for å avgjera kvar grensa skal dragast mellom levande og avbleikt motivasjon (metonymi o.a.). På grunnlag av det allmenne morfologiske resonnementet om restsegment er det ingen argument mot å rekna typen *tytebær* som eit tilfelle av morfologisk motivasjon, men ikkje som regelviss motivasjon. Samstundes har denne typen mykje til felles med kategorien kunstkorting og med sterkt demotiverte opphavlege samansetningar med metonymisk/metaforisk førsteledd. Ut frå ein strengt morfologisk og strukturalistisk synsvinkel er det liten grunn til å gje eksempel som *venn+diagram* vs. *t-verdi* vs. *tyte+bær* ulik status: Desse førsteledda er alle meiningstomme og dermed eksempel på morfologiske restsegment, sjølv om ein term som *t-verdi* er laga gjennom "kunstige" prosedyrar og *tytebær* er del av det "naturlege" språket. For å vareta distinksjonen 'kunstig : naturleg' let eg likevel kategorien restsegment stå, altså typen *tytebær*. For terminologien ligg det ein viktig skilnad i at denne typen berre kan reknast som eit idiomatiseringsprodukt (demotivering). Typen 'kunstkorting' må derimot prinsipielt reknast som aktiv og levande i terminologi, i den meining at han er open for morfologisk (og teknolekt-spesifikk) kreativitet på grunnlag av element som eksisterer frå før. 'Artifisielle' teikn har ofte eige leksikalsk innhald (jf. typen 'pi', π). Ingen av dei to typane kan dermed reknast som arbitrære i absolutt meining, altså finst det ein partiell motivasjon ved begge når ein ser dei som produkt, og det er såleis ein viss grad av "partiell härled-barhet" ved dei, sjølv om dei kan ha vesentleg lågare 'leddmotivering' enn vanlege komposita (jf. kapittel 2, seksjon 2.3.). Bakgrunnskunnskapen hjå teiknbrukaren er her avgjerande.

3.2.8 *Morfologiske kategoriar i termdanning – spesifikke problem*3.2.8.1 *Trunkering*

Som diskutert i avsnitt 3.2.7.2, kan forkortingar vera av to slag: mekaniske og semantiske, og frå morfologisk synsstad må typane behandlast ulikt. Ved semantisk forkorting ('klammeformer') er det eit komplett leksikalsk element som blir elidert, dvs. ei stamme eller eit leksikalsk morfem. Det som står att, er anten ei grunnform eller ei kompleks form med intakte morfem. Alt etter morfologisk struktur kan då desse restformene analyserast som rotord, avleiingar eller samansetningar, og dei kan tilordnast morfologisk motivasjon (eller ikkje) på same grunnlag som desse tre vanlege typane. Denne typen forkorting har vi drøfta i avsnitta 3.2.7.1 og 3.2.7.2.

Med trunkering meiner vi her altså 'mekanisk' forkorting og ikkje (semantisk) ellipse, sjå ovanfor. Slik mekanisk forkorting kan vera av ulik type, som skissert i modellen, men er som felles gruppe svært svakt representert i Materialet. Dei få forkortingane på heiltermnivå i Materialet fordeler seg på éi teleskopdanning og fem initialord:

Norsk	Engelsk	Status
<i>flotell</i>	<i>flotel</i>	Blanding, undertype teleskopdanning, "flotation hotel > flotasjonshotell", tilleggsmotivasjon teikn-til-teikn
<i>Btu</i>	<i>Btu</i>	Måleeeining, "British thermal unit"
<i>BOP</i>	<i>BOP</i>	synonym, jf. <i>utblåsingssikring</i>
<i>DP</i>	<i>DP</i>	synonym, jf. <i>dynamisk posisjonering</i>
<i>LNG</i>	<i>LNG</i>	frårådd, jf. <i>kondensert naturgass</i> ("liquefied natural gas")
<i>LPG</i>	<i>LPG</i>	frårådd, jf. <i>kondensat</i> ("liquefied petroleum gas")

Teleskopdanninga *flotell* er danna på engelsk av *flotation* + *hotel* og seinare innlånt med ortografisk tilpassing etter mønster av *hotell*. Det er altså eigentleg ikkje den morfologiske motivasjonstypen som er den primære når det gjeld den norske termen, men både etterstavinga *-tell* (> *hotell*) og førstestavinga *flo-* (jf. eng. *flotation* > no. *flotasjon*) kan tilskrivast morfologiske paradigmatisk assosiasjonar i norsk.

Dei engelske synonyma *Btu*, *BOP*, *DP*, *LNG* og *LPG* har regelbundne fullformer på engelsk, men dei to siste er frårådde ('deprecated'). *Btu* har status som internasjonal måleeeining, og norsk framlegg til avløyning er ikkje registrert. I *DP* < *dynamisk*

posisjonering < *dynamic positioning* er fullformene kognatiske og dermed motivlike. Når alle desse står i ordlista som ligg til grunn for Materialet, er det altså fordi dei faktisk er i bruk. Initialforkortingar er prinsipielt rekna som tillaten terminologisk synonymi, fordi forkortinga og den fulle forma har funksjonsfordeling og dermed ulik distribusjon.

I terminologisk avløyingsarbeid er det ei sentral problemstilling om slike engelske kjeldespråkforkortingar skal ha status som ”internasjonale” og dermed ikkje avløyast av målspråkforkortingar som svarer til dei fulle avløyingsformene (altså internasjonal vs. morfologisk transparens, jf. avsnitt 3.2.5 ovanfor). Det er ingen språkleg-systematiske grunnar til at *LNG* og *LPG* skal ha statusen ”frårådd” medan *BOP* (*blowout preventer*) ikkje skal ha det. Semiotisk sett er dei likt motiverte, og dei har altså i ordlista fått status som synonym jamsides ei norskspråkleg fullform:

<i>utblåsingssikring, BOP</i> <	”Ventilsystem på brønnehodet som brukes ved
<i>blowout preventer, BOP</i>	rotasjonsboring og skal hindre utblåsing”

Terminol-materialet (grunnlaget for Boring/NOT) lanserte den ikkje heilt systematiske initialforma *UBIS* som funksjonelt synonym for *utblåsingssikring* (Roald 1986a: 22). Den pragmatiske motstanden mot denne forma var så sterk at ho fekk symbolfunksjon for heile terminologiarbeidet, på godt og vondt: Ei språkpolitisk og ideologisk fanesak for terminologane, eit negativt symbol på verdien av nasjonalisering for brukarane/kundane.

Manglande morfologisk samsvar mellom forkorting og fullform i norsk er resultatet i alle dei fem initialforkortingane ovanfor. Den motivasjonen som kan tilordnast, er altså avgrensa til kunnskap om at uttrykka er forkortingar, og byggjer ikkje på nokon levande assosiativ korrespondanse mellom bokstav og fullform. Slike forkortingar er kanskje dermed motiverte i tydinga ”ikkje-tilfeldige” (ikkje-arbitrære, sjå seksjon 2.3), men ikkje morfosemantisk analyserbare. Med Kocourek: Den einaste meininga forkortinga ber, er den ’globale’. Pragmatiske faktorar (meir eller mindre rasjonelle) overstyrer ofte reint språkleg-systematiske.

Det er ikkje uvanleg å kombinera mekanisk forkorting med meiningsberande morfem, gjerne med forkortinga som førsteledd, og resultatet er gjerne ei form for tydeleggjering. Dette er svakt representert i Materialet. Det einaste reelle eksempelet

er *solas-utstyr* (*solas equipment*), av engelsk *SOLAS*.⁴⁵ Førsteleddet *solas* kan vurderast som eit eige grunnomgrep med teikn-til-teikn-motivasjon fordi det er innlånt. Først og fremst er det likevel sterkt demotivert, det einaste eksempelet i Materialet på 'siglasjon', det at forkortingar oppnår så sterk demotivering at dei går over til å vera opake teikn (der motivasjonen berre er etymologisk).

På deltermnivå i materialet finst det nokre tilfelle på ikkje-produktiv mekanisk tilpassing av verbstammar eller verbavleiingar, *senke* > *senk-* og *jekke* > *jekk-*. Deverbale adjektivavleiing med *-bar* er produktiv og regelviss, medan modifikasjonane (*halvt*) *nedsenkbar* > (*halv*)*senk-* og *oppjekkbar* > *oppjekk-* må tolkast som utslag av styrt økonomisk motivasjon gjennom trunkering:

Element	Heilterm	Engelsk ekv.	Definisjon
<i>senk-</i>	<i>halvsenkplattform</i>	<i>semisubmersible</i>	"Flytende plattform som kan
<i>senk-bar</i>	<i>halvt nedsenkbar plattform</i>	(underforst.: <i>drilling platform</i>)	senkes slik at pongtongene og en stor del av beina er neddukket under boring"
<i>senk-</i>	<i>senkplattform (oppslag)</i>	<i>submersible</i>	"Plattform med nedre pongtongseksjon som senkes ned på havbunnen ved relativt grunt vann"
<i>senk-bar</i>	<i>nedsenkbar plattform</i>	(underforst.: <i>drilling platform</i>)	
<i>jekk-</i>	<i>oppjekkplattform (oppslag)</i>	<i>jackup drilling platform</i>	"Plattform som flyter når den flyttes, og som kan senke beina ned til havbunnen og jekke opp dekk-seksjonen klar av havflaten før boring"
<i>jekk-bar</i>	<i>oppjekkbar plattform</i>		

Det er her snakk om definisjonar med stor informasjonsmengd og ditto behov for økonomi i uttrykket, og engelsk løyser det med litt usystematisk semantisk forkorting. Verba *senke* og *jekke* har normal stammeform i kombinasjon med suffikset *-bar*, men ville nok normalt ha hatt verbalfuge og tostavingsform i toledda samansetningar: "*senkeplattform*", "*jekkeplattform*". Trunkering er altså her utnytta medvite for å skapa morfosemantisk systematikk i ein liten og avgrensa taksonomi.

⁴⁵ "Safety of Life at Sea", jf. *International Convention for the Safety of Life at Sea (SOLAS)*, 1974. <http://www.imo.org/Conventions/contents.asp?topic_id=257&doc_id=647>. Sjå òg under direktelån, avsnitt 3.2.5.4.

3.2.8.2 'Konfigering' vs. 'lærd' orddanning

Nemninga 'konfigering' byggjer på Kocoureks morfologiske kategori 'confixation' ("formation savante"), og kan definerast som orddanning bygd på 'lærde' røter, det vil seia gresk-latinske, eller det som i fransk tradisjon heiter 'konfiks' (Kocourek 1991: 127). Eit konfigert ord ('mot confixé') er særmerkt ved streng kombinatorikk – eit konfiks i førstestilling kan berre kombinerast med eit anna konfiks i andrestilling, jf. *termo+meter*. Roald (1985: 261) "tar ikke stilling til om det er fruktbart å operere med et omgrep 'konfiks' på skandinavisk", og resultatet er då at han på ordplanet eventuelt berre kan rekna med tre typar konstruksjonar etter morfologiske kriterium: samansetningar, avleingar og rotord. *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund m.fl. 1997: 59) reknar typen *bio+logi*, *bio+grafi* som samansetjing i gresk, men avleiing i norsk, fordi leddet *bio-* berre finst som førsteledd i norsk. Problemet med den analysen er at andreledda *-grafi*, *-logi* då må vera avleiingsbase, og dermed er problemet ikkje løyst. I tabell 5 ovanfor (og 2, 4) har vi derfor rekna med kategorien 'konfigering' som ein undertype av morfologisk motivasjon, med berre eitt eksempel på heiltermnivå, *rotameter* (med spesielle problem, sjå avsnitt 3.2.9.1). På deltermnivå finst *penta+gonplattform*. Det fruktbare i å rekna med denne typen kan ikkje liggja i det prosessuelle aspektet. Etter alt å dømma er ikkje typen produktiv i skandinavisk, men eit resultat av innlån, altså teikn-til-teikn-motivasjon med eigenskapen internasjonal transparens. Frå statisk synsvinkel må typen reknast som svært relevant: Inventaret av slike ord er stort, det spelar ei viktig rolle i fagspråk og terminologi, og typen reiser ein del problem for morfologisk analyse som heng saman med motivasjon og motiverande eigenskapar.

Med utgangspunkt i nordiske språk svarer kategorien konfigering tilsynelatande til det breie omgrepet 'lærd' orddanning, altså orddanning på grunnlag av gresk-latinske element. Slik orddanning er vanleg og produktiv i fransk, og eit vanleg innslag i skandinavisk via import frå engelsk. Kontrasten mellom 'heimleg' og 'gresk-latinsk' eller 'lærd' orddanning er sentral i både termdanning og allmennspråkleg nyordsarbeid. Vi har vore inne på i kapittel 2 at det ikkje kan setjast fullt likskapsteikn mellom 'motivert' og 'heimleg', endå om dette er den vanlege tolkinga av omgrepet. Grensa mellom den kulturelle og den lingvistiske dimensjonen er uskarp, endå om vi held fast ved at kjerna i motivasjonsomgrepet er bruken av 'kjende' element. Kva som er 'kjent', er ikkje eintydig, som vi har sett Wüster var inne på i diskusjonen om 'Merkhilfe' i kapittel 2.

I dette avsnittet er hovudmålet med diskusjonen å kontrastera gresk-latinsk termdanning med andre morfologiske hovudmekanismar. Det vil seia at vi må la

omgrepet 'lærd' omfatta grupper og undertypar av nemningar som kan vera innbyrdes ulike både formelt og funksjonelt, men ikkje av den grunn konfigering. I Materialet kunne *hydrokarbon* kanskje vore eit anna eksempel på konfigering, men med trykk på første staving og ordboksdefinisjonen "organisk-kjemisk forbindelse som bare inneholder karbon og hydrogen" (BMO) er det meir rimeleg å rekna dette som ei kopulativ samansetning med mekanisk avkorta førsteledd: *hydro(gen)+ karbon*. Men motivasjonen må analyserast som uregelviss. Namn på lækjemiddel som *Paracetamol* (sjå kapittel 2, avsnitt 2.2.7) kan såleis karakteriserast som 'konfigering' på linje med termar frå vitskaplege nomenklatur: *nitrogen*, *oksygen* – eller fysikktermar som *freon* og *foton* – men det er ikkje slik kategorien er definert for fransk: Kocourek definerer typen *paracetamol* som ein type samansetjing ("juxtaposition des plusieurs mots constitutifs", Kocourek 1991: 130). Berre eit slikt lite utval viser at desse orda kan vera nokså ulike når det gjeld morfologisk og semantisk transparens og analyserbarheit, fordi ikkje alle slike morfologiske element er like godt kjende, og strukturen er derfor graduelt (u)gjennomsiktig og i varierende grad enkel eller vanskeleg å avkoda. Slike uttrykk kan òg vera nokså ulike funksjonelt, til dømes når det gjeld lengd, men fellesdraget, det som gjer at dei er plasserte på éin plass i modellen, er at dei utnyttar "lærde" røter, altså gresk-latinske.⁴⁶

I Materialet kan vi nokolunde eintydig la dei termene som er behandla ovanfor under direktelån og tilpassingslån på romansk grunnlag, særleg i avsnitt 3.2.5.4, vera klassifiserte som gresk-latinsk orddanning, rett nok importerte via engelsk og truleg i stor grad danna der. Dei tjue uproblematiske pluss eksempel som *dehydrering* og *deviasjon*, dessutan det einstaka eksempelet *rotameter*, utgjer i alt rundt 25 termar. Dette vil seia at ekvivalentpar som *viskositet* <-> *viscosity* eller *inhibitor* <-> *inhibitor* står som døme på bruken av lærd orddanning i norsk, og norsk *inhibitor* vs. *hemmer* som døme på brytinga mellom lærd og heimleg eller internasjonal og morfosemantisk transparens. Det er ikkje nokon særleg markant tendens den eine eller andre vegen når det gjeld preferansar, sjølv om heimlege alternativ svært ofte finst jamsides dei 'lærde'. Mange av dei 'lærde' termene med feste i vitskapleg nomenklatur står i avleiingsforhold til verb og/eller adjektiv, og er såleis morfologisk integrerte sjølv om dei isolert sett ikkje er danna produktivt morfologisk i norsk, men er resultatet av import: *erosjon* <-> *erodere*, *separator* <-> *separere*, *separasjon*, *viskositet* <-> *viskos*, *viskøs* (adj.), *viskose* (subst. m.). Den opphavlege teikn-til-teikn-motivasjonen

⁴⁶ Nordiske språk viser at "lærd orddanning" kan gjerast ved bruk av heimlege ressursar, jf. H. C. Ørstedes *ilt* og *brint* <-> da. "ild, brinde", eller islandsk orddanning, typen *tölva* og *sími*, men 'lærd' refererer då heller til eigenskapar som "planlagt", "nøye uttenkt", og ikkje til opphavet for det morfologiske materialet.

og internasjonale transparenten er altså støtta av ein (aukande) morfologisk-semanticke motivasjon. I dette faglege domenet er bruken av lærd orddanning derfor ikkje spesielt markant, men heller moderat, og mange av dei siterte eksempla må reknast som avleiingar, ikkje konfigurering, som er ein klårare morfologisk kategori. Konfigurering er altså ein snevrare kategori enn 'lærd' orddanning.

Det kan heller ikkje avgjerast ved morfologisk analyse kva for variantar som er 'lettast' å avkoda, men det har likevel ei viss interesse å slå fast kva grad av motivasjon som finst ved denne typen termdanning, og som derfor potensielt *kan* verka inn på tolkinga. Kort sagt: Kor langt kan det morfologiske motivasjons-omgrepet "strekktast" ved denne typen termdanning?

I norsk grammatisk tradisjon har ikkje 'lærd' orddanning eller omgrepet 'konfigurering' nokon tydeleg plass. *Norsk referansegrammatikk* ser ikkje på kategorien som produktiv, og nøyer seg altså med å klassifisera slike produkt som avleiingar, fordi ledd av typen *bio-* i *biologi* berre står som (trykksvake) første ledd i ord (Faarlund m.fl. 1997: 59).⁴⁷ Leira (1992, særleg 16ff.) nyttar termen *ending* depresisert, f.eks. ved leddet *-grafi*: "Ending som gjev emne for, resultat av eller teknikk i skrivearbeid (Leira 1992: 137)". Leddet *bio-* vert (Leira 1992: 105) kalla "Forledd med tydinga 'liv' [...] *biografi* 'skildring av eit liv'". Terminologien hans (*ending*, *forledd*) impliserer at ord av typen *biografi* er avleiingar, fordi det er tilordna ei stabil og affiksliknande tyding til kvart av elementa. Det er ikkje stilt krav om eit rotmorfem, slik det er vanleg ved avleiingar, og skilnaden vert altså slik:

forledd + etterledd	→ nytt leksem (ny stamme), tilsvarande konfigurering
rot + affiks	→ nytt leksem (ny stamme), = avleiing

Nokon nærare karakteristikke av dette tilfanget (ordtypen og ordmaterialet) enn at det kan kallast *gresk-latinsk* eller *romansk*, gjev Leira ikkje (s. 18f.).

Sjølv om konfigurering kanskje ikkje kan reknast som morfologisk produktiv i skandinavisk, er ordtypen viktig som eksisterande type, og typen er potensielt ekspansiv gjennom kreativitet eller lån. I teknisk og vitskapleg terminologi er ordtypen frekvent, og han aktualiserer mange av dei sentrale aspekta ved motivasjon: framandord vs. heimleg, utsegnskraft, internasjonalisering osv. Det er derfor opplagt at typen må ha ein plass i ein modell over termmotivasjon. Dersom synsvinkelen skal vera strengt prosessuell, kan konfigurering ikkje stå som underkategori av morfologisk

⁴⁷ Vi må då sjå bort frå at *bio-* kan opptre som samansetningsledd i typen *bioteknologi*, gjennom mekanisk forkorting av det fullstendige førsteleddet *biologi*, **bio(logi-)teknologi*.

motivasjon (omgrepsmotivasjon) dersom han ikkje er produktiv eller kreativ. Han kan derimot likevel plasserast under teikn-til-teikn-motivasjon fordi typen kan reknast som lån, og gjennom lån fungerer han òg som ein type kreativitet i skandinavisk, fordi mengda av slike leksem er open. Og framfor alt: Typen kan ikkje kallast komposisjonell, men han er analyserbar frå statisk synsvinkel, derfor fyller han definisjonskravet til morfologisk motivasjon.

Dersom synsvinkelen er statisk, blir vidare resultatet dobbeltmotivering, fordi teikn-til-teikn-motivering blir supplert av ein type morfologisk motivasjon: Typen *bio+grafi* og *nitro+gen* er ikkje isolert sett transparent for den som ikkje kan latin eller faget det gjeld, men kan identifiserast gjennom paradigmatisk mønster som klårt plasserer dei i ulike taksonomiar, nomenklatur e.l., og som dermed utgjer tolkingsmønster (jf. Svanlund): Leddet *+gen* kan indikera 'systemplassering' sjølv for den som ikkje veit at det tyder "født, av en viss art" (BMO). Dermed har det både 'Merkhilfe' og 'leddmotivering', sjølv om leddmotiveringsandelen kanskje ikkje er høg (og alt dette er sjølvsagt graduelle faktorar). I Materialet finst det eksempel som *habitat* og *rotameter*: *habitat* har ei ending som er paradigmatiske identifiserbar (jf. avsnitt 3.2.8.3: *kondens-at*), det same er tilfellet med *rotameter*: *termometer*, *manometer* osv. Men der *rota-* kan analyserast som restsegment, er kanskje *termo-* lettare å assosiera med 'varme', og derfor kan ein hevda at eksempla står på kvar si side av den uskarpe grensa mellom ufullstendig og uregelviss motivasjon.

Vi må altså innordna konfigurering som type i modellen, og på grunn av den faste og gjensidige leddstyringa kan typen forsvare ei plassering under 'fullstendig' motivasjon. Dette er altså eit positivt svar på spørsmålet Roald (1985) reiser ovanfor, om 'konfiks' er fruktbart i skandinavisk som morfologisk kategori. Eit konfigert ord er 'fullstendig' i den meining at det utgjer eit komplett mønsterord der ingen ledd er trunkerte, eliderte eller underforstådde. Men 'konfigert' kan ikkje setjast som synonym til 'lærd' eller 'gresk-latinsk', som er breiare kategoriar og som går på tvers av skiljet mellom avleiing og samansetjing. Mange gresk-latinske orddanningsprodukt passar nok betre i gruppa 'ufullstendig' motivasjon i skandinavisk, fordi Leiras kategori 'ending' kan referera til 'mønster' utan å implisera noko morfologisk regelvisst eller produktivt.⁴⁸ Av desse grunnane lagar vi ingen kategori 'lærd' eller 'gresk-latinsk' i modellen.

⁴⁸ Dette gjeld vel å merka sjølvsagt ikkje hybridsamansetjing når f.eks. endinga frå konfikset inngår i samansetningar med leksikalske morfem, typen *bio-teknologi*. Typen konfiks kan òg gje opphav til produktivitet og danning av hybridar, som *hår + -logi* → *hårologi* ("lære om hår?" observert ord i firmanamn, jf. *astro+*, *geo+* osv.), eller *valg + (auto)mat* → *valgomat* (norske aviser, kommunevalkampen august 2007).

3.2.8.3 Avleiing, ending, utgang

Ei anna side av dette problemet gjeld det at visse uttrykkselement eksponerer paradigmatiske relasjonar eller har andre morfemliknande eigenskapar utan at dei eintydig kan tilordnast status som morfologisk element i streng strukturalistisk forstand: *pro+* i *pro+sess* (jf. *pro+blem*, *pro+tese*), eller *+(o)ar* i *reserv+(o)ar* (jf. *piss+(o)ar*), *re+* i *re+server* (jf. *re+volver*) og så vidare. Og vi må også ta stilling til ein streng som *+oleum* 'olje' i *petr+oleum*, *karb+olineum*, *lin+oleum*, bestemt form *petroleumen*, *karbolineumen*, *linoleumen*. Elementet *+ar* finst i *Bokmålsordboka* berre i fire ord, alle nøytrumsord < fransk *+oir*: *budoar*, *pissoar*, *repertoar*, *reservoar*. Trass i at begge typane har trykksterkt affiks, er det neppe sjanse for forveksling med stavinga *+ar* i *sonar*. Dei utgjer eit finitt sett med strukturelt assosiativt nett til kvarandre. Leira omgår dette problemet ved å skilja mellom 'bøyingsending', 'avleiingsending', 'prefiks' og 'suffiks' på den eine sida, og termen *utgang* på den andre:

Stundom kan det vere naudsynt eller nyttig å snakke om kva eit ord sluttar på, utan å komme inn på kva slags ordelement det er. Då kan ein bruke nemninga *utgang*, som ganske enkelt fortel at det gjeld ein eller fleire bokstavar til slutt i ordet. Det kan vere ein del utan spesiell funksjon eller tyding, t.d. *-at* i *plakat*, eller ein del med ei spesifisert oppgåve eller tyding, t.d. *-en* i *maten*. (Leira 1992: 17)

Med 'utgang' refererer Leira til element heilt utan morfologisk status, medan 'ending' refererer til affiks, altså til morfologiske element. Han omgår på denne måten òg slike problem med strukturell motivasjon som vi har sett på ovanfor når han klassifiserer *-eum* som "[u]tgang i ein del substantiv av framandt opphav" (Leira 1992: 133): Strengen *-eum* vert meir ei stammeending enn eit avleiingsaffiks.

Språket er fullt av slike paradigmatiske mønster, og Ullmanns karakteristikk om at motiverte ord "must be felt to be motivated" er fullt mogeleg å tenkja seg brukt om slike tilfelle. Slike assosiasjonar kan sjølvstøtt vera meir eller mindre idiosynkratiske i staden for kollektive. Det er ikkje innlysande at den vanlege språkbrukaren greier å skilja ut ord med utgangen *-eum* < *oleum* 'olje' frå *-eum* som 'vanleg' affiks, trass den klåre genusskilnaden (*museum*, nøytr., jf. òg *-(n)ium* i *aluminium* mask./nøytr., av *alumen*, vs. *ammonium* nøytr.) Derimot er det sannsynleg at språkbrukarar med fagleg domenekunnskap meistarar det i dei tilfella som faktisk er domeneforankra. Elementet *-at* er ifølgje norsk leksikografi eit avleiingsaffiks: *kondens/ere* > *kondens-at*, *destill/ere*, *destill-at*, men polysemt:

Nynorsk- ”-at n1 (lat. -atus) ending som fortel at ordet står for: **1** eit produkt, t d i
ordboka *aggregat og *konsentrat **2** eit salt av einskilde syrer, t d i *fosfat og
 *nitrat **3** ein ester, t d i *acetat*”

I *habit-at* er grunnforma tom, og kan berre setjast inn etymologisk (lat. *habit/are*, ’bu’). Slike former er altså ikkje noko problem morfologisk. Ordet *habitat* er lånt inn i norsk allmennspråk frå latin via engelsk, men affikset *-at* er ikkje uvanleg i norsk fagspråk (*derivat*, *konsentrat* m.fl.). Poenget med å problematisera dette ligg i at terminologiske teoretikarar faktisk *har* antyda at slike samband kan fungera motivasjonelt og dermed verka inn på den kommunikative funksjonen som termene *har*, og dermed er problemet relevant. Med støtte i Neubert (1985) ville vi til og med kunna hevda at strengen *-ar* i *sonar* skulle vera det same elementet/affikset som *+ar* i *reservo+ar*, eller at det i alle fall var eit assosiativt samband mellom dei to orda og andre med lik form på stammen.⁴⁹ Det er heilt umogeleg å avvise at slike assosiasjonar *kan* spela ei rolle, men svært vanskeleg å beskriva og forklara det systematisk og prinsipielt – det handlar i stor grad om psykologi, og Ullmanns subjektivitetskrav hindrar ikkje at analysen truleg ofte meir fungerer *’post hoc’*.

Denne analysen kan derfor lett enda i det spekulative, og når vi ovanfor har brukt uttrykket ”å tilordna motivasjon”, impliserer vi at dette skjer *’post hoc’*. Både Neuberts observasjon om at det i uregelvisse termar likevel finst indikasjonar på motivasjon (jf. avsnitt 2.2.5) og Kocourek’s definisjon (jf. avsnitt 2.2.6, ”termen skal innehalda element som viser kvifor han er vald ...”) kan vurderast som *’post hoc’*-resonnement. Den tradisjonelle motivasjonelle ideen om ’transparens’ handlar derimot først og fremst om ”pre hoc” eller prediktiv avkoding, det vil seia tolking på grunnlag av allment kjende morfologiske element. Slik avkoding krev i sin tur at dei morfologiske elementa både er identifiserbare og har eit etablert, stabilt semantisk innhald. Med distinksjonen ’motivasjon’ vs. ’forklaring’ frå kognitiv lingvistikk (”motivaton vs. explanation” jf. kapittel 2, avsnitt 2.2.10.3 og seksjon 2.3) kan vi seia at ikkje-regelvis og ikkje-fullstendig motivasjon tilbyr kognitiv støtte, til dømes mnemoteknisk (jf. Kocourek 1991: 178, ”valeur mnémotechnique”). Den kan føra til høgare metaspråkleg merksemd mot termen og dermed medvit, og dette kan sjølvstøtt påverka den kommunikative effektiviteten. Når islandsk purisme stiller *steinolja* i opposisjon til *petroleum*, så er det altså ein opposisjon mellom avløyning gjennom omsetjingslån, som favoriserer morfologisk-semantisk transparens, og partiell morfologisk motivasjon. Det krevst spesialkunnskap for å sjå sambandet gresk *petra*

⁴⁹ Engelsk *sonar*, NNO: ”(fork. for eng. *sound*, *navigation*, *ranging* ’lyd, navigasjon, forstånd’) apparat som med ekko registrerer leia og forstånden til ting under vatn; asdic”).

'stein' og latin *oleum* 'olje', men berre allmenn språkkjensle for å føla at leddet *-eum* kanskje 'tyder' noko.

Neuberts observasjon (og Kocourek's) kan altså ikkje avvisast som terminologisk irrelevant. Men samstundes vedrører slike fenomen ikkje motivasjon eksklusivt i terminologi. Den typen motivasjon som det – alt etter lingvistisk ståstad og preferanse – skulle vera mogleg å tilordna leksem av typen *pro+sess* og *reserv+(o)ar*, er ikkje noko som har oppstått i desse leksema som ein konsekvens av at dei er domenespesifikke fagtermar. Det er neppe først og fremst på grunn av affiksa og den partielle motivasjonen at dei er tekne i bruk innanfor dette spesifikke terminologiske domenet, men på grunn av det semantiske potensialet dei representerer som tekniske basisord. Vi kan derimot avvisa at slik partiell (ufullstendig, uregelviss osv.) motivasjon ikkje kan utnyttast metodisk og systematisk som termdanningsprinsipp innanfor andre terminologiske domene. Det er ikkje eintydig og statisk gjeve kva som er morfem eller ikkje innanfor vitskaplege eller andre faglege domene, og mønstera kan i seg sjølv vera den avgjerande faktoren:

	I -on n1 (gr <i>-on</i> , i tyd. 2 gr <i>-one</i>) brukt i: 1 namn på visse gassar, t d i
Nynorsk-	<i>neon</i> 2 namn på visse avleide sambindingar, særleg keton, t d i <i>aceton</i>
ordboka	II -on n1 (etter mønster av <i>I -on</i>) suff i namn på elementærpartiklar, t d i
	<i>nøytron</i> og <i>proton</i>

Eksempelet *-on* frå fysikken er oppgjeve som suffiks/morfem i NNO når det gjeld partikkelfysikk, og med endinga *-on* om gassar som motiverande basis. Det har klare paradigmatiske samband, og gjev dermed det terminologiske tilfanget ein distinkt domenekarakter: *elektron*, *proton*, *foton*. Det same resonnementet kunne vi ha brukt om *-on* som markering av gassar: *freon*, *neon*, der det ikkje er oppgjeve som affiks. Motivasjon er altså ikkje noko eintydig morfologisk fenomen, men ligg på eit høgare abstraksjonsnivå, og slike element har alltid potensial for å fungera produktivt.

3.2.8.4 Den vanlege og uproblematisk typen morfologisk motivasjon

Med framgangsmåten "frå det markerte til det umarkerte" – sjå avsnitt 3.2.7.0 – har vi no enda med den største gruppa, samansetningane. Morfologisk motivasjon står ikkje alltid i reell kontrast til andre motivasjonstypar, men er ein umarkert type som innordnar andre typar, slik at motivasjonen i ein kompleks heilterm ofte er kumulativ eller dobbel. Der dei motivasjonelt interessante kontrastane viser seg på deltermnivå,

dvs. i grunntermer som utgjer eit termelement eller ein delterm i den komplette termen, drøftar vi dei spesifikt i kvart tilfelle.

Den heilt vanlege og uproblematisk typen morfologisk motivasjon er den som det faktisk er mest av, slik tabell 5 viste. Det er denne typen som er mest transparent både i tydinga 'usynleg' og i tydinga 'gjennomsiktig'. Det er den umarkerte typen, som vi no endar med etter å ha drøfta alle unntaka og problema på vegen. Frå strengt morfologisk synsvinkel er det derfor ikkje så mykje meir å seia om denne typen, anna enn det som ville høyra til ei allmenn grammatisk beskriving. Samansetjing som orddanningsmekanisme har eigenskapen å inkorporera andre mekanismar og fylla viktige funksjonelle behov, derfor behandlar vi dei særmerkte eigenskapane spesifikt der dei høyrer heime. Vi kan eventuelt gå vidare med å diskutera alle problem som har å gjera med 'kumulativ motivasjon' i denne kategorien, det vil seia at komplekse termer inneheld element eller deltermer som sjølve kan vera (komplekse) termar, altså heile påbyggingsproblematikken.

Ein påbyggingsterm er sterkare komposisjonell og dermed lausare i den interne kohesjonen, og dermed sterkare og regelvisst motivert, til dømes *adsorpsjons+oljeopptaker*. Omvendt kan fullstendig motiverte samansetningar av ulike grunnar vera demotiverte og dermed (grensa til) uregelvisst motiverte, men dette er ofte vanskeleg å avgjera, fordi vi alltid støyter på problemet med underspesifisering, og det er ikkje det same problemet: Vi har underspesifisering i både *utmattning* og *materialtrøttheit*, men sterkast i den første, og begge er fullstendig motiverte. Omgrepet 'fullstendig' peikar mot den morfologiske strukturen, medan 'uregelviss' peikar mot demotivering og leksikaliseringsproblematikk (jf. seksjon 2.3), og *utmattning* er ikkje pr. definisjon demotivert fordi termen (truleg) er danna ved ellipse: (**material*)*utmattning*. Demotivering har vi derimot heilt opplagt internt i eit samansett ord som *plattform* (innlånt, *platt* berre nærsynonymt med *flat*). Dette er eit generisk ord som berre har status som termelement i *Materialet*, og som òg er polysemt med underspesifisering: Onomasiologisk er det skilnad på *plattform* i *produksjonsplattform* (ein type oljeplattform) og i *monteringsplattform* (eit "Midlertidig dekk ..." om bord på plattform). Det ville sprengja rammene for denne framstillinga å ta opp heile demotiveringsproblematikken i full breidd.

3.2.9 Dobbeltmotivering og overlapping

3.2.9.1 Analyseeksempel: rotameter

I motsetnad til morfologisk orddanningsteori, som kan og må ta utgangspunkt i éin lingvistisk teori eller modell som då må vera mest mogeleg internt motseiingsfri, står den modellen eg no drøftar, i fare for å gjera for mange ting på éin gong. Modellen avspeglar mange dimensjonar: Det er ikkje noko ein-til-ein-samsvar mellom visse semantisk-pragmatiske eigenskapar – til dømes at visse trekk er reflekterte i termen – og spesifikke orddanningskategoriar, til dømes avleiing, samansetjing, lån. Modellen fangar ikkje opp alle relevante eigenskapar (ellipse, ekspansjon, dobbeltmotivering, de- og remotivering), det er ikkje noko presist skilje mellom det prosessuelle aspektet og ferdigord-aspektet ("Wortbildung" vs. "Wortgebildetheit"), og så vidare. I mange tilfelle er motivasjonen ein eigenskap som vert tilordna eller tilskriven på bakgrunn av egne erfaringar og kunnskap. Den Kocourek-baserte tilnærminga er såleis ein sterk kontrast til den stringente strukturelle tilnærminga som Kageura (2002) står for, og dermed vanskelegare å tillempa i analyse. Modellen kan få eit for sterkt ad hoc-preg.

Fordelen er på den andre sida at vi med ei meir mangesidig tilnærming kan gje ei meir uttømmende beskriving av dei bodskapsformidlande eigenskapane ved termar, men denne tilnærminga kjem ikkje fullt til sin rett utan at vi tek konsekvensen av Svanlunds posisjon:

När vi skapar och tolkar sammansatta ord använder vi oss alltså inte enbart av våra kunskaper om ordlederna. Sammanhanget bidrar också med innehåll [...] Att hitta de adekvata bakgrundsramarna är därför en väsentlig del i all tolkning. (Svanlund 2002: 38)

Dette tilseier ei sterkare kognitiv tilnærming enn det er lagt opp til i denne avhandlinga, og i tillegg kan vi ikkje kansellera det taksonomiske behovet som var utgangspunktet for diskusjonen. Som tidlegare nemnt, må Svanlunds tilnærming gjelda alle typar leksem, ikkje berre samansetningar. I 'komplett arbitrære' leksem må bakgrunnsrammene og kunnskapen gjera heile jobben, men med veksande motivasjon får vi altså tillegghjelp av språkssystemkunnskapen. Korleis vert for eksempl analysen av *rotameter* (Materialet) etter denne tilnærmingmåten?

rotameter < engelsk *rotameter*: "Instrument som måler hvor fort strømmen av væske eller gass går i et rør"

Sisteledet *-meter* realiserer eit produktivt mønster av 'måleinstrument', jf. *termo+meter*, *mano+meter* osv., alle med genus nøytrum. Ein rimeleg analyse for engelsk ville vera at dette var ei samansetning, fordi *meter* er eit sjølvstendig leksem med tydinga 'målar', og *rota-* kanskje eit restsegment. I norsk vil ein rimeleg analyse vera at dette er ein kombinasjon av det nyklassiske suffikset *-meter* med eit trykksvakt nyklassisk prefiks,⁵⁰ bortsett frå at *rota-* etymologisk sett ikkje er nyklassisk på same måten som *termo-*, sjølv om det har same trykkmønster. For Kocourek med fransk som utgangspunkt er denne typen klassifisert som konfigurering (Kocourek 1991: 127 ff), som er ein type produktiv morfologisk motivasjon. I norsk grammatisk tradisjon er denne produkttypen som sagt rekna som eit grensetilfelle mellom avleiing og samansetjing, og mogeleg å tilordna motivasjon ut frå ein statisk synsvinkel på grunnlag av språkssystemkunnskap: Både førsteledd av typen *termo-* og sisteledd av typen *-meter* har paradigmatiske og syntagmatiske eigenskapar som definerer dei som affiks, altså er kombinasjonsprodukta motiverte. Førsteleddet *rota-* i *rotameter* kan gje inntrykk av å vera eit konfiks (nyklassisk prefiks), eventuelt laga assosiativt til 'rotasjon' og dermed til 'fart', men dette er ein falsk etymologi (folkeetymologi): Termen "henspiller både på den opprinnelige fabrikants navn (*Rotawerke* i Berlin) og på instrumentets funksjon, at det er en måler" (Lydersen & Dahlø 1987: 95). Det vil då truleg ha trykk på første staving. Dersom *rota-* vart omtolka (remotivert) til å ha med 'rotieren' å gjera, ville slik motivasjon vera etymologisk sekundær, men kanskje levande. Språkssystemet kan altså aktualisera ei falsk ramme som må korrigerast gjennom bakgrunnskunnskap – som det er rimeleg å venta at maskiningeniørar har, og som dermed gjev leddet *rota-* høgare leddmotiveringsgrad. I denne termen har vi altså fleire lag av motivasjon:

- *teikn-til-teikn-motivasjon*, fordi termen er eit direktelån frå tysk. Termen er eldre enn oljealderen.
- *semantisk motivasjon*, fordi førsteleddet reflekterer produsenten *Rotawerke*, altså metonymi gjennom undertypen eponymi (namn).
- *ufullstendig morfologisk motivasjon* synkront sett, med restsegment (typen "tytebær") frå morfologisk synsvinkel (jf. Kageura 2002: 102 og dømet *venn diagram*), fordi *-meter* har etablert suffikstyding, *rota-* ikkje.

Graden av motivering heng altså saman med graden av aktiv bakgrunnskunnskap, og det er truleg den ufullstendig morfologiske og den semantiske motivasjonen som her utgjer dei pragmatisk viktige tolkingsalternativa – ikkje det at termen er lånt.

⁵⁰ Takk til staben ved Mundal Båt AS for respondenthjelp med uttalen, november 2007.

Analysealternativet 'arbitrær' har vi rasjonalisert vekk ved å ikkje rekna med typen "tytebær" som arbitrær danningstype, men i staden morfologisk, ufullstendig motivasjon. Denne analysen er meir tilfredsstillande, fordi komplekse ord med restmorfem (jf. Kageura: *venn diagram*) trass alt inneheld meningsfulle segment og såleis er delvis meningsberande for den som kan aktualisera dei relevante bakgrunnsrammene, jf. Lydersen og Dahløs vurdering av leddet *-meter* (ovanfor), og ein analyse av termmotivasjon må ta utgangspunkt i at termen tilhøyrrer eit fagdomene der domenekunnskapen omkring fagspråket er høgare enn hjå det breiare publikumet. Dette resonnementet tyder òg at motivasjon ved komplekse uttrykk ikkje berre er eit spørsmål om semantiske relasjonar mellom førsteledd og sisteledd, som må fyllast ut kontekstuel, men òg om den semantikken som ligg innkapsla i kvart einskildledd og som har konsekvensar for leddmotiveringsgraden (Svanlund 2002: 38). Leddet *-meter* opptrer morfologisk med sterke restriksjonar, og kombinasjonen med *rota-* er truleg berre mogeleg fordi leddet *rota-* òg vert tolka som eit nyklassisk prefiks (tendensiell 'remotivering').

3.2.9.2 Kan dobbeltmotivering generaliserast?

Som nemnt fleire gonger ovanfor, er Kocoureks modell ikkje fri for overlappingar, og han har ikkje nokon klårt innarbeidd plass for fenomenet 'dobbeltmotivering'. Det kan vi heller ikkje forlanga av ein modell som det er rimeleg å tolka som ei framstilling av det dynamiske perspektivet på orddanning. Men dersom perspektivet vert snudd til å gjelda den einskilde termen og korleis den er motivert, er nettopp dobbelt og fleirdobbelt motivasjon ein svært viktig faktor, som ikkje minst eksempelet *rotameter* viser. I dei fleste einskildleksem (einskildtermar) er det mange måtar å kombinera motivasjon på, men meir interessant ville det vera om det kunne sporast tendensar til kombinasjonar der dei ulike typane interagerer på meir systematisk vis. Slike tendensar finst, det gjeld mellom anna:

- Morfologisk uanalyserbare rotord kan ha ei semantisk motivering via terminologisering eller overføring, og ei teikn-til-teikn-motivering som tydingslån.
- Typen med restsegment kan ha ei motivering via metonymi (*tytebær* vs. *rotameter* og engelsk *venn diagram* m.fl., jf. Kageura 2002: 102).
- Grafisk motivasjon er eit særtilfelle av morfologisk motivasjon, fordi førsteleddet representerer seg sjølv (*H-bjelke*, *H-* = "form som bokstaven *H*"). Denne motivasjonstypen er altså viktigast på deltermnivå, som samansetjingsledd.

- Kategorien 'tydingslån' kan analyserast ut frå to alternative synsvinklar: Tverrspråkleg er det tale om teikn-til-teikn-motivering, men internt norsk er det ein type semantisk motivasjon (metaforisering, terminologisering, polysemi).
- Omsetjingslån ("calques") er definert som omsetjing ledd for ledd, og er derfor ein morfologisk kompleks kategori. I denne typen finst det derfor pr. definisjon morfologisk motivasjon i tillegg til teikn-til-teikn-motivasjon. Teikn-til-teikn-motivasjon er i det heile knapt tenkjeleg utan i kombinasjon med ein annan motivasjonstype, først og fremst omgrepsmotivering. Ved sekundær termdanning vil jo desse typane motivering – og kombinasjonen av dei – nærast pr. definisjon få stor vekt. Kva type som då er primær, har på ny å gjera med Ullmanns sitat "for a word to be motivated, it must be felt to be motivated". Lingvisten og språkbrukaren kan komma til ulikt resultat.
- Siglasjon (akronymdanning) er truleg ofte produktet av demotivering, og i så fall er det ei initialforkorting som er den motiverande basisen. Dette er det ikkje alltid lett å dokumentera, og siglasjon kan truleg skje svært snøgt: *NATO* > *Nato*, */'en'a:'te:'u:/ > /2na:tu/. *PC* > *pc*, /'pe:'se:/ > /2pe:se/, *AIDS* > *aids*, /'eids/⁵¹. Det finst eksempel på fri variasjon av slike former, og det støttar hypotesen om demotivering: *SAS* = /'es'a:'es/ og /'sas/. I andre tilfelle dannar siglasjon og initialforkorting minimale par: *NAF* = /'en'a:'ef/ : /naf/.⁵² I Materialet er det berre deltermen *solas* som eksemplifiserer dette, jf. avsnitt 3.2.8.1.
- Typen *partnar* i norsk (< eng. *partner*) er eksempel på remotivering via (styrt) morfologisk regularisering, og produktet kan strukturelt analyserast som fullstendig, men uregelviss motivasjon (leddet *part-* er ikkje restsegment dersom motivasjonen via *part* i tydinga "part i sak" (= 'del', < lat. 'pars') kan reknast som levande). Uregelvisst morfologisk motiverte leksem kan altså vera uttrykk for ein ekspansiv type via remotivering, og det spelar inga rolle for dette resonnementet at regulariseringa/remotiveringa er styrt.

Det systematiske i dette må liggja i at omgrepsmotivasjon og teikn-til-teikn-motivasjon ofte går hand i hand (kompatibilitet), medan undertypene av omgrepsmotivasjon (semantisk og morfologisk motivasjon) ofte konkurrerer med kvarandre, dette er òg tema for diskusjonen i kapittel 4. Vidare er det ein plausibel hypotese at både formmotivasjon (*kling-klang*) og direkte motivasjon (*splash/plask* og *H-bjelke*) fungerer ekvivalent på tvers av språk, og at dei altså ikkje konkurrerer med

⁵¹ Talet 2 i /2na:tu/ = 'tonem 2'. Jf. *Nynorskordboka*: "aids m1 (utt aids; fork. for eng. *acquired immune deficiency syndrome*". Jf. derimot 1986-utgåva: "AIDS (utt aids el. a-i-d-s [...])"

⁵² *Norsk Arbeidsgiverforening* (noverande NHO) vs. *Norsk Automobilforbund*.


omgrepsmotivasjon i sekundær termdanning. Ein slik hypotese kan likevel ikkje testast særleg påliteleg på dette materialet.

3.3 Konklusjon og avrunding

Gjennom diskusjonen i kapittel 3 har vi komme fram til ein modifisert modell over motivasjonstypar, figur 23, sjå nedanfor. Det er likevel på sin plass å vedgå at modellen ikkje kan løysa alle problem. Kompleksiteten i motivasjonsomgrepet (jf. kapittel 2, seksjon 2.4) disponerer ikkje for absolutt motseiingsfrie inndelingar og strengt disjunkte kategoriar, men modellen gjer likevel meir utførleg greie for dei viktigaste taksonomiske dimensjonane enn tidlegare alternativ.

Kategorien ”arbitraritet” kan etter resonnementet i dette kapitlet reduserast til to undertypar: For det første *ex nihilo*, som det ikkje finst mange eksempel på, og som berre kan identifiserast historisk (jf. *gass* < *chaos*), og for det andre rotord, dvs. morfologisk uanalyserbare ord som ikkje er semantisk motiverte eller teikn-til-teikn-motiverte. Dei to kategoriane glir over i kvarandre, så her gjeld Ullmanns subjektivitetskrav omvendt: ”Ikkje-motiverte uttrykk må opplevast som ikkje-motiverte.” Slik vi har resonnert i dette kapitlet, kan vi hevda at alle rotord som har minst éi semantisk varianttyding ved sida av den aktuelle terminologiske tydinga (altså det faglege omgrepet), òg har ein type semantisk støtte (gjensidig basis) som gjer dei motiverte, jf. Radden og Panthers (2004) type innhald–innhald-motivasjon med eksempelet polysemi. Fordelen med det er at vi slepp å skilja mellom undertypane av semantisk motivasjon, terminologisering og overføring. Ulempa er på den andre sida at det neppe finst så mange ord i allmennspråket med berre éi tyding, og gruppa av ikkje-motiverte ord i språket skrumpar då kraftig inn.

Vi har dermed på ny teke stilling for prinsippet om motivasjon som det dominerande og normale prinsippet, altså det som både Kocourek og andre som er drøfta i kapittel 2 hevda, at dei fleste termar er motiverte. Når gruppa av motivasjon vert så alt-omfattande, misser prinsippet samstundes beskrivande og klassifiserande verdi for å skilja mellom motivert og ikkje-motivert. Dei interessante perspektiva ligg på lågare nivå i modellen, mellom motivasjonstypane innbyrdes. Vi vil halda fast på at denne utvidinga av Kocoureks modell er ”beskrivande adekvat” i vår samanheng, dvs. som eit overgripande rammeverk for dei einskilte termdanningsmekanismane som har nedfelt seg i eit spesifikt terminologisk materiale innanfor eit spesifikt fagleg domene.



Figur 23. Revidert motivasjonstypologi. Jf. òg figur 11.

Modellen gir likevel ikkje nokon tydeleg plass for prosessen demotivering. Det ville kanskje ikkje heller vera noko rimeleg krav, sidan dette er ein prosess som verkar på alle typar orddanningsprodukt og ikkje berre på dei morfologiske. Nokre typar i modellen har pr. definisjon låg motiveringsandel og -grad, men utan at dette er ei følge av demotivering. Det gjeld først og fremst konfiguring, kunstkorting og initialforkortingar. Andre kategoriar må etter dette resonnerast vera ei følge nettopp av slik demotivering, slik som siglasjon og samansetningar med restsegment ("tytebær-element").

4 TYPOLOGISKE OG FUNKSJONELLE ASPEKT

4.0 Avmetaforisering, funksjonalitet og 'folkelingvistikk'

I normativ terminologi er det eit krav om at termdanning i eit språk skal byggja på strukturen i vedkomande språk, respektera idiomatiske modellar og altså ikkje ukritisk importera modellar frå långelevande språk (ISO 704, Kocourek 1991 og andre kjelder). Dette kravet må vegast mot funksjonelle variablar, som informativitet – at termen skal formidla eit meiningsinnhald – og økonomi, at termen ikkje skal vera for lang og tungvinn i bruk. Alle desse faktorane møtest i kravet om motivasjon. Det har vore eit velkjent problem at motiverte, gjennomsiktige, informative termar ofte vert for lange. Alt H. C. Ørsted peika på at "[o]rdentligviis skulde Ordene kun antyde, ikke stræbe at udtyde hele Tankeindholdet (ikke være Definitioner)" (her sitert etter Vinje 2002: 70). Med andre ord skal representasjonsfunksjonen overordnast beskrivingsfunksjonen. Når det gjeld moderne terminologi, er det nok å visa til normative dokument som (med grunnlag i ISO 704) peikar på problemet med "crucial trade-offs in each particular case (e.g. transparency vs. conciseness of terms)" (UNESCO 2005: 11). Som drøftinga i seksjon 2.1 viser (jf. sitat 9), er "accuracy" ekvivalent med motivasjon. Terminologisk litteratur er full av denne typen observasjonar om at visse termdanningsprinsipp ofte kjem i konflikt med kvarandre. Grinev (1993: 23–26) snakkar her om ein motsetnad mellom 'tankeøkonomi' og 'uttrykksøkonomi':

The principle of economy of thought processes requires the analytical character of expression – so a monolexical term is supplied with an attribute. The principle of economy of expression requires the shortening of the form of a term [...] the term is abbreviated and consequently becomes more convenient to use. (Grinev 1993: 23–26)

Desse prosessane kan ifølgje Grinev gå føre seg gradvis, "sometimes over centuries", og kan såleis òg forståast som forklaringsmodellar for leksikonetablering og demotivering (jf. kapittel 2, seksjon 2.3). Ei språktypologisk etablering må òg sjølvsagt forståast diakront, men dette kan ikkje hindra oss i sjå dei to typane økonomi som synkront fungerande prosessar i alle termdannings- og termvurderingssituasjonar. Vi må kunna gå ut frå at det er den same grunnleggjande prosessen, sjølv om dei to omsyna må balanserast på kort sikt. Analytiske mekanismar er altså lettare å forstå, men meir tungvinne i bruk, og då er det først og fremst avgrensingane på den morfologiske motivasjonen som er interessante å analysera.

Sjølv om vi i kapittel 3 har modifisert omgrepa 'transparens' og 'gjennomsikt' og påvist at desse primært morfologiske omgrepa langt frå er identiske med omgrepet motivasjon, så er det morfologiske kravet framleis viktig i normative samanhengar. Då må ei undersøking av motivasjonsprinsippet òg omfatta ei undersøking av denne konflikten – all erfaring viser jo at denne motsetnaden høyrer til dei psykologisk og sosiolingvistisk mest avgjerande i terminologiarbeid. Fordi vi veit at det ofte og lettvert vert drege slutningar frå einskildtilfelle (dvs. "particular cases", jf. UNESCO 2005) til heile språk, må undersøkinga basera seg på noko meir enn einskildtilfelle, det vil seia at ho må ta utgangspunkt i om skilnadene er systematiske eller ikkje. Og fordi dette vert det same som å spørja om visse eigenskapar er typiske (viktige, prominente osv.) for visse språk, vert spørsmålsstillinga lett språktypologisk. Språktypologien interesserer seg nettopp for systematiske, kontrastive eigenskapar ved ulike språk (sjå nedanfor, seksjon 4.2, særleg avsnitt 4.2.1). På grunnlag av fleire års deltakande observasjon mellom både terminologar og folk med realkompetanse, er det mogleg for meg å hevda at dei følgjande påstandane er representative for synet på norsk teknisk termdanning:

1. I norsk "ingeniørspråk" finst det ei bryting mellom engelsk og tysk tradisjon. Engelsk tradisjon pressar tysk, som er eldst. Derfor pregar denne brytinga det nyare norske oljespråket, fordi det har oppstått i ei bryting mellom eldre tyskbaserte tekniske fag og nyare engelskpråkleg baserte.
2. Engelske termar nyttar oftare metaforar der tysk har samansetningar og lange ord, "bendelormsord".
3. I engelsk teknisk språk er nemningar ofte laga ut frå *formdrag*, som lett kan realiserast gjennom semantisk motivasjon, medan tysk favoriserer *funksjonsdrag*, som krev morfologisk realisering.

Til saman dannar dette grunnlag for det vi litt laust kan kalla 'avmetaforiseringshypotesen', som er hovudtemaet for dette kapittelet. Kapittel 3 har dokumentert at det er overvekt av den 'lange' typen termar, morfologisk-semantisk motivasjon, og at den 'korte' typen, mellom anna metaforar, er svakt representert i fagdomenet kvantitativt sett. Vi har lagt til grunn at normative tilnærmingar til språk alltid må underbyggjast med empirisk, altså deskriptiv, analyse. Diskusjonen i kapittel 2 viste at terminologisk tradisjon har brukt mykje energi på å forklara distribusjonelle mønster ut frå typologiske faktorar: engelsk vs. tysk er av både Wüster, Ullmann og Drozd og Seibicke kopla til typologiske eigenskapar som "kort og metaforisk" vs. "langt og morfologisk". Avmetaforisering vil då seia overgang til morfologisk motivasjon, altså frå ein 'kort' til ein 'lang' prosedyre, som samstundes gjev større høve til å motivera termar etter funksjon og ikkje form. Som vi såg i

avsnitt 2.2.2, peikar Ullmann på at dette framleis ikkje er empirisk underbygd. Motivasjonell distribusjon heng òg saman med pragmatiske og funksjonelle bakgrunnsfaktorar: Korte uttrykk har sine fordelar for dei som kjenner innhaldet, lange og deskriptive uttrykk får plass til meir informasjon for dei som ikkje kjenner innhaldet. Interaksjonen mellom kontekstuell distribusjon, frekvens og demotivering står sentralt i språktypologisk forskning, og det språkeksterne og det språkinterne heng saman.

Desse ideane kan ikkje få status som kvalifiserte hypotesar, til det er dei førebels for anekdotisk baserte, svakt empirisk forankra og teoretisk uavklåra, men det er relevant å drøfta kva vilkår som må oppfyllest dersom dei skal kunna få slik hypotesestatus. I den grad terminologisk teori dreg slutningar om til dømes språktypologi, bør denne teorien underbyggjast med resultat frå språktypologisk forskning. I dette kapitlet vil eg derfor med grunnlag i eit avgrensa terminologisk domene (jf. kapittel 1, Kageura) drøfta nokre av desse problema. Eg generaliserer enkelt frå norsk til skandinavisk der det passar, det vil seia at eg i dette arbeidet legg til grunn ”aksiomatisk” at dei tre skandinaviske språka er typologisk likearta, og vidare: at dei for resonnementet si skuld kan tilskrivast mange av dei typologiske eigenskapane som i tradisjonen har vore tilskrivne tysk i kontrast til engelsk.

Det er altså mogeleg å spora ei ’folkelyngvistisk’ oppfatning om motivasjon: Motivasjon, særleg den morfologisk-semantiske, fører til ”klumpete” termar. Ein kvalifisert hypotese måtte då prøva å tilordna omgrepet ’klumpete’ eit språkvikskapleg korrelat, som i neste omgang kunne føra til ei valid empirisk gransking. Ei prinsipiell drøfting av dette problemet, i lys av språktypologiske og funksjonalistiske omgrep, er målet med dette kapitlet, ut frå desse spørsmåla:

- Kan terminologiske prinsipp og hypotesar forankrast i språktypologisk forskning, og eventuelt korleis?
- Kan den funksjonelle variabelen ’kompleks’ på nokon måte forankrast i etablert språktypologisk forskning, det vil seia som ein systematisk eigenskap?
- Kan den strukturelle variabelen ’metaforisk/morfologisk’ på nokon måte forankrast i etablert språktypologisk forskning, det vil seia som ein systematisk eigenskap?
- Er det mogeleg å gje empirisk baserte mål på ’optimal’ ordlengd?
- Er det mogeleg på prinsipiell basis å dra språktypologiske slutningar om terminologiske kontrastar mellom norsk og engelsk?

Dei fleste av desse dimensjonane samlar seg i ein analyse av avmetaforisering og konsekvensane av denne, sjå nedanfor, seksjon 4.3. Det må leggjast til at opposisjonen mellom motivasjon og økonomi ikkje er den einaste relevante dimensjonen ved motivasjonsomgrepet, det skulle gjennomgåinga i kapittel 2 ha vist tydeleg nok. Mange semantiske spørsmål om til dømes presisjon og informativitet må vi la liggja, det same gjeld mange andre funksjonelle aspekt som ikkje beinveges er knytt til motivasjonsomgrepet.

4.1 Typologisk tankegods i terminologisk litteratur

4.1.1 Bryting mellom tysk tradisjon og engelsk

I kapittel 2 såg vi at både Wüster og Drozd og Seibicke er inne på at engelsk oftare nyttar metaforar enn tysk gjer. Det er på sin plass å presisera at dette gjeld bruk, ikkje typologi, i alle fall ikkje eksplisitt, jf. til dømes Wüster (1985: 53). I norsk samanheng har Lydersen og Dahlø diskutert korleis den eldre tyskspråklege inspirasjonen på norsk teknisk terminologi, særleg den kjemitekniske, har vorte avløyst eller fått konkurranse av ein nyare engelsk, ei bryting som særleg viser seg i det oljerelaterte domenet. Mange prosessar og innretningar frå etablert (kjemiteknikk er tekne i bruk i oljesektoren, men mange yngre kjenner ikkje den etablerte terminologien, og dette resulterer i konkurranse og bryting, med stor grad av uheldig synonymi, hevdar dei (Lydersen & Dahlø 1987: 91ff.). Men ser vi på eksempelaterialet deira, viser denne brytinga seg som fleire ulike typar.

Det gjeld for det første svært ofte motivasjonsmønsteret eller 'ordmodellen', som skapar morfosemantisk ekvivalens mellom tysk og norsk. Jf. døme som *oppberedning* < *Aufbereitung* "oppkonsentrering av malm" (s. 91, bergverk, jf. engelsk 'mineral dressing') eller *klokkebunn* < *Glockenboden*, ein type "innmat som skal hjelpe til med å gi god kontakt mellom væske som renner nedover i kolonnen, og damp som stiger opp". På grunnlag av den konkurrerande engelske modellen i 'bubble cap' har vi her fått dei konkurrerande norske *boblekappe*, *boblehette* og *bobletrau* i tillegg til at *bunn/Boden* er skifta ut med *plate* etter engelsk *plate*. Eit anna eksempel er Lydersen og Dahlø sitt framlegg *slepevæske*, som er modellert etter tysk *Schleppmittel* for engelsk *entrainer* (1987: 94).

I andre tilfelle kan det gjelda termar avleidde av ikkje-kognatiske leksikalske røter, som *avdriver* vs. *stripper* "destillasjonskolonne hvor flyktige komponenter i en væske fordampes" (Lydersen & Dahlø 1987: 93), eller det velkjende eksempelet

skrubber < *scrubber*, der Lydersen og Dahlø gjer framlegg om *gassvasker*, *dråpeutskiller* og *ekstraktrensar*. I det siste tilfellet er termdanninga styrt av omsynet til monosemi, fordi engelsk *scrubber* dekkjer tre ulike omgrep. Fordi alle alternativa her er danna ved agentiv avleiing, inneheld dei eit motiverande kjenneteikn "funksjon" på begge språka. Det er sannsynleg at den engelske *scrubber* historisk sett er danna ved ellipse av "gas scrubber", og med grunntydinga "skura, skrubba" må verbet *scrub* brukt om gass såleis seiast å vera ei metaforisk utviding som er sterkare enn den vi finn i norsk "vaska, reinsa" ('skrubbe' på norsk er reinsing ved å gni hardt på ei overflate, noko som ikkje er mogeleg ved flytande eller gassarta medium). Den primære motivasjonen bak det norske framlegget *skrubber* i Materialet er nok teikn-til-teikn-motivasjon på grunnlag av *scrubber* (internasjonal/mellomspråkleg transparens, jf. ovanfor, avsnitt 3.2.5.2), men bruk av det kognatiske verbet 'skrubbe' på norsk aktualiserer grensa mellom semantisk misvising og onomasiologisk feilmotivering (jf. nedanfor, avsnitt 4.3.7.2)

I atter andre tilfelle gjeld konkurransen rett og slett kognatisk likeverdige ord med ulik leksikalsk tyding i engelsk vs. norsk, som når *ribber* (truleg etter tysk *Rippen*) på ein varmevekslar går over til å heita *finner* (loc.cit., jf. engelsk *fins*). Det metaforiske potensialet i engelsk *rib*, norsk *ribbe* (tysk *Rippe*), er ulikt engelsk *fin*, norsk *finne* (og tysk *Finne*). I begge tilfelle og på begge språka er det tale om metaforikk basert på likskap, men kva for metaforisk modell som har størst 'beskrivingskraft' av 'ribbe' og 'finne' er ikkje eit typologisk spørsmål, men handlar meir om kategorisering og persepsjon av eigenskapar ved referenten.

Desse eksempla frå Lydersen og Dahlø illustrerer tydeleg nok at det i norsk teknisk terminologi finst ei bryting mellom tysk og engelsk inspirasjon. På grunnlag av vanleg norsk intuisjon er det heller ikkje vanskeleg å hevda at mange norske ekvivalentar, med eller utan direkte tysk modell, kan opplevast som meir "direkte beskrivende" (Lydersen & Dahlø 1987: 96). Dette kan som vi har sett ha med faktorar som morfologisk kompleksitet eller monosemi å gjera, det er altså ikkje all bryting mellom tysk/norsk og engelsk som kan setjast på formelen form vs. funksjon på grunnlag av typologiske kriterium. Døma viser òg at tysk ikkje per se er metaforframand, jf. *Glocke* <-> *klokke*.

4.1.2 *Typologi eller psykologi – eit anekdotisk eksempel*

I eit intervju med ein oljeboringsingeniør (Myking 1996: 88, jf. òg Myking 2005a) får intervjuobjektet uttala seg om ein velkjend termdublett: *musehull* vs. *rør-*

koplingshylse (< engelsk *mousehole*) – ”Hull i boredekket der et borerør plasseres før det koples til borestrengen”:⁵³

- JM rottehull og musehull, er det òg teknologi som er forelda? ... altså rathole og mousehole ... sånne gamle ... <klassikarar>
- I < æ >... vi sier ... nei, de er ikke forelda, de, altså, de eksisterer, de orda der, altså. Det er klart rotteholle er jo i ferd med å ... å ... bli et tilbakelagt stadium altså, for det var jo der som kellyen stod i i si tid, men museholle ... det er jo nesten innarbeida som norsk, det altså, ... museholl, det er så logisk, det, altså, et enkelt og greit ord, altså
- JM Så der snakkar ein om musehull, altså
- I Ja. ja, heilt klart
- JM ... snakkar ikkje om rørkoplingshylse?
- I Ka??
- JM Snakkar ikkje om rørkoplingshylse?
- I rørkoplings- ... du ... æh ...
- JM -hylse
- I Nei ... nei hør ... dokker hører jo det sjøl, museholl og rørkoplingshylse ... hæh? [...] altså, jo lettere og greiere liksom ... og jo mere logisk orda er på norsk, jo lettere har de for å bli brukt, heilt klart
- JM Så det betyr ikkje noko for deg at ordet er mest mogeleg uttrykksfullt og beskrivande, har mest mogeleg informasjon ...
- I Næh. Nei, for jeg veit hva det betyr allikavel, jeg trenger ikke noen forklaring

Figur 24. Utdrag av intervju med boreingenør, 1995.

Engelsk–norske termpar eller ordpar som kan gje næring til denne intuisjonen om kva som er langt og klumpete ved norsk, finst overalt i dagleglivet. Som eksempel har engelsk *boarding card* (ev. hybridnorsk *boardingkort*) tre stavingar, tre morfem og to stammar (staving og morfem er samanfallande). Den norske ekvivalenten *ombordstigningskort* har til samanlikning fem stavingar, seks morfem (medrekna s-fugen) og tre leksikalske stammar (fire dersom ein reknar *om* og *bord* som egne stammar): *om+bord+stig+ning+s+kort*. Slike eigenskapar er noko som språkbrukaren har ein velutvikla intuisjon for, og derfor er det ein funksjonell faktor

⁵³ Dei norske ekvivalentane er *musehull* (metaforisk kalkering, jf. Materialet) og *rørkoplingshylse* (morfologisk motivasjon, Boring/NOT). I = intervjuobjektet, JM er intervjuar. Normalisert språkform, men *museholl* = nordnorsk dialektuttale i ortofon skriftfesting.

som sekundær termdanning må ta omsyn til, sjølv om preferansen for den engelske varianten ikkje berre kan forklarast med kompleksitetsfaktoren. Som vist i kapittel 2 er det òg tendensar i litteraturen som tyder på at dette òg er tilskrive ein språktypologisk realitet – 'lange og klumpete' termar skal altså kunna forklarast med ibuande typologiske eigenskapar. Men det er langt frå enkelt å operasjonalisera denne typen psykologiske reaksjonar med tanke på typologisk analyse.

I diskusjonen av Wüster (kapittel 2, avsnitt 2.2.1) såg vi at metaforar kunne vera positivt vurderte mellom anna på grunn av økonomifaktoren, særleg som generiske termar. I Materialet må termen *rottehull* få status som 'generisk' (sjå nedanfor, avsnitt 4.2.4). Sjølv om det ikkje finst dokumentasjon på at han dannar utgangspunktet for eit underordningshierarki, så er ikkje termen dokumentert som underordna nokon annan toppterm (men konsekvensen er sjølvstøtt at alle isolerte termar lett får status som generiske). Paret *rottehull* vs. *rørkoplingshylse* dannar ein kontrast på heiltermnivået, altså på det primære motivasjonsnivået. Det er eit døme på kontrasten metaforisk mot morfologisk fordi *rottehull* (< *rathole*) primært er ein semantisk motivert fullmetafor. I eksempelet *boarding card* vs. *ombordstigningskort* ligg ikkje kontrasten i den primære termmotivasjonen, som er identisk i begge språka: morfologisk motivasjon i substantivisk samansetning gjennom verbal modifikator av typen funksjon + kjerne, "kort som fungerer som ombordstigningsløyve". Kontrasten ligg i den motiverande basisen for modifikatoren, altså i verbaluttrykka *board* inf. vs. "stig+a om bord": Engelsk har eit simpleksmorfemisk verb med éi staving der norsk har eit fraseleksem med verb + adverbial og fire stavingar. Norske (skandinaviske) verb har vanlegvis eit affiks som eksponerer infinitiv, medan engelske verb ikkje har det. Den eventuelle typologiske kontrasten ligg altså i dette tilfellet i den allmennspråklege systemskilnaden mellom engelsk og norsk og ikkje i den termdannande omgrepsmotivasjonen. Norsk *utblåsing* er lengre enn engelsk *blowout* på grunn av at norsk eksponerer avleiing med affiks der engelsk ofte har null-affiks (konversjon), men det er ikkje omgrepsinnhald eller omsynet til informativitet som ligg bak, for omgrepskvivalentane er ekvivalent motiverte: "blow + out + NULL" vs. "blås + ut + AFFIKS". Eksempelet norsk *bording* (av skip) viser at også norsk har typologiske eigenskapar som gjer det mogeleg å korta ned ordformene til "engelsk" nivå, slik at eigenskapen 'kort' ikkje er deterministisk utelukka for norsk (men isomorfi-prinsippet blokkerer i dette tilfellet ekvivalensen, *boarding* ≠ *bording*).

Det finst mange eksempel på utnytting av det morfologiske potensialet i språket og utforsking av grensene for lange samansetningar. Slike eksempel kan vera didaktiske og pedagogiske, og ikkje minst humoristiske:

- Øystein Sunde (norsk artist og humorist): *overbuljongpakkemesterassistent*
- Finn-Erik Vinje (norskprofessor): *papirindustriarbeiderlønnsforhandlingsleder*

Å laga eller finna slike samansetningar kan nesten kallast ein populær ”sport”,⁵⁴ men har i utgangspunktet lite med typologisk betinging å gjera. Radden og Panther (2004: 30) refererer til David Crystal som seier at til og med i tyske tekstar er 50 % av orda einstavings. Viktige og kjende ord tenderer mot det morfologisk simplekse (jf. òg Haiman 1983), og denne pragmatiske faktoren gjeld i prinsippet alle språk. Ulike språk har likevel ulike utgangspunkt. I det anekdotiske eksemplet vi har sett på, kan ikkje reaksjonen frå informanten mot varianten *rørkoplingshylse* tilskrivas at termlengda er grensesprengjande, men lengda kan likevel spela ei psykologisk rolle som verkar inn på aksept og bruk. Dette er ei velkjend utfordring for utøvande terminologar i dei skandinaviske språka. Som Nordman (1992, bl.a. s. 92) har påvist, kan faktorar som ordlengd og dermed prosodi ha stor innverknad på lese- og uttalerytme i tekst, og dermed på lesbarheit og forståing når termene skal nyttast i tekstar. I dette lyset er eittords samansetningar ingen fordel dersom dei bryt grensene for det ”klumpete”, og dermed er faktoren lengd i høg grad terminologisk relevant på psykologisk grunnlag. Det gjeld òg når ein vurderer termdubletter i isolasjon utanfor tekstlege samanhengar, fordi ytre språklege faktorar er viktige til dømes i termvalssituasjonar når brukarane sit og ”smakar” på alternativ ute or kontekst.

4.1.3 Typologiske modellar for termdanning?

Termdanningstradisjonar i ulike språk er sjølvsagt alltid språktypologisk påverka, det vil seia at typologiske særdrag ved eit gitt språk påverkar termdanninga i teknolektar på vedkommande språk. Dette kan vera eit trivielt kjenneteikn ved dei respektive språka som allmennspråk: Engelsk lagar analytiske frasar der tysk og skandinavisk lagar syntetiske samansetningar, derfor har sjølvsagt engelsk òg fleire fagtermar av typen ordgruppe. Det følgjer av den allmenne kjensgjerninga at kvart språk lagar termar ut frå sine typologiske og grammatiske særdrag. Men dette er ikkje motivasjonelt interessant før det kan påvisast at eit språk av type X òg har ein preferanse for motivasjonstype X_1 , jamført med språk Y og motivasjonstype Y_1 , altså til dømes at det analytiske språket engelsk oftare lagar semantisk motiverte termar enn det syntetiske språket tysk, og at det er den typologiske eigenskapen ’analytisk’

⁵⁴ Jf. desse, som er Internett-traderte: *Donaudampfschiffahrtsgesellschaftskapitän, Vierwaldstätterseeschiffahrtsgesellschaft, Verkehrswegeplanungsbeschleunigungsgesetz, Verkehrswegeplanungsbeschleunigungsgesetzveränderungsentwurf*.

som utløyser denne motivasjonelle prosessen. I denne avhandlinga kan eg diskutera vilkåra for ein hypotese om slik samanheng, men har ikkje data og hypotesar som kan munna ut i noka årsaksforklaring. Drøftinga i dette kapitlet byggjer ikkje på nokon sterk presupposisjon om at ein språktypologisk hypotese vil visa seg fruktbar. Mellom anna er det eit faktum at det finst færre typologiske studiar av leksikon enn det finst av grammatikk (syntaks, bøyingsmorfologi) og fonologi. Dermed må ein venta at den typologiske utforskinga av terminologiar må vera endå svakare, sidan lingvistisk analyse av fagtermar er eit mindre etablert forskingsfelt enn utforskinga av det generelle leksikonet. Det er likevel viktig for terminologiens terminologi at det som ser ut som ei normativ og intuitiv tilnærming, vert analysert og relatert systematisk til eit typologisk omgrepsapparat. Ikkje minst kunne dette ha gjort det lettare å skilja det normative og det deskriptive nivået tydelegare og meir prinsipielt frå kvarandre, noko som er eit vanleg kritisk ankepunkt mot tradisjonell terminologi (jf. Myking 2001b og 2006b).

Kontrasten og den lingvistiske avstanden mellom skandinaviske språk og engelsk er i teorien vesentleg mindre enn avstanden mellom språk som ikkje er genetisk nærskyldte. Import mellom nærskyldte språk skulle derfor ikkje føra med seg så alvorlege modell-konfliktar på det semantiske, morfologiske eller morfosemantiske nivået, som til dømes mellom skandinavisk/engelsk på den eine sida og wolof (jf. Antia 1995, 2005), japansk (Nuopponen 2006) og maori (Andersen 2006) på den andre sida (sjå kapittel 2, avsnitt 2.2.8). På den andre sida viser til dømes forholdet mellom skandinavisk og finsk at mangel på genetisk slektskap ikkje hindrar at to språk kan motivera termar både semantisk og morfosemantisk ekvivalent, dersom dei representerer kodingar av den same underliggjande kulturen, og dersom dei har typologisk likskap på einskildkriterium, slik som draget /SYNTETISK/. Både finsk og skandinavisk har stor produktivitet for samansetningar, og det er ingen typologiske hindringar for at finsk *tietokone* ('datamaskin', eigentleg "kunnskapsmaskin") kunne ha vore koda på svensk som **kunskapsmaskin* i staden for *dator*. Forholdet mellom typologi og kultur er altså komplisert.

Det som er eit større problem for denne granskinga, er at språktypologisk forskning ikkje har produsert svært mange studiar av det leksikalske nivået som det går an å trekkja direkte inn i eit studium av termar. Typologiske studiar gjeld hovudsakleg det grammatiske nivået – bøyingsmorfologi, syntaks og fonologi. Fordi leksikon i prinsippet er "irregulært" (jf. seksjon 2.3) kan vi ikkje venta same grad av regulære mønster som på det grammatiske nivået, og det leksikalske nivået er "perifert" i den meining at det ligg mest utsett til for interferens og lån. Med tanke på terminologi vil dette problemet faktisk vera endå større: Dersom vi ser terminologiar som subsett av

leksikon, så kan vi venta at det same subsettet innanfor to ulike språk skal ha ein meir lik profil enn dersom vi samanliknar to mindre sett av det meir allmenne ordtilfanget i dei to språka (jf. kapittel 2, avsnitt 2.2.2).

Frå pragmatisk synsvinkel svarer det å nytta 'korte' uttrykk til 'økonomisk' kommunikasjon (jf. informativitet, sjå nedanfor). Eit språk som favoriserer korte uttrykk, kunne altså grovt sett oppfattast som eit meir 'økonomisk språk'. I den grad dette faktisk kunne kallast ein typologisk disposisjon, kunne ein då gå ut frå at denne typologiske disposisjonen òg ville påverka termdanninga, slik at vi fekk ein tendens til typologisk betinga termdanningstradisjon og altså språkspesifikke termdanningsmodellar. Eit språk karakterisert av korte ordformer ville òg tendera mot å ha korte fagtermar, eit språk karakterisert av metaforisk utviding ville ha mange metaforiske fagtermar, og så bortetter. Når denne tradisjonen då møter sekundær termdanning, kan vi få ein potensiell konflikt mellom ulike termdanningsmodellar, til dømes av typen 'metaforisk' vs. 'morfologisk', fordi metaforisk termdanning ofte endar i kortare produkt.

Resonnementet kviler på premissen om at det faktisk er mogeleg å operera med denne faktoren som ein typologisk eigenskap ved eit språk, med andre ord at eksterne, pragmatiske motiveringar i einskilte ytringssituasjonar har nedfelt seg i språkstrukturen. Det er viktig å unngå feilslutningar på grunnlag av altfor mekanisk kopling mellom ordstruktur og kommunikativ uttrykksevne, som at "engelskspråklege har større evne til å uttrykkja seg kort og konsist fordi ordformene er kortare". Sjølv lange og komplekse uttrykk kan kortast ned i tekstar ut frå kontekstuelle faktorar, som til dømes anafori ("ein *sikkerheitsventil* ... *ventilen*"), utan at dette kan kallast eit kontrastivt typologisk fenomen. Resultatet av slike prosessar kan ikkje kallast typologiske før dei har "frose" til innlærte rutinar, i vår samanheng etablert seg i leksikon.

4.1.4 *Morfologisk slagside?*

I eit tidlegare arbeid (Myking 1997a) har eg kalla den sterke vekta på morfologisk motivasjon for "the morphological bias". Den typologiske skilnaden mellom engelsk og mindre analytiske språk er ifølgje denne tankegangen kommunikativt effektiv fordi termdanninga ikkje går føre seg via lausrivne og isolerte lingvistiske symbol, slik metaforar og gresk-latinske framandord er eksempel på. Szöllösy har i samsvar med denne tankegangen (men utan eksplisitt referanse til Ullmann) hevda at i motsetnad til engelske metaforar, som er svakare strukturelt integrerte og meir har

karakter av isolerte merkelappar, er termar i eit morfologirikt språk ”morfologiske modellar” av omgrepet, med andre ord sterkare integrerte (jf. Myking 1989b: 6), jf. Ullmann: ”In Hungarian, which is a highly motivated language, the international term *theatre* disappeared before its native rival *sínház*, literally ‘stage-house’” (< *scenehouse*, Ullmann 1972: 113). Jónsson (1988) hevda som vi såg i kapittel, avsnitt 2.2.8, at strukturen i seg sjølv kunne danne ein forsvarsmekanisme mot ordimport. Argumentet er altså at strukturell integrering fører til auka morfologisk-semantisk motivasjon, og underforstått er dette kognitivt gunstig. Det er i særleg grad tysk tradisjon som er assosiert med denne ’hyper-beskrivande’ tendensen, og ofte er dette forklart med typologiske faktorar. Ullmanns eksempel på typologiske skilnader er ikkje ekstreme (Ullmann 1967): *oxygene – Sauerstoff, pleurite – Rippenfellentzündung*. Det kan derimot seiast om Lothar Hoffmanns eksempel (Hoffmann 1985: 122), med hans eigen karakteristikk: “wirkt zuweilen grotesk”:

Ultrakurzwellenüberreichweitenfernsehrichtfunkverbindung (”ultrakortbølge” + ”overrekkevidde (ein type ekstremt lang rekkevidde)” + ”fjernsyn”+ ”link” + ”samband”)

Dette eksempelet har så mange hovud- og bitrykk at det er vanskeleg å uttala, i tillegg til at den syntaktiske strukturen er kompleks og derfor – paradoksalt nok – vanskeleg å tolka. Slike lange uttrykk er ”overspesifiserte” der korte og demotiverte uttrykk er underspesifiserte, og begge delar kan resultera i mangel på transparens. Arntz, Picht og Mayer (2002: 117) kallar òg Hoffmanns eksempel for “ein extremes Beispiel”, men seier samstundes at ”daneben hat auch das Deutsche grundsätzlich die Möglichkeit, Mehrwortbenennungen zu bilden”. Vi ser konturane av to kausalitets-slutningar med utgangspunkt i denne tankegangen, og dei endar opp i to normative ytterpunkt:

- tysk > syntetisk > lang > “grotesk” (jf. Hoffmann, ovanfor)
- engelsk > analytisk > kort > “user-friendly” (jf. Meyer og Mackintosh 2000: 128f.).

Meyer og Mackintosh behandlar avterminologisering, og meiner at korte termar, i tillegg til å vera ”brukarvennlege”, har lettare for å vandra mellom allmennspråket og fagspråket enn lengre termar. Det er vel berre endå eitt aspekt ved at korte uttrykk er pragmatisk ’viktige’ og semantisk meir generiske enn lengre uttrykk. Den morfologiske motivasjonen innlemmar altså etter dette synet termdanning sterkare i språkstrukturen, slik Szöllösy hevda om ungarsk. Dette kan tolkast som både ein kognitiv og ein sosial fordel: *Forståinga* av eit omgrep blir lettare, og *språk-*

barrierane i samfunnet blir reduserte. Motsett vil f.eks. eit språk som engelsk, som er relativt analytisk og morfologifattig, i langt høgare grad måtta hjelpa seg med semantisk motivasjon (f.eks. metaforar):

Bekannt ist, daß die Angelsachsen in der technischen Fachsprache gern kurze übertragene Benennungen verwenden, wo im Deutschen längere Zusammensetzungen üblich sind. (Wüster 1985: 53)

Die deutsche Sprache als synthetische Sprache gehört zu jenen, in denen motivierte Termini [...] eine entscheidende Rolle spielen. (Drozd & Seibicke 1973: 129f), jf. også f.eks. s. 133)

Det finst altså tendensar til å dra sambandsliner mellom språktypologiske trekk og kulturelle normer for preskriptiv termdanning. På det normative planet slår retningslinene fast at termar skal svara til reglane i allmennspråket. På det reint deskriptive planet skjer den primære termdanninga i samsvar med mønstera for produktivitet og kreativitet i det respektive språket. Fordi språk er typologisk ulike, blir termininventar på ulike språk òg prega av ulike typologiske profilar. Den typologiske skilnaden mellom analytisk og syntetisk, i samsvar med ein av dei klassiske variablane frå tidleg typologisk forskning, er i terminologisk litteratur ofte gjort til skilje mellom heile språk, og meir spesifikt, mellom termdanningstradisjonane i ulike språk. Tysk, og dermed òg dei skandinaviske språka, er framstilte som syntetiske språk i motsetnad til dei analytiske språka engelsk og fransk, jf. TNC64, *Om teknikens språk* (1977: 15):

Långa sammansätningar uppstår lätt i vårt språk liksom i tyskan. Det är inte minst fallet i teknisk skrift och i författningsspråk, t.ex. [...] *hårdmetallsågklingor* [...] Gentemot denna syntetiska konstruktion kan man ställa den analytiska som råder i franskan och efter den i engelskan.

Dette gjev m.a. par som *strömhastighet* vs. *vitesse du courant*, *Strohmgeschwindigkeit* vs. *current velocity*. Jamfør Spri 481: 14: ”Sammansätningar kan bli nästan hur långa som helst i svenskan, t ex (*produktframtagningssprojektering*).” Det er ikkje framstilt som nokon god kvalitet at termar er altfor syntetiske og kompakte. TNC64 peikar på at ein bør velja analytisk i staden for syntetisk morfemkopling når ein har mange ledd:

Det är ofta till fördel, särskilt i löpande text, att gå den franska och engelska vägen, att upplösa de kompakta sammansättningarna och skriva t.ex. *sågklingor av hårdmetall* [...] (TNC64 1977: 15)

Jf. om norsk Vinje (2002: 69) med eksempel frå TNC64:

Hjelpemidler er – liksom ved de lange periodene – å oppløse ordet i mindre biter. I stedet for *bremsebåndpåleggingsmaskin* kan det f.eks. hete *maskin for pålegging av bremsebånd*. Det omskrevne uttrykket tar noe større plass, men det er lettere å lese.

Det er altså to ulike eigenskapar som er kopla saman her: analytisk vs. syntetisk, og lang vs. kort. Vinje (2002: 69ff.) hevdar identiske synspunkt om norsk. Han drøftar problemet bendelormsord (refererer utan bruk av distanserende hermeteikn), men jamfører ikkje med noka norm for ordlengd:

Lettforståelige ord, det er som regel korte ord. Og vanskelige ord, det er som regel lange ord. [...] Språket er gjerne økonomisk i så måte. Et langt ord blir gjerne forkortet når det blir brukt ofte. [...] Lange og uhåndterlige sammensetninger oppstår lett i norsk, svensk og dansk – liksom i tysk. Engelsk og de romanske språk har ikke så mange eksempler på slike ordtyper.

Jamfør eksemplene i denne oppstillingen:

jernbane – fr. *chemin de fer* [...]

kongeørn – *aigle royal*

Både i denne kjelda og i mange andre kan det sjå ut til at det vert etablert eit kausalsamband mellom desse to eigenskapane, slik at det typologiske kriteriet er sett som årsak til lengda – eigenskapen 'syntetisk' genererer eigenskapen 'lang'. Men alle dei fire ekvivalentane for *strømhastighet* ovanfor har det same talet på leksikalske stammar, nemleg to, som ikkje er rekna for særleg ekstremt i noko språk. Rekna i stavingar kan analytiske variantar vera like lange eller lengre. Heller ikkje alle av Vinjes eksempel er bundne til overdriven lengd: *jernbane* vs. fransk *chemin de fer*, *kongeørn* vs. *aigle royal* – ingen av desse eksempla er unormalt lange, dei er like lange på begge språk – fransk tre stavingar medrekna preposisjon, norsk tre stavingar ved enkel samansetjing, og framfor alt: Leksematerialet er ekvivalent, motivasjonen er dermed òg ekvivalent. Draget /ANALYTISK/ i seg sjølv er altså ikkje fullnøyande som slutningsgrunnlag. Eksempelet med *sågklingor* viser at det i mange tilfelle rår fakultativ variasjon mellom variantane òg i svensk/skandinavisk. I

slike tilfelle må vi kunna gå ut frå at termpreferansen vert avgjort av pragmatisk-tekstuelle faktorar, m.a. av konkurransen mellom økonomi og informativitet, altså som eit tilfelle av ”tevlende motivasjon”, som vi tek opp nedanfor.

Terminologien byggjer på prinsippet om at innhaldssida kan haldast konstant i forhold til språkleg koding, dette må derfor òg gjelda på tvers av skiljet analytisk/syntetisk. I drøftinga av Kocoureks motivasjonsmodell (jf. seksjon 3.2) rekna vi fraseleksem og samansetningar som ekvivalente undertypar av morfologisk motivasjon – morfemkombinasjon er det felles kjenneteiknet. Om vi ser bort frå dei grammatiske koplingsmorfema (fuge, preposisjon) kan altså slike par ha lik morfosemantisk struktur på tvers av språk: sv. *järnväg* = fr. *chemin de fer*. Innanfor eit språk vil som regel ei samansetning vera sterkare demotivert (ha lågare leddmotiveringsandel og mindre utleiingsevne (”härledbarhet”, jf. seksjon 2.3) enn eit tilsvarande syntagme. Ifølgje isomorfi-prinsippet (jf. nedanfor, avsnitt 4.2.3.1) vil formelt ulike uttrykk sjeldan vera synonyme, norsk *blåbær* er ikkje synonymt med ”*blå bær*”.

Dermed er dette med ’lengd’ isolert sett typologisk uavhengig: Både ’analytiske’ og ’syntetiske’ språk kan ha lange og komplekse termar, og omvendt er ellipse/forkorting òg mogeleg i begge typane språk. Og dette svarer i sin tur til den sentrale terminologiske ideen om at omgrepsinnhald (kognitivt innhald osv.) er språkleg uavhengig, men at kodinga er språkspesifikk. Men sjølv om eit gitt innhald ikkje determinerer ei gitt koding, kan det jo finnast tendensar til typologiske disposisjonar for korleis koding skjer i eit gitt språk. Poenget er då at skilnadene innanfor ein motivasjonstype (t.d. samansetning vs. fraseleksem) er mindre interessante enn om språka det var spørsmål om, hadde skilnader mellom motivasjonstypar som kunne seiast å vera typologisk betinga.

Det som i gjennomgangen av Ullmann i kapittel 2 er omtala som ”hypotesen om motivasjonell balanse”, kjem ikkje så sjeldan til uttrykk. I kapittel 3 har eg argumentert for at gresk-latinsk ’lærd’ orddanning ikkje utan vidare kan klassifiserast som umotivert, slik det finst tendensar til reint faghistorisk: Otto Jespersen, som Ullmann bygde på og siterer, var oppteken av at ord treng semantisk integrasjon:

[L]earned Greek and Latin terms are felt to be ’hard words’ precisely because they are unmotivated, without roots in the language, and without any of “those invisible threads that knit words together in the human mind”. (Ullmann 1972: 115, med sitat av Jespersen)

Ullmann understrekar at dette har direkte relevans for innlæring av framandspråk på den måten at innlæringsmetodane må tilpassast den eine eller den andre språktypen. Denne ideen svarer eit stykke på veg til nyare kognitive lingvistiske teoriar om det mentale leksikonet som eit strukturert inventar tett kopla til den menneskelege kognisjonen, og terminologiens idear om omgrepsrelasjonar og system har òg ein slik inspirasjon. Ifølgje Ullmann må engelsk nytta ugjennomsiktige ord av gresk-latinsk opphav i mangel av ein sterk heimleg orddanningstradisjon, med tilsvarende kognitive og kommunikative ulemper: engelsk *oxygen* vs. tysk *Sauerstoff*. Dermed kan òg *morfologi* og *kultur* assosierast: Den preskriptive tradisjonen i tysk er sterk, medan det i engelsk er ein sterkare tendens til 'laissez faire'. Alle dei nordiske språka – inkludert finsk – skulle dermed vera eksempel på 'gjennomsiktige språk'.

4.2 Grunnleggjande språktypologiske problemstillingar

4.2.1 *Kva er 'språktypologi'?*

Omgrepet 'språktypologi' er ikkje eintydig definert. I oversynsverket *Typology and universals* seier Croft at typologisk klassifisering har å gjera med "cross-linguistic comparison of some sort" (Croft 1990: 1). Språktypologisk forskning siktar mot å etablere både typologiske kontrastar og universelle prinsipp. Croft skil mellom tre oppfatningar: 1) Typologisk plassering av språk i typar – eit språk høyrer til éin type, språk skal kunna plasserast i eindimensjonale kategoriar på grunnlag av enkeltstående språkdrag. 2) Typologi som studiet av språklege mønster på tvers av språk, studiet av slike mønster som berre kan finnast ved språkleg jamføring og ikkje ved studiet av eitt einskild språk. 3) Typologi som ei tilnærming til lingvistisk teoridanning, nært knytt til funksjonalisme og forklaring av strukturelle fenomen ut frå språkeksterne, funksjonelle motiveringar. Croft knyter typologi til ei språketeoretisk tilnærming som representerer noko kvalitativt nytt i høve til retningar som "strukturalisme" eller "generativisme". Ifølgje Croft kan denne tilnærminga kallast 'funksjonelt-typologisk', fordi ho prøver å forklara strukturelle fenomen i lys av lingvistisk funksjon (Croft 1990: 2), og Tomasello (2003: 5) snakkar her om ei gruppe av kognitivt-funksjonalistiske teoriar eller bruksbasert ('usage-based') lingvistikk, og grunnlaget er formulert av Haiman slik vi såg det i seksjon 2.4, punkt 8 (Haiman 1983). Eksterne forklaringar må derfor trekkjast inn, og dermed kan vi lett relatere motivasjon til funksjon eller det som Radden og Panther kallar språkeksterne motiverande faktorar, sjå kapittel 2, figur 9. Dette har klare motsvar i pragmatisk teori, særleg Grice og prinsippet om språkleg samarbeid. Halliday og den systemisk-funksjonelle lingvistikken er ein annan typisk eksponent for denne tendensen. Vi må

gå inn på alle dei tre nemnde aspekta av typologi for å kunna beskriva det synet på motivasjon som har vore vanleg i terminologilæra, men det funksjonelle aspektet er særleg viktig.

4.2.2 *Dei klassiske typologiane: individualisering og generalisering*

Med referanse til Greenberg peikar Croft (1990: 39) på at den første klassifiseringa av språk som tok utgangspunkt i struktur meir enn i genetisk tilknytning, galdt morfologisk typologi. Den klassiske inndelinga i agglutinerande, flekterande og isolerande språk vart opphavleg føreslegen av Wilhelm von Humboldt og seinare av August Schleicher, men følgd opp av mellom andre Edward Sapir i ulike versjonar. Den hovudkontrasten som har nedfelt seg i terminologilitteraturen, er kontrasten mellom 'analytisk' på den eine sida og ulike utgåver av 'syntetisk' på den andre. Dei viktigaste omgrepa som stammar frå desse oppstillingane og som er relevante for diskusjonen i dette kapittelet, er variantar av desse, og dei treng inga vidare problematisering:

Schleicher	agglutinerande	flekterande	isolerande
– tilhøvet mellom innhald og uttrykk i affiks	enkel kombinasjon av morfem, 1 affiks = 1 kategori	fonologiske endringar av morfem 1 affiks eksponerer fleire drag	ingen affiks, 1 morfem pr. ord
Sapir	syntetisk	polysyntetisk	analytisk
– talet på morfem pr. ord	få morfem pr. ord	mange morfem pr. ord	1 morfem pr. ord

Figur 25. Grunnleggjande språktypologiske omgrep. Etter Croft 1990.

Desse inndelingane har ofte vore problematiserte, særleg fordi dei har prøvd å karakterisera heile språk på grunnlag av eit einaste kriterium. Ullmanns tanke om motivasjonelle skilnader mellom språk kan òg forankrast i denne tilnæringsmåten, jf. kapittel 2, avsnitt 2.2.2.4. To fagspråkvariantar (teknolektar) av to ulike språk, men innanfor eitt og det same fagdomenet, kan tenkjast å ha typologiske profilar som ligg nærare kvarandre enn det som kjenneteiknar profilen for dei to språka rekna som to ulike allmennspråk ('Gesamtsprachen', 'fellespråk'). Det felles kunnskapsgrunnlaget i dei to fagspråkvariantane genererer interferens og andre prosessar som fremjar leksikalisering (lån, demotivering m.m., sjå seksjon 2.3). Om altså til dømes engelsk allmennspråk har ein typologisk profil for metaforikk der norsk har

morfologisk samansetjing, så vil dette gje grunnlag for ein motivert hypotese. Denne hypotesen kan altså ikkje tillempast like sterkt på teknolektar av dei to ulike språka som på dei to språka sett som 'fellesspråk'.

Schleichers typologi bygde som nemnt berre på eitt kriterium, nemleg morfologisk ordstruktur, og på grunnlag av dette vart altså heile språk klassifiserte. Croft (1990: 39f.) talar her om det "ny-humboldtske språksynet" der kvart språk har si 'indre form' og der morfologisk type representerer den 'organiske' karakteren i språket, ei 'individualiserande' tilnærming til typologisk klassifisering ifølgje Croft (1990: 40). Som både Croft og andre har peika på (t.d. Bauer 1988: 166f.), låg det eit element av verdievaluering i dette – eit språk kunne ikkje ha meir enn éi indre form (dvs. tilhøyra meir enn éin morfologisk type), fordi det då ville bli 'uorganisk'. Fusjonerande språk stod på det høgaste steget, særleg gresk og latin. Det er ein nærliggjande tanke å knyta verdievaluering både til Ullmann og til mykje av den terminologisk normative litteraturen vi har drøfta i kapittel 2, særleg i synet på morfologisk vs. semantisk motivasjon, sjølv om tankegangen er underbygd med funksjonelle omsyn. Med strukturalismen kom høvet til å samanlikna einskilte trekk på tvers av språk, og altså ikkje rekna eitt trekk som typisk for heile språket. Forskinga gjekk meir mot ei 'generaliserande' tilnærming (Croft 1990: 43, etter Greenberg). Ein ser då heller på utvalde element av eit språk på grunnlag av kriterium som er maksimalt generelle. Eit gitt språk kan tilhøyra éin type når det gjeld eit spesifikt språkleg drag, ein annan type når det gjeld eit anna drag (jf. ovanfor, at både finsk og svensk deler eigenskapen morfologisk-semantisk motivasjon). Dette har òg ein diakron dimensjon, fordi eit språk kan endra seg frå éin type til ein annan (på grunnlag av eit gitt kriterium).

I vår samanheng er det eit problem at begge dei språka som blir samanlikna, engelsk og norsk, ut frå vanlege analysar høyrer til den 'fusjonerande' hovudtypen. Og i tillegg finst det eine kriteriet som ofte er lagt til grunn, nemleg analytisk/syntetisk, i begge språka. Ein kan kanskje seia at det eine språket (norsk) er sterkare fusjonerande enn det andre (engelsk), men må venta at dei eventuelle typologiske skilnadene er relativt marginale.

4.2.3 Pragmatikk, typologi og motivasjon

Både Croft og Bauer åtvarar mot å leggja for stor vekt på typologisk tankegang. Bauer (1988: 165) peikar særleg på at forskinga i morfologisk typologi er kommen kortare enn innanfor syntaks, og at morfologiske universalium har vist seg vanskelege å formulera presist. Det kan likevel vera nyttig å summera opp den innsikta som ligg i pragmatisk basert syntaktisk forskning om ikonisitet. Denne diskusjonen tek utgangspunkt i kognitive og funksjonalistiske synsmåtar, særleg Radden og Panther 2004, Croft 1990 og Bauer 1988, dessutan i ulike arbeid av Haiman (til dømes 1980, 1983), som dei tre førstnemnde verka byggjer mykje på (men som i sin tur byggjer sterkt på Peirce, Jakobson, Greenberg og fleire). Det handlar altså om ein lang tradisjon i grammatisk teori, særleg frå syntaks, men samla sett med noko ustabil terminologi. Ikkje alle synsmåtar frå syntaks kan overførast direkte til leksikon (jf. seksjon 2.3 om demotivering), men mange av problemstillingane er analoge. Dei viktigaste problema krinsar omkring problemet med 'competing motivations', altså tevlande motivasjonstypar: På den eine sida står 'economic', økonomisk motivasjon, som tevlar med 'iconic', 'structural', 'diagrammatic' eller 'constructional' motivasjon eller 'isomorphism'. Mange av omgrepa er brukte i ulike teoritradisjonar eller av einskildforskarar med nesten-like tydingar. Dei typologiske omgrepa kan, på same måten som dei motivasjonelle, relaterast til Grice (1991 [1974]) sitt sett av konversasjonsmaksimar, men ikkje tilordnast strengt 'ein-til-ein'. Desse maksimane er i figur 9 (jf. kapittel 2, Radden & Panther 2004: 23) slegne saman til 'communicative motivations'.

4.2.3.1 Ikonisitet og språkleg koding

I kapittel 3, avsnitt 3.1.3, såg vi at Radden og Panther skil mellom to viktige typar av motivasjon, nemleg *isomorfi* ('isomorphism') og *ikonisitet*, to former for språkleg koding som prøver å få det språklege uttrykket til å 'likna' mest mogeleg på det det skal referera til. Isomorfi er ein viktig type av form–innhald-motivasjon, og byggjer på prinsippet om likskap i form og innhald, det såkalla 'kontrastprinsippet'. Den motiverande tendensen går i retning lik form = likt innhald, og det rår då 1:1-samsvar mellom talet på omgrep og talet på uttrykk. I terminologien svarer dette til det normative prinsippet om monosemi eller eintydigheit.

Ikonisitet er for Radden og Panther den eine av to viktige typar av innhald–form-motivasjon (ved sida av metonymi). Hovudprinsippet er *etterlikning*, og dei skil mellom to typar, imitativ og strukturell ikonisitet: 'Imagic' eller *imitativ* ikonisitet vil

seia at enkle teikn ('simple signs') liknar på dei elementa dei skal referera til, altså etterlikning av referenten. Onomatopoetika er eit viktig eksempel, det vi i seksjon 3.2 kalla 'direkte' motivasjon. *Strukturell* ikonisitet ('structural') vil seia at ordninga av teikn reflekterer ordninga av referentar. Radden og Panther deler denne typen i *lineær* ('linear'), *nærleiks-* ('proximity') og *kvantitativ* ('quantity') ikonisitet. 'Structural' ikonisitet er hjå Bauer kalla 'constructional', hjå Haiman (1980: 515) 'diagrammatic'. Strukturell ikonisitet av typen kvantitativ eller økonomisk motivasjon svarer altså til det Bauer (1988: 240) oppsummerer slik: "similarity [between the sign and the signified] is simply a matter of amount: an extra amount of meaning is represented by an extra amount of form", eller Croft (1990: 174): "structural isomorphism: the structure of the utterance reflects the structure of the (complex) concept". Diagrammatisk ikonisitet svarer til strukturell likskap og er meir abstrakt. Vi har syntaktisk lineær ikonisitet i setninga *han kom inn og sette seg ned*, fordi det er denne rekkjefølgja som er naturleg (ikkje **han sette seg ned og kom inn*), vi har ikonisk kvantitet i orddanning, f.eks. forsterkande reduplikasjon: *fin* adj. vs. *fin-fin* ("meir materiale = meir meining", jf. prosesstekniske termar som *lav/høy* vs. *lavlav/høyhøy* temperatur jf. Roald 1985: 265). Lyons nyttar det tilsvarande omgrepet 'secondary iconicity' om slike fenomen (Lyons 1977: 101). Strukturell ikonisitet er klårt knytt til studiet av språkstruktur, dvs. både (bøyings)morfologi og syntaks. Radden og Panther (2004: 17) peikar på at typen er meir abstrakt enn i imitativ ikonisitet. Eit grammatisk trekk som f.eks. fleirtalsending er såleis maksimalt (konstruksjonelt, diagrammatisk) ikonisk, medan indre bøyning er mindre ikonisk. 'Ikonisk' svarer til 'naturleg' i retninga 'naturleg' morfologi (Bauer 1988:188 f).


4.2.3.2 *Ikonisitet – kva er mogleg å gjera?*

Croft (1990: 172ff.) seier at ikonisitetsstudiet kokar ned til studiet av grammatisk struktur – i vår drøfting her altså avgrensa til morfologisk-semantisk struktur. Haiman (1983: 781) koplar på tilsvarande vis ikonisitet til relasjonen mellom grammatisk struktur og den ikkje-språklege dimensjonen: "[...] one linguistic (or formal) dimension does correspond directly to a non-linguistic (or conceptual) dimension [...]". Det er ifølgje Croft tre generelle aspekt ved grammatisk struktur som ligg til rette for typologisk samanlikning, og av desse er det to som er relevante her: For det første enkle vs. komplekse uttrykk, for det andre strukturell isomorfi, eller som vi har valt å kalla det, strukturell ikonisitet. (Det tredje, kategorisering, vil seia at omgrep innanfor same grammatiske kategori har konseptuell likskap, og i terminologisk samanheng er det trivielt.)

Paret 'enkle' vs. 'komplekse' uttrykk refererer til kva for omgrep som er uttrykt ved enkle grammatiske strukturar og kva for omgrep som er uttrykte gjennom komplekse. Dette impliserer eit studium av både morfem, ord og setningar. Omgrep som er prototypisk enkle, vert prototypisk uttrykte ved enkle morfem og omvendt, medan omgrep i midten har stor variasjon frå språk til språk. Ikonisitetshypotesen gjer framlegg om at omgrep som er koda ved enkle uttrykk, er meir kognitivt primitive, og omvendt at komplekse strukturar avspeglar meir komplekse omgrep. For Haiman er ikkje dette strukturell ikonisitet, men økonomisk motivasjon og dermed ein indeks for 'familiaritet' (Haiman 1983: 801, sjå nedanfor, avsnitt 4.2.3.3). Dette er det mogeleg å jamføra med ullmannsk tankegang (jf. avsnitt 2.2.2), i alle fall i moderat utgåve, som seier at skilnaden tenderer mot å vera utjamna mellom to fagleg like teknolektar av to ulike språk.

'Strukturell ikonisitet' refererer til at strukturen i eit grammatisk uttrykk reflekterer strukturen i det underliggjande omgrepet (jf. Haiman 1983: 781 ff). Denne tankegangen kan overførast på terminologiens prinsipp om samsvar mellom uttrykk og innhald, der mønsteret generisk-spesifikk (determinasjon) ofte kjem til uttrykk i taksonomiar på både innhalds- og uttrykksnivå. I og med at bl.a. Kageura reknar dette for den umarkerte og desidert vanlegaste typen termdanning, kan vi som nemnt spørja om ikkje dette snarare er eit terminologisk universalium enn eit kontrastivt skilje. Dei omgrepa og definisjonane som vi no har skissert, kan samanfattast slik som i figur 26 nedanfor.

Kan så 'lineær' ikonisitet, og for den del nærleiksikonisitet, tillempast på morfologisk orddanning? Som kjent er rekkjefølgja av kjerne + modifikator omvendt i engelsk og skandinavisk jamført med romanske språk og altså ikkje lineært bunden, jf. *skrivemaskin* og *typewriter* vs. fransk *machine à écrire*. At kjerne og modifikator har kort avstand i samansette ord, er trivielt (den synlege avstanden i romanske språk er rett nok noko større pga. preposisjonell fuge og to mellomrom). Når så mange retningsliner for terminologiarbeid kommenterer dette fenomenet, må vi tru det mest er av allmenne pedagogiske årsaker. Vi får konkludera med at desse to typane er meir relevante for syntaktisk typologi enn for leksikalsk og terminologisk. Den viktigaste strukturelle motivasjonstypen må her vera 'kvantitativ' ikonisitet, for den gjeld relasjonen mellom ytringslengd og omgrepsintensjon, men kan berre gjera greie for skilnaden generisk-spesifikk på eit nokså allment nivå, sjå avsnitt 4.2.4 nedanfor.



Figur 26. Ikonisitet, tevlande motivasjon og språkleg koding. Konkurrerende motivasjon er symbolisert med dobbelt pil.

Den imitative ikonisiteten burde, som den strukturelle, òg kunna relaterast til økonomi. 'Imitativ' og 'økonomisk' er kompatible faktorar som støttar kvarandre – det er denne koplinga som ligg bak ideen om at metaforar er ei effektiv rasjonalisering på uttrykkssida som alternativ til lange samansetningar eller frasar, slik vi finn det hjå Wüster, Drozd og Seibicke og Ullmann (kapittel 2). Etter det same resonnementet kan 'imitativ' stillast opp som ein konkurrerende motivasjon i forhold til 'strukturell', fordi den imitative er meir økonomisk enn den strukturelle. Her òg er det tale om eit kompleksst samspel.

Strukturell ikonisitet er òg viktig i orddanningsmorfologi, og kan lett tillempast som forståingsramme for forholdet mellom omgrepsstruktur og termstruktur. Morfolo-gisk-semantisk motivasjon av typen modifikator + kjerne (dvs. determinasjon på uttrykksplanet) svarer f.eks. ofte til ein determinativ struktur på innhaldsplanet, altså til strukturen mellom generisk og spesifikt omgrep. Det er derfor denne motivasjons-typen ifølgje Vinje (1983: 19) ”gjør spesielt god tjeneste i et begrephierarki” (jf. òg avsnitt 2.2.1, Wüster, som komplementært seier at metaforisk motivasjon gjer god nytte som toppterm i hierarki). I komplett og ideell tilstand ville dette då seia at overordna termar alltid hadde eitt ledd mindre enn underordna, oftast slik at topptermar er morfologisk simplekse og med eit distinktivt kjenneteikn realisert som

samansetningsledd eller eit attributivt ledd av ein eller annan type i ein kompleks frase. Ideen om ein slik ikonisitet kjem til uttrykk mange stader i terminologilitteraturen, men vert motsagd av at terminologisk koding prinsipielt er uavhengig av omgrepsstrukturane (jf. kapittel 2 og nedanfor, avsnitt 4.4.1).

Det er òg på bakgrunn av slik innsikt at Kageura (2002: 51ff.) byggjer opp sine strukturelle undersøkingar: Han baserer heile si undersøking på at termdanning skjer på grunnlag av slik påbygging. Slike eksempel som engelsk *venn diagram*, der førsteleddet ikkje kan tilordnast sjølvstendig morfosemantisk mening, har likevel ein determinativ struktur, jf. avsnitt 3.2.7.4. Det er ikkje opplagt at dette skulle vera eit typologisk skiljemerke: Denne typen ikonisitet er ikkje nødvendigvis språktypologisk betinga, fordi både isolerande, analytiske og syntetiske språk har evna til å laga generisk-spesifikke termstrukturar som er parallelle med dei underliggjande omgrepsystema. Vi kan altså ha komplekse uttrykk på formelen generisk-spesifikk både med og utan ei intern ordgrense, og draga 'syntetisk' og 'morfosemantisk kompleks' er ikkje samanfallande. Altså er denne typen ikonisitet meir av eit "terminologisk universalium" enn det er eit terminologisk relevant språktypologisk skilje (men hypotetisk, sidan det her er generalisert over berre to språk). Det viser seg særleg i at frase på engelsk svært ofte samsvarer med morfosemantisk ekvivalent samansetning på norsk: *sedimentary rock*, *burner boom* > *sediment+bergart*, *brenner+bom*.

4.2.3.3 Konkurrerande motivasjonstypar

Figur 26 ovanfor indikerer at lengd og kompleksitet i morfosyntaktisk forstand ikkje berre er typologisk betinga, men òg betinga av den mengda informasjon som skal kodast, og som altså er prinsipielt språkuavhengig. Eit gjeve fagspråkleg 'kommunikat' – det vil seia eit fagleg omgrep eller større fagleg meningsinnhald – kan realiserast språkleg på typologisk ulike språk, og derfor er termen, det fagspråklege uttrykket, påverka av pragmatiske faktorar i konteksten og ikkje berre av typologiske eller andre språklege faktorar. Økonomisk motivasjon samverkar med det *kvantitative* aspektet av ikonisitet, eller meir generelt – det finst ein motsetnad mellom ekspressivitet (informativitet) på den eine sida og økonomi på den andre – jf. 'Zipfs lov': Di meir kjend eller frekvent eit meningsinnhald – eit kommunikat – er, di kortare er det uttrykt språkleg. Som nemnt ovanfor er det ikkje lett å skilja typologiske faktorar frå idiosynkratiske vurderingar av lengd, kompleksitet og andre formelle/funksjonelle faktorar ved individuelle termar i spesifikke situasjonar.

Spørsmålet er då om lengd og kompleksitet *kan* vera typologisk påverka, og i så fall: kor mykje og korleis.

Dersom det er slik at visse språk på grunn av typologiske eigenskapar favoriserer økonomiske uttrykk, f.eks. slik at determinativ motivasjon i eitt språk svarer til 'opak' og kortare termdanning i eit anna språk, så ville vi ha eit slikt tilfelle. Ideen om semantisk motivasjon som motivasjonell kompensasjon i engelsk fell inn i dette resonnementet. Til grunn for denne problemstillinga ligg det pragmatiske omgrepet informativitet, og dette omgrepet har vore omfattande diskutert i fagspråk og terminologi, mellom anna av Andersen (1996, 2000), men òg av Reinhard m.fl. (1975) ut frå analoge synsmåtar. I språkplanleggingsteorien har Valter Tauli stilt opp normative prinsipp, og den best kjende teorien frå pragmatikken er Grice si formulering av prinsippet om språkleg samarbeid og dei fire samtaleprinsippa (Grice 1991 [1974]). Innsikta er den same som i 'Zipfs lov' frå 1935 ("The psychobiology of language") og som er vanleg i bruksbasert lingvistikk (jf. Tomasello 2003: 5).

I boka *Introduction to a theory of language planning* (Tauli 1968) stiller Valter Tauli opp prinsipp for 'ideell' språkplanlegging. Det grunnleggjande problemet er ifølgje Tauli korleis ein kan samordna krava til klårleik og økonomi, det vil seia å finna den mest effektive relasjonen mellom klårleik, redundans og økonomi. Han formulerer desse prinsippa (Tauli 1968: 30 ff):

KLÅRLEIK	ØKONOMI
C1 The expression must convey to the listener all the meanings intended by the speaker.	E1 The number of linguistic units must be the least possible.
C2 The meaning of an expression must be grasped by the listener easily and quickly.	E2 The expression must be the shortest possible.
C3 The expression must contain redundancy.	E3 <i>The more frequent the expression the shorter it must be.</i> (Uth. JM)
C4 The greater possibility for semantic confusion the greater must be the difference in expression.	E4 The linguistic structure must be the simplest possible.
	E5 The expression must not convey more meaning than necessary (the principle of facultative precision).

Figur 27. Klårleik og økonomi ifølgje Valter Tauli (1968)

Det er til dømes motstrid mellom C3, 'innehalda redundans', og E2, 'vera kortast mogeleg'. Isomorfi- og kontrastprinsippet som vi har drøfta ovanfor, brytst med E1, for dersom det finst få einingar, må kvar eining vera fleirfunksjonell, og det inneber fleirtydigheit, jf. E5. Det sentrale prinsippet i vår samanheng er prinsipp E3, som altså har ikkje-normative motstykke, slik vi har sett. Teoriane til Tauli har vore sterkt kritiserte for instrumentalistisk tankegang, og det er ikkje poenget her å drøfta dette. Poenget er den analogien som det er mellom (delar av) den normative teorien hans og den ikkje-normative innsikta som ligg i nyare pragmatisk syntaks og pragmatisk teori. Det grunnleggjande problemet for Tauli er korleis ein kan samordna krava til klårleik og økonomi, det vil seia kva som er den mest effektive relasjonen mellom klårleik, redundans og økonomi. Dette er pragmatiske mekanismar som på det ikkje-normative planet skal forklara både kommunikativ åtferd og (sekundært) korleis rutinebasert kommunikativ åtferd nedfeller seg i språkstrukturen. Frå den første synsvinkelen er det direkte relevant for termdanning, og frå den andre synsvinkelen er det altså vi spør om denne innsikta kan gje vitenskaplege korrelat til ein funksjonell eigenskap som 'lang'.

I artikkelen "Logic and Conversation" set Grice (1991 [1974]) opp dei fire samarbeidsprinsippa sine. Dei to konkurrerande motivasjonane informativitet og økonomi ligg i kvantitetsmaksimen hans, men vi ser at måtemaksimen svarer både til Taulis klårleiksprinsipp og til mykje av essensen i det terminologiske motivasjonsprinsippet (jf. òg figur 9, kapittel 2). Motivasjon står i teneste for presisjon, endå det ikkje er same eigenskapen. Både relevans- og kvalitetsmaksimen kan relaterast til terminologiens 'feilmotivering', sjølv om vi ikkje går meir inn på det her:

GRICE	EKSTERN MOTIVASJON	FUNKSJONELLE EIGENSKAPAR
KVALITET	sanning	(feilmotivering)
KVANTITET	informativitet vs. økonomi	nøyaktigheit ('accuracy') vs. lengd, kompleksitet
RELEVANS	sak	(feilmotivering)
MÅTE	klårleik	presisjon, eintydigheit vs. vagheit, fleirtydigheit

Figur 28. Motivasjon og samtaleprinsipp på grunnlag av H. P. Grice

Det ser ikkje ut som om språktypologisk forskning har stilt opp haldbare kriterium for når pragmatikken sluttar og typologien begynner, men derimot ser det ut som om språktypologisk forskning i høg grad meiner at desse to aspekta ved språket heng i hop. Som i dei fleste av dei nemnde oversynsverka er økonomisk motivasjon knytt til ”Zipfs lov”, som koplar (morfologisk) lengd med frekvens, og dermed grammatikk med kommunikativ kontekst: di meir frekvent eit uttrykk er, di kortare form får det. Denne måten å bruka omgrepet på er nokså einsarta og eintydig. Det ein i alle fall må slå fast, er at det omvendt proporsjonale forholdet mellom frekvens og lengd er eit pragmatisk-kommunikativt prinsipp som verkar på alle språk, som til dømes anaforisk nedkorting eller leksikalsk nedsliting. Det kan ikkje forklara uttømmende kvifor engelsk og kinesisk har kortare ordformer enn finsk og inuittisk, men det kan føra oss nærare eit operativt kriterium for lengd og kompleksitet: Lengd må tolkast som morfosyntaktisk og morfosemantisk lengd, altså har det å gjera med mengda av språkleg materiale: morfem, leksikalske element og stavingar. Men det er ikkje vilkårleg kva kategoriseringsnivå vi identifiserer språkleg materiale på.

4.2.4 *Kategorisering: Taksonomisk basisnivå vs. spesifikt nivå*

Motivasjon kan ikkje skiljast frå kategorisering, og kategorisering skjer på grunnlag av persepsjon, ofte av ’saliente’ kjenneteikn. Motivasjon kan spela ulik rolle på ulike kategoriseringsnivå. Med tanke på typologisering av substantiv og adjektiv ut frå kriteriet ’enkel–kompleks’ viser Croft (1990: 183f.) til dei velkjende prototyp-semantiske undersøkingane av Rosch, Berlin og Kay om kulturell taksonomisering. Prototypeteorien har hatt stor innverknad på terminologiske omgrepsoppfatningar dei siste tjue åra og må i dag reknast som del av det teoretiske grunnlaget for terminologien. Hovudelementet i undersøkingane om kategoriseringsnivå er at det finst mange ulike klassifiseringsnivå, men tre som er sentrale: Vi kan med utgangspunkt i Berlins (1978) termar snakka om ’livsformer’ (’life forms’), ’artar’ (det generiske nivået) og ’underartar’ (det spesifikke nivået) (Berlin 1978: 12 ff).

Det høgaste nivået, *livsform-nivået*, er ifølgje dette resonnementet ofte språkleg koda med morfologisk simplekse ord. Dette gjeld òg det *generiske nivået*, som er mellomnivået og det som er kognitivt viktigast. Det vanlegaste lågaste nivået kallar Berlin det *spesifikke nivået*, og der skjer kodinga oftast gjennom samansetningar med det generiske uttrykket som kjerne. Rosch (1978: 30–31) opererer med eit ’basisnivå’ (’basic level of abstraction’) som svarer til Berlins generiske nivå. Ifølgje Rosch er omgrepsstrukturen på dette nivået enklare enn både på livsformnivået og det spesifikke nivået fordi det taksonomiske basisnivået har perseptoriske særtrekk: To

referentar som høyrer til ulike generiske nivå, er perseptorisk meir ulike enn to som høyrer til spesifikke underkategoriar av same genus. Og to ting innanfor same genus er meir like enn to som høyrer til same livsform, men ulike genus. Det generiske nivået er altså veldefinert overfor både det spesifikke nivået og livsform-nivået. I terminologisk samanheng vil dette f.eks. seiar at ”artar” (genus) som ’ventil’ og ’pumpe’ skulle vera meir ulike enn spesifiseringar/underartar som ’stengeventil’ og ’tilbakeslagsventil’ under genuset ’ventil’, og tilsvarande. Og ’pumper’ innbyrdes er meir einsarta enn ’pumpe’ og ’ventil’ som to artar (genus) av livsforma ”prosessutstyr”. Det er jo ofte tvil om korleis livsformene skal kodast terminologisk, for ”prosessutstyr” er ein svært vid term. Det prinsipielt viktige her er den taksonomiske tredelinga og merksemda omkring det generiske nivået eller basisnivået, ikkje at det er litt kunstig å kalla tekniske artefakt for ”artar”. Likevel vil vi i det følgjande omtala dette nivået som ’det generiske nivået’.

På dette grunnlaget kan det formulerast ein hypotese om at dei viktige motivasjonsskilnadene oftast viser seg på basisnivået. Ein morfologisk og semantisk uanalyserbar term som norsk *ventil* utgjer ein kontrast mot islandsk *loki* (av verbet *luka* ’stengja’), altså ein type semantisk motivasjon gjennom islandsk ’lærd’ orddanning (men kanskje langt på veg demotivert). Kontrastar på dette nivået må vera typologisk meir signifikante enn påbyggingar på desse, der den morfologiske (og funksjonsorienterte) motivasjonen er typologisk nøytral, jf. til dømes førsteledda i *lufteventil/avblåsingsventil* (jf. Materialet) vs. islandsk *loftsogsloki* (”luft” + ”sug” + *loki*). Så korleis identifiserer vi dette viktige basisnivået?

I lys av ikonisitethypotesen om språkleg koding (jf. ovanfor) impliserer denne inndelinga to ting: At det generiske nivået er meir grunnleggjande enn det spesifikke, sidan det har ei enklare koding (*ventil, loki*), og at kjerne-modifikator-strukturen i kodinga avspeglar ein generisk-spesifikk struktur i taksonomien. Derfor fell dette inn under definisjonen av strukturell ikonisitet ovanfor. Språkleg sett kan det då hevdast at samansetningar som kodar spesifikke termar reflekterer både at omgrep på dette nivået er avleidde (av genuset, ”arten”) og at dei er umogelege å skilja ’interspesifikt’, fordi termene har same substantivkjerne. På livsformnivået skjer kodinga ofte via enkle røter, men ofte manglar dette nivået koding – kanskje pga. manglande intern homogenitet. Nemningar på dette nivået må altså ofte konstruerast artifielt, jf. *pattedyr* vs. *elefant* og *ku*.

Litt firkanta tolka skulle kodinga på grunnlag av denne innsikta bli slik: *Livsformer* er i fagspråk truleg oftare koda gjennom komplekse termar enn gjennom enkle (altså ikkje heilt som det Rosch eller Berlin hevdar), og grunnen er at kategoriane er

artifisielle og svakt etablerte. *Basistermar* (på det generiske nivået) i Materialet (så langt det er mogeleg å identifisera desse gjennom 'semasiologisk mistanke') vil oftare vera kodingar av generiske omgrep enn av spesifikke, og dermed oftare enklare og kortare. Omvendt skulle alle *samansette termar* oftare vera spesifikasjonar av eit overomgrep i kjernen, dvs. av ein art/genus (prinsippet om at "more sound is more meaning", så langt dette rekk, jf. ovanfor).

Kageuras grunnleggjande oppfatning av termdanning er som nemnt samanfallande med denne grunninnsikta i kategoriseringssynet til Berlin og Rosch. Med utgangspunkt i den kan vi seia at di sterkare denne tilstanden opptrer, di sterkare rår det strukturell ikonisitet. Vi kalla dette ovanfor for eit 'terminologisk universalium' og ikkje noko typologisk skiljemerke, fordi alle språk har metodar for strukturelt ikonisk koding. Men no kan vi gå eitt steg vidare og seia at dette på visse vilkår faktisk *er* eit typologisk skilje – nemleg i den grad to språk kodar ulikt, målt gjennom ulike preferansar for orddanningsmotivasjon på det generiske nivået. Typologiske hypotesar om både livsformnivået og det spesifikke nivået må derimot vera svakare. I tillegg til dette må vi òg peika på at morfologisk komplekse termar ikkje berre kodar determinative omgrepsrelasjonar, men òg partitive, slik at dette ikkje er nokon konsekvent isomorf relasjon (sjå kapittel 2, avsnitt 2.1.5 og Madsen 1999: 111). Dette resonnementet ligg til grunn for den analytiske tilnærminga som er brukt her, skiljet generisk-spesifikt nivå som i stor grad, men ikkje fullt ut, svarer til skiljet heiltermdelterm (jf. kapittel 3, avsnitt 3.1.5).

4.2.5 *Kan lengd operasjonaliserast?*

4.2.5.1 *Kva er 'lengd'?*

Er 'lengd' og 'kompleksitet' det same som 'klumpete' og 'tungvint'? Slike karakteristikkar kan vera tilfeldige og idiosynkratiske og ikkje minst altfor upresise, derom dei ikkje kan gjevast eit fagleg korrelat i samsvar med ei operativ eller preskriptiv norm. Oversynsverk i språktypologi og morfologi slik som Croft 1990 og Bauer 1988 kan gje inntrykk av at språktypologisk forskning er både for mangearta og for lite framskriden til at vi kan venta å finna eit handfast grunnlag for kontrastiv samanlikning av ord, og dermed i endå mindre grad av termar. Begge forfattarane peikar på at dei typologiske omgrepa til Schleicher (Humboldt), Sapir o.fl. (jf. figur 25) er vage og innbyrdes motstridande. Begge forfattarane, men særleg Bauer, peikar på at forskinga i typologi og språklege universalium må hanskast med problemet teorimangfald. Typologisk forskning omfattar som nemnt i høgare grad enn

orddanning syntaks og andre grammatiske fenomen. Vi må leggja til grunn at termlengd er, om ikkje eit 'naturleg' fenomen, så i alle fall ein viktig funksjonell variabel i termarbeidet. Men som dei lange døma ovanfor i avsnitt 4.1.4 viser, er 'lengd' ikkje noko eintydig omgrep, derfor er det langt frå gjeve på førehand kva språkbrukarar eigentleg refererer til eller har reagert på når dei kritiserer termar for å vera "for lange". Finst det noka 'objektiv' norm for kva lengd som er akseptabel?

Av typologiske arbeid med leksikonrelevans er Greenbergs indeksering av forholdet mellom morfem og ord kanskje den typologiske tilnærminga som verkar mest operativ (Greenberg 1960, diskutert i Croft 1990), men har ikkje sett varande spor etter seg. I denne avhandlinga vil eg ikkje basera meg på denne tanken. Analysen har høge metodiske krav som ikkje heilt passar med datagrunnlaget for denne avhandlinga (sjå seksjon 4.5). I staden finn eg det viktigare å gå inn på stavingstalet og på motivasjonslengd rekna i leksikalske element, det vil seia termelement. Det vil seia at vi skal sjå nærare på éi finare inndeling og éi grovare.

4.2.5.2 Grafisk vs. fonologisk lengd

Lengd kan målast semantisk eller formelt. Semantisk lengd har ifølgje Reinhard m.fl. (1975: 51) å gjera med mengda av semantisk informasjon (omgrepskjenneteikn) som kvart formativ må representera. Det er likevel ikkje isomorfi mellom talet på kjenneteikn og talet på uttrykkselement, som vi skal sjå nærare på i avsnitt 4.4.1. Kompleksitet er ikkje berre eit morfosemantisk eller morfesyntaktisk fenomen, men eit pragmatisk (jf. Andersen 2000: 18). Ein formelt kort term (trunkering, metafor, uregelvisst motivert osv.) kan representera kompleks informasjon, men det er ikkje denne typen lengd vi drøftar her. Formell lengd kan målast grafisk og fonologisk, gjennom talet på bokstavar og fonem, og dette er sjølvstekt viktige indikasjonar på funksjonelle faktorar som 'lett' og 'tung' òg. Det er ikkje like stor grunn til å leggja vekt på den grafiske som på den fonologiske sida, fordi "eufoniske" eigenskapar opplagt spelar ei viktig rolle i termskapings- og termvurderingssituasjonar. På den fonologiske sida er det truleg stavingstalet som er det viktigaste kriteriet, sjå avsnitt 4.2.8 nedanfor.

4.2.5.3 "Motivasjonslengd"

'Lengd' på dei to første nivåa er altså typar av formell kompleksitet. Overflaterepresentasjonen av ein term er vidare ein funksjon av den morfosemantiske strukturen, talet på og typane av leksikalske og grammatiske morfem, som kodar omgrepsinnhaldet og dermed i sin tur er ein funksjon av pragmatiske faktorar: Det som til sjuande og sist avgjer, er kor mykje informasjon termen skal representera. Denne typen lengd kan målast i leksikalske komponentar eller termelement – det Reinhard m.fl. (1975: 51) kallar 'motivasjonslengd': "die Länge in Bezug auf die Zahl der Morpheme, d.h. die Zahl der in dem Formativ realisierten inhaltlichen Elemente." Motivasjonslengda heng saman med høg semantisk belastning på kvart einskilt morfem (s. 52). Ved isomorfi mellom innhald og uttrykk får ein mange morfem når belastninga på kvart einskilt er låg – altså ved høg grad av morfologisk-semantisk transparens – men til vederlag altså ein formelt kompleks term (ein type strukturell ikonisitet, jf. avsnitt 4.2.3.2).

Eit leksikalsk eller grammatisk morfem (formativ) kan ha svært ulik lengd isolert sett, og det går ikkje heilt klårt fram korleis motivasjonslengda verkar inn på termlengda alt etter om einskildelement er korte, lange, morfologisk simplekse eller komplekse. Til dømes er termen *drivrørshylse* lengre enn *reduksjonsventil* i talet på sjølvstendige røter: 3 mot 2, men kortare når det gjeld stavingar: 4 mot 5, først og fremst på grunn av det eine grammatiske morfemet *-sjons* i den siste. Eit allmennspråkleg og godt norsk eksempel som *rettskriv(n)ingsordbok* har ein ideell toledda struktur, men kvar konstituent er sjølv toledda, det vil seia har 2 samansette stammar. Ordet har 4 leksikalske morfem + 1 grammatisk + fuge = 6 morfem, men berre 5 stavingar!

Motivasjonslengd er altså ikkje like enkelt å operasjonalisera som talet på stavingar. Vi legg derfor ekstra vekt på dette siste kriteriet, men kjem inn att på motivasjonslengd nedanfor i avsnitt 4.2.7 og i analysen av kompleksitet i seksjon 4.4. Først og fremst har vi bruk for eit slikt kriterium i analysen av ellipse, det vil seia stryking av informasjon, særleg stryking av leksikalske røter og stammar.

4.2.6 Typologi, kompleksitet og transparens

Som vist i kapittel 2 og 3 nyttar terminologilitteraturen ofte termene *transparens* og *motivasjon* synonymt. Når omgrepet 'motivasjon' vert så utvida som vi f.eks. har gjort det i diskusjonen i kapittel 3, dreiar det seg i realiteten om fleire ulike omgrep.

Omgrepet 'transparens' er derimot meir avgrensa og bør reserverast for dei eigentlege morfologiske aspekta, og i morfologien ser ein ofte transparens i samanheng med ordlengd (ordformlengd). Med Bauer (1988: 189): "Transparency is the extent to which there is a clear match between meaning and form." Når dette forholdet vert tilsløra, er resultatet 'opakt', og opakt er ikkje 'naturleg'. Transparens er 'naturleg' (på same måten som strukturell ikonisitet er 'naturleg'), medan unormal ordlengd er 'unaturleg'. Strukturell ikonisitet, transparens og ordlengd heng saman på den måten at 'det naturlege' er ordformer som er morfologisk transparente (og strukturelt ikoniske) utan å vera unormalt lange. Transparens er dermed tolka som ein typologisk eigenskap: Opake termar kan vera kortare enn transparente, og transparente termar må altså ikkje vera for lange dersom dei ikkje skal verta 'unaturlege'.

Som mange peikar på, bl.a. Bauer (1988: 166f.), vaklar bruken av individualiserande termar som *analytisk* og *isolerande*, og som drøfta ovanfor let ikkje heile språk seg plassera eintydig i kategoriar (jf. 'individualisering', avsnitt 4.2.2). Eit viktig eksempel er inuitspråk (eskimoisk), som kombinerer frie og bundne morfem til svært lange setningsekvivalente ordformer. Det har vore diskusjon om dette er eit særtilfelle av agglutinerande språk, eller om Sapirs term *polysyntetisk* skulle markera det som ein fjerde type. Engelsk har på si side isolerande drag (*can, be, in, book*), men ikkje like sterkt som kinesisk, for engelsk har òg agglutinerande (*obscen*ity, direct*ory*) og fusjonering (flektering) (*found* pret.) (Bauer 1988: 168).

Dette får Bauer til å konkludera med at dei tre hovudtypene agglutinerande, fusjonerande (flekterande) og isolerande kan brytast ned i to enklare parameterar: forholdet mellom morfem og ordformer, som ifølgje Bauer har ein viss deskriptiv styrke, og forholdet mellom morfem og morfar, som ikkje ser ut til å ha det (Bauer 1988: 169):

		talet på morfem pr. morf	
		lågt	høgt
talet på morfem pr. ordform	lågt	isolerande	
	høgt	agglutinerande	fusjonerande

Figur 29. Tilhøvet mellom ordform, morfem og morf, etter Bauer (1988)

Dei typane som ifølgje Bauer (basert på Greenberg) kan skiljast ut nokolunde tydeleg på grunnlag av kriteriet morfem pr. ordform, er polysyntetiske og isolerande språk samanlikna med resten. Isolierende språk som vietnamesisk og yoruba har 1,06 og 1,09 morfem pr. ordform, inuittisk har 3,72. Gammalengelsk får som eksempel på fusjonerande språk 2,12 etter Greenbergs utrekning, moderne engelsk som "mixed" 1,69 etter Bauers, dvs. at moderne engelsk har eit 'litt meir isolierende' preg. Russisk som fusjonerande språk får skåren 3,33 av Bauer. Dei fleste skilnadene er graduelle, særleg er fusjonerande språk vanskelege å plassera eintydig. Og Bauer summerer opp forskingsstatus med at inndeling i dei tre hovudtypane ikkje ser ut til å samvariera med nokon annan morfologisk parameter. Med andre ord har typologisering av denne typen berre avgrensa verdi, fordi det ikkje er mogeleg å generalisera frå eitt språkleg nivå til eit anna.

Om vi tek utgangspunkt i at engelske termar ofte er kortare enn dei (sekundære) skandinaviske, og at skandinavisk er typologisk likt tysk, så er den auka kompleksiteten i skandinavisk mogeleg å forklara som eit typologisk fenomen, fordi det er det typologiske draget /SYNTETISK/ som skaper "bendelormtermar" i skandinavisk. Islandsk skulle (på intuisjon!) vera "litt" meir syntetisk/fusjonerande enn skandinavisk, og det er eit faktum at islandsk nyttar samansetjing og har lange ord, jf. døme som *kvikmyndahús* vs. *bió* eller *bifreið* vs. *bill*. Motsett skulle det altså vera den morfologiske fattigdommen i engelsk som skaper det analytiske preget som i sin tur heng saman med den relativt høgare frekvensen av metaforikk, og dermed tendensen til kortare termar (eller generelt: kortare språklege uttrykk). Ved å ta utgangspunkt i ordformnivået og dra inn bøyingsmorfologi har vi for så vidt resonert individualiserande, slik vi ikkje skulle gjera. På den andre sida ser den typologiske behandlinga av engelsk hjå både Bauer og Ullmann bøyings- og avleiingsrikdommen under eitt, og grensa mellom individualiserande og generaliserande er uskarp.

Samstundes er det eit faktum at islandsk òg har ein tradisjon for korte ord, fordi medviten og styrt orddanning motverkar det som måtte finnast av typologiske (grammatiske) disposisjonar for 'lange' ord. På denne måten kan det hevdast at islandsk òg har ein tradisjon for 'lærd' orddanning, men på heimleg grunn. Formene *sími* og *tölva* er kortare enn engelsk *telephone* og *computer* (men *loki* er fonologisk lengre enn *valve* om ein ser på stavingstalet, sjå nedanfor). Og dersom det – for resonnementet si skuld – kan påvisast at islandsk faktisk har ein tendens til korte ord, i alle fall innanfor visse teknolektar, så ville dette vera ein typologisk realitet sjølv om det måtte ha skjedd gjennom medvitne og normative inngrep som kan plasserast i tid og rom og ikkje gjennom 'naturlege' produktive prosessar spontant og over lang

tid. (Islandsk har mange lange ord, så bruk av *loki* er å resonnera på grunnlag av spreidde eksempel.)

Mot dette står det enkle faktumet at økonomisk motivasjon (jf. avsnitt 4.2.3) er ein ekstern faktor som kan operera på tvers av språk, og som er verksam i alle språk avhengig av den pragmatiske faktoren frekvens. Zipfs lov er formulert på grunnlag av engelsk, men skandinaviske språk kan gje like gode belegg. Pragmatisk-kommunikative forklaringar kan altså forvekslast med eller omtolkast til typologiske, slik sitata frå TNC64 ovanfor (avsnitt 4.1.4) er uttrykk for. Ein ting er innanfor morfologisk typologi å seia at agglutinerande språk maksimaliserer transparens – noko heilt anna ville vera å seia at ”språkbrukarar med agglutinerande språk som morsmål er i stand til å uttrykkja seg meir transparent, dvs. lettforståeleg”. Det ville vera ei vulgærslutning.

På grunnlag av bl.a. Kocoureks reviderte typologi (figur 23) kan vi slå fast at lengd/kompleksitet prinsipielt er uavhengig av skiljet analytisk–syntetisk: Om det finst ein kausal samanheng, så er han i alle fall ikkje deterministisk. Frasedanning er ein vanleg termdanningsmekaniske som kan gje høve til å nytta korte ordformer, men morfologisk sett er slik ’syntaktisk’ motivasjon (Kocourek) ekvivalent med morfologisk motivasjon gjennom samansetning, fordi begge typane byggjer på kombinasjon av sjølvstendige morfem (jf. norsk *jernbane* vs. fransk *chemin de fer*).

Croft hevdar som vi såg i avsnitt 4.2.2 at skilje av typen syntetisk–analytisk må analyserast på grunnlag av spesifikke språklege variablar (leksikalske fenomen, grammatiske konstruksjonar) utan at dette samstundes vert generalisert til å gjelda heile språk ”as such”. På grunnlag av denne diskusjonen er det klårt at enkeltstående drag som syntetisk/analytisk må haldast skilde frå individualiserande karakteristikkar av heile språk, slik som trikotomien fusjonerande/isolerande/agglutinerande. Engelsk (fransk) har syntetiske drag, fordi samansetjing er mogeleg, tysk (skandinavisk) har analytiske drag, fordi danning av ordgrupper er mogeleg. (Wüster (1985: 34) snakkar her om såkalla ”Scheingruppen”, det vil seia frasar som svarer til samansetningar.)

I dette biletet vil dei skandinaviske språka, islandsk og tysk alle måtta stå som eksempel på fusjonerande språk i ’individualiserande’ forstand. Dei vil ha innbyrdes skilnader som kanskje er så små at det krev kraftigare metodikk og større datamengder å undersøkje dei, og dessutan gradvise overgangar mellom høge og låge verdiar. Denne konklusjonen gjeld i alle fall dersom vi tek utgangspunkt i ordformnivået og dreg inn bøyingsaffiksa. Engelsk vil måtta klassifiserast som mindre fusjonerande og noko meir isolerande enn skandinavisk (tysk, islandsk), men

dannar ikkje nokon ekstrem motpol til nordiske språk og tysk, sjølv om det har ein tradisjon for korte ord. Bauer seier at moderne engelsk er 'mixed' (1988: 169), og islandsk sterkare fusjonerande enn engelsk. Islandsk har òg litt fleire agglutinerande drag, f.eks. nominativsaffiks, som òg utgjer ein viss skilnad jamført med skandinavisk. Oppe i alt dette kjem så dei skilnadene i leksikon som vi har vore inne på fleire gonger: islandsk purisme, både som morfologisk-semantisk og som 'lærd' orddanning, som av og til genererer korte og av og til lange ordformer. Det er altså ikkje mogeleg å generalisera typologisk frå det grammatiske til det leksikalske nivået, og i dette lyset vert altså dei grammatiske skilnadene mellom islandsk og skandinavisk ståande som marginale, medan ingen vil protestera på at skilnadene på det leksikalske nivået er både markante og kvantitativt sett omfattande.

4.2.7 *Finst det ei norm for 'naturleg' ordlengd?*

Det som er relevant her, er å sjå på syntetisk/analytisk som eit spesifikt drag i lys av ein hypotese om kompleksitet i leksikalske stammeformer. Det må vera *kompleksitet*, ikkje analytisk/syntetisk, som er det vitskaplege korrelatet til dei folkelingvistiske forestillingane om "tung, klumpete" osv. Skiljet analytisk/syntetisk kan hypotetisk vurderast som kausal forklaringsfaktor, i den grad det er mogeleg å påvisa at dette skiljet genererer lange vs. korte ordformer eller på annan måte gjer uttrykk 'tunge' vs. 'lette' å handtera i kommunikative handlingar. Men for å kunna seia noko om dette, må vi operasjonalisera korleis dette med transparens samverkar med ordlengd.

Øystein Sundes humoristiske eksempel *overbuljongpakkemesterassistent* (jf. avsnitt 4.1.2) illustrerer at det å laga lange samansetningar er ein populær "sport", som slik vi har sett, er ein gjengangar i mykje litteratur. Grunnlaget for denne "sporten" er ein intuisjon om at altfor lange samansetningar ikkje er funksjonelle, dei bryt ei underliggjande norm (med Bauer, ovanfor: dei vert 'unaturlege'). Kvar grensa går mellom det naturlege og det unaturlege, det akseptable og det dysfunksjonelle, er derimot vanskeleg å avgjera. Sundes eksempel er femledda om vi reknar lineært i leksikalske stammar, */over/buljong/pakke/mester/assistent/*, det er fireledda om vi reknar dei primære elementa etter ord, *over/buljong/pakkemester/assistent/*, treledda rekna som IC-ar, *over/buljong-pakkemester/assistent*. Morfologisk sett har det to fleire bundne morfem enn leksikalske, dei demotiverte *-jong* og *-ent*, og fonologisk har ordet elleve stavingar – eitt primærtrykk ('over-/) og kanskje berre eitt sekundærtrykk (/-,tent/), dvs. inntil ni trykksvake stavingar. Til samanlikning er eksempelet *Ultra/kurzwellen/überreichweiten/fernseh/richtfunk/-verbindung* ikkje humoristisk og konstruert, men autentisk. Det har seks primære ord, tretten morfem (inkl.

prefiks og suffiks) og 17 stavingar. Den eksisterande forkortinga *UKW-Verbindung* demonstrerer at norma for det 'naturlege' er broten til og med i tysk.

I norske grammatikkar og handbøker finst det lite diskusjon eller konkrete råd om kva ei 'naturleg', 'god', 'akseptabel' m.m. ordlengd er. Verken *Norsk referansegrammatikk* eller Berkovs *Norsk ordlære* drøftar problemet. Finn-Erik Vinje har derimot ein diskusjon om problemet, og peikar på skilnaden analytisk/syntetisk utan å relatera det eksplisitt til normer for lengd, berre til den ibuande produktiviteten (jf. Øystein Sunde):

Det er nær sagt ingen grense for hvor lange sammensetninger vi kan lage:
 papirindustri [...]
 papirindustriarbeiderlønnshandlingsleder (Vinje 2002: 70)

Dømet *papir/industri/arbeider/lønn/s/forhandling/s/leder* liknar døma frå Sunde og Hoffmann: seks primære ord, tolv morfem (inkl. prefiks og suffiks) og fjorten stavingar. Det finst altså grenser for kor sterkt denne produktiviteten kan få lov å utfalda seg før resultatet sluttar å vera funksjonelt. Transparensen går tapt i ord med altfor mange konstituentar (jf. Bauers parameter om 'naturleg' ordlengd (jf. neste avsnitt, 4.2.8). Kvar denen grensa går, er vanskeleg å fastslå eksakt. For svensk har Erik Wellander argumentert sterkt mot redundans og unødvendig lengd i orddanninga. Rådgevinga hans er i første rekkje retta inn mot skriftleg framstilling i tekst, og kan ikkje tolkast som nokon strikt typologibasert påstand. Likevel rettar synspunktet seg inn mot dei same funksjonelle aspekta ved orddanning som er emnet for dette kapitlet, derfor har synspunktet interesse. Wellander tek utgangspunkt i talet på 'led':

Svenskan sammanfogar gärna två eller flera ord till en enhet, en sammansättning. [...] Det måste emellertid vara måtta med sammansättandet. Mot två sammansättningsleder är i regel inget att invända, tre blir ofta en för mycket. [...] Många långa sammansättningar vanpryder vårt skriftspråk. (Wellander 1973: 266)

Men 'led' må i så fall òg presiserast nærare, til dømes om det er meint 'morfem', 'rot' eller 'stamme'. Om det er meint 'morfem', så er det gjennomsnittleg ein viss skilnad på grammatiske morfem (bøying, avleiing) og leksikalske, det vil seia røter. Til dømes vil ikkje preposisjonen *av* og substantivet *industri* gje den same effekten på ordlengda når dei er brukte i komplekse samansetningar. I Materialet vil ein term som *rørkoplingshylse*, som vi har sett, kunna opplevast som 'klumpete' og lang, men målt etter talet på stammar, det næraste vi kjem 'motivasjonslengda', held termen seg

innanfor talet på tre 'ledd': *rør*, *koplings-* og *hylse*. Med tillegg av eitt grammatisk morfem (eigentleg to, *-ing/s-*) er altså grensa sprengd. Dei to grammatiske elementa står innanfor same staving, og Wellanders lengdgrense er i realiteten sprengd berre med den eine stavinga. Her er det altså tale om eit normativt ideal som aldri kan få heilt eksakte empiriske motsvar.

4.2.8 *Stavingstalet – den sentrale faktoren?*

Som nemnt ovanfor ser naturleg morfologi gjennomsikt/transparens som 'naturleg', medan unormal ordlengd er 'unaturleg'. Når dette forholdet vert tilsøra, er resultatet opakt. I Dresslers hierarki over transparens (Dressler 1995: 24 f) er suppletivbøying (*be* → *am*) det mest opake, medan morfemsamanstilling utan andre modifieringar enn allofoniske er maksimalt transparente (*excite+ment*). Når det gjeld 'lange' ord, meiner Bauer at det ikkje eksisterer nok forskning til å dra pålitelege slutningar, men det kan likevel skisserast ein tendens til at affiks optimalt er på éi staving og at ein "lexical base", dvs. ei stamme, er på éi eller to stavingar. Den (svake) empiriske basisen er henta frå granskingar av gammalengelsk og moderne engelsk, tysk og fransk. Bauer oppsummerer dette slik at spennet går frå éi til fem stavingar pr. ordform, med tre som det optimale:

On this basis, we can conclude that the ideal length of a word-form is somewhere in the region of three syllables, plus or minus two. (Bauer 1988: 190)

Med andre ord, overført på terminologi: Så snart kommunikatet stiller krav om meir materiale enn det som kan rommast i fem stavingar, må vi ty til mekanismen ordgruppe. Og omvendt: Når det innanfor ein term på fem stavingar eller mindre finst variasjon mellom analytisk og syntetisk sjølv om det leksikalske morfeminventaret er identisk/ekvivalent, så skuldast det typologiske særdrag.

Bauer hevdar vidare at agglutinerande språk (eksempel: tyrkisk) maksimaliserer transparens, fordi det i slike språk rår eit ein-til-ein-forhold mellom innhald og form. Resultatet er ein tendens til lange ordformer. Fusjonerande språk (eksempel: islandsk) held ordformene relativt kortare, men prisen er mindre transparens. Ut frå naturleg morfologi kan det altså hevdast at naturlegheitsparameterar har påverka ulike språk ulikt (Bauer 1988: 191). Og, med relevans for kommunikativ effektivitet: Minimalisering av lengd er ein gevinst, det same er maksimalisering av transparens – så desse to faktorane kan for den del godt seiast å støtta hypotesen om (motivasjonell)

balanse (jf. avsnitt 2.2.2.4). Ein kort term er optimal frå sendarsynspunkt, ein transparent og dermed lengre er optimal frå mottakarsynsstad. I symmetrisk kommunikasjon fell dette saman, fordi sendar og mottakar har felles kunnskapsgrunlag, men ikkje i asymmetrisk kommunikasjon (jf. Myking 1996: 90, som byggjer på poeng av Ulf Telemann og Frans Gregersen). Eksempelet frå innleiinga til dette kapitlet (avsnitt 4.1.2) illustrerer kor viktig dette med lengd kan vera i konkrete situasjonar:

musehull – rørkoplingshylse	mousehole
”hull i boredekket der et borerør plasseres før det koples til borestrengen”	

I intervjuet reagerer respondenten svært negativt på den regelvisst motiverte avløyseren, som reint objektivt kanskje ikkje er så mykje lengre enn dei andre variantane:

/'maus,houl/	2 stavingar
/'mæ:se,hul/	3 stavingar
/'rørkoplings,hylse/	5 stavingar

Alle tre variantane er tilsynelatande i Bauers idealområde (”tre pluss minus to”), den normerte termen rett nok i grenseområdet. Jamføringa haltar litt, fordi ei morfosyntaktisk realisering av dei norske termene ville gjera ordformene lengre, slik at b.pl. /'rørkoplings,hylsɛ/ (med syllabisk n) ville ha 6 stavingar og dermed falla utanfor det ”ideelle” området. Tilsvarende ville /'mæ:sehɛlɛ/ ha 5 og framleis falla innanfor, og begge variantane ligg altså litt i ytterkanten av ”the ideal length of a word-form” (Bauer) – men ikkje langt utanfor.

4.2.9 Oppsummering med reviderte problemstillingar

Oppsummeringa av denne diskusjonen må for det første vera at det er faktoren ’mange stavingar pr. hovudtrykk’ som truleg er det beste vitskapelege korrelatet til folkelingvistikkens ’klumpete’. For det andre kan vi oppsummera at dette fenomenet er lite absolutt og i høg grad relasjonelt, det byggjer alltid på ei samanlikning av alternative uttrykk, og dermed er det vanskeleg å ’måla’ objektivt. Stavingstalet er truleg viktigare enn talet på morfem eller stammar, men likevel avhengig av desse faktorane, derfor kan vi ikkje heilt sjå vekk frå faktoren motivasjonslengd. Oppsummeringa viser at visse problemstillingar og motsetnadspar heile tida vender tilbake:

1) Metaforisk vs. morfologisk, fordi a) det er ei vanleg oppfatning at metaforar er meir økonomiske enn morfologisk komplekse ord, og b) at engelsk pga. det analytiske preget er meir metaforrikt enn syntetiske språk, slik at engelske terminologiar har ein sterkare typologisk disposisjon for økonomiske løysingar.

2) Simpleks vs. kompleks, fordi det ofte er framstilt slik at norske termar er meir komplekse enn engelske, ofte tolka som ein påstand om typologisk disposisjon. Omgrepet 'kompleks' må her presiserast til 'morfosemantisk kompleks', og skal brukast i staden for termar som *analyserbar* og *transparent*. Tilsvarande skal *simpleks* brukast i staden for *morfologisk opak* eller *arbitrær*. Motsetnadsparet skal oppfattast som ein graduell skala med eitt fast ytterpunkt: Termen *simpleks* kan ikkje referera til anna enn morfologisk opake uttrykk, altså til rotord (som likevel kan vera semantisk motiverte, jf. kapittel 3).

3) Analytisk vs. syntetisk, fordi "bendelormord" ofte er framstilt som ein typologisk disposisjon pga. kjenneteiknet 'syntetisk'. Spørsmålet er likevel i kva grad slik samansetjing heller er pragmatisk styrt, det vil seia av informativitetssyn (lengda på kommunikatet).

4) Form vs. funksjon, fordi form ofte er assosiert med metaforikk og gjennom det til eigenskapen 'kort'. Men 'funksjon' kan realiserast språkleg på fleire måtar, og ikkje alle desse passar på nokon hypotese om kontrastive skilnader: Engelsk kan òg ha funksjonsmotivering.

Desse analysedimensjonane møtest først og fremst i problemet metafor vs. ikkje-metafor, og derfor er det analysen av avmetaforisering som må få den sentrale plassen i resten av dette kapittelet. Om analysen ikkje gjev grunnlag for presiserte og sterke hypotesar som kan føra til statistisk gyldige konklusjonar (som i Kageuras arbeid), kan det å sjå korleis termdanning faktisk artar seg i eit domene, likevel bidra til å sannsynleggjera tendensar og dermed gje dei preteoretiske synsmåtane ein sikrere teoretisk status. Målet må vera å unngå anekdotiske synsmåtar bygde på tilfeldig eksemplifisering.

4.2.10 Heilterm, delterm og generisk nivå

I kapittel 3, avsnitt 3.2.0, er vi sett at fullstendig morfologisk motivasjon dominerer stort på heiltermnivået. I avsnitt 3.1.5 er det vist at dette først og fremst gjeld samansetningar, i nokon mindre grad frasar og avleiingar. Ovanfor har eg

argumentert for at dei viktigaste motivasjonelle kontrastane venteleg manifesterer seg på det generiske nivået. I kapittel 3, avsnitt 3.1.5, og ovanfor i avsnitt 4.2.4 har vi sett at det kan vera vanskeleg å avgrensa analysestorleikane presist. Dei typologisk motiverte problemstillingane må differensierast i heiltermnivå vs. deltermnivå i samsvar med diskusjonen i kapittel 3. Heiltermnivået gjeld altså den komplette oppslagsforma, uavhengig av om den er eittords eller fleirords. Elles ville jo eit trekk som analytisk–syntetisk ikkje kunna nyttast i samanlikning av *redningsdrakt* vs. *survival suit*. Former som *adhesjonsoljeopptaker* er altså ei primær analyseeining her, sjølv om det er *opptaker* som er artsnemninga og såleis den typologisk mest 'saliente' (som kontrast til engelsk *skimmer*). Heiltermnivået, den komplette oppslagsforma, samsvarer ikkje alltid med den motivasjonelt viktige delen av termen på grunn av komposisjonell påbygging.

På deltermnivået vil det finnast nokre termelement som sjølve er termar i domenet, altså deltermar, medan andre termelement berre har elementstatus, og desse kan finnast både som førsteledd og som etterledd i dei samansette uttrykka. Generiske termar kan vera morfologisk komplekse, og då er ikkje sisteleddet sjølv ein term, berre eit element i form av teknisk basisord eller rett og slett allmennspråkleg leksem. Både desse faktorane og det avgrensa materialet gjer det vanskeleg å gjennomføra ei jamførande typologisk gransking med strenge metodiske krav. Vi skal derfor først ta utgangspunkt i heiltermnivået, som i kapittel 3, og deretter i deltermnivået, både førsteledd og andreledd. Å sjå på førsteledda er relevant fordi det ofte er der dei motiverande kjenneteikna er realiserte, jf. form- vs. funksjonskjenneteikn. I den grad den typologiske samanlikninga krev det, skil vi ut dei termelementa som kodar art og gjev dei separat analyse.

4.3 Metafor og metonymi – ”avmetaforiseringshypotesen”

4.3.0 Utgangspunktet for avmetaforiseringshypotesen

Hypotesen om avmetaforisering i norsk byggjer på eit 'folkelingvistisk' grunnlag som er utgreidd i seksjon 4.0 ovanfor. For å kunna kvalifisera ein slik hypotese må vi først identifisera det metaforiske innslaget i det datatilfanget vi arbeider med. Dette er krevjande, fordi analysen ikkje kan unngå å byggja på eit visst innslag av intuisjon, subjektivitet og post hoc. For å redusera feilkjeldene til det minimale, har eg valt å inkludera materialegruppa frå Boring/NOT noko meir systematisk for å auka datagrunnlaget. Dessutan nyttar eg informasjon frå allmenne ordbøker, særleg frå dei to norske eittbandsordbøkene *Bokmålsordboka* (BMO) og *Nynorskordboka* (NNO)

og engelske Webster, i tillegg til dei svenske oppslagsverka SAOB og TNC98. Det aller viktigaste grepet er likevel å identifisera metaforikk etter dei kjeldedomena som det er størst grunn til å ha forventningar om i teknisk fagspråk. Vi nærmar oss då ein annan type analyse, motivasjon meir i lys av persepsjon og erfaring, altså i sterkare grad ein analyse av omgrepsmetaforar og ikkje språklege uttrykk (jf. figur 9). Eg vil altså presisera at det framleis er funksjonelle aspekt ved språklege uttrykk som er målet for analysen, og at analyse etter metaforiske domene først og fremst er eit praktisk-analytisk grep for å få fram eit påliteleg datagrunnlag.

4.3.1 *Skiljet metafor–metonym*

Det er kategorien semantisk motivasjon (jf. kapittel 3) som er undersøkt her, med tanke på å fanga opp i alle fall dei minst usikre og mest typiske tilfella av slik motivasjon. Hovudproblemet er å minimera graden av idiosynkratisk intuisjon i utveljinga og identifiseringa av eksempel. Framstillinga vil derfor ikkje prioritera å skilja strengt mellom metafor og metonymi anna enn der det måtte vera direkte relevant og ha eit nokolunde sikkert grunnlag. Det er ikkje grunnlag for nokon hypotese eller mistanke om at desse to typane skulle ha innbyrdes skilnader som ville skapa typologiske og funksjonelle konsekvensar. I eksempelet *derrick* har metonymiske og metaforiske prosessar samverka i ein nokså komplisert kjede: Opphavleg var det eit proprium, namn på ein bøddel i London på 1600-talet, altså > metonymi (handverkar–verktøy) 'galge' > metaforikk (likskap, engelsk maritimt språk) 'laste- og lossebom' > ekstensjonal utviding (pga. likskap i konstruksjon) til (*drilling*) *derrick* > lån gjennom avløyning *boretårn* (BMO/NNØ òg *derrick*). Den engelske termen *derrick* kviler altså på ein gammal metonymi (som kanskje framleis er levande pga. den tyske fjernsynsdetektiven Derrick frå 1970-talet, altså eit døme på kontekstbetinga remotivering). I funksjonelt perspektiv er det likevel den motivasjonelle kontrasten mellom *derrick/derrick* og *boretårn* som er viktig. Termen *roughneck* er danna ved ein liknande prosess: via *bahuvrihi* > "stiv nakke" > metaforisk utviding 'bråkmakar, rabagast' > metaforisk utviding 'boredekkssarbeidar' (erfaringsbakgrunn: boredekket er ein klimatisk og fysisk tøff arbeidsplass). Slike eksempel er av pragmatiske og praktiske grunnar her behandla saman med den mest frekvente forma for semantisk motivasjon, altså som metaforikk.

4.3.2 Sentrale motivkrinsar

Metaforisering er eit komplekst fenomen som kan vera vanskeleg å få oversyn over. Moderne (bl.a. kognitiv) metafor-teori snakkar om metaforiske 'felt' eller 'system' (jf. for eksempel Temmermans behandling av 'splicing' (no. 'spleising') i Temmerman 2000, jf. òg Stålhammar 1997). Det er vanskeleg å ha nokon kvalifisert hypotese om at det skal finnast eitt eller nokre få slike system i den primære engelske termdanninga i oljesektoren. På grunnlag av allment kjennskap til norsk teknisk fagspråk er det òg urimeleg å ha nokon kvalifisert hypotese om at metaforikk ikkje skulle finnast der, jf. gamle tekniske metaforar som *fisk* (typografi), *mansjett* og *hette* (mekanikk), *nakke* (på øks) osv. Oljeteknologien er samansett av delteknologiar frå prosessteknologi, skipsteknikk, geologi og andre næringar, derfor ville den mest rimelege forestillinga vera at metaforikken òg kunne botna i ei heterogen samling av ulike kjeldedomene, men med stort tilsig av metaforar og metonym som kanskje avspeglar tradisjonar for primær termdanning i norsk.

I tillegg til dette kjem det faktumet vi har sett på i kapittel 3, at metaforar ofte er vanskelege å identifisera anna enn post hoc, og at det er ei diffus og teoriavhengig grense mellom terminologisering og metafor (jf. diskusjonen i avsnitt 3.2.6). Ut frå historisk bakgrunn kan vi gå ut frå at oljeteknologien er ei blanding av nye omgrep og ny, kreativ bruk av språklege ressursar på den eine sida, og gjenbruk og tilpassing av etablerte ord med dokumenterte tekniske varianttydingar på den andre sida. Mange slike ord er så konvensjonaliserte i termdanning at dei har fått status som 'tekniske basisord', bl.a. kodifiserte i TNC98 *Tekniska basord* (1995) eller i Wüsters figur over det termdannande potensialet i menneskekroppen (Wüster 1966, sjå òg avsnitt 4.3.3 nedanfor).

Omgrepet 'basisord' er relativt lite etablert. I basisord kviler den aktuelle tydinga på ei tidlegare terminologisering, og dermed på ein tidlegare levande semantisk motivasjon. Ved slik "basis-terminologisering" skjer det ei demotivering og konvensjonalisering som gjer at leksemet får eit semantisk stabilt termdannande potensial. Tydinga til basisordet er relativt generell, og generiske ord er lettare utsette for både terminologisering og avterminologisering (jf. Meyer & Mackintosh 2000). Det er ikkje noko vilkår for at eit allmennspråkleg leksem skal ha termdannande potensial at det går vegen om ein status som teknisk basisord.

TNC98 har fire basisord frå fire distinkte domene: *kropp* (menneske), *ffäder* (dyr), *foder* (tekstil) og *blad* (botanikk), men dette ser òg ut til å vera alle frå desse domena. Terminologiseringsprosessen er truleg svært gammal i alle desse fire eksempla, men

likevel har vi her eit grunnlag for ei semantisk grovinndeling av metaforikk som i alle fall kan hjelpa oss til å identifisera viktige tendensar i materialet.

Som eit utgangspunkt er derfor eksempel på metaforikk (semantisk motivasjon) delt inn etter fire ulike kjeldedomene: menneskekropp, dyr og dyrekropp, tekstilar og plantar, i tillegg til ein restkategori. Heiltermnivået blir diskutert spesifikt, og for å underbyggja og supplera analysen vert det altså gjort nokre djupdykk i tilfanget frå Boring/NOT. Inndelinga etter motivkrins er her først og fremst praktisk, både i identifiseringa av eksempel og i framstillingsforma. Analysen av metaforiske felt kallar på andre typar kognitiv analyse i lys av andre språkeksterme motivasjonstypar enn den kommunikative. Det er gjort slike analysar av metaforiske felt med relevans for terminologi, til dømes Stålhammar 1997. I vår samanheng er det likevel dei kommunikative og funksjonelle aspekta som er viktige (sjå elles kapittel 2, figur 9).

4.3.3 *Menneskekroppen*

Wüster peikar på det sterke termdannande potensialet i nemningar for kroppsdelar, og han har vist dette i ein figur over menneske- og dyrekroppen med tilhøyrande termelement. Wüsters referanseramme her er sjølvstekt tekniske og mekaniske fag, som har ein rik omgrepsflora når det gjeld konkrete og materielle referentar (Wüster 1966: 74–75). Det metaforiske potensialet i menneskekroppen kan derfor ventast å gjelda 'likskap i form'. Det metaforiske potensialet i menneskekroppen er språkovergripande, og den kognitive lingvistikken opererer med kroppsleggjering som det grunnleggjande forankringssentrumet for all metaforikk. Dermed kan vi for det første venta at mange kroppsbaserte metaforar i tekniske fagområde er svært gamle, eller at dei byggjer på metaforiseringar som er så gamle at dei må få status som allmennspråklege varianttydingar. Med inspirasjon frå Wüsters figur over kroppsbaserte kreative element, og med allmennspråkleg informasjon om norsk frå *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*,⁵⁵ kan vi sjå at det finst eit rikt spekter av varianttydingar med 'teknisk' tydingspotensial, og oversynet kan vera ufullstendig. Mange tydingsvariantar må likevel trygt kunna kallast "før-industrielle", og det er ikkje alltid like opplagt kor relevante dei er for denne analysen, sjå oversyn 12 nedanfor.⁵⁶ Dyrekroppen har sjølvstekt òg slikt potensial. Karlholm (2000) har levert ein omfattande studie av dyrenamn som grunnlag for verktøynemningar. Av

⁵⁵ Sitata er vilkårleg fordelte mellom ordbøkene alt etter kva sitat som er redaksjonelt og illustrativt best i framstillinga.

⁵⁶ Oversyn og tabellar som er lengre enn 1 side, er korta ned i teksten. Fullversjonar finst i vedlegg 1.

kroppsdelar for dyr kan vi peika på desse tre døma frå NNO/BMO, sjå elles vidare i avsnitt 4.3.4:

<i>klo</i>	2 saksliknande gripe- og fangstreiskap hos hummar, krabbe og kreps 3 reiskap som liknar klo; hake, krok <i>ankerk-</i> / <i>eltek-</i>
<i>mule</i>	2 munning, opning på ein pose el. sekk
<i>labb</i>	3 noe som ligner en labb (1), f eks den nederste enden på en harvtind el. såmaskin

OVERSYN 12. UTDRAK Kropp og metaforisk potensial, etter *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. NB: Fullversjon av oversynet i vedlegg 1

Termelement	BMO/NNO, tekniske tydingsvariantar	Merknader
<i>albue</i>	2 albuformet rørstykke, jf <i>*kne</i> (4)	
<i>ansikt (fjes)</i>	–	
<i>arm</i>	3 del av redskap, ting e l som minner om en <i>*arm</i> (1) <i>a-ene på en trillebår /</i>	
<i>bein</i>	5 noko som (i form og funksjon) liknar eit <i>*bein</i> (1,4) <i>bordb-</i> / <i>bukseb-</i> / <i>stolb-</i>	<i>legg</i> og <i>skaft</i> det vanlege i oljespr.
<i>bryst</i>	4 sær i bf: fremste del av noko <i>b-et på huset</i>	

4.3.3.1 Menneskekroppen – heiltermnivå, Materialet

Radikale morfosemantiske avvik på heiltermnivå med 'kropp' som kjelddomene og motiv finst berre i maksimalt tre termar i Materialet når utgangspunktet er engelsk:

<i>overshot</i>	<i>fiskeredskap</i>	Motiv: tannstilling 'overbit' (bahuvrihi), konstruksjonsmåte = likskap i form
<i>piggy back</i>	<i>ekstraanker</i>	Motiv: 'å ri på ryggen/skuldrane av' (om born)
<i>roughneck</i>	<i>boredekkarbeider</i> <i>dekksmann</i>	Motiv: "hard nakke" > eng. 'bråkmakar', 'råtass'
<i>dogleg</i>	<i>kne</i>	Def. "Den vinkelen som oppstår når boreretningen brått endres." Engelsk kjelddomene 'dyr', kroppsattributt

Dei tre første eksempla viser avmetaforisering, og samsvarer altså med den overordna hypotesen. I engelsk *roughneck* og *overshot* er det snakk om primær semantisk motivasjon gjennom metonymi, eller meir presist bahuvrihi – 'som har eigenskapen' (dvs. "å vera stivnakke" resp. "å ha overbit"). I *roughneck* er metaforikken med 'karakteriegenskap' overført sekundært til ei yrkesgruppe som arbeider på dekk under røffe forhold. I *piggyback* og *overshot* er fysisk åtferd eller fysiske kjenneteikn utgangspunktet for ein type mekanisk konstruksjon. Desse tre er eksempel på den typen motivasjonsskilnad som er grunnlaget for dette kapittelet, overgang frå semantisk/metaforisk til morfologisk motivasjon. Primær semantisk motivasjon på heiltermnivå i norsk finst i tillegg i *dogleg* > *kne*, der engelsk er motivert frå domenet 'dyr', men med 'kropp' som felles element for 'menneske' og 'dyr'. Termen *kne* er etablert i røyrleggjarfaget og såleis berre indirekte teke i bruk i boreteknologien.

Om ein tek utgangspunkt i TNC98 og jamfører med det svenske ekvivalente materialet, noko som skulle vera fullt forsvarleg i og med den høge graden av leksikalsk ekvivalens mellom norsk og svensk, vil ein sjå at ingen ting av materialet er leksikalisert som tekniske basisord. Leddet *hand-* er oppført som forledd ("handoperert", = 'manuell', altså ikkje-metaforisk). Det einaste unntaket er overtermen *kropp*, som ikkje er belagt i materialet her, men som altså ifølgje TNC98 har tre tekniske basis-varianttydingar i svensk:⁵⁷

		TNC98	SAOB, nettversjonen
<i>kropp1</i>	<i>GEOM</i>	geometrisk figur i tre dimensioner	[5] a) mat. begränsad, solid figur; äv. kallad <i>geometrisk</i> el. <i>matematisk kropp</i> , äv. allmännare: begränsat område av rymden
<i>kropp2</i>	<i>FYS</i>	sammanhängande mängd av materia som har bestämd form1 och är naturligt avgränsad från omgivningen	5) (i sht i fackspr.) i allmännare anv. av 1, 4: materiellt föremål sak, ting
<i>kropp3</i>	<i>TEKN</i>	sentral eller på annat sätt viktig del av maskin e d	4) (i sht i fackspr.) i bildl. anv. av 3, om den. viktigaste l.

⁵⁷ Jf. NNO med ekvivalens til *kropp3*: "4 hovuddel av maskin el. teknisk konstruksjon; skrog *flyk-*". Det kan like gjerne vera leksikografisk praksis som har ført til at berre den siste varianttydinga er registrert i norsk, jf. likevel synonymet *lekam* i NNO: "2 avgrensa stoffmengd i fast form *framandl- / himmell-*", som svarer til ei varianttyding av svensk *kropp2*.

centrala delen l. huvuddelen av ett föremål i motsättning till bidelar, utsprång o. d. [...] **a**) (i sht i fackspr.) på fartyg: skrov;

4.3.3.2 Menneskekroppen – deltermnivå

Det ser ikkje ut som om dette potensialet frå norsk allmennspråk er sterkt utnytta i det spesifikke domenet vi ser på her. Lista over norske termelement i Materialet er kort – tre ulike element som genererer totalt fem termar for totalt fire omgrep:

Norsk element	Fullterm	Kommentar
<i>arm</i>	<i>lastearm</i> < <i>loading arm</i> , <i>sprederarm</i> < <i>spraying boom</i>	Om utstikkande delar, alternativt element <i>bom</i> < <i>Baum</i> 'tre', jf. BMO 4 i sjømannsspråk: stang el. rundholt, f eks til feste av seil <i>lasteb-</i> , <i>losseb-</i> , <i>klyverb-</i>
<i>fot</i>	<i>plattformfot</i> , <i>stålfot</i> < <i>jacket</i>	Engelsk kjeldedomene her: 'klede'
<i>hode</i>	<i>brønnhode</i> < <i>wellhead</i>	Morfosemantisk ekvivalens, BMO: "den øvre, utvidede delen av noe"

Sisteledda *arm* og *fot* kan kanskje tolkast som generiske, medan *hode* er kontekstueit bunde til *brønnhode* – anaforisk bruk av typen "Brønnehodet ... hodet ..." er tvilsam. Elementet *head/hode* er terminologisert på ekvivalent vis i norsk og engelsk teknisk språk med basistydninga "øvre del av", og *brønnhode* < *wellhead* ligg innanfor dette metaforiske potensialet: "Toppen av brønnen med nødvendig ventilutstyr." Som det vil gå fram nedanfor, er termparet mykje meir frekvent og dekkjer eigentleg eit mykje meir sentralt omgrep i domenet enn det som er avspegla i Materialet. Noko tilsvarande kan seiast om *arm* < *arm* og *fot*, det siste med eit motiverande drag som er motivert uavhengig av kjeldespråket (eng. *jacket*, som på eitt eller anna stadium er motivert ut frå 'klede', men som har ei lang rad tekniske tydingar på engelsk: 'kappe, korsett, hylse, forskaling osv.', Webster). Desse eksempla kan altså ikkje tolkast som avmetaforisering, berre som eksempel på at målspråket og kjeldespråket metaforiserer ut frå ulikt kjeldedomene og altså med ulik modell. (Jf. òg *dogleg* > *kne* ovanfor.)

Snur vi synsvinkelen og tek utgangspunkt i engelsk slik som ovanfor, blir ikkje lista stort lengre: fem ulike element i sju termar for sju omgrep innanfor Materialet (medrekna *neck* i den dobbeltmotiverte *roughneck*, jf. ovanfor):

OVERSYN 13. Engelske metaforiske termelement i domenet 'menneskekroppen'

Engelsk element	Fulltermar	Kommentar	Motiverande kjenneteikn
<i>arm</i>	<i>loading arm</i> > <i>lastearm</i> , <i>spraying boom</i> > <i>sprederarm</i>	Om utstikkande delar	Likskap i form
<i>arm</i>	<i>arm's length price</i> (= <i>market price</i>) > <i>markedspris</i>	"a range of prices and the fact of the case will determine where within that range, a specific arm's length price will apply" ⁵⁸	Dobbelmetaforikk, armlengd = 'avstand' 'spennvidd'?
<i>back</i>	<i>piggy back</i> > <i>ekstraanker</i>	Def. "Hjelpeanker [...] som vanligvis plasseres bak hovedankeret"	Dobbelmotivasjon, sjå ovanfor. Etterlikning av konfigurasjon = form: Når barn får 'ri på ryggen av' ein vaksen
<i>head</i>	<i>wellhead</i> > <i>brønnhode</i>	Morfosemantisk ekvivalens, jf. BMO "den øvre, utvidede delen av noe"	Etterlikning av form
<i>leg</i>	<i>tensionleg platform</i> > <i>plattform med strekkstagforankring</i> , <i>strekkeforankret plattform</i>	Jf. no. <i>legg</i> , <i>bein</i> , uformell bruk, og <i>skaft</i> , Boring/NOT	Likskap i form
<i>neck</i>	<i>roughneck</i> > <i>boredekkсарbeider</i>	"hard nakke" (bahuvrihi), jf. eng. 'råtass, bråkmakar'	Sekundær motivasjon = karaktereigenskap

⁵⁸ Jf. <<http://www.economist.com.na/2004/20feb/02-20-08.htm>>. (Lese i mai 2007.)>

I dette oversynet er det maksimalt berre *arm* i *lastearm* og *sprederarm* som kan tolkast som generiske element, og om vi ser bort frå heiltermane *piggy back*, *roughneck* og *wellhead* berre eitt nytt tydeleg eksempel på avmetaforisering, førsteleddet *arm's length (price) > markeds(pris)*, støtta av det engelske synonymet *market (price)*. Dei morfosemantiske ekvivalentane *legg* og *bein < leg* er ikkje sjeldne i faktisk bruk, mest om flytande plattformer, men svarer ofte relativt systematisk til *skaft < shaft* når det gjeld faste installasjonar (for eksempel av typen Gullfaks, som ligg til grunn for Boring/NOT). I den aktuelle termen her svarer *leg* til norsk *stag*, men heller ikkje det kan seiast å liggja utanfor det gjengse metaforiske potensialet til *leg/legg* – noko ”avlangt til å stå på”.

4.3.3.3 Særanalyse av Boring/NOT

Evna til å identifisera metaforisering (og sjølv sagt andre fenomen) er påverka av eigen bakgrunnskunnskap og erfaring. For den som har arbeidd praktisk med terminologisk avløyning, kan nær erfaring lett stå i motstrid til dei mønstera som kjem fram når ein stiller krav om representativitet. Både kroppsmetaforisering og anna metaforisering kan stå vesentleg sterkare på meir spesifikke sektorar av eit domene enn om ein ser på domenet som heilskap. Den motsetnaden som har motivert dette kapitlet, nemleg metaforisk–morfologisk, byggjer på eigne erfaringar frå oljerelatert terminologiarbeid, og det er derfor på sin plass å sjå noko nærare på om denne hypotesen om avmetaforisering står seg ved nærare analyse av eit materiale som forskaren har eit tettare forhold til, og der ”avmetaforisering” reint faktisk spela ei viss rolle som normprinsipp. Det er altså gode grunnar til å trekkja inn materialet frå Boring/NOT i analysen.

4.3.3.3.1 Ekstensiv bruk av leddet hode

Nokre produktive termelement er morfosemantisk ekvivalente i engelsk og norsk. Det mest produktive av desse er *hode*, der ein kan identifisera ei basistydning ”fremre eller øvre del av noko”, jf. BMO/NNO. Dette elementet ligg til grunn for tre ulike generiske termar: 1) *brønnehode* vs. *wellhead* ”Toppen av brønnen med nødvendig ventilutstyr” (Materialet, jf. ovanfor), 2) *hode* som ”øvre del av rør”, og 3) *hode* som metonym for ein bestemt type sikringsventil.

Det eine belegget på grunntermen *brønnehode* i Materialet blir supplert med 35 andre i Boring/NOT, i 21 tilfelle er det regelviss korrespondanse med eng. *wellhead*. I 13

tilfelle er elementet *-hode-* elidert, av onomasiologiske årsaker eller på grunn av redundans og økonomiprinsippet: *brønnskraft* og *brønnsystem* er egentleg *brønn[hode]skraft* < *wellhead shaft*, *brønn[hode]system* < *wellhead system*.

I *hode* som øvre del av rør er vi òg ved ordbokstydinga ”den øvre, utvidede delen av noe” (BMO), dvs. den mest allmenne metaforiseringa. Dei tre første er sikre, dei to siste kan vera metonyme ellipsar av leddet *rør* (< eng. *pipe*):⁵⁹

<i>foringsrørshode</i>	<i>casing head</i>	Konvensjonaliserte
<i>lederørshode</i>	<i>conductor head</i>	
<i>produksjonsrørshode</i>	<i>tubing head</i>	

I *hode* vs. *ram* er det tale om ein ekspansiv og ”overgenerert” bruk:

Boring/NOT, engelsk	Boring/NOT, norsk	Materialet
<i>blind ram</i>	<i>blindhode</i>	<i>blindventil</i> ”sikkerhets-ventil som stenger brønnen uten boreutstyr i hullet”
<i>pipe ram</i>	<i>omslutningshode</i>	<i>rørventil, rørlukker</i> ”ventil som stenger rundt borestrengen i brønnen”
<i>single ram preventer</i>	(enkel stempelventil)	<i>ram preventer</i> > <i>stempel-ventil</i> ”Ventiltype som er en del av utblåsings-sikringen, og som omfatter blindventilen og rørventilen”.
<i>shear ram</i>	<i>kuttehode</i>	<i>skjærelukker, skjæreventil</i> ”ventil som kan skjære av boreutstyr og stenge brønnen”
<i>grip head</i>	<i>gripehode</i>	
<i>slip ram</i>	<i>glidehode</i>	
<i>stripper ram</i>	<i>stripphode</i>	
<i>tension ram/</i>	<i>strammehode</i>	

Engelsk *ram*, subst. ’bukke, vêt’, verb ’stanga, ramma’, har fleire tydingar, men er etablert som teknisk term med tydinga ”any of various guided pieces for exerting considerable pressure or for driving or forcing something by impact” (Webster). Det

⁵⁹ Det finst ei rad meir eller mindre autoritative påbyggingar: *sementeringshode/cementing head*, *sirkulasjonshode/circulation head* = ?*sementerings[rørs]hode*?*cementing [pipe] head*, ?*sirkulasjons[rørs]hode*?*circulation [pipe] head*.

refererer her til ein (hydraulisk) sikringsventil som slår inn og knip att eller skjer av borerøyret ved fare for ukontrollert utblåsing, jf. Materialet: *ram preventer* > *stempelventil*.⁶⁰ Den opphavlege dyremetaforikken er svært gammal, jf. norsk *rambukk*. Det norske termelementet *hode* er brukt som ekvivalent term for engelsk *ram* i 18 termar som denoterer ulike delar eller typar av dette ventilsystemet i brønnen og ved borestrengen.

I desse 18 tilfella kan *hode* ikkje tolkast som ellipse av *brønnhode*, men ofte som eit metonym av typen pars pro toto, at sjølve kutte-/knipedelen av systemet har gjeve namn til heile ventilsystemet. Dette gjeld i alle fall dei tre første i oversynet ovanfor, medan resten er vanskelege å verifisera. Termene har usikker normeringsstatus (synonym og/eller komposisjonelle påbyggingar), men det viktige poenget her er likevel at leddet *hode* er utnytta kreativt og sjølvstendig på norsk. Den motiverande basisen for *hode* er konvensjonalisert i teknisk språk og samstundes oppfatta som levande, men reint semantisk er bruken utvida, fordi omgrepet ikkje berre inneheld komponenten /DEL = FREMRE/, men òg /FUNKSJON = KUTTING/. Bruken av dette elementet er til dels kanskje idiosynkratisk, men det er likevel umogeleg å ta stilling til eventuell feilmotivering berre på grunnlag av ”semasiologisk mistanke”.

4.3.3.3.2 Andre kroppselement

Det er fire regelvisse korrespondansar der utgangspunkt i engelsk og norsk gjev same resultat: *arm/arm*, *body/kropp*, *shoulder/skulder* og *finger/finger*. I alle fall *shoulder/skulder* og *arm/arm* ser ut til å ha ein generisk funksjon, men samlinga er prega av sterkt komposisjonelle uttrykk. Halvfeit skrift markerer element som òg er representerte i Materialet:

No. /en. element	Boring/NOT	Kommentar
<i>skulder/</i> <i>shoulder</i>	<i>landing <u>shoulder</u> / forankringsskulder,</i> <i>hanger <u>shoulder</u>, / hengerskulder, pipe</i> <i><u>shoulder</u> / rørskulder, <u>shoulder</u> / <u>skulder</u>,</i> <i>rotary <u>shouldered connection</u> / <u>skulder-</u></i> <i>kopling, <u>shoulder test ring</u> / <u>skuldertestring</u>,</i> <i><u>shouldering</u> / landing på <u>skulder</u>, nogo</i>	Regelvisse samsvar, ev. med avleiingar <i>shouldered/-ing</i>

⁶⁰ Og påbyggingar som *ram and blade //hode/blad-konstruksjon*, *ram block/lukkehodeblokk*, *ram BOP/sikringsventil av hodetype*, *ram cavity/lukkehoderom*, *ram rubber/lukkehodepakning*, *ram shaft/lukkehodestempel*, *ram type BOP/UBIS av hodetypen*, *safety ram/sikkerheshode*, *shear ram block/kuttehodeblokk*, *shear/seal ram block // kutte-/tettehodeblokk*, *shear/seal safety head // kutte-/tettehode*

	<i>shoulder</i> / <i>skulder</i> på verktøystopper	
<i>arm</i> / <i>arm</i>	<i>momentarm</i> < torque <i>arm</i> , <i>momentarm</i> hus < torque <i>arm</i> housing, <i>styrearm</i> < racking <i>arm</i> , <i>tangarmenhet</i> < tong <i>arm</i> assembly, <i>teleskoparm</i> < <i>kickout arm</i>	Jf. <i>kickout</i> nedanfor, 'funksjonsmåte'
<i>finger</i> / <i>finger</i>	<i>finger board</i> / <i>fingerbrett</i> , grip <i>finger trolley</i> / <i>gripefinger</i> vogn, <i>cable finger scratcher</i> / <i>hullskrape med vaierfinger</i>	<i>finger board</i> / <i>fingerbrett</i> heilt komposisjonelt, regelvisst og umetaforisk
<i>legg</i> / <i>leg</i>	<i>kronelegg</i> < bit <i>leg</i>	Partitivt
<i>navlestreng</i> / <i>umbilical</i>	<i>umbilical</i> > <i>navlestreng</i> ⁶¹	Motivasjonell ekvivalens

Det er i denne sammenhengen meir interessant med engelske element som *ikkje* er motivasjonelt overførte til norsk. På heiltermnivå gjeld det *overshot*:

Engelsk element	Engelsk heilterm	Kommentar
<i>face</i>	<i>low torque face</i> > <i>lavmomentoverflate</i>	= konvensjo- nalisert eng. 'surface'
<i>lip</i>	<i>lip</i> > <i>rand</i> , <i>cut lip guide</i> > <i>styring med spiralkant</i>	
<i>mouth</i>	<i>cone mouth</i> > <i>konåpning</i>	Motiv: munn = opning
<i>neck</i>	<i>roughneck</i> > <i>boredeksarbeider</i> , <i>iron roughneck</i> > <i>rørkoplingsmaskin</i> , <i>fishing neck</i> > <i>fiskehals</i>	<i>Iron roughneck</i> = dobbelmetafor, "boredeksarbeid ar av jern". <i>fiskehals</i> , to metaforiske ledd, heilterm regelv. motivert

⁶¹ Det finst òg ein uavhengig og morfologisk motivert ekvivalent *kontrollkabel*: "[...] "kontrollkabelen", også kalt *umbilical* eller *navlestreng*. Denne består av fiberoptiske og elektriske kabler, samt hydraulikk rør, som binder land og sjøbunnsplassert kontrollutstyr sammen." <Jf. http://www.norskindustri.no/article237.html?_Corepublish_Session=6750f7a7a4c94b288>, lese juli 2007.)

overshot	<i>overshot</i> > <i>fiskemuffe</i> , <i>side door overshot</i> > <i>fiskemuffe med sideåpning</i> , <i>overshot bowl</i> > <i>griperhus</i> , <i>overshot cylinder</i> > <i>muffesyylinder</i> , <i>overshot milling shoe</i> > <i>fresemuffe</i> , <i>overshot packer</i> > <i>muffepakning</i> , <i>overshot packer cylinder</i> > <i>løftesyylinder for muffepakning</i> , <i>riser overshot packer cylinder</i> > <i>sylinder for stigerørsmuffe</i> , <i>short catch overshot</i> > <i>kortfiskemuffe</i>	Motivasjon: tannstilling 'overbit', likskap = konstruksjon, men mogleg = /FORM/ eller /FUNKSJONS- MÅTE/, sjå ovanfor om heiltermnivået
-----------------	---	---

Nokre element viser vekslande motivoverføring, både metaforisk og ikkje-metaforisk, og ikkje alltid med ein-til-ein morfosemantisk samsvar:

<i>body</i> > <i>kropp</i>	<i>bit body</i> > <i>kronekropp</i>	<i>Kronekropp</i> , partitivt. Jf. <i>matrix</i> > <i>bore- kronekropp</i> (uviss etymologi og tilordning)
<i>body</i> ≠ <i>kropp</i>	<i>body feed tank</i> > <i>filtermatetank</i> , <i>body feed tank</i> > <i>matetank</i> , <i>body feed operation</i> > <i>filtermating</i> , <i>body seal</i> > <i>hovedpakning</i> , <i>dog cage assembly body</i> > <i>hus for fiskemot-haker</i> , <i>mandrel body fill plug</i> > <i>påfyllingsplugg for stamme</i> , <i>ram body</i> > <i>ventilhus</i>	Ellipse, 'filter body'? Jf. TNC98, <i>kropp3</i> ? Jf. òg dyre- metaforikk og gml. plante- metaforikk
<i>nose</i> > <i>nese</i>	<i>nose bearing</i> > <i>neselager</i>	Kjenneteikn usikkert: /TYPE/ /PLASSERING/
<i>nose</i> ≠ <i>nese</i>	<i>cone nose</i> > <i>kontupp</i>	Motiv: <i>nase</i> = 'framspring'

Utgangspunkt i norske metaforiske termelement tilfører ikkje mange nye eksempel, og ingen avmetaforiseringar:

No. element	Boring/NOT	Kommentar
<i>fot</i>	<i>kronefot < shirttail</i>	Kjeldemetafor = 'klede', jf. under
<i>kne</i>	<i>borehull med kne < doglegged hole</i>	kjeldemetafor = 'dyr', jf. under

Heiltermane *umbilical* > *navlestreng* og *fishing neck* > *fiskehals* viser direkte overføring i form av motivasjonell og metaforisk ekvivalens. Her er altså semantisk motivasjon primær på heiltermnivået. I *fiskehals* er det likevel tale om analyserbarheit fordi førsteleddet tilhører metaforkrinsen omkring grunntermen *fisking/fishing*, "Operasjon for å ta opp gjenstander fra brønnen som hindrer fortsatt boring" (def. i *Oljeordliste*). Termen *fishing neck* er altså ein type fiskeredskap, leddet *neck/hals* (som ikkje kan vera dyremotivert, sidan fisk ikkje har hals) indikerer ei anna konstruksjonsform enn i *overshot/fiskemuffe/fiskeredskap*. Det er vanskeleg å operera med ein generisk klasse av "halsar", leddet er kontekstuelte bunde. Det er altså berre (*umbilical* >) *navlestreng* som er eit entydig eksempel på norsk fullmetafor.

På deltermnivå viser oversyna ovanfor at engelske metaforiske termelement anten er overførte til norske metaforiske element – dette er den vanlegaste strategien – eller til andre og spreidde metaforkrinsar. Det finst berre nokre få eksempel på det siste: *body* > *hus* (= *ventilhus*, eit mogleg felt for 'bygning': dør, port, vindu, tak, vegg), og *overshot* > *muffe* (tekstil, sjå nedanfor). Jf òg *mandrel* > *stamme* (nedanfor), som illustrerer plantemetaforisering på norsk (eng. *mandrel* = 'aksel, skaft, minebor'). I *low torque face* > *lavmomentoverflate* har ein gått tilbake til den konvensjonaliserte ekvivalenten *overflate* < *face*.

4.3.3.3 Avmetaforisering

I nokre svært få eksempel er engelske kroppsmetaforar erstatta med løysingar som er svakare metaforiske, men semantisk ekvivalente. Dette kan altså representera ein avmetaforiserande tendens. Frå oversyna ovanfor gjeld det *head* > *topplendestykke*, *mouth* > *åpning*, *leg* > *stag*, *nose* > *tupp*. I *overshot bowl* > *griperhus* kan metaforen (no. 'overbit') vera nytta som karakteristikk både av form (/KONSTRUKSJON/) og av funksjon (/GRIPING/), utan at det kan verifiserast. Den engelske dobbeltmetaforen *iron roughneck* er på heiltermnivå den einaste som er fullt erstatta med morfologisk-semantisk motivasjon, > *rørkoplingsmaskin*. Paret *cathead* > *nokk* er henta frå konvensjonalisert maritim terminologi. Sidan norsk *katt* = *ankertaljje*

(BMO/ NNO), er *head* kanskje òg mogeleg å tolka som ”fremre enden av noko”, men berre med etymologisk interesse.

<i>cathead</i>	<i>break-out <u>cathead</u> friction</i> <i>clutch/slurekløtsj for løsnenokk,</i> <i>make-up <u>cathead</u> friction</i> <i>clutch/kløtsj for tildragingsnokk</i>	<i>cathead = nokk</i> “sjømanns- uttr: den ytterste delen av en rundholt, f eks av en rå el. en bom” (BMO)
<i>head</i>	<i>dished <u>head</u> type diverter/avleder</i> <i>med skålformet topp, follower <u>head</u></i> <i>/ bevegelig endestykke</i>	<i>head > topp, /fremre/, = ytre</i> eller øvre del
<i>leg</i>	<i>tension<u>leg</u> platform / plattform med</i> <i>strekstagforankring, strekk-</i> <i>forankret plattform</i>	<i>leg > stag</i>
<i>lip</i>	<i><u>lip</u>/rand, cut <u>lip</u> guide/styring med</i> <i>spiralkant</i>	<i>lip > kant, rand</i>
<i>mouth</i>	<i>cone <u>mouth</u>/konåpning</i>	<i>mouth > åpning</i>
<i>neck</i>	<i>iron rough<u>neck</u>/rørkoplingsmaskin</i>	dobbeltmetafor
<i>nose</i>	<i>cone <u>nose</u>/kontupp</i>	<i>nose > tupp</i>
<i>overshot</i>	<i><u>overshot</u> bowl/griperhus</i>	<i>bowl > hus =</i> metaforisering, førsteleddet avmetaforisert

4.3.3.3.4 Oppsummering kroppsmetaforikk, Boring/NOT

Sjølv frå dette store materialet på 1825 termoppslag er det vanskeleg å finna sterke tendensar. På heiltermnivå representerer *umbilical*, *overshot*, *roughneck*, *iron roughneck* og *lip* engelske fullmetaforar med ‘kropp’ som kjeldedomene, og som er erstatta anten med morfologisk-semantiske avløysarar eller motsvar i leksikalske kjeldetydingar (*lip > rand*, motiv: ’flik’). Desse fem er altså sentrale eksempel på det problemet dette kapitlet handlar om. På deltermnivå ser vi ein tendens til morfosemantiske ekvivalensar, altså med uendra kjeldedomene, og til overføringar, men då mest til etablerte tekniske basistermar der metaforikken er sterkt konvensjonalisert og demotivert (jf. *cathead > nokk*). Materialet er ikkje stort, og den avmetaforiserande tendensen kan ikkje kallast sterk, men dei norske metaforiske elementa kan ha alternative kjeldedomene, til dømes *muffe* (klesplagg) og *hus* (bygning). Det finst òg som vi har sett døme på ”overgenerering” av metaforiske ledd på norsk, *ram > hode*.

4.3.4 *Dyremetaforikk – samla materiale*

I den følgjande analysen skal vi først sjå på dei tilfella der namn på dyr opptre som termelement på norsk, og deretter tilsvarende på engelsk. Termelement kan falla saman med generisk heiltermnivå, f.eks. *fisk/fish*, og dene grensa er ikkje alltid lett å avgjera. Derfor er påbyggingstermar tekne med, men diskutert særskilt i kvart tilfelle. I dette og dei følgjande domena er ikkje materialet like omfattande som i domenet 'kropp', og vi drøftar derfor begge materialgruppene i samanheng. Merk at vi ikkje postulerer at dyremetaforikk skulle vera noko sterkare ibuande kjenneteikn ved engelsk per se enn norsk/skandinavisk. Til dømes har Edlund (1996) og Karlholm (2000) demonstrert at dyrenemningar har eit stort potensial for danning av nemningar i primær termdanning.

Om vi samanliknar med kroppsmetaforikken, skal det ikkje mykje søking til i ordbøker for å sjå at kjeldedomenet 'dyr', forstått både som 'dyreart' og som 'dyreattributt', er lite frekvent med tekniske varianttydingar, og altså har svakare terminologiseringspotensial. Ei forklaring på det kan vera at talet på kroppsdelar er finitt jamført med talet på dyreartar. Likevel finst det gode eksempel på domene som har terminologisert dyrenemningar, til dømes sjømannsspråket: engelsk *cat* 'ankervinsj', norsk *svin* i *kjølsvin* (folkeetymologisk omdanning av *svill*). Fleire av dei engelske omgrepa som er rekna som typiske og representative for oljedomenet, og der metaforiske modellar brytst med morfologiske, høyrer til i denne kategorien.

Skilnad i frekvens og skilnad i repertoar kan seia noko om det kontrastive forholdet. Ifølgje ei rimeleg tolking av avmetaforiseringshypotesen skulle begge delar vera sterkast i engelsk: høgast frekvens av metaforkrinsar, størst utval av motiverande dyrenemningar. Likevel er slike nemningar på ingen måte umogelege på norsk, jf. desse på heiltermnivå frå Boring/NOT:

Ekvivalentpar	Definisjonar frå Boring/NOT	Kommentar
<i>moldvarp</i> < –	”Fjernstyrt boremaskin som kan fore borehullet etter hvert som det bores”	Fullmetafor, engelsk manglar, men <i>*mould</i> ville vera plausibel
<i>kabelfisker</i> < <i>wireline</i> <i>retriever</i>	”Fiskeredskap for å fiske kabel eller ståltråd fra bore-hull; kabelgrabb eller kabelspyd”	Halvmetafor, <i>-grabb</i> og <i>-spyd</i> kan tolkast som underordna omgrep etter konstruksjon/form

Grensegangen mellom det opplagt metaforiske og det konvensjonaliserte er ofte uskarp. Dersom verbelementet *fiske* blir tolka som levande metaforikk, er norsk sterkare metaforisk enn engelsk i eksempelet *kabelfisker*. Reknar vi avleiingsbasen for å vera den konvensjonaliserte tydinga 'hente opp' (BMO/NNO), er begge leddekvivalentane (*fiske/retrieve*) like synkront motiverte respektive konvensjonaliserte, og heiltermen er regelvisst morfologisk motivert (samansett basis, jf. avsnitt 3.1.6.3).

4.3.4.1 Dyremetaforikk med utgangspunkt i norsk

Om vi ser begge materialgruppene under eitt, er det totalt 20 termar (av altså totalt 2293, jf. tabell 3) som er motiverte gjennom ei norsk nemning for dyreart eller eit 'dyreattributt', først og fremst kroppsdel, totalt seks ulike element. For Materialet gjev dette seks norske heiltermar av totalt 468:

Norsk termelement	Materialet	Kommentar
<i>edderkopp</i>	<i>edderkoppdekk</i> < <i>spider</i> <i>deck</i>	Norsk term frårådd. Eng. <i>spider</i> = no. <i>klave</i>
<i>fisk</i>	<i>slepefisk</i> < <i>fish</i> , <i>fisking</i> < <i>fishing</i> , <i>fiskeredskap</i> < <i>fishing tool</i> , <i>overshot</i>	<i>Slepefisk</i> (<i>fish</i>) ≠ <i>fisking/fishing</i>
<i>mus</i>	<i>musehull</i> < <i>mousehole</i>	Kjerneeksempel
<i>rotte</i>	<i>rottehull</i> < <i>rathole</i>	Kjerneeksempel

Utgangspunktet for *edderkoppdekk* er nok engelsk *spider* i ei av mange alternative og konvensjonaliserte tekniske tydingar: 'klave' > "klavedekk", (jf. Boring/NOT *spider* > *holdeklave*), og siktar kanskje til konstruksjonsmåten, jf. kjenneteiknet 'opphenging'. I så fall er *spider deck* regelvisst motivert på engelsk (jf. norsk opphengingsdekk, etter konstruksjon/form). Typen er interessant fordi den engelske metaforiske modellen har gjennomgått ei terminologisering på engelsk ved opptak i teknisk språk, slik at direkte kalkering til *edderkopp* ikkje ville ha ein meningsfull semantisk basis på noko av språka. *Slepefisk* (*fish*) er eit anna omgrep enn *fisking*: "Instrument-beholder som slepes under vann, utstyrt med finner og dybdekontroll" (def. *Oljeordliste*). Termen *slepefisk* er altså ein halvmetafor der førsteleddet er motivert ut frå funksjon, etterleddet metaforisk av likskap i form (aerodynamisk form med styrefinnar). Summen i Boring/NOT er 13 heiltermar av totalt 1825:

Norsk termelement	Boring/NOT	Kommentar
<i>fisk</i>	<i>fisk</i> < <i>fish</i> , <i>fiske</i> < <i>fish</i> , <i>fisking</i> < <i>fishing</i> , <i>fiskeutstyr</i> < <i>fishing equipment</i> , <i>fiskehals</i> < <i>fishing neck</i> , <i>fiskekabel</i> < <i>fishing</i> <i>wireline</i> , <i>fiskemuffe</i> < <i>overshot</i> , <i>kortfiskemuffe</i> < <i>short catch overshot</i> , <i>fiskemuffe med sideåpning</i> < <i>side door</i> <i>overshot</i> , <i>kabelfisker</i> < <i>wireline retriever</i> , <i>hus for fiskemothaker</i> < <i>dog cage</i> <i>assembly body</i> , ordinært gjenget <i>fisketrekker</i> < <i>plain type taper tap</i>	Verbet <i>fiske</i> er konvensjonalisert i tydinga 'henta opp'. Substantivet <i>fisk</i> < <i>fisk</i> = "gjenstand som vert henta opp" (ref. JM)
<i>moldvarp</i>	<i>moldvarp</i> < ?	Def. ovanfor, manglar engelsk

I tillegg inneheld dyredomenet altså eit metaforisk subdomene 'kroppsdel', og dermed stig talet på ulike element frå fem til elleve. Med unntak av *kjeft/jaw* er dei fleste førekomstane på deltermnivå, og alle er frå Boring/NOT:

Norsk termelement	Boring/NOT	Kommentar
<i>klo</i> (3)	<i>løftesylander for klo</i> < <i>claw lifting</i> <i>cylinder</i> , <i>klokopling</i> < <i>jaw clutch</i> , <i>klokopling for høyhastighet</i> < <i>high jaw</i> <i>clutch</i>	Feildanning for "av klotypen", "av høy- hastighetstypen"?
<i>hale</i> (2)	<i>halerør</i> < <i>tailpipe</i> , <i>halerørsføler</i> < <i>tubing</i> <i>end locator</i>	<i>hale</i> = 'ende', men truleg feildanna for <i>rørhale</i>
<i>svanehals</i>	<i>svanehalsformet stigerør</i> < <i>swan necked</i> <i>riser</i>	meir simile enn metafor, men <i>svane-</i> <i>hals</i> finst som full- metafor i teknisk språk
<i>kjeft</i> (2)	<i>kjeft</i> < <i>jaw</i> , <i>kjeftklemme</i> < <i>jaw clamp</i>	Helst dyremetafor, men ikkje eintydig
<i>ving(e)</i> (1)	<i>vingventil</i> < <i>wing valve</i>	<i>Ving</i> eller <i>vinge</i> ? Dyrekroppsmetafor

Dyrekroppsattributt er nok langt meir utnytta i teknisk fagspråk generelt enn det som er realisert i desse to materialgruppene. Det finst for eksempel ingen *finn*, *snabel* eller *nebb* som i ”snabelskøyte” og ”nebbtong”, bygde over *snabel* NNO: ”lang (og spiss) framstående del på noko”, *nebb* NNO: ”ting som har form som eit nebb (1) *sausens-*” (jf. latin *rostrum* ’nebb’, ’snute’ på romerske galeiar osb.).

4.3.4.2 Dyremetaforikk med utgangspunkt i engelsk

Dyremotivasjon finst i 34 ulike termar av totalt 2293 i det samla materialet, gjennom ni ulike element. Alle desse finst i begge materialgruppene, og av praktiske årsaker er begge materialgruppene derfor her presentert samla i oversyn 14:

Oversyn 14. Dyrenemningar med metaforisk potensial, engelsk. NB:
UTDRAG Fullversjon av oversynet i vedlegg 1

Term-element	Materialet	Boring/NOT	Kommentar
<i>cat</i> (6)	<i>catwalk</i> > <i>rørbru</i> , <i>wildcat</i> > <i>undersøkingsbrønn</i> (<i>exploration well</i>)	<i>catwalk</i> > <i>rørbro</i> , <i>catwalk machine</i> > <i>rørlaster</i> , <i>wildcat well</i> > <i>undersøkelsesbrønn</i> , <i>catline</i> > <i>opphengsvaier</i>	Grunntermer, heilmetaforisk: <i>catwalk</i> , halvmetaforisk: <i>catline</i> , <i>catwalk</i> kan vera metaforisert direkte eller dobbelt via ’moteverda’. <i>wildcat</i> = <i>wildcat well</i> , ellipse
<i>fish</i> (7)	<i>fish</i> > <i>slepefisk</i> , <i>fishing</i> > <i>fisking</i> , <i>fishing tool</i> > <i>fiskeredskap</i> (<i>overshot</i>)	<i>fish</i> > <i>fisk</i> , <i>fish</i> > <i>fiske</i> , <i>fishing</i> > <i>fisking</i> , <i>fishing</i> <i>equipment</i> > <i>fiskeutstyr</i> , <i>fishing</i> <i>neck</i> > <i>fiskehals</i> , <i>fishing wireline</i> > <i>fiskekabel</i>	regelvisst samsvar med norsk

Dyrenemningar som samstundes er heiltermar, er: *fish* > *fisk*, *pig* > *plugg*, *spider* > *holdeklave*. Desse fungerer òg som deltermar i andre termar, og dei andre

dyrenemningane er berre nytta som deltermar og termelement. Desse engelske termelementa er handterte på ulike vis i norsk: Dei leksikalske ekvivalentane for *pig*, *dog*, *cat* og *monkey* ("gris, hund, katt og ape") er ikkje nytta som termelement i norsk.

Den semantiske motivasjonen kan for det første vera direkte overført. Boring/NOT har eksempel som *fisk* (< *fish*), *fiske* (< *fish*) (v.), *fisking* (< *fishing*), *fiskeutstyr* (*fishing* < *equipment*), *fiskehals* (< *fishing neck*), *fiskekabel* (< *fishing wireline*), *moldvarp* (den siste altså utan dokumentert engelsk motsvar). Primærgruppa Materialet har eksempla *rottehull*, *musehull*, *fisking*, *fiskeredskap*, *edderkoppdekk* – den siste med stampelet "frårådd" (jf. *inspeksjonsdekk*, *opphengingsdekk* – mest sannsynleg går dette altså tilbake til eng. *spider*, jf. ovanfor). Med tanke på den sterke symbolfunksjonen termene *rathole* og *mousehole* har fått, er det interessant at begge desse leksema på engelsk har konvensjonaliserte varianttydingar av "lite (lager)rom" og "trengt hol" (jf. Webster). Det er altså ikkje sikkert at desse leksema som oljetermar er semantisk motiverte beinveges frå "hol etter rotter og mus i Texasørkenen", slik anekdotane fortel, men derimot er terminologiseringar av meir allmenne tekniske tydingsvariantar av desse leksema. Den leksikalske omsetjinga av fullvarianten *kelly rathole* (Boring/NOT) kunne då vera "trengt lagerrom for drivrøret".

Engelsk term	Webster	Alternative tolkingar	Definisjon <i>Oljeordliste</i>
<i>rathole</i>	"a narrow opening, tunnel or passageway", "a cramped space as for storage or living quarter"	"trengt hol i ørkenen", eller "trengt lagerrom for drivrør"?	"Hull i boredekket der drivrør plasseres når en ikke borer"
<i>mousehole</i>	"a small opening or passageway", "small space used for storage or living quarters"	eller "trengt rom for rørkopling"?	"Hull i boredekket der et borerør plasseres før det koples til borestrengen"

I desse to eksempla er det nok truleg ei blanding av konvensjon og økonomisk motivasjon som spelar sterkast rolle. Men det kan argumenterast for at norvagiseringsløyisingane *rottehull* og *musehull* i Materialet faktisk er eksempel på at

ein i sekundær termdanning like gjerne kan komma til å auka metaforikken som å svekkja han, sjølv om det då er tale om ein overflatemetaforikk utan semantisk basis. Den semantiske motivasjonen er i andre tilfelle erstatta med alternativ semantisk motivasjon: Materialet har *dogleg/kne* (dyrekropp < menneskekropp), jf. Boring/NOT som i tillegg har ”tydeleggjerande” motivasjon i *fish* > *slepefisk* og *dogleg* > *borehullskne*. Eksempelet *dog cage (assembly body)* > (*hus for*) *fiskemothaker* kan òg vurderast som regelviss morfologisk motivasjon pga. det etablerte elementet *fiske-* (’henta opp lause gjenstandar’), medan **hundehus* (< *doghouse*) ville ha etterlikna ein likskap i form: lite, trangt, kaldt og kummerleg.

Semantisk motivasjon er kanskje forsøkt delvis overført via norvagisering i *pig* > *pigg* (dyr > *plante), men vurdert ut frå kjenneteiknet likskap i form, /+/-SPISS/ kan ikkje dette seiast å vera særleg vellukka (onomasiologisk sett er det feilmotivasjon, sjå avsnitt 3.2.5.4). Ein alternativ etymologi med anekdotisk status er at termen er ei er forkorting av ”*pipeline intelligent gauge*”. Den tilsvarande overføringa i Boring/NOT er *pig* > *plugg*, men i tydinga ”renseplugg”. Utan tydeleggjering er jo norsk *plugg* både dobbeltydig og semantisk motivert ut frå form, fordi ein *plugg* har /BUTT/ ende. (Sjå avsnitt 3.2.6.3 når det gjeld etymologien ’gris’.)

I nokre tilfelle er eit metaforisk termelement erstatta med eit ikkje-metaforisk, men med det generiske elementet intakt. Dette gjeld fire termar i Materialet:

<i>spider (deck)</i>	<i>inspeksjons(dekk), opphengings(dekk)</i>
<i>monkey (board)</i>	<i>tårnplattform (eig.: derrick monkey platform) > tårnmannsplattform</i>
<i>wildcat</i>	<i>undersøking(brønn), eig. ellipse av wildcat well, jf. syn. exploration well</i>
<i>cat(line)</i>	<i>opphegs(vaier)</i>

I tillegg til dette har vi engelske motiveringar ut frå dyrekroppsdel, og desse samsvarer dels med dei norske morfosemantiske ekvivalentane ovanfor:

OVERSYN 15. Dyrekroppsdelar med metaforisk potensial, engelsk

Term-element	Materialet	Boring/NOT	Kommentar
<i>dogleg</i>	<i>dogleg > kne</i>	<i>dogleg > borehullskne, doglegged hole > borehull med kne</i>	Synonyme termar, formmotiverte
<i>tail</i>	<i>tail gas > restgass</i>	<i>tailpipe > halerør, tail off > falle av</i>	Jf. òg <i>shirttail > kronefot</i> , jf. dobbeltmotivering, 'skjorteflak'
<i>bullhead</i>		<i>bullheading > fortrenging</i>	Udokumentert etymologi, men jf. oversyn 14
<i>cathead</i>		<i>cathead > nokk, cathead shaft > nokkaksel, cathead shaft drive > nokkakseldrev, break-out cathead > løsnenokk, break-out cathead clutch > kløtsj for løsnenokk, break-out cathead friction clutch > slurekløtsj for løsnenokk, make-up cathead > tildragingsnokk, make-up cathead friction clutch > kløtsj for tildragingsnokk</i>	<i>Cathead</i> konvensjonelt sjømannsspråk: <i>nokk</i>
<i>claw</i>		<i>claw lifting cylinder > løftesylander for klo</i>	Både <i>jaw</i> og <i>claw ></i>
<i>jaw</i>		<i>jaw clutch > klokopling, high jaw clutch > klokopling for høyhastighet, jaw > kjeft, jaw clamp > kjeftklemme</i>	<i>klo, jaw > kjeft og klo</i>

4.3.4.3 Dyremetaforikk – oppsummering

Målt ut frå talet på potensielle dyreartar er utvalet av element ikkje stort. Når det gjeld kroppsdelar på dyr, må det vel seiast at det metaforiske potensialet er ekvivalent på dei to språka, altså kan det ikkje vera uventa at metaforikken er overført til leksikalske motsvar. Det mest frekvente elementet *cathead/nokk* er ein gammal konvensjonalisert maritim term. Den høge frekvensen kjem i dette tilfellet av dei mange påbyggingane. Oversynet viser ingen norske dyreelement som ikkje samstundes viser seg i dei engelske motsvara. Derimot skiftar distribusjonen litt: Norsk *klo* er tilordna både engelsk *claw* og engelsk *jaw*, som i sin tur er tilordna både norsk *klo* og norsk *kjeft* – det semantiske fellesdraget er /GRIPA/. Grensa mellom motiverande eigenskapar hjå kroppsdelar på menneske og på dyr er òg flytande og arbitrær, jf. *dogleg* > *kne*. *Dogleg* og *cathead* har både dyre- og kroppsmotivasjon, men strengt teke er det kroppsmetaforikken som er primær (”form som leggen på ein hund”, ikkje ”form som ein hund”).

Det er ’overshot’ som har ein viss produktivitet. Boring/NOT *fiskemuffe* kan tolkast som underterm til *fiskeredskap*, engelsk *overshot* kan ha vore brukt i tekstunderlaget i både generisk og spesifikk tyding. Det kan berre vera onomasiologiske faktorar som ligg bak den endra motivasjonen i desse eksempla – referenten bak ’overshot’ har de facto form av ei muffe, som er ein opphavleg klesmetafor.

Konklusjonen på dette oversynet må vera at den norske dyremetaforikken ikkje kan seiast å vera så mykje svakare enn den engelske, men det er samstundes i denne gruppa ein finn dei fleste av dei få termene som illustrerer hovudhypotesen bak dette kapittelet. Hypotesen ikkje heilt utan grunnlag, men eksempla er få:

Metaforisk	Materialet	Boring/NOT	Kommentar
<i>catwalk</i>	<i>rørbru</i>	<i>rørbru</i>	Def. “Bru som forbinder boredekket med rørstativet og tjener til transport av av borerør og foringsrør”
<i>rathole</i>	<i>rottehull</i>	<i>drivrørshylse</i>	
<i>mousehole</i>	<i>musehull</i>	<i>rørkoplingshylse</i>	
<i>bullheading</i>	–	<i>fortrenging</i>	
<i>spider</i>	–	<i>holdeklave</i>	
<i>bulldogging</i>	–	<i>fastkiling</i>	
<i>doghouse</i>	<i>vaktbu</i>	<i>bakrom til borerhytte</i>	Def. ”Lite skur på boredekket for boremannskapet”

4.3.5 *Klesmetaforikk*

Det er ikkje mindre plausibelt å ha ein hypotese om 'klede' som kjeldedomene enn det er å ha hypotesar om 'kropp' og 'dyr'. Termar som norsk *foring* og *kledning* er godt kjende frå tekniske fagfelt, jf. engelsk *lining* og *coating*. Dette er altså gamle, etablerte og konvensjonaliserte termar i teknisk fagspråk. Alle dei norske klesuttrykka som er nytta som termelement, har varianttydingar med teknisk innhald i handordbøkene som dokumenterer at dei er terminologisk produktive – 'terminogene'. Det er òg relativt lett å dokumentera andre slike terminogene uttrykk i norsk, som ikkje er utnytta i domenet:

<i>belte</i>	"5 bånd (av stålplater) som ulike typer kjøretøy går på" (BMO)
<i>mansjett</i>	"2 hylster, krage på lysestake el. stempel <i>lysm</i> -" (NNO)
<i>strømpe</i>	"2 beskyttende dekke el. hylster omkring en ledning el. komponent" (BMO)

4.3.5.1 *Med utgangspunkt i norsk*

Det er berre to termelement i Materialet som høyrer til dette kjeldedomenet, og *foringsrør* < *casing* dominerer, med til saman 17 førekomstar i to generiske heiltermar og ulike påbyggingstermar. Det er berre to termelement som er felles for dei to materialgruppene:

Termelement	Materialet	Boring/NOT	Kommentar
<i>foring</i> (jf. eige oversyn)	<i>foringsrør</i> < <i>casing</i>	<i>foringsrør</i> < <i>casing</i>	
<i>hette</i> (2)	<i>hette</i> < <i>cap</i>	<i>kroneventilhe</i> <i>tte</i> < <i>swab</i> <i>cap</i>	"2 noe som i form el. bruk minner om en *hette (1) [...] <i>munningsh</i> -, <i>støvh</i> - / <i>fengh</i> - hylse med tennsats" (BMO, sjå òg <i>kappe</i>)

Det mest frekvente norske termelementet er *foring*, som er registrert i 28 termar i Boring/NOT, men berre eitt i Materialet, det er i termen *foringsrør* < *casing* (truleg elliptisk for **casing pipe* eller *production casing*). Storparten av belegga er heilt komposisjonelle påbyggingar av denne viktige generiske termen, og den tekniske grunntydinga av *foring* er gammal og konvensjonalisert i norsk. Termelementet er altså ikkje noko godt eksempel på (av)metaforisering, men den omfattande bruken av det samsvarer med konvensjonen i teknisk fagspråk. I Boring/NOT finst det i tillegg

belegg for eit ikkje lite utval andre element som er tekne i bruk i norsk. Samstundes er dette element som er godt dokumenterte i allmennspråklege ordbøker med tekniske varianttydingar:

OVERSYN 16. Det metaforiske domenet 'klede' i norsk. NB: Fullversjon av
UTDRAG oversynet i vedlegg 1

Termelement i Boring/NOT grunnterm	Kommentar
<i>muffe</i> <i>posisjonsmuffe</i> < <i>positional collar</i> , <i>avlastingsmuffe</i> < <i>preload sleeve</i> , <i>stigerørsmuffe</i> < <i>riser sleeve</i> , <i>kjøremuffe</i> < <i>running sleeve</i> , <i>kortfiskemuffe</i> < <i>short catch</i> <i>overshot</i> , <i>fiskemuffe med sideåpning</i> < <i>side</i> <i>door overshot</i> , <i>muffestabilisator</i> < <i>sleeve-type</i> <i>stabilizer</i> , <i>glidemuffe</i> < <i>sliding sleeve</i> , <i>gjengemuffe</i> < <i>bell tap</i> , <i>muffegriper</i> < <i>collar</i> <i>grapple</i> , <i>lederørs-muffe</i> < <i>conductor pipe</i> <i>sleeve</i> , <i>ekspansjonsmuffe</i> < <i>expansion joint</i> , <i>sentrerings-muffe</i> < <i>floating tapered sleeve</i> , <i>Grayloc-rørmuffe</i> < <i>Grayloc-hub</i> , <i>sylander for</i> <i>stigerørsmuffe</i> < <i>riser overshot packer</i> <i>cylinder</i> , <i>fiskemuffe</i> < <i>overshot</i> , <i>muffesylander</i> < <i>overshot cylinder</i> , <i>fresemuffe</i> < <i>overshot</i> <i>milling shoe</i> , <i>muffepakning</i> < <i>overshot packer</i> , <i>løftesylander for muffepakning</i> < <i>overshot</i> <i>packer cylinder</i>	”2 kort rørstykke til å skjøte to rør” (BMO)

Vi merkar oss særleg *muffe* < *collar/sleeve* – det er ut frå den leksikalske varianttydinga ikkje underleg at termar med dette elementet er høgfrekvente på ei oljeplattform. Men òg *ske* og *skjørt* har slike eigenskapar.

4.3.5.2 Med utgangspunkt i engelsk

Dette er i stor grad dei leksikalske ekvivalentane til dei norske elementa, og med stor grad av regelbunden korrespondanse. Her er begge materialgruppene sette inn i same oversyn, dei to eksempla frå Materialet står i venstre kolonne:

OVERSYN 17. Det metaforiske domenet 'klede' i engelsk. NB: Fullversjon av
UTDRAG oversynet i vedlegg 1.

Termelement	Boring/NOT	Kommentar
<i>cap</i> <i>cap</i> > <i>hette</i> (Materialet)	<i>subsea christmas tree cap</i> > <i>havbunnstrekappe, swab cap</i> > <i>kroneventilhette, cement cap</i> > <i>sementplugg</i>	Def. "Kapsel sveist til rørenden, for eksempel for å lukke en brønn midlertidig" (<i>Oljeordliste</i>)
<i>collar</i> <i>drill collar</i> > <i>vekrør</i> (Materialet)	<i>krage</i> < <i>collar</i> , <i>posisjonsmuffe</i> < <i>positional collar</i> , <i>muffegriper</i> < <i>collar grapple</i> , <i>vekrør</i> < <i>drill collar</i> , <i>vektørsstuss</i> < <i>drill collar sub</i> , <i>vekrørsstrekker</i> < <i>drill collar spear</i> , <i>monellvekrør</i> < <i>monell steel collar</i> , <i>umagnetisk vektor</i> < <i>nonmagnetic steel collar</i> , <i>spiralvekrør</i> < <i>spiral drill collar</i> , <i>vaskerør med spyd for vektor</i> < <i>washover drill collar spear</i> , <i>vekrør med løfteprofil</i> < <i>zip type drill collar</i> , <i>logg for koplingsføler</i> < <i>casing collar locator log</i> , <i>rørkoplingslogg</i> < <i>casing collar log</i> , <i>øvre flottørsko for sementering</i> < <i>cement float collar</i>	Termsettet med <i>muffe</i> ≠ settet med <i>vekrør</i> < <i>drill collar</i> , def."Den nederste delen av borestrengen, som utgjør vekten på borkronen og holder borestrengen i strekk, og ellers har samme funksjon som bore-røret." <i>casing collar</i> = truleg analogt

Distribusjonen av ekvivalentar er likevel ikkje heilt samanfallande. På same måten som ulike dyrekroppsmetaforar kan bytast ut med andre dyrekroppsmetaforar (*jaw/claw* vs. *kjeft/klo*), kan klesmetaforar vera motivasjonelt ekvivalente innanfor eit språk: *hette/kappe* vs. *cap*, *collar/sleeve* (pluss *joint* og *overshot*) vs. *muffe*, *muffe/hylse* vs. *sleeve*. Det store leksikalske og motivasjonelle samsvaret i denne gruppa indikerer i hovudsak at det er etablerte og konvensjonelle tekniske grunn-tydingar som er tekne i bruk, ingen eigentleg nyskapande metaforiske danningar.

4.3.6 Plantemetamorfiikk

På grunn av det relativt avgrensa materialet er norsk og engelsk samordna i det følgjande oversynet, som viser bruken av dei termelementa som nokolunde sikkert lar seg heimfesta til kjeldedomenet 'planteliv':

OVERSYN 18. Det metaforiske domenet 'plantar' i engelsk. NB: Fullversjon av
UTDRAG oversynet i vedlegg 1.

Term- element	Materialet	Boring/ NOT	Kommentar
eng. <i>tree</i> = no. <i>tre</i>	<i>Christmas tree</i> > <i>juletre</i> , <i>ventiltre</i>	<i>christmas tree</i> > <i>juletre</i> <i>/ventiltre</i> , <i>christmas tree</i> <i>working pressure</i> > –, <i>injection tree</i> > <i>injek-</i> <i>sjonstre</i> , <i>minitree</i> > <i>mini-</i> <i>tre</i> , <i>production tree</i> > <i>ventiltre for produksjon</i> , <i>subsea christmas tree cap</i> > <i>havbunnstrekappe</i> , <i>subsea christmas tree</i> > <i>hav-bunnstre</i> , <i>topside</i> <i>christmas tree</i> > <i>platt-</i> <i>formtre</i> , <i>tree adapter</i> > <i>tilpasningsstykke for tre</i> , <i>tree bore</i> > <i>ventiltreboring</i>	Alle er samansetningar og påbyggingar med <i>tree/-tre</i> , førsteleddet <i>ventil-</i> eller <i>jule-</i> er systematisk elidert. Definisjon av <i>ventiltre/juletre</i> < <i>Christmas tree</i> : "Ventilenhet som er montert på toppen av stigerør eller brønnhode" (<i>Oljeordliste</i>)

Det sterke metaforiske elementet er *tree/tre* i *christmas tree/juletre/ventiltre*, som er ein av dei pragmatisk mest framståande termene i domenet. Vekslinga mellom heilmetaforen *juletre* og halvmetaforen *ventiltre* viser at sisteleddet kan fungera generisk, som vi ser i alle påbyggingane i Boring/NOT. Men *trunk* og *stem* er òg ein del nytta i tydingar som har å gjera med "avlang hovuddel". Kanskje viser dette ein tendens til metaforisk felt omkring 'plantedelar', jf. *rot*, *blad/lauv*, *grein*, *krone*, som òg er kreativt frekvente både i terminologi og i allmennspråk. Ein kan spørja om det er tilsvarande tendens i planteriket som i dyreriket – at det er delane av ein vekst som er terminogene og ikkje artane, jf. *stem*, *trunk*, *nut* vs. *tree* og *watermelon*? Datagrunnlaget er for spinkelt til å gå inn på det, og dette rører ikkje eigentleg ved

det funksjonelle aspektet ved semantisk motivasjon, som gjeld konkurransen med morfologisk. Engelsk *nut* 'mutter' er demotivert for lang tid sidan og ikkje døme på levande motivasjon.

Den norske generiske heiltermen *pigg* < *pig* kan ikkje reknast som plantemetafor, men er laga ved norvagingisering av skrivemåten (dvs. teikn-til-teikn-motivasjon): "Samlebetegnelse for gjenstander av forskjellig form og med forskjellige formål som sendes med produktstrømmen gjennom rørledningen." Så sant ikkje forma er spiss, er det dermed semantisk sett tale om feilmotivering, jf. Boring/NOT (rense)*plugg*, sjå avsnitt 3.2.5.4.

4.3.7 Restmetaforikk

4.3.7.1 Fire norske element – Materialet

Fire norske termelement har ikkje leksikalske motsvar i engelsk, og ekvivalentane er altså ikkje motivasjonelt ekvivalente:

Termelement	Heilterm	Kommentar
<i>klave</i>	<i>klave</i> < <i>elevator</i>	"1 (hesteskoforma) bøyel til å ha om halsen på dyr <i>bjøllek</i> ." (NNO)
<i>klokke</i>	<i>sveiseklokke</i> < <i>hyper-box</i> , <i>redningsklokke</i> < <i>survival/escape capsule</i>	"Liten dykkerklokke [...]" og "Klokkeformet vanntett redningsutstyr [...]" (<i>Oljeordliste</i>), jf. "3 kuppelformet beholder <i>dykkerk-</i> , <i>ostek-</i> " (BMO)
<i>krans</i>	<i>svingkrans</i> < <i>slewing ring</i>	"3 ringformet gjenstand <i>tannhjuls-</i> " (BMO)
<i>skåk</i>	<i>skjæker</i> < <i>elevator bails</i>	Jf. synonym <i>heisebøyler</i>

Desse termene byggjer på norske element som har etablerte tekniske varianttydingar. I *sveiseklokke* er det kanskje tale om regelviss ellipse av *sveise(dykker)klokke*, men *klokke* kan òg vera konvensjonalisert som "klokkeformet kapsel". Om heiltermane *klave* og *skjæker* kan ein seia at norsk metaforiserer sterkare enn engelsk (om då dette skal kallast metaforikk i tradisjonell tyding og ikkje berre utviding av ekstensjon (jf. diskusjonen om *brønn*, avsnitt 3.2.6.3), særleg når dei til saman utgjer ein sterk metonymkrins og dermed ditto assosiasjon til eit felt 'landbruksmekanikk': "Stålbøyler som forbinder løpeblokken med klaven."

4.3.7.2 Engelske metaforiske element – Materialet

Det er mogeleg å sortera ut engelske metaforiske element frå Materialet, oftast på deltermnivå. I nokre tilfelle er desse overførte til norsk med dei tilsvarande leksikalske elementa, slik at det oppstår motivasjonell ekvivalens. I andre tilfelle oppstår det motivasjonelle avvik, og i nokre tilfelle er det brytingar mellom desse to løysingane, det vil seia at resultatet er dubletter.

a) Motivasjonell ekvivalens gjennom overføring med leksikalske ekvivalentar finn vi i desse eksempla:

OVERSYN 19. Motivasjonell og leksikalsk metaforisk ekvivalens i domenet **UTDRAG** 'rest'. NB: Fullversjon av oversynet i vedlegg 1.

Engelsk element	Engelsk term	Norsk term	Kommentar
<i>blind</i>	<i>blind ram</i>	<i>blindventil</i>	Ekvivalent kroppsattributt
<i>breathe</i>	<i>breathing valve</i>	<i>pusteventil</i>	“Ventil montert på toppen av tank for å utlikne trykk ved fylling og tapping”
<i>bridge</i>	<i>bridge plug</i>	<i>brupakning</i> <i>bruplugg</i>	”Ekspanderende plugg som tetter til brønnen når en høyereliggende sone skal tettes, eller når brønnen blir oppgitt”
<i>crown</i>	<i>crown block</i>	<i>kronblokk</i>	Def. "Heiseutstyr på toppen av boretårnet", jf. ” krone [...] 3 topp(del), øverste punkt <i>damk-</i> , <i>murk-</i> " (BMO)

Motivasjonen skulle altså ha same grad av (eller mangel på) informativitet i begge språka. Målt opp mot definisjonane har mange av dei metaforiske elementa ein regelviss semantikk eller ligg i alle fall innanfor den etablerte rekkjevidda til dei leksikalske elementa: *kron/crown* ”på toppen av”, *trøtthet/fatigue* ”lavere bruddstyrke etter gjentatte vekslende påkjenninger”. Bruk av klassifiserande og semantisk avbleikte adjektiv er vanleg i teknisk fagspråk. Eksempel på det er motiverande førsteledd som *død/dead*, *sur/sour* og *tørr/dry*: Dei viser veksling med meir morfologisk motiverte alternativ: *søt* <-> *svovelfattig* eller semantisk meir nøytrale latiniseringar: *våtgass* <-> *kondensat*, distinksjonane er her respektive ”eksistens av

svovel” og ”eksistens av væskepartiklar”. Adjektivet *blind/blind* i *blindventil/blind valve* har ikkje nokon leksikalsk relasjon til definisjonen i det heile: ”Sikkerhetsventil som stenger brønnen uten boreutstyr i hullet.” Trass i at adjektivet er levande i allmennspråket, nærmar det seg her altså Kageuras analyse av *venn* i *venn diagram* som eit reint distinktivt element (jf. avsnitt 3.2.7.4). I eksempelet *drepe/kvele* vs. *kill* er den leksikalske overføringa regularisert ved at *kvele* er rangert som oppslagsform, truleg i samsvar med ei etablert varianttyding i norsk, jf. ”sløkkja, dempa” – ein distinksjon som kan oppfattast som terminologisert.⁶² Derimot resulterer direkte tilpassing (teikn-til-teikn-) i semantisk feilmotivering i tilfellet *skrubber*, fordi norsk *skrubbe* tyder ”gni hardt, skure” (BMO/NNØ, det gjeld kanskje òg engelsk *scrub*), og det er ikkje slik ein reinsar gass.⁶³ Kreative og domenespesifikke metaforar kan overførast leksikalsk med ekvivalent effekt når erfaringsbakgrunnen er lik, som *round trip* > *rundtur*, der motivet er ei tovegs rørsle *retur* – *tur* (antonymet *enkelttur* finst i Boring/NOT).

b) Motivasjonelle avvik finn vi i nokre av dei eksempla som er oppfatta som mest domenespesifikke og til og med ”eksotiske”, som *kelly*, *roughneck* og *roustabout*, som vi kjem tilbake til, og i ein god del førsteledd, sjå oversyn 20. Motivasjonen kan henga saman med isomorfi- eller kontrastprinsippet (ovanfor, avsnitt 4.2.3): *choke* og *bean*, motiv: ’strupe’ verb og ’bønne’ substantiv (jf. plante, avsnitt 4.3.6), er nytta som synonyme engelske representasjonar for det som ut frå definisjonane er skilde omgrep, og den norske motivasjonen dekkjer denne distinksjonen: *reduksjonsventil* <-> ”reducerer strømingstrykket”, *strupeventil* <-> ”reduksjon av rørtverrsnittet” via terminologisert varianttyding av verbet *strupe*: ”minske tilførsel av luft, gass, væske i maskin, motor, bruke *choke (I) s- motoren” (BMO, merk dermed òg distinksjonen *strupe* ≠ *kvele*, jf. ovanfor). Den engelske ekvivalenten *bean* ’bønne’ er truleg elliptisk/metonym for **bean valve*, motivert ut frå forma på sjølve strupelekamen. Grunnverbet *stab* i *stabbing board* har tydinga ’dolka’, ’stikka (med kniv)’, og motiveringa kan gjelda monteringsmåten.⁶⁴

⁶² Noko som ikkje hindrar at *drepe* har vore mykje brukt i praksis, jf. ”brønndreparen” Red Adair som fekk kontroll over Bravo-utblåsinga i 1977. Jf. ”slokke, dempe, hindre *k- ilden med et teppe / k- et gjesp / forsøket ble kvalt i fødselen / k- motoren* gi den så lite gass at den stanser” (BMO). Jf. òg *død brønn*, *død* = resultatet av dreping.

⁶³ Uttrykk som *gassvasker* har vore lansert, jf. òg omdiskuterte eksempel som *cracker* > *krakker* vs. *molekylnuser*, jf. *cracking* > *krakking/molekylspalting* i Materialet.

⁶⁴ ”To place the male threads of a piece of the drillstring, such as a joint of drillpipe, into the mating female threads, prior to making up tight” (*Schlumberger*, lese september 2007). Jf. Boring/NOT: *sentreringsplattform*.

OVERSYN 20. Metaforiske, motivasjonelle avvik i domenet 'rest'. NB:
UTDRAG Fullversjon av oversynet i vedlegg 1.

Engelsk element	Engelsk term	Norsk term	Kommentar
(<i>bean</i>), jf. avsn. 4.3.6	<i>bean</i> , jf. <i>choke</i>	<i>reduksjonsventil</i> <i>strupeventil</i>	Jf. <i>choke</i> , truleg ellipse av eng. <i>valve</i>
<i>bit</i>	<i>drill(ing) bit</i> <i>bit</i>	<i>borkrone</i>	Altså elidert <i>-ing</i>
	<i>bleeder valve</i>	<i>avlastingsventil</i> , <i>lufteventil</i>	
<i>derrick</i>	<i>derrick</i>	<i>boretårn</i>	Eig. ellipse av <i>drilling derrick</i>

Grensegangane mellom restkategorien og dei metaforiske felta vi har sett på ovanfor, er ikkje alltid klare og eintydige. Eit godt eksempel på det er *drill(ing) bit* / *bit* > *borkrone*, av eng. *bit*. nno. 'beksel' < *bite*, jf. (*drill*) *bit* > 'trebor', 'borstål' (jf. Kirkeby (1993)). Det er tale om ein gammal teknisk metafor som er konvensjonalisert – stålet er det som "bit" i materialet. Overgangen til *bit* i tydinga 'borkrone' må tolkast som ei ekstensjonal utviding kombinert med ellipse av det motiverande førsteleddet. Eksempelet kunne gå under kroppsmetaforikk like godt som *overshot* 'overbit'. Synkront framstår ekvivalentparet som eit typisk eksempel på hypotesen om at norsk er sterkare morfologisk motivert enn engelsk: Konvensjonaliserte og morfologisk opake og simpleksmorfemiske uttrykk som *bit* og *kelly* kontrasterer med *borkrone* og *drivrør*, uavhengig av om det finst synkront levande metaforikk eller ikkje.

Vi er i desse to undergruppene på sporet av det tilfanget som sterkast illustrerer den tendensen til avmetaforisering som har lagt grunnlaget – meir eller mindre folkelingvistisk – for hypotesen om avmetaforisering. Dette inntrykket kan styrkjaast ved å sjå på ei tredje:

c) I nokre norske synonymdublettar har den eine av målspråktermene lik motivasjon som kjeldespråkstermen. Materialet viser likevel inga systematisk prioritering av desse alternativa: *kjellerdekk* og *heisebøylar* er hovudoppslag, men det same er *boredekk* og *tårnarbeider/tårnmann*.

Engelsk element	Engelsk term	Norsk term	Kommentar
<i>cellar</i>	<i>cellar deck</i>	<u><i>kjellerdekk</i></u> <i>underdekk</i>	<i>kjellerdekk</i> på skip, etablert term
<i>derrick</i>	<i>derrick man</i>	<u><i>derrickmann</i></u> <i>tårnarbeider</i> <i>tårnmann</i>	Eigentleg komposisjonell når <i>derrick</i> = <i>boretårn</i> . <i>tårnmann</i> – ellipse av (<i>bore</i>) <i>tårnmann</i>
<i>elevator</i>	<i>elevator bails</i>	<u><i>heisebøyle</i></u> <i>skjæker</i>	Ein <i>skåk</i> er ein type bøyle, likskap i form
<i>floor</i>	<i>drill floor</i>	<u><i>boregolv</i></u> <i>boredekk</i>	<i>golv</i> kan vurderast som ‘falsk ven’, teikn-til-teikn

Før vi drøftar denne siste gruppa nærare, skal vi kort sjå på om tilfanget frå Boring/NOT kan styrkja eller svekkja dei tendensane vi til no har sett.

4.3.7.3 Engelske metaforiske termelement i Boring/NOT

I denne samanhengen nøyer vi oss av plassomsyn med å sjå på dei engelske metaforiske termelementa, fordi det er grunn til å rekna med at storparten av det relevante norske tilfanget vert fanga opp godt nok på den måten. I det følgjande oversynet, oversyn 21, er element som òg finst i Materialet, framleis markerte med halvfeit. Det er ni nye engelske metaforiske ledd i dette materialet, med nokså ulik frekvens. Det er vanskeleg å finna nokon som ikkje alt i engelsk har nærliggjande etablerte tekniske tydingar: *nogo* og *kickout* er kanskje dei mest idiosynkratiske eller i alle fall kontekstuelte mest avgrensa. Fjorten element er samanfallande med den første gruppa. Dei stadfester stort sett tendensane, norske ekvivalentar er identiske eller komposisjonelle påbyggingar. Eksempel: *trip* > *tur*, *køyring* i ulike utgåver, eller *kill*, *kelly* og *derrick*. Når det gjeld *drill(ing) bit*, har dei norske ekvivalentane ulik motivasjon reint strukturelt: *bor+krona* partitivt: *krona* = ‘del av’ boret, *borekrona* funksjonsmotivert, *boring* = ‘formålet med’ krona. I og med at kjenneteiknet /BORING/ kan tilordnast både *bor* subst. og *bore* verb, er denne skilnaden motivasjonelt redundant.

OVERSYN 21. Metaforiske engelske termelement i domenet 'rest', Boring/NOT. NB:
UTDRAG Fullversjon av oversynet i vedlegg 1.

Engelsk element	Engelsk	Norsk	Kommentar
<i>bit</i>	<i>drill bit</i>	<i>borekrone</i>	<i>bore-</i> verbalt førsteledd, vs.
	<i>diamond drilling bit</i>	<i>diamantkrone</i>	Materialet <i>bor-</i> , substantivisk
	<i>insert bit</i>	<i>knappekrone</i>	
	<i>jet bit</i>	<i>dysekrone</i>	
	<i>non-rolling bit</i>	<i>skrapekrone</i>	
	<i>nonsealed ball and roller bit</i>	<i>borekrone med åpne kule- og rullelager</i>	

Ein del synonyme par i dei to materialgruppene reflekterer motstridande tendensar. Det er ofte bevart metaforikk i norsk: *kick* > *brønnspar* (tydeleggjort gjennom kontekstrelaterande førsteledd med resultat halvmetafor, jf. Materialet: *tilbakeslag*), *spade/spear* > *spyd* etter /FORM/, *kill*, *choke* > *drepe*, *kvele/strupe*, *cake* > *kake*. Om distinksjonen mellom *choke* og *kill* er annleis eller sterkare semantisk differensiert på norsk, rører ikkje dette ved metaforiseringsgraden isolert sett. Andre gonger er det svekt metaforikk i norsk, som i "klassiske" termar som *derrick*, *roughneck*, *roustabout*, og i til dømes *spear* > *strekker* i *drill collar spear* > *vektørsstrekker*.

Engelsk og norsk har felles referanseramme gjennom ord som knyter seg tett til daglegsfæren: *shoot/skyte*, *cake/kake*, eller kroppsattributt som *blind/blind*, *breathe/puste*, *dead/død*, *kick/spark* eller for den del handlingar som *choke/kill* – *strupe/kvele/drepe*. Eit ord som *weep* = (*stri*)gråte skulle ha ekvivalent metaforisk potensial *gråtehull, men *weep* har ifølgje Webster ei varianttyding som historisk må tolkast som terminologisering av tydinga 'drenering'. Den norske ekvivalenten byggjer nok på denne demotiverte terminologiseringa. Det same gjeld truleg *stab* 'sentrera', eigentleg 'knivstikka, dolka', i *stabbing board* og *stabbing skirt* ovanfor.

4.3.8 Det sentrale tilfanget på heiltermnivået

I kapittel 1 vart tripletten *kelly*, *rathole* og *mousehole* introdusert som det anekdotiske utgangspunktet for oppfatningane av den typiske tendensen i norsk terminologisk avløyning, og dermed for hypotesen om avmetaforisering. Desse anekdotiske

eksempla stamma frå arbeidet som førte fram til materialgruppa Boring/NOT, medan analysen til no har lagt mest vekt på representativiteten av Materialet. Ut frå det ovanstående er det ikkje grunnlag for å laga presise spørsmål om avmetaforisering i termelement eller på deltermnivå, for analysen viser at metaforisk motivering i høg grad er kreativt brukt på delterm- og termelementnivået i norsk. Det mest typiske tilfanget vil dermed vera ekvivalentsett der *primær semantisk motivasjon på heiltermnivået er erstatta med morfologisk motivasjon på heiltermnivået*, anten heilt eller delvis. Konkret vil dette seia at engelske fullmetaforar er erstatta med norske halvmetaforar eller full substitusjon.

Oversyn 22 viser totalmengda av *generiske og primært metaforiske engelske heiltermar* som dei ovanstående analysane har dokumentert, fordelte på alle kjelddomena i Materialet. Element som berre finst i Boring/NOT er ikkje inkluderte, men variantar derifrå er sette inn. Det er tale om 30 ulike engelske heiltermar med 39 ulike norske avløyssarar.

OVERSYN 22. Kjerneeksempel på kontrasten metaforisk – morfologisk (sjå òg **UTDRAG** oversyn 8 og 11). NB: Fullversjon av oversynet i vedlegg 1.

Engelsk metaforisk heilterm	Materialet	Variant i Boring/NOT	Kommentar
<i>kelly</i>	<i>drivrør, rotasjonsrør</i>	<i>drivrør</i>	Uvisst proprium
<i>kick</i>	<i>tilbakeslag</i>	<i>brønnspar</i>	
<i>kill</i>	<i>drepe, kvele</i>	<i>drepe</i>	
<i>monkey board</i>	<i>tårnplattform</i>	<i>tårnplattform</i>	Grensetilfelle
<i>moonpool</i>	<i>kjellerdekkshull</i> <i>underdekkshull</i>	–	
<i>mousehole</i>	<i>musehull</i>	<i>rørkoplingshylse</i>	
<i>overshot</i>	<i>fiskeredskap</i>	<i>fiskemuffe</i>	Jf. <i>fishing tool</i>
<i>piggyback</i>	<i>ekstraanker</i>	–	
<i>rathole</i>	<i>rottehull</i>	<i>drivrørshylse</i>	
<i>roughneck</i>	<i>boredekkсарbeider</i> <i>boredekksmann</i>	<i>boredekkсарbeider</i>	
<i>round trip</i>	<i>rundtur</i>	<i>rundtur</i>	
<i>roustabout</i>	<i>dekkсарbeider, rigger,</i> <i>riggerassistent</i>	<i>dekkсарbeider</i>	
<i>scrubber</i>	<i>skrubber</i>	–	Grensetilfelle?
<i>wild cat</i>	<i>undersøkingsbrønn</i>	<i>undersøkelsesbrønn</i>	<i>exploration well</i>

Eksempel som *doghouse*, *monkey board* og *skrubber* (agentivsuffixs med tyding /INSTRUMENT/) inneheld morfologiske element som er såpass tett knytte til det eigentlege domenet at dei grensar mot halvmetaforar på engelsk, men er likevel inkluderte her. Det er altså 30 metaforiske engelske heiltermar i alt, av totalt 468 heiltermar i Materialet, og det gjev ein prosentdel på 6,4 %. Desse 30 har generert 39 ulike norske avløyssarar, både komplekse og simplekse (jf. oversyn 11 i avsnitt 3.2.6.3). Sjølv utan ei streng statistisk tilnærming må vi kunna seia at ein frekvens på 6,4 % ikkje isolert er nok til å kunna kalla hypotesen om engelsk metaforrikkdom og norsk avmetaforisering særleg sterk. I eitt tilfelle må norsk metaforikk kunna karakteriserast som sterkare enn engelsk: *elevator bails* > *skjæker*. I ni tilfelle er dei norske ekvivalentane minimumstilpassa og/eller allment morfologisk ekvivalente (jf. kapittel 3): *kne*, *fisking*, *musehull*, *rottehull*, *hette*, *juletre*, *drepe*, *rundtur*, *skrubber*. Morfologisk tydeleggjering har vi i halvmetaforane *slepefisk*, *ventiltre*, der etterledda potensielt kan slita seg laus og fungera som generiske termar.

Oversynet viser at det engelske motivet er direkte overført i *Christmas tree* > *juletre*, *fishing* > *fisking*, *kill* > *drepe*, *round trip* > *rundtur*, *rathole* > *rottehull*, *mousehole* > *musehull*, *scrubber* > *skrubber*. Skilnadene mellom dei to norske ekvivalentsetta er små, og materialet er lite. Boring/NOT favoriserer morfologisk motiverte løysingar framfor leksikalske samsvar med kjeldespråket i fire tilfelle jamført med Materialet: *drivrør*, *rørkoplingshylse*, *drivrørshylse* og *borehullskne*. Den siste er ei morfologisk tydeleggjering av *kne*, men leddet *kne* er etablert generisk i røyrleggjarfaget, og *borehullskne* kan altså ikkje kallast ein halvmetafor. Halvmetaforar er derimot *slepefisk* og *brønnspar* – metaforane får ikkje stå heilt på egne bein, men får eit tydeleggjerande element. At det generiske *-redskap* er skifta ut med det meir spesifikke *-muffe* i *fiskeredskap* (etter form/konstruksjon) tydeleggjer òg, utan at dette endrar den primære motivasjonstypen i heiltermen. Vidare har Boring/NOT preferanse for halvmetafor i staden for fullmetafor når Materialet har synonymdublettar: *juletre* > *ventiltre*. Boring/NOT metaforiserer sterkare enn Materialet berre i eitt tilfelle, halvmetaforen *brønnspar* i staden for *tilbakeslag* – men det ikkje-metaforiske førsteleddet utgjer ei sterkare kontekstuell tilknytning enn det semantisk svært vide *tilbakeslag*.

Vil så dette mønsteret ta seg vesentleg annleis ut dersom vi supplerer med Boring/NOT? I det følgjande oversynet er berre nye metaforar tekne med, ikkje slike som alt finst i Materialet. Det er tale om 16 nye:

OVERSYN 23. Kjerneeksempla supplerte med unike Boring/NOT-termar

Domene	Engelsk metaforisk heilterm	Norsk ekvivalent	Kommentar
Kropp	<i>shoulder</i>	<i>skulder</i>	
	<i>lip</i>	<i>rand</i>	
	<i>iron roughneck</i>	<i>rørkoplingsmaskin</i>	Motiv: “boredekkсарbeidar av jern”, dobbelt-motivering
Dyr	<i>umbilical</i>	<i>navlestreng</i>	Syn. <i>kontrollkabel</i>
	<i>jaw</i>	<i>kjeft</i>	
	–	<i>moldvarp</i>	
	<i>cathead</i>	<i>nokk</i>	Gammal etablert ekvivalent
	<i>bullheading</i>	<i>fortrenging</i>	
	<i>bulldogging</i>	<i>fastkiling</i>	
	<i>collar</i>	<i>krage</i>	Usikker referanse
Tekstil	<i>shirttail</i>	<i>kronefot</i>	Usikker status
Plante?	(<i>mandrel</i>)	<i>stamme</i>	Usikker status
Rest	<i>overburden</i>	<i>dekkbergart</i>	
	<i>shooting</i>	<i>skyting</i>	
	<i>spade</i>	<i>spyd</i>	
	<i>trip</i>	<i>enkelttur</i>	Ellipse * <i>single trip</i> ?

Dette gjeld altså 16 nye heiltermar, éin utan engelsk ekvivalent (men plausibel ekvivalens **mould*, jf. ovanfor, avsnitt 4.3.4). Dei fordeler seg på etablerte og konvensjonaliserte tekniske termar som *cathead*, *shoulder*, *lip*, *jaw*, *collar*, *fatigue*, altså kropps- og klesmotiverte, og slike som truleg er meir spesifikke for oljedomenet utan at det i alle tilfella kan verifiserast: *iron roughneck* (kumulativt motivert via *roughneck*), *umbilical* (leidning frå hovudplattforma til satellittbrønnehovud, jf. *kontrollkabel*), *overburden* (geologi), *bullheading* og *bulldogging*. At *spade* er tilordna ekvivalenten *spyd* (og ikkje norsk 'spade'), må truleg forklarast med onomasiologiske og perseptoriske faktorar (referenten liknar meir på eit spyd). Metaforen (og tydingslånet) *shooting* > *skyting*, som refererer til ein metode for signalsending, er kjent frå både seismikk og film/foto (jf. avsnitt 3.2.5). Både *iron roughneck*, *umbilical* og *trip* er nok – intuitivt sett – høgst relevante eksempel å ha med i ein analyse, men det er vanskeleg å sjå at denne gruppa på 16 representerer

nokon kvantitativt eller kvalitativt annleis tendens enn det som alt kjem til syne i Materialet.

Vi kan dermed relativt trygt la oversyn 22 stå som uttrykk for det sentrale tilfanget når det gjeld å kvalifisera avmetaforiseringshypotesen. Men det går an å snevra inn ei kjernegruppe, ”det sentrale av det sentrale” tilfanget: Den mest typiske kontrasten, primær semantisk motivasjon i engelsk vs. primær morfologisk i norsk, gjeld i ekstra grad ei delmengd på 20 av dei 30 heiltermane i oversyn 22: *bean, bit, choke, Christmas tree, casing, catwalk, derrick, doghouse, jacket, kelly, kick, moonpool, monkey board, mousehole, overshot, piggyback, rathole, roughneck, roustabout* og *wild cat*. Den innleiande ”tripletten” er altså utvida til 20, og det er desse 20 termene som utgjer kjernen i ”avmetaforiseringshypotesen” og førestellinga om det ”eksotiske” oljespråket. Samstundes er desse 20 termene kjernen i kontrasten mellom omgrepsmotivasjon og teikn-til-teikn-motivasjon, fordi omgrepsmotivasjon har fått prioritet over teikn-til-teikn-motivasjon i dei aller fleste tilfella. Rekna i prosent av termmassen i Materialet utgjer dei 4,1 %. Løysingane *musehull* og *rottehull* i Materialet er markerte fordi dei går på tvers av den tendensen desse 4,1 prosentane representerer – her har teikn-til-teikn-motivasjonen fått overtaket. Grensa i typologisk relevans mellom dei 30 i oversyn 22 og dei 20 i delmengda er likevel såpass impresjonistisk og uskarp at vi kan lata vera å utvikla dette poenget vidare.

Det kunne vera på sin plass å korrigerera for den omvende spørsmålsstillinga, om engelsk kan vera sterkare kompleks og/eller metaforisk enn norsk. Teoretisk er dette sjølvsagt mogeleg, og ekvivalentsett med norsk simpleksmorfemisk og/eller primært metaforisk heiltermmotivasjon kunne kanskje gje ein indikasjon, jf. par frå kapittel 3 som *rampe* < *stinger (ramp)*, *tappe* < *bleed off/down*, *gass* < *natural gas*, *brønn* < *bore hole (well)*, *lense* < *oil boom*, *sonde* < *intelligent/dummy pig*, *bulk* < *indentation (dent)*, og altså *kne* < *dogleg*. Simpleksoverføringar som *trim, buckle, barrel, gallon, olje, gass, reservoar* har vi her ikkje rekna som metaforar. Men oversyn 22 ovanfor inneheld òg slike som vi har rekna som metaforar i kapittel 4, og grensene er uskarpe, jf. heile diskusjonen om metaforikk vs. semantisk motivasjon i kapittel 3. Det er neppe mykje å henta her, datasettet er for lite og til dels prega av idiosynkrasiar (tilordninga av ellipsen *gass* < *natural gas* er til dømes pragmatisk og ikkje strukturelt betinga), og dei morfologiske skilnadene er små.

4.4 Simpleksitet og kompleksitet

4.4.1 Strukturell ikonisitet på generisk og spesifikt nivå

Som vi har sett fleire stader i kapittel 2, legg terminologien til grunn at innhald og koding er uavhengige storleikar, og at innhaldet ikkje determinerer den språklege kodinga. Tanken om full isomorfi mellom dei to nivåa er ikkje realistisk, og til dømes Wüster og andre har peika på at metaforar kan fungera som ei rasjonalisering og kompresjon av komplekst innhald i eit kort uttrykk. Men tanken om isomorfi har likevel vore diskutert i normative samanhengar heilt frå Berzelius og Ørsteds prinsipp om å laga simplekse nemningar på enkle stoff, avleidde nemningar på komplekse sambindingar: *svovel* > *sulfat* (jf. Laurén, Myking & Picht 1997: 16). Både på innhaldssida og uttrykkssida kan ein ifølgje Hoffmann (1984) skilja mellom 'enkel' og 'kompleks', og mellom desse to nivåa kan det finnast ein viss grad av isomorfi, slik Hoffmann ser ut til å meina:

Different terminologies prefer different types of terms. Thus terminologists must choose between simple terms (simple, derivative, compound, abbreviation for simple concepts and complex terms (free phrases, semi-fixed combinations, set expressions) for complex concepts. Complex terms are frequent in technology and in some natural sciences, the objects and concepts of which are very complex themselves. In mathematics, on the contrary, derivation is the most productive pattern of term-formation. (Hoffmann: 1984: 29)

Sitatet reiser mange problem som vi ikkje kan gå inn på her, særleg kva som er eit 'enkelt' omgrep, og om omgrep i matematikk verkeleg er 'enkle' til dømes i tydinga har ein liten intensjon. Det er ikkje identitet mellom det naturfaglege eller semantiske omgrepet 'enkel' og det morfologiske omgrepet 'simpleks', slik vi har nytta dette her i avhandlinga. For Haiman er det her snakk om økonomisk motivasjon, som han koplar til kategorien 'familiaritet', altså om noko er kjent eller mindre kjent. Alle språk har enkle ord som svarer til komplekse omgrep:

Their simplicity is an index not of their conceptual simplicity, but of their familiarity or frequency of occurrence [...]. Thus the lexical structure of all languages will reflect those semantic domains: in those domains, words will tend to be short and semantically opaque. In less familiar domains, words will tend to be semantically transparent, or iconic. (Haiman 1983: 802)

Dette fører fram til essensen i motivasjonsomgrepet, som Haiman formulerte som motsetnaden kjent vs. ukjent (jf. seksjon 2.4, punkt 8). Haiman (ibid.) argumenterer som Hoffmann med at dersom eit språk først har samansetjing, så vil aukande lengd på samansetningar avspegla (ikonisk) avspegla aukande intensjonsdjup. Og motivasjon i saussursk (og ullmannsk!) meining vil vera diagrammatisk ikonisk (altså til skilnad frå økonomisk):

Motivation, in the sense used in Saussure's Cours, is another exemple of the kind of diagrammatic iconicity under discussion her. Thus while the German word *Schuh* 'shoe' is entirely symbolic, its compounds *Handschuh* 'glove/mitten', *Fingerhandschuh* 'glove', and *Fausthandschuh* 'mitten' are diagrammatically iconic in directly expressing a taxonomic relation. (Haiman 1980: 516)

Analogi i tankegang har likevel ei avgrensa rekkjevidd. Terminologiske taksonomiar er oftast hierarkisk meir omfattande enn folkelege, dermed vert grensene for funksjonell samansetjing oftare utfordra. Både morfologisk simpleksitet og morfologisk samansetjing er ut frå Hoffmann-sitatet 'enkel' koding, dermed er det i realiteten her berre snakk om det grove skiljet mellom grunnterm og påbyggingsterm som vi har vore inne på ovanfor. Det er freistande, men vanskeleg, å tillempa dette skiljet på gruppa av 'enkle' kodingar internt, som i dette dømet:

drivrør, rotasjonsrør

kelly

”Firkantet eller sekskantet rør som skrus fast til toppen av borestrengen og overfører bevegelsene fra rotasjonsbordet til den.”

Dersom prinsippet om strukturell ikonisitet fungerer slik at koding på generisk nivå oftast skjer gjennom enkeltmorfemiske uttrykk, så vil altså eksempelet *kelly* mest naturleg verta tolka som ein generisk term. Synonymet *drivrør* skulle etter same prinsipp derimot vera ei spesifisering av genuset *rør*. Logisk-semantisk stemmer det nok, men ikkje onomasiologisk. Det er ikkje 'rør' som er generisk omgrep i det faglege omgrepssystemet, for det er eit omgrep som heller ligg på livsform-nivå (det er svært mange røyr på ei plattform, med svært ulike funksjonar). Når då *drivrør* er ein norsk ekvivalent til *kelly* (eventuelt som synonym og konkurrent til norsk *kelly* som direktelån), så kunne ein altså hevda at den norske avløyaren *drivrør* er ei atypisk koding som resulterer i avvik mellom omgrepsstruktur og termstruktur, og omgrepet skulle vera 'enklare' enn det kodinga skulle tyda på. Definisjonen viser at det er stikk motsett: 'drivrør' har ein meir kompleks struktur enn 'rør', og den enkle termen *kelly* opphevar isomorfien mellom uttrykk og innhald, jf. desse to døma:

adehesjonsoljeopptaker	adhesion skimmer
”Oljeopptaker der oljen fester seg til roterende skiver, belter e.l., og fjernes over vann.”	
adsorpsjonsoljeopptaker	adsorption skimmer
”Oljeopptaker som suger opp oljen ved hjelp av et mikroporøst adsorpsjonsmiddel.” (Oljeordliste)	

Den generiske termen i dette termparet er *oljeopptaker* (men med nærsynonymet *skummer* som eigen post). Førsteledda i termane, *adhesjons-* og *adsorpsjons-*, er distinktive kjenneteikn av typen /FUNKSJON/ (eventuelt presisert/spesifisert som ”verkemåte” eller ”konstruksjonsmåte”). Dette motiverande kjenneteiknet er som semantisk faktor språknøytralt og dermed typologisk nøytralt (og for den del òg morfologisk, sidan det er realisert med internasjonale ord). Strukturen i dei to termane er strukturelt ikonisk i tydinga generisk/spesifikk og kjerne/modifikator, slik at desse termane kan plasserast på det spesifikke nivået i hierarkiet, med *oljeopptaker/skimmer* som dei generiske uttrykka på basisnivået. Desse uttrykka har ikkje eigne postar i Materialet – denne posisjonen er fylt av (nær)synonymet *skummer* (NN *skummar*, eng. *skimmer*) (jf. òg prosessomgrepet *oljeskumming/oljeoppsamling* < *skimming*). Nivået for ”livsform” må postulerast (som ”oljefjerningsutstyr” eller liknande).

Den motivasjonelle komparasjonen som kan seia noko om typologi, må altså her òg gjerast på det generiske nivået, og gjeld såleis *oljeopptaker* <-> *skummer* <-> *skimmer*, ikkje med førsteledda *adsorpsjons-* osv. Agentiv avleiing er nytta i alle tre uttrykka og i begge språka. Den typologisk relevante motsetnaden mellom norsk og engelsk finn vi dermed i avleiingsbasisen, verbfrasen: *olje+opp+tak-* < ”*ta opp*” vs. *skumm-* <-> *skim*.

Leddet *olje-* i den lengste norske varianten kan analyserast som direkte objekt og potensielt til stades både i **(olje)skummer* og **(oil) skimmer* (økonomisk motivasjon, semantisk forkorting, ellipse, klammeform), derfor er det berre røtene eng. *skim* / BM *skumm-* som kan stillast opp i typologisk kontrast til ”*ta opp*”: engelsk simpleks i kontrast til norsk kompleks, og med intern tevling mellom simpleks og kompleks i norsk, og med ’simpleks’ = morfologisk ’opak’. Dette er samstundes ein motivasjonell motsetnad mellom teikn-til-teikn-motivasjon (*skum-* < *skim-*) og morfologisk-semantisk.

Ein term som *kelly* er morfologisk simpleks, og skal kanskje tolkast som semantisk motivert (av namnet Kelly, men med usikker etymologi). *Musehull* er semantisk u-analyserbar, men morfologisk analyserbar. Begge termene har sine respektive norske synonym i morfologisk analyserbare, komplekse termar som *drivrør* og *rørkopplingshylse*, slik at der er ein tendensiell kontrast, og den kontrasten er 'salient', fordi han manifesterer seg på generisk nivå. For å få fram dei typologisk relevante kontrastane, må vi altså sjå vekk frå dei språktypologisk nøytrale determinantane (som sjølvsagt er onomasiologisk viktige). I den grad denne skilnaden mellom engelsk simpleks og norsk kompleks dannar eit mønster, kan ein begynna å tala om ein tendensiell typologisk skilnad.

4.4.2 Lengd og kompleksitet – uavhengige storleikar?

Grafisk lengd målt i bokstavar og fonologisk lengd målt i stavingar heng sjølvsagt begge delar saman med den morfologiske strukturen i eit ord. For den som jamfører alternativ og prøver å avgjera kva som er mest funksjonelt, spelar psykologiske mekanismar inn, og dei kan vera vanskelege å føreseia. Ikkje alle 'objektive' kriterium for lengd kan få lov å spela noka rolle, for det finst visse typologiske eller grammatiske særdrag ved eit gjeve språk som ikkje kan overstyrast. Til dømes kan det ikkje brukast som argument at engelske infinitivar av typen *kill* er éi staving kortare enn norsk *drepe* pga. null-affikset og dermed kan produsera 'hendigare' termar. Ei åttestavings form som *adhesjonsoljeopptaker* korresponderer med ei femstavings engelsk i *adhesion skimmer*, og på generisk nivå er motsvaret fem i *oljeopptaker* og to i *skimmer*. Stavingstalet i den generiske forma påverkar altså "avledningsförmågan" i dei to termene, dei er ikkje i like stor grad mogeleg å byggja på med andre element, og dette har å gjera med den morfologiske strukturen i stammene: Om vi ser bort frå avleiingssuffikset *+er*, som er konstant, så svarer altså ein morfologisk simpleks stamme *skim-* til ein kompleks *olje+opp+tak-* (jf. ovanfor, avsnitta 4.1.2 og 3.1.6.3). Termar med simpleks stamme i kontrast til norsk kompleks utgjær ei stor gruppe i Materialet.

4.4.3 Stavingsmål

Det er kontrasten metaforisk–morfologisk som ligg til grunn for diskusjonen i dette kapittelet, dermed er òg metaforiske engelske heiltermar det beste utgangspunktet for å sjå korleis lengd målt i stavingar ter seg. Det sentrale materialet er analysert fram i

oversyn 22. Tabell 6 viser stavingsemnga i dei engelske kjeldetermane og i avløyssarane både i Materialet og Boring/NOT:

Tabell 6. Stavingseksplasjon i inventaret i oversyn 22. Ved norsk synonymi er den engelske kjeldeterman sett opp i kontrastivt par for kvart synonym. Forklaringar: TST = tal stavingar, EKS-M = stavingseksplasjon, materialet, EKS-B = stavingseksplasjon i Boring/NOT. NB: Fullversjon av tabellen i vedlegg 1.

Eng. metaf. heilterm	TST	Materialet	TST	Variant i Boring/NOT	TST	EKS -M	EKS -B
<i>kill</i>	1	<i>kvele</i>	2		–	2	–
<i>bean</i>	1	<i>strupeventil</i>	4			3	–
<i>choke</i>	1	<i>strupeventil</i>	4	–		3	–
<i>bean</i>	1	<i>reduksjonsventil</i>	5	–		4	–
<i>choke</i>	1	<i>reduksjonsventil</i>	5	–		4	–
<i>fish</i>	1	<i>slepefisk</i>	3	(<i>fisk*</i>)	(1)	2	(0)
<i>cap</i>	1	<i>hette</i>	2	(<i>kappe, hette</i>)	(2)	1	(1)
<i>flare</i>	1	<i>flamme</i>	2	(<i>fakkell</i>)	(2)	1	(1)
<i>kill</i>	1	<i>drepe</i>	2	<i>drepe</i>	2	1	1
<i>bit</i>	1	<i>borkrone</i>	3	<i>borekrone</i>	4	2	1
<i>kick</i>	1	<i>tilbakeslag</i>	4	<i>brønnsparke</i>	2	3	1

Distribusjonen av dei ulike stavingstala er slik som vist i tabell 7:

Tabell 7. Distribusjon av stavingstal i inventaret i oversyn 22 (N er ulikt pga. ulik ekvivalensdekking og synonymgrad)

Tal stavingar	Engelsk	Materialet	Boring/NOT
1	8	1	1
2	15	13	9
3	6	11	5
4	0	10	5
5	1	2	1
6	0	2	2
7	0	–	1
TOTALT (N)	30	39	24

Alle engelske held seg innanfor Bauers norm for 'det ideelle', med eitt unntak, som er ein fleirordsterm (frase, *elevator bails*). Korrigerer vi for bøying og plussar på dei norske frå tabell 7 med eitt affiks, så vil ordformene fordela seg med elleve på fire stavingar og elleve på fem, altså ligg 22 av 30 akkurat på den øvre grensa. Fire termar ligg utanfor, med seks eller fleire stavingar (*boredekksarbeider*, *materialtrøtthet*, *reduksjonsventil*, *undersøkingsbrønn*). 13 vil liggja akkurat på gjennomsnittet, og éin under (*kne* < *dogleg*). I Boring/NOT er det eitt ekstremutslag (*doghouse* > *bakrom til borerhytte*), som truleg er sterkt deskriptivt bunde til den konkrete referenten (det er ikkje kategorien 'vaktbuer' som vert namnsett, men ein del av topografien på éi spesifikk oljeplattform).

Biletet kan fyllast ut med å sjå korleis stavingsekspansjonen ter seg. Ekspansjonsgraden, det vil seia talet på stavingar i norsk jamført med dei engelske kjeldeterminane, kjem fram i tabell 8:

Tabell 8. Distribusjon av stavingsekspansjon engelsk til norsk i oversyn 22

Ekspandert tal stavingar	Jamført med Materialet	Jamført med Boring/NOT
< 3	1	0
< 2	0	0
< 1	2	0
= 0	10	8
> 1	12	10
> 2	8	2
> 3	4	1
> 4	4	2
> 5	0	1
TOTALT (N)	41	24

Oversynet viser at ti norske termar, eller 1/4 av tilfanget frå oversyn 22, ikkje har nokon ekspansjon: Stavingstalet er likt, medan tolv altså har vakse med éi staving. Tala for norsk må framleis korrigerast for bøying med minst eitt affiks, i mange ordformer vil realiseringa derfor vera ekspansjon med høvesvis éi og to stavingar. Mønsteret for Boring/NOT verkar ikkje vesentleg ulikt, og det er ekstremutslaget *bakrom til borerhytte* som er den viktigaste skilnaden. Dette eksempelet viser at noko av forklaringa på den auka kompleksiteten i norsk må hentast frå den pragmatiske

faktoren informativitet, kopla til kriteriet motivasjonslengd: Det er nødvendig å vera di meir eksplisitt di mindre kjend bakgrunnen er.

4.4.4 *Frå simpleks til kompleks stamme*

Analysen av dette avgrensa metaforiske materialet kan vanskeleg brukast som støtte for sterke typologiske hypotesar om kompleksitet, men det er likevel vanskeleg å bagatellisera heilt det som intuisjonen seier om auka kompleksitet i norsk. Det er eit udiskutabelt faktum at mange norske avløyssarar har større morfologisk kompleksitet enn kjeldeterminane, men då må ein sjå på kompleksitet uavhengig av metaforikk. Det vil føra for langt å gjennomanalysera heile Materialet, men vi kan sjå på døme frå éi viktig og illustrerande gruppe, der den engelsken kjeldeterminen berre har ei leksikalsk rot i stammen, og der det går føre seg ein ekspansjon til to eller fleire leksikalske røter i stammen i den norske målterminen, jf. oversyn 24:

Oversyn 24. Morfologisk ekspansjon frå engelsk til norsk. Tala 1 og 2 indikerer talet på røter i avleiingsbasisen. Forkortinga *avl* indikerer at basisen i tillegg inneheld eitt eller fleire affiks (i nokre tilfelle demotivert). Avleiingssuffikset *-ing* kan sjåast som nøytralt, og er derfor halde utanfor tala.

Døme	Ekspansjon i tal morfem	Kommentarar
<i>lagg+ing > isolasjons+materiale</i>	1 > 2	
<i>sampl+ing > prøve+tak+ing</i>	1 > 2	
<i>seep+age > ut+siv+ing</i>	1 > 2	
<i>shuttl+ing > skyttel+trafikk</i>	1 > 2	
<i>skimm+ing > olje+skumm+ing</i>	1 > 2	
<i>slips > kile+belte</i>	1 > 2	Eng. -s = opph. plural
<i>spall+ing > av+skall+ing</i>	1 > 2	
<i>swabb+ing > stempel+sug+ing</i>	1 > 2	
<i>solv+ents > løsnings+midler</i>	1 > 2avl	
<i>tension+er > strekk+maskin</i>	1avl > 2	
<i>dispatch+er > transport+sjef</i>	1avl > 2	Demotivert prefiks <i>trans-</i>
<i>mud-off > slam+tett+ing</i>	1avl > 2	
<i>de+gass+er > gass+ut+skill+er</i>	1avl > 3	
<i>deposit > fore+komst</i>	1avl > 2avl	Eigentleg <i>-kom+st</i>

<i>dispersants</i> > <i>dis+pergerings+midler</i>	1avl > 2avl
<i>impervious</i> > <i>u+gjennom+trenge+lig</i>	1avl > 2avl
<i>permeable</i> > <i>gjennom+trenge+lig</i>	1avl > 2avl

Det interessante her er altså den ekspansjonen som skjer i talet på røter, sjølv om analysen reiser visse problem. Kategorien 1 > 2 indikerer termar det er ein overgang frå 1 til 2 umodifiserte røter, og der avleiingsbasisen i engelsk altså består av ei rot og ingen ting anna. Dei åtte første termpara i oversyn 24 er altså dei mest typiske. Med to unntak (*dispatcher* og *mud-off*) har termene i tillegg til avleiingsbasisen eit avleiingsaffiks som er nøytralt, *-er* eller *-ing*. Mange av døma inneheld demotiverte avleiingselement: *tens-* og *-ion* i *tension*, *-sjons* i *isolasjons-*, *trans-* i *transport*, og det kan finnast ymse andre modifikasjonar i den engelske og/eller den norske stammen, til dømes avleiings- eller bøyingsaffiks i tillegg til rota/røtene, ofte ved latiniseringar: *de+pos+it* > *fore+kom+st*, *dis+per+sant+s* > *dis+per+ger+ings+midl+er*, slik at den eigentlege rota ikkje alltid er så tydeleg å avgrensa. Den auka morfologiske kompleksiteten har sjølvstendig følgjer for den fonologiske og syllabiske, og i oversyn 24 er elementet 'rot' i dei norske avløyserane berre grovt indikerte: Strengen *-pergering* er altså rekna som "rot" i det tilfellet.

Trass i problem med synkron morfologisk analyse, illustrerer oversynet ein tendens: overgang frå simpleks stamme (det vil seia avleiingsbasis med éi rot) i engelsk til kompleks i norsk. Dei norske stammene eksponerer i desse termene altså meir leksikalsk informasjon enn i kjeldetermane, og er dermed sterkare morfologisk-semantisk motiverte.

4.4.5 Motivasjonslengd

Som nemnt i avsnitt 4.2.5.3, kan 'motivasjonslengd' forståast som ein funksjon av mengda av sjølvstendig meiningsberande element. Skal dette vera operativt, vil denne typen lengd i praksis måtta vera det same som talet på stammar. Eksempel som *scrubb+er* > *skrubb+er* har ifølgje dette resonnementet same motivasjonslengd, det same har *sedimentary rock* og *sediment+berg-art*, fordi høvesvis *sediment-* og *sedimentary*, *rock* og *bergart* samsvarer leksikalsk. Det er altså termelementa *rock* > *bergart* som demonstrerer den typen ekspansjon som vi no har diskutert, 1 > 2 stavingar og overgang frå morfologisk arbitraritet til motivasjon på det generiske nivået. Dermed kan vi då seia at lik motivlengd gjer heiltermdupletten typologisk mindre interessant, og eit tilleggsargument for det vil vera at opposisjonen *rock* > *berg+art* er leksikonetablert i engelsk og norsk sett som respektive fellesspråk. Den

norske ekvivalenten får fleire stavingar enn den engelske som ein funksjon av allmennspråklege typologiske faktorar i det grunnleggjande og generiske inventaret, og dermed er ikkje dette så mykje å gjera noko med.

Annleis vil det då vera der norsk har større motivasjonslengd enn engelsk og dermed har meir leksikalsk informasjon som kan knytast til det domenespesifikke omgrepet. Dette kan dels vera ein funksjon av allmennspråklege faktorar, men det kan like gjerne henga saman med pragmatiske faktorar, og då er ellipse av røter og stammar truleg éin av dei viktigaste faktorane. Om vi går attende til metaforsamlinga i oversyn 22, vil vi i det engelske Materialet finna både nokre sikre og nokre sannsynlege eksempel på dette. Sikre ut frå oppslagsform er *drill(ing) bit* > *borkrone* og *wild cat (well)* > *undersøkjingsbrønn* (men òg < *exploration well*), men både (*drilling*) *derrick* > *boretårn*, (*kelly*) *rathole* > *drivrørshylse* og (*wellhead*) *Christmas tree* har den same underliggjande strukturen. På grunnlag av 'semasiologisk mistanke' kan vi òg truleg rekna med desse: (*gas?*) *scrubber* > **gassvasker*, (*fishing?*) *overshot* > *fiske-redskap (-muffe)*, (*well*) *kick* > *brønnspar*, (*derrick*) *monkey board* > *tårnplattform*. Oppslagsforma *casing* > *foringsrør* er analysert som metafor (= **foring*), i motsetnad til *tubing* > *produksjonsrør*, men den siste har ei underliggjande form (*production*) *tubing* som ville generera eit regelvisst motivert omsetjingslån. Termen *casing* kan vera anten generisk for ulike typar foringsrør eller elliptisk for *production casing*, ein av fleire typar foringsrør med ulik funksjon (jf. *Schlumberger*). I motsett ende av skalaen har vi det uvanlege at ellipsen verkar i norsk og gjer den norske termen sterkast metaforisk: *elevator bails* > *skjæker* er ein slags "suspendert" ellipse i engelsk, etter mønster av *drill bit* skulle *elevator* ha vore elidert, altså **bails* > *skjæker*.

Mistanken om at ellipse er ein verksam faktor, får næring dersom vi ser nærare på gruppa morfologisk ekspansjon, uavhengig av metaforgruppa. Det er ikkje tvil om at mange i denne gruppa framstår som (typologisk) simplekse nettopp fordi leksikalske stammar (røter eller rot+affiks) er eliderte. Det vil føra for langt å gje ein utførleg analyse av dette, men dei eksempla på morfologisk ekspansjon som er viste i oversyn 25, gjev ein god peikepinn på at fenomenet kan vera vanleg. Dersom det verkeleg er eliderte ledd i underliggjande engelske kjeldetermar, vil dette seia at mykje av den auka kompleksiteten i norsk eigentleg vert utlikna. Engelske kjelder er fulle av nærsynonymi og er ikkje stabile. I Boring/NOT kan ufullstendig ytre form på termar såleis vera refleksar av eit underliggjande tekstmateriale, det same kan vera tilfellet med Materialet (dvs. *Oljeordliste*), men mindre synleg. Ellipse er derfor svært ofte ein rimeleg hypotese, men let seg ikkje alltid dokumentera sikkert.

OVERSYN 25. Morfologisk ekspansjon med grunnlag i ellipse. Parentes
UTDRAG markerer rekonstruert ellipse, udokumenterte eksempel er
 markerte med *, kodane 1 > 2 osv. følgjer same prinsipp som i
 oversyn 24. NB: Fullversjon i vedlegg 1.

<i>skimm+er > skumm+er</i>	1 > 1	(*oil) <i>skimmer</i> , jf. <i>olje+opp+tak+er</i>
<i>basket > heis+kurv</i>	1 > 2	(*hoisting) <i>basket</i>
<i>choke > strupe+ventil</i>	1 > 2	<i>choke</i> (*valve?)
<i>core > kjerne+prøve</i>	1 > 2	<i>core</i> (sample)
<i>cor+ing > kjerne+bor+ing</i>	1 > 2	<i>core</i> (drill)ing
<i>crack+ing > molekyl+spalt+ing</i>	1 > 2	(*molecule) <i>cracking</i>
<i>derrick > bore+tårn</i>	1 > 2	(drilling) <i>derrick</i>
<i>kelly > driv+rør</i>	1 > 2	(rotary) <i>kelly</i> , jf. <i>rotasjons+rør</i>
<i>kick > brønn+spark</i>	1 > 2	(well) <i>kick</i>

I svært mange av dei sentrale engelske komplekse kjeldeterminane viser det seg likevel, som vi kan sjå, at etterleddet har slite seg laus og etablert seg som generisk form. Er etterleddet opphavleg metaforisk og samansetninga eller frasen ein halv-metafor, vert resultatet då ein fullmetafor, og det er denne fullmetaforen som er det konkurrerande alternativet ved innlån når den språklege forma elles ikkje er altfor vanskeleg å integrera i norsk, jf. *skimming*, *skrubbing*, *kelly*, *derrick*. Desse er relativt enkle, og vert truleg ikkje opplevde som komposisjonelle eller komplekse uttrykk i ein låneprosess. Det norske omsetjingslånet er dermed i mange tilfelle ein rekonstruksjon av den underliggjande modellen, anten denne har gått omvegen om omgrepet (ofte sannsynleg) eller direkte mellom formsidene (teikn-til-teikn-motivasjon). Resultatet er det same: Den engelske ekvivalenten *framstår* som den 'kortaste' og mest 'hendige', og i mange tilfelle ville det vera strukturelt relativt enkelt å ta han inn i direkte eller minimumstilpassa form, som *kelly*, **kikk*, *skrubber*, *bit*, *casing*, *tubing*. På tilsvarande vis same kunne ikkje-metaforiske eksempel som *driller* og *mud* lett la seg låna inn i engelsk form (via autentisk bruk som kodeskifte, norsk *driller* i så fall med tonem 1), men her er dei (morfo)semantiske samsvara med norsk *borer* og *slam* så opplagde at lån kanskje ikkje er oplevd som naturleg. Strukturelt sett kan det på tilsvarande måte vera større motstand mot *roustabout* og *roughneck* truleg fordi desse *framstår* som komplekse eller komposisjonelle: Alternativa er då anten omsetjing ledd for ledd, eller, dersom dette ikkje er semantisk akseptabelt (jf. **rå+tass*), substitusjon gjennom morfologisk omgrepsmotivasjon.

4.4.6 *Lange kommunikat – lengste ord*

Om vi legg til grunn at høgt informasjonsinnhald genererer lange uttrykk, kan vi kanskje få eit betre inntrykk av faktoren kompleksitet ved å sjå på dei lengste eittordstermane, det vil seia dei termene der informasjonen er pressa saman innanfor ordgrenser. Tabell 9 viser dei ti lengste termene i Materialet målte etter talet på bokstavar, sorterte fallande etter stavingdifferanse mellom engelsk og norsk:⁶⁵

Tabell 9. Dei ti lengste eittordstermane i Materialet, målte i bokstavar og stavingar. (SMS = samansetning, TLM = talet på leksikalske morfem, inklusiv partiklar/adverb, men eksklusiv affiks, TB = talet på bokstavar, TST = talet på stavingar, DIFF = differanse: auka stavingstal engelsk > norsk)

Lengste term (i bokstavar)	Type	TLM	TB	TST	Engelsk	TLM	TST	DIFF
<i>adsorpsjonsolje-opptaker</i>	SMS	4	23	8	<i>adsorption skimmer</i>	2	5	3
<i>væskestrøms-registrering</i>	SMS	3	23	7	<i>spinner survey</i>	2	4	3
<i>adhesjons-oljeopptaker</i>	SMS	4	21	8	<i>adhesion skimmer</i>	2	5	3
<i>undersøkjings-tillatelse</i>	SMS	3	22	8	<i>reconnaissance licence, exploration licence</i>	2, 2	6, 6	2
<i>avbrennings-plattform</i>	SMS	3	20	5	<i>flare platform</i>	2	3	2
<i>monteringsplattform</i>	SMS	2	19	5	<i>stabbing board</i>	2	3	2
<i>rørlednings-forankring</i>	SMS	3	21	6	<i>pipeline anchoring</i>	3	5	1
<i>undergrunns-utblåsning</i>	SMS	4	21	6	<i>underground blowout</i>	4	5	1
<i>produksjons-plattform</i>	SMS	2	20	5	<i>production platform</i>	2	5	0
<i>kompressor-plattform</i>	SMS	2	19	5	<i>compressor platform</i>	2	5	0

⁶⁵ Takk til Sandra Halverson, IF/UiB, for 'native' kontroll av stavingstalet i dei engelske ekvivalentane.

Dei engelske ekvivalentane ligg akkurat i ytterkanten av Bauers 'ideelle norm', berre to ligg utanfor. Med tillegg av eitt bøyingsaffiks og dermed éi ekstra staving vil alle dei norske liggja utanfor. Etter stavingstal er det *væskestrømsregistering*, *undersøkingstillatelse*, *adhesjonsoljeopptaker* og *adsorpsjonsoljeopptaker* som ligg lengst utanfor, og som altså best svarer til det faglege korrelatet for 'klumpete'. Om vi ser bort frå det arbitrære skiljet analytisk/syntetisk mellom engelsk og norsk, kan vi slå fast at det er full motivasjonell identitet (motivlengd) mellom fem av ti termar – *kompressorplattform*, *produksjonsplattform*, *undergrunnsutblåsing*, *rørledningsforankring*, *undersøkingstillatelse* – og deira engelske motsvar. Desse har lik, toledda IC-struktur på begge språk, men termelementa i *undergrunns+utblåsing* og *rørlednings+forankring* er isolert sett meir morfologisk komplekse på grunn av avleiingsaffiks. Reknar vi partikkelen *ut-* som leksikalsk morfem, er *undergrunnsutblåsing* mogeleg å definera som fireledda samansetning, altså utanfor Wellanders ideelle norm (jf. ovanfor, avsnitt 4.2.7). To av dei tre termene med størst stavingsekspanjon, *adhesjons+olje+opp+tak+er* og *adsorpsjons+olje+opp+tak+er*, kan analyserast som fireledda. Som heiltermar har dei lik motivlengd som dei engelske, men den generiske termen *olje+opp+tak+er* vs. engelsk *skimm+er* har det ikkje. Det er denne ekspanjonen på generisk nivå som forklarar auken i kompleksitet, og dette understrekar på ny at dei mest relevante kontrastane må analyserast på dette nivået.

4.4.7 Lange kommunikat – frasar

For å få ein tilleggsindikasjon, er dei lengste fleirordstermane i Materialet sorterte ut etter same kriterium som dei lengste samansette orda. Jamføringa er haltande, fordi kriteriet var "stavingar pr. hovudtrykk", og kvart ledd i ein frase vil som regel ha sitt eige hovudtrykk. Jamføringa er altså ikkje fullt ut påliteleg, men er teken med som supplement. I denne typen òg er likskapen i motivasjon og motivasjonslengd stor mellom ekvivalentane. Det finst likevel ekstremutslag, og den pragmatisk faktoren ellipse spelar ei stor rolle, sjå til dømes *oljebrønn* < "(oil) well" i *flowing well*. Det går heller ikkje an å forklara auken på åtte stavingar i *offshore* > (*petroleumsindustri*) *til havs* med anna enn eit elidert engelsk ledd, "offshore industry", rekonstruert i den sjeldant nytta norske varianten *havindustri*, og parenteser rundt (*petroleumsindustri*) i den norske frasen speglar ein intensjon om å nå fram til ein norsk ekvivalent som er like kort og hendig som kjeldespråkstermen.

I dei tre engelske termene for plattformtypar, *jackup*, *submersible* og *semi-submersible*, er ellipsen markert med parentesar, og dei tre adjektiviske modifi-

katorane fungerer substantivert i heiltermfunksjon. Det avspeglar ein reell bruk (som kan dokumenterast til dømes i *Schlumberger*) og dermed eit terminologisk system som er prøvd rekonstruert i norsk. Som vi har sett i kapittel 3 (avsnitt 3.2.8.1), har ein ved trunkering prøvd å kompensera for den engelske ellipsen, med resultat (i Materialet) som *oppjekkplattform*, *senkplattform* og *halvsenkplattform*. Denne trunkeringa har danna mønster for *strekstagplattform* av *plattform med strekkforankring*, som ikkje finst i Materialet, men som kan dokumenterast i bruk (80 treff på Google). Dokumenterast i bruk kan òg *senkplattform* (3 treff på Google), *oppjekkplattform* (1 treff) og *halvsenk* (1 treff), men dei fulle norske variantane med *oppjekkbar* (3110), og (halvt) *nedsenkbar* (12900) dominerer likevel stort.

Grammatisk sett er det lite som hindrar norsk i å substantivera bruken som på engelsk, altså "ein **oppjekk*, ein **halvsenk*", men slik bruk er ikkje dokumentert. Med løysingar av typen *oppjekkplattform* (4 stavingar), *halvsenkplattform* (4) og *senkplattform* (3) har ein komme ned på Bauers 'ideelle norm'. Desse løysingane kan likevel ikkje gje grunnlag for store typologiske generaliseringar, dei er uttrykk for intensjonell styring og nærmar seg nesten ein type 'lærd' orddanning på norsk. Med mange nok døme av typen *flowing > selvproduserende (flowing well)* kunne vi nok ha generalisert på ordformnivå, "2 stavingar ekspandert til 6", men då i ein allmennspråkleg samanheng som ville krevja ein annan type metodisk tilnærming.

Tabell 10. Dei 14 lengste fleirordstermane i Materialet, målte i bokstavar og stavingar. Teiknforklaringar, sjå tabell 9.

Lengste term (i bokstavar)	Type	TLM	TB	TST	Engelsk	TLM	TST	DIFF
(<i>petroleumsindustri til havs</i>)	F/PN P	3	25	10 (2)	<i>offshore</i>	2	2	8 (0)
<i>selvproduserende oljebrønn</i>	F	4	25	9	<i>flowing well</i>	2	3	6
<i>oppjekkbar plattform</i>	F	3	19	5	<i>jackup (drilling platform)</i>	2 (4)	2 (6)	3 (-1)
<i>nedsenkbar plattform</i>	F	2	19	5	<i>submersible (drilling platform)</i>	1 (3)	3 (7)	2 (-2)
<i>plattform med strekkforankring</i>	F/PN P	4	28	7	<i>tensionleg platform</i>	3	5	2
<i>kontrollert avviksboring</i>	F	4	23	7	<i>deviated drilling, directional drilling</i>	2, 2	5, 5	2

<i>dynamisk posisjonering</i>	F	2	21	8	<i>dynamic postioning</i>	2	7	1
<i>ikke-destruktiv prøving</i>	F	3	21	7	<i>non-destructive testing</i>	3	6	1
<i>strekkeforankret plattform</i>	F	3	24	6	<i>tensionleg platform</i>	3	5	1
<i>halvt nedsenkbar plattform</i>	F	4	24	6	<i>semisubmersible (drilling platform)</i>	1 (3)	6 (10)	0 (4)
<i>nedre eksplosjonsgrense</i>	F	3	22	7	<i>lower explosion limit</i>	3	7	0
<i>kondensert naturgass</i>	F	3	19	6	<i>liquefied natural gas</i>	3	6	0
<i>forskuddsfri partsrett</i>	F	4	21	5	<i>carried interest</i>	2	5	0
<i>assisterende boresjef</i>	F	3	20	8	<i>drilling section leader assistant</i>	4	9	-1

4.4.8 Lange kommunikat – frasar av typen PNP

Eli Ellingsve skriv om motivasjon i samband med oljeterminologien at

A disadvantage of motivated terms is illustrated by the example **klokopling for høy hastighet** [= *high jaw clutch*]. The wish for transparency often leads to the growth of complex compositions. Paradoxically enough, this may prevent rational communication instead of advancing it. (Ellingsve 1989: 6)

Dette er motivasjon i form av PNP på grunnlag av eit morfosemantisk tilnærma ekvivalent førelegg i form av ein kompleks, premodifisert substantivfrase. I Materialet er det to døme på substantivfrasar med preposisjonsfrasar som modifierande ledd, såkalla ”PNP”-ar, sjå Myking (1987). Vi aksepterer då parentes-tillegget som del av heiltermen i (*petroleumsindustri*) *til havs*, i tillegg kjem altså *plattform med strekkstagforankring*. Som vist i tabell 2, har Materialet berre 7,7 % eller 36 eksemplar av frasar, og typen PNP utgjer altså berre 2 av 36, det vil seia 0,4 % av totalmengda på 468. I Boring/NOT er biletet noko annleis: 287 PNP-ar av eit materiale på 1825 termar, eller 15,7 %. Distribusjonen av typen PNP utgjer den viktigaste skilnaden i morfologisk profil mellom dei to materialgruppene. Utvalet hjå Myking (1987) er noko annleis, men tendensane er like. Det er likevel på sin plass

med ei kort drøfting av typen, særleg i lys av diskusjonen om ”ekstreme eksempel” på samansetningar og tysk som syntetisk førebilete.

Premodifikasjon i engelske kjeldeterminar for denne typen har vore omfattande diskutert: Varantola 1984 og Sager 1979 for engelsk, for fransk Kocourek (1991: 135 ff) om ’lexicalisation’. I den reviderte motivasjonsmodellen i kapittel 3, jf. figur 23, har ikkje syntaktisk motivasjon fått nokon eigen plass, men er rekna som ei undergruppe av morfologisk motivasjon på grunn av at basisen er morfemkombinasjon. Skilnaden mellom frase og samansetning er dels arbitrær, dels motivert ut frå informasjonsmengda (jf. *halvt nedsenkbar* > *halvsenk-*). Ein term vert ikkje meir motivert di lengre han er, når det er kommunikatet som er årsaka. Dømet som Ellingsve (1989) nyttar, kan illustrera motivasjon på norsk som ein type informasjonsauke eller ei kommunikativ ”forbetring” jamført med engelsk. Den norske frasen må analyserast som eit nokså regelvisst omsetjingslån med ekvivalent motivasjon, men likevel med elidert engelsk ledd, *high (speed) jaw clutch*. Lange premodifiserte frasar på engelsk (eller fransk) kan vera vanskelege å tolka, men korrekt tolking er nødvendig i terminologisk tilrettelegging, fordi dette styrer valet av fugeformativ: s-fuge, ingen fuge eller preposisjon. Typen PNP har altså ein viktig typologisk eigenskap gjennom bruken av preposisjon som fugeformativ på overflatenivået. Slik sett har ein typologisk eigenskap innverknad på kva type ordformer som vert genererte. Det er ikkje like lett å sjå at denne typologiske eigenskapen har følgjer for det ’onomasiologiske’ nivået, altså utvalet av morfosemantiske komponentar. Dermed er det ikkje like opplagt at typologien verkar inn på motiveringa av heiltermen (ellipse kan sjølvstøtt påverka dette), i alle fall ikkje til full støtte for Szöllösys implikasjon (sjå kapittel 2, avsnitt 2.2.2) om at engelsk termdanning er ”svakare integrert” i strukturen enn termdanning i meir morfologirike språk.

Typen PNP gjer det i særleg grad mogeleg å fortetta store kommunikat (informasjonsmengder) innanfor grensene av éin leksikalsk heilskap, sjølv om den interne kohesjonen kan vera diskutabel og det ikkje er sikkert at ein terminologisk analyse ville ha gjeve kommunikatet status av ’omgrep’. Diskusjonen om frasar og grensene mellom fleirordstermar og fraseologismar er så omfattande i leksikografisk og terminologisk faglitteratur at vi ikkje kan gå inn på den. Vi avgrensar oss til nokre moment som gjeld tilhøvet mellom motivasjon, typologi og funksjonalitet. Konstruksjonen PNP gjer det mogeleg med lange termar.

Den indre kohesjonen verkar laus i mange av desse frasane. For dei to første ville elliptiske variantar som **kronevektviser* og **slamoverføringspumpe* vera naturlege

dersom tilnærminga var uttrykkssentrert (i strid med terminologisk praksis) eller som følge av normal nedsliting (slik det ofte skjer i kjeldespråket). Det interessante spørsmålet her er kvifor PNP er så frekvent i Boring/NOT og så lågfrekvent i Materialet. Svaret på det kan ikkje vera annleis enn det som galdt variantane *vaktbu* vs. *bakrom til borerhytte* (< *doghouse*, sjå avsnitt 4.3.4.2 ovanfor):

Dei ti lengste går fram av oversyn 26. Desse termene er sterkare kontekstuelte bundne til éitt univers eller éin referent, den spesifikke plattformen som tekstmaterialet bak terminologien er knytt til. Skilnaden i frekvens er at Materialet har eit meir generisk preg enn Boring/NOT, og dermed større preg av kortare uttrykk (sjølv om dette ikkje er granska systematisk på ordnivå her). Skilnadene mellom materialgruppene må derfor forklarast pragmatisk. Det er svært få PNP-ar som kan tilordnast omgrep på livsform- eller basisnivåa (jf. avsnitt 4.2.4), dei er derimot ”spesifiseringar av spesifiseringar” og meir namn på einskildreferentar enn på klassar av referentar, ofte med partitiv struktur: *innløpsmanifold for slamoverføringspumpe*, der *for* representerer tydinga ”som høyrer til”. Konstruksjonen er den same som ein ofte ventar å finna i definisjonar, og dette er med på å understreka den litt lause termkarakteren. Jf. definisjonen av *spherical tank*, *sphere* > *kuletank*, ”Lagringstank for gass under trykk”.

OVERSYN 26. Dei ti lengste termene av typen PNP, Boring/NOT

<i>fininnstillingsviser for vekt på borekronen</i>	<i>bit weight pointer</i>
<i>innløpsmanifold for slamoverføringspumpe</i>	<i>mud transfer manifold</i>
<i>kompletteringssystem for havbunnsproduksjon</i>	<i>subsea completion system</i>
<i>målt dybde fra drivrørsforing på rotasjonsbord</i>	<i>rotary kelly bushing measured depth</i>
<i>overføringspumpe for flytende tilsetningsstoff</i>	<i>liquid additive transfer pump</i>
<i>reparasjonsstykke av pakningstypen for foringsrør</i>	<i>packer type casing patch</i>
<i>reparasjonsstykke av pakningstypen for produksjonsrør</i>	<i>packer type tubing patch</i>
<i>reparasjonsstykke med blypakning for foringsrør</i>	<i>lead seal casing patch</i>
<i>sann vertikal dybde fra drivrørsforing på rotasjonsbord</i>	<i>rotary kelly bushing true vertical depth</i>

*vanninjeksjonsbrønn for
havbunnsproduksjon*

subsea water injection well

Distribusjonen av preposisjon viser at det er *for* som dominerer, brukt i til saman 184 ulike termar, i 180 tilfelle som einaste preposisjon. Dei minst frekvente preposisjonane har eit leksikalsk innhald som svarer til det dei vanlegvis har, medan dei tre mest høgfekvente har ein meir kompleks semantikk. Når ein vel preposisjon, må denne vera adekvat. Preposisjonar har både leksikalsk innhald og grammatisk funksjon, og avvik mellom omgrepssinnhaldet og det leksikalske innhaldet i preposisjonen resulterer i feilmotivering. Preposisjonen *for* er minst deskriptiv eintydig, og dermed best i stand til å representera fugefunksjonen. I nokre tilfelle vil likevel til dømes ein benefaktiv funksjon fungera villeiande: I *løftesylander for klo* < *claw lifting cylinder* er det neppe snakk om ”relasjon” eller ”funksjon”, men ”type”, altså **løftesylander av klotypen* (jf. elles Myking 1987).

Tabell 11. Distribusjonen av preposisjonar i termtypen PNP

Preposisjon	Tal	Typisk funksjon	Døme
<i>for</i>	184	”relasjon”, allmenn fuge	<i>slisse for drivrørshylse, slisse for lavtrykksstigerør, slisse for rørsklie</i>
<i>med</i>	30	1) ”utstyrt med” 2) ”instrument”	<i>vekrør med løfteprofil</i> <i>komplettering med produksjonspakning</i>
<i>av</i>	22	1) ”type” 2) objektmarkør	<i>pluggsett av fortrengningstype</i> <i>beregning av brønnspar</i>
<i>i</i>	17		<i>sementplugg i brønnehode</i>
<i>på</i>	16	lokalitet, retning,	<i>produksjonsbrønn på havbunn</i>
<i>til, fra</i>	5	plassering, tid	
<i>per, under</i>	4	og liknande	<i>måling under boring</i>
<i>mot</i>	2		
<i>gjennom, over, ved</i>	1		

Som motiverande verkemiddel har altså preposisjonsfuge ein klår innverknad på presisjonsgraden i termen, og står på denne måten i teneste for Grice sin måtesmaksime. Preposisjonen styrer tolkinga og aukar tolkingsevna, og ein kan godt kalla opposisjonen mellom preposisjon og null-fuge i slike frasar for eit typologisk

fenomen. Men det er storleiken på kommunikatet som driv opp uttrykkslengda, altså er sjøve lengda ein pragmatisk faktor, ikkje ein typologisk.

4.4.9 Ein merknad om funksjonsmotivering

Det finst mange typologiar over motiverande kjenneteikn. Eg har i denne framstillinga brukt den enkle formelen ”form” vs. ”funksjon”, men i terminologilitteraturen er inndelingane noko meir sofistikert. Wüster (1985: 14 f) skil mellom ”Eigenmerkmale (inhärente Merkmale)” og ”Beziehungsmerkmalen (Relationsmerkmale)”, den siste kategorien delt i ”Anwendungsmerkmale” og ”Herkunftsmerkmale”. To av dei viktigaste internasjonale standardane (ISO/CD 1087-1 (1995) og DIN 2330 (1993) differensierer slik (her sitert etter Arntz m.fl. 2002: 55 ff):

DIN2330 (1993)		ISO/CD 1087-1 (1995)	
Beschaffenheitsmerkmale	Relationsmerkmale	Intrinsic	Extrinsic
<i>Form</i> (eckig, rund, konisch)	<i>Herkunftsmerkmale</i> (Erfinder, Hersteller, Herkunftsort)	<i>shape</i>	<i>purpose</i>
<i>Abmessung</i> (Länge, Breite, Durchmesser)	<i>Gebrauchsmerkmale</i> (leicht handhabbar, transportfähig)	<i>size</i>	<i>function</i>
<i>Farbe</i> (rot, grün, blau)	<i>Vergleichsmerkmale</i> (größer, kleiner)	<i>material</i>	<i>location</i>
<i>Härte</i> (wachsweich, diamanthart)	<i>Bewertungsmerkmale</i> (billig, ausreichend)	<i>colour</i>	
<i>Lage</i> (schwebend hängend, stehend)			
<i>Zeit</i> (Herstellungsdatum, Verfallsdatum)			

Figur 30. Typar av motiverande kjenneteikn ifølgje DIN 2330 og ISO/CD 1087-1, oppstilte etter Arntz m.fl. 2002: 55–56.

Slike typologiar er mynta på praktisk terminologi- og standardiseringsarbeid, og det er stor grad av samanfall mellom dei. Ofte er kravet at ”Relations-

merkmale”/”extrinsic characteristics” skal setjast inn som førsteledd i determinative komposita for å oppnå ein optimal motivasjon. Som vist i kapittel 2 gjeld dette kriteriet hovudsakleg i generiske omgrepssystem, men vi legg òg til grunn at det kan gjelda på generisk toppnivå som kontrast til mindre motiverte løysingar, til dømes metaforiske heiltermar. Heilmetaforar av typen *rottehull* og *fisk* realiserer kjenneteikn av typen form pr. definisjon, og metonym av typen *kelly* (med atterhald om etymologien) realiserer opphav. I standardiseringsssamanheng er slike kjenneteikn ofte rekna som ’mindre vesentlege’, og det har som vi har sett i kapittel 2, av og til vore hevda at eponym og metaforar er mindre tenlege løysingar.

Den konteksten Materialet står i, er ingen streng standardiseringskontekst, og slike krav må altså ha vore tillempa meir liberalt. Dikotomien *form/funksjon* kan altså ikkje setjast lik dikotomien *metaforisk/morfologisk*, som var utgangspunktet for diskusjonen – ein kan ikkje generalisera frå standardisering til språktypologi. I Kocoures modell (figur 11) er valet av kjenneteikntype (”caractères ’inhérents’ vs. ’relationels’”) ein undertype av semantisk motivasjon, men likevel i stor grad underordna den metaforiske, fordi ibuande kjenneteikn av til dømes typen ’form’ godt kan realiserast morfologisk, slik det skjer i førsteledd i samansette termar med determinerande struktur: *blind ram* > *blindventil*, *breathing valve* > *pusteventil*, *dead well* > *død brønn*, *kill valve* > *drepeventil*. Analysane i dette kapittelet skulle ha vist dette tydeleg nok.

Denne typen semantisk motivasjon kan vanskeleg brukast til å kvalifisera nokon typologisk hypotese, slik funksjonsmotivering er språknøytral når det gjeld motivasjonelt potensial. Vi må leggja til grunn at valet av kjenneteikn er onomasiologisk styrt, og dette gjeld òg tilfelle som ikkje kan kallast metaforiske: I *spherical tank*, *sphere* > *kuletank* (”Lagringstank for gass under trykk”) er kjenneteiknet ’kuleforma’ ekvivalent for begge språka, men ikkje representert i definisjonen. Vil ein hevda at termane dermed er ’uheldig’ motiverte, så er dette ikkje lenger eit språkvitskapleg spørsmål. Det same gjeld overgangen frå heil- til halvmetafor i eit tilfelle som *jacket* > *stålfot*, rett nok i konkurranse med funksjon: *jacket* > *plattformfot*, altså opposisjon mellom kjenneteikna ’materiale’ og ’del av’. Halvmetaforar står i ei mellomstilling mellom semantisk og typisk morfologisk motivasjon fordi dei slepper fram definitoriske kjenneteikn som aukar informativiteten, men desse kjenneteikna er av ulik type: ’funksjon’/’verkemåte’: *fish* > *slepefisk*, ’konstruksjon’: *juletre* > *ventiltre*, eller rett og slett ’materiale’, som *jacket* > *stålfot*.

Den typiske halvmetaforen set altså det motiverande kjenneteiknet inn som førsteledd i vanleg determinativ samansetjing, og gjer det derfor mogeleg for etterleddet å slita seg laus og fungera generisk (*ventiltre, tre/trær* pl. kan registrerast). Etterledds-motivering har vi ikkje eksplisitt fokusert like sterkt på, men motivasjonen i etterleddet har òg med funksjon å gjera. Samansetningar har høg fleksibilitet, alle relasjonar er prinsipielt mogelege. Mange avleiingar har like stort potensial, men er meir økonomiske. Her kan vi dra inn dei ulike konstruksjonane med suffiks av typen agentiv/instrument, som vi har sett på i kapittel 3, avsnitt 3.1.6.3. Desse realiserer 'funksjon' like mykje pr. definisjon som heilmetaforane pr. definisjon realiserer 'form', men er i prinsippet (meir) språknøytrale.

OVERSYN 27. Funksjonsmotivering på grammatisk grunnlag, agentiv/instrument

<i>rigger</i>	<i>roustabout</i>	metaforisk > funksjon
<i>forskummer</i>	<i>preskimmer</i>	kognatisk
<i>avgasser</i>	<i>degasser</i>	morfologisk ekvivalent, <i>de</i> > <i>av</i>
<i>avsalter</i>	<i>desalter</i>	morfologisk ekvivalent, <i>de</i> > <i>av</i>
<i>separator</i>	<i>separator</i>	morfologisk identitet
<i>hemmer</i>	<i>inhibitor</i>	morfologisk identitet, romansk
<i>inhibitor</i>	<i>inhibitor</i>	morfologisk identitet, romansk
<i>skrubber</i>	<i>scrubber</i>	morfologisk kognatisk
<i>skummer</i>	<i>skimmer</i>	morfologisk kognatisk
<i>borer</i>	<i>driller</i>	morfosemantisk ekvivalent
<i>skraper</i>	<i>scraping pig</i>	semantisk forkorting, elles identisk motivert

Om vi ser på det motiverande draget, så er det berre *rigger* som passar med avmetaforiseringshypotesen, fordi utgangspunktet er ein fullmetaforisk heilterm (jf. òg *roughneck* > *boredekkarbeider*). Elles er det oftast identisk motivasjon, suffikset *+er* realiserer /INSTRUMENT/ via semantisk forkorting.

Motiveringa av etterledd har altså òg ein semantikk som kan analyserast ut frå kontrasten form/funksjon, jf. etterledd som *spyd, hals, fisk, slede*, som vi har sett på i analysane ovanfor. Semantikken i etterleddet må passa med dei referentklassane som skal ha namn, og dette er like viktig som førsteleddsmotivasjonen for å oppnå ein termmotivasjon som er optimal totalt sett. Når eg ikkje går meir inn på dette aspektet, er det fordi oversynet ovanfor klårt viser at det ikkje er grunnlag for nokon kontrastiv typologisk hypotese om dette: Norsk demonstrerer det same metaforiske potensialet i

etterleddsmotivasjon som kjeldespråket engelsk, og det er i den sammenhengen av mindre interesse at dette kan skuldast teikn-til-teikn-motivasjon.

4.5 Oppsummering

4.5.1 *Kor langt når desse resultatata?*

Analysen ovanfor har kanskje like mykje vore ein diskusjon om metaforikk i teknisk fagspråk reint generelt som om oljedomenet spesifikt. At eit nytt fagleg domene gjennom domeneoppdyrking får tilsig av ressursar frå nærskyldte teknolektar, er naturleg, og det er ein prosess som dels går spontant, dels intensjonsstyrt gjennom terminologiarbeid. Oljedomenet er prega av tilsig både frå maritimt fagspråk og frå landbasert nærskyld industri, og det ville krevja ein meir djuptgåande analyse og meir bruk av etymologisk metode å avgjera kvar grensene mellom det oljespesifikke og det meir allment tekniske går. Analysen har gjort eit forsøk på å isolera det som er genuint for oljedomenet, og vi enda altså med eit sett av 30 termpar, viste i oversyn 22 ovanfor. Desse termpara illusterer den primære kontrasten på eit maksimalt generisk heiltermnivå mellom 'svakt' motiverte løysingar i kjeldespråket og 'sterkt' motiverte løysingar i målspråket, i praksis morfologisk-semantiske ekvivalentar. Desse 30 termpara utgjer 6,4 % av Materialet, og på grunnlag av dette skal vi altså prøva å kvalifisera avmetaforiseringshypotesen og stilla opp eit vitskapleg korrelat til funksjonelle karakteristikkar av typen 'klumpete'.

I denne avhandlinga har vi sett på språklege uttrykk, altså lingvistiske metaforar, ikkje på omgrepsmetaforar eller 'kognitive' metaforar i lakoffsk mening. Det er ei velkjent innsikt, ikkje berre frå den kognitive språkvitskapen, at metaforar og metaforiske felt byggjer opp og strukturerer ei forståing av verda, på denne måten kan metaforar òg byggja opp og stadfesta mytar. Når det gjeld oljespråket, har det metaforiske preget, uttrykt gjennom den innleiande "tripletten", handla om det "fargerike" og "eksotiske" ved denne teknolekten. Med eit laust kognitivt resonnement kunne vi spørja kva for verdsbilete det så er som vert bygt opp av den metaforkrinsen på 30 engelske termar vi no har drøfta oss fram til. Det kunne kanskje illustrerast med ein eigenkonstruert litterær sekvens:

"Slåstkjemper (< roughnecks) som klatrar som apekattar (< derrick monkeys) i høge tårn og mellom juletre (< Christmas trees) der rørgatene berre er tilgjengelege for kattar (jf. catwalk), som lever kummerleg i barskt klima og berre har hundehus (< doghouses) å søkja ly i som alternativ til å sjå gjennom hol

i dekket at *månen speglar seg i sjøen* (jf. moonpool) medan dei kjempar mot naturen i form av *rotter* og *mus* (jf. rathole, mousehole) og ubereknelege brønner som klorer som *villkattar* (< wild cat wells) og trugar med *spark og slag* (jf. well kick) og derfor må *drepast* (< kill)”?)

6,4 % av eit korpus (eller 4,1 % om vi reduserer det til 20 termar, jf. ovanfor) er ikkje noko stort tilfang til å kvalifisera sterke hypotesar, sjølv om vi med ei statistisk tilnærming kanskje kunne ha påvist signifikante samanhengar. Sjølv utan slike pretensjonar viser framstillinga likevel at førestellinga om norsk avmetaforisering ikkje er heilt grunnlaus. Datasettet illustrerer det prinsipielle i Kageuras tilnærming: Den som berre leitar etter ”eksotiske” metaforar i oljespråket, kunne ha gjort datainnsamling i eit utval andre kjelder og ganske sikkert bygt opp ei samling som var mange gonger større, utan at dette kunne gjera krav på større representativitet. Ved å sjå på det mest ’markerte’ utvalet i lys av det ’komplette’ domenet kan vi lett konkludera med at den overordna tendensen peikar mot regulær, morfologisk basert termdanning ikkje berre i målspråket, men òg i kjeldespråket. Der kjeldespråket og den primære termdanninga byggjer på eit metaforisk potensial, har målspråket og den sekundære termdanninga ekvivalente metaforiske ressursar, men det er ikkje sikkert at desse vert ekvivalent utnytta. Den tendensen til avmetaforisering som kan sporast, er mindre synleg og danner sjølvsagt derfor den bakgrunnen som gjer at det eksotiske kan stillast i relieff.

Vi kan her dra ein parallell til det puristiske problemet med dansk-tyske lånord av typen ”anbeheitelse” i nynorsk, som har ei lang historie i norsk språkdebatt og språknormering. Analysar har vist at i autentiske tekstar utgjer dette ordstoffet ca. fem prosent av tekstmassen, det gjeld òg den ordlista som Materialet er henta frå.⁶⁶ Om fem prosent er lite eller mykje i statistisk meining, er mindre viktig her. Poenget er at vi ikkje på grunnlag av fem prosent i eit autentisk materiale kan avvisa at denne ordtypen utgjer eit sensitivt leksikalsk område i nynorsk, med ein pragmatisk og symbolsk status som langt overgår det kvantitativt smålåtne omfanget. Altså kan eit omfang på fire prosent av eit materiale frå domenet oljeterminologi òg visa seg å ha ein pragmatisk status som er større enn prosentane skulle tilseia. Oljeboring er realiteten er på mange måtar eit fagleg subdomene der brukarane utgjer eit tett miljø med sterk identitetsmarkering, derfor kanskje òg med større motstand mot språkleg endring (Rangnes 1997; Sæbøe 1996; Myking & Sæbøe 2002). Det er i denne faglege subkulturen at motstanden mot endring er størst, medan mange av dei meir regulære industrielle og administrative funksjonane er sterkare prega av gradvis tilpassing til regulært teknisk-administrativt norsk fagspråk. Det har aldri vore skilt skarpt mellom

⁶⁶ Disse utrekningane er gjorde i eit upublisert foredrag (Myking 2005c).

desse subdomena i praktisk terminologiarbeid, heller ikkje i denne analysen av Materialet, derfor må dei fire prosentane 'typisk' oljespråk tolkast og tillempast med varsemnd.

Kjernegruppa av avmetaforiseringar er som vi har sett ikkje samanfallande med gruppa av simpleks > kompleks, og heile mengda av engelske simplekstermar i denne kjernegruppa er ikkje med i det engelske tilfanget i oversyn 8 over norske simpleksuttrykk i Materialet. Ulike tilnærmingar gjev ulike resultat – til dømes er intuitivt interessante tilfelle som *tubing* > *produksjonsrør* ikkje med her, fordi *tubing* ikkje har vorte analysert som metaforisk. Det vi har fått ein sterk indikasjon på, er at dimensjonen simpleks > kompleks ikkje kan avvisast som irrelevant, for den speglar seg i mange underkategoriar av Materialet og er tydelegast og sterkast i tilfelle der engelske simpleksstammar er ekspanderte eller svarer til norske sterkare komplekse stammar, ikkje alltid metaforiske: *lagg+ing* > *isolasjons+materiale*, *sampl+ing* > *prøve+tak+ing*. Men dette heng truleg ofte saman med ulike former for underliggjande ellipse: (*drilling*) *bit* > *borkrone*, (*drilling*) *derrick* > *boretårn* (og (*production*) *tubing* > *produksjonsrør*).

Skal avmetaforiseringshypotesen kvalifiserast, må vi gå vegen om ei grovare spørsmålsstilling: ikkje typologisk, men pragmatisk, sidan både ellipse og ekspansjon først og fremst er styrt av kontekstuelle faktorar. I sekundær termdanning må vi rekna med at det ofte er eit stort behov for tydeleggjering, det å forankra eit nytt omgrep i den situasjonskonteksten det høyrer til, og dermed sikra korrekt forståing og korrekt bruk. Når ein kjenner konteksten, er leddet *brønn-* i (*brønn*)*spark* redundant. Slik sett er auka motivasjonslengd ei følgje av overføringsprosessen: Den "korrekte" norske ekvivalenten var på eit stadium *blow-out* > *ukontrollert utblåsing*, men nedslitingsprosessen er her institusjonalisert.⁶⁷ Desse jamføringane byggjer ofte på primær termdanning vs. sekundær, og det er eit asymmetrisk jamføringsgrunnlag som må føra til at typologiske generaliseringar ikkje kan vera sterke.

4.5.2 *Generaliserande og kulturnøytral tilnærming*

Mesteparten av terminologilitteraturen som dette arbeidet byggjer på, er som nemnt skriven på indoeuropeiske språk, for ikkje å seia germanske, og spesielt på engelsk og tysk i tillegg til skandinavisk. Det er derfor viktig å reservera seg mot den typen verdievaluering som Croft (ovanfor, avsnitt 4.2.2) peikar på som eit drag ved tidleg

⁶⁷ *Oljeordliste* kom ut fem år etter Bravo-katastrofen i 1977, der omgrepet "blowout" og motsvaret (*ukontrollert*) *utblåsing* vart allment kjende i norsk medie- og samfunnsliv.

språktypologisk forskning. Vi kan ikkje la vera å peika på at svært mykje av litteraturen har lagt sterk vekt på morfologisk motivasjon, til dømes på grunn av dei systembyggjande eigenskapane som denne motivasjonstypen har. Det er dette eg i ein artikkel (Myking 1997) har kalla ”the morphological bias”, med grunnlag i utsegner av typen Szöllösy (Myking 1989b, jf. avsnitt 2.2.2) og delar av tankegangen til Ullmann og Jespersen som er referert tidlegare i dette kapittelet. Hypotesen om motivasjonell balanse må reinsast for alle overtonar om at ei viss kodingsform – analytisk, syntetisk, isolerande, metaforisk osv. – er kulturelt ”superior”.

Sitat av typen Drozd og Seibicke ”die deutsche Sprache als synthetische Sprache” (1973: 129, dessutan TNC64, ovanfor 4.1.4) kunne jo tolkast som eit ’individualiserande’ syn på termdanning, at termdanning er ein funksjon av typologiske eigenskapar ved språket som ”Gesamtsprache”. Tendensen skal likevel ikkje gjerast større enn han er. Framstillinga legg ikkje til grunn at slike overtonar er vanlege eller sterke i terminologilitteraturen. Synspunktet er altså reint prinsipielt: Drøftinga ovanfor skulle visa klårt nok at ei gransking av terminologisk typologi ikkje kan ta eit sterkt individualiserande utgangspunkt, men må sjå på spesifikke, utvalde drag. Desse draga har å gjera med ordstruktur, ikkje det totale grammatiske systemet. I denne meininga er det altså tale om eit aspekt av morfologisk typologi. Vidare er det innanfor ordtilfanget terminologiske inventar som skal samanliknast, og då må typologiske variablar som analytisk/syntetisk og simpleks/kompleks i utgangspunktet analyserast isolert frå kvarandre.

Eit drag som analytisk/syntetisk fungerer ofte motivasjonelt nøytralt, dvs. utan kontrastiv verdi, i avgrensa kategoriar, f.eks. syntagme av typen adjektiv + substantiv eller substantiv + substantiv der dei morfosemantiske elementa er kognatiske eller semantisk ekvivalente på annan måte. Det er eit allment språktypologisk drag ved engelsk at mange komplekse NP-ar er analytisk bygde, men at det ikkje er lett å gje eintydige kriterium for når dei skal reknast som komposita i vanleg meining eller som frasar. At vi finn morfosemantiske ekvivalentpar med norsk kompositum og engelsk syntagme, har derfor lite med spesifikt terminologiske faktorar å gjera, til dømes norsk *sprinkleranlegg* vs. engelsk *sprinkler system*. Morfosemantisk og komposisjonelt er termane ekvivalente, og draget analytisk er eit allmennspråkleg drag som ikkje skiplar den morfosemantiske identiske bygnaden. Det kommunikativt viktige trekket i slike par er ikkje analytisk/syntetisk, men simpleks/kompleks.

4.5.3 *Funksjonelle konsekvensar av avmetaforiseringshypotesen*

Om ein slår heilterm- og deltermnivået saman, er det mange eksempel som styrkjer den overordna hypotesen, men på langt nær så mange at hypotesen kan sannsynleggjerast som ein typologisk parameter. Det er ein moderat versjon av Ullmanns idear (jf. avsnitt 2.2.2) som får støtte av funna frå dette kapittelet. Typologi bør først og fremst undersøkjast på allmennspråkleg nivå med store korpus og statistiske metodar, og utgangspunktet må vera ordformer, ikkje heiltermar. Det interessante er dermed ikkje kontrastiv analyse av norske vs. engelske ekvivalentar, men relasjonen mellom ein simpleks og ein kompleks variant i målspråket, der den simplekse er eit direkte eller minimumstilpassa lån.

Det er vanskeleg, kanskje umogeleg, å isolera handfaste lingvistiske fakta frå subjektive, psykologiske eller pragmatiske faktorar. Lingvistiske korrelat til 'klumpete' er kanskje mogelege å stilla opp eit stykke på veg, men psykolingvistisk og affektivt opererer ikkje språkbrukaren rasjonelt, og relasjonen mellom termval opererer oftast på kvar dublett for seg, på eit mikroplan. Det er ikkje hjelp i å stilla opp korrelat på makronivå dersom haldninga til terminologiar vert generaliserte (på 'ufagleg' grunnlag) frå mikro- til makronivået, slik at eitt uheldig døme påverkar aksepten av heile terminologisetet.

Det er altså umogeleg å skilja opplevinga av 'klumpete' distinkt frå andre psykologiske, semantiske eller kognitive faktorar som påverkar haldningane til termar (eller avløyningar reint allment). Dette er i mangt og mykje eit 'holistisk' fenomen.

4.5.4 *'Lengd' er eit relativt, relasjonelt og psykologisk omgrep*

Kriteriet ordlengd/termlengd er ikkje absolutt, men relativt. Ei generalisering kan vera: Når det finst alternativ, ta det kortaste. Finst det ingen alternativ, så er fem stavingar akseptabelt. Informanten i avsnitt 4.1.2 har alternativ, derfor den negative reaksjonen mot det lengste alternativet, som skal tolkast slik at han vil velja det kortaste. Og hans perspektiv er symmetrisk og avsendarorientert: "Jeg trenger ikke noen forklaring." Det treng altså ikkje vera slik at alternativet *rørkoplingshylse* er 'objektivt' for langt berre fordi det er lengre enn *musehull*.

Storleiken på 'kommunikatet', dvs. den mengda av fagleg informasjon som faktisk skal kodast, avgjer eit stykke på veg kor mykje språkleg materiale som må brukast.

Analytisk vs. syntetisk er ein faktor som påverkar overflateordninga av dei morfosemantiske elementa, men ikkje i like sterk grad utvalet av dei, som er klårare relatert til omgrepet (jf. Horeckýs 'onomatologiske' vs. 'onomasiologiske' nivå). Sidan vi har sett at både TNC64 og Vinje (2002) peikar på den fakultative variasjonen mellom samansetjing og frasedanning, så står det att berre éi forklaring på kvifor karakteristikkar som 'kompleks' og 'syntetisk' kan koplant til den folkelingvistiske kategorien 'klumpete': Det handlar minst like mykje om fonologi som om lesbarheit, for både i spontan kommunikasjon og i opplesing frå materialister osb. er termar i stor grad eit munnleg fenomen og ikkje berre eit skriftleg. Problemet er dermed ikkje først og fremst at termane 'ser' lange ut, problemet er at den mentale fonologien reagerer negativt. Samansetningar har éin trykktopp, og det finst ei grense ein eller annan stad for kor mykje trykksvakt materiale som kan realiserast under eitt hovudtrykk. Kvar den grensa går, er ikkje lett å avgjera presist.

Analysen viser at det i begge språka finst eit markant metaforisk innslag i termelement, særleg determinative og spesifiserande, men ingen sterk kontrastiv tendens. Dei viktigaste domena utgjer om ikkje eit kulturnøytralt, så i alle fall eit felles, erfaringsområde for omgrepsutvikling innanfor teknologi og handverk både innanfor engelsk og norsk. Domene som 'kropp' og 'dyr' er slike fellesdomene med gammalt og stort termdanningspotensial. Metaforikk som har felles fysiske referansevilkår overlever lett: *blindventil* < *blind valve*, *pusteventil* < *breathing valve*, men ikkje **gråteventil* < *weep valve*, endå det metaforiske potensialet i prinsippet skulle vera likt der òg.

Der metaforikken ikkje overlever, er det fordi den engelske ekvivalenten byggjer på ei konvensjonalisert teknisk varianttyding som ikkje er omgrepskvivalent med den norske morfosemantiske ekvivalenten. Vegen frå engelsk til norsk går ofte via konvensjonaliserte tekniske varianttydingar i engelsk, som ut frå overflateform vert mistolka tilbake til kjeldedomenet og dermed legg grunnlaget for mislukka metaforiseringar på norsk. Det er ofte "tom" motivasjon, jf. *spider* i *spiderdeck*, vs. *spider* – *holdeklave*, der det er norsk avmetaforisering fordi den engelske ellipsen er motivert ut frå form, eller *weep* > '*drain*' > no. *drenering*, der den engelske metaforikken er teknisk konvensjonalisert.

Ut frå dette kan vi ikkje seia at hypotesen om at norsk er metaforfattig, er styrkt eller (meir) sannsynleggjord når det gjeld norsk primær termdanning. Tvert om er det haldepunkt for at den store likskapen i fysiske og kulturelle referanserammer skaper eit morfosemantisk ekvivalent terminologiseringspotensial i dei to språka. Og i

sekundær termdanning ser vi mange eksempel på at desse kjelddomena er utnyttat metodisk og kreativt. Kompleksitet og lengd spelar likevel opplagt ei rolle mellom kjeldespråk og målspråk, og kan kanskje best forklarast pragmatisk, som ein funksjon av sekundær termdanning: På grunnlag av Haimans tese om tilhøvet mellom motivasjon og familiaritet (1985, sjå avsnitt 2.4, pkt. 8) kan ein jo rett og slett seia at produkt av primær termdanning i seg sjølv er 'korte' rett og slett fordi dei er utvikla saman med sjøve kunnskapen i eit miljø av 'likemenn', og såleis kodar 'kjend' kunnskap. Og tilsvarande er då produkt av sekundær termdanning 'lengre' fordi dei kodar 'ukjend' eller 'ny' kunnskap. Faktoren 'transfer' kunne på den måten seiast å utgjera ein språkekstern motivasjon som kunne supplerast Radden og Panthers oppstilling i figur 9.

For å oppnå maksimal typologisk validitet burde hypotesen ha vore basert på ei samanlikning av kunnskapsekvivalente, men autonomt utvikla vokabular. Ein føresetnad for det ville ha vore at eitt og same kunnskapsdomene hadde vakse fram på uavhengig grunnlag i to ulike språksamfunn samstundes, slik at transfer-faktoren kunne eliminerast. Denne føresetnaden er ikkje realistisk i sterk form, på grunn av den sterke statusen engelsk har som primært grunnlag for teknisk fagspråk. Vi er nøydde til å leva med at undersøkinga er asymmetrisk og basert på samanlikning av vokabular som det eine språket har levert (leverer) til det andre, men di viktigare er det då å unngå skeive generaliseringar.

Når typologiske skilnader kanskje ikkje er anna enn pragmatiske operasjonar i ytterkanten av leksikon, ser typologiske resonnement ut til å verta totalt underminerte. Det står likevel fast at opplevinga av lengd er ein psykologisk realitet som termdanninga må ta omsyn til. Innsikt i transfer-mekanismar kan forhindra at folkelingvistiske resonnement vert sementerte som reine fordommar: Kjeldespråket er ikkje per se overlegent målspråket i å danna funksjonelle termar.

5 AVSLUTNING

5.0 Kom vi noko nærare eit operativt omgrep?

Målet for denne avhandlinga, slik det er formulert i kapittel 1, er å gje ei teoretisk drøfting av statusen for motivasjon som termdanningsprinsipp i terminologisk teori, metode og praksis, og korleis vi kan sjå det nedfelt som prinsipp i eit spesifikt, komplett domene. Ei viktig presisering av temaet er at det gjeld motivasjon som *normativt* termdanningsprinsipp i såkalla *sekundær* termdanning, det vil seia i arbeid med overføring av terminologi mellom eit kjeldespråk og eit målspråk som følgje av fagleg kunnskapsoverføring. I avsnitt 1.2.3 karakteriserer eg motivasjon som både ei språkinternt verksam kraft og eit språkeksternt styringsprinsipp, og seier at det ville vera på sin plass å greia ut og identifisera den statusen det har i terminologien, i fire overordna aspekt:

a) Motivasjon frå onomasiologisk synsstad: Om termen er 'treffande' og gjev korrekt og utførleg informasjon om omgrepet og dermed om referenten. Dette aspektet er ikkje særleg utførleg drøfta i avhandlinga, og analysen har hovudsakleg avgrensa seg til relasjonen term–motivasjon–omgrep, altså til det systeminterne planet (jf. figur 2). Sjølv om 'treffande' termar ut frå gjengs oppfatning først og fremst er laga gjennom morfologisk-semantisk motivasjon, som er mest 'sakleg' og 'beskrivande', så kan ikkje eigenskapen 'treffande' vurderast fullnøyande berre ved å jamføra termen og definisjonen: Dette er ei kvalitetsvurdering som krev ekspertvurdering ('onomasiologisk kontroll'), og som heller ikkje kan utelata sjølve referenten frå vurderinga.

b) Motivasjon frå semiotisk synsstad: Kva er statusen for dikotomien motivasjon og arbitraritet, og kva for typar av motiverte teikn finst? Er terminologiske teikn av ein prinsipielt annan type enn andre språklege teikn? I kapittel 2 har eg gjennomgått ein del posisjonar og tradisjonar i terminologisk forskning i lys av dikotomien motivasjon vs. ikkje-motivasjon. Når nyare lingvistiske retningar i dag ser på arbitraritet som "the last resort" (jf. kapittel 2, Radden og Panther 2004), så samsvarer det nokså eintydig med ei lang linje i terminologien. I kapittel 3 har eg vore oppteken av å strekkja grensene for det motiverte. Men samstundes viser gjennomgåinga at motivasjon og arbitraritet ikkje kan sjåast som ein ekte dikotomi: Motivasjon som kommunikativ eigenskap i det terminologiske uttrykket er kompatibelt med arbitraritet i relasjonen mellom omgrep og uttrykk. Det ville samsvara med terminologisk praksis å sjå dette som to ulike og åtskilde motivasjonsomgrep.

c) Motivasjon frå lingvistisk synsstad, på tre nivå: semantisk, morfologisk og pragmatisk. Dei semantiske og pragmatiske aspekta ligg til grunn for gjennomgåinga i kapittel 3, der eg prøver å drøfta grensene mellom det motiverte og det ikkje-motiverte og identifisera dei mest verksame motiverte termdanningsmekanismane. Å sjå korleis desse mekanismane har nedfelt seg i domenet, har vist seg enkelt og lite overraskande på eit overordna plan: Morfologisk-semantisk motivasjon dominerer sterkt, reint kvantitativt. På det pragmatiske planet har eg i kapittel 4 sett på funksjonelle eigenskapar ved den sekundære termdanninga, til dels med folkelingvistisk utgangspunkt. Sekundær termdanning kan karakteriserast som 'lengre' og til ein viss grad 'avmetaforisert' samanlikna med primær termdanning. Tendensane er ikkje så kraftige at dei gjev grunnlag for sterke typologiske hypotesar. Det handlar meir om pragmatisk styrte prosessar i ytterkanten av leksikon, med økonomisk motivasjon i form av ellipse som det sentrale punktet.

d) Motivasjon frå preskriptiv synsstad: Kva er dei kommunikative og kulturelle fordelane ved 'gjennomsiktig' og 'transparent' terminologi? I det preskriptive motivasjonsomgrepet kan vi seia at dei tre første dimensjonane møtest. Som det innleiande sitatet frå *Rat für Deutschsprachige Terminologie* i seksjon 1.1 legg vekt på, skal motivasjon og transparens først og fremst stå til teneste for det vi kan kalla ei 'demokratisk' språkutvikling – eit ideal som òg står sterkt i Norden. Språklege kodingsstrategiar må altså tilpassast dette idealet.

5.1 Omgrepet 'motivasjon' er prototypisk, og typane kan rangerast

I dei fire nemnde punkta er særleg tre dikotomiar kopla saman: det kjende mot det ukjende, det heimlege mot det importerte, og det enkle mot det vanskeleg tilgjengelege. I kombinasjon med språklege kodingsmekanismar resulterer dette i eit preskriptivt motivasjonsomgrep som framleis er komplekst, og som derfor best kan forståast prototypisk:

- Di meir 'motivert' termdanninga er, di meir er ho realisert morfologisk-semantisk på grunnlag av heimleg og kjent materiale, og di enklare er produktet å forstå for ein vid krins av språkbrukarar. Det handlar altså om lett tilgang til kunnskap, men utover dette er grensene for 'motivert' orddanning både vide, vage og kontekstavhengige.

Fullt så enkelt som at gjennomsliktig orddanning skal sikra at 'alle' i språksamfunnet skal forstå 'alt', også mormor, slik Sigurður Jónsson (2007) skriv, er det altså ikkje. Trass i all kompleksiteten som ligg i omgrepet 'motivasjon', er det éin tendens som er viktig å halda fast ved: Motivasjonstypene er terminologisk produktive ('terminogene') i svært ulik grad, og kva type som er sterkast, kan variera frå teknolekt til teknolekt. Men dei mest terminogene ser likevel ut til å vera slike som viser sterkast grad av integrasjon med allmennspråket og med produktive prosessar reint allment:

- 1) Omgrepsmotivasjon – særleg gjennom morfologisk analyserbarheit.
- 2) Teikn-til-teikn-motivasjon – som ofte akkompagnerer eller samverkar med omgrepsmotivasjon.
- 3) Grafisk motivasjon – som òg samverkar med omgrepsmotivasjon, men som reint kvantitativt ikkje spelar så stor rolle som dei to andre typene.

Det er mogeleg å rangera den morfologisk-semantiske motivasjonen høgast, rett og slett fordi denne typen slepper mest semantisk informasjon fram i overflata, altså i uttrykket. Samstundes må avleiingar rangerast lågast under den typen, fordi eit avleiingssuffiks gjev lågare informativitetsgrad enn eit leksikalsk morfem. Samansetjing er dermed den mest sentrale termdanningsmekanismen, slik både eldre og nyare forskning har peika på. Dei minst terminogene motivasjonstypene skulle etter dette resonnementet vera slike som er svakast integrerte: fonetisk-fonologisk motivasjon og formmotivasjon. Dét er likevel ikkje eit heilt overtydande resonnement: Verken fonestem av typen *plask* eller rim/avlyd-danningar av typen *flikkflakk*, *dingel-dangel*, *ting* og *tang* kan kallast svakt språkleg integrerte. Då er det meir rimeleg å slutta seg til andre synspunkt innanfor tradisjonen, som peikar på det 'subjektive' og lite omgrepsbeskrivande potensialet i slike typar, altså at dei har svak leddmotivering og dermed svak utleiingssevne. Slike ord har likevel ei markant motivering i tydinga 'ikkje-tilfeldig', fordi dei ofte er metaspråkleg synlege, men dei gjev altså inga fullstendig forklaring på omgrepsinnhaldet dei representerer.

I staden for å oppfatta motivasjon som ein konstant og inherent eigenskap ved eit leksem, kan vi spørja om kor mykje motivasjon eit leksem kan *tilskrivast* (både 'prae hoc' og 'post hoc', jf. kapittel 2) I eit terminologisk inventar kan ulike typar motivasjon vera synlege sjølv om termane og termelementa er utsette for demotivering, og det kan vera den synlege (og attverande) motivasjonen som er årsak til at uttrykkselementet vert utnytta som term (jf. skiljet motivasjon vs. 'forklaring', kapittel 2). Men at denne analysen på ein eller annan måte må forankrast i ei intersubjektiv forståing, står fast. Ullmanns subjektivitetskrav (kapittel 2) – det at eit ord ikkje er motivert utan at det er "felt to be motivated" – kan nok omskrivast i meir

konstruktivistisk retning, men ikkje så radikalt at det vert mogeleg å tilskriva eit leksem motivasjon post hoc heilt vilkårleg, jf. Sigrún Helgadóttirs kritikk i kapittel 2 når det gjeld islandsk *sími*.

5.2 Normaliseringstendensen som uttrykk for ein strategi

I kapittel 1 (seksjon 1.3) gjer eg greie for den såkalla 'normaliseringstesen'. Dette er ingen hypotese som skulle avkreftast eller stadfestast, men meir ei beskriving av ein tendens som skal gje retning til den teoretiske diskusjonen. Denne normaliseringstendensen som kjenneteiknar Materialet (og Boring/NOT), kan til dels forklarast med at teknisk terminologi av den typen Materialet representerer, ikkje er så strengt regulert og standardisert som eit vitskapleg nomenklatur er. Denne typen terminologi er ikkje styrt av strikte kodingsprinsipp, men har tilsig av omgrep frå mange kjeldedomene, og dette viser att i det morfologiske tilfanget. Det er ikkje eit 'allmennspråkleg' materiale, men burde i samsvar med UNESCOs retningsliner (2005) for terminologisk språkpolitikk kunna beskrivast som eit 'mellomnivå' mellom det allmennspråksnære og det standardiserte.

Import av nytt språkstoff er import av faglege omgrep og dermed kunnskapsimport. I så stort omfang som når det gjeld oljeterminologien på 1980-talet, er denne kunnskapsimporten nasjonaløkonomisk sentral. Det minimale talet på nye leksem i språket er i allmennspråkleg og leksikografisk samanheng ein indikasjon på at dette omgrepsinventaret har komme inn i norsk under 'kamouflasje' av velkjende og etablerte morfem frå det norske inventaret: Det leksikalske repertoaret har vore utnytta kreativt ut frå dei behova og funksjonane som var nødvendige, i samspel med dei motivasjonsmekanismane som denne avhandlinga har diskutert. 'Normalisering' er derfor etter mitt syn rimeleg som ein karakteristikk av denne utviklinga i konsentrert form. Effektane av terminologiarbeidet er eit sosiolingvistisk fenomen. Styringsmekanismane i terminologiarbeidet er i tillegg både eit psykologisk og eit strukturelt fenomen. Den morfologiske motivasjonen er 'vinnaren', fordi den er både mest 'sakleg' og mest informasjonsrik, men den er langt frå einerådande.

Det er knapt nødvendig å argumentera for at alle krava til 'kjend', 'heimleg', 'tilpassa' orddanning gjennom avløyning og morfologisk motivasjon stemmer overeins med normalisering. Til og med dei ca. fem prosentane med 'eksotisk' materiale som kom ut av analysen i kapittel 4, viser jo at det har funnest ein motstand mot import av 'nye' og 'ukjende' leksem. Eg har ikkje gått inn på morfeminventaret som ligg til grunn for termdanninga i domenet. Det er likevel enkelt og mogeleg å slå

fast ved eit blikk på termlista for Materialet at dette inventaret stort sett består av gangbare og kurante morfem i dagens norsk (sjå vedlegg 1).

Alt i alt er det derfor mogeleg å hevda at det komplekse motivasjonsomgrepet har ein sentral og konstant faktor, ein felles kjerne: *Motivasjon er språkleg integrasjon*, både på uttrykks- og innhaldssida, men manifestert i ulik grad og i ulike blandingshøve frå enkelttilfelle til enkelttilfelle. I det konkrete terminologiske domenet er denne normaliseringa styrt av preskripsjon: Sekundær termdanning skjer i mindre grad ‘av seg sjølv’ enn tilfellet er ved primær termdanning, som i sin tur ligg tettare opp til den semantiske kategoriseringsprosessen. Preskripsjonen i den sekundære termdanninga er styrt av både allmennkulturelle og kommunikative omsyn, slik *Oljeordliste* demonstrerer tydeleg i innleiings- og omslagsteksten (sjå vedlegg 2). Dei mest sentrale mekanismane for leksikalsk vokster er då tekne i bruk, og det vil i stor grad seia morfologisk motivasjon. I prosjektet *Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium* på 1990-talet vart det hevda at denne språklege strategien representerte eit inngrep i det meir autentiske og identitetsskapande hybridpråket som var i bruk på oljeplattformene (sjå referansar av Rangnes og Sæbøe i litteraturlista). Dette synspunktet kan forsvarast som beskriving av ein prosess, men ut frå diskusjonen av motivasjon i kapittel 3 kan altså ikkje hybridtermar utan vidare klassifiserast som ‘ikkje-motiverte’.

5.3 Normalisering – det motsette av kreativitet?

Høg språkleg kreativitet, både i terminologi og i andre former for språk, er eit drag ved det nye kunnskapssamfunnet. Manifestasjonsformene er nok til dels domeneavhengige, i mange samanhengar spektakulære, til dømes *Wikipedia* < hawaiiisk *wiki* ‘snøgg’ og *encyklopedia*, jf. òg (*Wiki*)+*pedia* + ‘ikke’ > *Ikke+pedia*, *wik(ipedia)* + (*dic*)*tionary* > *wiktionary*. Forskingssektoren og militærvesenet viser at trunkering, akronymdanning og siglasjon er høgfrekvente mekanismar, og hip-hop og ”chatte”-kulturen har sine døme på metaforisk og annan kreativitet. I prinsippet kan alle typar arbitrære ledd slita seg lause og danna nye, motiverte ordfamiliar, jf. *web log* > *blogg* > *visual blog* > *vlogg*, suffiksa *-fil* (‘glad i’, < gr. *phílos*, vb.) og *-man(i)* (< gr. *maínein* ‘gjera rasande’, eksempel er *legio*. Firmanamn og varemerke er endå meir fruktbar jord, til dømes kreativiteten i det multifunksjonelle og opphavleg latinske suffikset *-ex*. Diskusjonen av demotivering og leksikalisering i kapittel 2 viste at avkodning er prinsipielt like avhengig av bakgrunnskunnskap når det gjeld ‘transparente’ morfologiske produkt som meir ‘opake’ former. Slik sett er til dømes

medisinske termar 'motiverte' sjølv om dei er gresk-latinske, og underspesifiserte (i retning opake) sjølv om dei er nasjonale eller 'heimlege'.

Både allmenne og faglege domene (i den grad det er mogeleg å skilja) kan framstå som spektakulære pga. slik termflora, og det er slett ikkje sikkert at domenet oljeutvinning framstår som det mest interessante. Materialet har sine motivasjonelle preferansar som nesten er det *motsette* av spektakulære – ein kunne nesten hevda at Materialet er normalisert på grensa til det keisame, slik vi har sett i kapittel 3 og 4. Motivasjonelt kreative løysingar av typen ufullstendig morfologisk (trunkering, teleskopdanning osv.) eller semantiske av typen nyskapande metaforikk er lågfrekvente. Spørsmålet er då om ein ved å velja Kageuras prinsipp om 'komplett domene' kan ha oversett det lingvistisk mest 'interessante' i dette domenet, eller omvendt: Om andre og morfologisk meir 'interessante' domene ville framstå som like interessante dersom dei vart analyserte som 'komplette'. Biletet av eit domene kan endra seg dersom ein tek utgangspunkt i spesifikke lingvistiske fenomen og ikkje i det komplette materialet frå domenet.

5.4 Avmetaforiseringshypotesen

I denne avhandlinga har eg drøfta språklege uttrykk, altså lingvistiske metaforar, ikkje omgrepsmetaforar eller 'kognitive' metaforar i lakoffsk meining. Det er ei velkjent innsikt, ikkje berre frå den kognitive språkvitskapen, at metaforar og metaforiske felt byggjer opp og strukturerer ei forståing av verda. På denne måten kan metaforar òg byggja opp og stadfesta mytar. Når det gjeld oljespråket, har det metaforiske preget, uttrykt gjennom den 'tripletten' som vart omtala i kapittel 1, handla om det 'fargerike' og 'eksotiske' ved denne teknolekten. Resultata av analysen viser altså at dette reint kvantitativt ikkje er noko sentralt kjenneteikn ved denne teknolekten, men sjølv utan statistiske pretensjonar viser framstillinga at førestellinga om avmetaforisering i sekundær termdanning ikkje er heilt grunnlaus. Datasettet illustrerer det prinsipielle i Kageuras tilnærming: Den som berre leitar etter 'eksotiske' metaforar i oljespråket, kunne ha gjort datainnsamling i eit utval andre kjelder og ganske sikkert bygd opp ei samling som var mange gonger større, utan at dette kunne gjera krav på større representativitet. Ved å sjå på det mest 'markerte' utvalet i lys av det 'komplette' domenet, kan ein lett konkludera med at den overordna tendensen peikar mot regulær, morfologisk basert termdanning ikkje berre i målspråket, men òg i kjeldespråket, sjølv om kjeldespråket og den primære termdanninga i sterkare grad byggjer på eit metaforisk potensial. Det er ikkje grunnlag for å hevda at målspråket og den sekundære termdanninga ikkje skulle ha

ekvivalente metaforiske ressursar, men desse vert ikkje alltid ekvivalent utnytta. Den tendensen til avmetaforisering som kan sporast, er såleis truleg eit produkt av sjølve overføringsprosessen, men det kan ein ikkje beskriva fullt ut utan at ein har tilgang til eit primært og eit sekundært materiale frå éin og same teknolett, og dette er praktisk vanskeleg å få til.

Analysen i kapittel 4 gjev altså ikkje grunnlag for å kvalifisera nokon sterk, typologisk hypotese på grunnlag av folkelingvistiske tankar om at engelsk er inherent 'kort' og 'metaforisk'. At metafordanningar finst i målterminologien, kan forklarast med at det er refleksar av primær termdanning i engelsk. Det manglande tilslaget for avmetaforisering kan forklarast med at det metaforiske innslaget i den engelske kjeldeterminologien er mindre enn venta, og dels at det reint semantisk ofte er tale om konvensjonaliserte mønster der kjeldespråket og målspråket har ekvivalente semantiske mønster. At norske måltermar er lengre eller vert opplevde som meir komplekse enn engelske, skuldast ofte meir pragmatiske operasjonar i ytterkanten av leksikon, først og fremst ellipse. Ein kan likevel ikkje avvisa at desse prosessane ofte resulterer i terminologiske par der måltermen er lengre enn kjeldetermen. Det er heller ikkje mogeleg å avvisa at skilnader i stavingskompleksitet kan ha psykologisk realitet sjølv om dei ikkje sprengjer nokon kvantitativ parameter.

5.5 Oppsummerande om oljespråket – det 'komplette' domenet

Alt i alt kan ein seia at det terminologiske fornorskingsarbeidet som er utgangspunktet for denne avhandlinga, er sosialt og kulturelt usynleg – vel å merka så lenge ein held seg til inntrykk frå vanlege medium og offentleg liv. Etter ein periode med stor nyheitsinteresse midt på 1980-talet, har 'norsk oljespråk' i 20 år vore nesten usynleg som mediefenomen. Norsk oljemuseum i Stavanger har ikkje éi einaste tekstline om den språkpolitiske implikasjonen av omgrepet 'fornorsking', samstundes som museet i praksis presenterer seg som parallellspråkleg fullkomme. Domenet 'oljesektoren' har ikkje funne vegen inn i forskning om språkbryting engelsk–norsk etter 1980-talet. I alle fall er det svakt representert, om ein då ser bort frå publikasjonane frå miljøet ved Norsk termbank.

Det kan derfor ha spreidd seg eit inntrykk av at oljespråket ikkje har vore forska på. Samstundes har dei norske oljeselskapa gått over til engelsk som arbeidsspråk, og det har i praksis ikkje vore utført aktivt terminologiarbeid i denne sektoren på over eit tiår. Dette kan gje inntrykk av at det terminologiske fornorskingsarbeidet ikkje var

'vellinga': Termane er ikkje tekne i bruk, eller dei eksisterer ikkje, og denne term-mangelen er årsak til domenetap gjennom overgang til engelsk.

At den makroøkonomisk motiverte overgangen til engelsk skulle komma av at den norske terminologien ikkje eksisterer eller ikkje er teken i bruk, er ei feilslutning. Ikkje all bruk av engelsk kan forklarast med norsk termmangel. Gjennom vanleg avislesing er det lett å slå fast at svært få engelske lånord frå oljesektoren finn vegen inn i avisene. Det må kallast ein suksess – ein 'partiell' suksess med viktig symbol-funksjon – når reportasjar om oljerelaterte emne i norske medium i særst liten grad inneheld engelsk terminologi. At stillingsannonser frå oljeselskapa i dei same avisene er på gjennomført engelsk, viser likevel at domenet ikkje er fullt ut parallellspråkleg, men kjenneteikna av domenefordeling, slik andre domene er (jf. kapittel 1). Trass i den partielle suksessen representerer oljesektoren derfor ei like stor språkpolitisk utfordring som før, men han kan ikkje utan vidare oppfattast som bruhovud for snarleg språkdaude.

5.6 Manglande rekkjevidd og rom for ny gransking

Tilhøvet mellom motivasjon og dei nærskyldte semantisk-funksjonelle eigenskapane 'presis' og 'treffande' har ikkje vore systematisk diskutert i denne avhandlingen. Motivasjonsomgrepet er vanlegast å tolka som morfologisk-komposisjonelt, men det er altså òg mogeleg å 'avkoda' eit innhald berre på grunnlag av faktoren /KJENT/, slik vi såg ved kategorien polysemi. Desse problemstillingane ser ut til å vekke aukande interesse i semantiske og leksikografiske fagmiljø.

I kapittel 2 har eg konkludert med at motivasjon er eit leksikalsk fenomen og ikkje eit grammatisk: Vi avkodar altså omgrepet i eit leksem ved å læra det 'globale' innhaldet, vi avkodar ikkje innhaldet fullt ut på grunnlag av komposisjonell kalkyle. Leksikon er meir opakt og demotivert enn grammatikken, men det transparente og motiverte breier seg inn i leksikon og spelar dermed ei rolle, også kommunikativt, sjølv om det er vanskeleg å avgrensa presist kor langt inne i leksikon grensa mellom det motiverte og det demotiverte går. Det einaste sikre er at denne grensa ikkje er statisk, men avhengig av ei rad pragmatiske faktorar, først og fremst den faktoren som heiter 'kunnskap'. Det finst dermed eit element av avkoding på grunnlag av analyse sjølv i termdanningsstypar (kodingsformer) som ikkje fullt ut er morfologisk-semantisk regelvise. Modellen i kapittel 3 kan ikkje 'prova' at til dømes uregelviss motivasjon har nokon kommunikativ fordel jamført med komplett arbitraritet, men det kommunikative potensialet i dei meir irregulære motivasjonstypene kan heller

ikkje avvisast. Dette vil seia at leksikaliseringsforskinga òg kan ha bruk for å interessera seg for 'partielle' motivasjonsmønster av ymse slag, og ikkje berre for regelviss samansetjing og avleiing.

Denne avhandlinga har vore sterkare morfologisk enn semantisk lagd opp, og diskusjonen i kapittel 3 er mest oppteken av grensetilfelle og ytterkantane av motivasjon. Viktige problemstillingar er dermed forsømde: Eg har ikkje sett systematisk på distribusjonen av motiverande kjenneteikn på aksene definisjon–motivasjon eller omgrep–motivasjon og andre semantisk viktige fenomen (jf. figur 2), eller på form–funksjon-kontrastar innanfor rammene av fullstendig morfologisk motivasjon. Avhandlinga stansar på dørstokken til desse problemstillingane, men to ulike typar av slik analyse ville vera logiske neste steg.

For det første kan ein ikkje få eit fullnøyande bilete av metaforisk termdanning i norsk utan at ein ser på domene som er kjenneteikna av primær termdanning i norsk, der norsken altså 'kom først' fordi kunnskapen er utvikla gjennom det språket. Gamle og etablerte handverkstradisjonar kunne kanskje tilfredsstilla dette kravet, av nyare næringsgreiner kjem kanskje havbruksnæringa nærast, men alt i alt er det ikkje lett å skaffa fram eit forsvarleg materiale for slik analyse.

Sekundær termdanning kan òg undersøkjast med det same teoretiske og metodiske apparatet som er brukt i semantisk analyse av andre sektorar av leksikon. Det er naturleg at kognitive modellar byr seg fram for analysar av primær termdanning, fordi primærdanning er tett knytt til primær kategorisering. Kognitive analysar av sekundær termdanning er det etter mitt kjennskap gjort lite eller ingen ting av. Slik analyse kunne peika på om kunnskapsoverføring inneber ei form for semantisk omkategorisering av referentar, med andre ord gå i djupna når det gjeld dikotomien metaforisk–morfologisk som eg i denne avhandlinga mest har drøfta på uttrykknivået.

5.7 Sluttord

Samla sett stig det fram nokre viktige hovudtendensar or denne diskusjonen. I sitatsamlinga finn vi formulert ei rad krav til dei innhaldsformidlande eigenskapane ved termar: 'gjennomsikt', 'god førestelling om omgrepet', 'attgje viktige drag ved omgrepet', 'sjølvforklarande' osb. Ei kopling mellom motivasjon og 'transparens' knyter seg til det morfologiske omgrepsparet 'transparent' vs. 'opak', og grunngevinga er kommunikatív: Termar som gjev ei førestelling om omgrepet (og såleis

referenten) skal – i teorien – vera lette å hugsa, lette å skjøna og såleis effektivisera og letta kommunikasjon mellom terminologibrukarar. Alle desse trådane kan samlast i ein kulturell dimensjon – fagtermar skal vera allment forståelege på tvers av fagbarrierar, dei skal i minst mogleg grad vika av frå vanlege, allmennspråklege mønster. Utgangspunktet for motivasjonskravet verkar derfor enkelt, sjølvinnlysande eller ‘aksiomatisk’, som Drozd og Seibicke er inne på (jf. kapittel 2).

Ord, og dermed termar, er likevel først og fremst ‘motiverte’ på grunnlag av det pragmatiske kriteriet ‘kjent’. Dê er hovudpoenget, anten det gjeld framandspråkskunnskap (framandord, anglisismar, hybridord, jf. ‘*Merkhilfe*’) eller domenekunnskap (semantisk motivasjon, metaforar og metonym). Denne avhandlinga tek ikkje stilling til om motivasjonskravet kan underbyggjast med psykolingvistisk teori eller språklæringsteori, om ord blir lærte som heilskapar eller via komponentar, men har indikert at mellom anna leksikaliseringforskinga peikar på eit ‘både òg’. I og med at det finst både ‘lange’ og ‘korte’ språk i verda, og alle språka fungerer adekvat for førstespråksbrukarane, kan ein ikkje tilskriva essensielle læringspsykologiske effektar til nokon av språktypane. Ein kan nok gå ut frå at ‘langt’ vs. ‘kort’ kanskje har ulike fordelar og ulemper sett frå sendar- respektive mottakarsynsstad, slik det til dømes framsto i debatten om europeisk lesedugleik i 2004 (PISA-undersøkingane). Likevel kan ein ikkje ha grunnlag for anna enn å gå ut frå at desse to faktorane er i ein slags balanse for førstespråksbrukarar. Men innlæring av nye omgrep og termar i ein terminologisk kontekst kan ikkje fullt ut jamførast med innlæring av førstespråk. I terminologisk samanheng kan motivasjonskravet knytast til resonnementet om at ‘langt’ og ‘gjennomsiktig’ er ein fordel for mottakaren i ein innlæringsfase, ‘kort’ og ‘opakt’ derimot ein fordel for sendaren, sidan avsendar i kommunikasjonen har større kunnskap og dermed kan utnytta økonomieffekten (jf. ‘Zipfs lov’). Innlærarar av ny terminologi kan altså ha fordel av den eine typen i ein tidleg fase, av den andre typen når innlæringa er fullført. Å testa mottakarreaksjonar og innlæringsvinstar ville krevja eit klårare definert psykolingvistisk prosjekt, og realitetane er nok her altfor komplekse til å kunna beskrivast gjennom dikotomien motivert vs. arbitrær.

I denne avhandlinga er det fleire gonger ymta om at motivasjon inngår i ein større lingvistisk og semiotisk diskusjon med røter tilbake til antikken, og det er antyda at det er kognitivt-funksjonalistiske tilnærmingar i vid meining som representerer det beste utgangspunktet for terminologisk forskning og terminologisk normering. Den funksjonalistiske orienteringa er synleg i det aller meste av terminologisk litteratur, endå om kapittel 2 viser at nokre tilnærmingar til motivasjonsomgrepet kan verka svært forenklande. Å forstå ein fagterm er å tilordna uttrykket meining gjennom tolking, og tolking skjer gjennom eit større eller mindre sett av pragmatiske

inferensar. Spørsmålet er kva som skal til for å gjera dei rette tolkingsinferensane, og og diskusjonen i denne avhandlinga viser at det kan vera ganske mykje, særleg i kapittel 3.

Terminologi er ei vitenskapsgrein som handlar om å effektivisera fagkommunikasjon og på den måten gjera tilgangen til kunnskap så enkel som mogeleg. Dette er eit mål som handlar om 'det verkelege livet'. Innanfor vitenskapsgreina er det arbeidsdeling: Teoretisk forskning problematiserer, praktisk terminologiarbeid gjennomfører. Normative aktivitetar kan ikkje alltid la seg bremsa av teoretiske problem: Ingen av dei modifikasjonane som eg har komme med av motivasjonsomgrepet, kan såleis brukast som grunn for å avvise motivasjon som normprinsipp. Språkbrukarane held sjølvstamt fram med å motivera termene sine på dei måtene som språkssystemet og språkkulturen tilbyr eller stiller krav om i kvar aktuelle situasjon, same korleis modellane over motivasjon vert konstruerte. Terminologisk koding er eit konstant strev mot å oppnå det optimale kommunikative meiningsberande, men kvart enkelt normprinsipp er konstant avgrensa av den faktoren som Robert de Beaugrande har kalla 'indeterminacy', og som seier at sikker kunnskap og sikre resultat er umogelege å kalkulera. Dei grunnleggjande semiotiske og pragmatiske paradoksa må vi derfor leva med. Det er derfor ikkje mogeleg å hevda at motivasjon eller arbitraritet er 'rett' eller 'sant', derimot kan omgrepet 'fruktbart' vera ei meir påliteleg referanseramme, i både vitenskapleg og normativ mening. Teoretisk refleksjon kan, om ein er heldig, føra fram til ein betre praksis. Frå den synsvinkelen er det nok dei retningane som legg vekt på motivasjon, som framstår som mest fruktbare, sjølv om den fullstendige teorien om motivasjon som Radden og Panther etterlyste (kapittel 2), framleis manglar. Dei forskingstradisjonane som har gjort Saussures 'relative' motivasjon til det mest fruktbare utgangspunktet, kjem altså etter mitt syn tettast inn på det verkelege livet.

SUMMARY

Motivation as a principle of term-formation. A theoretical discussion based on Norwegian oil terminology

The concept of ‘motivation’ in terminology refers to the principle of forming ‘transparent’ and ‘self-explanatory’ terms. The aim of this dissertation is to give a theoretical account of this principle and its normative status within terminology. The discussion is delimited to secondary term formation, and is based on one specific and ‘complete’ domain, namely the Norwegian petroleum terminology developed in the 1980s.

In chapter 1, I outline the background, aim and scope of the dissertation. Motivation can be viewed as a superordinate normative principle, most often interpreted as ‘transparent’. Motivated terms have advantages as well as disadvantages according to their communicative functions. The terminological concept of motivation is closely linked to the Saussurean concept of ‘relative’ motivation, mainly interpreted as ‘morphological’. Motivation has been contested by some schools of linguistics, while it has been rather warmly embraced in cognitive linguistics. In this dissertation, I emphasise the compatibility of the two concepts. Moreover, I point to the fact that terms have “word-like” properties, and that no distinct boundaries can be drawn between the way motivation works in general or special language, although motivation tends to favour ‘normal’ language strategies, i.e. morphological solutions on the basis of ‘known’ elements. In previous works on motivation, I have emphasised the ‘regularising’ functions of motivation within neology, which favour morphological solutions to the detriment of figurative or “colourful” metaphors or direct borrowings. Such solutions may have functional disadvantages as motivated terms may be felt to be awkward and “longish”. Amongst cultural disadvantages, the possible weakening of internal solidarity and identity within user groups may be mentioned. This also affects the role of the linguist engaged in normative work: Linguists are supposed to be anti-normative or at least non-normative. Motivation should be seen as a multi-faceted concept and included in a ‘liberal’ conception of linguistics, and consequently, a discussion of motivation in terminology should take into account or possibly contribute to a wider consolidation of motivation within linguistics.

The domain of petroleum terminology can be interpreted as an instance of secondary term formation that complies with accepted principles of neology within the Norwegian cultural community at the end of the 20th century. My primary corpus is

drawn from a glossary published in 1982, including 468 terms representing 371 concepts. A secondary sample of terms is also included, especially in chapter 4, to illustrate certain aspects in more detail. This sampling method is inspired by the requirements for scientific studies of terms as put forward by Kyo Kageura (2002): A descriptive study should be based on a corpus of terms and not on textbooks or normative guidelines; the terminology should cover a domain in its totality; it should be empirical and not speculative. Despite this inspiration, I do not undertake a sophisticated quantitative study in this dissertation; the analysis is mainly of a qualitative orientation. I argue that this method represents a less anecdotal approach in contrast to previous studies of petroleum terminology.

In this dissertation, I accept the terminology principle of onomasiology, although my approach is basically semasiological. Despite the application of this fundamental principle, the two sub-corpora have not been checked by subject specialists. For the main material, the definitions given in the glossary from which the corpus was drawn can be deemed reliable, and for the secondary material, such reference checks would have been impossible for a number of practical reasons. As regards the use of this sub-corpus, my own background knowledge and ‘onomasiological suspicion’ are sufficient to provide the generalisations required.

Chapter 2 gives an account of the history and various interpretations of motivation in terminology, and tries to outline the various facets of the concept. An extensive citation analysis is given in section 2.1. Section 2.2 deals with important approaches and/or researchers in further detail, and section 2.3 tries to discuss motivation in contrast to lexicalisation and demotivation.

The citation analysis in section 2.1 shows that motivation is associated with properties such as ‘transparent’ or ‘self-explanatory’, which refer to the ease of accessing the concept of a term. These properties tend to be interpreted as morphological, i.e. motivation is conceived of as a result of some degree of compositionality. This, in turn, may favour the choice of and preference for ‘native’ in contrast to ‘learned’ or ‘international’ term formation, partly because native terms are believed to be easier to access, and partly because they are easier to integrate in the morpho-semantic structure of a language. In this respect, the motivation principle interacts with ideologies such as ‘democratism’ and language cultivation such as ‘purism’ to the extent that they seem indistinguishable. The citation analysis also demonstrates critical attitudes from within terminology – ‘transparent’ terms are, after all, only conventional symbols – and criticism from alternative approaches claiming that traditional terminology has underestimated motivation to the benefit of arbitrariness.

Section 2.2. deals with motivation in the works of leading researchers such as Wüster, Ullmann, Drozd & Seibicke and Antia. In addition, it gives an outline of motivation within the Soviet/Russian tradition and discusses the interaction of motivation, purism and language cultivation (notably, the case of Iceland). Finally, this section deals with motivation within the cognitive paradigm with special emphasis on the approach of Radden & Panther and also the socio-cognitive terminology of Rita Temmerman (2000).

The works of Wüster do not mention ‘motivation’, but it is clear that his term *Merkhilfe* refers to the same concept. For Wüster, ‘known’ morphological elements can provide access to concepts, and ‘essential’ characteristics have a higher communicative value than accidental features. This line of thought has epitomised terminological guidelines, especially in the field of standardisation. The core element of *Merkhilfe* is the pragmatic feature of ‘known’, implying that native or purism-based term formation is not the only way of obtaining *Merkhilfe*.

The importance of Ullmann lies in his extension of Saussure’s ‘relative’ motivation to include semantic motivation, resulting in “three types of motivation: phonetic, morphological and semantic”, also important in the work of Drozd & Seibicke. I argue that Ullmann’s discussion of transparent and less transparent with respect to typological differences of languages has been important to terminology, opening up the field of typological comparison that has not been exhaustively dealt with so far. The discussion provided by Drozd & Seibicke is largely based on Ullmann’s three types and is exhaustively discussed with respect to normative implications. The authors also make an attempt to divide lexicon into motivated and non-motivated, but in a dichotomising way that seems too simplistic in the light of more recent theory. I then discuss briefly the model of Kocourek (1991) and find that its non-dichotomising approach serves my purpose in a more useful way, cf. chapter 3.

In section 2.3, motivation is contrasted with lexicalisation and demotivation. While many definitions of motivation are based on compositionality to the extent that motivation seems a grammatical concept, I argue that motivation is a property of lexicon. Because the lexicon is open-ended and the limits to grammar not clear-cut, the most regular forms of morphological motivation are marked by productivity and consequently also have fuzzy boundaries to compositionality. At the other end of the lexicon, complete opaqueness and non-motivation may be found, but most terms are actually situated between the two extremes. This supports the view that a high degree of motivation is no necessary condition for accessing terms, and that terms as a rule have to be learnt as entities, in contrast to many traditional definitions. Moreover, I

also argue that some degree of motivation in most cases comes into play, and that the coding properties of ‘irregular’ forms of motivation cannot be refuted. I conclude this section by stating that research on demotivation (e.g. Svanlund 2002) should be extended to such irregular forms and not limited to compounds and regular morphological motivation.

In section 2.5 I conclude that in the research history of terminology emphasis has been put on morphological motivation, but that there is sufficient evidence to support the view that this position runs the risk of being simplistic. The interpretations, implications and applications of ‘motivation’ in terminology have proven to be numerous, and in empirical research, a selection has to be made. Two problems are selected for further analysis: 1) The taxonomic problem of distinguishing between ‘motivated’ and ‘non-motivated’, and on which theoretical basis, and 2) the functional and typological consequences of the motivation principle.

In chapter 3, I try to give an account of the morphological mechanisms producing motivated solutions, and give an account of the various morphological solutions characterising the domain in question, emphasising the ‘normalisation’ tendency. Kocourek’s model (Kocourek 1991) forms the point of departure for the chapter, and his model is discussed, extended and modified, partly on the basis of input from cognitive linguistics (Radden & Panther 2004).

Three major types of motivation are distinguished: a) *conceptual motivation*, including semantic and morphological motivation, b) *sign-to-sign motivation*, pertaining to transfer and loans, and c) *formal motivation*, with emphasis on phonetic and graphic motivation. The interrelation and interplay between these three major types of motivation as well as topics of their delimitation are discussed. Special emphasis is placed on semantic motivation and its position with respect to terminologisation and metaphor. I conclude that the extent to which single-morphemic lexemes can be assigned motivation or not is largely a matter of theoretical position. I argue in favour of a category of ‘non-metaphorical polysemy’ to account for such terms which, according to all normal criteria, must be called motivated, although not clearly metaphorical from a synchronic point of view.

With respect to the sign-to-sign motivation, I conclude that ‘international’ or ‘cross-linguistic’ transparency is a pragmatic factor important enough to justify this type within a framework of motivation. With respect to morphological motivation, two major types are distinguished: ‘complete’ and ‘partial’. Complete motivation is then subdivided into regular and non-regular (cf. Drozd & Seibicke 1973) and further into

morphological mechanisms such as derivation, composition, phrasal terms and ‘confixation’, cf. Kocourek (1991). Most often, a degree of conceptual motivation seems to be involved whenever the sign-to-sign or formal (graphic) motivation comes into play.

The development of the model is accompanied by a taxonomic description of the Norwegian terms included in the domain according to the categories and subcategories of motivation. It is clearly demonstrated and hardly surprising that the complete morphological motivation is the most prominent type, thus supporting the “normalisation thesis”. This is partly due to the existence of ‘extended’ terms, i.e. terms including another term as a main element and thus displaying the feature of a collocation. I argue that the primary motivational contrasts must often be sought at the level of term element or generic term, an argument that is further developed in chapter 4. The modified model supports the view that a dichotomic view of motivation and non-motivation does not seem plausible, cf. figure at the end of the summary.

In chapter 4, functional aspects are discussed with focus on the ‘de-metaphorisation’ claimed to be characteristic of Norwegian secondary term formation. I present some evidence of popular beliefs relating to the interdependence between term length, metaphor and morphology and try to validate such beliefs in the light of language typology. It has been suggested that ‘morphological’ languages inherently produce longer terms than less morphological languages; properties that can partly be assigned to e.g. German in contrast to English. In chapter 4, I discuss different criteria of length that may provide an operational basis for an empirical analysis. On the basis of evidence from e.g. Bauer (1988) I conclude that syllabic length seems to be the most fruitful criterion. This criterion is based on word forms and indicates that the ‘ideal length’ is somewhere around three syllables plus minus two.


It seems to be a wide-held belief that technical terms in Norwegian have undergone a historic shift from a German to an English inspiration, and these factors can be synthesised in the thesis that I name the “de-metaphorisation hypothesis”, which the chapter attempts to discuss and validate. The main point is whether or not this is a matter of typology or pragmatics, of structural properties or of communicative behaviour, and focus is on the opposition of economic motivation vs. informativity, which is assigned to the linguistic correlates of metaphorical vs. morphological coding. This forms the empirical part of the chapter.

The empirical analysis traces the patterns of metaphorical motivation at generic, specific and extended levels in the material. Although qualitatively oriented, the analysis here is comparative and contrastive to a greater extent than chapter 3, and tries to identify the clear-cut motivational contrastive pairs that support the “de-metaphorisation hypothesis”. An additional corpus of terms is included to provide a better empirical basis for the discussion. The two corpora are subdivided according to metaphorical fields such as body parts, animals, clothing, plants and ‘various’, with the last subdivision included primarily for practical reasons. The analyses show that metaphorical motivation is by no means unknown in Norwegian, however often as a property of term elements rather than of the full term. In English, the metaphorical motivation of term elements is often conventionalised. In such cases, a direct sign-to-sign transfer of English motivation would often result in term elements with weak motivational links from a synchronic point of view.

The metaphorical/morphological contrast includes cases where the Norwegian morphological target model in fact is a transfer of an underlying complex and metaphorical English source model in which one element has been elided for reasons of language economy. These findings suggest that seemingly typological differences within such contrastive pairs are a result of pragmatic factors rather than of inherent structural factors. This conclusion is supported by investigations of syllabic length of terms. There is a clear tendency that the Norwegian target equivalent is more morphologically complex than its English source equivalent, with the result of an increased syllabic length. In many such cases, however, the difference may probably be explained by English elided elements. Very few Norwegian equivalents exceed the five-syllable “normality limit” indicated by Bauer even if corrected for flexional morphology, but most Norwegian terms have been expanded by one or two syllables compared to their English counterparts.

The overall tendencies identified in the chapter lead to the conclusion that de-metaphorisation is only a modest tendency that could probably be explained by the transfer process. In general terms, it may be conceived of as a feature of secondary term formation rather than intrinsic structural properties of Norwegian, even if ‘felt’ so by the users during the transfer process.

The final chapter sums up the investigation by advocating in favour of motivation as the primary feature of language. I suggest that further research should include cognitive patterns of secondary term formation.



LITTERATUR

Andersen, Ø. (1996). Om terminologi og tekstanalyse. I: Myking, J., R. Sæbøe & B. Toft (red.) *Terminologi – system og kontekst. Nordisk minisymposium 1996*. Oslo: NFR. (= KULTs skriftserie nr. 71.) 27–58.

Andersen, Ø. (1998). Fagtekst og agentivitet. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) *Nation och individ i fackspråk. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 12–26.

Andersen, Ø. (2000). Analyse av komplekse nominaliserte termer. I: Nuopponen, A. & B. Toft & J. Myking (red.) *I terminologins tjänst. Festskrift til Heribert Picht på 60-årsdagen*. Vasa: Vasa universitet. 12–23.

Andersen, Ø. (2006). Kan grammatiske termer motiveres språkspesifikt? I: Þorbergsdóttir, Á. (red.) *Ord og termer. Proceedings fra Nordterm 2005*. Reykjavík. 124–132. (= Nordterm 14)

Antia, B. (1995). I: Budin, G. (ed.). (1996). *Multilingualism in Specialist Communication. Proceedings of the 10th European LSP Symposium, Vienna, 29 Aug.–1 Sept 1995*. Vol. 2. Wien: TermNet. 933–962.

Antia, B. (2000). *Terminology and Language Planning. An alternative framework of practice and discourse*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.

Antia, B. (2005). *Word forming principles of terminology: a case study of an Efik language terminology of aspects of legislative procedure*. <http://www.termnet.org/downloads/english/projects/IFAP/01_termtrain2005_bassey_wordformation.pdf>, lese 31.08.07 2007>

Antia, B., C. G. Emoabino & C. Egbejimba (2006). Drug Trade Names: a Morpho-semantic Study in Resourcefulness and Perfidy. I: *LSP & Professional Communication*. Vol. 6, no. 1. København: DSFF. 52–81.

Arnason, K. & S. Helgadóttir. (1993). Terminology and Icelandic Language Policy. I: *Behovet och nyttan av terminologiskt arbete på 90-talet. Nordterm-symposium 1991*. 7–22. Helsinki. (= Nordterm 5)

Arntz, R. & H. Picht & F. Mayer (2002). *Einführung in die Terminologiearbeit*. Hildesheim/Zürich/New York: Olms.

Averbuh, K. (1993). The Principle of Economy in Terminology and Normative Documents: Rules for its Realization. I: [Draskau, J. ed.] 1993. 56–65.

Bakken K. (2005). Leksikaliseringsmodellar og leksikografisk praksis. I: Lie, S. & al. (red.). *MONS 10. Utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 107–116.

Bauer, L. (1988). *Introducing Linguistic Morphology*. Edinburgh University Press.

Bergenholtz, H. m.fl. (1997). *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget.

Berkov, V. (1997). *Norsk ordlære*. Oslo: Universitetsforlaget.

Berlin, B. (1978). Ethnobiological Classification. I: Rosch, E. & B. B. Lloyd (eds.). *Cognition and Categorization*. Hillsdale: Lawrence Erlbaum Associates. 9–26.

BMO = *Bokmålsordboka*. (2007). Elektronisk utgåve. <<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>>

Boutin-Quesnel, R. & al. (1979). *Vocabulaire systématique de la terminologie*. Montréal: OLF.

Brinton, L. J. og E. C. Traugott (2005). *Lexicalisation and Language Change*. Cambridge University Press.

Brunstad, E. (2001). *Det reine språket. Om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk*. Dr. art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.

Brunstad, E. (2005). Pingle. Om eit nyord i norsk. I: Fjeld, R. V. & D. Worren (red.) (2005). *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse om leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. (78–91).

Budin, G. & Ch. Laurén & H. Picht & N. Pilke & M. Rogers & B. Toft (Hrsg.). (2006). *The Theoretical Foundations of Terminology Comparison between Eastern Europe and Western Countries. Proceedings of the Colloquium held on 18 August 2003 in Surrey, Guildford, UK, in conjunction with the 14th European Symposium on Language for Special Purposes (LSP)*. Würzburg: Ergon Verlag.

Burchfield, R. W. (1977). Names of types of oil wells: An Aspect of short-term historical Lexicography. I: Sterkenburg, P.G.J. van & W. Pijnenburg (1977). *Lexicologie. Een bundel opstellen voor F. de Tollenaere ter gelegenheid van zijn 65e verjaardag door vrienden en vakgenoten*. Groningen: Wolters-Noordhoff. 71–78.

Cabré, M. T. (1999). *Terminology. Theory, methods and applications*. Amsterdam: Benjamins.

Cabré, M. T. (2003). Theories of terminology: Their description, prescription and explanation. *Terminology* 9:2. Amsterdam: Benjamins. 163–199.

Croft, W. (1990). *Typology and universals*. Cambridge University Press.

Dahlstedt, K.-H. & al. (red.) (1983). Phonetic motivation as a driving force in the formation and propagation of neologisms: The adjectives *fluffig* and *flummig* in present-day Swedish. I: *From sounds to words: essays in honor of Claes-Christian Elert 23 December 1983*. Umeå. 27–50.

Dahlstedt, K.-H. (1977). Demokrati och språkvård. I: *Språkvård* 2. 14–15.

DIN 2330 (1979). *Begriffe und Benennungen. Allgemeine Grundsätze*. Berlin/Köln.

[Draskau, J. K. (ed.)] (1993). *Selected readings in Russian Terminology Research*. Wien: TermNet. (= IITF-Series 3).

Dressler, W. (1995). Interactions between Iconicity and Other semiotic Parameters in Language. I: Simeone, R. (ed.) (1995). *Iconicity in Language*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins. 21–38.

Drozd, L. & W. Seibicke (1973). *Deutsche Fach- und Wissenschaftssprache*. Wiesbaden: Brandstetter.

Edlund, L.-E. (1996). Dialektal terminologi – en inledning. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) (1996). 23–34.

Ellingsve, E. (1989). Guidelines for the Preparation of a Norwegian Petroleum Terminology. Foredrag på 7th International Conference on Nordic and General Linguistics, Torshavn 7.–11. august 1989. *Småskrifter* 21. Bergen: Norsk termbank.

Faarlund, J. T & S. Lie & K. I. Vannebo (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Felber, H. (1984). *Terminology Manual*. Wien: UNESCO.

Flydal, E. (1983). *Oljespråk. Språklige lovbrudd og lovlige språkbrudd på sokkelen*. Stavanger: Universitetsforlaget.

Gall Jørgensen, K. (1993). *Semiotik. En introduktion*. København: Gyldendal.

Greenberg, J. H. (1960). A quantitative approach to the morphological typology of language. I: *International Journal of American Linguistics* 26. 178–194.

Grice, H. P. 1991 [= 1974]. Logic and Conversation. I: Davis, S. (ed.) *Pragmatics. A Reader*. Oxford University Press. 305–315.

Grinev, S. V. (1993). The Perspectives of a Terminology Theory: a Quest for Regularities. I: [Draskau, J. ed.] (1993). 13–28.

Gulbrandsen, T. (1985). *Med fireflaiten åffsjår. Norske oljearbeideres bruk av angli-sismer*. Oslo: Universitetsforlaget.

Haarala, R. (1983). Språkvård och terminologi. I: Bojsen, E. & S. Løland (red.) *Språk i Norden* 1983. 39–50. (= Nordisk språksekretariats skrifter 2.)

Haiman, J. (1980). The iconicity of grammar: isomorphism and motivation. I: *Language*, vol. 56, no. 3. 515–540.

Haiman, J. (1983). Iconic and economic motivation. I: *Language*, vol. 59, no. 4. 781–819.

Helgadóttir, S. (1987). The Role of Subject Specialists in terminological Activities in Iceland. I: *Nordterm 1987: Oslo 14–16 mai 1987*. Oslo: RTT.

Heltai, P. (1989). Motivation and Vocabulary Acquisition. Unpubl. manuskript, 18 s.

Hoffmann, L. (1984). Seven Roads to LSP. I: *Fachsprache* 1–2/1984. 28–38.

Hoffmann, L. (1985). *Kommunikationsmittel Fachsprache*. Tübingen: Narr

Horecký, J. (1979). On the Relation between Concept and Name. *Fachsprache* 1–2/1979. 17–19.

ISO 704 (1987). *Principles and methods of terminology*. 1st edition. ISO.

ISO WD 919 (1985). *Working Draft on the Preparation and Layout of Terminology Standards*. ISO.

Jacobsen, B. (2005). Kalker er ikke bare kalker. Et forsøg på at vurdere oversættelseslån. I: Fjeld, R. V. & D. Worren (red.) (2005). *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse om leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. (204–213).

Jónsson, J. H. (1988). Tendenser og tradisjoner i islandsk orddannelse. I: Bojsen, E. & S. Løland (red.) *Språk i Norden 1988: årsskrift for Nordisk språksekretariat og språknemndene i Norden*. 21–33. (= Nordisk språksekretariats skrifter 9.)

Jónsson, S. (2007). *Det vilda tänkandet och det kultiverade. Isländsk fackspråklig språkvård med tyngdpunkt på första hälften av 1900-talet*. Acta Wasaensia Nr. 184. Vasa: Vasa universitet.

Kageura, K. (2002). *The Dynamics of Terminology. A descriptive theory of term formation and terminological growth*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.

Karlholm, A. (2000). *Folkligt bildspråk. En studie över djurbenämningar i metaforisk användning i svenska dialekter*. Fil.dr.-avhandling. Uppsala.

Kerremans, K. & R. Temmerman (2008, under utg.). Terminology, situatedness and variation. Foredrag på *Nordterm 2007*, Bergen, 14.06.07. Under utg., Hoel, J. (red.), Oslo: Språkrådet. (= Nordterm 15)

Kirkeby, W. A. (1993). *Engelsk–norsk ordbok*. 3. opplag. Oslo: Universitetsforlaget.

Kocourek, R. (1991). *La langue française de la technique et de la technique*. 2. éd. Wiesbaden: Brandstetter.

Kocourek, R. (1994). Terminological Comparisons: Assessing Synonymic Groups. I: Draskau, J. K. & H. Picht. (eds.) *International Terminological Conference*

Terminology Science and Terminology Planning in Commemoration of E. Drezen (1892–1992) [Riga] Wien: TermNet. 138–145. (= IITF-Series 4.)

Koskela, M. & Laurén, Ch. & M. Nordman & N. Pilke m.fl. (ed.). (2002) *Porta scientiae. Lingua specialis. I/II*. Vasa: Vasa universitet. [= Rapport frå det 13. LSP-symposiet, Vasa.]

Kristoffersen, G. (2008, under utg.). Terminologi i den nye norske språkpolitikken. Foredrag på Nordterm 2007, Bergen. Under utg., Hoel, J. (red.), Oslo: Språkrådet. (= Nordterm 15)

Kyyak, T. R. (2006). Terminologie in der Praxis der Ukraine. I: Budin, G. & al. (Hrsg.) (2006). 127–136.

Kövecses, (2002). *Metaphor. A Practical Introduction*. Oxford University Press.

Landfald, Å. (1987). Språkpolitikk og språkrøkt. I: Johnsen, E. B. (red.). *Vårt eget språk*, band 1. Oslo: Aschehoug. 202–204.

Laurén, Ch., J. Myking & H. Picht (1997). *Terminologi som vetenskapsgren*. Lund: Studentlitteratur.

Laurén, Ch. & J. Myking & H. Picht (2008). Under medverkan av Sigurður Jónsson. *Insikter om insikt. Nordiska teser om terminologi och fackkommunikation*. Oslo: Novus.

Laurén, Ch. & H. Picht. (1993). Vergleich der terminologischen Schulen. I: Laurén, Ch. & H. Picht (Hg.) *Ausgewählte Texte zur Terminologie*. TermNet. 493–536.

Laurén, Ch. & J. Myking & H. Picht (2002). Språk och domäner: ett förslag till taxonomi för domändynamik. *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-symposium XXII. Vasa 9.–10.2.2002*. Vasa: Vasa universitet. 225–233.

Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) (1996). *Fackspråk i olika kontexter. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. (= Selvityksiä ja raportteja 13.)

Laurén, Ch. (1986). Hur ser en term ut? I: *TNC-Aktuellt*. Stockholm: TNC. 2–3.

- Laurén, Ch. & J. Myking & H. Picht (2004). Språk, domene og domenedynamikk. I: *Terminologisk smörgåsbord*. Stockholm: Terminologisentrum TNC. 54–68. (= Nordterm 12.)
- Leira, V. (1992). *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo: Samlaget.
- Leira, V. (red.) (1982). *Nyord i norsk: 1945-1975*. Norsk språkråd. Bergen: Universitetsforlaget.
- Leitchik, V. & S. Shelov (2003). Terminology: Where is Russian Science Today? I: *LSP & Professional Communication*. Vol. 3, no. 1. København: DSFF 82–109.
- Lerat, P. (1998) Perspectives linguistiques en matière de langues spécialisées. I: Lundqvist & al. (eds.) (1998). 100–110.
- Lundqvist, L. (1998). LSP, Identity and Interface. Research, Knowledge and Society (closing session). I: Lundqvist, L. & J. Qvistgaard & H. Picht. (eds.) (1998). *Identity and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th LSP Symposium*, Copenhagen. 16–17.
- Lydersen, A. & I. Dahlø (1987). Refleksjoner over arbeidet med norsk terminologi. I: Lundeby, E. & L. Mæhle & O. Grønvik (red.). *Fornyning og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*. Oslo: Cappelen. 90–102.
- Lyons, J. (1977). *Semantics*. Vol. 1. Cambridge University Press.
- Madsen, B. N. (1999). *Terminologi. Principper og metoder*. København: Gads Forlag.
- Magnus, M. (2001). *What's in a word? Studies in phonosemantics*. [Dr.-avh., Trondheim]: NTNU.
- Meyer, I. & K. Mackintosh (2000). When terms enter into our everyday lives: An overview of de-terminologization. *Terminology* vol. 6, no. 1, 2000. 111–138.
- Moschitz-Hagspiel B. (1994). *Die Sowjetische Schule der Terminologie (1931–1991)*. Wien: TermNet. (= IITF-Series 5.)

Myking, J. & R. Sæbøe (2002). Språkplanlegging, identitet og marknad – Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium. I: Andersen, Håkon & Sissel Lie & Marit Melhus (red.) *KULT – i kulturforskningens tegn. En antologi*. Oslo: Pax Forlag A/S. 18–196.

Myking, J. (1987). Complex Noun Phrases as a Problem of Terminological Practice. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (eds.) *Special Language: From Humans Thinking to Thinking Machines*. Clevedon/Philadelphia: Multilingual Matters. 265–274.

Myking, J. (1989a). Cultural Policy or Specialized Communication? Norwegian Oil Terminology in the Eighties. I: Fallenstein, R. & T. J. Ropeid (Hg.) (1989) *Sprachpflege in europäischen Ländern*. Bergen: Germanistisk institutt. 91–112. (= Schriften des Germanistischen Instituts der Universität Bergen 11.)

Myking, J. (1989b). Det sjuande [europeiske] fagspråksymposiet, Budapest, 20.–26. august 1989. Ei personleg oppsummering. *Småskrifter* 21. Bergen: Norsk termbank.

Myking, J. (1989c). *Omgrepet 'motivasjon' i terminologilæra. Innhald, bruk, konsekvensar*. Upublisert manuskript. Bergen.

Myking, J. (1991). Terminologi som normeringsproblem. Ideologiar og prinsipp bak terminologiarbeidet i Noreg. I: Sandøy, H. & A. Torp & K. I. Vannebo & L. S. Vikør (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt 1991. 164–196.

Myking, J. (1993). Terminologisk språkplanlegging. I: *Fagspråk i Norden*. Oslo: Nordisk språksekretariat. 50–66. (= Nordisk språksekretariats skrifter 19.)

Myking, J. (1996). Mottakarproblemet i terminologisk språkplanlegging. I: Omdal, H. (red.) *Språknormering og språkbrukar*. Kristiansand: HiA. 81–92.

Myking, J. (1997) The concept of 'motivation' in terminology. I: Lundqvist, L. & J. Qvistgaard & H. Picht. (eds.) *Identity and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th LSP Symposium*, Copenhagen. 328–338.

Myking, J. (1998a). Oljespråket som laboratorieprodukt. I: *Syn og Segn* 3/1998. Oslo: Samlaget. 242–249.

- Myking, J. (1998b). The Sign Models of Terminology – Recent Development and Current Issues. I: *Terminology Science & Research. IITF Journal*, 1998, Vol. 8, no. 1–2, Wien.
- Myking, J. (1998c). 'Kunnskap' som ikonisk variabel. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) *Nation och individ i fackspråk. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 39–50.
- Myking, J. (2001a). Sign Models in Terminology: Tendencies and Functions. I: *LSP & Professional Communication*. Vol. 1, No. 2. København: DSFF. 45–62.
- Myking, J. (2001b). Against prescriptivism? The 'socio-critical' challenge to terminology. I: *Terminology Science & Research. IITF Journal*, 2001, Vol. 11, no. 1–2, Wien. 49–65.
- Myking, J. (2003). Oljeterminologien – røynsler med vinning og tap. I: Sandøy, H. (red.) *Med 'bil' i 100 år*. Oslo: Novus. 82–94.
- Myking, J. (2005a). Terminologi og språktypologi. I: *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-Symposium XXV*. Vasa: Vasa universitet. 196–204.
- Myking, J. (2005b). Terminologi i Noreg – historisk oversyn. I: Hoel, J. (red.) *Hvem tar ansvaret for fagterminologien?* Oslo: Språkrådet. 2–15.
- Myking, J. (2005c). Noko om nynorsk terminologi. Foredrag på seminar i *Forskar-nettverket for nynorsk skriftkultur*, Bergen, 23.11.05. Upublisert.
- Myking, J. (2006a). Terminologie in der Praxis der Ukraine – a Commentary. I: Budin, G, & al. (Hrsg.) (2006). 137–152.
- Myking, J. (2006b). 'Ord vs. term' – ein terminologisk ambivalens? I: Þorbergsdóttir, Á. (red.) *Ord og termer. Proceedings fra Nordterm 2005*. Reykjavík. 29–41. (= Nordterm 14.)
- Nathanson, E. A. (1968) *Die an wissenschaftliche und technische Benennungen zu stellenden Anforderungen*. Stensil, DK 001.4 = 03.82.
- Neubert, G. (1978). *Das Motivationsprinzip bei fachlexikalischen Einheiten am Beispiel des Wortschatzes der Hydraulik/Pneumatik*. Dissertation. Dresden.

Neubert, G. (1985). *Motivation bei technischen Termini als kommunikationsbegünstigendes Phänomen*. Stensil, DIN-NAT 3.3, Nr. 8-85.

NNO = *Nynorskordboka*. (2007). Elektronisk utgåve. <<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>>

NOT = *Norsk terminologisk database*. Elektronisk utgåve. Bergen: Unifob/Aksis. <<http://spraktek.aksis.uib.no/projects/not>>

Nordhagen, R. ([1951]). *Lushatt og tyrihjelm. De botaniske motiver i nordiske navn på aconitum septentrionale*. Oslo: Særtrykk av Norveg l. 82–254.

Nordman, M. (1992). *Svenskt fackspråk*. Lund: Studentlitteratur.

Nuopponen, A. (2006). I: Þorbergsdóttir, Á. (red.) *Ord og termer. Proceedings fra Nordterm 2005*. Reykjavík. 68–82. (= Nordterm 14.)

Oljeordliste (1982). Oslo: RTT/Norsk språkråd.

Paulsen, G. (1998). *Tysk blå ordbok: tysk–norsk/norsk–tysk*. 3. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Pedersen, P.-B. (1994). Norsk oljespråk i eit tiårs perspektiv. I: Myking, J., H. Sandøy & I. Utne (red.). *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*. Bergen: Nordisk institutt. 161–170.

Picht, H. & J. Draskau (1985). *Terminology: An Introduction*. Guildford: University of Surrey.

Picht, H. (1983). Terminologiens prinsipper og metoder. I: Bojsen, E. & S. Løland (red.) *Språk i Norden 1983*. 51–70. (= Nordisk språksekretariats skrifter 2.)

Picht, H. (Hg.) (2006). *Modern Approaches to Terminological Theories and Applications*. Bern: Peter Lang. (= Linguistic Insights, vol. 36.)

Picht, H. (red.) (1985). *Nordisk terminologikursus I/II*. ”Rolighed”, Skodsborg, DK. 5.–16. august 1985. København: Handelshøjskolen i København.

Pilke, N. (2000). *Dynamiska fackbegrepp. Att strukturera vetande om handlingar och händelser inom teknik, medicin och juridik*. Vasa: Vasa universitet.

Radden, G. & Klaus-Uwe Panther (eds.) (2004). Introduction: Reflections on Motivation. I: Radden, G. & Klaus-Uwe Panther (eds.). *Studies in Linguistic Motivation*. Mouton De Gruyter. 1–21. (= Cognitive Linguistics Research 28.)

Rangnes, O. K. (1996). Norske oljearbeideres holdninger til norsk oljeterminologi. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.). *Fackspråk i olika kontexter. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 76–83.

Rangnes, O. K. (1998). Spørreskjema som redskap i en språkholdningsundersøkelse – noen kommentarer rundt et pilotprosjekt. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) *Nation och individ i fackspråk. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 64–71.

Rangnes, O.K. (1997). The mother tongue as a threat to professional identity: Norwegian oil workers' attitudes to Norwegian oil terminology. *Småskrifter* 21. Bergen: Norsk termbank.

Reinhard, W. m.fl. (1975). *Deutsche Fachsprache der Technik. Ein Ratgeber für die Sprachpraxis*. Leipzig: VEB Verlag Enzyklopedie.

Reinhard, W. (1973). *Produktive Motivationsmodelle im technischen Fachwortschatz des Deutschen. Wissenschaftliche Grundlegung für ein Sprachhandbuch für den Techniker*. Dissertation (B). Potsdam.

Riggs, F. (1993). Social Science Terminology: Basic Problems and proposed Solutions. I: Sonneveld, H. B & K. L. Loening (eds.). *Terminology. Applications in interdisciplinary communication*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins. 195–222.

Roald, J. (1985). Termen – et faglig begreps uttrykksside. I: Picht, H. (red.) (1985). 257–279.

Roald, Jan. (1986a). Faglig sluttrapport. I: Roald, J. & J. Myking & P.-B. Pedersen *Terminol. Sluttrapport fra et terminologisk prosjekt*. Norske språkdata 11. Bergen, UiB: Norsk termbank – Avdeling for norsk leksikologi. 6–29.

Roald, J. (1986b). Om begrepet 'fagspråk'. I: Tove Jacobsen & al. (red.). *Romansk fra vest: festskrift til Lars Otto Grundt, Arne-Johan Henrichsen, Hans Aaraas*. Bergen: UiB/Romansk institutt. 177–186.

Roald, J. (2000). Verb og verbaluttrykk i rollen som termer. Nuopponen, A. & B. Toft & J. Myking (red.) *I terminologins tjänst. Festskrift til Heribert Picht på 60-årsdagen*. Vasa: Vasa universitet. 168–184.

Rogers, M. (2006). Looking back to get ahead: a Historical View of Term Formation and Regulation. I: Budin, G, & al. (Hrsg.). (2006). 153–162.

Rondeau, G. (1984). *Introduction à la terminologie*. Québec: Gaëtan Morin.

Rosch, E. (1978). I: Rosch, E. & B. B. Lloyd (eds.). Principles of categorization. *Cognition and Categorization*. Hillsdale: Lawrence Erlbaum Associates. 27–48.

Šelov & Mjasnikov (1993). Logical-Semantic Structure of a Terminology and its Formal Properties. I: [Draskau, J. ed.] 1993. 38–55.

Sager, J.-C. & al. (1980). *English Special Languages*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.

Sager, J.-C. (1979). Commentary. I: Rondeau, G. (éd.). *Table ronde sur les problèmes du découpage du terme*. Montréal: OLF. 39–52.

Sager, J.-C. (1990) *A Practical Course in Terminology Processing*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.

Sager, Juan C. (1997). Term Formation. I: Wright, S. E. & G. Budin (Eds.) *Handbook of Terminology Management*, Amsterdam/Philadelphia: Benjamins. 25–41.

Sandøy, Helge. (2000). *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: Cappelen.

SAOB = *Svenska akademien ordbok*. (2007). Elektronisk utgåve. <<http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>>

Schlumberger = *Schlumberger Oilfield Glossary* <<http://www.glossary.oilfield.slb.com/>>

Shelov, S. D. & V. M. Leichik & al. (eds.). (2004). *Russian Terminology Science (1992–2002)*. Wien: TermNet. (= IITF-Series 12.)

Simeone, R. (1995). Under the Sign of Cratylus. I: Simeone, R. (ed.) *Iconicity in Language*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins. vii–xi.

Sonneveld, W. B. & K. L. Loening (1988). A Terminologist's and a Chemist's Look at Chemical Neologisms. I: Strehlow, R. A. (ed.) *Standardization of Technical Terminology: Principles and Practices. (Second Volume)*. Philadelphia: ASTM. 23–28. (= STP 991.)

Spiegel, H.-R. (1985). Fachsprachenforschung und Terminologearbeit – ein Bericht. I: *UNESCO/ALSED Newsletter 21*, København.

Spri 481 = *Metoder och principer i terminologiarbetet* (1999). Stockholm: Spri och TNC.

Standal, A. F. (1981). Oljenorsk. Språkleg ingeniørkunst eller medvitslaus etteraping?. I: *Syn og Segn 8/1981*. 458–462.

Stålhammar, M. (1997). *Metaforernas mönster i fackspråk och allmänspråk*. Stockholm: Carlsson.

Suonuuti, H. (1997). *Guide to terminology*. (= Nordterm 8.)

Superanskaya, A. V. (2004). Technical terms as a Part of Special Vocabulary. I: Shelov, S. D. & V. M. Leichik & al. (eds.). (2004). 248–265.

Svanlund, J. (2002). Lexikalisering. I: *Språk & stil. Tidsskrift för svensk språkforskning*. Ny följd. 12/2002. Uppsala. 7–45.

Sæbøe, R. (1996). Norsk språk i møte med en anglo-amerikansk kultur. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) *Fackspråk i olika kontexter. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 68–75.

Sæbøe, R. (1998). Språkplanlegging og språkbruk i oljeselskap – teoretiske og metodologiske aspekter. I: Laurén, Ch. & M. Nordman (red.) *Nation och individ i fackspråk. Forskning i Norden*. Vasa: Vasa universitet. 51–63.

Sæbøe, Randi (1999). Funksjon som forklaring – norsk petroleumsterminologi. I: Laurén & Myking (red.) *Nordica Bergensia* 20, 247–267. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Tauli, V. (1968). *Introduction to a theory of language planning*. Uppsala: Almqvist & Wicksells.

Temmerman, R. (2007). Approaches to terminology. Now that the dust has settled. I: *Synaps*, 20/2007. Bergen: NHH. 27–36.

Temmerman, R. 2000. *Towards New Ways of Terminology Description. The socio-cognitive approach*. Amsterdam: Benjamins.

Terminologins terminologi. Terminologian sanasto. Orðasafn íðorðafraeðinnar. Nordterm. (1989). (= Nordterm 2.)

Thomas, G. (1991). *Linguistic purism*. Longman.

Þorbergsdóttir, A. (red.) 2006. *Ord og termer. Proceedings fra Nordterm 2005. Reykjavík, 9.—11. juni 2005.* (= Nordterm 14.)

TNC64 = *Om teknikens språk* (1977). Stockholm: TNC.

TNC98 = *Tekniska basord* (1995). Stockholm: TNC.

Tomasello, M. (2003). *A Usage-based Theory of Language Acquisition*. Cambridge, Mass./London: Harvard University Press.

TSK 9 = *Terminologiordlista*. (1986). Centralen för teknisk terminologi. Helsingfors.

TTN = *Terminologiens terminologi på nordiska*. (2008). <http://www.tnc.se/index.php?option=com_content&task=view&id=561&Itemid=141> (= Nordterm 13.)

Ullmann, S. (1967). *Semantics*. Oxford: Blackwell.

Ullmann, S. (1972). *Semantics. An Introduction to the Science of Meaning*. Oxford: Blackwell.

UNESCO 2005 = *Guidelines for terminology policies. Formulating and implementing terminology policy in language communities.* (2005). Paris: UNESCO.

Varantola, K. (1984). *On noun phrase structures in engineering English.* Turku. (= Turun yliopiston julkaisuja, Sarja B, Humaniora. No. 168.)

Vinje, F.-E. (1973). *Ord om ord. Innledning til en norsk ordlagingslære.* [Trondheim]: Tapir.

Vinje, F.-E. (1983). Fagspråk i mediesamfunnet. I: Bojsen, E. & S. Løland (red.) *Språk i Norden* 1983. 7–24. (= Nordisk språksekretariats skrifter 2.)

Vinje, F.-E. (2002). *Moderne norsk.* 5. oppl. Bergen: Fagbokforlaget.

Wahrig, G. (1974). *Deutsches Wörterbuch.* Berlin/München/Wien: Bertelsmann.

Webster = *Webster's Third New International Dictionary of the English Language. Unabridged* (1976). Springfield, Mass.: Merriam.

Weissenhofer, P. (1995). *Conceptology in Terminology Theory, Semantics and Word-formation.* Wien: TermNet.

Wellander, E. (1973). *Riktig svenska. Fjärde omarbetade upplagan.* Stockholm: Esselte.

Wikipedia. <<http://www.wikipedia.org>>

Worren, D. (1997). Ord og motivering. I: *Ord om ord 3. Årsskrift for leksikografi.* Oslo: Seksjon for leksikografi og målføregransking. 57–62.

Wright, S. E. & G. Budin (eds.) (1997). *Handbook of terminology management.* Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.

Wu, Z. Y. & Zhang J. (1985). The Formation and Standardization of Terminologies in the Chinese Language. I: *Fachsprache* 1/21985. 12–18.

Wüster, E. (1966). *Internationale Sprachnormung in der Technik, besonders in der Elektrotechnik.* Zweite ergänzte Auflage. Bonn: Bouvier u. Co. Verlag.

Wüster, E. (1985). *Einführung in die Allgemeine Terminologielehre und Terminologische Lexikographie*. 2. Aufl. København.

Wüster, E. (2001). Sprachnormung in der Technik. I: Picht, H. & K. D. Schmitz (Hrsg.) (2001). *Terminologie und Wissensordnung. Ausgewählte Schriften aus dem Gesamtwerk von Eugen Wüster*. Wien: TermNet. 257–260. [Opph. publisert 1935.]

VEDLEGG 1

Forkorta oversyn og tabellar i fullversjon, kapittel 3 og 4

Oversyn 8.....	362
Oversyn 12.....	363
Oversyn 14.....	365
Oversyn 16.....	367
Oversyn 17.....	370
Oversyn 18.....	372
Oversyn 19.....	374
Oversyn 20.....	376
Oversyn 21.....	378
Oversyn 22.....	382
Oversyn 25.....	384
Tabell 6.....	385

OVERSYN 8. Norske termar med simpleksform i Materialet. Sjå òg oversyn 11 og 22. (S PL = substantiv, plur., V = verb, umarkert = substantiv, sg.).

<i>kiler</i>	<i>slips</i>	S PL
<i>reserver</i>	<i>reserves</i>	S PL
<i>skjæker [sg. skåk]</i>	<i>elevator bails</i>	S PL, jf. òg <i>heisebøyer</i>
<i>drepe (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	V
<i>feste</i>	<i>latch on</i>	V
<i>kvele (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	V
<i>stenge (oljeproduksjonen)</i>	<i>shut down</i>	V
<i>tappe</i>	<i>bleed off / bleed down</i>	V
<i>trimme (en plattform)</i>	<i>trim</i>	V
<i>blokk</i>	<i>block</i>	
<i>brønn</i>	<i>well / bore hole</i>	
<i>bule</i>	<i>buckle</i>	
<i>bulk</i>	<i>indentation / dent</i>	
<i>fat</i>	<i>barrel / (bbl)</i>	
<i>flamme</i>	<i>flare</i>	
<i>gallon</i>	<i>gallon</i>	
<i>gass</i>	<i>natural gas</i>	Ellipse av redundant ledd
<i>hette</i>	<i>cap</i>	
<i>klave</i>	<i>elevator</i>	
<i>kne</i>	<i>dogleg</i>	
<i>lag</i>	<i>bed</i>	
<i>lense</i>	<i>oil boom</i>	Ellipse av redundant ledd
<i>logg</i>	<i>log</i>	
<i>olje</i>	<i>oil</i>	
<i>petroleum</i>	<i>petroleum</i>	
<i>pigg</i>	<i>pig</i>	
<i>prosess</i>	<i>process</i>	
<i>rampe</i>	<i>ramp / stinger</i>	
<i>reservoar</i>	<i>reservoir</i>	
<i>skrape</i>	<i>scratcher</i>	
<i>sonde</i>	<i>intelligent pig, dummy pig</i>	Jf. <i>pigg</i> < eng. <i>pig</i>
<i>tappe / ventilere</i>	<i>bleed off, bleed down</i>	

OVERSYN 12. Kropp og metaforisk potensial, etter *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*

Term- element	BMO/NNO, tekniske tydingsvariantar	Merknader
<i>albue</i>	2 albuformet rørstykke, jf <i>*kne</i> (4)	
<i>ansikt (fjes)</i>	–	
<i>arm</i>	3 del av redskap, ting e l som minner om en <i>*arm</i> (1) <i>a-ene på en trillebår /</i>	
<i>bein</i>	5 noko som (i form og funksjon) liknar eit <i>*bein</i> (1,4) <i>bordb- / bukseb- / stolb-</i>	<i>legg</i> og <i>skaft</i> det vanlege i oljespr.
<i>bryst</i>	4 sær i bf: fremste del av noko <i>b-et på huset</i>	
<i>fot</i>	4 nedste del av noko; grunn; underlag; stett, sokkel <i>bordf- / juletreff- / stolf- /</i>	
<i>hals</i>	4 noe som ligner <i>*hals</i> (1) <i>flaskeh-, kjellerh-, lårh-, tannh- / h-en på en gitar</i>	
<i>hode</i>	4 [...] den øvre, utvidede delen av noe <i>pipeh- / en fele med utskåret h- /</i>	
<i>hæl</i>	2 den bakerste delen av en skosåle el. en strømpe	Svært gammel metaforikk
<i>hånd</i>	8 nemning for noko som i forma liknar ei hand (1); attgjeving, bilete av ei hand; jf <i>marih-</i>	Svak teknisk tyding, men rik metaforikk elles
<i>kinn</i>	4 sidetre el. tverrtre i stige	
<i>kne</i>	4 vinkelbøyd del av noe <i>bjelkek- / k- på vannrør, takrenne</i>	
<i>legg</i>	2 trestamme mellom rot og grener <i>furul-</i>	Inga teknisk/inanimat basistydning
<i>leppe</i>	–	berre biol.
<i>lår</i>	–	berre typen <i>bukselår</i>
<i>mage</i>	–	berre biol. og abstrakt
<i>mun</i>	5 opning, munning <i>morm-</i>	
<i>nakke</i>	2 bakre del på kniv- el. økseblad	
<i>nerve</i>		Eventuelt i datateknikk, <i>nevrål-</i>

<i>panne</i>	3 større kjel el. kar, til koking, destillering, brygging e l 4 takpanne, pannestein	
<i>ribbe(in)</i>	2 opphøgd el. framstående kant [...] <i>r-ne i ein kjølegrill</i>	Jf. <i>finne</i>
<i>rot (tann-)</i>	–	Jf. matematikk, lingvistikk, rikt potensial
<i>rygg</i>	4 del på stol, benk o l til å lene ryggen mot; ryggelene, ryggstø 5 bakarste del av bok	
<i>skjegg</i>	3 del på nøkkel som går rundt i låsen og låser att el. opp	
<i>skulder</i>	3 kant, rygg <i>skuldra på ein veg</i> feltet mellom køyrebana og grøftekanten	Ingen andre, heller ikkje i syn. <i>aksel</i>
<i>svans</i>	2 (varemerke) navn på forskjellige traktorredskaper med lange tinder <i>steins-</i> , <i>høys-</i> 3 stor håndsag med bredt blad uten bue og med håndtak i den ene enden	
<i>svelg (gap)</i>	–	Jf. 'gnistgap', "brei glipe, mellomrom" (NNO)
<i>såle</i>	3 underste flate på noe <i>ski med s- av plast, hickory / s-n på en høvel</i>	
<i>tann</i>	2 (tannlignende) framspring på tannhjul, tannstang el. på eggen til et skjæreverktøy	
<i>tunge</i>	3 noko som liknar ei tunge [...] / <i>t- i ein pens rørlig skjenedel i sporveksel</i>	
<i>ving(e)</i>		
<i>øre</i>	5 utstående, øyrelignande del av noko <i>øyra på ei gryte</i>	
<i>øye</i>	NNO auga: 6 opning, hol <i>kua- / nåla- / a- på ei nål, ei skåk, ein kvernstein</i>	
<i>åre (blod-)</i>	3 sær l i sms: vei med mye ferdsel <i>hoved-å-, trafikkå-</i>	

Oversyn 14. Dyrenemningar med metaforisk potensial, engelsk

Term-element	Materialet	Boring/NOT	Kommentar
<i>cat</i> (6)	<i>catwalk</i> > rørbru, <i>wildcat</i> > under- søkingsbrønn (<i>exploration well</i>)	<i>catwalk</i> > rørbro, <i>catwalk machine</i> > <i>røraster</i> , <i>wildcat</i> <i>well</i> > undersø- elsesbrønn, <i>catline</i> > <i>opphengsvaier</i>	Grunntermer, heil- metaforisk: <i>catwalk</i> , halvmeta-forisk: <i>catline</i> , <i>catwalk</i> kan vera metaforisert direkte eller dobbelt via 'mote-verda'. <i>wildcat</i> = <i>wildcat</i> <i>well</i> , ellipse
<i>fish</i> (7)	<i>fish</i> > slepefisk, <i>fishing</i> > fisking, <i>fishing tool</i> > fiske- redskap (<i>overshot</i>)	<i>fish</i> > fisk, <i>fish</i> > <i>fiske</i> , <i>fishing</i> > fisk- ing, <i>fishing equip-</i> <i>ment</i> > fiskeutstyr, <i>fishing neck</i> > fiske- hals, <i>fishing wireline</i> > fiskekabel	regelvisst samsvar med norsk
<i>pig</i> (6)	<i>pig</i> > pigg, intelli- gent <i>pig</i> (<i>dummy pig</i>) > inspeksjonspigg, <i>intelligent pig</i> (<i>dummy pig</i>) > <i>prøvepigg</i> , <i>intelligent</i> <i>pig</i> (<i>dummy pig</i>) > <i>sonde</i> , <i>separation</i> <i>pig</i> > separasjons- pigg, <i>scraping pig</i> > <i>skrapepigg</i> , <i>scraping</i> <i>pig</i> > skraper, <i>shuttle pig</i> > skyttel- sonde	<i>round trip pigging</i> > <i>rundturkjøring av</i> <i>plugg</i>	Mange usikre, <i>pig</i> er norvagisert til <i>pigg</i> i <i>Oljeordliste</i> , semantisk misvisande
<i>dog</i> (5)	<i>doghouse</i> > vaktbu	<i>dog cage assembly</i> <i>body</i> > hus for fiske- mothaker, <i>dog house</i> > bakrom til borer- hytte, <i>bulldogging</i> >	Eng. <i>bulldog</i> , verb "to behave like a bulldog toward esp. in attack- ing with fierceness [...]” (<i>Webster</i>), jf.

		<i>fastkiling</i>	oversyn 15
rat (5)	<i>rathole</i> > <i>rottehull</i>	<i>kelly rathole</i> > <i>driv- rørshylse, rathole slot</i> > <i>slisse for driv- rørshylse, rathole sump tank</i> > <i>sump- tank for drivrørs- hylsevæske, rathole support slot</i> > <i>hjelpeslisse for drivrørshylse</i>	Eitt omgrepssett. Kjerneeksempel, jf. oversyn 22.
spider (3)	<i>spiderdeck</i> > <i>edderkoppdekk</i> > <i>inspeksjonsdekk</i> > <i>opphengingsdekk</i>	<i>spider</i> > <i>holde- klave, casing spider</i> > <i>foringsrørsklave</i>	Eng. <i>spider</i> ulike tekniske varianttydingar
monkey (1)	<i>monkey board</i> > <i>tårnplattform</i> (<i>derrick man plattform</i>)	<i>monkey board</i> > <i>tårnplattform</i>	Synonymi på engelsk, truleg registervariasjon
mouse (1)	<i>mousehole</i> > <i>musehull</i>	<i>mousehole</i> > <i>rørkoplingshylse</i>	Kjerneeksempel

OVERSYN 16. Det metaforiske domenet 'klede' i norsk

Termelement i Boring/NOT grunnterm	Kommentar	
<i>foringsrør</i> < <i>casing</i> (einaste eksempel i Materialet)	<i>foringsrør</i> < <i>casing</i> , <i>foringsrørklave</i> < <i>casing spider</i> , <i>foringsrørshenger</i> < <i>casing hanger</i> , <i>foringsrørshode</i> < <i>casing head</i> , <i>foringsrørsprogram</i> < <i>casing program</i> , <i>foringsrørsvalv</i> < <i>casing roller</i> , <i>foringsstremg</i> < <i>string of casing</i> , <i>innstengingstrykk i foringsrør</i> < <i>shut-in casing pressure</i> , <i>nødtetning for foringsrørshenger</i> < <i>emergency casing hanger pack-off</i> , <i>reparasjonsstykke av pakningstypen for foringsrør</i> < <i>packer type casing patch</i> , <i>reparasjonsstykke for foringsrør</i> < <i>casing patch</i> , <i>reparasjonsstykke med blypakning for foringsrør</i> < <i>lead seal casing patch</i> , <i>sentreringsenhet for foringsrør</i> < <i>casing centralizer</i> , <i>sette foringsrør</i> < <i>set casing</i> , <i>utblokker for foringsrør</i> < <i>casing swage</i>	Def. <i>Oljeordliste</i> : ”Rør av forskjellige dimensjoner som sementeres fast i brønnen for å hindre at bergartene raser inn.”
<i>drivrørsforing</i> < <i>kelly bushing</i>	<i>deksel for drivrørsforing</i> < <i>kelly bushing safety guard</i> , <i>drivrørsforing på rotasjonsbord</i> < <i>rotary kelly bushing</i> , <i>drivrørsforing på rotasjonsbord</i> < <i>rotary kelly bushing measured depth</i> , <i>sann vertikal dybde fra drivrørsforing på rotasjonsbord</i> < <i>rotary kelly bushing true vertical depth</i> , <i>deksel for drivrørsforing</i> < <i>kelly bushing safety guard</i>	<i>rotary kelly</i> > <i>rotasjonsbord</i> , <i>kelly</i> > <i>drivrør</i> , ulike former for ellipse kan føra til samanblanding
<i>foring</i> < <i>bushing</i>	<i>bore- og innrettingsforing</i> < <i>drilling & alignment bushing</i> , <i>slitasjeforing</i> < <i>wear bushing</i> , <i>hovedforing</i> < <i>master bushing</i>	” bøssing m1 (av <i>bøssei</i> e bet. 'jernrør') rørformet fôring; kort hylse til utfôring av hull” (<i>BMO</i>)
<i>foring</i> , usikre <i>kappe</i>	<i>kilebelteforing</i> < <i>insert bowl</i> , <i>foring</i> < <i>insert havbunnstrekappe</i> < <i>subsea christmas tree cap</i>	Jf. alternativt <i>hette</i> eller friare avløyning: <i>swab cap</i> > <i>kroneventilhette</i> , <i>sement-</i>

		<i>plugg</i> > <i>cement cap</i> . Jf. <i>NNO</i> : ”4 hylster, dekke; hudfald blyk- / hæl- / kjølek- 5 særl på båtar: lite hus el. lok over nedgang”
<i>krage</i>	<i>krage</i> < <i>collar</i>	”2 utstående kant, noe som krager ut pipek- øverste, utstikkende steinlag i peisp” (<i>BMO</i>)
<i>krone</i>	<i>kronefot</i> < <i>shirttail</i>	”3 topp(del), øverste punkt <i>damk-</i> , <i>murk-</i> / <i>krona på en tann</i> / ” (<i>BMO</i>)
<i>muffe</i>	<i>posisjonsmuffe</i> < <i>positional collar</i> , <i>avlastings-</i> <i>muffe</i> < <i>preload sleeve</i> , <i>stigerørsmuffe</i> < <i>riser</i> <i>sleeve</i> , <i>kjøremuffe</i> < <i>running sleeve</i> , <i>kort-</i> <i>fiskemuffe</i> < <i>short catch overshot</i> , <i>fiskemuffe</i> <i>med sideåpning</i> < <i>side door overshot</i> , <i>muffe-</i> <i>stabilisator</i> < <i>sleeve-type stabilizer</i> , <i>glide-</i> <i>muffe</i> < <i>sliding sleeve</i> , <i>gjengemuffe</i> < <i>bell tap</i> , <i>muffegriper</i> < <i>collar grapple</i> , <i>lederørsmuffe</i> < <i>conductor pipe sleeve</i> , <i>ekspansjonsmuffe</i> < <i>expansion joint</i> , <i>sentrerings-muffe</i> < <i>floating</i> <i>tapered sleeve</i> , <i>Grayloc-rørmuffe</i> < <i>Grayloc-</i> <i>hub</i> , <i>sylinder for stigerørsmuffe</i> < <i>riser</i> <i>overshot packer cylinder</i> , <i>fiskemuffe</i> < <i>over-</i> <i>shot</i> , <i>muffesynder</i> < <i>overshot cylinder</i> , <i>frese-</i> <i>muffe</i> < <i>overshot milling shoe</i> , <i>muffepakning</i> < <i>overshot packer</i> , <i>løftesynder for muffe-</i> <i>pakning</i> < <i>overshot packer cylinder</i>	”2 kort rørstykke til å skjøte to rør” (<i>BMO</i>)
<i>skjørt</i>	<i>skjørtstyring</i> < <i>skirt guide</i> , <i>gjengetapp med</i> <i>skjørt</i> < <i>skirt type taper tap</i> , <i>sentreringsskjørt</i> < <i>stabbing skirt</i>	”3 tekn: nedhengende konstruksjon som minner om skjørt (1); konstruksjon som monteres som beskyttelse utenpå noe et s- rundt

		boreskafte skal fange opp eventuelle gassutstrømninger (på oljeboringsplattform) ” (BMO)
--	--	--

<i>sko</i>	<i>forstørret styresko < oversize guide, styresko med skråkant < sidehill guide, styresko på produksjonsstreng < wireline entry guide, øvre flottørsko for sementering < cement float collar, nedre flottørsko for sementering < cement float shoe, ringromsvaskersko < washover shoe, friksjonssko < burning shoe, ledesco < casing shoe, flottørsko for sementvirvling < cement wash-down whirler float shoe, kløtsjsko < clutch shoe, flottørsko < float shoe, fresesko med skrotsamler < junk basket milling shoe, ledesco for forlengingsrør < liner shoe, fresesko < milling shoe</i>	Alle <i>shoe</i> omsett med <i>sko</i> , men norsk <i>sko</i> er òg brukt for andre engelske element enn <i>shoe</i> (overgenerert, jf. <i>guide/styresko, float collar/flottørsko</i>). Jf. NNO: ”3 reiskaps- el. maskindel som liknar ein *sko (I,1), og som skal stø opp om noko, bremse el. hindre slit bremses- / slepes-”
------------	---	---

OVERSYN 17. Det metaforiske domenet 'klede' i engelsk

Term-element	Boring/NOT	Kommentar
<i>cap</i> <i>cap</i> > <i>hette</i> (Materialet)	<i>subsea christmas tree cap</i> > <i>havbunnstrekappe, swab cap</i> > <i>kroneventilhette, cement cap</i> > <i>sementplugg</i>	Def. "Kapsel sveist til rørenden, for eksempel for å lukke en brønn midlertidig" (<i>Oljeordliste</i>)
<i>collar</i> <i>drill collar</i> > <i>vekrør</i> (Materialet)	<i>krage</i> < <i>collar</i> , <i>posisjonsmuffe</i> < <i>positional collar</i> , <i>muffegriper</i> < <i>collar grapple</i> , <i>vekrør</i> < <i>drill collar</i> , <i>vektørsstuss</i> < <i>drill collar sub</i> , <i>vekrørsstrekker</i> < <i>drill collar spear</i> , <i>monellvekrør</i> < <i>monell steel collar</i> , <i>umagnetisk vektor</i> < <i>nonmagnetic steel collar</i> , <i>spiralvekrør</i> < <i>spiral drill collar</i> , <i>vaskerør med spyd for vektor</i> < <i>washover drill collar spear</i> , <i>vekrør med løfteprofil</i> < <i>zip type drill collar</i> , <i>logg for koplingsføler</i> < <i>casing collar locator log</i> , <i>rørkoplingslogg</i> < <i>casing collar log</i> , <i>øvre flottørsko for sementering</i> < <i>cement float collar</i>	Termsettet med <i>muffe</i> ≠ settet med <i>vekrør</i> < <i>drill collar</i> , def."Den nederste delen av borestrengen, som utgjør vekten på borkronen og holder borestrengen i strekk, og ellers har samme funksjon som bore-røret." <i>casing collar</i> = truleg analogt
<i>shirt</i>	<i>shirttail</i> > <i>kronefot</i>	Jf. "skjorteflak", usikker etymologi
<i>shoe</i>	<i>nedre flottørsko for sementering</i> < <i>cement float shoe</i> , <i>ringromsfres</i> < <i>rotary shoe</i> , <i>ringromsvaskersko</i> < <i>washover shoe</i> , <i>friksjonssko</i> < <i>burning shoe</i> , <i>ledesko</i> < <i>casing shoe</i> , <i>flottørsko for sementvirvling</i> < <i>cement wash-down whirler float shoe</i> , <i>kløtsjsko</i> < <i>clutch shoe</i> , <i>flottørsko</i> < <i>float shoe</i> , <i>fresesko med skrotsamler</i> < <i>junk basket milling shoe</i> , <i>ledesko for forlengingsrør</i> < <i>liner shoe</i> , <i>fresesko</i> < <i>milling shoe</i> , <i>fresemuffe</i> < <i>overshot milling shoe</i> , <i>ringromsfres</i> < <i>rotary shoe</i>	Alle <i>shoe</i> støtt omsette med <i>sko</i> , men norsk <i>sko</i> òg brukt for <i>fres/e</i> (elliptisk for <i>milling shoe</i>)
<i>skirt</i>	<i>skjørtstyring</i> < <i>skirt guide</i> , <i>gjengetapp med</i>	Ingen fleire på <i>skirt</i>

	<i>skjørt</i> < <i>skirt type taper tap, sentrerings- skjørt</i> < <i>stabbing skirt</i>	
<i>sleeve</i>	<i>avlastingsmuffe</i> < <i>preload sleeve, stigerørs- muffe</i> < <i>riser sleeve, kjøremuffe</i> < <i>running sleeve, muffestabilisator</i> < <i>sleeve-type stabilizer, glidemuffe</i> < <i>sliding sleeve, lederørsmuffe</i> < <i>conductor pipe sleeve, sentreringsmuffe</i> < <i>floating tapered sleeve, vaskehylse</i> < <i>wash sleeve</i>	Konsekvent <i>muffe</i> , ikkje <i>mansjett</i>

OVERSYN 18. Det metaforiske domenet 'plantar' i engelsk

Term-element	Materialet	Boring/ NOT	Kommentar
<i>bean</i>	<i>bean</i> > <i>reduksjons- ventil</i> (= <i>choke</i>)		"ventil som reduserer strømmingstrykket under testing", jf. Webster: "a nipple or similar device placed in an oil-well line to restrict the flow of the oil". Eigentleg bahuvrihi, dvs. metonymi
<i>mandrel</i> (= no. <i>stamme</i>)		<i>mandrel</i> > <i>stamme</i> , <i>mandrel seal</i> > <i>stamme-tetning</i> , <i>mandrel body fill plug</i> > <i>påfyllingsplugg for stamme</i>	
<i>nut</i>		<i>mill type nut</i> > <i>frese-endemutter</i> , <i>sidehill type nut</i> > <i>endemutter med skråkant</i> , <i>sub type nut</i> > <i>overgangsmutter</i>	
eng. <i>tree</i> = no. <i>tre</i>	<i>Christmas tree</i> > <i>juletre</i> , <i>ventiltre</i>	<i>christmas tree</i> > <i>juletre</i> <i>/ventiltre</i> , <i>christmas tree working pressure</i> > -, <i>injection tree</i> > <i>injesjonstre</i> , <i>minitree</i> > <i>minitre</i> , <i>production tree</i> > <i>ventiltre for produksjon</i> , <i>subsea christmas tree cap</i> > <i>havbunnstrekappe</i> , <i>subsea christmas tree</i> > <i>havbunnstre</i> , <i>topside christmas tree</i> > <i>plattformtre</i> , <i>tree adapter</i> > <i>tilpasningsstykke for tre</i> , <i>tree bore</i> > <i>ventiltre-boring</i>	Alle er samansetningar og påbyggingar med <i>tree/-tre</i> , førsteleddet <i>ventil-</i> eller <i>jule-</i> er systematisk elidert. Definisjon av <i>ventiltre/juletre</i> < <i>Christmas tree</i> : "Ventilenhet som er montert på toppen av stigerør eller brønnhode" (<i>Oljeordliste</i>)

eng. <i>stem</i> = no. <i>stamme</i>	<i>drill stem</i> <i>test ></i> <i>borstamme-</i> <i>prøve</i>	<i>drill stem > borestreng,</i> <i>drill stem test > bore-</i> <i>hullstest, drill stem</i> <i>testing > borehulls-</i> <i>testing, drill stem test</i> <i>string > borehulls-</i> <i>teststreng, drill stem sub</i> <i>> borerørstuss</i>	<i>drill stem = drill string /</i> <i>drill column > borestreng</i> Def. <i>drill stem test /</i> <i>borehullstest: ”Test med</i> <i>borehullsteststreng etter</i> <i>midlertidig komplet-</i> <i>tering” (Boring/NOT)</i>
<i>trunk</i>		<i>trunk line > hovedledning</i>	= <i>main line</i>
<i>watermelon</i>		<i>watermelon mill ></i> <i>elliptisk fres</i>	Likskap i form i førsteleddet, heiltermen regelvisst motivert
<i>wicker</i>		<i>wicker > mothakespor</i>	

OVERSYN 19. Motivasjonell og leksikalsk metaforisk ekvivalens i domenet 'rest'

Engelsk element	Engelsk term	Norsk term	Kommentar
<i>blind</i>	<i>blind ram</i>	<i>blindventil</i>	Ekvivalent kroppsattributt
<i>breathe</i>	<i>breathing valve</i>	<i>pusteventil</i>	“Ventil montert på toppen av tank for å utlikne trykk ved fylling og tapping”
<i>bridge</i>	<i>bridge plug</i>	<i>brupakning</i> <i>bruplugg</i>	”Ekspanderende plugg som tetter til brønnen når en høyereliggende sone skal tettes, eller når brønnen blir oppgitt”
<i>crown</i>	<i>crown block</i>	<i>kronblokk</i>	Def. "Heiseutstyr på toppen av boretårnet", jf. ” krone [...] 3 topp (del), øverste punkt <i>damk-</i> , <i>murk-</i> " (BMO)
<i>dead</i>	<i>dead well</i>	<i>død brønn</i>	Def. ”Brønn der væsken eller gassen ikke strømmer av egen energi”
	<i>dead line</i>	<i>dødtamp</i>	”Brukes også om enden av et tau eller vaier som ikke er under strekk”
<i>dry</i>	<i>dry gas</i>	<i>tørrgass</i>	Gass som ikkje inneheld væske i form av <i>kondensat</i> , jf. <i>våtgass</i> (frårådd)
<i>fatigue</i>	<i>fatigue</i>	<i>utmattning</i> <i>materialtrøtthet</i>	Etablert teknisk term og tyding
<i>flash</i>	<i>flash point</i>	<i>flammepunkt</i>	Berre delvis motivekvivalens, <i>flash/lyn</i> ≠ <i>flamme</i>
<i>kill</i>	<i>kill (a well)</i>	<i>drepe (en brønn)</i> <i>kvele (en brønn)</i>	”Få kontroll over en brønn der gass, olje eller vann under trykk trenger inn, for eksempel ved å stenge brønnene med utblåsingssikringen og fjerne væsken og gassen ved hjelp av slam med økt egenvekt”
<i>scrub</i>	<i>scrubber</i>	<i>skrubber</i>	”Utstyr for fjerning av væskedråper, støv eller en uønsket komponent fra en gass”
<i>sledge</i>	<i>trenching sledge</i>	<i>graveslede</i>	”Utstyr som brukes til nedgraving av rørledninger på havbunnen, og som trekkes framover på rørledningen av

			gravefartøyet”
<i>sour</i>	<i>sour gas</i>	<i><u>sur</u> gass</i>	”Naturgass som også kan inneholde større mengder H ₂ S og CO ₂ ”, mots. <i>søt gass</i> (frårådd), <i>svovel-fattig gass</i>
<i>trip</i>	<i>round trip</i>	<i><u>rundtur</u></i>	”Operasjon der en drar ut hele borestrengen av hullet, skifter borkrone og setter borestrengen ned i hullet igjen”

OVERSYN 20. Metaforiske, motivasjonelle avvik i domenet 'rest'

Engelsk element	Engelsk term	Norsk term	Kommentar
(<i>bean</i>), jf. avsn. 4.3.6	<i>bean</i> , jf. <i>choke</i>	<i>reduksjonsventil</i> <i>strupeventil</i>	Jf. <i>choke</i> , truleg ellipse av eng. <i>valve</i>
<i>bit</i>	<i>drill(ing) bit</i> <i>bit</i>	<i>borkrone</i>	Altså elidert <i>-ing</i>
<i>bleed</i>	<i>bleed down</i> , <i>bleed off</i> <i>bleeder valve</i>	<i>tappe, ventilere</i> <i>avlastingsventil</i> , <i>lufteventil</i>	Motiv: 'bleed' = 'årelata' Jf. "Redusere trykk ved kontrollert utslipp av gass eller væske" Jf. <i>bleeder valve</i> , "Trykkavlastingsventil ..."
<i>choke</i>	<i>choke</i>	<i>strupeventil</i> <i>reduksjonsventil</i>	"Fast eller regulerbar reduksjon av rørtverrsnittet for strømningsskontroll." Jf. <i>bean</i> "Ventil som reduserer strømningstrykket under testing". Jf. <i>bean</i>
<i>derrick</i>	<i>derrick</i>	<i>boretårn</i>	Eig. ellipse av <i>drilling derrick</i>
<i>kelly</i>	<i>kelly</i> <i>rotary kelly</i> <i>kelly drive</i>	<i>drivrør</i> <i>rotasjonsrør</i> <i>rotasjonsbord</i>	Mogeleg proprium/ metonym, uklår etymologi
<i>kick</i>	<i>kick</i>	<i>tilbakeslag</i>	Kroppsattributt 'spark': "Tilløp til utblåsing på grunn av at brønnen tar inn gass, olje eller vann."
<i>moon</i> <i>pool</i>	<i>moon pool</i>	<i>kjellerdekkshull</i> <i>underdekkshull</i>	<i>pool</i> = 'vassdam, pytt': "Hull i kjeller-dekket der borestrengen passerer gjennom." Mogeleg motiv: "måneskin som speglar seg i sjøen"?
<i>push</i>	<i>roustabout</i> <i>pusher</i> <i>tool pusher</i> <i>drilling section</i>	<i>arbeidsleder</i> <i>boresjef</i>	Eng. <i>push</i> = no. 'drive, presse', jf. <i>pusher</i> 'person med spisse albuer' (Kirkeby (1993)), 'aggressive person' (Webster) >

	<i>leader</i>		‘formann’
	<i>roustabout</i>	<i>dekksbas</i>	
	<i>pusher</i>		
<i>roughneck</i>	<i>roughneck</i>	<i>boredekk-</i>	Kroppsattributt, metonymt
	<i>drill floor crew</i>	<i>arbeider</i>	”hard nakke” > ’råtass’. Jf.
		<i>boredekksmann</i>	Webster: ”a rough or uncouth person”
<i>roustabout</i>	<i>roustabout</i>	<i>arbeidsleder</i>	
	<i>pusher</i>	<i>dekksbas</i>	
	<i>roustabout</i>	<i>dekksarbeider</i>	
		<i>rigger</i>	
		<i>riggerassistent</i>	
<i>stab</i>	<i>stabbing board</i>	<i>monteringsplatt-</i>	”Midlertidig dekk i boreårnet
		<i>form</i>	[...] der foringsrørene blir satt sammen”
<i>stepout</i>	<i>stepout well</i>	<i>kartleggings-</i>	Motiv: “steg til side”: “Brønn
		<i>brønn</i>	som bores et stykke fra opp-
		<i>evaluerings-</i>	dagingsbrønnen for å kartlegge
		<i>brønn</i>	omfanget av reservoaret”

OVERSYN 21. Metaforiske engelske termelement i domenet 'rest', Boring/NOT

Engelsk element	Engelsk	Norsk	Kommentar
bit	<i>drill bit</i>	<i>borekrone</i>	<i>bore-</i> verbalt førsteledd, vs. Materialet <i>bor-</i> , substantivisk
	<i>diamond drilling bit</i>	<i>diamantkrone</i>	
	<i>insert bit</i>	<i>knappekroner</i>	
	<i>jet bit</i>	<i>dysekroner</i>	
	<i>non-rolling bit</i>	<i>skrapekroner</i>	
	<i>nonsealed ball and roller bit</i>	<i>borekroner med åpne kule- og rullelager</i>	
	<i>pilot bit</i>	<i>pilotkroner</i>	
	<i>rolling cutter</i>	<i>rullemeiselkroner</i>	
	<i>rock bit</i>		
	<i>sealed bearing bit</i>	<i>kroner med lukket lager</i>	
bridge	<i>bridge plug</i>	<i>broplugg</i>	Morfosemantisk ekvivalens
cake	<i>filter cake</i>	<i>filterkake</i>	<i>cake</i> = "A concentrated solid or semisolid material that is separated from the liquid and remains on the filter after pressure filtration" (Webster)
	<i>filter cake void</i>	<i>hulrom i filterkake</i>	
	<i>mud filter cake</i>	<i>slamfilterkake</i>	
choke Jf. kill	<i>choke and kill manifold</i>	<i>brønndrepe-manifold</i>	
	<i>choke and kill spool</i>	<i>strupe- og drepepole</i>	
dead	<i>deadline</i>	<i>dødvaier</i>	
	<i>deadline anchor</i>	<i>dødvaierfeste</i>	
	<i>deadline sheave</i>	<i>dødvaiertrinse</i>	
derrick	<i>derrick</i>	<i>boretårn</i>	
	<i>derrick module</i>	<i>boretårnmodul</i>	
	<i>derrick switchboard</i>	<i>boretårntavle</i>	
	<i>derrickman</i>	<i>tårnarbeider</i>	
	<i>derrickman's cabin</i>	<i>tårnhytte</i>	

	<i>derrick man platform</i>	<i>tårnplattform</i>	
elevator	<i>elevator</i>	<i>klave</i>	
	<i>elevator</i>	<i>rørklave</i>	
	<i>elevator horn</i>	<i>rørklavehåndtak</i>	
flare	<i>atmospheric vent flare tip</i>	<i>atmosfærisk fakkeltbrenner</i>	
	<i>flare gas</i>	<i>avbrenningsgass</i>	
flash	<i>flashcutter</i>	<i>sprengkutter</i>	
gun	<i>selective-firing gun</i>	<i>kammer for selektiv avfyring</i>	<i>gun etablert i teknisk engelsk</i>
	<i>mud gun</i>	<i>slamkanon</i>	
	<i>through-tubing gun</i>	<i>sprengrør for kjøring gjennom produksjonsrør</i>	
kelly	<i>kelly</i>	<i>drivrør</i>	
	<i>hexagonal kelly</i>	<i>sekskantet drivrør</i>	
	<i>kelly bushing</i>	<i>drivrørsforing</i>	
	<i>kelly bushing safety guard</i>	<i>deksel for drivrørsforing</i>	
	<i>kelly cock</i>	<i>drivrørsventil</i>	
	<i>kelly hose</i>	<i>drivrørsslange</i>	
	<i>kelly rathole</i>	<i>drivrørshylse</i>	
	<i>kelly saver sub</i>	<i>slitasjestykke for drivrør</i>	
	<i>kelly spinner</i>	<i>drivrørsspinner</i>	
	<i>kelly sub</i>	<i>drivrørs- overgang</i>	
	<i>rotary kelly bushing</i>	<i>drivrørsforing på rotasjons- bord</i>	
	<i>rotary kelly bushing measured depth</i>	<i>målt dybde fra drivrørsforing</i>	
	<i>rotary kelly bushing true vertical depth</i>	<i>sann vertikal dybde fra drivrørsforing</i>	

kick	<i>kick calculation</i>	<i>beregning av brønnspark</i>	Kroppsattributt, jf. Materialet: <i>tilbakeslag</i>
	<i>kick</i>	<i>brønnspark</i>	
<i>kickout</i>	<i>kickout arm</i>	<i>teleskoparm</i>	“slå ut”, om rørsle eller konstruksjon, = kroppsattributt
kill Jf. <i>choke</i>	<i>kill mud</i>	<i>brønndrepings- slam</i>	
	<i>kill</i>	<i>drepe</i>	
	<i>kill line</i>	<i>drepeledning</i>	
	<i>killling operation</i>	<i>drepeoperasjon</i>	
	<i>kill fluid</i>	<i>drepevæske</i>	
	<i>kill valve</i>	<i>drepeventil</i>	
	<i>kill line Chiksan coupling</i>	<i>svivelstykke for drepeledning</i>	
	<i>kill system</i>	<i>system for brønndreping</i>	
	<i>choke and kill manifold</i>	<i>brønndrepe- manifold</i>	
	<i>choke and kill spool</i>	<i>strupe- og drepespole</i>	
<i>nogo</i>	<i>skulder på verktøystopper</i>	<i>nogo shoulder</i>	= ”stopp”, funksjon
<i>overburden</i>	<i>overburden</i>	<i>dekkbergart</i>	Def. Boring/NOT: “Alle berglag som ligger over en reservoarbergart”
roughneck	<i>roughneck</i>	<i>boredekks- arbeider</i>	Kroppsattributt “råtass, bølle, bråkmakar”, jf. oversyn 20
	<i>iron roughneck</i>	<i>rørkoplings- maskin</i>	Dobbeltmotivering
roustabout	<i>roustabout</i>	<i>dekksarbeider</i>	Kanskje “brølape, skrålhals”?
	<i>roustabout</i>	<i>hjelparbeider</i>	Eng. <i>roust</i> = ‘roar, shout’ (Webster)
<i>shoot</i>	<i>semiautomatic</i>	<i>halvautomatisk</i>	
	<i>shooting</i>	<i>perforering</i>	
	<i>shooting rights</i>	<i>skytetillatelse</i>	
	<i>shooting</i>	<i>skyting</i>	
<i>spade</i>	<i>spade</i>	<i>spyd</i>	Overgenert? Jf. no. <i>spade</i>
<i>spear</i>	<i>wireline spear</i>	<i>kabelspyd</i>	Likskap i form, uråd å avgjera

	<i>locking spear</i>	<i>låsespyd</i>	om spyd er ein generisk klasse.
	<i>spear connection packing</i>	<i>spydkopplingspakning</i>	Stort sett morfosemantisk ekvivalens, men jf. <i>vekrørsstrekker</i> , uavhengig funksjonsmotivering
	<i>releasing spear</i>	<i>utløsingsspyd</i>	
	<i>full circle releasing spear</i>	<i>utløsingsspyd med hel omdreining</i>	
	<i>water spear</i>	<i>vannspyd</i>	
	<i>washover drill</i>	<i>vaskerør med</i>	
	<i>collar spear</i>	<i>spyd for vektrør</i>	
	<i>drill collar spear</i>	<i>vekrørsstrekker</i>	
stab	<i>stabbing skirt</i>	<i>sentrerings skjørt</i>	Jf. <i>stabbing board</i>
trip	<i>tripping the well</i>	<i>borestrengskjøring</i>	Eng. <i>trip</i> , teknisk tyding
	<i>trip</i>	<i>enkelttur</i>	
	<i>tripping in</i>	<i>innkjøring av borestreng</i>	
	<i>stands tripped</i>	<i>innkjørte seksjoner</i>	
	<i>trip tank pump</i>	<i>pumpe for etterfyllingstank</i>	
	<i>round trip</i>	<i>rundtur</i>	
	<i>round trip</i>	<i>rundturkjøring</i>	
	<i>pigging</i>	<i>av plugg</i>	
	<i>tripping out / coming out of hole</i>	<i>uttrekking</i>	
	<i>tripping out</i>	<i>uttrekking av borestreng</i>	
weep	<i>weep hole</i>	<i>dreneringshull</i>	Etabl. varianttyding. Kroppsattributt

OVERSYN 22. Kjerneeksempel på kontrasten metaforisk – morfologisk (sjå òg oversyn 8 og 11)

Engelsk metaforisk heilterm	Materialet	Variant i Boring/NOT	Kommentar
<i>bean</i>	<i>reduksjonsventil</i> <i>strupeventil</i>	–	Jf. <i>choke</i>
<i>bit</i>	<i>borkrone</i>	<i>borekrone</i>	Jf. òg <i>drill(ing) bit</i>
<i>cap</i>	<i>hette</i>	<i>(kappe, hette)</i>	Boring/NOT delterm
<i>casing</i>	<i>foringsrør</i>	<i>foringsrør</i>	Ellipse, * <i>casing pipe?</i>
<i>catwalk</i>	<i>rørbru</i>	<i>rørbro</i>	
<i>choke</i>	<i>reduksjonsventil</i> <i>strupeventil</i>	–	Jf. <i>bean</i>
<i>Christmas tree</i>	<i>juletre</i> <i>ventiltre</i>	<i>ventiltre</i>	
<i>derrick</i>	<i>boretårn</i>	<i>boretårn</i>	
<i>doghouse</i>	<i>vaktbu</i>	<i>bakrom til</i> <i>borerhytte</i>	Boring/NOT: <i>borerhytte</i> < <i>driller's house</i>
<i>dogleg</i>	<i>kne</i>	<i>borehullskne</i>	Synonym Boring/NOT: <i>doglegged hole</i> > <i>borehull med kne</i>
<i>elevator bails</i>	<i>skjæker</i>	–	Jf. òg <i>heisebøyler</i>
<i>fatigue</i>	<i>utmattning</i> <i>materialtrøtthet</i>	<i>(utmattning)</i>	Boring/NOT delterm
<i>fish</i>	<i>slepefisk</i>	<i>(fisk*)</i>	Truleg to ulike omgrep
<i>fishing</i>	<i>fisking</i>	<i>fisking</i>	
<i>flare</i>	<i>flamme</i>	<i>(fakkell)</i>	Boring/NOT delterm
<i>jacket</i>	<i>plattformfot</i> <i>stålfot</i>	–	
<i>kelly</i>	<i>drivrør</i> <i>rotasjonsrør</i>	<i>drivrør</i>	Usikkert, men truleg metonymi, proprium

<i>kick</i>	<i>tilbakeslag</i>	<i>brønnsparke</i>	
<i>kill</i>	<i>drepe, kvele</i>	<i>drepe</i>	
<i>monkey board</i>	<i>tårnplattform</i>	<i>tårnplattform</i>	Grensetilfelle
<i>moonpool</i>	<i>kjellerdekkshull</i> <i>underdekkshull</i>	–	
<i>mousehole</i>	<i>musehull</i>	<i>rørkoplingshylse</i>	
<i>overshot</i>	<i>fiskeredskap</i>	<i>fiskemuffe</i>	Jf. <i>fishing tool</i>
<i>piggyback</i>	<i>ekstraanker</i>	–	
<i>rathole</i>	<i>rottehull</i>	<i>drivrørshylse</i>	
<i>roughneck</i>	<i>boredekksarbeider</i> <i>boredekksmann</i>	<i>boredekksarbeider</i>	
<i>round trip</i>	<i>rundtur</i>	<i>rundtur</i>	
<i>roustabout</i>	<i>dekksarbeider</i> <i>rigger</i> <i>riggerassistent</i>	<i>dekksarbeider</i>	
<i>scrubber</i>	<i>skrubber</i>	–	Grensetilfelle?
<i>wild cat</i>	<i>undersøkingbrønn</i>	<i>undersøkelses- brønn</i>	Jf. <i>exploration well</i>

OVERSYN 25. Morfologisk ekspansjon med grunnlag i ellipse. Parentes markerer rekonstruert ellipse, udokumenterte eksempel er markerte med *, kodane 1 > 2 osv. følger same prinsipp som i oversyn 24.

<i>skimm+er > skumm+er</i>	1 > 1	(*oil) skimmer, jf. olje+opp+tak+er
<i>basket > heis+kurv</i>	1 > 2	(*hoisting) basket
<i>choke > strupe+ventil</i>	1 > 2	choke (*valve?)
<i>core > kjerne+prøve</i>	1 > 2	core (sample)
<i>cor+ing > kjerne+bor+ing</i>	1 > 2	core (drill)ing
<i>crack+ing > molekyl+spalt+ing</i>	1 > 2	(*molecule) cracking
<i>derrick > bore+tårn</i>	1 > 2	(drilling) derrick
<i>kelly > driv+rør</i>	1 > 2	(rotary) kelly, jf. rotasjons+rør
<i>kick > brønn+spark</i>	1 > 2	(well) kick
<i>ream+ing > ut+vid+ing</i>	1 > 2	jf. (*well) reamer > Boring/NOT: rømmer (utvider)
<i>site > bygge+plass</i>	1 > 2	(construction/building) site jf. drilling site > bore+plass
<i>tug > slepe+båt</i>	1 > 2	tug (*vessel)
<i>tug > tau+båt</i>	1 > 2	tug (*vessel)
<i>jacket > platt-form+fot</i>	1 > 2/3	(*rig/platform) jacket
<i>fatigue > material+trøtt+het</i>	1 > 2avl	(*material) fatigue
<i>slurry > sement+bland+ing</i>	1 > 2avl	(*cement) slurry
<i>cutt+ings > sliss</i>	1avl > 1	(*drill) cuttings? + (bore-)
<i>cutt+ings > bore+kaks</i>	1avl > 2	(*drill) cuttings
<i>cutt+ings > bore+kutt</i>	1avl > 2	(*drill) cuttings
<i>boost+er > trykk+forsterk+er</i>	1avl > 2avl	(*pressure) booster
<i>tub+ing > pro+duk+sjons+rør</i>	1avl > 2avl	(production) tubing
<i>mark+er crude > basis+rå+ olje</i>	1avl > 3	crude (oil)
<i>by+pass > om+førings+rør</i>	1avl > 3avl	bypass (*pipe)
<i>jump-over > over+førings+rør</i>	1avl > 3avl	jump-over (*pipe)
<i>skimm+ing > olje+opp+saml+ing</i>	1avl > 3avl	(*oil) skimming) jf. olje+skumm+ing ”oppsamling av olje”
<i>core drill+ing > kjerne+bor+ing</i>	2 > 2	core (*sample) drilling, jf. core sample > kjerne+prøve
<i>equity crude > eier+olje</i>	2 > 2 modif	crude (oil) > råolje

Tabell 6. Stavingsekspansjon i inventaret i oversyn 22. Ved norsk synonymi er den engelske kjeldetermen sett opp i kontrastivt par for kvart synonym. Forklaringar: TST = tal stavingar, EKS-M = stavings-ekspsansjon, materialet, EKS-B = stavingsekspsansjon i Boring/NOT

Eng. metaf. heilterm	TST	Materialet	TST	Variant i Boring/NOT	TST	EKS -M	EKS -B
<i>kill</i>	1	<i>kvele</i>	2		–	2	–
<i>bean</i>	1	<i>strupeventil</i>	4			3	–
<i>choke</i>	1	<i>strupeventil</i>	4	–		3	–
<i>bean</i>	1	<i>reduksjons-ventil</i>	5	–		4	–
<i>choke</i>	1	<i>reduksjons-ventil</i>	5	–		4	–
<i>fish</i>	1	<i>slepefisk</i>	3	(<i>fisk*</i>)	(1)	2	(0)
<i>cap</i>	1	<i>hette</i>	2	(<i>kappe, hette</i>)	(2)	1	(1)
<i>flare</i>	1	<i>flamme</i>	2	(<i>fakkel</i>)	(2)	1	(1)
<i>kill</i>	1	<i>drepe</i>	2	<i>drepe</i>	2	1	1
<i>bit</i>	1	<i>borkrone</i>	3	<i>borekrone</i>	4	2	1
<i>kick</i>	1	<i>tilbakeslag</i>	4	<i>brønnspar</i>	2	3	1
<i>jacket</i>	2	<i>plattformfot</i>	3	–	–	1	–
<i>jacket</i>	2	<i>stålfot</i>	2	–	–	0	–
<i>scrubber</i>	2	<i>skrubber</i>	2	–	–	0	–
<i>moonpool</i>	2	<i>kjellerdekkshull</i>	4	–	–	2	–
<i>moonpool</i>	2	<i>underdekkshull</i>	4	–	–	2	–
<i>roughneck</i>	2	<i>boredekksmann</i>	4	–	–	2	–
<i>fatigue</i>	2	<i>material-trøtthet</i>	6	–		4	–
<i>fatigue</i>	2	<i>utmatting</i>	3	(<i>utmatting</i>)	(3)	1	(1)
<i>catwalk</i>	2	<i>rørbru</i>	2	<i>rørbro</i>	2	0	0
<i>fishing</i>	2	<i>fisking</i>	2	<i>fisking</i>	2	0	0
<i>kelly</i>	2	<i>drivrør</i>	2	<i>drivrør</i>	2	0	0
<i>round trip</i>	2	<i>rundtur</i>	2	<i>rundtur</i>	2	0	0
<i>kelly</i>	2	<i>rotasjonsrør</i>	4	<i>drivrør</i>	2	2	0
<i>casing</i>	2	<i>foringsrør</i>	3	<i>foringsrør</i>	3	1	1

<i>derrick</i>	2	<i>boretårn</i>	3	<i>boretårn</i>	3	1	1
<i>rathole</i>	2	<i>rottehull</i>	3	<i>drivrørshylse</i>	4	1	2
<i>dogleg</i>	2	<i>kne</i>	1	<i>borehullskne</i>	4	-1	2
<i>mousehole</i>	2	<i>musehull</i>	3	<i>rørkopplings- hylse</i>	5	1	3
<i>wild cat</i>	2	<i>undersøkings- brønn</i>	5	<i>undersøkelses brønn</i>	6	3	4
<i>roughneck</i>	2	<i>boredekks- arbeider</i>	6	<i>boredekks- arbeider</i>	6	4	4
<i>doghouse</i>	2	<i>vaktbu</i>	2	<i>bakrom til borerhytte</i>	7	0	5
<i>Christmas tree</i>	3	<i>juletre</i>	3	–		0	
<i>piggyback</i>	3	<i>ekstraanker</i>	4	–	–	1	
<i>roustabout</i>	3	<i>riggerassis- tent</i>	5	–	–	2	–
<i>roustabout</i>	3	<i>rigger</i>	2	–	–	-1	–
<i>Christmas tree</i>	3	<i>ventiltre</i>	3	<i>ventiltre</i>	3	0	0
<i>monkey board</i>	3	<i>tårnplattform</i>	3	<i>tårnplattform</i>	3	0	0
<i>overshot</i>	3	<i>fiskeredskap</i>	4	<i>fiskemuffe</i>	4	1	1
<i>roustabout</i>	3	<i>dekksarbeider</i>	4	<i>dekksarbeider</i>	4	1	1
<i>elevator bails</i>	5	<i>skjæker</i>	2			-3	–

VEDLEGG 2

Liste over norske termar i *Oljeordliste* med engelske ekvivalentar

Berre bokmålstermane er med i lista. Publisert med løyve frå *Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS*. Ettertrykk/kopiering forbode.

- *oppslag* = oppslagsterm vist til frå norske synonym med indikatoren 'se' eller plassering først i ordartikkelen.
- *frårådd* = norsk synonym som er eksplisitt frårådd brukt

Norsk ekvivalent	Engelsk ekvivalent	Kommentar
<i>adhesjonsoljeopptaker</i>	<i>adhesion skimmer</i>	
<i>adsorpsjonsoljeopptaker</i>	<i>adsorption skimmer</i>	
<i>ankringsbåt</i>	<i>anchor-handling boat</i>	
<i>ankringssystem</i>	<i>anchoring system</i>	
<i>antatte reserver</i>	<i>probable reserves</i>	
<i>arbeidsleder</i>	<i>roustabout pusher</i>	oppslag, jf. <i>dekksbas</i>
<i>arealavgift</i>	<i>area fee</i>	
<i>assisterende borer</i>	<i>assistant driller</i>	
<i>assisterende boresjef</i>	<i>drilling section leader</i>	
	<i>assistant</i>	
<i>avblåsing</i>	<i>blowdown / draining</i>	oppslag, jf. <i>drenering</i>
<i>avblåsingsventil</i>	<i>bleeder valve</i>	oppslag, jf. <i>lufteventil</i>
<i>avbrenningsbom</i>	<i>burner boom / flare boom</i>	oppslag, jf. <i>brennerbom, flammebom</i>
<i>avbrenningsplattform</i>	<i>flare platform</i>	oppslag, jf. <i>brennerplattform</i>
<i>avbrenningstårn</i>	<i>flare tower / flare stack</i>	oppslag, jf. <i>brennertårn</i>
<i>avdelingssjef</i>	<i>superintendent</i>	
<i>avfallsolje</i>	<i>spill oil / waste oil</i>	
<i>avgasser</i>	<i>degasser</i>	jf. <i>gassutskiller</i>
<i>avgrensingshull</i>	<i>stepout well</i>	jf. <i>kartleggingsbrønn</i>
<i>avlastingsbrønn</i>	<i>relief well</i>	
<i>avledningssystem</i>	<i>diverter</i>	
<i>avsalter</i>	<i>desalter</i>	jf. <i>saltutskiller</i>

<i>avskalling</i>	<i>spalling</i>	
<i>avstengingssystem</i>	<i>shutdown system</i>	jf. <i>stengesystem</i>
<i>avvik</i>	<i>drift, deviation</i>	oppslag, jf. <i>deviasjon</i>
<i>avviksboring</i>	<i>deviated drilling / directional drilling</i>	oppslag, jf. <i>retningsboring,</i> <i>kontrollert avviksboring</i>
<i>avviksregistrering</i>	<i>deviation control / deviation survey / directional survey</i>	
<i>bakke ut</i>	<i>back off</i>	
<i>baritt</i>	<i>barite</i>	
<i>basisråolje</i>	<i>marker crude</i>	
<i>belegg</i>	<i>coating</i>	jf. <i>kledning</i>
<i>bentonitt</i>	<i>bentonite</i>	
<i>beredskapsfartøy</i>	<i>standby vessel / tender vessel</i>	
<i>beredskapsflamme</i>	<i>pilot flame</i>	jf. <i>sikringsflamme</i>
<i>betongkledning</i>	<i>concrete coating</i>	
<i>blandekar</i>	<i>mixing hopper</i>	
<i>blanderom</i>	<i>mixing room</i>	
<i>blandetid</i>	<i>mixing time</i>	
<i>blindventil</i>	<i>blind ram</i>	
<i>blokk</i>	<i>block</i>	
<i>boligdekk</i>	<i>accomodation deck</i>	
<i>boligområde</i>	<i>living quarters</i>	jf. <i>mannskapsområde</i>
<i>boligplattform</i>	<i>accomodation platform / flotel / quarter platform</i>	oppslag, jf. <i>flotell</i>
<i>BOP</i>	<i>blowout preventer / BOP</i>	jf. <i>utblåsingssikring</i>
<i>boreavdelingssjef</i>	<i>drilling superintendent</i>	
<i>boredekk</i>	<i>drill floor</i>	oppslag, jf. <i>boregolv</i>
<i>boredekksarbeider</i>	<i>roughneck / drill floor crew</i>	oppslag, jf. <i>boredekksmann</i>
<i>boredekksmann</i>	<i>roughneck / drill floor crew</i>	jf. <i>boredekksarbeider</i>
<i>boregjennombrudd</i>	<i>drilling break</i>	
<i>boregolv</i>	<i>drill floor</i>	jf. <i>boredekk</i>
<i>borehull</i>	<i>well / bore hole</i>	jf. <i>brønn</i>
<i>boreinspektør</i>	<i>drilling supervisor</i>	
<i>borekaks</i>	<i>cuttings</i>	jf. <i>borekutt, sliss</i>

<i>borekutt</i>	<i>cuttings</i>	oppslag, jf. <i>borekaks</i> , <i>sliss</i>
<i>boreplass</i>	<i>drilling site</i>	
<i>boreplattform</i>	<i>drilling platform</i>	
<i>borer</i>	<i>driller</i>	
<i>borerigg</i>	<i>drilling rig</i>	
<i>borerør</i>	<i>drill pipe</i>	
<i>boresjef</i>	<i>tool pusher / drilling section leader</i>	
<i>boreskip</i>	<i>drilling ship</i>	
<i>boreslam</i>	<i>drilling fluid / drilling mud</i>	oppslag, jf. <i>borevæske</i>
<i>borestans</i>	<i>down time</i>	
<i>borestart</i>	<i>spudding in</i>	
<i>borestreng</i>	<i>drill string / drill stem / drill column</i>	
<i>boretårn</i>	<i>derrick</i>	
<i>borevaier</i>	<i>drilling line</i>	
<i>borevæske</i>	<i>drilling fluid / drilling mud</i>	jf. <i>boreslam</i>
<i>borkrone</i>	<i>bit / drill(ing) bit</i>	
<i>borkroneholder</i>	<i>bit breaker</i>	
<i>borstammeprøve</i>	<i>drill stem test</i>	
<i>branndetektor</i>	<i>fire detector</i>	jf. <i>brannvarsler</i>
<i>brannvarsler</i>	<i>fire detector</i>	oppslag, jf. <i>branndetektor</i>
<i>brennerbom</i>	<i>flareboom, jf. burner boom</i>	jf. <i>avbrenningsbom</i>
<i>brennerplattform</i>	<i>flare platform</i>	jf. <i>avbrenningsplattform</i>
<i>brennertårn</i>	<i>flare tower / flare stack</i>	jf. <i>avbrenningstårn</i>
<i>brupakning</i>	<i>bridge plug</i>	jf. <i>bruplugg</i>
<i>bruplugg</i>	<i>bridge plug</i>	oppslag, jf. <i>brupakning</i>
<i>brønn</i>	<i>well / bore hole</i>	oppslag, jf. <i>borehull</i>
<i>brønnfylling</i>	<i>filling the hole</i>	
<i>brønnhode</i>	<i>wellhead</i>	
<i>brønncapasitet</i>	<i>well potential / well capacity</i>	
<i>brønnsparke</i>	<i>kick</i>	jf. <i>tilbakeslag</i>
<i>bråkjøler</i>	<i>quench(er)</i>	

<i>Btu</i>	<i>Btu</i>	
<i>bule</i>	<i>buckle</i>	
<i>buledetektor</i>	<i>buckle detector</i>	
<i>bulk</i>	<i>indentation / dent</i>	
<i>byggeplass</i>	<i>site</i>	
<i>bøyelasting</i>	<i>offshore loading</i>	jf. <i>oljelasting til havs</i>
<i>båret andel</i>	<i>carried interest</i>	jf. <i>forskuddsfri partsrett</i>
<i>dehydrering</i>	<i>dehydration</i>	jf. <i>tørking</i>
<i>dekksarbeider</i>	<i>roustabout</i>	oppslag, jf. <i>hjelparbeider, rigger,</i> <i>riggerassistent</i>
<i>dekksbas</i>	<i>roustabout pusher</i>	jf. <i>arbeidsleder</i>
<i>deltakerandel</i>	<i>participation interest</i>	
<i>derrickmann</i>	<i>derrick man</i>	jf. <i>tårnarbeider,</i> <i>tårnmann</i>
<i>deviasjon</i>	<i>drift, deviation</i>	jf. <i>avvik</i>
<i>dispergeringsmidler</i>	<i>dispersants</i>	
<i>dobbeltlengde</i>	<i>double joint</i>	
<i>DP</i>	<i>dynamic positioning</i>	jf. <i>dynamisk</i> <i>posisjonering</i>
<i>drenering</i>	<i>draining, jf. blowdown</i>	jf. <i>avblåsing</i>
<i>drepe (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	jf. <i>kvele</i>
<i>driftsdøgn</i>	<i>stream day</i>	
<i>driftshandbok</i>	<i>operation manual</i>	
<i>driftsstans</i>	<i>shutdown</i>	
<i>drivrør</i>	<i>kelly</i>	oppslag, jf. <i>rotasjonsrør</i>
<i>drivverdig</i>	<i>commercial</i>	
<i>dynamisk posisjonering</i>	<i>dynamic positioning</i>	oppslag, jf. <i>DP</i>
<i>død brønn</i>	<i>dead well</i>	
<i>dødtamp</i>	<i>dead line</i>	
<i>edderkoppdekk</i>	<i>spider deck</i>	frårådd, jf. <i>inspeksjonsdekk</i>
<i>egenrisiko</i>	<i>sole risk</i>	
<i>eierolje</i>	<i>equity crude</i>	
<i>ekstraanker</i>	<i>piggy back</i>	
<i>erosjon</i>	<i>erosion</i>	oppslag, jf. <i>slitasje</i>
<i>evalueringsbrønn</i>	<i>stepout well</i>	jf. <i>kartleggingsbrønn</i>
<i>fastkjørt rør</i>	<i>stuck pipe</i>	
<i>fat</i>	<i>barrel / (bbl)</i>	

<i>feltsjef</i>	<i>offshore manager</i>	
<i>feste</i>	<i>latch on</i>	
<i>fiskeredskap</i>	<i>fishing tool / overshot</i>	
<i>fisking</i>	<i>fishing</i>	
<i>flamme</i>	<i>flare</i>	
<i>flammebom</i>	<i>burner boom / flareboom</i>	jf. <i>avbrenningsbom</i>
<i>flammekutt</i>	<i>flameout</i>	oppslag, jf. <i>slokning</i>
<i>flammepunkt</i>	<i>flash point</i>	
<i>flotell</i>	<i>accomodation platform / flotel / quarter platform</i>	jf. <i>boligplattform</i>
<i>forankringsrør</i>	<i>surface conductor</i>	
<i>forbinde</i>	<i>tie in</i>	oppslag, jf. <i>tilkople</i>
<i>forbindelsesledning</i>	<i>flow line</i>	
<i>forbindelsesrør</i>	<i>riser pipe / riser / marine riser</i>	jf. <i>slamstigerør</i>
<i>forekomst</i>	<i>pool / deposit</i>	
<i>foringsrør</i>	<i>casing</i>	
<i>forpleiningssjef</i>	<i>catering section leader</i>	
<i>forskuddsfri partsrett</i>	<i>carried interest</i>	jf. <i>båret andel</i>
<i>forskummer</i>	<i>preskimmer</i>	
<i>forsyningsbåt</i>	<i>supply vessel / supply boat</i>	jf. <i>forsyningsfartøy</i>
<i>forsyningsfartøy</i>	<i>supply vessel / supply boat</i>	oppslag, jf. <i>forsyningsbåt</i>
<i>fraskruing</i>	<i>breakout</i>	
<i>gallon</i>	<i>gallon</i>	
<i>gangbru</i>	<i>gangway</i>	jf. <i>gangvei</i>
<i>gangvei</i>	<i>gangway</i>	oppslag, jf. <i>gangbru</i>
<i>gass</i>	<i>natural gas</i>	jf. <i>naturgass</i>
<i>gass/olje-forhold</i>	<i>gas/oil ratio / GOR</i>	
<i>gassalarm</i>	<i>gas detector</i>	jf. <i>gassdetektor</i>
<i>gassdetektor</i>	<i>gas detector</i>	jf. <i>gassalarm</i>
<i>gasslomme</i>	<i>shallow gas</i>	jf. (<i>grunn</i>) <i>gasslomme</i>
<i>gassutskiller</i>	<i>degasser</i>	oppslag, jf. <i>avgasser</i>
<i>gjennomstrømming</i>	<i>through-put</i>	
<i>gjennomtrengelig</i>	<i>permeable</i>	oppslag, jf. <i>permeabel</i>
<i>gravefartøy</i>	<i>trenching vessel</i>	
<i>graveslede</i>	<i>trenching sledge</i>	
<i>(grunn) gasslomme</i>	<i>shallow gas</i>	

<i>habitat</i>	<i>habitat</i>	jf. <i>tørrkammer</i>
<i>halvsenkplattform</i>	<i>semisubmersible (drilling platform)</i>	oppslag, jf. <i>halvt nedsenkbar plattform</i>
<i>halvt nedsenkbar plattform</i>	<i>semisubmersible (drilling platform)</i>	jf. <i>halvsenkplattform</i>
<i>havindustri</i>	<i>offshore</i>	jf. (<i>petroleumsindustri</i>) <i>til havs</i>
<i>heisebøylor</i>	<i>elevator bails</i>	oppslag, jf. <i>skjæker</i>
<i>heiskurv</i>	<i>basket</i>	
<i>helikopterdekk</i>	<i>helicopter deck / helipad</i>	
<i>hemmer</i>	<i>inhibitor</i>	oppslag, jf. <i>inhibitor</i>
<i>hette</i>	<i>cap</i>	
<i>hjelparbeider</i>	<i>roustabout</i>	jf. <i>dekkarbeider, rigger, riggerassistent</i>
<i>hjelpesartøy</i>	<i>tender vessel</i>	oppslag, jf. <i>servicelekter</i>
<i>hjelpepumpe</i>	<i>booster pump</i>	
<i>hovedledning</i>	<i>trunk line / main line</i>	oppslag, jf. <i>hovedrørledning</i>
<i>hovedrørledning</i>	<i>trunk line / main line</i>	jf. <i>hovedledning</i>
<i>hydrokarbon</i>	<i>hydrocarbon</i>	
<i>ikke-destruktiv prøving</i>	<i>non-destructive testing / NDT</i>	
<i>inertgass</i>	<i>inert gas</i>	jf. <i>nøytral gass</i>
<i>informasjonssjef</i>	<i>public relations manager</i>	
<i>inhibitor</i>	<i>inhibitor</i>	jf. <i>hemmer</i>
<i>injeksjonsbrønn</i>	<i>injection well</i>	
<i>inntjeningsperiode</i>	<i>payback period</i>	
<i>inspeksjonsdekk</i>	<i>spider deck</i>	oppslag, jf. <i>opphengingsdekk, edderkoppdekk</i>
<i>inspeksjonspigg</i>	<i>intelligent pig / dummy pig</i>	jf. <i>sonde</i>
<i>isolasjon</i>	<i>lagging</i>	jf. <i>isolasjonsmateriale</i>
<i>isolasjonsmateriale</i>	<i>lagging</i>	oppslag, jf. <i>isolasjon</i>
<i>juletre</i>	<i>christmas tree</i>	jf. <i>ventiltre</i>
<i>kartleggingsbrønn</i>	<i>stepout well</i>	oppslag, jf. <i>avgrensingshull og evalueringsbrønn</i>
<i>kilebelte</i>	<i>slips</i>	oppslag, jf. <i>kiler</i>

<i>kiler</i>	<i>slips</i>	jf. <i>kilebelte</i>
<i>kjellerdekk</i>	<i>cellar deck</i>	oppslag, jf. <i>underdekk</i>
<i>kjellerdekkshull</i>	<i>moon pool</i>	oppslag, jf. <i>underdekkshull</i>
<i>kjerneboring</i>	<i>coring / core drilling</i>	
<i>kjerneprøve</i>	<i>core / core sample</i>	
<i>klave</i>	<i>elevator</i>	
<i>kledning</i>	<i>coating</i>	jf. <i>belegg</i>
<i>kne</i>	<i>dogleg</i>	
<i>kompresjon</i>	<i>compression</i>	jf. <i>trykkøkning</i>
<i>kompressorplattform</i>	<i>compressor platform</i>	
<i>kondensat</i>	<i>natural gas liquids / NGL / liquefied petroleum gas / LPG / condensate</i>	oppslag, jf. <i>LPG</i> , <i>våtgass</i>
<i>kondensert naturgass</i>	<i>liquefied natural gas / LNG</i>	oppslag, jf. <i>LNG</i>
<i>kontinentalskråning</i>	<i>continental slope</i>	
<i>kontinentalsokkel</i>	<i>continental shelf</i>	
<i>kontrollert avviksboring</i>	<i>deviated drilling, directional drilling</i>	jf. <i>avviksboring</i> , <i>retningsboring</i>
<i>kontrollromassistent</i>	<i>controlroom assistant</i>	
<i>kontrollromoperatør</i>	<i>controlroom operator</i>	
<i>korrosjon</i>	<i>corrosion</i>	
<i>krakking</i>	<i>cracking</i>	jf. <i>molekylspalting</i>
<i>kranfører</i>	<i>crane operator</i>	
<i>krengingsmoment</i>	<i>heeling moment</i>	
<i>krengingsprøve</i>	<i>inclination test</i>	
<i>kronblokk</i>	<i>crown block</i>	
<i>kuletank</i>	<i>spherical tank / sphere</i>	
<i>kvele (en brønn)</i>	<i>kill (a well)</i>	oppslag, jf. <i>drepe</i>
<i>lag</i>	<i>bed</i>	
<i>langssveist rør</i>	<i>longitudinally welded pipe</i>	
<i>lastearm</i>	<i>loading arm</i>	
<i>lastebøye</i>	<i>loading buoy</i>	
<i>ledehull</i>	<i>pilot hole</i>	oppslag, jf. <i>pilothull</i>
<i>leggefartøy</i>	<i>lay vessel</i>	
<i>leggelekter</i>	<i>lay barge</i>	

<i>leggerigg</i>	<i>lay spread</i>	
<i>lekkasjesøking</i>	<i>leak detection</i>	
<i>lense</i>	<i>oil boom</i>	jf. <i>oljelense</i>
<i>leteskip</i>	<i>survey ship</i>	
<i>livbåt</i>	<i>life boat</i>	
<i>LNG</i>	<i>liquefied natural gas / LNG</i>	frårådd, jf. <i>kondensert naturgass</i>
<i>logg</i>	<i>log</i>	
<i>LPG</i>	<i>natural gas liquids / NGL / liquefied petroleum gas / LPG / condensate</i>	frårådd, jf. <i>kondensat</i>
<i>luftblåsing</i>	<i>air blowing</i>	
<i>lufteventil</i>	<i>bleeder valve</i>	jf. <i>avblåsingsventil</i>
<i>løftekostnader</i>	<i>lifting costs</i>	oppslag, jf. <i>utvinningskostnader</i>
<i>løfting</i>	<i>lifting</i>	
<i>løpeblokk</i>	<i>travelling block</i>	
<i>løsmarked</i>	<i>spot market</i>	
<i>løsningsmidler</i>	<i>solvents</i>	
<i>mannhull</i>	<i>manhole</i>	
<i>mannskapsrom</i>	<i>living quarters</i>	oppslag, jf. <i>boligområde</i>
<i>markedspris</i>	<i>market price / arm's length price</i>	
<i>maskinromoperatør</i>	<i>engine room operator</i>	
<i>materialtrøtthet</i>	<i>fatigue</i>	jf. <i>utmattning</i>
<i>molekylspalting</i>	<i>cracking</i>	jf. <i>krakking</i>
<i>monteringsplattform</i>	<i>stabbing board</i>	
<i>motstøtte</i>	<i>back up</i>	
<i>musehull</i>	<i>mousehole</i>	
<i>naturgass</i>	<i>natural gas</i>	jf. <i>gass</i>
<i>nedjekking</i>	<i>jacking down</i>	
<i>nedre eksplosjonsgrense</i>	<i>lower explosion limit</i>	
<i>nedsenkbar plattform</i>	<i>submersible</i>	jf. <i>senkplattform</i>
<i>nettoverdi</i>	<i>netback / net value</i>	
<i>normpris</i>	<i>norm price</i>	
<i>nødstengsystem</i>	<i>emergency shutdown system</i>	
<i>nøytralgass</i>	<i>inert gas</i>	oppslag, jf. <i>inertgass</i>

<i>olje</i>	<i>oil</i>	
<i>oljebrønn</i>	<i>flowing well</i>	jf. <i>selvproduserende oljebrønn</i>
<i>oljelasting til havs</i>	<i>offshore loading</i>	oppslag, jf. <i>bøyelasting</i>
<i>oljelense</i>	<i>oil boom</i>	jf. <i>lense</i>
<i>oljeoppsamling</i>	<i>skimming</i>	jf. <i>oljeskumming</i>
<i>oljeskumming</i>	<i>skimming</i>	oppslag, jf. <i>oljeoppsamling</i>
<i>omføringsrør</i>	<i>bypass</i>	
<i>områdeplan</i>	<i>plot plan</i>	
<i>operatørselskap</i>	<i>operating company</i>	
<i>opphengingsdekk</i>	<i>spider deck</i>	jf. <i>inspeksjonsdekk</i>
<i>oppjekkbar plattform</i>	<i>jackup (drilling platform)</i>	jf. <i>oppjekkplattform</i>
<i>oppjekking</i>	<i>jacking up</i>	
<i>oppjekkplattform</i>	<i>jackup (drilling platform)</i>	oppslag, jf. <i>oppjekkbar plattform</i>
<i>opprettingsmoment</i>	<i>righting moment</i>	
<i>opprettingsramme</i>	<i>alignment frame</i>	
<i>overbend</i>	<i>overbend</i>	
<i>overføring</i>	<i>farming out/in</i>	
<i>overføringsrør</i>	<i>jump-over</i>	
<i>overlevingsdrakt</i>	<i>survival suit</i>	jf. <i>redningsdrakt</i>
<i>pentagonplattform</i>	<i>pentagon platform</i>	
<i>permeabel</i>	<i>permeable</i>	jf. <i>gjennomtrengelig</i>
<i>petroleum</i>	<i>petroleum</i>	
<i>(petroleumsindustri) til havs</i>	<i>offshore</i>	oppslag, jf. <i>havindustri</i>
<i>pigg</i>	<i>pig</i>	
<i>pilothull</i>	<i>pilot hole</i>	jf. <i>ledehull</i>
<i>plattform med strekkforankring</i>	<i>tensionleg platform</i>	oppslag, jf. <i>strekkeforankret plattform</i>
<i>plattformfot</i>	<i>jacket</i>	oppslag, jf. <i>stålfot</i>
<i>plattformsjef</i>	<i>platform manager</i>	
<i>plugging</i>	<i>plugging</i>	
<i>porøsitet</i>	<i>porosity</i>	
<i>posisjonering</i>	<i>positioning</i>	
<i>posisjonspropell</i>	<i>thruster propeller</i>	
<i>primærutvinning</i>	<i>primary recovery</i>	

<i>produksjonsavgift</i>	<i>royalty (on production)</i>	
<i>produksjonsbrønn</i>	<i>production well</i>	
<i>produksjonsplattform</i>	<i>production platform</i>	
<i>produksjonsrør</i>	<i>tubing</i>	
<i>produksjonstest</i>	<i>production test</i>	
<i>produserende lag</i>	<i>pay zone</i>	
<i>prosess</i>	<i>process</i>	
<i>prosessanlegg</i>	<i>processing plant</i>	
<i>prøvepigg</i>	<i>intelligent pig / dummy</i>	<i>jf. sonde</i>
	<i>pig</i>	
<i>prøveproduksjon</i>	<i>test production</i>	
<i>prøvetaking</i>	<i>sampling</i>	
<i>pumpeplattform</i>	<i>booster platform</i>	
<i>pusteventil</i>	<i>breathing valve</i>	
<i>påviste reserver</i>	<i>proven reserves</i>	
<i>radiotelegrafist</i>	<i>radio officer</i>	
<i>rampe</i>	<i>ramp / stinger</i>	
<i>redningsbåt</i>	<i>pickup boat</i>	
<i>redningsdrakt</i>	<i>survival suit</i>	<i>oppslag, jf. overlevingsdrakt</i>
<i>redningsflåte</i>	<i>life raft</i>	
<i>redningsklokke</i>	<i>survival capsule / escape capsule</i>	
<i>redningskurv</i>	<i>rescue basket</i>	
<i>redningsutstyr</i>	<i>rescue equipment</i>	
<i>redningsvest</i>	<i>life jacket</i>	
<i>reduksjonsventil</i>	<i>choke / bean</i>	
<i>referansepris</i>	<i>posted price / tax reference price</i>	
<i>reserver</i>	<i>reserves</i>	
<i>reservoar</i>	<i>reservoir</i>	
<i>reservoarenergi</i>	<i>reservoir energy</i>	
<i>restgass</i>	<i>tail gas</i>	
<i>retningsboring</i>	<i>deviated drilling, directional drilling</i>	<i>jf. avviksboring, kontrollert avviksboring</i>
<i>rettighetshaver</i>	<i>licensee / concessionary</i>	
<i>returledning</i>	<i>riser pipe / riser / marine riser</i>	<i>jf. slamstigerør</i>
<i>rigger</i>	<i>roustabout</i>	

<i>riggerassistent</i>	<i>roustabout</i>	jf. <i>hjelpearbeider</i> , <i>rigger</i> , <i>riggerassistent</i>
<i>ringventil</i>	<i>annular preventer</i>	
<i>rotameter</i>	<i>rotameter</i>	
<i>rotasjonsbord</i>	<i>rotary kelly / kelly drive</i>	
<i>rotasjonsboring</i>	<i>rotary drilling</i>	
<i>rotasjonsrør</i>	<i>kelly</i>	jf. <i>drivrør</i>
<i>rottehull</i>	<i>rat hole</i>	
<i>rundtur</i>	<i>round trip</i>	
<i>rørbru</i>	<i>catwalk</i>	
<i>rørbruddsdetektor</i>	<i>pipe rupture detector</i>	
<i>rørdekk</i>	<i>pipe deck</i>	
<i>rørkopling</i>	<i>tool-joint</i>	
<i>rørledning</i>	<i>pipeline</i>	
<i>rørledningsforankring</i>	<i>pipeline anchoring</i>	
<i>rørlengde</i>	<i>pipe joint / joint (of pipe)</i>	
<i>rørlukker</i>	<i>pipe ram</i>	jf. <i>rørventil</i>
<i>rørplugg</i>	<i>pipeline plug</i>	
<i>rørstativ</i>	<i>pipe rack / pipe support</i>	
<i>rørstreng</i>	<i>pipe string</i>	
<i>rørventil</i>	<i>pipe ram</i>	oppslag, jf. <i>rørlukker</i>
<i>råolje</i>	<i>crude oil</i>	
<i>saltutskiller</i>	<i>desalter</i>	oppslag, jf. <i>avsalter</i>
<i>samarbeidsavtale</i>	<i>joint venture agreement</i>	
<i>samlerørledning</i>	<i>gathering line</i>	
<i>sandutskiller</i>	<i>desander</i>	
<i>sannsynlige reserver</i>	<i>probable reserves</i>	oppslag, jf. <i>antatte reserver</i>
<i>satellittfelt</i>	<i>satellite field</i>	
<i>sedimentbergart</i>	<i>sedimentary rock</i>	oppslag, jf. <i>sedimentær bergart</i>
<i>sedimentær bergart</i>	<i>sedimentary rock</i>	jf. <i>sedimentbergart</i>
<i>seksjonssjef</i>	<i>supervisor / section leader</i>	
<i>sekundærutvinning</i>	<i>secondary recovery</i>	oppslag, jf. <i>stimulert utvinning</i>
<i>selvproduserende oljebrønn</i>	<i>flowing well</i>	oppslag, jf. <i>oljebrønn</i>
<i>sementblanding</i>	<i>slurry</i>	

<i>senkplattform</i>	<i>submersible</i>	oppslag, jf. <i>nedsenkbar plattform</i>
<i>separasjonspigg</i>	<i>separation pig</i>	
<i>separator</i>	<i>separator</i>	
<i>servicelekter</i>	<i>tender vessel</i>	jf. <i>hjelpesfartøy</i>
<i>sideboring</i>	<i>sidetracking</i>	
<i>sikkerhetssjef</i>	<i>safety supervisor</i>	oppslag, jf. <i>verneleder</i>
<i>sikkerhetssone</i>	<i>safety zone</i>	
<i>sikkerhetsventil</i>	<i>safety valve</i>	
<i>sikringsflamme</i>	<i>pilot flame</i>	oppslag, jf. <i>beredskapsflamme</i>
<i>sirkulasjonssvikt</i>	<i>losing returns / lost circulation</i>	oppslag, jf. <i>slamtap</i>
<i>skjæker</i>	<i>elevator bails</i>	jf. <i>heisebøyler</i>
<i>skjærelukker</i>	<i>shear ram</i>	jf. <i>skjæreventil</i>
<i>skjæreventil</i>	<i>shear ram</i>	oppslag, jf. <i>skjærelukker</i>
<i>skrape</i>	<i>scratcher</i>	
<i>skrapepigg</i>	<i>scraping pig</i>	oppslag, jf. <i>skraper</i>
<i>skraper</i>	<i>scraping pig</i>	jf. <i>skrapepigg</i>
<i>skrubber</i>	<i>scrubber</i>	
<i>skummedam</i>	<i>skimming pond</i>	
<i>skummer</i>	<i>skimmer</i>	
<i>skvalpesone</i>	<i>splash zone</i>	
<i>skvettområde</i>	<i>spray zone</i>	
<i>skyttelsonde</i>	<i>shuttle pig</i>	
<i>skytteltrafikk</i>	<i>shuttling</i>	
<i>slamrør</i>	<i>standpipe</i>	
<i>slamsirkulasjon</i>	<i>mud circulation</i>	
<i>slamstigerør</i>	<i>riser pipe / riser / marine riser</i>	oppslag, jf. <i>forbindelsesrør, returledning</i>
<i>slamtap</i>	<i>losing returns / lost circulation</i>	jf. <i>sirkulasjonssvikt</i>
<i>slamtetting</i>	<i>mud-off</i>	
<i>slepebåt</i>	<i>tug</i>	oppslag, jf. <i>taubåt</i>
<i>slepefisk</i>	<i>fish</i>	
<i>sliss</i>	<i>cuttings</i>	jf. <i>borekaks, borekutt</i>
<i>slitasje</i>	<i>erosion</i>	jf. <i>erosjon</i>
<i>slokning</i>	<i>flameout</i>	jf. <i>flammekutt</i>

<i>solasutstyr</i>	<i>solas equipment</i>	
<i>sonde</i>	<i>intelligent pig / dummy pig</i>	oppslag, jf. <i>inspeksjonspigg,</i> <i>prøvepigg</i>
<i>spenningspunkt</i>	<i>hot spot / stress concentration</i>	
<i>spillolje</i>	<i>waste oil</i>	
<i>sprederarm</i>	<i>spraying boom</i>	
<i>sprinkleranlegg</i>	<i>sprinkler system</i>	
<i>sprøytebetong</i>	<i>gunite</i>	
<i>spylegraving</i>	<i>jet dredging</i>	
<i>stabilisering</i>	<i>stabilizing</i>	
<i>stabilitetssjef</i>	<i>stability section leader / stability supervisor</i>	
<i>stempelsuging</i>	<i>swabbing</i>	
<i>stempelventil</i>	<i>ram preventer</i>	
<i>stenge</i>	<i>shut down</i>	
<i>(oljeproduksjonen)</i>		
<i>stengesystem</i>	<i>shutdown system</i>	oppslag, jf. <i>avstengingsssystem</i>
<i>stigerør</i>	<i>riser / marine riser</i>	
<i>stimulert utvinning</i>	<i>secondary recovery</i>	jf. <i>sekundærutvinning</i>
<i>strekforankret plattform</i>	<i>tensionleg platform</i>	jf. <i>plattform med strekforankring</i>
<i>strekmaskin</i>	<i>tension machine / tensioner</i>	
<i>strupeventil</i>	<i>bean / choke</i>	jf. <i>reduksjonsventil</i>
<i>strømmingstrykk</i>	<i>flowing pressure</i>	
<i>stubbrør</i>	<i>pup-joint</i>	
<i>styrevaier</i>	<i>guide lines</i>	
<i>støttetang</i>	<i>backup tong</i>	
<i>stålfot</i>	<i>jacket</i>	jf. <i>plattformfot</i>
<i>sugeledning</i>	<i>suction line</i>	
<i>sur gass</i>	<i>sour gas</i>	
<i>sveiseklokke</i>	<i>hyperbox</i>	
<i>sveisestasjon</i>	<i>welding station</i>	
<i>svingkrans</i>	<i>slewing ring</i>	
<i>svovelfattig gass</i>	<i>sweet gas</i>	oppslag, jf. <i>søt gass</i>

<i>synkelense</i>	<i>submersible oil spill</i>	
	<i>boom</i>	
<i>søt gass</i>	<i>sweet gas</i>	jf. <i>svovelfattig gass</i>
<i>tappe</i>	<i>bleed off / bleed down</i>	oppslag, jf. <i>ventilere</i>
<i>taubåt</i>	<i>tug</i>	jf. <i>slepebåt</i>
<i>teknisk assistent</i>	<i>technical assistant</i>	
<i>teknisk sjef</i>	<i>technical section leader /</i> <i>technical supervisor</i>	
<i>tetning</i>	<i>packer</i>	
<i>tilbakeslag</i>	<i>kick</i>	oppslag, jf. <i>brønnsparke</i>
<i>tilbakeslagsventil</i>	<i>check valve</i>	
<i>tilkople</i>	<i>tie in</i>	jf. <i>forbinde</i>
<i>tilpasning</i>	<i>line-up / fit-up</i>	
<i>transportsjef</i>	<i>dispatcher / transport</i> <i>supervisor</i>	
<i>trimme (en plattform)</i>	<i>trim</i>	
<i>trykkforsterker</i>	<i>booster</i>	
<i>trykkmåler</i>	<i>pressure gauge</i>	
<i>trykksementering</i>	<i>squeeze cementing</i>	
<i>trykkvedlikehold</i>	<i>pressure maintenance</i>	
<i>trykkøkning</i>	<i>compression</i>	oppslag, jf. <i>kompresjon</i>
<i>tørking</i>	<i>dehydration</i>	oppslag, jf. <i>dehydrering</i>
<i>tørrgass</i>	<i>dry gas</i>	
<i>tørrkammer</i>	<i>habitat</i>	oppslag, jf. <i>habitat</i>
<i>tørt hull</i>	<i>dry hole / duster</i>	
<i>tårnarbeider</i>	<i>derrick man</i>	oppslag, jf. <i>derrickmann,</i> <i>tårnmann</i>
<i>tårnmann</i>	<i>derrick man</i>	jf. <i>derrickmann,</i> <i>tårnarbeider</i>
<i>tårnplattform</i>	<i>monkey board / derrick</i> <i>man platform</i>	
<i>ugjennomtrengelig</i>	<i>impervious</i>	
<i>underdekk</i>	<i>cellar deck</i>	jf. <i>kjellerdekk</i>
<i>underdekkshull</i>	<i>moon pool</i>	jf. <i>kjellerdekkshull</i>
<i>undergrunnsutblåsning</i>	<i>underground blowout</i>	
<i>underkontrakt</i>	<i>subcontract</i>	
<i>underleverandør</i>	<i>subcontractor</i>	
<i>undersøkingsbrønn</i>	<i>wild cat / exploration</i> <i>well</i>	

<i>undersøkingstillatelse</i>	<i>reconnaissance licence / exploration licence</i>	
<i>undervannsfarkost</i>	<i>submersible vessel</i>	
<i>undervannstekniker</i>	<i>subsea engineer</i>	
<i>utblåsing</i>	<i>blowout</i>	
<i>utblåsingssikring</i>	<i>blowout preventer / BOP</i>	oppslag, jf. <i>BOP</i>
<i>utløpsventil</i>	<i>bleeder valve</i>	
<i>utmattning</i>	<i>fatigue</i>	jf. <i>materialtrøtthet</i>
<i>utsiving</i>	<i>seepage</i>	
<i>uttrekking</i>	<i>tripping out / coming out of hole</i>	
<i>utviding</i>	<i>reaming</i>	
<i>utvinningskostnader</i>	<i>lifting costs</i>	jf. <i>løftekostnader</i>
<i>utvinningstillatelse</i>	<i>production licence</i>	
<i>vaktbu</i>	<i>doghouse</i>	
<i>vektindikator</i>	<i>weight indicator</i>	
<i>vektkledning</i>	<i>weight coating</i>	
<i>vektrør</i>	<i>drill collar</i>	
<i>ventilere</i>	<i>bleed off / bleed down</i>	jf. <i>tappe</i>
<i>ventiltre</i>	<i>christmas tree</i>	oppslag, jf. <i>juletre</i>
<i>verdensskala</i>	<i>worldscale</i>	oppslag, jf. <i>worldscale</i>
<i>verneleder</i>	<i>safety supervisor</i>	jf. <i>sikkerhetssjef</i>
<i>verneombud</i>	<i>safety delegate</i>	
<i>vibrasjonssikt</i>	<i>shale shaker / vibrating screen</i>	oppslag, jf. <i>vibrasjonssåld</i>
<i>vibrasjonssåld</i>	<i>shale shaker / vibrating screen</i>	jf. <i>vibrasjonssikt</i>
<i>viskositet</i>	<i>viscosity</i>	
<i>vri av</i>	<i>twist off</i>	
<i>væskestrøms-registrering</i>	<i>spinner survey</i>	
<i>våt bule</i>	<i>wet buckle</i>	
<i>våtgass</i>	<i>natural gas liquids / NGL / liquefied petroleum gas / LPG / condensate</i>	frårådd, jf. <i>kondensat</i>
<i>worldscale</i>	<i>worldscale</i>	jf. <i>verdensskala</i>
<i>åpen brønn</i>	<i>open hole / uncased hole</i>	

VEDLEGG 3

Faksimile av *Oljeordliste*

Omslag

”Innledning”


Postar under bokstaven *a*

Publisert med løyve frå *Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS*. Ettertrykk/kopiering forbode.

RÅDET FOR TEKNISK TERMINOLOGI
NORSK SPRÅKRÅD

OLJE- ORD- LISTE

UNIVERSITETSFORLAGET



Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi har stått for utarbeidelsen av denne oljeordlisten.

Ordlisten tar først og fremst sikte på dem som arbeider i olje- og annen industri som har tilknytning til oljen. Men den vil også gjerne hjelpe til å bryte ned noen av de forståelsesvansker som folk flest har når de møter oljeord eller -termer.

Mange av de spesielle ordene som brukes i oljeindustrien er ikke norske, og de strider mot norske regler for uttale, skrivemåte og bøyning. En hovedhensikt med ordlisten er derfor å bidra til en fornyelse av oljeterminologien.

En annen nyttig ordliste er RTT 43.

Ordbok for petroleumsvirksomhet (Petroleumsprodukter, økonomi, jus, foredling, ilandføring).

Universitetsforlaget

ISBN 82-00-06179-5

INNLEDNING

Hvordan bruker en lista?

Lista er ordnet alfabetisk og inneholder termer både på bokmål og nynorsk. Når en term står oppført bare en gang, er den en fellesform. Når bokmålsformen og nynorsksformen er forskjellige, er de atskilt med strek, slik at bokmålsformen står først og nynorsksformen til slutt. Nynorsksformer som avviker i betydelig grad fra de tilsvarende bokmålsformene, er også oppført på alfabetisk plass og viser til bokmålsformene, der forklaringene står.

En del termer har ett eller flere synonymmer (dvs. ulike ord som betyr det samme). Den termen som er foretrukket, står alltid først (er oppslagsord). Synonymmer som kan brukes, er ført opp sammen med oppslagsordet og dessuten som henvisninger på alfabetisk plass. Henvisninger som ikke blir gjentatt sammen med oppslagsordet, er ord som vi rår ifra å bruke.

Bakerst i boka er det en liste med forslag til norske avløserord for de mest alminnelige stilingsbetegnelser i petroleumsvirksomheten, og dessuten et engelsk register til hovedlista.

Ordlista er lagret sammen med ordbøkene RTT 35 og RTT 43 om petroleumsvirksomhet i databasen Norsk termbank ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Dette bl.a. for at det skal være lett å gi ut nye utgaver. Instituttet har utviklet program og stått for tekstbehandling og redigering under utarbeiding av manuskriptet og satt opp manus for datamaskinstyrt fotosetting.

Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi takker Per-Bjørn Pedersen og Kåre Hegland, Rogaland distriktshøgskole, og Marit Rugland, Rogalandsforskning, for innsatsen. Vi takker også disse bedriftene og institusjonene:

Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi har fått utarbeidet denne ordlista. Lista har 400 oppslagsord med forklaringer.

Hvorfor er lista laget?


Oljeindustrien i Nordsjøen har ført til en sterk fremmedspråklig påvirkning av det norske språket. Dette skaper forståelsesvansker, både innenfor oljeindustrien og mellom oljeindustrien og folk flest. Dessuten strider mange av de fremmede uttrykkene mot norske regler for uttale, skrivemåte og bøyning. Hensikten med ordlista er å bidra til fornorsking av oljeterminologien.

Hvem er lista beregnet på?


Lista er først og fremst beregnet på dem som arbeider i oljeindustrien og i annen industri som har tilknytning til oljen. Dessuten blir lista distribuert til massemedier, biblioteker, tekniske skoler og andre viktige brukergrupper.

Amoco Norway OIL Company
Det norske Veritas
Direktoratet for sjømenn
Elf Aquitaine Norge a/s
Mobil Exploration Norway Inc.
Norges handels- og sjøfartstidende
Norsk Agip
Norsk offshoreforening
Norsk olje- og petrokjemiforbund
A/S Norske Shell
Norwegian Contractors
Oljedirektoratet
Operatørfagforeningenes samarbeidsutvalg
Phillips Petroleum Company, Norway
Rogaland distriktshøgskole
Rogalandsforskning
Statoil
Stavanger Aftenblad
Stavanger Maskinisteskole


PRODUKSJONSPLATTFORM






BORING FRA HALVSENKPLATTFORM



UTBLÅSINGSSIKRING (BOP)



VENTILTRE



- A**
- adhesjonsoljjeoptaker | adhesjonsoljjeoptaker**
E adhesion skimmer
Oljjeoptaker der oljen fester seg til roterende skiver, belter e.l., og fjernes over vann.
- adsorpsjonsoljjeoptaker | adsorpsjonsoljjeoptaker**
E adsorption skimmer
Oljjeoptaker som suger opp oljen ved hjelp av et mikroporøst adsorpsjonsmiddel.
- ankringsbåt**
E anchor-handling boat
Fartøy som legger ut ankrene ved forankring av en plattform.
- ankringsystem**
E anchoring system
System av ankere, vaiere, kjettinger og vinsjer som holder plattformen i posisjon over brønnen.
- antatte reserver | pårekna reserver**
E reserve
— se *sannsynlige reserver*
- arealavgift**
E area fee
Arsvgift som *rettighetshaverne* betaler til staten for hver kvadratkilometer av det området de har fått tildelt. Beregningsmåten skal gjøre det lønnsomt å undersøke området på et tidlig tidspunkt.
- avblåsing, drenering**
E blowdown, draining
1) Fjerning av vann i dampkje-
- ler og i kjølevannssystemer for å hindre at salinnholdet i vannet øker.
2) Fjerning av *hydrokarboner* fra produksjonsutstyr gjennom spesielle ledningssystemer.
- avblåsingsventil, lufterventil**
E bleeder valve
Trykkavlastingsventil som manøvreres for hånd.
- avbrenningsbom, brennerbom | brennarbom, flammebom**
E burner boom, flare boom
Bom med brenner for avbrenning av gass som er skilt ut i *separatoren* og ikke skal utnyttes, fins ofte på *produksjonsplattformer*.
Jf. *avbrenningstårn*.
- avbrenningsplattform, brennerplattform | brennarplattform**
E flare platform
Frittliggende stålkonstruksjon med *avbrenningstårn*.
- avbrenningstårn, brennertårn | brennartårn, flammertårn**
E flare tower, flare stack
Tårn med brenner for avbrenning av gass som er skilt ut i *separatoren* og ikke skal utnyttes, fins på *avbrenningsplattformer*.
Jf. *avbrenningsbom*.
- avfallsolje**
E spill oil, waste oil
Olje som ikke lenger er egnet til sitt opprinnelige formål, og som ofte er et forurensningsproblem.
- avboring av gassar**
— se *gassutsiklinger*
- avbrenningshull | avbrenningshøl**
— se *kartleggingsbrønn*
- avlastingsbrønn**
E relief well
Brønn som bores for å lette trykket i en annen brønn som er utsatt for *utblåsning*.
- avledningsystem | avleiingsystem**
E diverter
Ventilsystem under *boredekket* som kan lede *borelam* og gass som strømmer opp, bort fra *boredekket*.
- avsalter | avsaltar**
— se *saltnutsiklinger*
- avskalling | avskaling** (av betong)
E spalling
Lagvis avbryting av betong, parallelt med overflaten.
- avstengingsystem**
— se *stengingsystem*
- avvik, deviasjon**
E drift, deviation
Det at *brønnen* ikke går loddrett, men bøyer av til siden. Avvik kan oppstå kontrollert eller ukontrollert.
Jf. *avviksboring*.
- avviksboring, kontrollert avviksboring, retningsboring**
E deviated drilling, directional drilling
- Boring av *produksjonsbrønn* med kontrollert *avvik* for at en skal kunne utvinne olje eller gass fra fjernere deler av *servoaret*.
- avviksregistrering**
E deviation control, deviation survey, directional survey
Registrering av retning og grad på et ønsket eller uønsket *avvik*.